

PhD-avhandling

Dag Kittang

Trebyen Trondheim - forvitring og fornying

Ein studie av ein byplandiskurs



Institutt for byggekunst, historie og teknologi
Fakultet for arkitektur og billedkunst

Til Kaja

Forord

Tre var det vanlege byggjematerialet i byane våre heilt til innføringa av murtvengen i 1904 sette ein stopp for mest all bruk av tre som byggjemateriale i tettbygde strok. I løpet av det hundreåret som har gått, har storparten av den bymessige trebebyggelsen gått tapt. Mykje er rive, endå meir har brunne, og i mange av byane våre er det berre restar att. Den same utviklinga har vi sett i mange andre land som har hatt ein stor urban trebebyggelse.

Lagnaden til dei gamle trebyane i Noreg har interessert meg lenge. Det er mange grunnar til det. Oppveksten i Florø, ein liten treby på Vestlandet, var truleg medverkande til at eg fekk interesse for vern av den urbane trearkitekturen. Gjennom 1970- og 1980-åra kunne eg sjå at trehusmiljøet i denne vesle, særprega kystbyen sakte, men sikkert forvitra og vart erstatta av moderne bygningar i stål og betong. I dag er det få som knyter denne vesle byen til trebytradisjonen vår, sjølv om det framleis er restar av det idylliske trehusmiljøet att i sentrum av byen, restar som i dag vert verna godt om.

Som arkitektstudent ved NTH frå 1969 til 1974 var eg opptatt av bymiljøvernet og engasjert i ordskiftet om vern av dei gamle trehusområda i Midtbyen, på Bakklandet og på Møllenberg. Eg tok særkurs i by- og regionplanlegging med bymiljøvern som tema. Vi brukte delar av Midtbyen i Trondheim som studieområde. Dette kurset styrka interessa for bymiljøvernet, og gjorde at eg sommaren 1974 drog på studietur til England for å studere vernearbeidet i dei historiske byane York, Bath, Chester og Chichester. Arbeidet i desse pilotbyane hadde tent som forbilde for særkursprosjektet i Midtbyen.

Planleggjarstilling i Selbu kommune og arbeidet i konsulentfirmaet Asplan AS gav dessverre ikkje mange høve til å utvikle interessa mi for vern av dei historiske trebyane våre. Privat kunne eg derimot dyrke denne interessa då eg saman med Elin og vener kjøpte ein leigegard i tre på Møllenberg i 1977, etablerte burettslagskollektiv og pussa opp etter bokstavleg tala fattig evne. Møllenberg var då eit

saneringstrua område og var ein sentral arena i kampen mot kommunale saneringsplanar. Som medlem av styret i Bispehaugen og Rosenberg Beboerforeining, og seinare i bydelsutvalet, vart eg deltakar i den politiske og faglege kampen om vern av trebebyggelsen i Trondheim. Seinare kjøpte Elin og eg eit gammalt trehus på Bakklandet i Trondheim, som vi etter rehabilitering flytta til i 2001. Bakklandet var då blitt eit verneområde og eit symbol på vellukka bebuarmotstand mot Trondheim kommune sine raseringsplanar. Bakgrunnen i denne faglege og politiske kampen om vern av Midtbyen, Bakklandet og Møllenberg har gitt meg eit sterkt fagleg engasjement, men kanskje svakare fagleg legitimitet til å skrive nøkternt og objektivt om denne, etter mi oppfatning, ulukkelege perioden i Trondheim si byutvikling.

Då Noregs forskingsråd, Område for bioproduksjon og foredling, etablerte det strategiske forskingsprogrammet "*Wood as a building material*" ved NTNU. (NTNU 2001), var eg heldig som gjennom eit tre-års stipend fekk ta del i dette forskingsprogrammet innanfor deltemaet "*Use of wood in urban context*". Med avhandlingsarbeidet mitt ville eg sette fokus på trebyens eigenskapar og verdiar, og korleis trebyen hadde utvikla seg i spenningsfeltet mellom vern og fornying.

Under arbeidet med avhandlinga lånte Elin og eg eit hus i Olevano Romano i Italia der eg sat og las og skreiv nokre fine sommarveker i 2003. Olevano er ein liten fjellandsby like søraust for Roma, bygd i folkevandringstida då herjande røvarbandar skremde bøndene opp i fjella der dei lettare kunne forsvare seg. Sjølv budde vi i eit hus frå 1200-talet. Huset var upraktisk med fire rom fordelt på fire etasjar og den gamle byen var uframkommeleg med motorkøyretøy. I den hektiske byggjeaktiviteten som gjekk føre seg i denne byen, måtte alle materialar og alt utstyret berast eller dragast fram på kjerre. Men byen vart verna om med restriktive byggjeføresegner og med stor oppslutning frå innbyggjarane. Kvifor valde innbyggjarane i denne byen bort dei moderne funksjonelle løysingane og heller ville bu i upraktiske hus frå tidleg mellomalder? Som turist var det ikkje vanskeleg å sjå det vakre i byens landskapsprofil, i dei smale, krunglete gatene som gjorde turar rundt i byen til stadig nye og spanande opplevingar. Men kva med dei som skulle leve i upraktiske hus heile livet, som vart gamle og dårlege til beins og skulle streve seg opp fire etasjar mange gonger for dagen? Kvifor ikkje heller velje det moderne og praktiske? Er det ikkje noko grunnleggjande ved vår kultur å streve mot tekniske framsteg som gjer livet lettare å leve?

Opphaldet i Olevano fortalde meg at bygningsvern og bymiljøvern ikkje berre handlar om å ta vare på gamle, fysiske strukturane og den historiske budskapet som er nedfelt i desse, men kanskje først og fremst om å ta vare på nokre livskvalitetar, sosiale nettverk, tradisjonar og rituala som er knytte til dei gamle, fysiske strukturane i byen. Kvar dag kunne vi oppleve korleis den gamle byen med sine plassar og torg var ein viktig føresetnad for eit innhaldsrikt kvardagsliv. Dei gamle, fysiske

strukturane i byen var viktige for å kunne knyte gamle tradisjonar saman med det moderne livet og medverka til å gi innbyggjarane tilknytning og identitet. Takk til Jytte Keldborg som gav meg eit slikt høve til å oppleve dette perspektivet ved bymiljøvernet!

Takk til Noregs forskingsråd som har gitt meg ressursar til arbeidet, til Fakultet for arkitektur og bildekunst som har gitt meg gode arbeidsvilkår og til SINTEF som har gitt meg permisjon og elles lagt tilhøva godt til rette for at eg skulle kunne gjennomføre dette studiet!

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, NTNU, oppmuntrar til forskning på tvers av faglege disiplinar og har stimulert meg til å utføre eit stykke tverrfagleg arbeid. Med utgangspunkt i ei arkitekturfagleg problemstilling har eg søkt mot humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag for å finne teori og metode som kan medverke til å utvikle ny kunnskap knytt til dette forskingsfeltet. Takk til rettleiarane mine som har hjulpet meg med å finne vegen gjennom dette ukjende og uoversiktlege kunnskapsfeltet, professor Harald Høyem ved Institutt for byggjekunst, historie og teknologi og professor Øyvind Thomassen ved Institutt for tverrfaglege kulturstudiar. I tillegg til god og innsiktsfull rettleiing under arbeidet, har dei også vore inspirerande og motiverande samtale- og diskusjonspartnerar. Eg vil også takke professor Sverre Nistov ved Institutt for byforming og planlegging som har hjulpet meg med språkleg og fagleg rettleiing i avslutninga av arbeidet.

Takk til Elin som deler mitt engasjement for å ta vare på desse verdifulle bymiljøa, og som oppmuntra meg til å gi meg inn i vitskapens krevjande univers, sjølv om ho viste at det ville bli omkostningar også for henne! Takk for verdifulle råd og gode og oppmuntrande tilbakemeldingar gjennom heile arbeidet med avhandlinga!

Arbeidet vil eg tileigne Kaja som representerer ein generasjon som naturlegvis tar det som sjølv sagt at vi har tatt vare på våre gamle trehusmiljø. Forteljinga om bymiljøaksjonane på 1970-talet, kampen om Bakklandet og Møllenberg vekker i dag undring. Denne generasjonen kan knapt førestille seg at det for ikkje så mange år sidan var planar om ein motorveg gjennom Bakklandet, høgblokker på Møllenberg og industriområde på Ilsvikøra og Svartlamoen. Eg vonar at dette arbeidet vil vere ei påminning om at vi alltid bør ha eit kritisk blick på det vi kallar framsteget, og at tradisjonar ikkje berre er eit musealt omgrep, men er viktig for kvaliteten ved det moderne livet i byen og på landet.

Trondheim, mai 2006

Samandrag

Ut frå materielle og økonomiske føresetnader har Noreg ei eineståande samling av vakre trebyar som er blant landets viktigaste bidrag til verdas arkitekturarv. Frå å vere prega av omfattande forfall og trua av radikale byfornyingsplanar, står desse trebyane i dag fram som attraktive bustad- og byområde som vi ønskjer å verne som ein del av vår kulturarv, men også som "levande" byar som må tilpasse seg endringar i samfunnsgitte rammevilkår. Denne motsetninga mellom ønsket om vern og behovet for endring har ført til eit skarpt ordskite i mange av våre historiske trebyar.

I dette arbeidet studerer eg dette spenningsfeltet mellom vern og fornying som eit uttrykk for kontroversar mellom ulike forståingsformer. Planleggingsfaget har grunnlag i ulike faglege tradisjonar som har utvikla ulike haldningar og meiningar om korleis ein by kan utviklast. Utvikling og endring av desse forståingsformene skjer innanfor og på tvers av ulike diskursar. Meiningar om byutvikling og byplanlegging er såleis bestemt av dei diskursane aktørane opererer innanfor, og korleis desse diskursane konstituerer byen.

Desse forståingsformene kjem også til uttrykk i ulike arkitekturideal og byutviklingsteoriar som eg drøftar i lys av dette diskursperspektivet. Eg tar utgangspunkt i ein byplanteori som opererer med tre idéretningar som eg har kalla denne regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske idéretninga. Den regularistiske prøver å tilpasse den eksisterande byen til nye produksjons- og forbruksforhold, og konstituerer byen hovudsakleg som ein næringsarena, medan den rasjonalistiske tar utgangspunkt i visjonar om ein ny bymodell basert på moderne produksjonsteknologi og med nye førestillingar om livet i byen. Den kulturalistiske modellen er opptatt av byen som kulturelt og sosialt miljø og konstituerer byen hovudsakleg som eit livsmiljø.

Ved å ta føre meg den offentlege debatten om utviklinga av trebyen Trondheim i tidsrommet frå 1965 og fram til i dag, har eg prøvd å kaste lys over kvifor haldningar til fornying og vern av trebyen endra seg dramatisk i den første delen av

denne tidsperioden. Eg har også studert kva slags haldningar vi i dag har til desse spørsmåla og korleis dei kjem til uttrykk i dagens byplandebatt og byutvikling.

Gjennom denne studien påviser eg at dei konfliktane vi har vore vitne til i utviklinga av trehusmiljøa i Trondheim, er uttrykk for kontroversar mellom ulike arkitektur- og planleggingsdiskursar som gjennom intervensjonar prøver å etablere eit meiningshegemoni. Kva som har vore dei dominerande planleggingsideala, har til ei kvar tid vore bestemt av den diskursive kampen mellom desse forståingsformene.

Dei rasjonalistiske og regularistiske planleggingsretningane dominerte ordskiftet i byrjinga av 1960-talet, men vart sterkt utfordra av kulturalistiske tankar gjennom 1970-åra. Gjennom ei sterk marknadsstyring av byutviklinga ser vi i dag at rasjonalistiske tankar på nytt er i ferd med å dominere byutviklingsdebatten med dei konsekvensane dette kan få for vern og utvikling av dei verdfulle trehusmiljøa i byen.

Innhaldsliste

Forord	5
Samandrag	9
 INNLEIING.....	 15
1. Trebyen - forvitring og fornying	17
Ulike meiningar om byen	17
Trebyen - forfall og velstand	22
Problemstillingar	24
Litt om teori og metode	25
Presentasjon av avhandlinga.....	28
Tid, rom og tema	29
Studien av trebyen Trondheim	31
Kva tilfører avhandlinga av ny kunnskap innanfor temaet?.....	34
 DEL I: TEORiar OG METODE	 39
2. Å forstå og forklare meiningar	41
Meiningar om ei branntomt	41
Vår oppfatning av verda er sosialt konstruert.....	42
Meiningsstrukturar og diskursar	45
Kunnskapsregime og hegemoni.....	48
Antagonismar og kontroversar	49
Diskursane er dynamiske.....	50
Diskursiv makt.....	51
Diskursperspektivet som teoretisk og metodisk tilnærming.....	52
Drøfting av diskursen	53
Kjeldematerialet.....	55
Kjeldekritikk.....	59
Forskaren sin posisjon i forteljinga	62
 3. Teoriar om byplanlegging	 65
Byplanlegging - eit samansett forskingsfelt	65
Kritisk byteori.....	67
Kritisk planlegging	70
Den regularistiske retninga - transformasjonen av byen	74
Den rasjonalistiske linja - byen som visjon	79

Kritikken av modernismen.....	87
Mot eit nytt kunnskapsregime.....	89
Den kulturalistiske retninga - byen som livsmiljø.....	91
Utviklinga av vernetanken.....	93
Etablering av internasjonale retningslinjer.....	100
Med den historiske byen som førebilde.....	108
Hagebyideala.....	110
Byens grammatikk.....	112
Frå postmodernisme til dekonstruksjon.....	113
Modellar for vern av den historiske byen.....	115
Utviding av vernegrnlaget.....	119
Byggjeskikk og stadstilpassing.....	122
Stadsidentitet og byutvikling.....	125
By- og tettstadsanalysar.....	127
Idéretningane som kulturelle representasjonar.....	130
DEL II: TREBYEN TRONDHEIM.....	137
4. Den norske trebyen.....	139
Kva meiner eg med "trebyen"?.....	139
Byggjetradisjonar i tre.....	142
Trebyen voks fram.....	145
Trebyane forvitrar.....	146
Saneringspolitikken.....	147
Vern av trebyen - ein umogeleg tanke.....	151
"Den nordiska trästaden".....	153
Bymiljøvernet vaknar.....	154
Det europeiske arkitekturvernåret.....	156
Byfornyingsprosessen.....	158
Gentrifisering og medverknad.....	161
5. "Trebyen Trondheim - eit Venezia i tre".....	165
Trondheim som studieområde.....	165
Verneperspektivet som byutviklingsstrategi.....	166
Trebyen voks fram.....	168
Trebyens gullalder 1750 - 1820.....	171
Trondheim - "en af Europas betydelige arkitekturbyer".....	175
6. Rivingsiverens tiår.....	181
Trebyen forvitrar.....	181
"Gamle Trondhjem forsvinner bit for bit".....	183

Den første vernedebatten	186
Utforminga av Torget og Munkegata	186
Lille Stiftsgården - kampen for gjenoppbygging.....	190
Varehusa inntar Midtbyen	192
Generalplanen for Trondheim	193
Generalplanarbeidet - ein konfliktarena	200
Striden om trepaléa - eit tidsskille i vernearbeidet	203
"Forstår ikke byen sitt eget beste?"	210
Sentrale aktørar i byplandiskursen	213
"La den ikke bli en gold og karakterløs by!"	215
7. Byen som livsmiljø.....	217
Sanering av Korsgata - Vollabakkenområdet.....	217
Ilsvikøra - "Sørlandsidyll må vike for industriutbygging"	221
Sandenområdet - "Idyll i gammel veit"	223
Bakklandet lever!.....	226
Kommunale oppkjøp starta rasinga	230
Husokkupasjonar hindra riving	231
"Trondheim har ikke råd til å la Bakklandet ødelegges"	234
Privat reguleringsplanforslag for Bakklandet.....	235
Bakklandsutgreiinga	236
Flytte? Aldri i livet!	240
Gentrifisering på Bakklandet.....	241
Vernetanken sigrar på Bakklandet.....	242
Arkitektkonkurransen på Bakklandet	245
Striden om Møllenberg og Rosenborg.....	248
Møllenbergrapporten	251
Straksløysinga vakte strid og mobilisering.....	252
Svartlamoen - "Trondheims siste slum"	254
"Billig, fritt og anarkistisk".....	256
Kommunen snur	258
8. "Trondheimsandletet"	261
"Trondheims bybilde"	262
Midtbyplanen.....	267
"Å sikre Midtbyens særpreg og helhetsmiljø"	269
"Lar seg ikke gjennomføre!"	272
"Det er spesielt viktig å beholde Trondheims karakter som treby"	274
Bibliotekkonkurransen-"en milepæl i utviklingen av Trondheim"	275
"Det lar seg ikke gjøre å bevare alt i denne by"	278
Royal Garden hotell - ei fornying av bryggemiljøet?.....	279
Nostalgi eller modernisme?	283

"Brøddeigen" - Trondheims nye konserthus	285
Prosjekta sprenger trebyen	288
Brannkvartalet - ein ny debatt om trebyen.....	289
Rekonstruksjon, tilpassing eller brot?.....	295
"Et signalbygg, rikt artikulert og en stolthet for byen!"	298
Fornyng av Midtbyplanen.....	300
DEL III: DRØFTING OG REFLEKSJONAR	303
9. Byplandiskursen om trebyen Trondheim	305
Byplandiskursen sine ulike representasjonar	305
Byen som visjon.....	308
Ei meir pragmatisk tilnærming til byomvandlinga	310
Byen som sosialt og kulturelt miljø	312
Motsetningar og konflikhtar i byutviklinga	317
Motsetningen mellom ein diskursiv og sosial praksis	325
Brot og endringar i forståingsformene	327
Tankekrossar og paradoksar om trebyens framtid	330
Til slutt.....	336
P.S:	339
ENGLISH SUMMARY	341
The Wooden Town of Trondheim - An Urban Heritage in Decay? .	343
Introduction	343
The development of wooden towns in Norway	344
Studying the formation of attitudes.....	345
Theories of urban planning	348
The urban planning discourse around the wooden town of Trondheim	350
A decade dedicated to demolition.....	351
The struggle over the city as a living environment.....	352
Urban transformations and preservation of the urban landscape	354
Puzzles and paradoxes	355
LITTERATUR OG KJELDER	359
Litteraturliste	361
Avisartiklar og muntlege kjelder	375

INNLEIUNG

“Trondheims sjel er lave hus i tre. Mitt utgangspunkt er at den nye bebyggelsen bør være slik vi kjenner Trondheim; lav og i tre”
(Tidlegare ordførar i Trondheim, Anne Kathrine Slungaard)

1. Trebyen - forvitring og fornying

Ut fra materielle og økonomiske føresetnader har Noreg ei eineståande samling av vakre trebyar. Frå å vere prega av forfall og trua av radikale byfornyingsplanar, står mange av desse i dag fram som attraktive by- og bustadområde og er ein viktig del av vår kulturarv. Opp gjennom tidene har det derimot vore skarpe kontroversar mellom ulike forståingsformer når det gjeld behovet for fornying og ønsket om vern av desse byområda. I dette arbeidet studerer eg dette spenningsfeltet mellom vern og fornying av trebyen og korleis haldningane har endra seg som følgje av den offentlege debatten om trebyens framtid. Eg søker også svar på om vi i dagens debatt om utviklinga av dei gamle trehusområda, har liknande kontroversar mellom ulike forståingsformer.

Ulike meiningar om byen

På føremiddagen laurdag 7. desember 2002 vart innbyggjarar i Trondheim skaka opp av brannsirener og blinkande blålys. Jula nærma seg og mange var ute i byen for å gjere julehandel i butikkane i Nordre gate då brannvarslinga starta sin uhyggelige kakofoni. Det var meldt om brann på kjøkkenet i restauranten News i Nordre gate. Dei fleste trudde at brannen fort skulle bli sløkt. Det var heilt stille. Vinden rørte ikkje julegatedekorasjonane. Brannen oppstod like ved brannstasjonen og brannvesenet var fort på pletten. Likevel utvikla denne brannen seg til ein av dei verste brannane i Trondheim si historie, og bar med seg minne om dei siste storbrannane i 1841 og 1842 som la store delar av Midtbyen i ruinar.

Kvartalet som brannen hadde rasert, hadde låge trebygningar i to etasjar. Trehusa var oppførte like etter storbrannen i den austre delen av Midtbyen 24. april 1841 då 330 bygardar og 39 brygger brann ned og 3000 menneske vart huslause (Mykland 1997). Her budde velstående handelsmenn og handverkarar. Dei bygde

fort opp att byen, enda staselegare enn før brannen. Desse gamle trebygningane som vart flammene sitt rov, var viktige kulturminne i Trondheim, og svært karakteristiske for byens trearkitektur. Mange meinte at ein del av "byens sjel" gjekk tapt i denne brannen. Dei brende bygningane formidla ein viktig del av byen si historie og medverka til å gjere Trondheim Midtby spesiell og med ein karakter ulik andre byar i landet. Bygningane var ein vesentlig del av byens særpreg. På fortøua i Nordre gate stod folk og såg med vantru på at brannen gjorde dei to store og verneverdige bygningane til oske. Reaksjonane var mange. Nokre gret medan dei stod og såg katastrofen utvikla seg.



*Figur 1.1: Dei nedbrende kjøpmannsgardane i Nordre gate.
Foto: TF / Schrødersamlingen.*

Avisene var sjølvstogt også til stades. I dagane og vekene som kom, gjekk det føre seg ein engasjert diskusjon i aviser og andre media, ikkje berre om skuld og årsaksforhold, men om folk sitt forhold til dei bygningane som gjekk tapt og korleis dei burde byggjast opp att. Skal vi byggje nytt og moderne, eller skal vi prøve å gjenskape "Trondheim si sjel"? Skal vi byggje i tre eller i glas, stål eller betong? Skal det være høgt eller lågt? Skal det bli eit nytt kjøpesenter eller ein park?

I debatten kom det fram mange ulike meiningar mellom fagfolk, politikarar, næringsdrivande og "den vanlege innbyggjaren" i byen. Ekspertar frå ulike fag representert ved arkitektar, planleggjarar og kulturminneforvaltarar tok del i diskusjonen. Dei næringsdrivande grunneigarane i området engasjerte seg også. Det gjorde også politikarane. Dei representerte ulike oppfatningar av verdien av bygningsmiljøet som gjekk tapt og korleis kvartalet burde gjenreisast. I avisoppslag etter katastrofebrannen kom ulike meiningar til uttrykk. Adresseavisen intervjuar folk som stod og såg på katastrofebrannen, og fekk fram meiningar om brannen og korleis kvartalet burde byggjast opp att. Mange la vekt på å gjenskape den gamle trebyen med dei låge trebygningane (Adresseavisen 2002.12.08a):

"Jeg er trondhjemmer og har et varmt forhold til byen min. Nå håper jeg bare de bygger opp husene slik de var. For dette området var helt spesielt." (Trygve Hoem).

"Vi får bare håpe de bygger små trehus." (Anett Grande og June Andreassen).

"Nå håper vi bare at det ikke settes opp en betongblokk i ni etasjer her. Det ville vært fryktelig." (Harald og Marta Bjerkan).

"Så det er byen min også. Jeg bor nær sentrum og bruker Midtbyen hver dag. .. Nå håper jeg bare at man blir pålagt å bygge opp gårdene slik de stod, med like fasader." (Frode Søreide).

Ein reportasje viste eit bilde av byens ordførar på den tida, Anne Kathrine Slungård, som kjempa med gråten mens ho såg at dei verdifulle trebygningane vart øydelagde av brannen. Ho tala varmt om Trondheim sitt trehusmiljø og kva verdi dette har for Trondheim sin bykarakter: *"Trondheims sjel er lave hus i tre. Mitt utgangspunkt er at den nye bebyggelsen bør være slik vi kjenner Trondheim; lav og i tre."* (Adresseavisen 2002.12.09c).



*Figur 1.2: Mange opplevde sorg i samband med brannen.
Foto: Adresseavisen.*

Slungaard fekk støtte av kommunen sin byantikvar, Gunnar Houen, som peika på at den gamle bebyggelsen var godt dokumentert heilt ned til dei mange og utsøkte snekkardetaljane i fasadane på gardane i Dronningens gate 14 og Nordre gate 11. *"Dette vil det være godt mulig å gjenskape"*, sa Houen og la ikkje skjul på at håpet hans nettopp var gjenoppbygging med dei gamle fasadane i same utforming som før (Adresseavisen 2002.12.09b). Både byantikvaren og ordføraren vart meir varsame med å ta stilling til utforminga av bygningane som skulle gjenreisast på branntomta, etter kvart som sorga over tapet i brannen hadde lagt seg.

Rekonstruksjonsynspunktet vart kraftig imøtegått av direktøren for Vitskapsmuseet ved NTNU, arkeolog Axel Christophersen, som meinte at stilkopiering ville vere *"...historieforfalsking, en fornektelse av en historisk realitet Å etterligne*

gammel byggeskikk har intet å gjøre med å ta vare på historiske tradisjoner, snare tvert imot, det er historieløshet og det samme som å vise forakt for det som er historiens egenart, nemlig dynamikken, foranderlighetens og nyskapingskraften i historiens gang.” (Christophersen 2004).

Ordføreren og byantikvaren fekk heller inga støtte av kommunaldirektør, arkitekt Magnus Heide Westerberg i Trondheim kommune: *“En museal rekonstruksjon av det brannherjede kvartalet vil være ganske meningsløst. .. Det vi fremfor alt må unngå er en intetsigende bebyggelse ved den viktigste gågaten i byen.”* (Adresseavisen 2002.12.09b).

Byplankontoret representert ved byplansjef Ann-Margrit Harkjerr var også skeptisk til rekonstruksjonsforslaget: *“...Det er riktig at det tidlig ble klart at det ikke kom til å bli bygd en kopi av det gamle kvartalet med hus fra 1840-åra. Rett etter brannen var det noen som nærmest forlangte det, men disse røstene har forstummet, mer eller mindre. ... (Nå) er man mest opptatt av hva slags bygg dette skal bli med utgangspunkt i det som er bestemt, nemlig at førsteklasses arkitektur skal stå i høysetet. Et hovedelement her er at det skal bygges i tre. Det er i denne målestokken noe nytt, selv i trebyen Trondheim. Dette handler ikke om Nordre gate alene, men om hele miljøet i midtbyen.”* (PTL 2003).

Arkitektar som avisa snakka med, forstod at publikum var uroleg for kva som ville komme i staden for dei nedbrende bygardane i brannkvartalet, men kunne ikkje støtte dei i synet på rekonstruksjon av den tapte bebyggelsen. Arkitekt Per Knudsen sa i eit avisintervju: *“...Men å bygge kopier av det som var, vil ikke være mulig. Vi lever i en helt annen tid, og det er helt andre lover, regler og forskrifter vi må forholde oss til ... Jeg forstår publikums skepsis til arkitektene. De oppfatter det slik at vi har en kjølig teknisk holdning ... Problemet er at økonomiske forhold har spilt en stadig større rolle de siste årene. Grunneierne vil ganske raskt oppdage at jo flere kvadratmeter man bygger, desto større blir tomteverdien.”* (Adresseavisen 2002.12.11b).

Ein annan av byen sine arkitektar, Odd E. Svingen, sa i eit intervju med Adresseavisens nettside: *“Oppbyggingen av tomten bør derfor ta utgangspunkt i den tiden vi lever i og med dagens arkitektur. Arkitektur opererer ikke uavhengig av samfunnet forøvrig, men er tvert imot en integrert del av de generelle utviklingstendenser i samfunnet på godt og vondt og på alle vis. Den nye bebyggelsen må kunne reflektere dette. En by skal og må være dynamisk og byens respektive deler bør kunne representere den tid de tilhører”* (adressa.no 2003.01.22).

Grunneigarar vart også intervjuet av Adresseavisen om synet på gjenoppbygginga av brannkvartalet. Ein av grunneigarane la vekt på dei moglegeheitene som brannen gav til å utvikle næringsverksemda: *“Når det først skal bygges må vi bruke de muligheter som er der. Og de er store. Folk må oppleve dette som et rikt han-*

delssenter. Og i bunnen bør vi ha en parkeringskjeller... en parkeringskjeller på fem mål blir en fantastisk ressurs for Midtbyen." (Adresseavisen 2002.12.11a).

Ein annan grunneigar sa då Adresseavisen spurte: "*Hvor høyt vil dere bygge?*"

"Det har jeg ingen formening om. Der er vi prisgitt kommunen og midtbyplanen. Men det er klart at alle ønsker å bygge mest mulig. Det gir størst lønnsomhet." (Adresseavisen 2002.12.11a).

Desse ulike stemmene frå debatten om brannen i Nordre gate i desember 2002 og gjenreisingsbebyggelsen, fortel oss først og fremst om dei mange ulike synsmåttane som kom til uttrykk. Utsegnene fortel noko om korleis ulike grupper målber ulike syn på utviklinga av den historiske byen. Nokre snakka om "byens sjel" og appellerte til kjenslene våre, som om byen skulle vere noko meir enn eit område for næringsverksemd og busetnad. Andre hadde eit teknisk-økonomisk forhold til byen og gjenreisingsprosjektet, og meinte at byen hovudsakleg skal fungere som eit sentrum for næringsverksemd; handel og tenesteyting. Ei tredje gruppe var opptatt av at ein ikkje måtte byggje eit likegyldig bygg på denne attraktive tomta. Her hadde byen høve til å føre opp ein bygning som kunne framstå med eineståande arkitektur.

Dei ulike haldningane til og synsmåttane på utforminga av gjenreisingsprosjektet, vil kunne vere eit uttrykk for at ulike grupper ut frå ulike sosiale og kulturelle vilkår, utviklar ulike syn på byen. Slike ulike forståingsformene skapte skarpe motsetningar i debatten om gjenreisingsprosjektet på branntomta i Nordre gate. Det er også interessant å studere om dei skarpe motsetningane som har kome fram i debatten om utviklinga av den historiske trebyen i tidsrommet etter den andre verds-krigen, synleggjorde liknande forståingsformer.

Med den byggjetradisjonen vi har hatt i Noreg, har debatten om vern eller fornying av dei historiske bysentra, hovudsakeleg vore eit spørsmål om korleis vi skal utvikle trebyane våre. Skal vi verne eller rive og bygge nytt? Skal vi la dei gamle strukturane leggje føringar for dei nye, eller skal vi stå fritt til å uttrykke vår tid sin eigen arkitektur også i den historiske byen? Slike spørsmål dannar framleis ein engasjert debatt, ikkje berre i Trondheim, men også i mange andre byar som forvaltar eit historisk bysentrum der gamle bygningsmiljø skal fornyast i takt med den levande byen sine stadig skiftande krav. Debatten i tilknytning til nybyggingsprosjekt i dette sårbare trehusområdet i Midtbyen, kom til å sette eit tematisk fokus for avhandlingsarbeidet mitt.



*Figur 1.3: Restar etter brannen
Foto: Arne Nesje*

Trebyen - forfall og velstand

Heilt sidan murtvanglovene vart innførte etter storbrannen i Ålesund i 1904 då ein av dei største og viktigaste trebyane i landet gjekk tapt, har den norske trebyen vore gjenstand for forfall og forvitring. Allereie i mellomkrigstida vart det lansert omfattande saneringsplanar for den gamle bebyggelsen i sentrale strøk i mange av byane våre. I storparten av dei norske bysentra omfatta den gamle bebyggelsen hovudsakleg gamle trehus og trehusmiljø. Desse vart sterkt trua av radikale byfornyingsplanar. Men sidan planane var omfattande og dei økonomiske vilkåra vanskelege, vart berre delar av desse planane realiserte. På 1960-åra vart økonomiske oppgangstider kombinert med eit sterkt moderniseringsønske, og førte til eit langt sterkare politisk trykk på å få desse saneringsplanane gjennomførte.

Saneringsplanane og dei rivingsprosessane som desse førte til, skapte derimot motstand i mange av trebyane. Nye alliansar mellom antikvariske styresmakter, kulturkonservative grupper og radikale grupperingar av bebuarar og studentar vart etablerte, og fekk etter kvart gjennomslag for meiningane sine. Tiåret mellom 1965 og 1975 var ei brytningstid for byplanlegginga. Den modernistiske planleggingsfilosofien vart sterkt utfordra av eit nytt syn på byen og verdien av den gamle bebyggelsen. Saneringsplanane vart etter kvart erstatta av verneplanar som tok sikte på å ta vare på det fysiske, arkitektoniske uttrykket til trebyane med variasjon og mangfald, og stor historiske dokumentasjonsverdi.

Sidan 1970-åra er eit omfattande verne- og utbetringsarbeid blitt gjennomført i dei norske trebyane. I dag framstår restane av desse trebyane blant dei mest attraktive byområda vi har med sine særeigne miljøkvalitetar og spesielle historiske ver-

diar. Dei gamle trehusmiljøa framstår i dag som tiltrekkande bustadområde med variasjon og menneskeleg skala, med historisk kontinuitet som gir identitet og tilknytning, og med ein materialbruk som indikerer bærekraft gjennom bruk av fornybare ressursar.

Det har gått meir enn 100 år sidan det vart slutt på bruk av tre som konstruksjons- og fasademateriale i byar og tettbygde strøk. I tida som har gått sidan 1904 og murtvengen vart gjort gjeldande for byar og andre tettbygde strøk i alle delar av landet, er store delar av den gamle trebyen blitt riven eller ramma av brannar. I mange byar er dei gamle trehusmiljøa heilt borte, medan andre byar har berre restar att av den historiske trebyen. Men nokre av våre gamle trebyar står i dag fram som nærmast homogene trebyar eller trebyområde og representerer nokre av landets viktigaste bidrag til verdens arkitekturarv. Det vi kallar "trebyen" er i dag ein bystruktur som i dei fleste delar av landet i dag er gjenstand for vern og underlagt ulike former for verneføresegner.

Dei meir enn 100 år gamle trebyane er også "levande byar" som skal utviklast og fornyast i takt med endringane i samfunnstilhøva og tilpassast nye krav som samfunnslivet stiller. Som ein dynamisk byorganisme må også trebyen utvikle seg i spenningsfeltet mellom vern og utvikling. Endringar i handelsnæringa sine rammevilkår har sett krav til nye, store utbyggingsareal, til nye fysiske strukturar og betring av tilkomst og parkering. Innbyggjarane i desse byane har sett krav til moderne bustader som skal tilfredsstillе vår tid sine krav til sanitær og bygningsteknisk standard, tilfredsstillande lyd- og varmeisolering og ikkje minst krav til branntryggleik. Dette har skapt eit spenningsfelt mellom omsynet til vern og omsynet til fornying, og ført til ein engasjert debatt i mange av trebyane våre.

I dette ordskiftet har mange ulike faglege og politiske synspunkt blitt trekte fram, og mange ulike grupper har tatt del. Arkitekten, ingeniøren, antikvaren, politikaren, forretningsmannen og bebuaren har medverka med synspunkt ut frå sine ståstader. I denne debatten har det kome fram ulike førestillingar om byen og kva slags funksjonar han skal tene. Skal byen berre vere ein arena for næringsverksemd? Kor viktig er byens kulturelle og sosiale funksjon? Det har også kome til uttrykk ulike førestillingar om byen som verneobjekt. Kva skal vernast og kva skal fornyast? Korleis skal byen fornyast? Kva slags eigenskapar og kvalitetar skal ein byggje vidare på i den historiske byen? Skal trebyen fornyast med tre som byggjemateriale? Skal nye bygningar alltid gjenspegle den moderne tida i eit tidsriktig arkitektonisk uttrykk, eller skal ein prøve å gjenskape trebyen med sin spesielle historiske karakter, og byggje vidare på trebykarakteren i ei pastisjprega stilkopiering? Bak desse spørsmålsstillingane kan vi ane motsetningar mellom ulike arkitektur- og byplan-teoretiske tilnærmingar.

Problemstillingar

Synet på trebyen og den urbane trearkitekturen sine eigenskapar og kvalitetar har endra seg dramatisk. Frå å vere saneringstrua i mellomkrigstida og dei første tiåra etter den andre verdskrigen, står trebyane i dag fram som populære og attraktive by- og bustadområde. Det teoretiske grunnlaget for vern og utvikling av dei gamle byområda og arkitektur- og planleggingsideala knytte til dette, har også utvikla seg i tråd med endringar i forståingsformene. Korleis desse endringane har skjedd, og kva som har vore drivkreftene i denne endringsprosessen, er derfor sentralt i dette avhandlingsarbeidet.

Siktemålet med arbeidet har vore å studere korleis den offentlege debatten om vern og fornying av den gamle, urbane trehusbebyggelsen har ført til endringar i synet på trebyen sine eigenskapar, kvalitetar og verdiar. Eg har valt å bruke Trondheim som studieområde. Trondheim er ein av dei viktigaste og mest interessante trebyane i landet, men har gjennomgått og gjennomgår stadig store endringar i det historiske bysenteret. Gjennom ein studie av trebyen Trondheim i tidsrommet frå rundt 1965 og fram til i dag, vil eg vise korleis den offentlege debatten om vern og fornying av den historiske trebyen har utvikla nye forståingsformer og etablert nye arkitektur- og planleggingsideal, og kva konsekvensar dei ulike dominerande forståingsformene har hatt for byutviklinga. Hovudspørsmålet i dette arbeidet har eg formulert slik:

- *Korleis har synet på den historiske trebyen sine eigenskapar og verdiar endra seg sidan 1960-talet, og kva konsekvensar har dette fått for utviklinga av trebyen?*

I tida etter den andre verdskrigen var det i Noreg ulike syn på utviklinga av den historiske trebyen, særleg galdt det dei gamle trehusområda i sentrum av byane. Dei dominerande haldningane til kva eigenskapar og verdiar som er knytte til dette historiske bygningsmiljøet, endra seg vesentleg i tidsperioden mellom 1965 og 1975 under påverknad av ein offentleg debatt med sterke konflikhtar. Denne debatten kom også til å reflektere ulike syn på kva som er byens samfunnsmessige oppgåve. Det galdt særleg synet på byens næringsøkonomiske rolle i motsetning til byen som eit sosialt og kulturelt miljø. Kva som var dei dominerande oppfatningane av byen, kom til å endre seg vesentleg i det tidsrommet som denne undersøkinga omfattar.

Hovudspørsmålet mitt er samansett og eg har derfor delt det opp i eit par underpunkt.

- *Kva slags syn på byen generelt og trebyen spesielt kom til uttrykk i denne debatten?*

Ulike fagmiljø kom til å framstå som eksponentar for ulike syn på byen, kva slags oppgåve byen skal tene, kva som bør vernast og kva som kan fornyast. Desse

ulike forståingsformene hadde som grunnlag ulike måtar å oppfatte eller konstituere byen på, og reflekterte ulike planleggingssyn i tråd med internasjonale trendar innanfor arkitektur- og planleggingsverksemda. Haldningane endra seg dramatisk i ein dynamisk prosess, påverka av den offentlege debatten. Denne debatten var prega av at nye aktørar markerte seg i nye posisjonar og med nye forståingsformer og artikulasjonar som utfordra dei dominerande planleggingsideala.

Endringane i den dominerande forståinga av eigenskapar og verdiar ved trebyen skjedde både som ein prosess over lang tid, men også som meir dramatiske brot der dei haldningane som tidlegare hadde dominert debatten, vart sette til side av nye syn på trebyens eigenskapar og kvalitetar. Eg har derfor vore opptatt av å identifisere korleis desse endringane skjedde, og kva slags indre eller ytre faktorar som kom til å påverke denne prosessen. Ei viktig spørsmålsstilling i dette arbeidet har derfor vore:

- *Kva slags faktorar kom til å prege desse endringane i forståingsformene og kven var dei viktigaste aktørane?*

Den offentlege byplandebatten medverka til å skape endringar i dei dominerande synsmåtane og haldningane, og kan sjåast som eit resultat av at sentrale aktørar medverka til å endre forståingsformene gjennom posisjon og kunnskap. Eg har i dette arbeidet prøvd å identifisere desse endringsfaktorane

Sjølv om denne avhandlinga i hovudsak handlar om grunnlaget for og resultatet av dei mange konfliktfylte bymiljøaksjonane vi hadde på 1970-talet, har eg også vore opptatt av å studere om dei forståingsformene som kom til uttrykk i denne perioden, også spelar ei rolle i dagens debatt om utviklinga av trebyen. Trebyen som ein levande og dynamisk byorganisme er heile tida gjenstand for endringsprosessar og lever i eit spenningsfelt mellom vern og fornying. I dette spenningsfeltet kan ein kjenne att nokre av dei same forståingsformene som karakteriserte kontroversane under bymiljøaksjonane på 1970-talet. Eg har derfor retta søkelyset mot den framtidige forvaltninga av trebyen, og vil derfor til slutt stille spørsmålet:

- *Kva slags forståingsformer karakteriserer dagens debatt om utviklinga av trebyen, og kva konsekvensar har desse for forvaltninga av den historiske trebyen?*

Eg har derfor i denne studien også tatt føre meg nokre nyare utbyggingssaker i den historiske trebyen. Med desse eksempla vil eg sette spørsmålet om utviklinga av trebyen inn i dagens byplandebatt.

Litt om teori og metode

Ved å studere avisoppslaga etter den store bybrannen i Trondheim i desember 2002, slo det meg at dei ulike forståingsformene og haldningane til eigenskapar og verdiar

ved den gamle trebyen, og korleis desse bør gjenskapast, varierte med intervjuobjekta sine kulturelle og sosiale posisjonar. Medan grunneigarane la vekt på at bykvartalet burde byggjast opp att på ein måte som sikra gode vilkår for å drive næringsverksemd, i bygningar med mange etasjar, lett biltilkomst og med stor parkeringskjellar, la politikarar og innbyggjarar i byen vekt på å rekonstruere den gamle bystrukturen med låge hus slik at trebykarakteren kan oppretthaldast. Desse motsetningane reflekterte ulike måtar å oppfatte byen på. Medan nokre la vekt på at byen skal fungere som ein næringsarena, la andre vekt på at han skal vere berar av kulturelle verdiar; sikre den historiske kontinuiteten og dermed det særeigne ved bykarakteren.

For å forstå korleis desse ulike meiningane vart danna og kvifor dei har endra seg i konfrontasjon med andre meiningar, har eg leita etter vitskaplege verktøy som kan sette meg i stand til å svare på desse spørsmåla. Sosialkonstruktivismen, som er det filosofiske grunnlaget for viktige delar av human- og samfunnsvitskapen, har som ei grunnleggande, vitskapleg tilnærming at den kunnskapen vi har, er gitt av vår historiske og kulturelle tilknytning, og vert oppretthalden gjennom sosiale prosessar. Ulike forståingsformer fører til ulike sosiale handlingar, og den sosiale konstruksjonen av kunnskap og meiningar får dermed ulike sosiale konsekvensar. Gjennom studien av den byplandebatten som etterfølgte brannen i Nordre gate, såg eg at denne tilnærminga ville vere fruktbar.

Den sosialkonstruktivistiske tilnærminga innber også at forståingsformene og meiningane våre er bestemte av dei meningsstrukturane vi omgir oss med, av den diskursen som vi er ein del av, og at denne diskursen varierer med den sosiale og kulturelle konteksten. Diskursen vil også endre seg over tid, påverka av andre diskursar. Ved å analysere dei utsegnene som desse ulike diskursane produserer, tar imot og tolkar, kan vi seie noko grunnleggande om diskursen, kva slags oppfatning av byen dei ulike diskursane byggjer på. Dette diskursperspektivet er grunnleggjande for studien min av utviklinga av trebyen.

Arkitekturhistorikarane Françoise Choay og Bjørn Linn har trekt fram tre ulike idéretningar innan byplanlegginga i det 19. og 20. hundreåret, og påvist at desse idéretningane representerte ulike arkitektur- og planleggingsideal som også kan vere gjeldande i dag (Choay 1969; Linn 1974). Desse idéretningane, som eg har kalla den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske planleggingsretninga, ser eg som uttrykk for ulike forståingsformer innanfor den diskursorden som utgjer byutviklings- og byplanleggingsdiskursen.

Desse ulike idéretningane konstituerer byen på ulike måtar. Både den regularistiske og den rasjonalistiske har som føresetnad å tilpasse byen til dei nye utfordringane som moderne produksjons- og forbruksforhold stiller til byen og konstituerer byen hovudsakleg som ein næringsarena. Den regularistiske idéretning-

ga legg til rette for ei tilpassing av den eksisterande byen til nye krav som vert stilte til betre helseforhold, til ny infrastruktur, til betre kommunikasjon, eller til dei krava som næringsverksemda stiller til dei fysiske strukturane gjennom ei gradvis sanering og fornying av bygningsmassen.

Den rasjonalistiske idéretninga er meir visjonær og mindre pragmatisk og tar sikte på å utvikle den funksjonelle byen uavhengig av den gamle byen. Denne modellen vil skape ei ny byform som tar utgangspunkt i nye funksjonskrav, gjerne bygd på nye teknologiske framsteg og framtidvisjonar. Denne retninga er opptatt av formmessige og funksjonelle eigenskapar ved byen. Realiseringa av denne bymodellen må som hovudregel skje på nye "jomfruelege" utbyggingsområde utanfor den eksisterande byen, som nye bydelar eller drabantbyar. Eller dei kunne realisere på areala til den totalsanerte, gamle byen. Denne bymodellen må byggjast opp frå grunnen av utan omsyn til gamle strukturar.

Den kulturalistiske modellen representerer ein motstand mot desse retningane ved å prøve å oppretthalde den eksisterande byen som eit kulturelt og sosialt miljø. Denne modellen kan bli oppfatta som ei nostalgisk og antimoderne retning, som ein langt tilbake til den førindustrielle byen og som ei dyrking av den tette og pittoreske byen framfor den moderne, funksjonelle byen basert på moderne teknologi. Den kulturalistiske retninga dyrkar mangfaldet framfor det enkle og rasjonelle, kontinuitet framfor brot, det kjende framfor det nye og originale. Forenkla kan ein seie at den kulturalistiske planleggingsretninga konstituerer byen som livsmiljø og legg vekt på dei sosiale og kulturelle sidene ved bylivet. Trass i denne modellen sin regressive karakter, har desse tankane vore ein viktig del av moderne byutvikling, som eit korrektiv til radikale moderniseringsprosjekt.

I studien min av utviklinga av trebyen Trondheim frå midten av 1960-talet og fram til i dag, tar eg utgangspunkt i eit diskursperspektiv for å forstå endringar i forståingsformer og i sosial praksis. Dei ulike arkitektur- og planleggingsteoretiske retningane ser eg som uttrykk for ulike forståingsformer eller diskursar som konstituerer byen på ulike måtar. Spenningane mellom desse planleggingsretningane ser eg som diskursive motsetningar eller kontroversar.

Desse teoretiske perspektiva, som er henta frå ulike delar av human- og samfunnsvitskapen, har eg brukt til å analysere og forstå dei endringsprosessane som skjedde i synet på den historiske trebyen frå midten av 1960-talet og framover til i dag. Endringane i synet på trebyen Trondheim sine eigenskapar og verdiar, og dei konsekvensane desse endringane i forståingsformene fekk for den sosiale praksisen, kan vi sjå som uttrykk for intervensjonar der nye forståingsformer utfordra gamle for å oppnå ein dominerande posisjon i byplandebatten og i byutviklinga.

For å kunne studere desse ulike forståingsformene har eg som empirisk materiale hovudsakleg brukt avisartiklar frå tidsrommet 1965 og fram til i dag.

Grunnen til at eg har lagt vekt på avisdebatten, er at eg ser denne som den viktigaste arenaen for den offentlege planleggingsdebatten der ulike meiningsstrukturar kom til uttrykk. For at ikkje dette materialet skulle bli for omfattande har eg avgrensa det til reportasjar og artiklar i Adresseavisen. I tillegg til avisartiklar, har eg også støtta meg til materiale frå den kommunale plan- og byggjesakshandsaminga, og til monografiar og andre lokalhistoriske tekstar. Dette tekstmaterialet har gitt grunnlag for analyse og drøfting av kontroversar mellom ulike forståingsformer knytt til utviklinga av trebyen Trondheim.

Tekstane har eg analysert med tanke på å finne representasjonar som knyter utsegnene til dei nemnde idéretningane innanfor arkitektur- og planleggingsteorien. Ved å tolke dei ulike utsegnene som er produserte i tilknytning til desse kontroversane, har eg prøvd å forstå utviklinga av dei ulike forståingsformene, korleis og kvifor synet på trebyens kvalitetar og eigenskapar endra seg, og kva dette fekk å seie for byutviklinga. Eg har avslutningsvis drøfta dei konsekvensane dagens byplandiskurs har for forvaltninga av den historiske trebyen som eit livsmiljø med viktige sosiale og kulturelle eigenskapar.

Presentasjon av avhandlinga

Eg har valt å disponere stoffet i tre hovuddelar. Innleiingsvis gjer eg greie for avhandlinga si tematiske ramme og dei problemstillingane eg gjerne vil utforske i avhandlingsarbeidet. I del I presenterer eg det vitskapsteoretiske perspektivet for arbeidet, og kva slags metodisk tilnærming dette inneber. Studien min av fagfolk og andre sine oppfatning av trebyen og korleis desse forståingsformene har utvikla seg over tid, byggjer på ei sosialkonstruktivistisk tilnærming som inneber at forståingsformer vert utvikla gjennom diskursar, og at det foregår ein kamp mellom ulike diskursar om å etablere og vedlikehalde dominerande forståingsformer. I denne delen gjer eg greie for dette sosialkonstruktivistiske perspektivet og presenterer eit opplegg for å kunne analysere "diskursen om trebyen Trondheim". Dette vitskapsteoretiske perspektivet og den vitskaplege metoden er presentert i kapittel 2.

I tillegg plasserer eg i denne delen avhandlingstemaet i eit teoretisk landskap som omfattar korleis tankar og teoriar om arkitektur og byplanlegging og vern av by- og bygningsmiljø har utvikla seg i moderne tid. Den franske byteoretikaren Henri Lefebvre har utvikla teoriar om at byplanlegginga tar sikte på å legge forholda til rette for ei utvikling av byen i samsvar med utviklinga av produksjons- og forbrukstilhøva i samfunnet, og at dette skaper motsetningar i forhold til ønsket om å ta vare på byen som eit livsmiljø (Lefebvre 1974). Denne motsetninga kjem til uttrykk som sterke brytningar mellom ulike planleggingsretningar. Arkitektur- og byplanhistorikarane Françoise Choay og Bjørn Linn har utvikla teoriar om den kritiske planlegginga som dannar eit arkitektur- og planleggingsteoretisk grunnlag for ek-

sempelstudien (Choay 1969; Linn 1974). Desse ulike planleggingsretningane som dei presenterer, har eg sett som ulike forståingsformer eller diskursar innanfor planleggingsverksemda og er presenterte i kapittel 3.

Den empiriske delen av studien er presentert i del II, i kapitla 4 - 8, og omfattar den offentlege debatten om utviklinga av trebyen Trondheim. Først gir eg ein oversikt over kva eg meiner med "trebyen" og fortel kort historia om den norske trebyen frå mellomalderen og fram til vår tid. Det empiriske materialet i studien av Trondheim utgjer hovudsakleg avisreportasjar, -artiklar og -kronikkar frå tidsrommet rundt 1965 og fram til i dag. I tillegg har eg bygd på referat frå den kommunale plan- og byggesakshandsaminga og nokre monografiske verk som har omtala historiske periodar. Gjennom dette empiriske materialet har eg prøvd å kaste lys over korleis ulike forståingsformer om trebyens eigenskapar og verdi var forankra i ulike diskursar, og korleis "kampen" mellom ulike diskursar har medverka til å endre forståing og praksis i tilknytning til utviklinga av trebyen Trondheim.

I den siste delen av avhandlinga, i del III, analyserer og drøftar eg dette materialet. I denne drøftinga har eg valt å legge vekt på korleis ulike utsegner eller artikulasjonar gav uttrykk for ulike syn eller representasjonar av byen, og korleis desse forståingsformene om trebyens eigenskapar og verdiar har endra seg gjennom diskursen i konfrontasjon med andre forståingsformer. Eg avsluttar avhandlinga med å drøfte kva nyare forståingsformer har å seie for framtidens forvaltning av trebyen.

Tid, rom og tema

Eg har undervegs gjort ein del viktige avgrensingar i dette avhandlingsarbeidet. Då eg starta opp, var eg opptatt av den eineståande arkitekturarven som desse trebyane representerte, av fenomenet "trebyen". Eg var fasinert av dei homogene, kvitmåla Sørlandsbyane med sine empirebygningar i ein spanande variasjon, innretta etter dei terrengetilpassa og krunglete gatene og det skiftande landskapet. Dette var byar som gjennom ulike kommunalpolitiske vedtak var sterkt trua av sanering på 1960- og 1970-talet. Eg var også fasinert av bergstaden Røros, den gamle gruvebyen på Rørosvidda som mellom slagghaugar og åkerlappar dokumenterte ei viktig industri- og landbrukshistorie med sine fattigslege og enkle hus for gruvearbeidarane og bønder, og store og velutstyrte bygningar for kjøpmenn og funksjonærar. Eg såg det også som spanande å kunne utforske dei mange nedslitne og forfalne, men likevel så interessante trebyane rundt Austersjøen og i Russland, slik eg hadde fått dei presentert gjennom studieturar, på konferansar og i seminar.

Men skulle eg kunne skrive noko meningsfullt og vitskapleg, bygd på empiriske data, var det nødvendig å avgrense studien og studieområdet. Det var ikkje vanskeleg å avgrense studieområdet til Trondheim og den mangfaldige, urba-

ne trearkitekturen vi har i denne byen. Her kunne eg finne dei storslagne paléa, dei rike kjøpmannsgardane, byborgarane sine velstelte og innhaldsrike gardsromshus, store brygger i tre langs elva og sjøen, handverkarane og industriarbeidarane sine enkle, panelte tømmerhus og dei nyare leigegardane i tre. Innanfor dei sentrale delane av Trondheim kunne eg finne eit bygningsmessig mangfald og ein variasjon innanfor den urbane trearkitekturen som er eineståande i landet.

Sidan Trondheim har vore heimbyen min i mest heile tidsperioden etter 1969, kjende eg dessutan godt til trehusmiljøa og dei politiske prosessane som hadde avgjort lagnaden til mange av dei fine trebygningane og bygningsmiljøa i denne byen. Det som også gjorde Trondheim til ein interessant by å studere, var dei skarpe konfliktane som utspela seg i spenningsfeltet mellom vern og sanering av dei gamle trehusområda.

Mange har gitt viktige bidrag til kunnskapen om Trondheims bygningshistorie, ikkje minst Guthorm Kavli, Kerstin Gjesdahl Noach og Knut Einar Larsen. Min faglege bakgrunn er arkitektplanleggjaren, og det var derfor naturleg at mitt tema vart planleggingshistorie framfor bygningshistorie. Forteljningane om bymiljøaksjonane på 1970-talet er spanande og fasinerande lesing. Denne tida var ei viktig brytingstid i norsk planlegging og byutvikling, og eg fann det derfor interessant å prøve å finne ut kva som eigentleg skjedde i denne perioden. Kva var dei store utfordringane? Kva slags planleggingsidéar var dominerande? Det vart ei spanande utfordring for meg å finne meir ut av det spenningsfylte motsetningsforholdet mellom vern og utvikling av denne trebyen. Ønsket om å ta vare på den historiske trebyen med dei karaktertrekka og dei kvalitetane som denne byen har, representerte ein markert konflikt i forhold til eit ønske om å utvikle trebyen i pakt med nye samfunnsmessige krav.

Avhandlinga har eit planleggingsteoretisk fokus. Men også det verneteoretiske aspektet er sentralt i dette arbeidet. Vernetankens utvikling er ikkje berre eit kulturminnefagleg tema, men grip i stor grad inn i utviklinga av planleggingsteorien. I den seinare tida kjem dette til uttrykk gjennom ulike former for by- og tettstadsanalyser og i det som er blitt kalla integrert planlegging og forvaltning (*integrated conservation*). Dette avhandlingsarbeidet står derfor tematisk forankra både i arkitektur- og planleggingsfaget og i kulturminnevernet.

Eg har valt å avgrense dette arbeidet til perioden mellom 1965 og fram til 2005. Året 1965 var ein viktig milepæl i norsk planlegging. Det året vart den nye, landsomfattande bygningslova vedtatt, og etablerte den samordna, fysiske planlegginga som ei sentral verksemd på alle offentlege forvaltingsnivå. Utarbeiding av generalplan vart ei lovpålagt oppgåve for alle kommunane i landet. Gjennom dette arbeidet skulle ein også gjere greie for dei føresetnadene planen bygde på og dei konfliktane som kunne oppstå. Ein viktig intensjon med denne lovgivinga og det


planleggingsbyråkratiet som vart bygd opp, var å legge tilhøva til rette for ei modernisering av byar og tettstader og utbygging av nødvendig infrastruktur. Men også viktige verkemiddel for vern av verneverdige byområde vart etablerte gjennom dette lovverket ved å opne for regulering av spesialområde, område med bygningar og byggverk som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell verdi, var viktig å verne.

Sjølv om dei viktigaste konfliktane og den største spenninga mellom ulike planleggingsyn vart eksponerte i tidsrommet 1970 og fram til rundt 1980, har eg likevel valt å trekke tidsperspektivet fram til våre dagar. Ein viktig grunn til dette er at eg ønsker å sjå dagens debatt i tilknytning til dei små og store bytransformasjonsprosjekta som vi har i dag, i lys av 1970-talets debatt om vern og fornying av dei gamle trehusområda. Med det tar eg sikte på å undersøke samanhengen i forståingsformene og korleis arkitektur- og planleggingsideala har endra seg med den offentlege og faglege debatten.

Studien av trebyen Trondheim

I studien av trebyen Trondheim har eg valt ut nokre sentrale planleggings- og utbyggingskontroversar både i Midtbyen og i randområda, Ilsvikøra, Høgskolebakken-Singsakerbakken, Bakklandet, Møllenberg-Rosenborgområdet og Svartlamoen. Dei ulike eksempla har noko ulike tematiske trekk, og eg har derfor valt å gruppere dei i tre bolkar som er etter måten parallelle i tid, men som fokuserer på litt ulike tema.

Den første bolken har eg valt å kalle "*Rivingsiverens tiår*". Ved å gi denne bolken denne tittelen, avslører eg at denne delen handlar om dei mange rivingsprosjekta som gjekk føre seg i Midtbyen i dette tidsrommet frå om lag 1960 til 1970 og debattane rundt desse. På dette tidspunktet vart det reist få spørsmål ved dei mange rivingsprosjekta. Store delar av Midtbyen sitt verdfulle trehusmiljø gjekk tapt i denne perioden. I dette kapitlet har eg trekt fram dei generelle haldningane til vern av byens trearkitektur slik desse kom til uttrykk gjennom ein arkitektkonkurranse frå 1960, gjennom generalplanarbeidet i perioden 1963 til 1972, og enkeltsaker som debatten om gjenreisinga av "Lille Stiftsgården" og forslaget om å rive Svaneapoteket og Hornemannsgården. I tillegg til at denne delen omhandlar dei mange rivingsprosjekta på den tida, gjenspeglar debatten ein del av vernehistoria. Ordsiftet omhandla det monumentale kulturminnevernet, og handla hovudsakleg om vern av det enkelte, fredingsverdige kulturminnet med stor eigenverdi.



Figur 1.4: Byplankontroversar i Trondheim i tidsrommet 1965 til 1989

I den andre bolken av eksempelstudien, "*Kampen om livsmiljøet*", har eg studert nokre av dei bymiljøaksjonane som sette preg på byplandebatten i Trondheim i perioden frå rundt 1970 og heilt fram til 2001 då bystyret i Trondheim vedtok reguleringsplanen for Svartlamoen og dermed endeleg vedtok å verne restane av dette trehusmiljøet.

Debatten om Bakklandet og Svartlamoen har mange fellestrekk, ikkje minst det sosiale og kulturelle perspektivet, den breie mobiliseringa og aksjonsformene. Det er striden om Bakklandet som tar størst plass i denne framstillinga, slik han også gjorde det i avisspaltene. I tillegg til Bakklandet og Svartlamoen, har eg også tatt med tekstar frå debatten om aksjonane i NTH sitt interesseområde, Høgskolebakken og Singsakerbakken. I tilknytning til desse aksjonane oppstod dei mest militante aksjonane i Trondheim sidan krigen. Eksempla omfattar også motstanden mot den planlagde saneringa av Ilsvikøra, Sanden-Hospitalsløkka og Møllenberg-Rosenborg. I tillegg til dei bustadsosiale aspekta, handla desse forteljingane også om vern av den anonyme trearkitekturen.

Den siste delen av eksempelstudien, "*Trondheimsandletet*", omhandlar dei mange bytransformasjonsprosjekta i Midtbyen. I tilknytning til utforminga av Midtbyplanen fekk vi mange debattar om korleis Midtbyen skulle utviklast innanfor bysenterets kulturhistoriske rammer. Denne delen av historia om trebyen Trondheim omfattar i tillegg til arbeidet med Midtbyplanen, også ein del prosjekt som utfordra vernet av Midtbyen sin trehuskarakter. Dette er ein debatt som har pågått sidan før 1975 og som framleis engasjerer innbyggjarar, planleggjarar og politikarar. Eg har tatt med konflikten i tilknytning til utbygginga av Trondheim folkebibliotek ved det gamle rådhuset og utbygginga av Royal Garden Hotell som vart bygd på branntomta etter ein omfattande bryggebrann i 1967.

Utforminga av hotellet skapte ein engasjert debatt om høgder og stiluttrykk. I tillegg skapte lokaliseringa av det nye kulturhuset i Trondheim, Olavshallen, diskusjon om både plassering og utforming. Det vart peika på at bygningen sprengde skalaen til den historiske trebyen og introduserte ei ny utbyggingsform ved å fylle kvartalet med ein ruvande bygningsmasse. I utkanten av kvartalet vart dei eksisterande trehusa ståande som mistilpassa kulisser. Slike konflikhtar fekk vi mange eksempel på utover 1980- og 1990-talet.

Forteljinga om bytransformasjonane i Midtbyen vert avslutta med ordskiftet om Brannkvartalet i Nordre gate, om korleis dette kvartalet skulle byggjast opp att etter katastrofebrannen i desember 2002. Desse forteljingane handlar i stor grad om korleis nye utbyggingsprosjekt skal kunne vidareutvikle karakteren til Midtbyen som treby og representerer ulike problemstillingar i tilknytning til vern av byens struktur eller grammatikk.

Desse tre bolkane representerer ulike kontroversar og dominerande forståingsformer. I den første fasen av denne forteljinga vart den rådande planleggingsforståinga lite utfordra før debatten om trepaléa på Torget sette vernetanken på kartet. Kampen om Ilsvikøra, Sanden, Bakklandet, Møllenberg og Svartlamoen representerte ei mobilisering omkring nye planleggingstankar som la vekt på å verne om dei gamle trehusmiljøa og sentrale bustadområde, og dermed utfordra ein planleggingsmodell som tok sikte på sanering og fornying. Sjølv om debattane om bytransformasjonsprosjekta som følgte dei store byggjeprojekta i Midtbyen, og som handla om vern av bybildet, kunne synest å ha ein meir akademisk karakter, såg vi at denne debatten engasjerte også andre aktørar enn arkitektar, planleggjarar og antikvarar. Desse eksempelstudiane dannar ei linje som reflekterer utviklinga av vernetanken frå vern av enkeltmonument, til vern av heilskaplege bygningsmiljø og til vern av byens karakter og særpreg. På denne måten representerer denne tematiske inndelinga av materialet også ei interessant utvikling av vernetanken.

Kva tilfører avhandlinga av ny kunnskap innanfor temaet?

Dei skiftande haldningane til verdiar og mål for byutviklinga har vore lite reflekterte i forskning og fagdebatt. Fokus innanfor byplanforskinga har vore på dei tekniske og næringsøkonomiske sidene; transport, reisevaner, trafikkavvikling og tilkomst, vilkår for næringsutvikling, tenesteproduksjon og sysselsetting, i tillegg til levekåra i byane. Dei fysiske sidene ved byutviklinga har vore lite fokusert i byforskningsprogramma.

Dei miljøaksjonane som hovudsakleg var knytte til trebyens lagnad, og som kom til å representere ein særleg skarp konflikt i Trondheim, med husokkupasjonar og politiaksjonar, har ein sentral plass i dette avhandlingsarbeidet. Desse miljøaksjonane presenterte eit syn på byutvikling og byplanlegging som braut med planleggingsidéar som var svært dominerande på den tida. Den gamle bebyggelsen skulle erstattast av ny og moderne som kunne medverke til å tilpasse byen til dei nye by- og tettstadsbaserte, tenesteytande næringane, og til dei krava som nye produksjonsforhold stilte til byen.

Veg- og gatenettet skulle endrast for å tilpasse byen til ein ny transportteknologi. Desse nye føresetnande for byutviklinga ville innebære ei radikal omforming av dei historiske trebyane i landet. Motstanden mot den brutale bysaneringspolitikken kom til uttrykk i ulike samanhengar, som eit forsvar for sentrale bustadområde som trass i dårleg vedlikehald, låg byggjeteknisk og sanitært teknisk standard og trafikkulempar, likevel framstod med gode sosiale nettverk, visuelt mangfald og med allsidige funksjonar. Desse kvalitetane vart knytte saman med dei kulturhistoriske verdiane. Som kulturminne framstod desse trebyane som viktige historiske dokument, som vitnesbyrd frå ein viktig del av vår bygningshistorie og

som eit viktig bidrag til verdens arkitekturarv. Men desse trehusmiljøa representerte også ein bykarakter som medverka til å gi desse byane eit særpreg som skilde dei frå andre byar. Mange ulike omsyn samla seg i forsvaret av den historiske trebyen som eit kulturelt og sosialt miljø.

Dette dramatiske skifte i kunnskapsregimet har eg valt å studere som konflikhtar mellom ulike forståingsformer innanfor byplanleggingas diskursorden. Eg har studert utviklinga av byplanlegginga og synet på trebyens utvikling som kontroversar mellom ulike planleggingsretningar, der desse ulike planleggingsretningane står fram som ulike diskursive representasjonar. Ved å rette søkelyset mot dei forståingsformene som kom til uttrykk i denne debatten, og som nedfelte seg som støtte til ulike planleggings- og verneteoriar, har eg prøvd å forstå korleis og kvifor desse forståingsformene har endra seg i denne 40-årsperioden frå midten av 1960-talet og fram til i dag.

Etter mi oppfatning er det mest spennande med dette arbeidet freistnaden på å studere korleis meiningar og haldningar til sentrale arkitektur- og byplanideal er blitt danna, og korleis desse har endra seg i tidsrommet frå midten av 1960-åra og fram til idag. Eg har også studert desse kontroversane i lys av kjend byteori og byplanleggingsteori. Denne teorien kategoriserer ulike arkitektur- og planleggingsideal innanfor ulike meningsstrukturar eller forståingsformer. Desse har eg sett som ulike representasjonar innanfor ein byplandiskurs.

Eg kjenner ikkje til noko forskingsarbeid som systematisk dokumenterer og analyserer dette dramatiske tidsskiljet i norsk planleggingshistorie. Heller ikkje kjenner eg til noko anna arbeid som ser desse fagideologiske motsetningane som uttrykk for diskursive konflikhtar mellom ulike forståingsformer og som ein diskursiv kamp mellom ulike planleggingsretningar om å etablere eit fagleg hegemoni. Å bruke eit diskursperspektiv for å forstå utviklinga av desse arkitektur- og planleggingsteoriane og -ideala, er etter mi oppfatning ei ny og interessant tilnærming til denne spanande delen av norsk planleggingshistorie. Eg vonar at denne tilnærminga til nyare arkitekturhistorie og arkitekturteori vert oppfatta som eit fruktbart bidrag til å forstå kvifor vi fekk slike skarpe kontroversar og dramatiske endringar i synet på trebyens eigenskapar og verdiar.

Rolf H. Jensen tok i doktoravhandlinga si, *Moderne norsk byplanlegging blir til*, føre seg utviklinga av tankar og idear som prega framveksten av moderne norsk byplanlegging fram til 1930 (Jensen 1980). Avhandlinga la vekt på dei samfunnsmessige og politiske tilhøva som medverka til å utvikle planleggingsinstitusjonane og planleggjarprofesjonen. Dette arbeidet vart følgt opp av Øyvind Thommasen si avhandling, *Herlege tider. Norsk fysisk planlegging ca.1930 - 1965*, som la hovudvekta på framvoksteren av by- og regionplanlegginga og korleis synsmåtar til sentrale aktørar i statsadministrasjonen og i partipolitikken vann fram i utviklinga

av ei planleggingslovgiving og etablering av viktige planleggings- og forvaltingsinstitusjonar (Thommasen 1997). Dette arbeidet overlappar i tid arbeidet til Helga Stave Tvinnereim, *Norsk byplanlegging 1920 - 1965*, om den nasjonale tradisjonen innanfor planlegging og utbygging, og korleis desse tankane har vore påverka av internasjonale straumdrag (Tvinnereim 1990). Desse arbeida har vore viktige bidrag til å forstå utviklinga av den norske planleggingsverksemda fram til rundt 1965.

Arbeidet mitt tar føre seg nyare byplanhistorie, avgrensa i tid til tidsrommet mellom 1965 og fram til dagens byplandebatt, og handlar om transformasjonen av dei sentrale og ofte verneverdige trehusområda som vart bygde før murtvungen sette eit forbod mot bygging av tre i tettbygde strøk. Jon Guttu kjem inn på nokre av desse problemstillingane i avhandlingsa si om *"Den gode boligen - fagfolks oppfatning av boligkvalitet gjennom 50 år"*. (Guttu 2003). Guttu sitt fokus er bustaden og ikkje byen, sjølv om han også drøftar problemstillingar i tilknytning til byfornyinga på 1970-1980- talet.

Det finnes fleire lokalhistoriske arbeid som har sett fokus på trebyens nyare historie. I Trondheim gjeld det først og fremst bind 6 i Trondheims historie, *"Kunnskapsbyen 1964 -1997"* som er skriven av Ola Svein Stugu og vart gitt ut til byens 1000-års-feiring (Stugu 1997a). Liknande lokalhistoriske verk som omtalar trebyens utvikling finst også i andre norske trebyar. Per Jonas Nordhagen skreiv om utviklinga av trearkitekturen i Bergen i tidsrommet 1870 - 1970 i *Trebyen faller* og gitt ut i samband med Arkitekturvernåret i 1975 (Nordhagen 1975). I samband med Stavanger arkitektforeining sitt 100-års-jubileum, vart Anders Haaland engasjert til å skrive Stavanger by si bygningshistorie frå 1815 - 1940, *En by tar form* (Haaland 1999). Hans Eyvind Næss si bok om Gamle Stavanger, om arbeidet med å verne denne gamle bydelen, har også gitt nyttige innspel til å forstå dei ulike forståingsformene som utvikla seg i konfliktane mellom ein verne- og ein saneringspolitikk i andre viktige trebyar i landet (Næss 1998). Det store nordiske fellesprosjektet *"Den nordiska trästaden"* inneheld ein brei dokumentasjon av trebyar i heile Norden og er i første rekke ei påvising av dei utfordringane desse trebyane stod overfor på byrjinga av 1970-talet (ICOMOS 1972).

Det har vore eit ønskje at dette arbeidet ikkje berre skulle omfatte dokumentasjon og analyser av dei dramatiske bymiljøaksjonane på 1970-talet. Eg har også sett det som interessant om arbeidet kunne knytast til dei debattane vi har om utviklinga av dei sentrale og historiske byområda våre, slik denne har kome til uttrykk i samband med nye utbyggingsprosjekt i dei historiske trebyane. Eg har derfor spurt meg om det er nokon samanheng mellom den debatten vi har i dag om utviklinga og transformasjonen av trebyen Trondheim, og den debatten som prega avisspaltene

på 1970- og 1980-talet med oppslag som "*Vern av Svaneapoteket!*", "*Vern av Baklandet!*" og "*Vern av trebykarakteren!*"?

Desse debattane har avslørt det komplekse spenningsfeltet mellom fornying og vern av dei gamle, historiske byområda som det ikkje har vore lett å identifisere handlingsrommet i. Dette arbeidet kan kanskje bringe fram nokre røynsler frå tidlegare debattar om bymiljø- og bygningsvernet som kan medverke til å synleggjere og utvikle det faglege handlingsrommet i slike spørsmål. Planleggjarar, politikarar og andre med interesser i bymiljøvernet må svare på om eg har lukkast med det.

DEL I: TEORiar OG METODE

Byutvikling er ingen vitenskap der bare politikere, arkitekter eller byråkrater er meningsberettiget. Det er et samspill mellom faglig kompetanse og følelser til folk som bor i byen og som møter det offentlige rom i hverdagen."
(Leiar i Adresseavisen 1999.01.05)

2. Å forstå og forklare menningar

Den korte enqueten om byplanlegging og byutvikling i etterkant av bybrannen i Nordre gate i Trondheim avslørte mange ulike syn på dei gamle trehusa og korleis bykvartalet skulle gjenreisast. Disse ulike synspunkta kan tyde på at meiningane og førestillingane våre om utviklinga av byen er bestemt av den sosiale og kulturelle konteksten vi er ein del av. Skal vi studere korleis vi oppfatar eigenskapar og verdiar ved trebyen og korleis desse forståingsformene endrar seg, må vi derfor studere den sosiale og kulturelle ramma for meningsdanninga. Vi må studere byutviklingsdiskursen.

Meiningar om ei branntomt

Den innleiande forteljinga om reaksjonane på bybrannen i Trondheim i desember 2002 gav uttrykk for ulike haldningar og synspunkt på brannkatastrofen. Reaksjonane på denne brannen kom til å gi dette avhandlingsarbeidet eit spesielt fokus. Sitata frå avisreportasjane etter brannen viste korleis folk i ulike kulturelle og sosiale posisjonar gav uttrykk for ulike oppfatningar om verdien ved det nedbrende bykvartalet, og korleis bygningane burde gjenreisast etter brannen. Diskusjonen gjekk også føre seg i åra etter brannen, parallelt med planlegginga av dei nye bygningane som skulle komme på branntomta. Både kommunen, media og grunneigarane oppmoda folk til å delta i debatten om utviklinga av Midtbyen i lys av dette gjenreisingsprosjektet. I avisspaltene, på internettsider og i folkemøte kom mange synspunkt til uttrykk. Bakgrunnen for brannen, korleis ein slik brannkatastrofe kunne utvikle seg i eit av byens mest verneverdige strøk, like ved brannstasjonen, vart debattert. Men hovudsakleg dreia debatten seg om korleis Midtbyen burde utvikle seg i kjølvatnet av brannkatastrofen og korleis ein gjennom nybygging kunne ta vare på Midtbyens særpreget og trebyens karakter.

Intervjua som er refererte, kunne gi inntrykk av at dei synsmåtane som kom fram i dette materialet, var farga av den sosiale posisjonen som intervjuobjekta hadde. Når grunneigaren meinte at ein må leggje til rette for mange parkeringsplassar og at tomtearealet må utnyttast så godt som mogeleg, var det byen som ein arena for næringsutvikling han var opptatt av. Grunneigarane sitt prosjekt i denne samanhengen var å gjenreise eit bykvartal som kunne realisere ønsket om ei næringsverksemd som kan gi godt overskot og utbytte.

Arkitektane som vart intervjua, uttrykte eit ønske om å utvikle byen i tråd med endringane i samfunnsvilkåra, men gav også støtte til grunneigarane sitt syn på at det måtte ligge økonomiske føresetnader til grunn for utviklinga av byen. Deira utsegner var prega av ein teknisk-økonomisk rasjonalitet utan nostalgiske eller sentimentale tankar om dei historiske spora som var blitt borte og som "folk i gata" meinte burde rekonstruerast. I tillegg gav arkitektane uttrykk for fagideologiske synspunkt som tok avstand frå å skape kopiar. Dei meinte at nye bygningar alltid skal reflektere ein tidsriktig arkitektur.

Dei intervjuobjekta som Adresseavisen presenterte som "folk i gata", hadde eit anna syn på gjenoppbygginga av brannkvartalet. Dei ville ha tilbake det som gjekk tapt, gjenskape det gamle bybildet. For innbyggjarane representerte dette bybildet historisk kontinuitet og identitetsskapande mening. Dei konstituerte byen som eit kulturelt prosjekt som skal formidle historie og gi grunnlag for oppleving av tilknytning og identitet. Desse synsmåtane fall i stor grad saman med det synet som mange politikarar gav uttrykk for like etter brannen, og som det antikvariske miljøet i hovudsak også slutta seg til på ulike vilkår. Nokre vil hevde at publikum eller lekfolk svarte med utgangspunkt i kjensler. Arkitekten og planleggaren gav eit saksorientert svar, mens dei næringsdrivande var opptatt av å tenke på ei betre økonomisk utnytting av tomte.

Det var såleis inga eintydig oppfatning av kva slags eigenskapar og kvalitetar den gamle trebyen og den urbane trearkitekturen har. Oppfatningane av desse eigenskapane varierte frå gruppe til gruppe, mellom ulike sosiale sjikt og faglege ståstar. Skal vi undersøke korleis trebyen sine kvalitetar og verdiar vert oppfatta, må vi studere desse innanfor dei kulturelle og sosiale rammene der desse forståingsformene vert produserte.

Vår oppfatning av verda er sosialt konstruert

Tekstane som er refererte, er ikkje meint som representative utsegner om kva ulike grupper meiner om byen, men er trekte fram som eksempel på at det er mange måtar å oppfatte røyndomen på, og at kva som er sant eller usant, er bestemt ut frå den sosiale samanhengen vi er ein del av. Når vi registrerer så mange ulike oppfatningar

av korleis byen bør utviklast, kan desse ulike meiningane ha samanheng med at dei er produserte ut frå ulike samfunnsmessige og kulturelle forhold.

Dette perspektivet karakteriserer konstruktivismen. Som filosofisk tradisjon stammar konstruktivismen frå Immanuel Kant (1724-1804), men også Edmund Husserl (1859-1938) og eleven hans, Martin Heidegger (1889-1976) har hatt viktige bidrag gjennom utviklinga av fenomenologien, læra om fenomen (Dybvig 2003). Husserl sin fenomenologiske metode inneber ei særeiga form for refleksjon der vi i staden for å konsentrere oss om fenomen, konsentrerer oss om den måten desse opptrer for medvitet vårt på. Oppleving av røyndomen blir bestemt av vår evne til å oppleve denne og ikkje slik som verda "er i seg sjølv". Gjennom medvitet vårt konstituerer vi objektet (S.st.).

Den konstruktivistiske tilnærminga har som utgangspunkt at sosiale og kulturelle mønster blir til i samhandling mellom folk (Martinussen 2004). Det vi kallar røyndomen eller sanninga, er forma og fortolka av menneske i ulike sosiale og kulturelle situasjonar. Det finst inga oppfatning av verda som vi ikkje aktivt har medverka til å skape. Vår innsikt i røyndomen er forma av dialogen og samværet med andre menneske i ein kulturell kontekst, og førestillingane våre om oss sjølve og det samfunnet vi er ein del av, avspeglar ikkje nødvendigvis fenomen sine faktiske eigenskapar, men heller korleis desse eigenskapane og verdiane får meining i skiftande sosiale samanhengar (Berger 1992). Vi kan derfor berre forstå korleis og kvifor det enkelte menneske tenkjer og handlar som det gjer dersom vi studerer det i den sosiale og kulturelle samanhengen som det lever og deltar i. Sosiale og samfunnsmessige forhold må vi derfor forstå i relasjon til, og ikkje isolert frå dei mange ulike sosiale samanhengane vi inngår i.

Sosialkonstruktivismen interesser seg spesielt for korleis vi forstår og fortolkar røyndomen. Dette vitskapsfilosofiske perspektivet har som sitt utgangspunkt at den vi er, ikkje nødvendigvis er gitt på førehand, men heller noko vi utviklar i løpet av livet i sosialt samspel med andre menneske. Det vi kallar kunnskap og sanning og det vi kallar identitet, vert skapt i dette samspelet og er derfor vevd inn i den sosiale, kulturelle og språklege veven som vi bruker i vår forståing av verda. Vår oppleving av røyndomen er formidla og fortolka gjennom dei reiskapane vi har utvikla til dette, og den viktigaste reiskapen er språket. Her må vi forstå språk i ein brei samanheng og ikkje berre som tekst og skrift, men språket omfattar også kodar, teikn og symbol. Språket utgjer såleis eit samansett og komplisert nettverk av ulike meiningberande teikn som set namn på og omtalar ting som vi oppfatar som viktige (Jørgensen og Phillips 1999:17-21).

Når vi legg så stor vekt på språket, har dette samanheng med at språket er grunnleggjande i vårt sosiale samvære. Vi lærer å forklare kva vi vil, og vi lærer å tenkje ved hjelp av språket. Ved hjelp av språket lærer vi korleis verda heng saman

og korleis vi skal og bør oppføre oss. Vi vert sosialiserte ved hjelp av språket og skaper ein representasjon av røyndomen (Neumann 2001). Det er såleis ein systematisk sammenheng mellom det språket ein person brukar, og korleis denne personen oppfattar verda. Vi talar om og handlar i forhold til røyndomen ut frå den situasjonen eller kulturelle konteksten vi er i.

Sosialkonstruktivismen forklarar dette med at ikkje berre språket vårt, men også kunnskapen vår og måten vi tenkjer på, er relasjonell. Sosialkonstruktivismen sin grunnleggjande påstand er såleis at vår oppfatning av røyndomen er sosialt konstruert. Vi er alltid omgitt av ulike meningsstrukturar som avgjer forståinga vår av korleis verda heng saman og kvifor og korleis vi bør oppføre oss. Med andre ord definerer desse meningsstrukturane eit spesielt sett av vilkår og reglar for tilværet vårt. Den måten vi forstår verda på, er avhengig av vår sosiale og kulturelle bakgrunn, og vil alltid vere vevd inne i sosiale konstruksjonar av røyndomen. Våre førestillingar om godt og vondt, riktig og galt, stygt og pent vil alltid endre seg i takt med kvar, kven og når vi er og kva vi gjer. Desse konstruksjonane er ikkje sanne eller objektive for alle.

Sosialkonstruktivismen inneber ein grunnleggjande skepsis til alle gitte sanningar, og meiner at kunnskap om røyndom og sanning må ein forstå som produkt av forhandlingar og konvensjonar (Jørgensen og Phillips 1999). Sosialkonstruktivismen er såleis meir opptatt av spørsmål av epistemologisk karakter, korleis vi kan skaffe oss kunnskap om verda og fenomena, enn av det ontologiske spørsmålet om korleis verda faktisk er (Neumann 2001). Dette vitenskapssynet står i motsetning til det moderne synet som meiner at vitenskapleg metode og innsikt skal kunne fjerne all metateoretisk tåkeprat og overtru. Det moderne mennesket sitt røyndomsbilde har vore at vi på grunnlag av stadig betre kunnskap om fenomena vil kunne styre naturen og samfunnskraftene. Sosialkonstruktivismen rettar eit kritisk syn på denne vitenskapsoppfatninga.

Fire premissar karakteriserer sosialkonstruktivismen si vitenskaplege tilnærming:

-Ei kritisk haldning til eksisterande kunnskap. Kunnskapen vår om verda kan vi ikkje utan vidare akseptere som objektiv sanning. Røyndomen er tilgjengeleg for oss gjennom språket, og vår kunnskap og førestillingar er ikkje eit spegelbilde av verda, men eit produkt av vår måte å kategorisere verda på gjennom språket.

-Historisk og kulturelt forankra. Vår kunnskap om og syn på verda er gitt av vår historiske og kulturelle tilknytning og forandrar seg over tid.

-Samanheng mellom kunnskap og sosiale prosessar. Vår måte å forstå verda på vert skapt og oppretthalden gjennom sosiale prosessar. Kunnskap vert skapt i sosial interaksjon der ein byggjer opp felles sanningar og kjempar om å oppretthalde kva som er sant eller usant.

-*Samanheng mellom kunnskap og sosial handling.* I ulike forståingsformer vert nokre former for handling naturlege, medan andre er utenkelege. Ulike forståingsformer fører såleis til ulike sosiale handlingar og den sosiale konstruksjonen av kunnskap og sanning får dermed sosiale konsekvensar (Burr 1995).

Meiningsstrukturar og diskursar

Synsmåtane som kom til uttrykk i samband med bybrannen i Nordre gate i Midtbyen i Trondheim, reflekterte ulike haldningar og forventningar til byen, og var uttrykk for at ulike personar, grupper eller sosiale sjikt konstituerte byen på ulike måtar. Nokre gret og var triste fordi viktige kulturminne og identitetsskapande element i byen vart borte for alltid, medan andre kunne sjå fram til at bybrannen skapte nye mogelegheiter for næringslivet i byen. Desse meiningane om bybrannen og konsekvensane av denne, var bestemte av ulike sosiale og kulturelle forhold, av korleis folk faktisk opplever og brukar byen. Ulike sosiale og kulturelle grupper produserer ulike forteljingar om byen, forteljingar som fargar oppfatninga vår om kva byen er og kva oppgåver han skal tene.

For dei næringsdrivande vil forteljingar om dei tekniske og økonomisk vilkåra for byens handelsverksemd medverke til å konstituere byen som eit sentrum for næringsverksemd. For bebuarane vil forteljingane om byens sosiale liv i og mellom husa vere viktige. Dessutan vil byen også representere eit behov for kulturell tilknytning og identifikasjon. Forteljingane om dette vil vere viktige for deira forståing og oppleving av byen. For dei som besøker byen frå distrikta rundt, vil byen som møte- og marknadsplass vere konstituerande for deira syn på byen og byutviklinga og verdien av gode byrom og aktiviteten i desse. Gjennom slike forteljingar dannar vi våre førestillingar om røyndomen (Martinussen 2004). Slike meiningsstrukturar som desse forteljingane representerer, vert i sosialkonstruktivistisk teori kalla diskurs. *Diskursane* konstituerer byen på ulike måtar og etablerer ulike grunnlag for verdi-setting og prioriteringar.

Mange opplevde det store moderniseringsprosjektet etter den siste verdskrigen som ein katastrofe for dei historiske byane våre, medan andre såg på denne bytransformasjonen som ei nødvendig omforming for å kunne møte den moderne tida som kom med nye behov og utfordringar. Dei handla i tråd med ein næringsøkonomiske diskurs som tilsa at byen måtte moderniserast og tilretteleggjast for ei ny teknologisk og økonomisk utvikling. Denne oppfatninga vart praktisert gjennom kvar dagslege, politiske og faglege utsegner som medverka til å styrke denne utviklinga. Gjennom språket vart det konstituert eit røyndomsbilde som vart drivande for denne utviklinga.

Det var den franske filosofen og idéhistorikaren Michel Foucault (1926-1984) som for alvor utvikla diskursteorien. I følgje Michel Foucault er diskurs eit knippe

av utsegner som er organiserte på ein systematisk måte, som eit sett av reglar. Diskursen er eit representasjonssystem som regulerer mening slik at visse måtar å tenkje, snakke og handle på står fram som naturlege, andre ikkje (Martinussen 2004). I tråd med den generelle sosialkonstruktivistiske teorien om at kunnskap ikkje berre er ein refleksjon av røyndomen, hevda Foucault at sanning er ein diskursiv konstruksjon, der ulike kunnskapsregime avgjer kva som er sant eller feilaktig (Foucault 1972; Burr 1995). Sjølv om vi i prinsippet har uendelege mange høve til å skape utsegner, så set diskursen grenser for kva som gir mening og avgjer kva som er sanning (Jørgensen og Phillips 1999).

Felles for dei mange oppfatningane av dette feltet, er at dei ser på ein diskurs som eit system av meningssamanhengar - ein *meningsstruktur*. Diskursen kan forståast som ei knippe av innbyrdes samanhengande idéar om eit avgrensa emne. Uttrykksformene, omgrepa og resonnementa som karakteriserer samtalen eller kommunikasjonen om eit bestemt emne i til dømes eit bestemt sosialt system, er påverka av diskursen (Martinussen 2004). Diskursar får uttrykk både i skriftleg og munnleg form, i bilde og tekst. Dei kan ha mange former og er meir enn berre dei orda og setningane som vi brukar. Det kan dreie seg om skrift, tale, bilde som til dømes bygningsteikningar og bygningar, symbol og gjenstandar. Det er gjennom ord og bilde vi formidlar korleis vi oppfattar og forstår verda.

Dei ulike forståingsformene og den sosiale praksisen som følgjer av desse diskursane, vil komme til å prege meningane og haldningane våre. Når ulike faglege og sosiale grupper presenterer ulike syn på bybrannen, er dette eit uttrykk for at dei er prega av ulike diskursar og at nokre diskursar er meir dominerande i enkelte kringar enn andre. Ved å studere desse diskursane kan vi lære meir om kvifor så ulike haldningar kjem til uttrykk i ulike sosiale samanhengar og kva som medverkar til at synsmåtar og forståingsformer endrar seg.

Eit av dei viktigaste formåla med ein diskurs er såleis å skape ein samanheng mellom utsegner slik at dei som tar del i diskursen, forstår det som blir sagt, og at ein er i stand til å skilje mellom sant og usant, gyldig eller ugyldig, om utsegna er i samsvar med normer eller i strid med desse. Diskursen dannar på denne måten eit meningssfellesskap. Ikkje i den forstand at alle nødvendigvis må ha same mening, men at dei er i stand til å diskutere innanfor eit felles sett av normer og forståingsformer. Ein tekst får berre mening innanfor ein diskurs (Phillips og Hardy 2002:4).

I historia om trebyen kan det vere ulike diskursar som vi kan studere kvar for seg. Felles for desse diskursane er at dei dannar system av meningssamanhenger eller forståingsformer. Dei meningane som dei ulike aktørane gir uttrykk for, vert i stor grad bestemte av den diskursen dei tar del i. I ein diskurs er det med andre ord ikkje snakk om autonome eller suverene subjekt, men subjekta eller aktørane har diskursen som sitt repertoar å spele på i meningsskaping og i samspel (Jørgensen

og Phillips 1999). Diskursane gir såleis rammene for handling og veremåtar slik at handlingane, den sosiale praksisen vår, er gitt av dei diskursane vi er innanfor eller relaterer oss til. Diskursane er med og lagar dei førestillingane vi lever og handlar etter, og etablerer dermed dei forståingsformene som kjem til uttrykk i måten vi snakkar om og forstår fenomenene på (Phillips og Hardy 2002).

Vi kan sjå på forholdet mellom den enkelte diskursen og det som omgir denne diskursen som ei kinesisk øskje, der ein diskurs vert fylt av nye diskursar. Men vi kan også forstå ein diskurs som ein arena eller eit sosialt rom der fleire diskursar prøver å etablere seg og konkurrerer om å fylle med innhald. (Jørgensen og Phillips 1999:69). *Diskursorden* er eit uttrykk for eit slikt område der det er eller kan oppstå diskursive konflikhtar, det vi kallar *kontroversar* eller *antagonismar*. Innanfor diskursordenen byutvikling vil det såleis vere mange ulike diskursar som overlappar kvarandre, både tematisk og ved at mange aktørar kan vere til stades i fleire diskursar.

I desse forteljningane om trebyen Trondheim kan vi identifisere mange diskursar på ulike nivå. Ein diskurs kan vere knytt til byen som næringsarena, som arena for varehandel eller kulturproduksjon. Ein annan diskurs kan vere knytt til byen som verneobjekt. Innanfor vernetemaet kan vi igjen identifiserer fleire diskursar, ein kulturminnefagleg der byen representerer historisk dokumentasjon, eller ein arkitektfagleg som er opptatt av vår oppleving av byrom og byform.

Alle desse diskursane påverkar kvarandre. Ein diskurs kan låne viktige argument og synsmåtar frå andre diskursar. Innanfor kulturminnefaget brukar ein i aukande grad synsmåtar frå miljøvernarbeidet der verdien av å ta vare på kulturminne vert sett i samanheng med behovet for å redusere forbruket av ressursar og sikre ei meir berekraftig utvikling. Ved å argumentere for at vern inneber å ta vare på ressursar, kan ein dessutan skape alliansar til andre interesser. Ein finn også argument for at kulturminnevernet medverkar til å auke livskvaliteten ved å styrke opplevingsverdiane i byen. Slik kan diskursen endre innhald og tyngdepunkt avhengig av forhold både innanfor og utanfor diskursen.

Mitt utgangspunkt for å bruke diskursperspektivet er at ulike diskursar konstituerer ulike syn på byen og dermed legg grunnlaget for ulike meiningar om korleis byen bør utviklast. Når vi undrar oss over kvifor ulike personar i ulike posisjonar har så ulike oppfatningar om byen, er det viktig å sjå desse meiningane og den praksisen som desse meiningane fører med seg, i lys av den diskursen dei opptre i. Det er derfor diskursen i seg sjølv som er gjenstand for analyse. Ved å studere kva som faktisk er sagt og kva som er skrive, kan eg undersøke mønsteret i utsegnene og kva slags sosiale konsekvensar dei ulike diskursive framstillingane av trebyen får.

Ordsiftet om trebyen Trondheim har parallellar i tilsvarande diskusjonar i Stavanger og Bergen, Edinburgh og York, og vi kan seie at dette ordsiftet i Trondheim inngår i ein større diskurs om vern eller utvikling av historiske byområde, nasjonalt og internasjonalt. Debatten har gått på lærestadene, i avisspaltene, i dei politiske institusjonane både lokalt og sentralt og har utspela seg gjennom demonstrasjonar i gatene og husokkupasjonar. Debatten har gått føre seg som samtaler, som avisreportasjar, avisinlegg og kronikkar og som saksførebuingar overfor ulike forvaltningsorgan. Vi kunne også sjå det som artikulasjonar i ein diskurs då husokkupantar vart kasta ut av rivingstrua hus i Høgskolebakken og på Bakklandet, eller då Håkon Bleken og Håkon Gullvåg måla det kjende veggmåleriet på ein husfasade på Svartlamoen for å hindre at huset vart rive. Alle diskusjonane og aksjonane kan samanfattast i omgrepet diskurs der alle desse artikulasjonane har vore viktige bidrag til å påverka meiningar og haldningar og bestemt utviklinga av byen.

Kunnskapsregime og hegemoni

Vi har tradisjonelt sett på kunnskapsutviklinga som ein kumulativ prosess der kunnskap vert bygd på kunnskap som steinar i ein grunnmur, og at vi gradvis oppnår større og breiare forståing av fenomenen vi studerer. Denne kunnskapsrasjonalismen var det rådande vitskapsidealet på 1800- og 1900-talet. Vitskapsteoretikaren Thomas S. Kuhn (1922-94) som hadde studert utviklinga av naturvitskapen frå renessansen og fram til i dag, la gjennom sine observasjonar merke til at kunnskapsutviklinga ikkje var ein langsam evolusjon, men gjekk føre seg i dramatiske sprang ved at nye forståingsformer braut meir eller mindre radikalt med etablerte. Kuhn sin påstand var at gjennom slike vitskaplege revolusjonar, vart ny normalvitskap eller hegemoniske forståingsformer, paradigme eller kunnskapsregime skapt (Dybvig 2003; Kuhn 1962).

Dette synet på hegemoniske forståingsformer deler også sosialkonstruktivistane. Når ein måte å oppfatte røyndomen på er lite utfordra i diskursen, eksisterer det ein tilstand av hegemoni. Dette inneber at det er ei stor og allmenn oppslutning om ein måte å forstå fenomenet på. Hegemoniet må oppretthaldast gjennom diskursen ved at nye argument og ny kunnskap vert produserte. Denne produksjonen av kunnskap, for eksempel gjennom forskning, politikk og ved å argumentere for denne kunnskapen gjennom politiske fora eller gjennom media, vert kalla *diskursivt arbeid*. Nokre bestemte diskursar kan på visse tidspunkt verke sjølvsegde og opptre som *hegemoniske diskursar*. Tekstane kan framstille samanhengar som gitte, faktiske forhold. Men det går likevel føre seg ein kontinuerleg dragkamp eller eit diskursivt arbeid om kva som vert tatt for gitt i samfunnet og kva som ikkje er ferdige sanningar (Thomassen 1997; Foucault 1991)

For å forstå dei haldningane og synspunkta som kjem til uttrykk i debatten om korleis trebyane skal vernast og utviklast, er det nødvendig å sjå på dei endringane som har skjedd i fagfolks og lekfolk sine vurderingar av kva slags eigenskapar og verdiar som er knytte til trebyane. I åra etter den siste verdskrigen vart den gamle trebebyggelsen sett på som saneringsmoden og burde gi plass for nye og meir tidsmessige bygningar. Det var ei hegemonisk oppfatning at dei gamle trebyane ikkje hadde livets rett, dei var nedslitne og i dårleg teknisk stand. Dei ville ikkje kunne fylle moderne krav, verken teknisk, økonomisk eller funksjonelt. Den gamle trebebyggelsen i bysentra reflekterte dessutan ikkje den aukande verdistiginga på desse sentrale sentrumstomtene. På denne måten rettferdiggjorde ikkje trebyane sin eksistens ut frå dei synsmåtane som var rådande på det tidspunktet. Det var stor oppslutning om at Noreg måtte moderniserast og fornyast, og at mykje av den gamle bybebyggelsen måtte erstattast med ny og moderne. Det var på den tida svært lita forståing for dei verdiane og eigenskapane vi i dag set pris på ved trebyane.

I løpet av den tida som har gått, har det tilsynelatande skjedd dramatiske endringar i det vi kan kalle dei samfunnsmessige haldningane til vern og utvikling av dei historiske trehusmiljøa våre. Dei hegemoniske forståingsformene som innebar eit nærmast unisont krav om modernisering av byen gjennom riving og nybygging, møtte sterk motstand på byrjinga av 1970-talet. Innanfor byplanlegging vart det etter kvart etablert eit nytt kunnskapsregime der vernetanken fekk ein meir sentral plass.

Antagonismar og kontroversar

Diskursteoriens utgangspunkt er at ingen diskurs lever isolert, men er i eit samspel eller konflikt med andre diskursar som definerer røyndomen ulikt og som dermed etablerer andre rammer for sosial handling. Bestemte diskursar kan på nokre tidspunkt verke sjølvsgode og stå utan motførestillingar. Men dei er sjeldan meir etablerte enn at det før eller seinare vil bli fremma synspunkt som utfordrar dette hegemoniet.

Antagonismar og kontroversar er diskursteoriens omgrep for konflikt. Der diskursane støyter saman, oppstår det kontroversar eller antagonismar. Ein tilsynelatande fastlåst konflikt kan derimot bli oppløyst gjennom *hegemoniske intervensjonar* (Jørgensen og Phillips 1999). Eit forskingsresultat som viste at det var lønsamt å rehabilitere framfor å rive og byggje nytt, var ein artikulasjon som medverka til å endre styrkeforholdet i diskursen i retning av å verne den gamle bebyggelsen. På denne måten vart den hegemoniske forståinga av at det var for dyrt å ta vare på dei gamle husa utfordra.

Den hegemoniske intervensjonen har lukkast dersom ein diskurs på nytt er dominerande der det tidlegare var ein konflikt. Antagonismen eller kontroversen vart

dermed oppløyst. Når vi i dag oppfattar mange fordelar ved å verne og rehabiliterer den gamle bebyggelsen, både økonomisk og miljømessig, er det fordi den hegemoniske oppfatninga av den gamle bebyggelsen som stygg, uøkonomisk og upraktisk måtte gi tapt for artikulasjonen av desse bygningane som identitetsskapande, rimelege og nyttige. Den hegemoniske intervensjonen er ein prosess der konfliktane utspelar seg i ein diskursiv kamp, og der det vert etablert nye hegemoniske forståingsrammer. Oppløysinga av slike hegemoniske diskursar - ofte kalla *dekonstruksjon* - er eit sentralt aspekt ved den sosiale praksisen og eit viktig tema for dette arbeidet.

Diskursane er dynamiske

Ved å delta aktivt i debattane, inngå nye alliansar og drive kunnskapsutvikling kan posisjonane endre seg, maktforholda forskyve seg og praksis endre seg. Diskursane er såleis ikkje statiske, men dynamiske. Dei kan opne for endringar ikkje berre av eiga forståing, men også av diskursane og skape nye forståingsformer. Dei kan overlappa og understøtte kvarandre, men kan også stå i motsetning til kvarandre. Finst det noko "sanning", så endrar denne seg med diskursen.

Foucault meinte at motsetningar i forståingsformene vert utjamna gjennom diskursar ved tilførsel av ny kunnskap. Ofte skjer forandringar ved at nye aspekt kjem inn, snarare enn ved radikale brot. Diskursane endrar seg også gjennom kontakt med andre diskursar. Ofte vil desse diskursane vere konkurrerande. Fordi forståinga ikkje vert låst, vil det stadig gå føre seg kampar om definisjonar og forklaringar på sosiale fenomen. Nokre av desse forståingsformene vil vere hegemoniske og prøve å bestemme innhaldet i omgrepa (Foucault 1991).

Eit eksempel på det dynamiske ved denne diskursen er korleis haldningane til bymiljøvernet har skifta. Ulike grupper har tatt nye og uventa posisjonar. I ei bok som oppsummerar arbeidet med vern av "Gamle Stavanger", heiter det: *"Fra å gå i bresjen for riving har holdningene snudd slik at politiske grupperinger og næringslivsledere som tidligere ga sin tilslutning til saneringsplanene, i dag er aktive bybevarere .. mens strøket ble reddet med et politisk nødskrik etter hård kamp, er det ved årtusenskiftet blitt politikere som tar initiativ til å utvikle området videre"* (Næss 1998).

Dynamikken i diskursen kom tydeleg til uttrykk i perioden 1970-1980 då både lokale og sentrale politikarar vart pressa av ei ny politisk rørsle, "bymiljørørsla", til ei ny orientering om kva desse gamle byområda stod for både som materielle ressursar og som kulturminne. Nye politikarar kom på banen, tok sentrale posisjonar og gjennomførte nye og meir verneorienterte tiltak. Endringane var radikale og skjedde på kort tid. Desse dramatiske haldningsendringane som vi opplevde på denne tida, var ikkje utvikla i eit isolert, fagleg miljø, men prega av ein brei samfunns-

debatt der ulike diskursar og diskursive krefter prøvde å endre forståingsformene og den sosiale praksisen. Moderniseringsprosjektet i etterkrigstidas byutvikling møtte motstand frå nye forståingsformer for byutvikling, utvikla innanfor ein kulturminnefagleg diskurs og ein diskurs om det gode livet i byen med førestillingar om sosialt og fysisk mangfald.

Diskursiv makt

Korleis enkelte aktørar er i stand til å dominere diskursen, er eit uttrykk for ein maktposisjon og at diskursen gir grunnlag for maktutøving. Foucault var opptatt av at denne maktutøvinga ikkje er eit spørsmål om institusjonell makt som ein kan utøve som ordførar eller som medlem av formannskap eller bystyre. Det er heller eit spørsmål om ein er i stand til å påverke språket, omgrepa, symbola og ikkje minst sette saker på den politiske dagsorden.

Makt er i Foucault sine teoriar sterkt knytt til omgrepet diskurs. Dei som styrer diskursen har makt, også til å definere kva som er sant eller usant. Ved å studere dei diskursive prosessane, korleis diskursar vert konstruerte og korleis dei produserer bilde av røyndomen, kan vi også få eit innblikk i dei maktkonstellasjonane som produserer den sosiale røyndomen. Foucault var opptatt av å studere korleis makt vert konstituert gjennom diskursane, og korleis diskursane medverkar til at maktforholda vert oppretthaldne eller skifter.

På denne måten vert også makt knytt til kunnskap. Makt produserer rasjonalitet og kunnskap, samstundes som rasjonalitet og kunnskap produserer makt. Makt og kunnskap er såleis gjensidig avhengige av kvarandre. (Thomassen 1997:10; Foucault 1980:95). Adresseavisen innleia ein omtale av konsulentfirmaet Andersson & Skjånes A/S i samband med generalplanarbeidet i Trondheim slik: *"Planlegging er blitt en profesjon, en mangslungen virksomhet for en rekke spesialister, som riktig nok opptrer som rådgivere overfor dem som har myndighet til å fatte vedtakene. Men når det kommer til stykke, har kanskje disse rådgiverne i realiteten en innflytelse som går langt utover det å spille konsulentenes anbefalende rolle"* (Adresseavisens jubileumsavis 1967.10).

Men ein kan heller ikkje sjå bort frå at diskursiv makt i grupper og organisasjonar også er knytt til andre maktfaktorar, slik at leiarar i politiske, økonomiske og teknologiske institusjonar som regel er dei som styrer og dominerer diskursen (Martinussen 2004). Den diskursive makta kan gjennomsyre fleire samfunnsområde, og vi kan seie at det eksisterer eit *kulturelt hegemoni*. Den som har makt til å styre og dominere diskursen på viktige samfunnsområde, har derfor stor reell makt. Media sin innverknad på den politiske dagsorden i dag, er eit eksempel på at denne diskursive makta er ein viktig faktor i samfunnsutviklinga. Innanfor eit tema som byutvikling er kunnskap og argumentasjonskraft ei viktig diskursiv makt.

"Utviklinga av trebyen" er ei historie som fortel oss at tilhengarane av moderniseringsprosjektet som innebar riving av den gamle trehusbebyggelsen, produserte argument innanfor eit kunnskapsregime som på 1960-talet må seiast å vere hegemonisk. Det var allmenn oppslutning om tanken om at moderniseringa av dei sentrale byområda var viktig og nødvendig. Dessutan hadde desse tilhengarane av sanering stor institusjonell makt ved at moderniseringssynet hadde gjennomslag i dei kommunale forvaltningane, både i bystyra og i dei kommunale planleggingsbyråkratia og i næringslivet. Likevel vart dette synspunktet utfordra av ressursvake bebuarar, teoretiserande akademikarar og militante studentar utan særleg institusjonell makt.

Diskursperspektivet som teoretisk og metodisk tilnærming

I ein studie av utviklinga av trebyen står utviklinga av forståingsformer og meiningsdanningar sentralt. Påverka av den offentlege debatten om viktige byplanar og byutviklingsprosjekt, tok den kommunale byplanlegginga ulike retningar. Frå å vere tilhengar av omfattande og radikale bysaneringsplanar, endra haldningane seg i retning av ei større oppslutning om å verne dei gamle trehusområda. Den offentlege byplandebatten kom i stor grad til å medverke til ei kursending av den kommunale politikken. Når eg skal prøve å finne ut korleis dette har gått føre seg, korleis ulike meiningar vart danna og korleis dei skifta under påverknad av denne debatten, har eg sett diskursteorien som ein tenleg, vitskapleg reiskap som gjer det mogleg for meg å analysere slike kulturelle og sosiale prosessar.

I dette avhandlingsarbeidet har eg lagt eit sosialkonstruktivistisk perspektiv til grunn, med dei reiskapane dette gir for både ei teoretisk og metodisk tilnærming. Bruken av diskursperspektivet har fått ulike metodologiske utformingar i ulike disiplinar. Sams for alle er at *teksten* står sentralt. Medan diskursen handlar om korleis tekstlege samanhengar vert produserte, formidla, tolka og omgjort til konkrete handlingar, dreier mi tilnærming seg om å forstå korleis denne teksten medverkar til å konstituere oppfatningar av røyndomen og skaper grunnlag for handling. Ved å leggje eit diskursperspektiv til grunn, kan eg studere korleis ulike førestillingar eller representasjonar av byen gir seg uttrykk i ulik diskursiv praksis, i uttrykte haldningar, forståingar og meiningar som får materielle og sosiale konsekvensar når dei vert realiserte gjennom praktiske utbyggingstiltak. Kampen om retten til å definere meininga med byen er grunnleggjande for byplanlegginga og den vidare utviklinga av byen.

Med utgangspunkt i eit diskursperspektiv vil eg sette fokus på korleis meiningar og forståingsrammene vert danna og kva slags sosiale konsekvensar dette kan få. Diskursperspektivet legg dermed grunnlaget for å kunne presentere ein teori og

metode for både teoretisk å kunne problematisere og empirisk å kunne undersøke samanhengane mellom utsegner og den sosiale og kulturelle utviklinga av byen.

Drøfting av diskursen

Ei drøfting av utviklinga av trebydiskursen skal medverke til å kaste lys over mønsteret i meiningsdanningane og korleis desse meiningane vert konkretiserte gjennom ulike vedtak og tiltak. Gjennom studien av tekstmaterialet utforskar eg forholdet mellom ulike diskursar og korleis desse ulike diskursane påverkar meiningsdanningane. Byplandiskursen har også hatt materielle og sosiale konsekvensar for utviklinga av byen. Den sosiale praksisen er også viktige artikulasjonar i diskursen som har påverka utviklinga av forståingsformene og meiningsdanningane.

Tre omgrep er sentrale i dette opplegget: tekst, diskursiv praksis og sosial praksis.

- *Teksten* omfattar dei utsegnene eg finn i kjeldemateriale, og gjeld stort sett skriftlege utsegner, men kan også omfatte bilde, teikningar, planar og andre visuelle uttrykk. I denne avhandlinga er teksten i stor grad avisartiklar, men også saksdokument og andre skriftlege kjelder, i tillegg til munnlege utsegner på debattmøte. Planar og prosjektforslag er også viktige tekstar eller artikulasjonar i byplandiskursen.

- *Diskursiv praksis* er den meiningsstrukturen der denne teksten vert produsert innanfor, tatt imot og tolka. Vi har sett at desse meiningsstrukturane kan variere med sosial og kulturell påverknad og vert såleis påverka av andre diskursar.

- *Sosial praksis* er i første rekke dei praktiske, sosiale konsekvensane av diskursen som vedtak om riving eller bygging og korleis utforminga av utbyggingstiltaka skal bli.

Eg har undersøkt desse diskursane gjennom dei utsegnene eller tekstane som diskursane har produsert. Gjennom analyse av desse tekstane avdekkar eg meiningsystema og meiningsinnhaldet i tekstane og kva slags diskurs desse ulike tekstane representerer. Med utgangspunkt i drøftinga av tekstmaterialet, vil eg identifisere dei ulike diskursane i denne diskursordenen. Drøftinga av materialet konsentrerer seg om korleis aktørane og tekstforfattarane har brukt allereie eksisterande diskursar for å skape ein tekst. Når eg analyserer diskursen, er eg interessert i å finne ut av dei diskursive rammene denne teksten er produserte innanfor, korleis teksten samsvarar med andre tekstar innanfor diskursen. På same måte kan vi då analysere korleis diskursen endrar seg gjennom påverknad av andre diskursar (Jørgensen og Phillips 1999:81; Fairclough 1992:73).

I dette arbeidet har eg sett som mål å studere:

- *Kva slags syn på den historiske trebyens eigenskapar og verdiar har kome til uttrykk i byplandebatten? Korleis har desse synsmåtar endra seg og kva konsekvensar har dette fått for utviklinga av trebyen?*
- *Kva faktorar kom til å prege desse endringane i forståingsformene og kven var dei viktigaste aktørane?*
- *Kva slags forståingsformer karakteriserer dagens debatt om utviklinga av trebyen, og kva konsekvensar har desse for forvaltinga av den historiske trebyen?*

Desse spørsmåla tar eg sikte på drøfte i eit diskursperspektiv. Eit viktig utgangspunkt for diskursteorien er at ulike diskursar konstituerer røyndomen (byen) på ulike måtar og at desse ulike måtar å forstå røyndomen på, kjem til uttrykk i ulike *representasjonar*. Synet på trebyens eigenskapar og verdiar vil såleis vere knytt til diskursen sine representasjonar og vil ha som grunnleggjande føresetnader korleis dei ulike aktørane konstituerer byen. Dei ulike tekstane slik dei framstår i kjeldematerialet, gir uttrykk for aktøren eller forfattaren si oppfatning av kva som er gode og positive verdiar ved trebyen. Dei framstiller byen på ulike måtar og legg vekt på ulike forhold ved byen og byutviklinga. Studien av avisartiklar, offentlege saksdokument og andre framstillingar av denne debatten, presenterer meg for ulike synsmåtar og forståingsformer som reflekterer ulike diskursar. Ved å studere omgrep og utsegner som vert nytta av aktørane, vil eg identifisere og tolke desse representasjonane og plassere dei i høve til dei ulike diskursane.

Ved å lese aktørane sin eigen tekst og måten dei formidlar denne på, enten teksten er presentert som ei saksutgreiing i framlegg til bystyre, formannskap eller bygningsråd, eller i avisinnlegg i Adresseavisen, vil eg danne meg eit inntrykk av desse representasjonane, kva dei ulike tekstane arbeider for eller yter motstand mot, og kva slags verdiar og synsmåtar teksten gir uttrykk for. Gjennom studien av tekstmaterialet, men også av den sosiale praksis, er det mogeleg å få eit inntrykk av kva som er dei dominerande forståingsformene innanfor byutviklingsdiskursen til ei kvar tid.

I følgje diskursteorien endrar forståingsformene seg gjennom *kontroversar* mellom ulike diskursar. Gjennom denne studien tar eg sikte på å identifisere desse kontroversane og finne kva slags endringar i forståingsformer som gjekk føre seg og kva endringskrefter som prega diskursen. Korleis kom desse kontroversane til uttrykk? Kven var aktørane? Korleis vart utsegnene tatt i mot og tolka? Kva slags verkemiddel vart brukt for å fremme ulike synspunkt og interesser?

Denne historia sitt mest dramatiske aktstykke var den skarpe debatten og den hegemoniske intervensjonen som skjedde i tiåret frå rundt 1970 til rundt 1980. Konfliktane førte etter kvart til endringar i forståingsformene. Motsetningane i byplan-konfliktane vart utover på 1980-talet oppheva, og det vart på fleire område etablert

eit nytt kunnskapsregime. Dei fleste historiske trebyane i landet vart på denne tida verna gjennom verneplanar. Dette var også tilfelle for store delar av den historiske trebebyggelsen i Trondheim. For å finne ut av grunnlaget for desse endringane i forståingsformene, vil eg gjennom studien av kjeldematerialet finne fram til kva slags *dekonstruksjonar* av kontroversane som gjorde at motsetningane vart oppløyste. Var det nye aktørar som melde seg på arenaen? Var det nye tankar og idear som vart lanserte? Var det intervensjonar utanfor diskursen som gjorde seg gjeldande gjennom introduksjon av nye politiske, tekniske eller økonomiske rammevilkår? Tekstane vil også avsløre kven som var viktige aktørar i desse endringsprosessane og kva slags artikulasjonar som medverka til at vedkomande fekk ein sentral plass i diskursen.

Eg innleia dette arbeidet med utklipp frå debatten om gjenreisingsprosjektet i Brannkvartalet i Nordre gate i Trondheim. Desse utklippa viser at det framleis er ein engasjert debatt om utviklinga av trebyen og den urbane trearkitekturen i byen. Eg vil i dette arbeidet også undersøke om dei motsetningane som kom til uttrykk i denne debatten, reflekterer dei same diskursive representasjonane som gjorde seg gjeldande i striden om trepaléa på Torget, i kampen om Bakklandet og Svartlamoen og i debatten om utforminga av Royal Garden Hotell. Kva kan i så fall denne debatten seie om den framtidige forvaltninga av trebyen?

I analysen av kjeldematerialet tar eg sikte på å leite etter artikulasjonar som gir uttrykk for bestemte *diskursive representasjonar*. Eg vil undersøke korleis forståingsformene har endra seg gjennom *kontroversar* mellom ulike diskursar. Eg vil også undersøke korleis desse motsetningane vart oppløyste gjennom *dekonstruksjonar* og det vart etablert nye *hegemoniske forståingsformer* i byplandebatten.

Kjeldematerialet

Innanfor kvalitativ forskning må forskingsopplegget i stor grad spesialbyggjast til prosjektets særlege karakter og tema. Forskingsopplegget er avhengig av mange forhold: problemformuleringa, kunnskapen om kva som er relevant i høve til problemstillinga, kva kjeldemateriale eg har tilgang til og kva dette kjeldematerialet måtte innehalde.

For å analysere meiningsdanningar og endringar i forståingsformer har eg hovudsakeleg halde meg til eit tekstmateriale som eg har henta frå landets eldste og Trondheims største avis, Adresseavisen. Denne studien er hovudsakleg gjennomført ved hjelp av kvalitative tilnærmingar. Slike tilnærmingar vil alltid vere utfordrande med tanke på å skape truverdige og etterprøvbare resultat. I denne samanhengen har eg lagt vekt på å tydeleggjere det analytiske grepet eg har nytta, og latt dette vere oppe for debatt og etterprøving. Eg har derfor i stor grad latt tekstar frå avisdebatten tale.

Dette materialet er blitt gjort tilgjengeleg via mikrofilmsamlinga til Universitetsbiblioteket i Trondheim. Eg har ved hjelp av gamle og ofte skrantande mikrofilmmaskiner ved Universitetsbiblioteket på Dragvoll og på Gløshaugen, gått gjennom samtlege årgangar av Adresseavisen frå 1965 og opp til 1991. Mange avisreportasjar og eit stort datamateriale er kopierte ut av desse avisårgangane og materialet omfattar fyldige kronikkar og breie omtaler av kommunale planar, presentasjonar av dei ulike utsette trehusområda, intervju av bebuarar, til mindre nyhendereportasjar og korte kommentarar til ulike rivingssaker, aksjonar m.m. Dette grovmaterialet omfattar også portrettintervju med sentrale aktørar i byplandebatten og meir generelle artiklar om byplanlegging og vern av byområde. Til saman er det samla og systematisert rundt 1000 avisartiklar om ulike saker knytt til bymiljøvern og bygningsvern, hovudsakleg relatert til vern av trebyen Trondheim.

I all hovudsak er det Adresseavisen sine reportasjar, kronikkar og lesarinnlegg som dannar kjeldematerialet for studien. Det er avisas utval av kronikkar, lesarinnlegg og reportasjar som i stor grad har avgjort kva saker eg har valt å studere nærmare. Eg har gått ut frå at dei byutviklingsspørsmåla som vart omtala i avisspaltene, også var dei sakene som var gjenstand for eit offentleg ordskifte. Dersom ei utbyggingssak eller eit prosjekt ikkje er blitt omtala i avisspaltene, er desse sakene neppe ein vesentleg del av den offentlege byplandebatten som det har vore mitt ærend å studere. Eg har gått ut frå at avisene også på 1970-talet i stor grad reflekterte den offentlege debatten om fornyinga av byen og sette dagsorden for denne, slik tilfelle er i dag.

I tillegg til at dette er eit omfattande materiale, er det etter mi meining også eit relevant materiale når ein skal studere diskursen om vern og utvikling av trebyen Trondheim. Materialet gir eit fyldig bilde av debatten. Det presenterer dei hegemoniske diskursane, men også dei diskursane som utfordra desse dominerande forståingsformene på ulike tider. Spenninga og dynamikken i diskursen kjem også tydeleg fram i dette materialet, spesielt gjennom den journalistiske dramaturgien. Sjølv om det var mange byggje- og rivingssaker som skapte debatt internt i kommunen, mellom kommunen sine sakshandsamarar og mellom kommunens politikarar, så er det debatten som gjekk føre seg i det offentlege rommet der avisene var det viktigaste mediet, som eg har lagt vekt på å studere. Desse avisartiklane gir innsikt i tenkjemåtar og haldningar både blant kommunens faglege aktørar, blant dei politiske aktørane, blant innbyggjarane og næringslivet i byen og i dei aktuelle interesseorganisasjonane.

Dette omfattande avismaterialet er sortert i høve til ei tematisk inndeling av utbyggingssaker og kontroversar. Eg har valt å konsentrere denne framstillinga om trebyen Trondheim om nokre avgrensa eksempelstudiar som eg har plassert i tre tematiske bolkar.

Den første bolken, "*Rivingsiverens tiår*", handlar om ei dramtisk omvandling av dei gamle trehusområda i Trondheim, men også kampen om å verne enkeltmonument som "Lille Stiftsgården", Svaneapoteket og Hornemannsgården.

Det andre temaet, "*Vern av byen som livsmiljø*", gjeld forsvaret av dei gamle bustadområda og trehusmiljøa i Høgskolebakken-Singsakerbakken, Bakklandet, Ilsvikøra, Sanden-Hospitalsløkka, Møllenberg-Rosenborg og Svartlamoen.

Den tredje bolken, "*Trondheimsandletet*", omfattar nokre utvalde bytransformasjonsprosjekt som skapte stor debatt, hovudsakleg i arkitektfaglege og antikvariske krinsar. Eksempla frå denne debatten er Trondheim folkebibliotek, Royal Garden Hotell og Olavskvartalet. I tillegg har eg tatt med debatten om Brannkvartalet for å studere dagens trebydiskurs i forhold til dei historiske eksempla.

Det er aksjonane på Bakklandet som har gitt det største materialet med over 200 artiklar og reportasjar i perioden frå 1965 og fram til rundt 1991. Omlag 90 artiklar omtala Midtbyplan-prosessen og ulike problemstillingar knytte til planlegginga av Midtbyens utvikling. Debatten om Svaneapoteket og Hornemannsgården skapte også engasjement i nokre hektiske vintermånader rundt 1970. Rundt 40 artiklar tar føre seg denne konflikten.

Etter 1991 har Adresseavisen digitalisert sitt artikkelarkiv, og det har vore mogeleg å søke i avisa sine databaser. Eg har gjort søk i denne databasen knytt til debatten om Svartlamoen og bybrannen i Nordre gate.

For byens politikarar og kommunens administrative leiding var sjølvstøtt den politiske debatten i bystyret og i dei ulike politiske vedtaksorgana i kommunen, viktige arenaer. Når det gjaldt dei viktigaste byplansakene, hadde avisene fyldige dekkningar. I tillegg til avisreportasjane har eg også gjort kjeldestudier av kommunale plandokument på jakt etter utsegner knytte til vern av byens kulturhistoriske sentrum og dei gamle trehusområda. Desse omfatta i første rekkje generalplandokument frå generalplanarbeidet frå 1963 og utover, til byens første generalplan vart godkjend i 1972. I tillegg til sjølve plandokument har eg også tatt føre meg bystyrehandsaminga og saksdokumenta i tilknytning til desse. Desse plandokument gir også eit resyme av sakshandsaminga i andre kommunale forvaltingsorgan enn bystyret. Sakshandsaminga i bygningsråd, teknisk utval, antikvarisk utval, formannskapet og saksframlegg frå dei ulike administrative einingane er også oppsummerte i desse bystyrehefta som er samla i Universitetsbiblioteket i Trondheim sine magasin.

Etter at generalplanen vart godkjend, vart kommunen sitt planarbeid meir fragmentert og spørsmål i tilknytning til vern og fornying av dei gamle trehusområda vart overlate til ulike andre planprosessar. I første rekke gjaldt dette Midtbyplanen som skulle følgje opp generalplanens tilrådingar når det gjaldt arealbruk og utbyggingformer i Midtbyen. Spørsmål i tilknytning til trafikksystema i dei sentrale de-

lane av kommunen vart handterte gjennom ulike trafikkutgreingar og vegplanar. Viktige plandokument var "Bakklandsutredningen" som igjen bygde på "Transportanalysen for Trondheim" og "Vegplan II". Desse ulike plandokumenta inngår også i kjeldematerialet og er gjennomgått med tanke på å utforske dei føringane desse gav for kommunens handtering av vernespørsmåla. Eit viktig grunnlagsmateriale for Midtbyplanen var også Antikvarisk utval si innstilling "Trondheims bybilde". Denne omfattande registreringa av verneverdige bygningar og bygningsmiljø, og dei verneteoretiske tankane denne innstillinga presenterte for byens politikarar, vart eit viktig innspel i debatten.

Eit viktig kjeldemateriale er også dei mange private og offentlege reguleringsplanane som vart fremma i denne perioden for ulike gamle trehusområde som Bakklandet, Sanden-Hospitalsløkka, Møllenberg-Kirkesletten-Rosenborg m.fl. Dei private reguleringsplanforslaga for Bakklandet, Sanden-Hospitalsløkka og Møllenberg - Rosenborg var viktige artikulasjonar i diskursen og medverka til at debatten fekk eit konkret omdreingspunkt. Det vart samla støtte til desse reguleringsplanane gjennom underskriftslistar og støttefråsegner frå ulike organisasjonar og institusjonar. Dei reguleringsplanane og verneplanane som etter kvart vart vedtatt, kan ein sjå som uttrykk for den sosiale praksisen som etter kvart vart etablert på grunnlag av diskursen.

Eg har også henta stoff frå monografiar og lokalhistoriske verk som omtalar temaet. Det gjeld i første rekke "Trondheims historie 997 - 1997", men også frå debattbøkene "Bakklandet lever!" og "Svartlamoen lever!" Det er i dei siste åra kome meir populære framstillingar av byutviklinga i Trondheim og byens bygningshistorie. Desse har ikkje minst gjennom eit rikt billedmateriale, synleggjort dei dramatiske transformasjonsprosessane som ulike delar byen gjekk gjennom i tida frå rundt 1965 og fram til i dag.

Det var også tanken då eg starta dette arbeidet, at eg også skulle gjennomføre intervju med sentrale aktørar i denne byplandebatten. I tillegg til at eg såg at tida ville bli knapp, kunne eg også konstatere at dei mest sentrale aktørane dessverre var avlidne. Eg konsentrerte meg i staden om å få eit best mogeleg bilde av den debatten som gjekk føre seg på det aktuelle tidspunktet, gjennom det viktigaste mediet på den tida, Adresseavisen. I tida før lokal-radio og lokal-TV fekk den plassen i mediabildet som dei har i dag, var avisene det viktigaste talerøret både for byens politikarar og faglege administrasjon, utbyggjarar og innbyggjarar. Når bebuarane i dei trua bustadområda ikkje alltid var så villege til å uttrykke seg gjennom lesarinnlegg og kronikkar, vart haldningar og synspunkt på konfliktane ofte formidla gjennom avisintervju og ulike intervjuundersøkingar.

Sjølv om dette til saman representerer eit omfattande kjeldemateriale, skulle eg ved omtalen av dei enkelte byplankontroversane ofte ønske at eg hadde hatt høve

til å grave meir i arkiva og skaffa eit enno fyldigare grunnlagsmateriale eller at eg hadde avgrensa studien i enno større grad. 40 år er ein lang tidsperiode, og det er produsert mykje materiale om det temaet eg skriv om, med mange ulike vinklingar og perspektiv. Eg stod overfor ei mest utømmeleg kjelde av informasjon.

På den andre sida har eg i dette arbeidet vore opptatt av å studere utviklinga i synsmåtar og forståingsformer, korleis synet på trebyen har utvikla seg gjennom konflikhtar og debatt. For å få fram diskursens dynamikk, var det nødvendig å ha eit romsleg tidsperspektiv. Når eg har strukke denne tidsperioden heilt fram til i dag, er dette gjort for å sjå samanhengen mellom dagens diskurs om sentrale bytransformasjonar i den historiske trebyen og dei diskursive konfliktane som har prega trebydebatten i denne 40-årsperioden. Etter mi oppfatning gir dette kjeldematerialet eit godt grunnlag for å kunne analysere den skiftande diskursen om trebyen.

Kjeldekritikk

Det viktigaste kjeldematerialet mitt er henta frå Adresseavisen. Adresseavisen har som føremål å vere "en uavhengig konservativ avis". I viktige delar av denne perioden som eg har studert, var Adresseavisen også medlem av Den konservative presses forening som hadde sterke formelle bindingar til det politiske partiet Høgre, mellom anna med ein fast delegasjon på Høgre sine årsmøte. Utover på 1980-talet vart dei formelle banda til partiet Høgre oppløyste, men framleis sat det leiande høgrefolk i avisa sin redaksjon. Kjell E. Amdahl som var sjefsredaktør i Adresseavisen frå 1977 til 1996, var leiar for Høgre si bystyregruppe i ein periode fram til 1977 (Gjertsen 2006).

Adresseavisen var i stor utstrekning også eit talerør for næringsinteressene i byen som regionen sitt største annonseorgan. Men trass i desse bindingane, hadde avisa likevel ei open redaksjonell linje som tillet mange ulike meningsytringar frå ulike grupper og interesser å komme fram i avisa. Etter mi oppfatning gir desse tekstane derfor eit godt og nyansert bilde av diskursen om trebyen Trondheim i tidsrommet frå rundt 1965 og fram til i dag. Avisa refererte ikkje ein nøytral versjon av saksforholdet. Både måten journalistane vinkla stoffet på og avisa sine redaksjonelle kommentarar i debatten, gjorde at avisa gjennom dette produserte diskursive artikkelasjonar. Vinklinga av stoffet og tonen i reportasjane kan ofte oppfastast som om dei reflekterte dominerande forståingsformer i større grad enn synspunkt som utfordra desse.

I store delar av denne perioden var det fleire konkurrerande aviser i Trondheim. Både Arbeideravisa og Nidaros hadde viktige reportasjar frå desse debattane. Med sine bindingar til andre politiske parti, Arbeiderpartiet og Venstre / Det Liberale Folkepartiet, hadde dei kanskje også andre vinklingar på stoffet. Det ville derimot bli eit for omfattande arbeid å samle inn eit tilsvarende materiale frå desse

avisene, utan at nyansane i kjeldematerialet nødvendigvis hadde blitt så mykje større av den grunn.

I dei siste åra er informasjonmengda i tilknytning til byplandebattane blitt dramatisk endra. I tillegg til avisene, har vi fått mange lokalradio- og TV-stasjonar og internett med nettaviser og debattfora. Informasjonsmengden har nærmast eksplodert, og utvalet av tekstar må nødvendigvis bli meir tilfeldig. Eg meiner likevel at det relativt sett meir avgrensa kjeldematerialet som eg har valt ut når det gjeld dei nyare eksempelstudiane; Svartlamoen og Brannkvartalet, likevel er godt nok til å kunne danne eit bilde av dagens diskurs om trebyen Trondheim.

Av dei rundt 1000 avisartiklane som eg har plukka ut som relevant materiale for ein analyse av den offentlege debatten om trebyen, er omlag 160 artiklar brukte som referansar i teksten. Tekstolking har vore ein viktig del av dette arbeidet og denne kvalitative tilnærminga til forskning byr på utfordringar. For det første gjeld dette utvalet av dei sitata eg har brukt i teksten. Ved gjennomgangen av dette materialet har eg vore opptatt av å finne uttrykk for representasjonar i diskursen, utsegner som kunne karakterisere dei ulike forståingsformene og meningsstrukturane. For å finne fram til desse representasjonane, har eg leita etter kjerneuttrykk og tekstlege samanhengar som avslørte at dei ulike aktørane og forfattarane såg på byen på ulike måtar, og at dette kunne vere grunnen til at vi fekk ein så skarp debatt om byutviklinga.

I utvalet av tekstane kan ein lett miste nyansane i analysen. Ein kan komme i skade for å leite fram utsegner som skarpstiller debatten og dermed representerer skarpare motsetningar og meir dikotomiske forståingsformer enn det som var tilfelle i det aktuelle ordskiftet. Det er også freistande å leite etter dramatiske effektar og gjere seg nytte av den journalistiske bruken av meir eller mindre polemiske oppslag. Dette styrkar forteljargrepet og kan gjere avhandlinga meir fengslande å lese. Sjølv sagt har eg ikkje latt dette høve til å styrke det litterære grepet om framstillinga gå frå meg, sjølv om eg ser at det lett kan forstyrre den balanserte og saklege handsaminga av stoffet. Eg må innrømme at eg i utvalet av tekstane har vore svak for dei dramatiske oppslaga, og mange av sitata er refererte for å gi framstillinga ein litterær tone.

Det har hovudsakleg vore to arenaer når det gjeld den offentlege byplandebatten. Den eine er bystyresalen og kommunale råd og styre. Den andre er det offentlege rommet med avisene som det viktigaste media. Sjølv om desse to arenaene er svært ulike, særleg med tanke på den forma teksten vert presentert i, er dei likevel arena for den same diskursen. Ulike planleggingsidéar har hatt spelerom på begge desse arenaene. Eg har i tillegg til avisreferat og avisinnlegg, derfor også støtta meg på bystyredokument og plandokument.

Ved at eg i presentasjonen og analysen av diskursen har gjort bruk av avisreferat, har eg i stor grad støtta meg til sekundærkjelder. Eg ser ikkje bort frå at dette kan vere problematisk. Når ein bruker denne typen sekundærkjelde, vert informasjonen sila gjennom mange ledd: 1) Noko vert sagt. 2) Journalisten observerer det som vert sagt og noterer ned det ho oppfattar av budskapen. 3) Desken arbeider vidare med stoffet og legg på ingressar og overskrifter. 4) Forskaren trekkjer ut det han meiner er viktig og presenterer det i sin samanheng. 5) Lesaren tolkar teksten ut frå sin ståstad. Kjenner ein "kviskreleiken", veit ein at dess lenger avstand det er frå primærkjelda, dess meir fordreia kan teksten verte. All tekst er kommunikasjon der både sendar og mottakar formar teksten si meining (Kjeldstadli 1999:179).

På den andre sida er avisreferat, avisreportasjar og lesarinnlegg ein nyttig inngang til diskursen ved at mange aktørar med ulike posisjonar kjem til orde. Som regel snakkar dei gjennom journalisten. Han er naturlegvis prega av si eiga oppfatning av saksforholdet, av sin eigen posisjon i diskursen og av eigne representasjonar. Vi kan derfor sjeldan forvente at journalisten refererer teksten objektivt. Etter kvart som opinionen endra haldning i vernespørsmåla, fekk også avisreportasjane ei ny vinkling. Den journalistiske vinklinga varierer dessutan frå journalist til journalist. Nokre journalistar valde ei positiv tilnærming til bebuaraksjonar, medan andre valde ei meir nøytral eller negativ vinkling. Dei relasjonane som avisas redaksjon hadde til ulike interesser i byen, prega naturlegvis også journalistane og redaktørane si vinkling av stoffet.

Avisreportasjane er likevel, trass i dei kjeldekritiske problema som eg har nemnt, eit svært spanande og informasjonsrikt materiale som kastar eit godt lys over korleis synet på eigenskapar og verdiar ved trebyen Trondheim har endra seg i denne tidsperioden. Dei gir også eit godt bilde av spenningane i konfliktane. Innhaldet i desse tekstane har gitt verdfull kunnskap, både ut frå form og innhald. Aksjonistane i Singsakerbakken sin krigsretorikk viste eit godt bilde av det konfliktnivået som eksisterte mellom aksjonistane og Statens byggje- og eigedomsdirektorat: "*En knapp uke etter at Velforeningen var stiftet, startet angrepet på Singsakerbakken 12*" (Bjørkø 1972). Også Adresseavisen sin reportasje gav uttrykk for tilsvarande motsetningane då dei skreiv: "*Store politistyrker var beordret ut da de hissige og nærmest ubeherskede demonstranter tok et saneringstrua hus i Høyskoleveien i besittelse*" (Adresseavisen 1971.11.25). I tillegg til at tekstane formidla dei faktiske hendingane, gav dei også uttrykk for stemninga og temperaturen i konflikten i tilknytning til desse husokkupasjonane. Avisreportasjane posisjonerte seg i diskursen, og gjennom språkbruk og retorisk form gav dei viktig informasjon om mange forhold ved diskursen.

I dette avhandlingsarbeidet står dei skriftlege utsegnene frå avisartiklar og sakshandsaming som sentrale artikulasjonar i diskursen. I debatten om byutvikling

vil også dei konkrete og visuelle planutformingane og dei bygningsmessige konsekvensane som manifisterer seg, også framstå som viktige artikulasjonar. Eg har derfor lagt vekt på å finne fram til eit illustrasjonsmateriale som både kan hjelpe lesinga av teksten, men som også står fram som viktige utsegner i diskursen og ikkje berre som konkrete og fysiske konsekvensar og eksempel på ein sosial praksis. Arkitektar og planleggjarar si leiting etter gode førebilde og eksempel, har alltid påverka utviklinga av faget. Gode referanseprosjekt har vore viktige for utviklinga av haldningar og fagforståing. Dei konkrete byutviklingsprosjekta representerer såleis viktige artikulasjonar som påverkar diskursen.

Forskaren sin posisjon i forteljinga

Diskursanalysen går ut på å vise at den forståinga vi har av samanhengar, er eit resultat av sosiale og kulturelle prosessar med sosiale konsekvensar. Diskursanalytikaren er i dette tilfelle sjølv forankra i den diskursen som skal analyserast og i ein diskursiv struktur. Sjølv om eg har lagt vekt på å distansere meg frå denne, så gir den sosialkonstruktivistiske teorien ikkje noko håp om å kunne etablere seg på sida av diskursane og prøve å komme fram med objektive sanningar, for sanningane er i seg sjølv alltid ein diskursiv konstruksjon.

Forskaren sin subjektive posisjon kan også skape eit problem med omsyn til utvalet av tekstane. Ut frå dette store materialet er det nærliggande å velje ut tekstar som tilfredsstillar forfattaren sitt politiske og faglege syn på kontroversane i byplandebatten. Det er freistande å plukke ut tekstar som kan medverke til å gi avhandlinga eit dramatisk forteljargrep med heltar og skurkar i kamp om dei rette verdiane. Når ein arbeider med eit kvalitativt materiale, er det ikkje råd å unngå at forfattaren sitt engasjement vil komme til å farge forskingsarbeidet.

At eg sjølv er ein del av tolkinga av materialet, på grunnlag av dei røyntslene eg har og dei forståingsformene og haldningane desse har etablert, er det ikkje så lett å sette ein parentes rundt. Når ein arbeider med diskursar, er det vanskeleg å sjå at desse sosialt konstruerte røyndomsoppfatningane kan oppfattast annleis dersom ein plasserer seg i ein annan diskursiv samanheng. Som forskar er ein ofte ein del av den kulturen ein skal undersøke og deler mange av dei "sjølvsgde" ytringane som karakteriserer eit hegemonisk forståingssystem og gjer at nokre utsegn vert heilt naturleg oppfatta som sanne og andre ikkje.

Dersom ein aksepterer at røyndomen er sosialt skapt og at sanninga er diskursivt produserte effektar, korleis kan ein då argumentere for at eins eigen representasjon av røyndomen er meir nøytral, betre eller meir sann enn andre representasjonar? Dette er eit problem som er knytt til alle sosialkonstruktivistiske tilnæringsmåtar. Dersom ein audmjukt aksepterer den sosialkonstruktivistiske premiss at det er eit vilkår for all kunnskap, at denne berre er ein blant mange andre

representasjonar av verda, vert forskaren som ein objektiv og nøytral tilskodar og analytikar, filosofisk sett ei umogeleg rolle. Forskaren har alltid ein eller annan posisjon i høve til studieobjektet, og denne posisjonen er med på å avgjere kva ein er i stand til å avdekke og presentere som resultat.

Eg har derfor i forordet prøvd å gjere greie for kvar eg står i forhold til den diskursen eg studerer og kva konsekvensar denne posisjonen har for det vitskaplege bidraget. Eg ser det likevel som viktig å prøve å gå ut av den diskursen eg som forskar er ein del av, slik at eigne vurderingar og representasjonar ikkje overskyggar den analysen eg skal gjere. Eg har så langt som det er råd, prøvd å bruke ei antropologisk tilnærming og freista å studere dette kulturfenomenet “forvitring og fornying av trebyen Trondheim” på sine eigne premisser. Som arkitekt og med bymiljøaksjonane på 1970-talet som ein del av mi eiga røynsle, er det derfor likevel vanskeleg å sjå bort frå at dei forståingsformene som utdanninga og den politiske røyndomen på den tida gav, ikkje er med og fargar dei refleksjonane som den vitskaplege studien av dette materialet inneber.

Dette treng likevel ikkje innebere at eg, sjølv med eit sosialkonstruktivistisk utgangspunkt, ikkje er i stand til å validere forskingsresultata og gjere dei så transparente som mogeleg, slik at lesarane kan fatte tiltru til dei. Det er trass alt ein stringent bruk av teori og metode som skaper og legitimerer vitskapleg basert kunnskap. Ved å sjå verda gjennom ein bestemt teori og prøve å sette nye problemstillingar og nye perspektiv under eit vitskapleg lys, kan ein auke forståinga av samanhengar og i dette tilfelle medverke til å auke kunnskapen om etterkrigstidas byplandiskurs og trebyane si dramatiske historie.

Byens romlege organisering må ein sjå som kulturelle representasjonar som endrar seg i takt med dei historisk dominerande og tilgjengelege diskursane.

Paul Ricouer, fransk filosof

3. Teoriar om byplanlegging

Arkitektur- og planleggingsteoriar kan ein sjå som kulturelt og sosialt bestemte forståingsformer og meningsstrukturar innanfor arkitektur- og planleggingsverksemda. Påverka av den faglege debatten og den faglege praksisen, men også av det offentlege ordskiftet, utviklar desse teoriane seg ved at nye forståingsformer vert dominerande. I diskursen om byplanlegging og byutvikling ser vi at ulike forståingsformer representerer intervensjonar og kontroversar i ein kamp om å oppnå ein dominerande posisjon.

Byplanlegging - eit samansett forskingsfelt

Denne avhandlinga inngår i det byplanhistoriske og vernehistoriske fagfeltet. Kvar for seg er dette omfattande forskingsfelt, med stor tematisk breidd og med forankring både i arkitekt- og i byplanleggingsfaget, historie og kunsthistoriefaget. I løpet av si relativt korte historie, har byplanleggingsfaget endra seg mykje og tatt opp i seg nye funksjonar. Bruk av økonomiske og demografiske modellar er blitt viktige delar av planleggingsfaget, trafikk- og vegplanlegginga har hatt ein dominerande posisjon i heile etterkrigstida, i tillegg har sosiologiske studiar av levekår blitt viktige (Thomassen 1997).

Også den arkitektfaglege tradisjon er forankra i eit svært samansett kunnskapsgrunnlag. Utgangspunktet er at det skal etablerast eit heilskapssyn som hentar kunnskap frå mange ulike faglege tradisjonar, tekniske og naturvitskaplege, humanistiske og samfunnsvitskaplege, der dei ulike faga nyttar seg av svært ulike tilnærmingar til spørsmåla om byutvikling og byplanlegging. Samstundes er byplanlegging eit praktisk og handlingsorientert fag der byplanteorien skal skape grunnlag for handling og sette inn tiltak som medverkar til endring av fysiske og so-

siale strukturar. Sidan den teoretiske utviklinga er så sterkt knytt til den praktiske utøvinga av faget, vil byplanlegging vere eit dynamisk og skiftande fag.

Utviklinga av byen må ein sjå som eit fysisk uttrykk for samfunnskraftene sitt spel der dei fysiske løysingane gir svar på konkrete samfunnsmessige behov. Faget sitt fokus og den profilen som faget har hatt opp gjennom tidene, har nødvendigvis reflektert dette forholdet. Endringar i dei samfunnsmessige rammevilkåra bidrar heile tida til skifte av fokus og utviding av innhald. Problemforståinga og verdival har i denne fagtradisjonen blitt reflektert i dei fysiske ideala og korleis desse har manifestert seg i konkrete fysiske løysingar.

I eit så komplekst fagleg univers og med røter i så mange ulike fag, vert teoriar om byutvikling og byplanlegging svært omfattande. Mitt faglege utgangspunkt gjer at eg hovudsakleg vil konsentrere meg om dei fysiske transformasjonane i byutviklinga, om endringar i bystruktur, utbyggingsmønster og bygningsutforming, framfor dei sosiale og økonomiske føresetnadane for og konsekvensane av desse bytransformasjonane. Eg tar sikte på å halde meg innanfor ein arkitektfagleg tradisjon med dei vitjingane denne faglege tradisjonen gjer innom andre fag. Framstillinga ville derimot blitt noko avgrensa og utan nye innfallsvinklar og perspektiv, dersom eg ikkje også hadde sett på korleis dei andre faga som er nemnde, kan medverke til ei breiare forståing av utviklinga av den norske trebyen i etterkrigstida.

Dette tverrfaglege innhaldet gjer at litteraturen på fagområdet er svært omfattande. Eg kan ikkje i denne samanhengen gi noko fullstendig oversikt. Arbeidet med å finne fram til eit teoretisk grunnlag for undersøkinga mi har nærmast vore som å nøste i ein stor og mangfaldig vev med mange ulike trådar, nokre tjukke og med ei tydeleg retning, andre tynne og meir utydelege. Det har vore eit omfattande arbeid å finne mønsteret i denne veven. Veven spenner ikkje berre over mange ulike arbeid i vår samtid, men han har også mange trådar som er spunne opp gjennom tidene, med ei vesentleg tidsdjupne.

Sjølv om eg i dette avhandlingsarbeidet set fokus på den omfattande transformasjonsprosessen som gjekk føre seg i Trondheim frå midten av 1960-talet og fram til i dag, har brytningane mellom dei ulike teoriane og forståingsformene innanfor det byplanteoretiske og verneteoretiske feltet lengre røter. Eg har derfor prøvd å få med meg noko av dette tidsperspektivet for å lære røtene til faget betre å kjenne. I dette kapitlet vil eg trekkje fram relevante delar av denne litteraturen som kan vere med og danne eit arkitektur- og planleggingsteoretisk grunnlag for studien min av utviklinga av trebyen Trondheim.

Kritisk byteori

Innanfor samfunnsgeografien og sosiologien er det gjort mange studiar og utvikla omfattande teoriar om byen og bylivet. Det vil føre for langt i denne samanhengen å gå inn på dette omfattande samfunnsvitskaplege materialet. Likevel kan det vere naturleg å sjå arkitektur- og planleggingsteorien i ein vidare byteoretisk samanheng. Det er geografane som i vitskapleg samanheng har vore mest opptatt av byen, det geografiske rommet og organiseringa av dette rommet. Geografien har tradisjonelt vore fokusert på fysiske objekt som til dømes utbyggingsområda si fordeling i rommet og på romlege avgrensingar (Pløger 1997).

Den moderne bysosiologien fekk si avgjerande utforming i Chicagoskolen i mellomkrigstida. Den sterke urbaniserings-prosessen i amerikanske storbyar på den tida, og dei sosiale problema som dette førte med seg, var bakteppet for studiar og utvikling av teoriar om byen og bylivet. Med eit sosialdarwinistisk utgangspunkt vart byutviklinga analysert som ein funksjonalistisk tilpassingsprosess (Simonsen 1993). Dei fysiske og sosiale vilkåra som byen gav innbyggjarane sine, vart avgjerande for kva slags liv dei kunne leve. Chicagoskolen sitt overordna perspektiv var at det var dei fysiske vilkåra som var avgjerande for utviklinga av bylivet. Det var derfor ei sentral oppgåve for Chicagoskolen å studere korleis desse materiellstrukturane verkar på oss, og kva slags vilkår desse gir for kvardagslivet. Chigagoskolen var ledd i ein reformpolitisk ambisjon om å forbetre livsvilkåra for dei svakarestilte i samfunnet (Pløger1997; Smith 1979).

I Europa har særleg fransk marxistisk sosiologi frå slutten av 1960-åra vore sentral innanfor byforskninga. Innanfor marxistisk byteori har ein vore opptatt av å studere kva byen har hatt å seie for utviklinga av dei kapitalistiske produksjonsforholda. I følgje Karl Marx (1818-1883) har kapitalen tre grunnleggjande krinsløp. Det primære krinsløpet er investeringar i vareproduksjonen. Det sekundære er investeringar i infrastruktur og bygningar og det tertiære krinsløpet er investeringar i kunnskaps- og teknologiutvikling og i sosiale velferdsordningar. Byen er staden der straumen av kapital går føre seg i desse tre krinsløpa, og byen er derfor det sentrale rom for kapitalens ulike sirkulasjonsfærer. Byen gir plass for marknaden og (til dels) produksjonen. Byen er også staden for investeringar i fast eigedom og plassen for utveksling av kapital og varer og for konsumpsjon. Denne marxistiske tilnærminga med vekt på byen som ein arena for produksjon og forbruk, skapte interesse for å studere korleis desse krinsløpa er styrande for den romlege organiseringa av byen og for utviklinga av ein kritisk byteori (Pløger1997; Simonsen 1993).

Denne kritiske byteorien gav fire viktige perspektiv på forståinga av utviklinga av den kapitalistiske byen. Det var for det første fokuseringa på korleis kapital og kapitalflyten verka inn på forholdet mellom kapitalakkumulasjonen og produksjonen av byens bygde miljø. Kapitalens dynamiske jakt på profitt medverka til ei

stadig nyskaping av byen og tilpassing til produksjonens aktuelle behov gjennom riving og nybygging. Denne utviklingsdynamikken skapte nye sosiale relasjonar, nye urbane livsformer og sjølvstige nye førestillingar om byen og bylivet.

For det andre inneheldt den marxistiske byteorien eit sterkare fokus på klassar og klasseskiljer. Dette ført til eit kritisk blick på kapitalens stadige rekruttering av ny arbeidskraft til byane og på den romlege klassesdelinga gjennom suburbaniseringa av byområda og den bymessige segregasjonen med opphoping av etniske og svakarestilte grupper i dei nedslitne bysentra. Vidare var dei opptatt av den spesialiseringa som skjedde i produksjon og forbruk og som avteikna seg i byen og dei urbane konfliktane. Dette var resultatane av dei kapitalistiske produksjonsmåtene sine særlege kjenneteikn: arbeidsdeling, klasseskilje og fattigdom (Pløger 1997; Short 1996).

Den franske filosofen og sosiologen Henri Lefebvre (1901-1991) var ein viktig bidragsytar til den kritiske byteorien på 1970-talet. Han var opptatt av den historiske utviklinga av byen og la vekt på to dimensjonar: tid og rom. Marx hadde peika på at rommet var viktig for å kunne forstå utviklinga av produksjonsforholda i samfunnet. Lefebvre skreiv med utgangspunkt i Marx at "ein teori om byen er ein teori om rommet (space)" (Pløger 1997; Lefebvre 1974 /1991). Lefebvre ville lage ein vitenskap for rommet der pengane rår. På same måte som Marx hadde laga ein vitenskap for produksjonen av varer, ville Lefebvre studere korleis rommet vert produsert innanfor ein kapitalistisk økonomi, og kva vilkår dette gav for utforminga av byen og utfolding av kvardagslivet. Omdreingspunktet for Lefebvre sin filosofi er kvardagslivet. Det er i kvardagslivet at røynselene våre vert samla opp og artikulert. Byen, rommet og arkitekturen dannar rammer om og er ein integrert del av kvardagslivet vårt.

Den negative utviklinga av kvardagslivet knytte Lefebvre til den moderne byutviklinga, til den segregerte forstadsutviklinga og til omdanninga av bysentra frå bustadområde til forbruks-, finans- og informasjonssentra. Det har skjedd ei oppløysing av byen, meinte han, noko som har ført til eit forfall i kvardagslivet gjennom utvikling av isolerte og einsidige bustadområde (Simonsen 1993; Lefebvre 1982). "Det kapitalistiske rommet" var i følgje Lefebvre fragmentert. Alle fragmenta av ein by har det til felles at dei er gjenstand for bytte i det kapitalistiske rommets produksjonsprosess. Den historiske byen representerer i følgje Lefebvre bruksverdi, medan den moderne byen med si orientering mot pengar, handel og utbytte, har hovudsakleg bytteverdi (Simonsen 1993).

Utan å forherlige livet i den preindustrielle byen, slik som vi kan oppfatte at Ruskin og Morris gjorde, var formålet med Lefebvre sin historiske analyse til dels å vise kva som hadde gått tapt gjennom den kapitalistiske urbaniseringa og avdekkje dei mogelegheitene som finst for samfunnsforandring. På linje med tidlegare sosia-

listiske utopistar, prøvde han å konstruere eit alternativt prosjekt, dei undertrykte si gjenerobring av byen. Dette prosjektet skulle danne grunnlag for eit byliv basert på behov der byen hadde bruksverdi og bylivet hadde viktige innslag av rekreasjon og lek. Alle har rett til byen på same måte som ein har rett til arbeid, bustad, fritid og rekreasjon. Lefebvre vart derfor ofte skulda for å vere ein romantisk revolusjonær (S.st.).

Lefebvre prøvde å kombinere samfunnsteoretisk og arkitekturteoretisk tenking i byteoriane sine. Dette kom til uttrykk i modernismekritikken hans der han peika på at den moderne arkitekturen hadde tendens til internasjonalisering og homogenisering, og uttrykte eit likegyldig visuelt rom (S.st.:60). Den moderne, kapitalistiske byen er dominert av marknadskreftene, orientert mot pengar, handel og bytteverdi utan å tene sosiale grupper sine behov. Lefebvre meinte at denne utviklinga kunne ein også lese i arkitekturen. Introduksjonen av den funksjonalistiske retninga med Bauhaus-programmet og CIAM-gruppa / Le Corbusier sitt charter om den funksjonelle byen, meinte Lefebvre representerte gjennomslaget for den moderne, kapitalistiske byen. Det kapitalistiske rommet vart idealisert av Le Corbusier og av medlemmene av Bauhaus samtidig som dei verkeleggjorde det (Lefebvre 1997:51).

Sjølv om Lefebvre ikkje var arkitekt eller arkitekturteoretikar, er likevel byteoriane hans interessante og viktige tilskot til arkitektur- og planleggingsteorien. Ved å peike på at utviklinga av byen og bylivet er nært knytt til den politiske økonomien og til den kapitalistiske produksjonsmåten, sette han også spenningsfeltet mellom vern av dei etablerte, historiske strukturane i byen og behovet for å transformere og tilpasse byen til nye behov og produksjonsmåtar, inn i ein samfunns-samanheng. Som samfunnsvitskapleg tenkjar var Lefebvre opptatt av byens historiske utvikling, rommets produksjon og kvardagslivets utarming og potensiale. I analysen av byen og rommet brukte han gjerne semiotikken og lingvistikken for å kunne forstå byen si meining og verdi, kva slags budskap byen sender og kva slags ideologisk system desse teikna gir uttrykk for eller dekkjer over.

Spenningsfeltet mellom vernetanken og fornyinga av byen, kjem til uttrykk som motsetningane mellom ønsket om å tilpasse byen til nye produksjonsmåtar og ønsket om å ta vare på eit byliv som krev kontinuitet i dei fysiske strukturane. Modernismens ønske om raskt å kunne forandre byen i tråd med den nye teknologien og nye produksjonsmåtar, skapte motsetningar i høve til eit ønskje om å ta vare på byen som eit heilskapleg livsmiljø. Som marxistisk teoretikar såg Lefebvre på det dialektiske motsetningsforholdet mellom den kapitalistiske produksjonen av rommet / byen og ønsket om å verne om den historiske byen sine historiske linjer. Ønsket om å ta vare på det pluralistiske kvardagslivet som karakteriserte bylivet i den historiske byen, var sterkt knytt til vern av dei historiske strukturane. Han såg på den

fragmenterte og sonedelte, funksjonalistiske byen som eit uttrykk for den moderne, kapitalistiske byen som ikkje var innretta for å kunne gi dei nødvendige rammene for kvardagslivet som menneska hadde behov for. Dette samfunnsperspektivet som er sentralt for desse byteoretikarane, er også viktig for å kunne forstå dei samfunnsmessige vilkåra for dei omfattande bytransformasjonane som går føre seg og arkitekturteorien sitt forhold til desse.

Kritisk planlegging

Byplanlegging som fag oppstod som ein reaksjon på dei problema som den ukontrollerte byveksten i samband med industrialismens urbaniseringsprosess skapte, med dårlige levekår i byane, arealmangel og vanskeleg tilkomst (Jensen 1980). Den sterke urbaniseringa på 1800-talet som følgde industrialiseringa og utviklinga av handelsnæringane, auka dei sosiale problema i storbyane. Levekåra vart forverra med høge barnedødstal som ein viktig indikator. Men det oppstod også problem med infrastrukturen. På grunn av utviklinga i kommunikasjonsteknologien, innføring av elektriske sporgogner, forstadsbaner og ikkje minst privatbilen, voks byane mykje i utstrekning. Desse nye kommunikasjonssystema var det derimot ikkje plass til i den gamle bystrukturen. Tilhøva i den moderne, industrielle storbyen var ofte kaotiske, og planlegginga var heile tida på etterskot i forsøket på å bøte på dei problema som den ukontrollerte byveksten skapte.

Den franske byplanhistorikaren Francoise Choay, som har studert 1800-talets byplanlegging og verneteoriar, innførte omgrepet kritisk planlegging (Choay 1969). Choay hevda at planleggarprofesjonen vart skapt som ein del av ein kritikk mot tilhøva i storbyane på midten av hundreåret, etter at den industrielle revolusjonen hadde skapt ein omfattande byvekst. Choay meinte at det på 1800-talet utvikla seg tre ulike retningar innanfor planleggingsprofesjonen med temmeleg ulike idear. For enkla kan desse retningane omtalast slik:

"Den regularistiske modellen" tok sikte på å utvikle den eksisterande byen gjennom lovverk og reguleringar, og fungerte som ein strategi for den offentlige administrasjonen. Denne modellen var opptatt av å skape orden, rydde opp i det tronge gatenettet i byane og fornye byen sin bebyggelse.

"Den progressistiske modellen" såg framover, inspirert av ein visjon om sosiale framsteg og ønske om å utnytte dei nyvinningane som vitskap og teknikk kunne by på, basert på nye kommunikasjonssystem og ein alternativ romstruktur. Det vart utforma utopiske modellar med vekt på å skape gode bustadområde med mykje lys, luft og grønne område og ein standardisering basert på likskapsprinsippet.

"Den kulturalistiske modellen" såg først og fremst på byen som kulturmiljø. Denne retninga var opptatt av å studere korleis menneska opplevde byen psykolo-

gisk og sosialt. Løysingane var ofte å finne i den førindustrielle byen, i den vesle skalaen, i den tilfeldige variasjonsrikdomen. I motsetning til den progressistiske modellen, tok den kulturalistiske modellen ikkje utgangspunkt i visjonære førestillingar, men utvikla ein kritikk av situasjonen i den eksisterande byen ved gjennombrøtet av industrialiseringa. I kritikken av denne byutviklinga vende dei tilbake til den førindustrielle byen. Bak desse nostalgiske førestillingane låg interessa for historiske studium som følgde romantikken. Romantiske førestillingar om antikken, mellomalderen og renessansen blomstra, og det var ein trong til å sjå på livet i dei førindustrielle byane som eit idealbilde.

Det er vanskeleg å sjå desse retningane som tre ulike og konkurrerande retningar, men heller at planleggarprofesjonen tok opp i seg alle desse retningane i sitt arbeid, men i ulik grad til ulik tid. Choay såg på utviklinga av byplanleggingsfaget som ein prosess som var påverka av ei rekkje samfunnsmessige forhold og samtidas filosofi og vitenskap.

Rolf H. Jensen studerte i si doktoravhandling "*Moderne norsk byplanlegging blir til*" den idéutviklinga som prega framveksten av moderne norsk byplanlegging i tidsrommet 1854-1930. Han meinte at det utvikla seg to retningar innan byplanfaget, *dei sosiale utopistane* og *reformistane* (Jensen 1980). Den sistnemnde gruppa omfatta spesialistar og embetsmenn som fekk innført nye reguleringar på ei rekkje felt, først og fremst med utgangspunkt i helse- og sanitærforholda i byane, og som la grunnlaget for moderne lovgiving innan byplanlegging. Utopistane freista å lage heilskaplege planar for byutviklinga med utgangspunkt i idéelle føresetnader og visjonar om den gode byen. Dette viste seg å vere vanskeleg å gjennomføre i praksis. Idéane deira kom likevel til å leve vidare og kom til å påverke utviklinga av byplanidéala. Den retninga som Jensen kallar reformistane kan ein lett plassere i Choay sin kategori, den regularistiske retninga, medan ein finn Jensen sin kategori, utopistane, att både i den progressistiske og kulturalistiske retninga.

Den svenske arkitekten og arkitekturteoretikaren, Bjørn Linn, peika på at dei retningane som Choay påviste, prega planleggingsprofesjonen også på 1900-tallet (Linn 1974). Med utgangspunkt i Françoise Choay si kategorisering, opererte han med følgjande omgrep og kategoriar: *Den regularistiske linja* medverka til å skape det offentlege plansystemet; utviklinga av planleggingslovgivinga og planleggingsbyråkratiet i byrjinga av det 20. hundreåret. Ønsket om å legge til rette infrastruktur og utviklingsareal, og elles sette byen i stand til å møte nye samfunnsskapte behov, ikkje minst frå eigedomsutviklarar, vart tatt vare på i tråd med denne modellen. *Den rasjonalistiske linja* slo igjennom på 1930-talet under namnet funksjonalistane som erobra planleggingsfaget med sine visjonar og framstegsoptimisme. *Den humanistiske retninga* kan kjenneteiknast med dei sterke kulturradikale straumdraga på slutten av 1960-åra og utover på 1970-talet med blant andre bymiljørørsla. Denne

retninga hadde talsmenn både i den unge, radikale generasjonen, men også i verdi-konservative krinsar.

I sin gjennomgang av arkitekturideala i norsk byplanlegging frå 1950 til 2000, opererte Karl Otto Ellefsen med omgrepa kulturalismen som ein parallell til og ei motsetning til rasjonalismen (Ellefsen 1999). Han meinte at modernismen i byforming og byplanlegging er ein del av den rasjonalistiske tradisjonen, medan kulturalismen legg vekt på arkitektur som eit stabilt kulturelt uttrykk og ser byform uavhengig av endringar i produksjons- og livsform.

Også andre planleggingsretningar og arkitekturideal er blitt presenterte i byplanlitteraturen opp gjennom tidene. Nokre av desse er oppsummerte i Pax Leksikon sine seks byplanideal (Butenschøn 1978: 509-510):

1. *Idealbyen*. Dei sosialistiske utopistane, dei sovjetiske konstruktivistane og dei italienske futuristane foreslo byutopiar som var karakteriserte med stortenkte, ordna system og strukturar. Også funksjonalistane med Le Corbusier i spissen, foreslo slike idealbyar. Felles for desse prosjekta var at dei kunne konstruerast på teiknebrettet.

2. *Sosialbyen*. Reaksjonane på den industrielle byen skapte romantiske førestillingar om den preindustrielle byen. Typiske representantar for desse tankane var Ruskin, Morris, Sitte og Howard. I samtida er dette synet blitt følgt opp av til dømes Kevin Lynch og Gordon Cullen.

3. *Regionalbyen*. Dette byidealet vert omtala som ein planleggingsmetode for å skape betre balanse mellom byen og omgivnadene i ein hierarkisk byorden som kom til å prege by- og regionsplanleggingsfaget i nyare tid. Patrick Geddes og Lewis Mumford er nemnde som viktige eksponentar for desse tankane.

4. *Formalistisk by*. Dette byidealet har røter i den formalistiske tradisjonen i moderne byplanlegging, og kjem til uttrykk i Haussman si omforming av Paris, Otto Wagner si regulering av Wien og Albert Speer sin plan for Berlin. Formalistisk byplanlegging tar sikte på å etablere orden og tydelege visuelle uttrykk utan tanke for sosiale forhold. Av moderne representantar er Aldo Rossi og Bob Krier nemnde.

5. *Nostalgisk by*. Denne kategorien har utgjort ein allianse av ulike interesser. Det er den antikvariske tradisjonen, den konservative populismen og den kritiske radikalismen som samla seg i kritikken av den moderne bytransformasjonen og forsvarte raseringsstrua eldre bustadstrøk. Denne retninga var dessutan opptatt av å ta vare på eldre bygningsmiljø, restaurering og rehabilitering og utvikling av ein arkitekturgramatikk som tok sikte på å tilpasse nytt til gamalt. Postmoderne stilideal kan seiast å vere knytte til desse byideala, sjølv om ein også finn tydelege element av den formalistiske byen og idealbyen.

6. *Sjølvbyggjarbyen* er skapt av pluralismen som søker uttrykk for nye livsformer og fører til ein arkitektur utan felles normer, uavhengig av stilartar og historiske førebilde. I denne modellen vert økologisk orientert bygging og byutvikling gjerne plassert.

Det er interessant å breie ut desse byideala for å sjå korleis dei passar til dei ulike planleggingsretningane eller -modellane som er nemnde tidlegare. Det er ikkje vanskeleg å plassere dei inn i Choay og Linn sine idéretningar. Den formalistiske byen kjenner vi att i den regularistiske modellen. Idealbyen fell stort saman med idéstraumane til den rasjonalistiske planleggingsretninga, medan sosialbyen, den nostalgiske byen og til dels den regionale byen og sjølvbyggjarbyen kan plasserast innanfor den kulturalistiske modellen. Stort sett har desse ulike arkitekturteoretikarane observert dei same tendensane i idéutviklinga innanfor planleggingsverksemda frå 1800-talet og fram til i dag. Dei har derimot gitt dei ulike idélinjene ulike namn og laga litt ulike kategoriar.

Gjennomgangen av nyare norsk planleggingshistorie kan tyde på at det hovudsakleg er to dominerande retningar: den rasjonalistiske som har ein teknisk-økonomiske rasjonalitet, godt forankra i ein positivistisk kunnskapstradisjon, og ei kulturalistisk retning som i hovudsak er retta mot dei sosiale og kulturelle sidene ved byutviklinga og byplanlegginga. Eg vil derimot gå glipp av nyansar i analysen og framstillinga dersom eg opererer med ein slik dikotomisk modell. Eg har derfor funne det meir fruktbart å legge Linn og Choay sine teoriar med dei tre planleggingsretningane til grunn for analysen av utviklinga av trebyen.

Linn og Choay vel ulike namn på desse planleggingsretningane. Medan Choay opererer med den regularistiske retninga, den progressistiske retninga og den kulturalistiske retninga, har Linn kalla sine idéretningar for den regularistiske, den rasjonalistiske og den humanistiske retninga. Innhaldet i desse to omgrepsapparata er derimot svært parallelle. Same kva namn vi vel å gi dei, inneheld desse modellane tre tydelege og ulike retningar innan byplanlegginga som vi kjenner att frå 1800-talet og fram til vår tid. Linns påstand er at den fysiske planlegginga hadde nokre av dei same trekka på slutten av 1800-talet som på 1970-talet (Linn 1974). Eit av desse er den låge vurderinga av 1800-talsbyen. Eigenskapar som vi i dag oppfattar som positive ved den historiske byen, vart heller oppfatta som negative på den tida. Ein tett bystruktur med lite føremålstenleg tomtestruktur, blanding av funksjonar som bustader, arbeidsplassar og butikkar innanfor same område eller jamvel innanfor same bygning, vart sett på som negative sider ved byen.

I denne studien av utviklinga av trebyen, har eg funne det fruktbart å leggje Franscoise Choay og Bjørn Linn sin kritiske planleggingsteori til grunn. Dei idéretningane som kjem fram i denne teorien, synes å vere relevante i ein studie av det politiske og faglege spenningsfeltet mellom vern og utvikling av dei historiske tre-

byområda. Eg vil derfor presentere nærmare desse tre idéretningane og korleis dei har forma byplanleggingsfaget opp gjennom tidene. Eg har funne det mest føremålstenleg å halde meg til Bjørn Linn og Françoise Choay sitt omgrepsapparat, men har valt å bruke Choay sitt omgrep, den kulturalistiske idéretninga i staden for den humanistisk, fordi dette etter mi meining dekkjer betre oppfatninga av byen som eit sosialt og kulturelt miljø, men heller bruke Linn sitt omgrep rasjonalistisk i staden for progressivistisk. Eg vil derfor bruke desse tre omgrepa:

Den regularistiske retninga sørgjer for å regulere og byggje vidare på den eksisterande byen. Dette er den offentlege administrasjonen si linje.

Den rasjonalistiske retninga siktar mot ein ny og meir effektiv og funksjonell by som byggjer på industrien og den moderne produksjonsteknologien sine måtar å løyse problema på.

Den kulturalistiske retninga vil først og fremst sjå på byen som eit kulturmiljø og som interesserer seg for korleis byen vert oppfatta psykologisk og sosialt. Utgangspunktet for denne retninga er humanistisk vitskap, kunst og kulturdebatt.

Den regularistiske retninga - transformasjonen av byen

Den regularistiske retninga ville med "reformistiske" metodar prøve å endre den eksisterande byen og byggje vidare på denne. Gjennomgåande trekk ved denne planleggingsretninga var fastsetting av normer basert på tekniske og hygieniske forhold. Desse var ofte forankra i eit vitskapleg språk. Eit idealtypisk eksempel på denne planleggingsretninga er i følgje Françoise Choay, Baron Georges Hausmann (1809-1891) si regulering og ombygging av Paris i tidsrommet 1853 til 1870.

Det var først og fremst trafikkproblema som fekk prioritet ved denne bytransformasjonen. Med gateutvidingar ville trafikken flyte lettare, men det ville også bli lettare å flytte troppar gjennom byen, noko oppstanden i Paris i 1848 nyleg hadde gjort til ei aktuell problemstilling. Gjennom Hausmann si regulering av Paris vart det utvikla eit hierarkisk og differensiert trafikksystem. Eldre gater vart utvida og store område med bebyggelse frå mellomalderen vart rivne. Ønsket om å ta vare på det gamle bebyggelsesmønsteret var på denne tida ikkje modna i den grad at ein såg verdiane i den gamle og forfalne mellomalderbebyggelsen. Men gjennom denne reguleringa kom byen til å fungere meir som ein heilskap, både som fabrikk og marknad, som produksjons- og forbruksarena. Tidlegare hadde storbyane fungert meir som ein sum av mange små byar som levde sine autonome liv (Choay 1969:15-19).

Sjølv om Hausmann var opptatt av dei estetiske sidene ved byplanen, er det ikkje det som imponerer ved byplanen. Byplanen representerer ein monoton repetisjon av nyklassisistiske element med lange, rette gater og uniforme bygningar i gatelivet. Men prosjektet vart lagt merke til, og kom til å bli ein modell for mange an-

dre byar i Europa. Hausmanns plan for Paris var den første i Europa av sitt slag, ein heilskapleg plan for eit større byområde. Reguleringsplanen vart følgt opp med eit lovverk som gjorde det mogeleg å gjennomføre tiltaka, og med eit planleggingsbyråkrati som skulle medverke til å sette planane ut i livet. Bytransformasjonen vart gjennomført med ein imponerande grad av effektivitet.



*Figur 3.1: Hausmanns Paris.
Kjelde: (Choay 1969).*

Nokre år etter at Hausmann hadde avslutta arbeidet i Paris, kom dei første av dei tyske byplanteoretiske avhandlingane som etablerte byplanlegging som eit vitenskapleg arbeidsfelt. Det var kommunikasjonar og bustadbygging som vart framheva som dei viktigaste oppgåvene som måtte løysast. Det vart gjort analysar av byen sine funksjonar, og prinsippet med sonering av dei ulike byfunksjonane vart utvikla.

Tyskaren Reinhard Baumeister var ein pioner med omsyn til å utvikle byplanleggingsteorien, og la grunnlaget for utvikling av generalplanen (Baumeister 1876). Etter han fekk vi ei lang rekkje tyske systematikarar som arbeidde med å utvikle retningslinjer og lovgrunnlag for byplanlegginga (Stübgen 1980). Det vart utvikla reguleringsføresegner som fastsette arealbruk, byggjelinjer og byggjehøgder og som etablerte eit juridisk grunnlag for ekspropriasjon. Desse lovene og det publiserte materialet kom til å gi den tyske kulturkrinsen ein plass som førebilde når det galdt byplanlegging i Europa. Ikkje minst vart byplanleggjarar rundt om i Europa opptatt av den austerriske arkitekten Otto Wagner si regulering av Wien i 1893. Wagner baserte sitt reguleringsplanarbeid på ein omfattande funksjonell og teknisk, men også økonomisk studie av byplanen sine føresetnader (Linn 1974:79-80).

Det var dei sosiale problema som stod på dagsorden når ein i store delar av Europa tok fatt i byproblema. Arbeidarklassen sine levkår i storbyane, framskunda av fleire koleraepidemiar, førte til at det vart vedtatt ei rekkje lover som skulle rydde opp i dei sosiale problema med å ordne avløpsforhold og vassforsyning og sikre ein minimums bygningsstandard.



*Figur: 3.2: Otto Wagners regularistiske by.
Kjelde: "Die Grosstadt" (Linn 1976).*

I Noreg fekk byplanlegginga lita oppslutning i det 19. hundreåret. Utviklinga av det demokratiske statsapparatet hadde enno ikkje sørgja for tilstrekkeleg legitimitet til at stat og kommune kunne gå inn og regulere grunneigarane sin rett til å byggje ut sin eigen eigedom (Jensen 1980). Den private eigedomsretten hadde og har ein sterk posisjon i vår rettstradisjon. Overgangen til meir lokaldemokratiske styringsformer med innføring av kommunalt sjølvstyre, gjorde det faktisk vanskelegare å gripe inn og styre utviklinga i tråd med overordna planar og idear.

Den raske byveksten medverka dessutan til at planleggjarane ikkje makta å følgje med. Planlegginga var hele tida på etterskot. Problema i dei raskt veksande byområda førte til at det vart særleg to forhold som vart viktige innanfor byplanarbeidet; helsereformarbeidet og veg- og gatereguleringar. Stor tilflytting frå landsbygda til byane førte med seg dårlege bustadtilhøve med tronge og dårlege husvære og elendige sanitærforhold. Det var derfor særleg bustadspørsmålet som på slutten av 1800-talet vart påakta i byplanlegginga.

Då dei fleste norske byane på byrjinga av 1900-talet, med Oslo som det viktigaste unntaket, hovudsakleg omfatta tett trehusbebyggelse, vart naturlegvis brannvern ei viktig utfordring. Eit viktig verkemiddel ved sidan av murtvangføresegnene var gateutvidingar for å hindre brannspreiing og gjere det lettare å komme fram med brannsløkkeutstyr. Mange gater var så smale at hest og kjerre ikkje kunne passere, og ein måtte køyre lange omvegar for å snu. Behovet for å føre fram frost- og trykksikre vassleidningar i gatene, førte også til behov for omfattande tiltak. Byplanlegging i norske byar i den siste halvdel av 1800-talet var derfor hovudsakleg veg- og gatereguleringar. Saman med gateutvidingstiltak hørte naturlegvis

planar om riving av den tilhøyrande bebyggelsen. Men som regel mangla kommunane pengar og politisk vilje til å gjennomføre desse radikale planane.

I denne situasjonen var det vanskelig å sjå at forhold som tidligare hadde spela ei viktig rolle innanfor byplanlegginga, byggjekunsten og estetikken, kunne få nok stor plass. Rett nok oppstod det arkitektoniske ambisjonar innanfor denne teknisk orienterte byplanlegginga (Hearn 2003). I tråd med klassisismens ideal vart gatenettet ofte stramma opp. Gatene vart utvida og gjort meir monumentale med plassar og fondmotiv. Det vart også opparbeidd mange parkar, utforma i tråd med dei romantiske og klassiske hagekunstideala på den tida. Hausmanns regulering av Paris vart eit førebilde for mange byplanleggjarar, også i Noreg. Men få hadde hans administrative evner, ressursar, mot og politiske posisjon til å kunne gjennomføre slike planar.

Bygningslova som vart vedtatt for Oslo i 1827, var landets første bygningslov med føresegner som også var knytte til byregulering. Denne lova danna førebilde for landets første nasjonale bygningslov som vart vedtatt av Stortinget i 1845 (Jensen 1980). Føresegnene var hovudsakleg knytte til brannvern, men etter kvart tok lovverket også med vedtekter som tok sikte på å forbetre dei sanitære og hygieniske tilhøva i byane. I Noreg kom industrialiseringa mykje seinare og tok også mykje lenger tid enn i England, Tyskland og Frankrike. Dei sosiale problema som vi kjenner frå urbaniseringsprosessen i desse landa på 1800-tallet, var Noreg ikkje i nærleiken av (S.st.). Grunnlaget for dei norske bydanningane var på denne tida ikkje så mykje industriproduksjon som handel og administrasjon knytte til fiske, trelast, gruvedrift og sjøfart. Dei norske bysamfunna var utprega standsamfunn med viktige, vertikale sosiale skiljelinjer mellom embetsmenn og storkjøpmenn som utgjorde borgarskapet og ein underklasse av handverkarar, tenestefolk og arbeidarar.

Industriproletariatet voks raskt i byrjinga av 1900-talet, og med det eit aukande bustadproblem. Det var derfor naturleg at bustadproblemet stod sentralt i byplanlegginga på den tida. Dette vart oppfatta som eit forsyningsproblem, og det vart arbeidd med å skaffe areal, regulere bustadfelt og byggje arbeidarbustadar i utkantane av dei sentral byområda. Ideala var hagebyane, og bustadkooperasjonen vart danna. Utbygginga i ytterområda vart mogeleg gjennom utviklinga av transporteknologien. Elektriske sporvogner og forstadsbaner vart bygde ut i dei større byane, Oslo, Bergen og Trondheim, og gjorde det mogeleg å byggje ut område utanfor bykjerna der tomtene var ledige og tomteprisane låge. Interesse for randsonene førte derimot til at sentrumsområda forfall.

Delar av mellomkrigstida, spesielt 1920-åra, var prega av krise og økonomiske nedgangstider med stor arbeidsløyse, konkursar og tvangsauksjonar. Mange kommunar makta ikkje dei økonomiske pliktene sine og vart sette under admini-

strasjon av staten. Den svake private og offentlige økonomien førte dermed til liten byggeaktivitet. Likevel var mellomkrigstida ein periode da mykje av det som kom til å prege det moderne norske samfunnet vart utvikla og etablert (Furre 1972).

Førebilda for utbygginga vart ofte henta frå Sverige og England (Jensen 1980). Reguleringa av bustadområde inne i byane tok sikte på å møte helsekrav og krav om betre sanitærstandard, betre sol- og lystilhøve ved å sanere bakgårdsbygningar. Det vart lagt vekt på å byggje parkar og plassar. Sonering vart innført ved å lokalisere ulike funksjonar som industri, handel og bustader til ulike og separate område i byane. Dette vart etter kvart eit vanlig byplanprinsipp som kom til å gjelde både for den regularistiske og rasjonalistiske idéretninga.

Planleggingsteoriar var hovudsakleg knytte til fysisk form, sjølv om utbygginga også skulle gi svar på sosiale og økonomiske problem. Dei sosiale omsyna kom først og fremst til uttrykk gjennom utforminga av bustadområda der hageby- og "eigen heim"-ideala etter kvart kom inn (Reiersen 1996). Etter kvart vart også andre omsyn trekte sterkare inn i planlegginga: næringsgrunnlag, trafikkforhold, demografiske forhold som folketal, busettingsmønsteret, sanitære sider, klimatiske forhold, terrengforhold og geologiske forhold.

Trafikkomsyn utgjorde hovudingrediensen i dei nye planane. Idéen om eit differensiert trafikksystem fekk feste. Normtal og folketal vart dimensjonerande for utforminga av arealbruken og lokalisering av funksjonane der hierarkiske system ofte vart viktige. Endeleg vart også verdifulle, gjerne eldre bygningar og andre sær-eigne forhold inkluderte. Utbygginga av bysentra var såleis ein motsetningsfylt prosess. Den politiske kontrollen gjennom nøye gjennomtenkte planar var svakare i sentrumsområda enn utanfor der utbygging av drabantbyar og bustadområde vart gjennomførte etter moderne planleggingsprinsipp og grundige politiske prosessar. I bysentra vart utviklinga i større grad driven fram av private nærings- og utbyggingsinteresser utan realistiske, heilskaplege planar (Thomassen 1997).

Sentrale intensjonar i den regularistiske byplantenkinga var knytte til kravet om å etablere eit vitenskapleg grunnlag for planløyisingane, til visjonar om det gode liv og til fysisk form. Det førte også til at teknisk-økonomiske problemstillingar kom i framgrunnen som utrekning av transportbehov, demografiske analysar av folketalsutviklinga som dimensjoneringsgrunnlag for arealbruk og infrastruktur m.m. På dette grunnlaget utvikla det seg etter kvart ein planleggjarpraksis som i arbeidsform kom til å skilje seg sterkt frå arkitektens vanlege arbeidsform, med eit stort omfang av enkle, men vitenskapleg intenderte analysar som basis for planforslaga. Etter kvart vart nye fagområde rekrutterte inn i planleggingsmiljøa for å gi meir substans til desse nye arbeidsformene og dei nye faglege perspektiva.

Denne planleggingsfilosofien tok utgangspunkt i at grunnlaget for planlegginga måtte vere meir vitenskapleg fundert, og ikkje som tidligare ha eit kunstnariske ut-

trykk som målsetting. Med dette kom ønsket om å etablere ei ny arkitektrolle. Dette synspunktet hadde også tilslutning av byplansjefen i Oslo, Harald Hals.:

"Den som skal stå for denne planleggingen må ha et bredt anlagt kjennskap til resultatet av de foreliggende forskningsarbeider Han må ha et samfunns-messig syn .. - et inngående kjennskap til folkets sosiale struktur, til de enkelte klas-sers eller yrkesgruppers boligvaner og livsførsel og dermed følgende bebyggelsesformer. ... Med disse betingelsene og på dette grunnlag kan planen ut-tenkes, og den kan da deretter også tegnes"(Hals 1946 :119).

Arkitekten vart ikkje lenger berre ein fagleg leverandør av klientens ønske. Han var heller ikkje lenger den frie kunstnaren som arbeidde med formmessige, fy-siske uttrykk. Han vart samfunnsorganisationsen som skulle utvikle visjonane for samfunnsutviklinga og samtidig vere den som var i stand til å realisere dei (Ellefsen 1999).

I mellomkrigstidas Noreg oppstod eit ønske om å skape ein nasjonal identitet i planlegginga (Jensen 1980). Landskapet, den dramatiske topografien, skulle danne føresetnader og utgangspunkt for planlegging av tettstadene. Planen vart styrt av ei bevisst geometrisk form der moderne byplanideal vart kombinerte med nyklassiske ideal som symmetri og bruk av fondmotiv og markerte aksar som gav planen eit mo-numentalt preg. Det var derimot meir i tråd med den norske tradisjonen å bruke mel-lomalderens mangfald og variasjon enn barokkens strenge geometriske form. Dette let seg derimot ikkje så lett foreine med den moderne byplanlegginga sitt krav til system. Harald Hals kommenterte dette i samband med arbeidet med den første ge-neralplanen for Oslo:

"Men middelalderens plan - og eller planløshet - hvor tiltalende den enn kan være for begrensede strøk - lar sig vanskelig tillempe under våre dagers pulserende trykk. I de storstadsdannelser som karakteriserer nettopp denne tid, hører den dår-lig hjemme." (Hals 1929 : 20).

Landets første professor i bustad- og byplanlegging ved NTH, Sverre Peder-sen, og byplansjefen i Oslo, Harald Hals, var begge opptatt av planen sine estetiske element der forholdet til terrenget var ein viktig del og ofte førande for planens estetiske "grep". Omfattande analysar av terrengforhold var som regel avgjerande for planens berande ide. Likevel var det planen som tilretteleggjar for ei samfunns-utvikling som kravde nye fysiske strukturar som var viktigast for desse planleg-gjarane.

Den rasjonalistiske linja - byen som visjon

Idéen om å gi opp den historisk byen med den komplekse og mangfaldige bystruk-turen, til fordel for å utvikle ein heilt ny by tilpassa det moderne industrisamfunnet,

dukka opp allereie på 1800-talet, men fekk ikkje noko stort gjennomslag før på 1900-talet i form av funksjonalismens gjennombrot. Det var industriens måte å definere og analysere problema på som kom til å prege denne byutviklingslinja. Idéen om å planleggje og leggje til rette for ein effektiv produksjon, sosialt og hygienisk, vart gjerne kombinert med visjonar om å tilpasse desse omsyna til kunstnariske og formgivande ambisjonar. Metoden var i stor grad basert på idealtypiske førestillingar om menneskelege behov, knytt til kvantifiserbare og vitskapleg baserte storleikar, som eg har påpeika også var tilfelle innanfor den regularistiske tradisjonen. Bebyggelsen skulle vere prega av oversikt og logikk og reflektere dette på ein ein tydlig og klar måte. Tanken om at kunsten, som også omfatta arkitekturen, burde gi uttrykk for samtidas kulturelle uttrykksmåte, vart etter kvart eit sentralt tema innanfor modernismen som Le Corbusier uttrykte i slagordet "*l'esprit nouveau*".

Det er dei sosialistiske utopistane med Robert Owen (1771-1858) og Charles Fourier (1772-1837) som vert rekna som pionerane innanfor denne idéretninga. Charles Fourier sitt bustadkompleks *Social Palace* var dimensjonert for 2000 bebuarar og i stor grad basert på fellesskapsløysingar. I dei sentrale delane var det fellesfunksjonar som kjøkken, matsalar, vaskeri, fellesbad, forsamlingslokale, sjukestove, barnehagar og skolar m.m.



Figur 3.3: Prosjekt som viser Fouriers førestillingar om eit "sosialt palass".
Kjelde: (Choay 1969).

Robert Owen prøvde å realisere tilsvarende idéar ved å kjøpe opp store landeigedomar i Indiana, USA, i 1825 og etablerte *New Harmony*. Nokre år seinare drog han tilbake til England etter å ta tapt det meste av formuen sin. I Guise i Frankrike lukkast det derimot industriherren Jean Baptiste Godin (1817-1888) å bygge eit *So-*

cial Palace for sine arbeidarar. Prosjektet stod ferdig i 1865 og er framleis i bruk (Choay 1969:99).

Det som kom til å karakterisere den rasjonalistiske linja, var den sterke tilknyttinga til dei industrielle produksjonsideala. Det gav idéane om at bustader og kollektive serviceordningar skulle samlast i egne einingar. Dei engelske idéprosjekta "*Victoria*" av den engelske forfattaren James Silk Buckingham (1786-1855) frå 1849 og "*Hygeia*" av den engelske legen Benjamin Ward Richardson (1818-1896), publisert i 1876, presenterte tankar om byar med ein open struktur, store innslag av grønne område der dei la vekt på miljøet sine hygieniske eigenskapar (Linn 1974; Buckingham 1849; Richardson 1876). Desse tankane kom litt seinare til å få innverknad på Ebenezer Howard sine hagebyideal.

Dei sosialistiske utopistane sine romantiske førestillingar om å vende tilbake til naturen, vart på slutten av hundreåret erstatta av meir teknologiromantiske førestillingar. Byen skulle byggjast rundt eller langs kommunikasjonslinjene. Arturo Soria y Mata (1844-1920) utvikla teoriar om den lineære byen, basert på ein av dei første sporvognslinjene i Madrid. Forma på den lineære byen (*ciudad lineal*) var karakterisert som visjonær, open, funksjonell og standardisert. Tony Garnier (1869-1948) arbeidde med teoriar om den industrielle byen (*cité industrielle*) som bygde på førestillingane om ein sonedelt by etter faste mønster, bunde saman med eit moderne kommunikasjonssystem (Linn 1974; Garnier 1990). Denne trua på teknologien kom enno sterkare til uttrykk i Saint'Elias futuristiske byvisjonar i byrjinga av 1910-talet (Linn 1974; Ferron 1975). Med deira tydelege entusiasme for teknologiutviklinga, kom desse prosjekta til å bli ein inspirasjon for dei seinare funksjonalistane og dei sovjetiske avantgardistane i mellomkrigstida.

I løpet av 1920-talet utvikla den rasjonalistiske idéretninga i arkitektur og byplanlegging seg i form av funksjonalismens gjennombrot. Hovudrollene spela nokre arkitektar som rundt 1910 var tilsette på den tyske arkitekten Peter Behrens sitt kontor i Berlin: Walter Gropius, Ludwig Mies van der Rohe og Le Corbusier. Behrens var på den tida svært knytt til den industrielle utviklinga og hadde store oppdrag for den ekspanderande tyske industrien, både som industriformgivar og som arkitekt. Det var derfor ikkje underleg at det var ut frå dette kontoret at dei nye tankane om ein ny arkitektur og byplanlegging kom til å utvikle og spreie seg. Dette var tankar som tok utgangspunkt i den nye teknologien og dei nye produksjonsvilkåra sine føresetnader. Arkitektane merka eit endra klima, prega av nye oppdragsgivarar som spurte etter andre løysingar med ei ny økonomisk og produksjonsmessig grunngeving. I tråd med det industrialiserte produksjonslivet, vart det utvikla meir standardiserte løysingar både for byplanen og for husplanen (Linn 1974:86-87).

Den rasjonalistiske idéretninga vart presentert i Le Corbusier (1887-1965) sin første store byplan for ein by for tre millionar menneske, utstilt på haustutstillinga i Paris i 1922. I 1930 kom det meir kjende prosjektet hans, *La Ville Radieuse*. I ei idéskisse for Paris foreslo han å rive det meste av det historiske Paris nord for Seinen og erstatte den gamle bebyggelsen med høghus. Med sine rasjonelle geometriske mønster var rasjonalistane tilhengarar av omfattande saneringsprogram i den eksisterande bygningsmassen. Le Corbusier vart ein av dei store idégivarane på byplanområdet på den tida. Prosjekta hans vart ofte publisert i tidsskrifta, men dei var gjerne så grensesprengande i format og idé, at lite vart realisert.



Figur 3.4: "Ville Radieuse - morgondagens by der "naturmennesket" kan trekke seg tilbake". Skisse av Le Corbusier 1935.

Kjelde: (Boesiger 1972).

Le Corbusier såg på byen frå eit kunstnarisk og eit teknisk synspunkt, ikkje frå eit sosialt og politisk. Han meinte at dei problema som oppstod, kunne løysast med rasjonelle og tekniske metodar. Han hadde ein teknisk, romantisk visjon av eit idealsamfunn for friske, aktive menneske. Han var ein romantisk rasjonalist. Sol, rom og grøne område var for han universelle behov. Byen som eit sosialt miljø og dei kvalitetane som byrommet representerer, var dimensjonar som han ikkje oppfatta.

Le Corbusier foreina element frå mange ulike hald, frå futuristane sin teknologiromantikk til Ebenezer Howard sine hagebyideal, medan han harselerde med Camillo Sitte sin mellomalderromantikk som han kalla barbarisk (Lund 2001; Collins 1965). Medisinen for dei sentrale byområda sine problem var totalsanering og oppbygging av høge punkthus eller skivehus i strenge geometriske mønster, plassert

i eit ope, grønt landskap. Le Corbusier sin byplanideologi var basert på ei tydeleg sonedeling mellom ulike, klart definerte formål. Inne i husa var det kollektiv service, gjerne slik at kvart bygningskompleks var sjølvforsynt, som ei "bustadmaskin" for å bruke hans eigen terminologi. Vi kan dermed kjenne att ei linje tilbake til Fourier sitt Social Palace som var organisert på tilsvarande måte.

Den rasjonalistiske retninga var ei elitestyrt, sterkt intellektualisert linje, der arkitekten var blitt ein representant for produksjonen og for ein ny bygningsteknologi. Han representerte ikkje lenger den kulturelle kontinuiteten. Han trudde på totalforvandlinga av den gamle byen og at dette skulle skje fort og "smertefritt". Desse nye arkitektane hadde sterk tru på idéane sine, og argumenterte sterkt for ei totalsanering, mellom anna med hygieneargument, argument som ikkje hadde den same relevansen som tidlegare (Linn 1974). Bak desse argumenta låg nok eit ønskje om eit "tabula rasa", der byområda skulle framstå som blanke ark der ein lettare kunne realisere byvisjonar som braut radikalt med den gamle byens historiske kontinuitet.

Den funksjonelle byen

Dei rasjonalistiske arkitektur- og byplanleggingsidéane fekk sin internasjonale organisasjon i CIAM. Ei gruppe arkitektur frå heile Europa danna i 1928 gruppa CIAM - Congrès Internationaux d'Architecture Moderne. Gruppa omfatta mellom andre Le Corbusier, Alvaro Alto og Walter Gropius. Det var Europas leiande funksjonalistar som organiserte seg i CIAM, saman med sovjetiske arkitektur som tilhørde avantgardarkitektane i Europa i 1920-åra og markerte seg som konstruktivistane. Det kom derfor eit forslag om at CIAMs 4. kongress skulle haldast i Moskva. Men utviklinga i Sovjet på byrjinga av 1930-åra gjorde at CIAM var i tvil om Sovjetunionen var den rette plassen til å arrangere ein konferanse om den moderne og funksjonelle byen, slik dei hadde planar om (Mumford 2000).

I Tyskland kom Hitler til makta i 1933 og starta forfølgjinga og utreinskinga av Bauhaus-arkitektane og andre radikale arkitektur. I arkitektursyn var det slektskap mellom Stalin-Sovjet og Hitler-Tyskland. Begge slutta seg til den monumentale og historieserande nyklassisismen med sine pompøse maktsymbol. Dermed var det heller ikkje råd å halde møtet i Tyskland. CIAM-gruppa sin 4. kongress vart derfor halden ombord i cruiseskipet MS Patris, mellom Marseille og Athen. På denne turen vart det utarbeidd ei utstilling om *Den funksjonelle byen* som vart stilt ut i Athen medan båten låg i hamn i Pireus. Kongressen utarbeidde dessutan ei fråsegn som vart kalla Athen-charteret og som vart publisert i 1943, etter ei omarbeiding av Le Corbusier. Athen-charteret vart ståande som funksjonalismen sitt svar på byproblema i mellom- og etterkrigstidas Europa.

I dette Athen-charteret annonserte CIAM-gruppa ei sterk programerklæring om kva CIAM ønska med byen. Athen-charteret viste til fire primære funksjonar for

byen: *bustad, arbeidsliv, rekreasjon og samferdsel*. I tråd med denne inndelinga vart det argumentert for ei oppsplitting av byen i spesialiserte soner. Ut av eit "kaotisk samansurium" av gater, butikkar og bustader som dei meinte karakteriserte europeiske byar på den tida, skulle det lagast ein sonedelt by med fabrikkproduserte og standardiserte bygningar, med ulike område for arbeid, bustader, fritidsaktivitetar og ferdsl. Grøne vegetasjonsbelte skulle skilje dei ulike sonene:

"... The material elements which urbanism can arrange and combine are the sky, the trees, housing, workplaces, collective places (which include places of recreation and traffic)." (Mumford 2000:87).

Denne haldninga til byen gjorde at CIAM-gruppa var svært skeptisk til dei tette, usunne og overbefolkta, historiske bysentra. Historiske monument kunne ein ta vare på så lenge vernet ikkje innebar at innbyggjarane i byen måtte bu under usunne forhold, og så lenge viktige transportårer kunne leggjast utanom desse. CIAM konkluderte med at dei "kaotiske tilhøva" i dei eksisterande byane ikkje kunne oppfylle dei grunnleggjande biologiske og psykiske behova til innbyggjarane (S.st.:90).

Desse radikale idéane møtte etter kvart motstand, også internt i CIAM-gruppa. Mange frykta at sterile og karakterlause byar skulle bli resultatet av Athen-charteret og føre til svakare sosiale nettverk og isolasjon for innbyggjarane. Dei engelske arkitektane Alison og Peter Smithson, som hadde vore medlem av CIAM sidan starten i 1928, danna i 1953 ein opposisjon til mange av dei tankane som Athen-charteret gav uttrykk for, og danna ei gruppe som kalla seg Team 10. Dei braut ut av CIAM i 1956 etter at dei i fleire år hadde gitt uttrykk for uro for dei rådande byplanideala i CIAM.

CIAM-gruppa sine planleggingsideal kom aldri til å slå i gjennom i England. Her stod tradisjonar sterkt. Rekkjehusforma som vart oppmuntra av dei romantiske tankane i Ebenezer Howard si bok "The Garden City" og som representerte innføringa av hagebyideala, kom til å leve vidare i dei fleste engelske byane i etterkrigstida. Sjølv om CIAM-gruppa vart oppløyst i 1959, fekk dei kontroversielle ideane som dei funksjonalistiske arkitektane stod for, likevel ei sterk forankring i europeisk byplanlegging, og vart førande for gjenreisninga av dei europeiske byane etter øydeleggingane under den andre verdskrigen.

Drabantbyen

Arkitektar som tok standpunkt for den modernistiske retninga innan arkitekturen, meinte det var viktig å markere eit brot med fortida og tilføre noko fundamentalt nytt både i form, konsept og teknologi (Brekke m.fl. 2003). Dei moderne arkitektuideala skulle uttrykke industrisamfunnet sin logikk og maskinene sin estetikk (Ellefsen 1999). Men byideala skulle samtidig føre dei bort frå dei miljøa som industrialismen hadde ført dei inn i med tronge byar med altfor tett busetting.

I tråd med desse tankane vart utbygginga i mellomkrigstida lokalisert til område utanfor byen der moderne tankar knytt til den opne bystrukturen og hagebyideala kunne realiserast. Funksjonalismen sine idéar hadde fått gjennomslag i byplanlegginga i Noreg frå byrjinga av 1930-åra. Stockholm-utstillinga som vart halden i 1930, vert rekna som modernismen sitt gjennombrot i Norden, og desse tankane kom til å sette eit sterkt preg på norsk byplanlegging.

Drabantbyen som utbyggingsprinsipp, program og form vart vald ut frå økonomiske og produksjonstekniske omsyn, men vart også legitimert som ein "sosial ingeniørkunst" ved at utbyggingsforma kunne tilfredsstillere ei rekkje grunnleggjande samfunnsmessige behov. Bustadnauda i dei ekspanderande byområda skulle løysast med sunne og trygge bustadområde i grønne omgivnader. Det var i samband med utbygginga av Stockholm at drabantbyane fekk si europeiske form og vart eit byplanideal som vart brukt til å løyse tilsvarende samfunnsproblem i mest alle større byar i Europa, uavhengig av kulturelle tradisjonar og geografisk utgangspunkt.

Som elles innanfor den rasjonalistiske arkitekturretninga, kom også byplanlegginga til å vere opptatt av å analysere og byggje vidare på grunnleggjande strukturar. Byen vart analysert og diskutert som samansett av system som logisk vart bundne saman i strukturar. Transportnettet etablerte sine strukturar med differensierte og separerte veg- og trafikksystem. Dei grønne områda i byplanen med små og store leikeplassar, parkar og friområde saman med andre landskapstrekk som elvar og vatn, vart kjeda saman av gang- og sykkelveggar i ein eigen grønstruktur. Arealbruken vart registrert og klassifisert i ulike soner. Denne strukturalismen vart realisert i dei engelske New Towns som også danne førebilde for mellom anna utbygginga av Heimdalsbyen og mange drabantbyar som vart bygde ut på 1970- og 1980-talet. Desse strukturane skulle også gi grunnlag for fleksibilitet. Byen skulle kunne byggjast ut og endrast i tråd med endring i behov og samfunnsgitte vilkår.

Etterkrigstidas byplanlegging i Norden og spesielt drabantbyutbygginga må også sjåast i høve til framveksten av den sosialdemokratisk ideologien, trua på det planlagde samfunnet, og at det offentlege planleggingsapparatet skulle forme omgivnadene gjennom demokratiske planleggingsprosessar. Mange av planleggingsidéane var sterkt knytte til den politiske styrkinga av arbeidarrørsla utover i det 20. hundreåret. Vi fekk utviklinga av fellesskapstenkinga rundt bustadbygginga ved lanseringa og utviklinga av bustadkooperasjonen. Heilt fram til 1970-talet vart også naboskapstanken ein nøkkel til sosial tenking i byplanlegginga med sine etter måten egalitære og homogene sosiale strukturar basert på sosialdemokratiske idéar. Arkitekturidéala kom til å byggje meir på landsbygdtradisjonar og hagebyidéar enn på sterke urbane tradisjonar i denne perioden. Det var i dei jomfruelege utbyggingsområda utanfor byane at dei rasjonalistiske byplanidéane kunne få utfalde seg.

Etterkrigstida stod overfor ei omfattande og hurtig utbygging av samfunnet med lita tid til refleksjon over kva slags samfunn ein ønska. Utbygginga av byane og tettstadene vart drivne fram i eit tett samarbeid mellom private industri- og utbyggingsinteresser, offentlege interesser og planleggjarane sine visjonar om "det gode livet i byen" (Thomassen 1997). Dette var ikkje så tydeleg i utviklinga av bysentra. Planleggjarane hadde vanskeleg for å identifisere "det gode livet" med eit liv i eit tettbygd, nedslite og støyande bysentrum. Sosialdemokratiet var meir opptatt av levekårsforbetring i byane våre enn av å verne om dei historiske strukturane.

Som følge av murtvangføresegnene, vanskelege økonomiske tider og dårlege finansieringstilhøve, var bysentrum prega av lang tids forfall. Dette førte til ei sosial segregering der svakarestilte grupper og eldre vart buande att i dei sentrale byområda, medan barnefamiljar og meir velstående grupper flytte ut til villastrøka og drabantbyane, for på denne måten å kunne dra nytte av velferdsstatens bustadossiale prosjekt. Planlegging for ei fornying og opprusting av dei historiske bysentra var såleis i strid med dominerande planleggingsretningar på den tida. Planleggingsideala tilsa heller at ein skulle leve det gode livet i grøne og opne naboskapseiningar utanfor byen med hage og parkeringsplass.

Unge, radikale arkitektar som flokka seg rundt det sosialistiske tidsskriftet PLAN, kritiserte byplanideala som la vekt på dei formmessige sidene (Martens og Moe 1983). Dei framheva dei funksjonalistiske idéane og henta førebilde frå Sverige, England og USA i større grad enn Tyskland. Krigen førte også til at det var dei anglo-amerikanske planleggingsideane som kom til å bli rådande framfor dei tyske som sentrale byplanleggarar som Sverre Pedersen og Harald Hals var tilhengjarar av. I tråd med desse idéane vart drabantbyutbygginga prioritert framfor ei opprusting av sentrumsområda.

Det fanst på denne tida etablerte idéar om korleis byen skulle funksjonere og korleis det fysiske uttrykket skulle vere. Arbeidsmåtane var etablerte og det fanst ei teoretisk overbygning som grunngav kvifor dette var den rette måten å gjere det på. Utover 1950- og 1960-talet viste det seg at resultata ikkje var gode. Arkitektane innså at dei ikkje hadde lukkast i å skape "den moderne byen". Dei hadde ikkje greidd å handtere byformingsproblematikken, og det som var vanskelegast å løyse, var transformasjonen av den gamle byen. Mangel på gode byplan- og arkitekturteoriar gjorde at ein ikkje til fulle kunne trenge inn i desse problemstillingane. Teoriane for ei moderne utvikling av den gamle byen var utilstrekkelege (Ellefsen 1999).

Spenninga mellom vern og utvikling av den gamle byen hadde sitt ideologiske grunnlag i forholdet mellom ei regularistisk og rasjonalistisk retning på den eine sida og ei kulturalistisk retning på den andre. Sjølv om den regularistiske og rasjonalistiske modellen var ulike idéretningar, så møtes dei likevel i eit felles ønske om

å omforme den gamle og ufunksjonelle byen til å møte dei moderne krava som nye samfunnsformer stilte med nye tettstadsorienterte næringer, ny kommunikasjonsteknologi og nye krav til bustadområda. Den regularistiske retninga og den rasjonalistiske retninga fann kvarandre i gjennombrotet av funksjonalismen (Jensen 1980). Denne alliansen kom til å prege moderne byplanlegging heilt fram til vår eiga tid (Ellefsen 1999). Den rasjonalistiske planleggingsideologien kom derimot utover på 1970-talet til å bli sterkt utfordra av den kulturalistiske retninga som hadde vernetanken som eit viktig element. Dei røystene som uttrykte uro om farane ved å byggje eit bylandskap som verka uvennleg og kaldt, i konflikt med sosiale behov for tilknytning og identitet, hadde vore svake, men skulle bli eit crescendo i dei tiåra som følgde.

Kritikken av modernismen

Etter krigen var det rasjonalistiske settet av ideal, tenkjemåtar og arbeidsmåtar innanfor byplanlegginga ein etablert basis. Samstundes kom to ulike og motsetningsfylte tenkjemåtar til å utfylle kvarandre. Arkitekten sitt arbeid med utbyggingsformer og fysiske løysingar stod svært fjernt frå etablerte uttrykksformer. Samtidig gjekk det føre seg ein modernismekritikk som kom til å bli sterkare og sterkare utover 1970-talet. Delvis var dette ein kritikk innanfor den modernistiske miljøet som tok sikte på å korrigere og utvikle dei rasjonalistiske og regularistiske løysingane.

Den rasjonalistiske planleggingsretninga mest utskjelte produkt, blokkområda frå 1960-talet, sprang ut av ei tenking i tråd med industrialismens produksjonstenking. Stordriftsfordelar skulle utnyttast til å skape serieproduksjon og dermed billigare bustader som samtidig kunne dekkje eit stort bustadbehov i tilknytning til storbyane våre. Arkitekturen skulle vere eit ærleg uttrykk for desse prosessane og desse produksjonssystema. Ein produksjon som var svært ulik tidlegare bygnings- og bustadproduksjon skulle gi form til dei produkta som kom ut av eit slikt produksjonssystem. Resultatet skulle ikkje ta form av tradisjonelle bygningar og byar. Arkitektane stod fritt i designprosessen, frigjort frå tidlegare tiders klassisistiske stilkrav. Arkitekturen fekk likevel ofte eit repeterande og monotont uttrykk.

Modernismekritikken fekk etter kvart ein meir prinsipiell karakter. Kritikken kom ofte frå samfunnsvitskaplege miljø og retta seg både mot løysingane, dei monotone, kalde drabantbyane, men også mot planleggingsprosessen ved at ein planleggings- og politikarelite planla "over hovuda" på brukarane. Det var kritikk mot eit planleggjarteknokrati som kommuniserte dårleg med folk flest.

Den amerikanske journalisten Jane Jacobs retta skarp kritikk mot den moderne byplanlegginga i boka *"The death and life of great American cities"*. Ho forsvarte den tette, tradisjonelle bystrukturen med si mangfaldige funksjonsblanding

og historiske organisering av gater og rom (Jacobs 1961). Ein liknande kritikk kom frå den amerikanske arkitekten Christopher Alexander som i boka "*Community and Privacy: toward a new architecture of humanism*" gjekk til åtak på mellom anna den moderne byplanlegginga sitt prinsipp om sonedeling (Alexander 1965). Ein måtte ta utgangspunktet i individet sitt behov for ulike private og offentlege rom. Desse prinsippa vart etter kvart omsette til utvikling av dei tette og låge bustadområda som fekk stor utbreiing i dei nordiske landa frå 1970-åra og utover.

I denne perioden kom det også ein del litteratur om dei mellommenneskelege og sosiale sidene ved arkitekturen og byplanlegginga. Byplanlegginga skulle ikkje berre leggje til rette for eit praktisk liv der trafikken fungerte i differensierte og separerte vegsystem, og der bustaden stort sett innfridde dei tekniske krava som vart stilte, mens rammene for den mellommenneskelege aktiviteten var utelate. Jan Gehl si bok "*Livet mellom husene*" fokuserte på samspelet mellom arkitekturen og dei rammene denne skapte for eit sosialt liv (Gehl 1971). Gehl registrerte at byane hadde utvikla seg frå levande og mangfaldige sosiale rom, til livlause strukturar med mangel på kontakt- og opplevingsmogelegheiter. Gehl sitt arbeid skapte inspirasjon for mange arkitektur som på 1970-talet fekk auga opp for at byplanar som ofte tok seg fint ut på papiret med sin geometriske orden og effektive system, ikkje nødvendigvis fungerte så godt i praksis, og at rammene for eit sosialt liv ikkje alltid var tatt like godt tatt vare på i desse byplanane.

Dette var også sider ved byen som den amerikanske sosiologen Kevin Lynch omtala i boka "*The Image of the City*". I byrjinga av 1960-åra gjennomførte han studiar i tre amerikanske byar for å kartlegge korleis menneska opplevde byen og korleis dei orienterer seg i bylandskapet. "*The urban landscape, among its many roles, is also to be seen, to be remembered, and to delight in*" (Lynch 1960). Lynch prøvde å påvise byens visuelle kvalitetar gjennom innbyggjarane sine mentale bilde av byen. Studien bygde på folk som budde i området sine observasjonar av staden gjennom "mentale kart". Analysen prøvde å avdekkje korleis menneska vart påverka av det fysiske / visuelle miljøet, og korleis brukarane av byen orienterte seg i forhold til byens fysiske strukturar. Desse strukturane avgjer opplevinga vår av byen og korleis vi identifiserer oss med byen. Mentale kart vart tolka og samanfatta til byens karakter ("*image*").

Den amerikanske arkitekten og forfattaren Gordon Cullen trekte i boka "*Townscape*", som kom ut i 1959, fram den moderne byens monotoni og mangel på visuelle kvalitetar og argumenterte for ei humanisering av arkitekturen (Cullen 1961). Boka var ein kritisk reaksjon på funksjonalismens bymiljø der dei funksjonelle krava styrte dei formmessige. Cullen gav oss ein metode for å tolke dei visuelle kvalitetane i bymiljøet og få fram dei arkitektoniske eigenskapane som rytme,

kontrast og romlege effektar. Metoden er visuell og prøver å få fram dei arkitektoniske sidene ved byen uttrykt som opplevingar ved å vandre gjennom bylandskapet.

I Noreg kom kritikken av modernismens byplanlegging til uttrykk gjennom mellom andre arkitektane Anne Sætherdahl og Torbjørn Hansen sin kritikk av høg- og lamellblokker på Ammerud i Oslo. Boka deira, "*Ammerudrapporten*", kom til å bli eit viktig bidrag i denne debatten (Hansen og Sætherdal 1970). Samstundes foreslo arkitektane å byggje tett og lågt, men framleis innanfor viktige funksjonalistiske prinsipp.

Gullik Kollandsrud trekte fram den gamle trebyen som eit ideal i boka si "*Trebyen - kan den gjenskapes?*" (Kollandsrud 1978). Den norske trebytradisjonen stod fram med eigenskapar som ein kunne sette pris på; einskaplege, tette bygningsmiljø, sett saman av eit avgrensa sett av bygningstypar som gav eit rikt og mangfaldig byliv. Dei urbane kvalitetane kom fram gjennom varierte form- og romdanningar som kjenneteikna den sjølvgrodde byen med tilfeldig husplassering som følgjer terreng og veglinjer.

Sosialantropologen Marianne Gullestad sine undersøkingar av livet i gamle bydelar var også ein tankevekkar for planleggjarar og politikarar som meinte at desse gamle og dårleg vedlikehaldne bydelane gav dårlege vilkår for eit godt og moderne liv (Gullestad 1979; Gullestad 1985). Sjølv om desse byområda mangla ein del av dei eigenskapane som kjenneteikna dei førestillingane ein på den tida hadde om gode by- og bustadområde, såg ein at dei gamle byområda hadde noko anna som kanskje var like viktig. Dei representerte tilknytning. Dei gamle bydelane hadde utvikla seg over lang tid, ofte mange hundre år. Historia som kunne lesast i bybildet, gav bydelane karakter og eigenart. Opplevinga av det særleine ved byen og tettstaden har grunnleggande verdi for kvardagslivet ved å skape tilknytning og identitet.

Denne modernismekritikken hadde ofte den generelle, samfunnsvitskaplege positivismekritikken som basis, og la også grunnlag for ein brei politisk debatt om medverknad i planleggings- og vedtaksprosessar. Modernismekritikken var ein del av oppblomstringa av den kulturalistiske retninga på slutten av 1960-talet.

Mot eit nytt kunnskapsregime

Åra rundt 1970 stod fram som ei brytningstid innanfor arkitektur- og byplandebatten som nærmast kunne opplevast som eit fagleg jordskjelv som snudde opp ned på det etablerte synet på byen, på arkitekturen og på førestillingane om "det gode livet" (Guttu 2003:332). Vi fekk eit oppgjær med dei idéane som planleggjarane hadde tatt for gitt, og som hadde vore stabile føresetnader for byutvikling og byplanlegging i heile etterkrigstida. Medan modernismen ofte innebar eit brot med fortida og dyrka førestillingar om at det var viktig for arkitektur og planleggjarar å tilføre noko

grunnleggande nytt og originalt, representerte dei nye tankane eit ønske om å ta vare den historiske bebyggelsen og at ny arkitektur i større grad må tilpasse seg det eksisterande bygningsmiljøet. Innanfor den nye arkitekturideologien var det viktig å arbeide på eit kontekstueilt grunnlag der topografiske, morfologiske, bygningshistoriske, sosiale og økonomiske forhold måtte kartleggjast og leggjast til grunn for planlegging og prosjektering (Brekke m.fl., 2003).

Byvekst vart i etterkrigstida nærmast sett på som ein naturgitt prosess som ein vanskeleg kunne styre med politiske verkemiddel. Planleggjaren si oppgåve var å styre denne byutviklinga i best mogeleg spor, slik at ein kunne unngå dei mest negative konsekvensane. På 1970-talet byrja ein å stille spørsmål ved sjølve urbaniseringsprosessen og vende blikket mot dei kvalitetane som fanst på landsbygda. Det var den låge og tette landsbyen som vart planleggingsidealet. Fokuset vart flytta frå utforminga av planløyningar for det enkelte husværet i drabantbyens blokker til "livet mellom husa" og nærmiljøet (Guttu 2003:343). Dei omfattande planane for drabantbyutbyggingar vart erstatta av interessa for den vesle bustadgrenda eller landsbyen. I drabantbyane vart blokkene erstatta av tett og låg småhusbebyggelse. Dette førte også til eit skifte i synet på dei kvalitetane som trehusbyen representerte. Bebyggelsen skulle ha ein menneskeleg og oversiktleg skala. Bustadområda skulle ha funksjonsblanding av arbeidsplassar og bustader.

Desse nye arkitekturideala sameinte også politiske motsetningar. Dei store drabantbyutbyggingane representerte på mange måtar sosialdemokratiets svar på bustadspørsmålet i etterkrigstidas Noreg, medan dei konservative / borgarlege partia ønska ein større del småhusbebyggelse og lågare utnytting. Den radikale venstresida sin kritikk av blokkområde som Ammerud og Stovner og forsvaret av ei tett og låg utbyggingsform, skapte såleis nye alliansar.

I tråd med denne ideologiske tilbaketuren til landsbygda, vart også estetikken knytt til omgrepet "byggjeskikk". Sjølv om det vart lansert mange definisjonar av omgrepet "god byggjeskikk", er det naturleg å knyte det til ei tilbakevending til eldre arkitekturførebilde. Historiske bygningar og byar vart ikkje berre aksepterte som brukbare bu- og byområde, men vart også førebilde for moderne bustad- og byplanlegging.

Dette faglege skiftet tok med seg ei heilt ny verdisetting av det eksisterande miljøet med "tilpassing til staden" som eit nøkkelord. Å tilpasse nye bygningar til det eksisterande bygningsmiljøet vart eit fagleg imperativ. Likeins vart det viktig å tilpasse bygningar til landskap, terreng, vegetasjon og klima. Arkitekturen skulle i desse tilfella anonymiserast og innordnast under desse ytre føresetnadene der landskapet med sin vegetasjon skulle nærmast haldast urørt. Å tilpasse nye bygningar til eksisterande bygningsmiljø og til naturen, var eit uttrykk for den natur- og mil-

jøvertenkinga som miljøørsla tilførte arkitektur- og byplandebatten på 1970-talet (Guttu 2003).

Medverknad vart eit viktig spørsmål i denne perioden, og ein reaksjon på tilstivna og byråkratiske institusjonar. Å auke medverknaden frå bebuarane og deira mogelegheiter til å påverke planleggingsprosessen, vart eit viktig mål som også nødvendigvis måtte få konsekvensar for arkitektur- og planleggingsideala. Byplanlegginga hadde innanfor det regularistiske planleggingsregimet vore ein ingeniørdominert, teknokratisk aktivitet. Dei breie miljøaksjonane på 1970-talet fekk såleis konsekvensar for norsk planleggingspolitikk og vart jamvel nedfelte som eit medverknadsprinsipp i planleggingslovgivinga (Plan- og bygningslova §16.1).

Den kulturalistiske retninga - byen som livsmiljø

Den tredje idélinja er den mest komplekse, men også den mest sentrale i studien av trebyen. Eg vil derfor gi ei fyldigare omtale av denne idéretninga enn av dei to andre. Tankegodset som dannar grunnlaget for denne retninga, er etter måten omfattande og mangfaldig, men har til felles eit klart humanistisk preg. Denne linja er ikkje som dei som er omtala tidlegare, knytt til administrasjons- og produksjonsvilkåra i samfunnet. I staden tar ho eit heilt anna utgangspunkt ved å sjå på byen som eit livsmiljø. Det som særmerker denne retninga, er idéen om å framheve byen som eit sosialt og kulturelt miljø, som omgivnader for menneske og ikkje berre som ein effektiv produksjons- og marknadsarena (Linn 1974:92). Ein kan også sjå denne idéretninga som ein reaksjon på ei omforming av byen for å tilpasse den eksisterande byen til nye produksjons- og forbrukstilhøve, til ein ny økonomi og til ein ny teknologi.

Grunnlaget for utviklinga av den kulturalistiske planleggingsretninga var den industrielle revolusjonen som førte til store og raske endringar i det bygde miljøet, særleg i byane. Den vesentlege delen av idébygginga som la grunnlaget for den kulturalistiske linja, hang saman med den kulturelle omveltinga som tok form under den seinare delen av den industrielle revolusjonen. Den kulturalistiske linja er på mange måtar ein reaksjon på utviklinga av produktivkreftene knytte til den industrielle utviklinga i det 19. og 20. hundreåret, og ein kritikk av dei sterke urbaniseringstrekkene ved industrialiseringa.

Den sterke industriveksten på slutten av 1800-talet fekk fart på utbygginga av den industrielle byen. Byane voks og mange vart også fornya i denne perioden. Rundt hundreårskiftet hadde ingen europeiske byar over ein million innbyggjarar, medan ein mot slutten av hundreåret kunne registrere at London, Paris, Berlin, Wien, Moskva og St. Petersburg alle var blitt millionbyar. Paris fekk sine bulevardar etter G. E. Hausmann sine planer. Otto Wagner leia fornyinga av Wien. Arkitekturen var prega av eklektisisme og det vart bygd i alle slags stilartar ("stilforvirringa").

Den kulturalistiske modellen kan oppfattast som retrospektiv i si dyrking av den førindustrielle byen. Bak dette synet låg ei gryande nostalgisk kjensle som hadde vakna av den historiske interessa som romantikken hadde ført med seg på slutten av 1800-talet. Storbritannia, som det mest industrialiserte landet på denne tida, var mest moden for desse tankane. Kulturkritikarane John Ruskin (1818-1900) og William Morris (1834-1896) ville gjerne gjenopprette den førindustrielle byen sin orden, og gjennom det opprette nokre av dei kulturelle verdiane som kjenneteikna desse bysamfunna. Dei ønska seg ein arkitektur og ei byforming som kunne oppretthalde byen som eit kulturelt system. Den kulturalistiske retninga var også eit forsvar for den klassiske borgarlege bykulturen og det denne hadde ført fram av arkitektur og byplanideal (Choay 1969:103; Aspen 2003: 78).

Den kulturalistiske byplantenkinga hadde også røter i den romantiske rørsla som la grunnlaget for utviklinga av vernetanken. Romantikken var opphavet til forståinga av at fortida ikkje berre var tid som var gått, men at fortida også representerte ei historie som hadde verdi for samtida. Denne forståinga førte til at bygningsvern ikkje berre var ei viktig oppgåve i samfunnet, men faktisk ei plikt. Å restaurere betydde noko anna enn å friske opp bygningane i ein ny stil. Det var ikkje berre eit innfall eller eit påfunn, men eit nasjonalt påtrykk, særleg i Frankrike og England som på grunn av langvarige krigar hadde forsømt bygningsarven. Særleg var det eit press på å ta vare på den gotiske arven frå mellomalderen i ei mest mogeleg autentisk form. I løpet av det 18. hundreåret hadde dette arbeidet svikta då manglande respekt for mellomalderens byggjekunst hadde ført til mange former for meningslaus fornying (Jokilehto 1999).

Romantikken vart i europeisk åndsliv sett på som eit oppgjær med opplysningsrasjonalismen, og det romantiske er derfor blitt tolka som ein antimoderne reaksjon på opplysningstida sine moderne tankemåtar. Karakteristisk for norsk idéliv var derimot at desse to kulturetningane hadde sine parallelle gjennombrøt på 1830-1840-talet. I Noreg kan vi derfor sjå på opplysningsrasjonalismen og romantikken som eit gjensidig uttrykk for det moderne (Slagstad 1998). Sjølv om den kulturalistiske idéretninga har mange regressive og retrospektive trekk, er det likevel rett å sjå denne retninga som ein del av modernismens utvikling (Østerberg 1999).

Romantikken var også ein reaksjon på industrialiseringa som dei teknisk-naturvitskaplege framstega la grunnlaget for. Med industrialiseringa følgde ei sterk urbanisering. Folk flytta frå landsbygda og landsbylivet inn til byane, til tronge bustader, forureining og fattigdom. Til trass for ein sterk utviklingsoptimisme, var det ikkje mange som følte at dei hadde fått det noko betre. Livet og landskapet på landsbygda vart idyllisert. Naturen vart omforma til estetikk, til vakre landskap og eit spegelbilde på indre draumar og forventningar. Den estetiske romantikken opponerte mot opplysningsrasjonalismen og moderniseringsprosjektet (Østerberg

1999). Mange kulturpersonlegdomar på den tida såg på romantikken som eit teikn på det doble og motsetningsfylte ved framsteget, den positive framstegsvisjonen på den eine sida og det negative ved å legge det gamle bak seg. I ein periode med sterk teknologisk utvikling, kombinert med økonomiske oppgangstider som følgde den industrielle produksjonen og Europa si økonomiske utnytting av koloniane, skjedde det store endringar i samfunnslivet og i kulturlandskapet. Dei fysiske anlegga som kyrkjer, slott og byar stod i desse omstillingstidene fram som fysiske uttrykk for kontinuiteten i kulturen. Ved å ta vare på desse gamle monumenta, vart det skapt ein tryggleik og ei kjensle av identitet. Livet går vidare, men vi har det gamle med oss.

Mot slutten av 1800-talet vart Jugendstilen / Art Nouveau introdusert. Denne stilarten representerte ein arkitektur som fridde oss frå tradisjonen til dei klassiske og gotiske stilartane. Art Nouveau eller Modernisme lanserte ein meir organisk stil, frigjort frå den mekaniske og historieserande nyklassisismen. I England knytta Jugendstilen seg til Arts and Crafts-rørsla som John Ruskin og William Morris innleia. Denne rørsla framheva kunsthåndverket for dei tradisjonane og for den formgivinga og estetikken det representerer, noko som industriproduksjonen ikkje makta. Men ho stod også fram som ei moderne rørsle ved å framheve at eit materielt framsteg også må vere eit estetisk og kulturelt framsteg. Alle menneska har krav på omgivnader som er gode for sansane (Østerberg 1999). I Noreg stod "Bergensskolen" med mellom andre Christian Bjercknes og Frederik Konow Lund, som viktige representantar for denne rørsla (Ahmer 2004; Grønvold 1989). Arts and Crafts-rørsla stod i eit spenningsfelt mellom det moderne og det tradisjonelle. På mange måtar kan ein seie at dette også var tilfelle for den kulturalistiske idéretninga innan arkitektur og byplanlegging. Arts and Crafts-rørsla vart nærmast eit idéaltypisk eksempel på utviklinga av ei kulturalistisk retning innan formgiving og arkitektur.

Utviklinga av vernetanken

På grunn av den sterke industrialiseringa og utbygginga i siste halvdel av 1800-tallet var det eit stort press på kulturmiljøa samtidig som dei historiske byområda forfall. Dette var ein gullalder for den kulturalistiske retninga, noko som kan verke paradoksalt sidan vi i desse årene miste så mange uerstattelige kulturminne og kulturmiljø. Men på grunn av det store presset på kulturmiljøa i denne perioden, vart det også ein viktig diskusjon og eit stort engasjement knytte til kulturminnevernet.

Det er derfor nærliggande å sjå den kulturalistiske idéretninga i samanheng med utviklinga av vernetanken. Over heile Europa vart det stifta fortidsminnesforeiningar. Samstundes vart det vedtatt lover som innebar vern av kulturarven, i Italia i 1872, Spania i 1873, Ungarn i 1881, England i 1882 og i Frankrike i 1887 (Tschudi-Madsen 1974:38). I Noreg vart den første lova om vern av faste fornminne frå

førreformatorisk tid, Lov om fredning og bevaring av fortidslevninger, vedtatt i 1905. Lov om bygningsfredning trådte i kraft 1. januar 1921 og innebar at det vart oppnemnd ei nasjonal antikvarisk bygningsnemnd som skulle utarbeide ei liste over alle bygningar i landet som burde fredast. Landets første riksantikvar, Nicolay Nicolaysen, vart tilsett i 1860. Det innebar at staten tok til å betale Fortidsminnesforeiningas formann løn, og dekke kostnader ved utgravingar og vitskaplege reiser. Det offentlege kulturminnevernet var etablert (Lidén 1991).

Men kulturminnevernet vart ei isolert verksemd der ein fagleg elite av interesserte arkeologar, historikarar, etnologar, antikvarar og arkitektar tok del. Dette var ei gruppe som stod etter måten langt frå den gryande arbeidarrørsla som etter kvart kom til å sette den politiske dagsorden. Arbeidet var isolert frå dei politiske prosessane etter hundreårskiftet. Innanfor bygningsvernfacet engasjerte dei seg spesielt i vern og restaurering av monumentale bygningar som Håkonshallen, Nidarosdomen, stavkyrkjene og andre kyrkjebygg frå mellomalderen. I tråd med nasjonalromantiske idéar, vakna etter kvart interessa for bondekulturen med sine gamle trebygningar. Verksemda hadde dessutan ei sterk forankring i vitskapen.

Antirestaureringrørsla

Mange av Europas katedralar, kyrkjer og slott var etter Napoleonskrigane i dårleg forfatning. Krigsøydeleggingar og forsømt vedlikehald hadde i fleire tiår ført til eit omfattande forfall, og mange av bygningane stod nærmast til nedfalls. Den industrielle revolusjonen hadde på nytt skapt grunnlag for ei velstandsutvikling med interesse og ressursar til å byggje opp att mange forfalne kulturminne. Samtidig var det i England ein katolsk renessanse, og med denne ei aukande interesse for den gotiske kyrkja. Restaureringa av kyrkjene var ikkje først og fremst eit kulturvernprosjekt, men sprang ut frå behovet for nye kyrkjer som den religiøse rørsla og den lange forfallsperioden under Napoleonskrigane hadde skapt. Perioden frå slutten av 1700-tallet og fram til ca. 1820 var prega av krig og ufred i heile Europa. I dette tidsrommet hadde det ikkje vore bygd mange nye kyrkjer trass i ein sterk folketalsauke.

Etter kvart vart det vedtatt lover som gjorde at det kom fart i kyrkjebygginga og ikkje minst i restaureringa. I Noreg førte dette til at mange av dei gamle, små stavkyrkjene vart rivne på slutten av 1800-talet. I England fekk restaureringa av kyrkjene ofte preg av ei ombygging og tilbakeføring til dei gotiske stilidealane. Mange av arkitektane på den tida var meir opptatt av å skape noko nytt på ruinane av dei forfalne kyrkjebygga. Dei ville ofte følgje sine eigne arkitektoniske idéar, og brukte kulturminna som grunnlag for å realisere desse, framfor å ta vare på bygningane sine antikvariske verdiar (Jokilehto 1999). Mange meinte at det var positivt at bygningar som etter mange tiår med vanskjøtsel og forfall, endeleg vart restaurerte,

uavhengig av korleis dette vart gjort. Interiøra var ofte nedslitne og så øydelagde at få såg dei verdiane som dei representerte.

Den engelske arkitekten August Welby Northmore Pugin (1812-1852), gav uttrykk for at mellomalderbyen og den gotiske arkitekturen var overlegen det arki-tektar i samtida greidde å bringe fram. Han var derfor skeptisk til mykje av det re-staureringsarbeidet som gjekk føre seg der arkitektane brukte dei gotiske ruinane som grunnlag for å kunne realisere sine egne arkitektoniske idéar (Linn 1974:94). I Pugin sine spor følgde John Ruskin og William Morris. Kulturkritikaren John Ruskin var ein av dei mest markerte kulturpersonlegdomane i Victoriatidas Eng-land. Han gav i 1849 ut boka "*The Seven Lamps of Architecture*", der han hevda at restaurering var eit brotsverk. I denne boka gjekk han hardt ut mot dei som gjekk inn for ei omfattande restaurering av mellomalderbygningane: "*Vi har ingen rett til å røre dei. Dei er ikkje våre. Dei tilhøyrer delvis dei som bygde dei og delvis alle dei generasjonar av menneskeslekta som kjem etter oss*" (Omland 1998).

Ruskin nærma seg restaureringsproblemet med den haldninga at eigenskapen og kvaliteten i ein bygning kom best til uttrykk gjennom utvikling av bygningens patina. Bygningane vart vakrare med åra. Bruk og slitasje gjorde at kvaliteten vart foredla. Restaurering ville på den andre sida føre til øydelegging av autentisitet. Re-staurering er som å vekke døde til live. Eit kvart forsøk på å gjenskape eller repro-dusere vil være dømt til å bli mislukka (Jokilehto 1999). Ruskin skilde sterkt mellom "*restoration*" som innebar å føre bygningen tilbake til eit opphavleg arki-tektonisk uttrykk, noko han meinte var å gripe inn i bygningen på ein ulovleg måte, og "*conservation*" som hadde som formål å ta vare på bygningane i si overleverte form:

"Neither by the public, nor by those who haved the care of public monuments, is the true meaning of the word restoration understood. It means the most total de-struction which a building can suffer: A destruction out of which no remnants can be gathered: a destruction accompanied with false description of the thing de-stroyed.(...)

Do not let us talk then of restoration. The thing is a lie from beginning to end. You may make a model of a building as you may of a corpse, and your model may have the shell of the old walls within it as your cast may have the skeleton .. but the old building is destroyed, and that more totally and mercilessly than if it had sunk in to a heap of dust. If restoration becomes an unavoidable necessity .. , look the necessity for destruction. Accept it as such, pull the building down, throw its ston-es into neglected corners; but do it honestly, and do not set up a Lie in their place." (Ruskin 1989 :196).

Ruskin såg på gamle bygningar som heilage relikviar. Eksistensen av desse gamle bygningane var i seg sjølv grunn nok til å ta vare på dei. Dei tilhøyrer dei ge-

nerasjonane som hadde bygd dei, og ikkje oss som kom seinare. Vi som arvar dei, har ingen rett til å forandre dei. Ruskin såg derimot ikkje føre seg at heilt vanlege bygningar og ikkje berre monumenta, skulle bli gjenstand for vern. Diskusjonen i tilknytning til vern og restaurering av verneverdige bygningar var på Ruskin si tid hovudsakleg knytt til kyrkjer og andre monumentale bygningar som opp gjennom åra ikkje hadde endra bruksmåte eller utforming i vesentleg grad.

Ruskin sitt syn kan verke strengt og konservativt, men kan like gjerne oppfattast som radikalt og progressivt. Han var innstilt på at gamle bygningar kunne rivast for å unngå kompromissar med omsyn til form og innhald. Han var tilhengar av å ta vare på bygningen, ikkje berre fordi han var gamal, men fordi bygningen formidla historie og inspirasjon frå fortida. Sjølv om grunnlaget for kulturminnevernet er vesentleg endra i dag, har likevel desse tankane til Ruskin nedfelt seg som viktige prinsipp og danna ein viktig ideologisk basis også for det moderne kulturminnevernet.

Det var Ruskin sin nære ven, William Morris (1834-1896), som kom til å arbeide praktisk og organisatorisk med restaureringsspørsmål. Inspirert av Ruskin, grunnla Morris i 1877 *The Society for the Protection of Ancient Buildings* (SPAB) - ein engelsk søsterorganisasjon til Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring som vart stifta i 1844. Den engelske kulturminneforeninga fekk snart tilnamnet "Antirestaureringsforeininga" på grunn av motstanden mot ei kvar form for restaurering som tok sikte på tilbakeføring av bygningar til eit tidlegare arkitektoniske uttrykk.

Den stileinskaplege linja

Antirestaureringsrørsla til Ruskin og Morris vart i noko grad etablert som ein reaksjon på dei tankane som vi finn hos den franske arkitekten Eugène Emmanuel Viollet-le Duc (1814-1879), og som var dominerande innanfor restaureringskrinsar i Europa. Han fekk både som teoretikar og som leiar av viktige restaureringsprosjekt i Frankrike, som til dømes Notre Dame, stor innverknad på kulturminnevernet i heile Europa. Medan Ruskin var ein kultur- og kunstkritikar, var Viollet-le-Duc engasjert som arkitekt i praktiske rehabiliteringsprosjekt. Han var derfor opptatt av korleis eit restaureringsprosjekt burde utførast, framfor om det burde gjennomførast. Dei praktiske utfordringane knytte til restaureringsoppgåvene var hans felt. Dei estetiske og funksjonelle utfordringane var sentrale i hans arbeid.

Eit berande prinsipp i Viollet-le-Duc sin restaureringsfilosofi var stilens ein-skap - *L'unité de style*. Dette prinsippet innebar at ein så langt som mogeleg tok sikte på å tilbakeføre mellomalderbygningane til deira opphavlege uttrykk. Dei endringane som seinare vart tilførte bygningen, som til dømes barokken sine frodige interiør, vart som hovudregel tatt bort, slik at bygningen kunne framstå med eit

einskapleg stiluttrykk som regel med gotikkens stramme og nøkterne stil. Dette rekonstruksjonsarbeidet bygde på omfattande bygningsarkeologiske studiar, slik at ein hadde eit godt, vitenskapleg basert grunnlag for dei restaureringsforslaga som vart gjennomførte. Viollet-le-Duc var såleis ingen tilhengar av ein fri rekonstruksjon (Jokilehto 1999).

Desse restaureringsprinsippa gjorde Viollet-le-Duc greie for i sitt omfattande forfatterskap, noko som også sikra utbreiinga av tankane hans i store delar av Europa. Viollet-le-Duc hadde mange tilhengarar, ikkje minst blant praktiserande arkitekter. Ein av dei var Sir George Gilbert Scott (1811-1878), den mest suksessrike arkitekten i England i Victoriatida med ein omfattande praksis frå kyrkjerestaureringar. Han var ein talsmann for ei reindyrking av dei gotiske elementa i bygningane, noko som ofte resulterte i at innslaga av barokk- og rokokkointeriør i bygningane vart øydelagde (S.st.).

Restaureringsarkitektane var ofte meir pragmatiske enn ideologiske, og den same arkitekten kunne stå for eit tilbakeføringsprinsipp i eit prosjekt og eit konserveringsprinsipp i eit anna. Men stort sett var det funksjonelle og arkitektoniske krav som avgjorde, framfor omsynet til ei sannferdig antikvarisk konservering. I denne historiserande perioden vart restaureringsarbeida ofte parafrasar over gotikken sine stilelement. Som Viollet-le-Duc skreiv i ein sjølvkritisk augneblink: Det er ikkje alltid så lett å finne ut kvar ein skulle stoppe (Jokilehto 1999).

Både Viollet-le-Duc og Sir Gilbert Scott var aktive restaureringsarkitekter og var blant dei leiande restaureringsarkitektane i Europa. I mykje av det dei skreiv, finn vi tankar om å vere trufast mot bygningen sin autentisitet. Men i deira praksis som arkitekter, ser vi eit ønskje om å gjenskape og skape harmoni i arkitekturen, ved å gjennomføre ein mest mogeleg einskapleg restaureringsarkitektur, ein arkitektur som også kunne gi utløp for eigen formingstrong. Stilblandinga med nyare innslag av barokk- og rokokkointeriør såg dei som brot med estetiske og arkitektoniske kvalitetar.

Sjølv om tonen i debatten kunne vere skarp, var skiljelinjene mellom restaureringsrørsla og antirestaureringsrørsla ikkje særleg skarpe. Mange arkitekter som gjennom sin praksis la vekt på ein einskapleg stil, kunne i sine teoretiske utgreiingar argumentere sterkt for å verne om autentisiteten til bygningane, og at bygningane skulle ta vare på sine historiske spor. På den andre sida finn vi også eksempel på at Ruskin og andre frå antirestaureringsrørsla i konkrete byggjesaker såg kvalitetane ved å føre tilbake element i bygningen på ein måte som skapte ein betre samanheng og harmoni i arkitekturen.

I Noreg kan vi sjå debatten om restaureringa av Nidarosdomen som eit eksempel på konflikten mellom desse to restaureringsprinsippa. Stort sett vart prinsippet om den stileinskaplege linja gjennomført. Mykje av det barokke interiøret i dom-

kyrkja vart i samband med restaureringsarbeidet rive for å gjenskape den gotiske katedralen i ei mest mogeleg stileinskapleg form. Store delar av kyrkja vart etter den andre verdskrigen rekonstruert etter gotiske førebilde utan at ein kjende til korleis katedralen opphavleg hadde sett ut (Danbolt 1997). Ut frå verneteoretiske retningslinjer ville vi i dag neppe ha gått inn for å gjenreise Nidarosdomen som ei katolsk pilegrimskyrkje slik det vart bestemt på midten av 1800-talet. I tråd med moderne restaureringsprinsipp ville vi ha tatt vare på kyrkja best mogeleg slik ho var då restaureringen starta, delvis som ein ruin og delvis som ei ombygd etterreformatorisk domkyrkje med bygningshistoria intakt og med restar av Vestfronten og med Midtskipet som ein ruin. Interiøret i tverrskipet ville ha vore prega av barokken og rokokkotida sine stilideal, i kontrast til gotikkens reine uttrykk. Men trass i at restaureringa av Nidarosdomen vart gjort i strid med moderne restaureringsprinsipp, er truleg mange glade for at Nidarosdomen ikkje vart gjenreist på det grunnlaget som ville ha vore verneteoretisk mogeleg i dag.

Gjennom dette restaureringsprosjektet ser ein tydeleg konflikten mellom ulike vernetankar, mellom eit ønske om å gjenskape det praktfulle, arkitektoniske rommet, framfor å la dei ulike historiske periodane fortelje si bygningshistorie, slik som det historiske ekvivalensprinsippet legg til grunn. Desse motsetningane har prega vernehistoria opp gjennom tidene og illustrerer framleis spenninga mellom ulike verneteoretiske retningar.

Det historiske ekvivalensprinsippet

I åra fram mot 1861, då kongedømmet Italia vart proklamert, og vidare fram mot 1870 då heile Italia var samla, auka interessa for dei nasjonale monumenta i Italia som kultureliten elles i Europa valfarta til. Den politiske og økonomiske tilstanden i Italia gjorde at det var liten utbyggingsaktivitet før rundt 1830, då den økonomiske situasjonen gradvis forbetra seg og fekk fram velstand og framtidshåp hos det italienske folket. Med det følgde også byfornyingsprogram som gradvis kom til å true byplanmønsteret i mange italienske byar.

På grunn av dei politiske forholda vart det derimot ikkje noke organisert kulturminnevern med ei lovgiving før på slutten av 1800-tallet. Professor Camillo Boito (1836-1914) vart den mest markerte talsmannen for kulturminnevernet i Italia mot slutten av 1800-talet, og var leiande i utbygginga av det italienske kulturminnevernet. Men det som han mest vert hugsa for, er at han utarbeidde prinsipp for vern og restaurering av kulturminne. Med dette etablerte han retningslinjer for restaurering som innebar ei styrking av kunnskapen om fortidsminna. Ikkje minst påpeika han den verdien som fortidsminna har som historiske dokument. Alle tilføyningane til ein bygning frå ulike tidsperiodar er uttrykk for si historiske tid, dokumenterer ei viktig historie og er derfor viktige som historiske dokument. Dette

prinsippet vart kalla *det historiske ekvivalensprinsippet* og inneber at monumenta reflekterer historisk kunnskap i alle sine delar. "*Fortidsminna er ikkje berre verdifulle som arkitektoniske studieobjekt. Dei er også viktige dokument for å forklare og illustrere alle fasettar av ulike folks historie gjennom tidene. Dei bør derfor bli respekterte som dokument der ei lita endring kan føre til mistydingar og gi grunnlag for feilaktige slutningar,*" heiter det i ein resolusjon som vart vedtatt på ein kulturvernkonferanse i Roma i 1883. Her vart dei første offisielle retningslinjene for restaureringsarbeid i Italia vedtatt (Jokilehto 1999:201).

Boito var skeptisk både til Viollet-le-Duc og til Ruskin sine tankar. I motsetning til Viollet-le-Duc hevda han at ein ikkje står fritt til å dikte vidare på det grunnlaget som fortidsminnet gir. Ein kan leggje til, men tilføyningane må gjerast på ein måte som gjer det tydeleg kva slags delar som er nye. Ein bør ikkje foreslå løysingar som bryt for mykje med originalen. Heller ikkje skal ein prøve å førestille seg kva slags tankar den opphavlege arkitekten har hatt med bygningen og prøve å restaurere desse. Ein skal prøve å ta vare på det historiske monumentet i størst mogeleg grad med alle sine historiske tilføyningar. Det historiske ekvivalensprinsippet må akseptere stilbrot og motsetningar ved at nyare tilføyningar kjem i konflikt med tidlegare tidars uttrykk. Dei frodige, barokke interiøra stod ofte i ein arkitektonisk motsetnad til det stramme og nøkterne gotiske uttrykket i kyrkjerommet. Sjølv om Boito også uttrykte skepsis til Ruskin sine tankar, som han tolka som ein slags ruinromantikk, var det likevel tankane til Ruskin som det historiske ekvivalensprinsippet i hovudsak bygde vidare på.

Kritisk restaurering

Den andre verdskrigen hadde lagt store delar av Europa i ruinar, og ein stod framfor ei formidabel gjenreisingsoppgåve. Eit uttal berømte historiske bygningar var meir eller mindre øydelagde, store byområde var utbomba. Fleire ulike prinsipp vart brukte i gjenreisninga av desse historiske områda. I dei fleste tilfella vart ruinane fjerna og byggjeplassen brukt til oppføring av nye og moderne bygningar. I nokre tilfelle vart bygningar og byområde bygde opp att som ein rekonstruksjon av den øydelagde bebyggelsen, slik vi kjenner det frå gamlebyen i Warszawa og i Dresden. I andre tilfelle vart rekonstruksjon forkasta som etterlikning og historieforfalsking. Ein kunne berre tillate seg å konservere dei ruinane som stod att etter øydeleggjingane.

Vektlegginga av antikvariske og arkitektoniske / estetiske verdiar skifta gjennom heile det 20. hundreåret. I den første delen av dette hundreåret låg vekta på dei historiske og antikvariske verdiane, mens ein etter den andre verdskrigen kunne registrere at ein i større grad var opptatt av dei arkitektoniske og estetiske sidene ved gjenreisingsprosjekta (Jokilehto 1986a). På bakgrunn av situasjonen i mange euro-

peiske byar etter krigen, var det mange som etterlyste nye retningslinjer for restaurering av bygningar og byområde, og ei opnare haldning til rekonstruksjonsprinsippet. Særleg var dette aktuelt i mange sentrale, historiske byområde der verneverdige bygningar var ein viktig del av bygnings- og bymiljøet. Slike rekonstruksjonar måtte byggje på historisk og teknisk kunnskap framfor kunstnarisk dugleik og ambisjonar. Det kunne verke som om ein var i ferd med å forlate prinsippet om at bygningar og bymiljø som hovudregel skulle vernast i den forma som dei var overleverte i.



Figur 3.5: Den rekonstruerte gamlebyen i Warszawa.
Foto: DK.

Den vekta ein i slike tilfelle la på den kunnskapen ein opphavelig hadde om bygningen eller bymiljøet, eller hadde opparbeidd gjennom bygningsarkeologiske studiar, skilde dette restaureringsprinsippet frå ei friare og meir kunstnarisk restaurering (Jokilehto 1986b). Dette prinsippet vart kalla kritisk restaurering (*restauro critico*) og vart lansert av den italienske arkitekten Cesare Brandi (1906-1988). Han såg på restaurering som ei integrert oppgåve der den kunstnariske utfordringa faktisk låg i ein integrasjon av aspekta knytte til kunstnarisk dugleik og historisk og materialteknisk kunnskap. Desse prinsippa representerte ein tredje veg, ei balansert vurdering av antikvariske og arkitektoniske omsyn.

Etablering av internasjonale retningslinjer

Athen-charteret

På 1800-tallet var det ein internasjonal debatt rundt vernespørsmål. Eit organisert, internasjonalt samarbeid i kulturvernsspørsmål vart det derimot ikkje før i 1931, då det vart arrangert ein konferanse i Athen om restaurering av historiske bygningar i regi av Internasjonal Museums Office som var oppretta av Folkeforbundet i 1926 (Jokilehto 1999). På denne konferansen vart det vedtatt ei fråsegn som i ettertid er blitt kalla "*Athen-charteret om restaurering av monument*" (ICOMOS 1931). Char-

teret peika på behovet for eit internasjonalt samarbeid med omsyn til kunnskapsutviklinga på området og behovet for ei nasjonal lovgiving. Denne traktaten understreka det historiske ekvivalensprinsippet som etter kvart hadde fått gjennomslag.

"When as the result of decay or destruction, restoration appears to be indispensable, it recommends that the historic and artistic work of the past should be respected, without excluding the style of any given period" (S.st.)

Konferansen var ikkje berre opptatt av den enkelte bygning, men diskuterte også kva omsyn ein burde ta til kulturminnet sine omgivnader eller konteksten, og korleis nye bygningar skulle kunne tilpasse seg eit verneverdig bygningsmiljø. Ved nybygg i historiske område, måtte ein ta omsyn til den spesielle karakteren som omgivnadane hadde:

"The Conference recommends that, in the construction of buildings, the character and external aspects of the cities in which they are to be erected should be respected, especially in the neighborhood of ancient monuments, where the surroundings should be given special consideration. Even certain groupings and certain particularly picturesque perspective treatment should be preserved." (S.st.).

Athen-charteret vart ein milepæl i vernearbeidet som det første internasjonale dokumentet som fremma kulturminnevernet. Denne fråsegna medverka også til å utvide grensene for kulturminnevernet. Sjølv om Athen-charteret hovudsakleg handla om det monumentale kulturminnevernet, var delegatane også opptatt av kulturminnet sin kontekst, det fysiske miljøet i tilknytning til det enkelte minnesmerke. Denne fråsegna peika på at eit bygningsmiljø kunne vere verneverdig i seg sjølv, trass i at det ikkje omfatta verneverdige enkeltbygningar.

Venezia-charteret

FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon, UNESCO, tok i 1964 initiativet til ein konferanse i Venezia som tok sikte på å formulere normer som kunne tene som rettleiing og etablere ein teoretisk og praktisk standard for dei som arbeidde med vern av bygningar og bygningsmiljø. Sett i høve til dei oppgåvene som kulturminnevernet stod overfor etter krigen, var det underleg at Venezia-charteret ikkje kom før i 1964, nesten 20 år etter at krigshandlingane og krigsøydeleggingane tok slutt. Rett nok hadde det vore ein større internasjonal konferanse i Paris i 1957 om vernespørsmål, men det var først med Venezia-charteret (*International Charter for the Conservation of Monuments and Sites*) at det vart etablert eit fastare, organisert internasjonalt samarbeid (Jokilehto 1999).

Venezia-charteret slo fast dei moderne prinsippa for vern og restaurering av bygningar og bygningsmiljø som framleis er den viktigaste ideologiske rettesnora

for antikvarisk arbeid både når det gjeld vern av enkeltbygningar og bymiljø (ICOMOS 1964). I den innleiande teksten heiter det:

"Imbued with a message from the past, the historic monuments of generations of people remain to the present day as living witnesses of their age-old traditions. People are becoming more and more conscious of the unity of human values and regard ancient monuments as a common heritage. The common responsibility to safeguard them for future generations is recognized. It is our duty to hand them in the full richness of their authenticity." (S.st.)

Som denne teksten slår fast var det ikkje lenger berre ei interesse hos enkelte intellektuelle og spesielt kulturinteresserte å ta vare på kulturminna. Krigens herjingar hadde vore ei påminning om kva verdiar desse kulturminna representerer. Dessutan hadde dei omdiskuterte kvalitetane ved dei bygningane og dei bylandskapa som gjenreisingsprosjekta etter krigen hadde skapt, ført til at ein var spesielt merkksam på dei verdiane som var gått tapt under krigen, og at det no var ei felles, internasjonal oppgåve å ta vare på dei kulturminna og kulturmiljøa som var att.

Det var den andre internasjonale kongressen av "*Architects and Technicians of Historic Monuments*" som møttest i Venezia 25.-31. mai i 1964 og som vedtok Venezia-charteret (Jokilehto 1999). Denne fråsegna var i utgangspunktet orientert mot det antikvariske vernet, og det vart lagt vekt på å ta vare på kulturminna som historieforteljande dokument som kunne fortelje oss om tidlegare generasjonars liv og levesett. Fråsegna slo fast at målet med vern av kulturminne var å ta vare på både kunstverket og det historiske vitnemålet. (S.st. Artikkelt 3) Men fråsegna peika også på at historiske monument ikkje berre skulle omfatte enkeltbygningar, men også byområde og rurale område med viktige kulturspor. Vernet skulle ikkje berre omfatte eineståande uttrykk for kunstnarisk verksemd, men også den mindre påakta anonymarkitektur som har tileigna seg ein aldersverdi.

"... not only the single architectural work but also the urban or rural setting in which is found the evidence of a particular civilisation, a significant development or an historic event. This applies not only to great works of art but also to more modest works of the past which have acquired cultural significance with the passing of time." (Artikkel 1).

I Venezia-fråsegna vart det skild tydeleg mellom restaurering (*restoration*) og vern (*conservation*). I tråd med Ruskin sin tankar, vart det slått fast at vern av kulturminna slik dei var overleverte skulle vere hovudprinsippet, mens restaurering måtte vere unntaket. Verneprinsippet i Venezia-fråsegna bygde på det historiske ekvivalensprinsippet og tok avstand frå den stileinskaplege linja (Artikkel 11). Det var nok ei oppfatning i antikvariske krinsar at gjenoppbygginga av historiske monument og historiske byar etter krigen i for stor grad hadde tatt karakter av rekonstruksjon (Jokilehto 1999:289).

Ei eventuell restaurering måtte ha som formål å sikre og gjenkalle minnesmerka sine estetiske og historiske verdiar, basert på respekten for originalmateriale og autentisiteten ved kulturminnet. Men ein måtte også vise respekt for dei delane som var tatt vare på, og restaureringa må slutte der gjettingane tar til (Artikkel 9). Ei restaurering skulle alltid følgjast opp med grundige bygningsarkeologiske studiar. Ein kunne berre tillate seg å fjerne element som var lagde til byggverket seinare, dersom dei var av lita kulturhistorisk interesse eller i dårlig teknisk stand. Dersom ein ville endre eller føye til bygningsdelar eller installasjonar, kunne dette gjerast dersom dei ikkje forstyrre dei interessante delane av bygningen, omgivnadene eller balansen og forholdet mellom bygningen og området rundt. Bygningsdelar som skulle erstatte manglande delar, måtte slutte seg harmonisk til heilskapen. Slike bygningsdelar måtte skilje seg ut, slik at ikkje restaureringa forfalskar kunstnariske eller historiske vitnesbyrd (Artikkel 12).

Venezia-charteret trekte fram tre viktige verdiområde: Bruks- og nytteverdien, dokumentasjons- og kunnskapsverdien og den estetisk verdien. Samfunnsnyttig bruk av kulturminna var viktig og ville lette vernearbeidet, noko som var ønskjeleg dersom det ikkje førte til endringar i strukturen til kulturminna eller utforminga. Berre innanfor desse avgrensingane kunne ein tenkje seg å tillate dei endringane som ny bruk kravde (Artikkel 5). Inngrep i kulturminnet kunne derimot vere utførte med moderne teknikkar og materialar. (Artikkel 13)

Trass i ei streng haldning til verneprisnipa, var likevel Venezia-charteret opptatt av at kulturminna skulle kunne brukast og at bruk var den sikraste garantien for vern. Denne bruken måtte derimot ikkje endre bygningen si utforming eller utsmykking. Venezia-charteret prøvde å balansere omsynet til eit strengt antikvarisk vern med dei praktiske omsyna som var knytte til framtidig bruk og bruksendringar.

Men Venezia-charteret hadde trass alt fokus på dei verneverdige bygningane som kunne ha status som fredingsverdige. Å bruke så strenge verne- og restaureringsprinsipp på kulturminne og kulturmiljø som heilskap ville vere vanskeleg. Formålet med vernet var knytt til kulturminna som artefakt og som historiske vitnesbyrd. Sjølv om det vart slått fast at vernet ikkje primært skulle vere musealt, men skulle sikre ein samfunnsmessig bruk av kulturminnet, gav denne fråsegna i større grad retningsliner for eit antikvarisk vern enn for eit pragmatiske, bruksorientert vern.

Sjølv om Venezia-charteret stort sett konsentrerte seg om dei monumentale kulturminna, meinte forfattarane at historiske område, også måtte visast spesiell omtanke for å kunne ta vare på sitt særpreg (*integrity*) og sikrast vedlikehald og fornying i samsvar med dei verneprinsippa som elles vart presenterte i fråsegna (Artikkel 14).

Venezia-charteret reflekterte ei motsetning mellom antikvarisk vern og arkitektonisk restaurering, mellom bygningshistorikarar, antikvarar og utøvande arkitekter. Antikvarisk vern var opptatt av å ta vare på bygningane som historiske dokument, medan arkitektane i større grad var opptatt av dei funksjonelle og estetiske krava som burde stillast til bygningar og bygningsmiljø som kulturminne. Den danske kunsthistorikaren Harald Langberg som hadde vore med i redaksjonskomiteen, skreiv i ei dansk kommentarutgåve til Venezia-charteret:

“Ikke minst blant arkitekter har der været hård kritikk av “restaureringer” der i så vid udstrækning var fantasiprodukter eller så prægede af personlig utførelse, at de forkludrede og spolerede det, der skulle bevares. Liksom ...er der “restaurerings-arkitekter” som er mere interesserede i, hvad de og deres samtidige kan få ut af det gamle, end de er interesserede i det gamle som de har til opgave at bevare ” (Langberg 1975:14). Vi finn tilsvarende motsetningar i vernedebatten frå ordsiftet på 1800-talet mellom restaurerings- og antirestaureringsrørsla og i dagens debatt om transformasjonsprosjekta i den historiske byen.

Venezia-charteret slo fast at kulturminnevernet er ein fagleg spesialitet (Artikkel 2). Vernedebatten knytt til dei monumentale kulturminna gjekk stort sett føre seg mellom fagfolk med ulik faglege posisjonar i motsetning til debatten om vern av bymiljø som kom til å rase nokre år seinare, og som hadde større fagleg breidd der bebuarar, politikarar og lekfolk hadde viktige bidrag.

Venezia-fråsegna vart ein viktig milepæl i kulturminnearbeidet og slo fast viktige retningslinjer for kulturminnevernet. Eit viktig prinsipp var at kulturarven var eit felles ansvar på tvers av nasjonalstatane. Sjølv med den vesentlege verdien som Venezia-charteret har hatt for vern av historiske bygningar og bygningsmiljø over heile verda, er fråsegna blitt utfordra ved mange høve dei siste tiåra. Med ei utviding av omgrepet kulturminne er dette omgrepet ikkje berre avgrensa til fortidsminne og til kunstnariske monument. I første omgang vart kulturminne og kulturmiljø utvida til også å omfatte byområde og kulturlandskap av historisk og samfunnsmessig verdi. I dag er kulturminne definert til å omfatte alle våre kulturspor uavhengig av kunstnarisk kvalitet, alder eller tilstand.

Verdsarvlista

I tillegg til å utforme felles føresegner for vern av kulturarven, foreslo Athen-konferansen å opprette ein internasjonal kulturminnevernorganisasjon, ICOMOS (*International Council on Monuments and Sites*), knytt til UNESCO. ICOMOS hadde sitt første møte i Warszawa i 1965 og tok Venezia-charteret som si vernepolitiske rettesnor (Jokilehto 1999). UNESCO si generalforsamling vedtok i 1972 konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv (*UNESCO's Convention concerning the protection of the world cultural and natural heritage*). I denne konvensjonen

heiter det at ein må sjå på kulturarven ut frå ein internasjonal og universell posisjon og at "*parts of the cultural ... heritage are of outstanding interest and therefore need to be preserved as part of the world heritage of mankind as a whole*" (UNESCO 1972). Dei viktigaste kulturminna i verda skulle plukkast ut og vernast som verdsarvminne.

Med utgangspunkt i Venezia-fråsegna etablerte UNESCO Verdsarvlista (*World Heritage List*) som kom til å tilføre kulturminnearbeidet, også i Noreg, vesentleg prestisje, og gav det internasjonale samfunnet ei viktig oppgåve med tilsyn av forvaltning av desse kulturminna. Til grunn for utvalet av dei kultur- og naturminna som skulle inn på verdsarvlista, sette UNESCO i 1976 ned ein eigen verdsarvkomité som skulle velje ut kulturminne for Verdsarvlista. Denne lista skulle markere eit eksklusivt vern ved at det berre var faste kulturminne som ut fra "*eit internasjonalt synspunkt representerte ein framstående universell verdi*", som kunne få verdsarvstatus (UNESCO 1976). Dei kriteria som vart formulerte, var både omfattande og strenge, men skulle ikkje gjelde som generelle prinsipp for kulturminnevernet (S.st. Artikkel 23 og pkt. i).

Eit viktig omsyn som går igjen i dette dokumentet, gjeld kulturminnet sin autentisitet. Autentisitet skulle vise seg å vere eit omgrep som det var vanskeleg å definere og vanskeleg å etterleve (Larsen 1994). Med omsyn til vern av bygningsmiljø og særleg historiske byar, nemnde konvensjonen at det var vanskeleg å nominere byområde i høve til dei utvalskriteria som var nemnde, spesielt med omsyn til autentisitet. Ein levande by er heile tida i endring og må tilpasse seg kulturelle og sosioøkonomiske endringar:

"Historic towns which are still inhabited and which by their nature have developed and will continue to develop under the influence of socio-economic and cultural change, a situation that renders the assessment of their authenticity more difficult and any conservation policy more problematic." (S.st. Artikkel 27.ii)

Konvensjonen peika på at med omsyn til dei historiske byane, var verneutfordringane store, særleg galdt dette det skjøre byplanmønsteret (*the fragility of their urban fabric*) som i så mange tilfelle hadde gått i oppløysing i moderniseringa av dei europeiske byane etter den andre verdskrigen. Utforminga av retningslinjer for å nominere byar til verdsarvlista var også ei utfordrande oppgåve. Nomineringa av den rekonstruerte gamlebyen i Warszawa til Verdsarvlista utfordra autentisitetskravet til eit kulturminne.

Noreg ratifiserte Verdsarvkonvensjonen i desember 1976, underleg nok med lunken støtte frå Riksantikvaren som var redd for at dei internasjonale forpliktingane skulle gå utover kulturminnearbeidet i Noreg. Det låg truleg også ei ideologisk vurdering til grunn for motstanden. Kulturminna var sterkt knytte til nasjonalstaten, og det var den dominerande haldninga at det var nasjonalstaten og ikkje det inter-

nasjonale samfunnet si oppgåve å prioritere og forvalte kulturminna og kulturmiljøa våre (Omland 1998).

I 1978 starta prosessen med å få norske kulturminne inn på verdsarvlista etter at UNESCO hadde etterlyst eit større engasjement frå Noreg (S.st.). Med skifte av riksantikvar vart det meir fart i dette arbeidet. Stephan Tschudi-Madsen overtok som riksantikvar i 1978 og vart ein pådrivar i Noreg sitt internasjonale engasjement i kulturminnevernet.

UNESCO var opptatt av at Noreg nominerte kulturminne som hadde ein internasjonal verdi. Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje fekk aksept allereie i 1979. Bryggen var eit utmerka eksempel på ein bystruktur og ein interessant trearkitektur som stod i fare for å forsvinne, medan Urnes stavkyrkje var eit hovudbyggverk av udiskutabel interesse. I 1980 vedtok også Verdsarvkomitéen å innlemme Røros spesielt for Røros sine kvalitetar ved å vere bygd i tre (S.st.). Det var trearkitekturen i Noreg som vekte internasjonal interesse. Stavkyrkjene var naturlegvis interessante som dei einaste i verda av slikt slag, men også "den norske trebyen", her representert ved Røros og Bryggen, var også interessante i ein internasjonal samanheng.

Sjølv om det i utgangspunktet var ei etter måten lunken haldning til å bli representert på Verdsarvlista, såg ein etter kvart at det var knytt vesentleg prestisje til denne lista. Derimot vart det fort klart at det var eit nasjonalt og lokalt ansvar å ta vare på verdsarven, men ei internasjonal plikt å sjå til at dette vart gjort.

Amsterdamfråsegna

Det europeiske arkitekturvernåret 1975, som var initiert av Europarådet, vart avslutta med ein stor konferanse i Amsterdam i oktober 1975. Her vart "*The European Charter of Architectural Heritage*" vedtatt og seinare ratifisert av dei fleste europeiske landa (European Council 1975). Amsterdamfråsegna kan ein sjå som eit program for den kulturalistiske planleggingsmodellen der det vart lagt vekt på byen som eit livsmiljø: "*The past as embodied in the architectural heritage provides the sort of environment indispensable for a balanced and complete life*" (S.st. Artikkel 2).

Denne vektlegginga av byen som livsmiljø er grunnleggjande for den kulturalistiske representasjonen av byen. Fråsegna gav uttrykk for at kulturminna er viktige historiske dokument som medverkar til å formidle den verdien som fortida har for det livet vi lever i dag. Bygningar og bygningsmiljø representerer ein kontinuitet i byutviklinga som er viktig for livskvaliteten i ein tidsalder og i eit samfunn med store og hyppige skiftingar. Det vart lagt vekt på at desse kulturmiljøa omfattar meir enn dei eineståande arkitekturprosjekta og dei monumentale kulturminna. Dei omfattar også dei anonyme bymiljøa.

Det europeiske arkitekturvernåret retta merksemda mot at den europeiske kulturarven ikkje berre omfatta monumentale kulturminne, men også gamle bygningsmiljø med gamle bygningar som kvar for seg ikkje representerer noko verdifullt kulturminne. Dei gamle bymiljøa med sin anonyme arkitektur representerer likevel miljøkvalitetar og ein atmosfære som det er viktig å verne om, i tillegg til at dei også har viktige historieforteljande eigenskapar. "*The European architectural heritage consists not only of our most important monuments: it also includes the groups of lesser buildings in our old towns and characteristic villages in their natural or manmade settings*" (S.st. Artikkel 1).

Ved å ta vare på dei gamle områda i byane og tettstadane våre vil dette medverke til å oppretthalde og fremme eit fysisk og sosialt mangfald. Dei varierte fysiske strukturane og kontinuiteten av dei sosiale nettverka gjer den gamle byen meir inkluderande og skaper betre vilkår for sosial integrasjon og sosialt mangfald. Dei gamle byområda gir grunnlag for meir samansette og rikhaldige sosiale miljø og busettingar.

Denne sterke vektlegginga av dei sosiale grunnane til å ta vare på kulturarven, var ny innanfor kulturminnevernet, men var eit tydeleg uttrykk for dei tankane som dominerte samfunnsdebatten i den sterke brytingstida på slutten av 1960-talet og som var karakteristisk for den kulturalistiske idéretninga. Denne fråsegna var også eit oppgjer med den regularistiske og rasjonalistiske planleggingsretninga som dominerte gjenoppbygginga og moderniseringa av byar og tettstader etter den andre verdskrigen.

Amsterdam-fråsegna la vekt på ressursspørsmålet i vid forstand ved å framheve at kulturminna representerer ein ressurs som var bygd opp gjennom fleire hundreår. Å øydeleggje delar av denne kulturarven vil gjere oss fattigare. Likegyldig kor fint vi kan bygge, vil vi aldri vere i stand til å gjenskape det som har gått tapt. Samfunnet må derfor spare på desse ressursane. Frå å sjå på kulturminna som luksus, må vi sjå på dei som ein ressurs som kan spare oss for framtidige utgifter. "*The architectural heritage is a capital of irreplaceable spiritual, cultural, social and economic value*" (Artikkel 3).

Det vart også understreka at desse retningslinjene ikkje utelukka bruk av moderne arkitektur i verneområde, så lenge ein respekterte eksisterande karakter, proporsjonar, form, storleik og skala og bruk av tradisjonelle materialar (Artikkel 7).

Fråsegna målbar ein sterk kritikk av byplanlegginga på den tida med politikk- og planleggjarar som altfor lett underkasta seg den rådande samfunnsutviklinga. Den kritiske haldninga til samfunnsplanlegginga var eit uttrykk for den politiske stemninga på den tida. Det var likevel uvanleg å sjå ein slik kritikk av eiga forvaltning av kulturminne og kulturmiljø framført i ei internasjonal fråsegn som etter kvart skulle bli ratifisert av dei fleste landa i Europa. Fråsegna la også vesentleg vekt på

bebuarane sin rett til å bli informerte og trekte inn i planleggings- og vedtaksprosessen (Artikkel 9).

Eit viktig forvaltingsprinsipp som Amsterdamfråsegna innførte, var prinsippet "*Integrated conservation*". Det vart peika på at i åras løp hadde særleg dei sentrale delane av byane blitt gjenstand for vesentleg forfall med låg bustadstandard. Dette problemet måtte ein ta tak i på ein måte som ikkje skapte auka sosial ulikskap. Det var derfor viktig at bymiljøvernet vart integrert i by- og regionplanlegginga slik at "*conservation must be one of the first consideration in all urban and regional planning*" (Artikkel 7). Ved sida av å presentere eit kritisk blick på samfunnsutviklinga, tok "verneinteressene" gjennom denne fråsegna ein offensiv posisjon og kravde at arkitekturarven vart sterkare integrert i samfunnsplanlegginga på alle nivå.

Amsterdamfråsegna forplikta også alle dei ratifiserande landa til å styrke forvaltninga av kulturminna gjennom ei betre lovgiving, betre administrative og finansielle vilkår og kunnskapsutvikling, og understreka det felles ansvaret dei europeiske landa har til å ta vare på den europeiske kulturarven (Artikkel 8).


Medan Venezia-charterert i hovudsak danna felles, internasjonale retningslinjer for vern av faste kulturminne, danna Amsterdamfråsegna eit felles grunnlag for bymiljøvernet. Desse tankane vart rett nok presenterte på eit tidspunkt då Europa gjekk inn i økonomiske nedgangstider. Oljekrisa hadde svekka økonomien i Europa og letta presset på byane. Det vart derfor lettare å lansere tankar om å ta vare på bysentra og dei materielle, kulturelle og sosiale ressursane som desse representerte, framfor å rive og byggje nytt. Dei økonomiske og politiske føresetnadene var i større grad til stades for ei kursendring enn tidlegare. Røynslene med ei byutvikling som ikkje tok vare på alle sider ved menneskelege behov og forventningar var også medverkande.

Gjennom Amsterdamfråsegna vart det formulert ei vesentleg utviding av vernegrundlaget. Vernekriteria var ikkje berre antikvariske, arkitektoniske og estetiske, men også økonomiske og sosiale. Det europeiske arkitekturvernåret og Amsterdamfråsegna vart ei vendebøye i byplandebatten, sterkt påverka av positivismekritikken på den tida. Utanfor denne diskursen låg dei næringsøkonomiske føringane med oljekrise og økonomiske nedgangstider. Innanfor diskursen låg eit stadig sterkare ønske om ta vare på kulturelle, materielle og sosiale ressursar og dei røynslene som den modernistiske byutviklinga hadde tilført diskursen.

Med den historiske byen som førebilde

Den kulturalistiske modellen slik han kan oppfattast med utgangspunkt i Morris og Ruskin si refleksive haldning, var opphavleg meir retta mot det preurbane enn mot

det urbane (Choay 1969). I følgje Choay spela den førindustrielle byen ei vesentleg rolle for utviklinga av byideala. Austerrikaren Camillo Sitte (1843-1903) stod for meir urbane haldningar og gav den kulturalistiske modellen ein meir kompleks struktur, sjølv om prosjekta hans i første rekkje var estetiske. Haldninga hans var prega av den europeiske byen. I 1889 gav Sitte ut boka om dei estetiske prinsippa ved byplanlegginga "*Der Städtebau nach seinen künstlerischen Grundsätzen*" (Sitte 1909; 1982). Boka er ein formanalyse av gamle, europeiske byar, særleg italienske. Sitte innførte byrommet som eit arkitektonisk omgrep. Han studerte romsekvensar, proporsjonar i plassar, gaterom og bygningsmiljø, og prøvde å finne fram til allmenngyldige reglar når det gjaldt forholdet mellom bygningar og plassdanningar i historiske, italienske byar. Han søkte etter samspelet mellom plassen og dei bygningane som låg rundt, og stilte opp det arkitektoniske byrommet som det primære. Han meinte at ein ikkje kunne gå ut frå meir eller mindre skjematiske planformer på papiret utan at ein måtte byrja med det tredimensjonale rommet slik dette vert opplevd i gatene, på torget og i gardsromma.



Figur 3.6: Eksempel på Camillo Sittes analyse av byrom.

Kjelde: (Choay 1969).

Sitte vart ofte framstilt som ein nostalgisk forsvarar av ei mellomalderisk byform med krunglete gater og eit pittoresk preg. Funksjonalistane Siegfried Giedion og Le Corbusier framstilte Sitte som inkarnasjonen av eit vedheng til fortida, ein fiende av moderne byutvikling (Choay 2001:123). Gjennom systematiske analysar prøvde Sitte å redusere dei registrerte byformene til kunstnariske byformer utan omsyn til meir tidsbundne estetiske motiv. Han ville nytte desse byformene til å utvikle meir universelle prinsipp for byplanlegginga. Byromma skulle vere avslutta ved at veggane i byrommet skulle henge saman.

Desse byromma skulle bindast saman i ein byvev med ein struktur av sekvensar eller kjedar av rom som kunne opplevast suksessivt i korte, rytmisk skiftande perspektiv (Linn 1974:05).

Dei historiske byane var førebilde som vi kunne trekkje lærdom av, også når det gjaldt utforming av nye byar. Den geometriske harmonien som kjenneteiknar desse historiske byane, kunne overførast til moderne byar via ein analyse av romformat og flater. Sitte tok derimot for gitt at alle ville oppleve desse ordensprinsippa

for gode og vakre. I innleiinga i boka referer Sitte Aristoteles som seier at byplanleggingas grunnleggjande mål er å gjere folk trygge og lukkelege. Dette kan i følgje Sitte ikkje berre gjerast som eit teknisk spørsmål, men i høgste grad som eit kunstnarisk (S.st.).

Boka til Camillo Sitte var ein protest mot den regularistiske idélinja, ei linje som var ingeniør-teknisk dominert og let trafikkføringar og leidningstraséar vere avgjerande for byplanstrukturen. Boka skapte ei spesiell interesse for å analysere byromma i dei eldre byane og kva vi kan lære av desse.


Sitte sitt arbeid har parallellar i liknande arbeid med vekt på den førindustrielle byen. Borgarmeisteren i Bryssel, Charles Buls (*Esthétique des villes*, 1893) og tyskaren Theodor Fritsch (*Stadt der Zukunft*, 1896), arbeidde med tilsvarande bymodellar. Dei skisserte eit mellomklassesamfunn, byar med ein avgrensa storleik, konsentrisk organiserte og klart avgrensa frå dei omkringliggande, grønne belta. Alle presenterte idéen om ein sjølvforsynt hageby som ein mellomting mellom ein tett by og landsbygda (S.st.).

Hagebyideala

Omlag samtidig med Sitte si bok om dei estetiske sidene ved byplanen, gav Ebenezer Howard (1850-1928) ut boka "*Tomorrow. A Peaceful Path to Real Reform*" i 1898. I denne boka presenterte han planar og førestillingar for dei engelske hagebyane, seinare utvikla til den meir kjente utgåva "*Garden Cities of Tomorrow*" (Howard 1902). Denne vart eit viktig grunnlag for planlegging og utforming av dei engelske hagebyane og markerte ein reaksjon på industrialiseringa sin ukontrollerte byvekst som førte til tronge og forureina bysamfunn. Grunntanken til Howard var å løyse ekspansjonsproblema til storbyane ved å byggje ut sjølvforsynte, mindre byar som satelittar i ein ring rundt storbyen (Mumford 1961).

Ved hjelp av effektive og moderne kommunikasjonsmiddel kunne innbyggjarane nå inn til storbyane, samtidig som dei kunne bu landleg med god tilgang til frisk luft, lys og grønne område. Sjølv om desse visjonane la vekt på ei funksjonell organisering av bystrukturen, låg dei estetiske ideala om ein anonym, småskala og idyllisk landsbyarkitektur til grunn.

Idéane fekk god mottaking, og det vart bygd ein prototyp av ein hageby, Letchworth i Hertfordshire av dei to arkitektane Barry Parker og Raymond Unwin. Ebenezer Howard var ingen arkitekt, men hadde likevel ei førande hand med prosjektet. Spesielt etter den andre verdskrigen vart desse hagebyane idealet for mange av dei nye drabantbyane som vart bygde i denne gjenreisingstida.



*Figur: 3.7: Utsnitt av plan for Letchworth med sine romslege rekkjehusparsellar.
Kjelde: (Choay 1969).*

Mange av Howard sine idéar finn vi att hos Le Corbusier. Desse idéane kunne like gjerne ha støtta opp om den rasjonalistiske idéretninga. Det som plasserer hagebyidéen i den kulturalistiske idéretninga, er den vekta som vert lagd på den preindustrielle bykarakteren, dei urbane kvalitetane med den klart avgrensa byen (Linn 1974).

På det amerikanske kontinentet vart hagebyideala omforma av Frank Lloyd Wright i hans Broadacre City. Her finn vi også ideen om den sjølvforsynte byen. Men her er den enkelte familie den sjølvforsynte eininga som bur i eit ekstremt arealekstensivt bysamfunn, utforma av den einerådande, visjonære arkitekten med vekt på fullstendig planleggingskontroll (Linn 1974; Wright 1984).

Ein annan viktig bidragsytar til den kulturalistiske linja var skotten Patrick Geddes (1854-1932). Geddes var utdanna biolog, men dårleg syn gjorde at han måtte skifte yrke og studerte seinare sosiologi, og gjekk etter kvart over til å studere byplanlegging. Han gav i 1915 ut boka "*Cities in evolution*" (Geddes 1915). Vi kjenner han som den regionale planlegginga sin far og som oppfinnar av omgrepet "*Survey before Plan*" - Analyse før planlegging. Hovudinnsatsen til Geddes låg på planleggingsmetoden og på historieanalysen sitt område. Han la vekt på grundige analysar av byen, byens eigenskapar, bymiljøet og bylivet, og at denne kunnskapen måtte brukast til å betre levekåra for byens innbyggjarar. Geddes er også kjend for arbeidet med å verne dei gamle bygningsmiljøa i Edinburgh, der han budde og arbeidde store delar av livet sitt. Den amerikanske forfattaren og arkitekturhistorikaren Lewis Mumford (1895-1990) var sterkt påverka av Howard og Geddes og gav

den kulturalistiske retninga ein ny giv gjennom boka *The culture of cities* som kom i 1938 (Mumford 1938).

Byens grammatikk

I boka "*The Architecture of the City*" frå 1966 skreiv Aldo Rossi (1931-1997) om byens arkitektur som eit historisk produkt som er i stadig endring for å tilfredsstille nye samfunnsmessige behov (Rossi 1982). I denne boka tok han eit oppgjær med modernismen og modernismen sitt syn på den historiske byen. Rossi var vaksen opp i Italia der den kulturelle arven var synleg over alt, og den tette historiske byen var ein realitet og eit utgangspunkt for alle bytransformasjonsprosessar. Rossi såg på byen som eit kunstverk uavhengig av dei sosiale og økonomiske faktorane som har påverka byen. Byens form var eit vitnemål om byen si historie, som eit kollektivt minne.

Men Rossi meinte likevel at byen ikkje var eit verneobjekt som skulle takast vare på i museal forstand. Byen er under stadig endring og det vert heile tida lagt til og trekt frå nye element og strukturar. Men på same måte som ein bygning skal kunne endre bruk, måtte også byen kunne endre funksjon samstundes som ein tok vare på byen si form. Det gamle palasset og den gamle byen kan skifte innhald og funksjon, men likevel ta vare på den opphavlege utforminga.

Rossi framheva verdien av ein historisk kontinuitet i byarkitekturen, og at det var viktig å byggje vidare på den bymessige samanhengen. Ved å halde fast på byen sine viktigaste element; gata, plassen og monumenta i utviklinga av byen, ville ein kunne sikre den historiske og kulturelle kontinuiteten gjennom nødvendige bytransformasjonar. Rossi meinte at byen er ei strukturell eining der dei viktigaste delane er gjensidig knytte til kvarandre, og der byen sine strukturar set reglar for si eiga forandring.

Rossi hadde som utgangspunkt at byen sine arkitektoniske former kan redusert til enkle typeelement som kan analyserast. Byens nettverk eller bymønster utgjer dei primære elementa som har prega og framleis vil prege byens utvikling. Byplanar av nyare og eldre tid og den særeigne plassen (*solus locus*) som på grunn av sine historiske føresetnader vert ulik alle andre plassar, utgjer ein slags bygrammatikk. Rossi ser på byen som eit språk der nedarva strukturar representerer kjende grunnelement som vert utvikla etter behov, men som også set grenser for korleis byen kan utviklast (Riksantikvaren 2005b; Ellefsen 2005:66 ;Werner Pedersen 1987:33; Lund 2001).

Tankane til Rossi vart følgde opp av brødrene Leon (1946-) og Robert Krier (1938-). Dei var også opptatt av bymønsteret, av byens morfologi og typologi. Alle byar har opp gjennom historia utvikla særtrekk som kjem til uttrykk gjennom byve-

ven, mønsteret av gater og plassar, saman med topografiske trekk, elver, høgder, sjøar m.m. I tillegg spelar bygningsmassen si utforming, stiluttrykk, høgder, volum ei viktig rolle i bykarakteren. Gjennom analysar av denne typologien vil ein vere i stand til å dekonstruere dette mønsteret og tilføre det nye kvalitetar slik at byens grunnstruktur vert vidareført og byens historiske kontinuitet vert tatt vare på (Krier 1979).

Leon Krier kritiserte sterkt etterkrigstidas byplanlegging og modernismen si dyrking av det "oppløyste rommet". Han meinte at det var viktig å ta vare på det historiske senteret som modellar for det kollektive livet, å sjå det urbane rommet som organisatoriske modellar for byane. På linje med Aldo Rossi ville han bruke typologiske og morfologiske studium som basis, og bruke kunnskap om historiske kjensgjerningar som middel til å rekonstruere gata, torget og karréen. Med denne kunnskapen ville han endre dei monotone sovebyane til multifunksjonelle bydelar. Dette bybyggingsprinsippet vart ein leietråd i fornyinga av Vest-Berlin på 1980-talet. Det vart uttala at det ikkje var meininga med dette å gå tilbake til historisismen, men prøve å skape ein samanheng mellom det moderne og det tradisjonelle, og prøve å etablere på nytt "den europeiske byen" (Lund 2001).

Frå postmodernisme til dekonstruksjon

I USA vart kritikken av den funksjonalistiske estetikken på 1970-talet boren fram av mellom andre den engelskfødte arkitekten og forfattaren Charles Jencks (1939-) som introduserte omgrepet den postmoderne arkitekturen (Jencks 1978). På liknande måte som Rossi samanlikna han arkitekturen med lingvistiske strukturar (Selberg og Sødal 1983:36). Den postmoderne arkitekturen var ein reaksjon på funksjonalismens strenge og knappe stil, og introduserte ein leikande og frodig omgang med ulike stilelement, hovudsakleg frå klassisismen. Dei viktigaste representantane for denne retninga var amerikanarane Robert Venturi og Charles Moore og spanjolen Ricardo Bofil.

Trass i mange gode intensjonar utarta denne arkitekturretninga etter kvart i meiningslause parafraser over ulike historieserande arkitekturelement. Mange reagerte derfor negativt på desse dekorasjonane som Daniel Libeskind kalla "*nostalgiske pastisjar som marknadsfører banale fantasiar.*" (Gunnarsjaa 2001:88).

Det er vanskeleg å plassere dette arkitektur- og planleggingssynet innanfor den kulturalistiske idéretninga, til det har det postmoderne arkitekturuttrykket for mange likskapar med den rasjonalistiske tenkinga. Ein kan likevel sjå denne retninga som eit uttrykk for den sterke posisjonen som kulturalistiske idéar hadde på slutten av 1970-talet, og at desse tankane kom til å inspirere den moderne arkitekturen.

Postmodernismen gav uttrykk for ein ny estetikk innanfor ein rasjonalistisk arkitekturtradisjon som i ein kort periode vart svært populært, som ei arkitektonisk motelune. Den postmoderne retninga oppmuntra til ei meir formingsorientert byplanlegging. I denne byforminga vart den klassiske byplanleggingstradisjonen henta fram att med klassisistisk monumentalitet og stilelement som symmetri, aksar og fondmotiv. Postmodernismen innanfor byplanlegginga var ein reaksjon på det oppløyste rommet som karakteriserte funksjonalismen sine byplanar. Ved å rekonstruere byen etter fortidas mønster og innføre klassiske byelement som monumentale torg, einsarta byggjehøgder, karréformer og klassisk gateutforming, ville ein kunne gjenscape byen før modernismen.

Denne motebølgja innanfor arkitekturen og byplanlegginga vart avløyst av ei ny retning som kan oppfattast som ein reaksjon på den italienske nyrasjonalismen med Rossi og Krier og den amerikanske postmodernismen med Venturi og Moore (Lund 2001). Denne stilretninga hadde som "ideologisk far" den franske filosofen Jacques Derrida (1913-2004). Han meinte at i ein kvar bodskap er det ei implisitt mening som ein ved hjelp av dekonstruksjon kan finne ut av. Denne lingvistiske tilnærminga skulle gi namn til ei eiga retning innan arkitekturen, dekonstruktivismen. Denne retninga låg langt frå postmodernismen sitt arkitektur- og historiesyn, der ein var opptatt av å byggje vidare på historiske strukturar og typologiar.

Tvertimot var dekonstruktivismen opptatt av å danne brot med arkitekturtradisjonar der ein før hadde lagt vekt på å skape orden, stabilitet og harmoni. Desse nye arkitekturideala utfordra etablerte arkitekturførestillingar og verdiar og prøvde gjennom grensesprengande prosjekt å riste arkitekturens konvensjonelle forståingsformer, gjere opprør mot etablerte rammer for arkitektonisk kvalitet og utfordre synet på estetisk form i håp om at "*denne galskap ville skape begivenheter der ikke kunne planlegges*", som Bernhard Tschumi, ein av arkitektane i denne tradisjonen, uttrykte det (S.st.:207).

Ein sentral representant for desse ideane var den hollandske arkitekten Rem Koolhaas som under overskifta "*The Generic City*" gav uttrykk for dekonstruktivismen sitt syn på den moderne byen (Lund 2001:213). Han la vekt på at byen skal vere ei avspegling av samtidas behov og evne, utan historie. Den moderne byen skal gi plass til alle, vere ukomplisert, utan krevjande vedlikehald. Blir byen for liten, så ekspanderer han, vert han for gamal, så destruerer han berre seg sjølv og fornyar seg. Han er overflatisk som eit filmstudio i Hollywood og kvar måndag morgon produserer han ein ny identitet (S.st.). Dette er eit arkitektursyn som passar godt i ein moderne by som heile tida er under press for forandring og tilpassing til nye økonomiske og tekniske krav.



*Figur 3. 6: Prosjekt for utviding av Victoria and Albert Museum, London
Arkitekt: Daniel Libeskind.
Kjelde: (Libeskind 2001).*

Dekonstruktivismen er provoserande og utfordrande både som arkitekturuttrykk og arkitekturteori. Men ideane fekk mange tilhengarar og har sett tydelege spor i arkitektur- og byplandebatten ved inngangen til det 21. hundreåret. Leiande arkitektar som amerikanaren Frank O. Gehry, mest kjend for Guggenheim-museet i Bilbao, polskfødte Daniel Libeskind, kjend for utforminga av det jødiske museet i Berlin, iranske Zaha M. Hadid som fekk Pritzker prisen i 2004, i tillegg til Rem Koolhaas og amerikanaren Peter Eisenmann, er alle knytte til dette arkitekturuttrykket utan at nokon av dei likar at det blir festa ein spesiell merkelapp til arkitekturen deira.

Modellar for vern av den historiske byen

Å gå inn for å verne ein "levande" by som eit arkitekturobjekt med sine bygningar og bygningsmønster er vanskeleg og kontroversielt, men også litt av eit paradoks. Byane har i alle år utvikla seg i takt med samtidas behov, tekniske framsteg og samtidas arkitektoniske stiluttrykk. Skal byen overleve og ikkje berre bli eit museum og ein utstillingsarena til glede for besøkande turistar, må byen fornyast i takt med nye krav og behov. Krigsødeleggingar, bybrannar og naturkatastrofar har med jamne mellomrom lagt byar og bydelar aude, for å bli gjenreist, stundom etter nye førebilde. Får vi disse transformasjonane på ein tidsmessig avstand, finn vi dei naturlege, og ser på dei som ein del av tidas gang og byens naturlege utvikling. Vi gløymer fort at ein viktig del av byen si historie er blitt borte. Trass i heftige protestar mot ein del bysneringsprosjekt opp gjennom tidene, var det ikkje mange som var ueinige i behovet for moderniseringstiltak i dei gamle byane. Ein såg stort sett på dei gamle

byområda som hindringar i arbeidet med å betre helsetilhøva, få fram trafikken og skaffe fram moderne infrastruktur.

Å sjå på byen som eit sjølvstendig verneobjekt, var ein ny og original tanke på slutten av det 19. hundreåret. Kvifor skulle det gå over 400 år mellom oppdaginga av den verdien dei monumentale kulturminna hadde, til ein vart merksam på verdien av den historiske byen? spør Françoise Choay i boka *“The Invention of the Historic Monument”* (Choay 2001:117-137). Kvifor vart ikkje byen oppfatta som eit sjølvstendig verneobjekt, men redusert til summen av byen sine kulturminne? Medan renessansen skapte interesse for dei historiske monumenta, nærmar vi oss det 20. hundreåret før ein vart opptatt av byens romlege strukturar, og ikkje berre av byens økonomiske og sosiale strukturar. Forståinga av byen som kulturminne utvikla seg som ein motstand mot den sterke urbaniseringsprosessen på slutten av 1800-talet. Arkitekturhistoria overser byen, påstod Camillo Sitte i 1889. *“Til og med i moderne arkitekturhistorie som diskuterer kvar ein uvesentleg ting, er ikkje byplanlegging blitt tilgodesett med den minste plass”* (Choay 2001:119). Framleis er det få historikarar og kunsthistorikarar som har interessert seg for byens rom, men det er ei gryande interesse for studium av byens morfologi, byens mønster.

Choay sette opp tre ulike modellar for utviklinga av den historiske byen (ancient city): *The memorial figure*, *The historical figure* og *The historial figure* (Choay 2001). Eg har kalla desse tre modellane for *Den antikvariske byen*, *Den historiserande byen* og *Den dynamiske byen*.

Den antikvariske byen

Det var særleg John Ruskin som målbar denne modellen. For Ruskin var bymønsteret sjølvve essensen i byen og gjorde byen til eit verneverdig kulturminne. Den alminnelege, anonyme arkitekturen (*domestic architecture*) spela ei viktig rolle som konstituerande element i byplanmønsteret. Det er samanstillinga av dei enkle bustadhusa langs elver og gater som gjer byen til ein heilskap (Choay 2001). Både Ruskin og Morris hadde sterke kjensler for den preindustrielle byen med sine lange tradisjonar og som i hundrevis av år hovudsakleg hadde rekonstruert seg sjølv. Trass i brannar og krigsøydeleggingar, bygde desse byane vidare på viktige element i det gamle byplanmønsteret, skapte av viktige landskapsformer og utviklinga av den allminnelege, anonyme arkitekturen. Dei kjempa for at den preindustrielle byen skulle overleve, og at ikkje dei dramatiske inngrepa som industrialderen ofte representerte, skulle få øydelegge dei gamle bystrukturane.

Desse bystrukturane var viktige for at byen kunne halde fram og spele rolla som eit kollektivt minne slik byen hadde gjort gjennom hundrevis av år, og skapt røter for innbyggjarane sine med omsyn til rom og tid (S.st.:122). Byane garanterer gjennom sin historiske kontinuitet vår personlege, lokale, nasjonale og menneske-

lege identitet, meinte Ruskin som nekta for at byen måtte gjennomgå store endringar for å tilpasse seg den moderne tida.

Den antikvariske byen (*The Memorial Figure*) legg vekt på kravet til autenticitet. Byen må vernast slik han framstår i dag med alle sine historiske dokumentasjonsverdiar. Dette er ein by som formidlar historie gjennom sine fysiske strukturar, frå plasseringa i landskapet, utforminga av gatenett og bebyggelsesmønster ned til autenticiteten ved den enkelte bygning og bygningens detaljering og materialbruk. Det er denne modellen som i størst grad passar med førestillingane om den antikvariske byen der strenge reguleringsføresegner og byggjevedtekter prøver å ta vare på byen i ei opphavleg, autentisk form. Bergstaden Røros er eit eksempel på ein by i Noreg som vert verna og utvikla i tråd med denne modellen. Skal vi etablere eit verne-teoretisk grunnlag for forvaltning av denne bytypen, minner dette kravet til vern av byen sin autenticitet om John Ruskin sine strenge krav til konservering av kulturminne.

Den historiserande byen

Den andre modellen kalla Choay for *The Historical Figure* (Den historiserande byen) og tileigna Camillo Sitte opphavet til denne modellen. Det er den preindustrielle byen som trer fram i Sitte sitt hovudverk (Sitte 1909). Sitte sine synspunkt vart i ettertid framstilte som ei støtte til alle former for pastisj og variasjonar over temaet "den gjenvunne byen". Denne kritikken er ikkje heilt rettferdig. Sitte var opptatt av å analysere den historiske byen si organisering for å finne fram til byen sine kvalitetar og kva slags eigenskapar ved den historiske byen vi kan ta med oss inn i moderne byplanlegging. Sitte vart gjennom desse analysemodellane grunnleggjaren av studium av byens morfologi. Han studerte romstrukturar, romforløp og bymønster for å finne kva slags eigenskapar ved den historiske byen som den moderne byforminga ikkje makta å gjenskape.

Choay karakteriserer den historiserande byen som ein kunstig by, men også som ein sjeldan og skjør by, som ein kunstgjenstand. Dette bykonseptet er utvikla gjennom tiår av turistar, intellektuelle og estetikarar som gjerne ser byen likestilt med ein artefakt utan eit eige pulserande byliv. Den historiserande byen har trekk som minner om den antikvariske byen, i og med at han med sine kunstige trekk ikkje verkar ekte. På den andre sida har den historiserande byen som regel tatt vare på noko av den opphavlege byen sin autenticitet, byen sin typologi og morfologi.

Den gamle, historiske byen blir brukt som eit førebilde og ein leietråd i utviklinga av den historiserande byen. På liknande måte som dei første restaureringsarkitektane brukte historiske stilelement som grunnlag for å dikte vidare i utforminga av eigne arkitektoniske førestillingar når dei skulle restaurere dei gamle, gotiske katedralane og mellomalderslotta, tok ein i dette tilfelle utgangspunkt i studie av by-

strukturen med sitt gatemønster og byens bebyggelsesmønster med sin skala, volum og rytme, men også bebyggelsens form og uttrykk. På dette grunnlaget vart det utarbeidd typologiar og formingsretteleiarar som sikra ei byutvikling som i form og dimensjon var i tråd med den gamle byens karakter. Debatten om stilkopiering og pastisjarkitektur har kome i kjølvatnet av utviklinga av denne modellen, slik vi særleg kjenner han frå debatten om fornying av Bakklandet i Trondheim.

Den dynamiske byen

Den tredje modellen for utviklinga av den historiske byen kalla Choay for "*The Historical Figure*" og kan oppfattast som ein syntese av dei to første modellane. Her er det ikkje berre framtida for det historiske bymønsteret som er i fokus, men også eigenskapane ved dagens og framtidens by. Framtidens by vil vere ein by i stadig endring ("*a kinetic organism*"), noko som stiller bestemte krav til byplanlegginga. Choay gav den italienske arkitekten, byplanleggjaren, ingeniøren og historikaren Gustavo Giovannoni (1873-1943) mykje av æra for å ha utvikla det teoretiske grunnlaget for denne modellen. Giovannoni var opptatt av den moderne byen sine krav til kommunikasjon og infrastruktur og byens kontinuerlege behov for forbetring og fornying, samtidig som ein må vakte om den historiske byen si historie, sin arkitektur og den ramma som byen gir for kvardagslivet. Giovannoni såg ein konflikt mellom desse to omsyna, som mellom livet og historia. Å foreine krava frå ei moderne byutvikling med respekten for dei historiske og kunstnariske verdiane og miljøet i dei historiske byane, var ei vanskeleg oppgåve (Jokilehto 1999:220; Choay 2001:132).

Giovannoni sin karriere utfalda seg delvis under Mussolini. Gjennom arbeidet sitt som byplankonsulent, lærar og kritikar greidde han å redusere Mussolini sine omfattande planar for omforming av Roma, der diktatoren på symbolsk vis ville gjenskape Det romerske imperiet si makt gjennom arkitekturen og byplanlegginga. Giovannoni ville modernisere Roma samtidig som han ønska å verne byens historiske karakter. Han var særleg opptatt av å ta vare på byplanmønsteret og byens anonyme arkitektur som han kalla arkitekturens poesi frå kvardagslivet (Tung 2001:61). Han var overtydd om at den anonyme arkitekturen (*minor architecture*) var vel så viktig å ta vare på som dei storslåtte monumenta, fordi dei representerte og gjenspegla folket og deira historiske utvikling betre enn monumentalarkitekturen.

Men det viktigaste var å gi den historiske byen og innbyggjarane tilgang til det moderne livet, til den tekniske og økonomiske utviklinga. Byen må utviklast i tråd med moderne krav og behov, samstundes som karakter og miljøkvalitetar ved den historiske byen vert tatt vare på. Det kravde ei pragmatisk haldning til spørsmål om vern og utvikling der ein prøver å avvege mange omsyn. Eit overordna mål for

denne modellen er å ta vare på bylandskapet, byplanmønsteret med sine gater og byrom og bebyggelsesmønsteret med sine volum, skala og rytme. Innanfor dette mønsteret kunne ein i følgje Giovannoni gjerne byggje nytt og moderne. Gjennom nøye studiar av byplan- og bebyggelsesmønster foreslo han ei forsiktig uttynning av tette og samanvaksne byområde for å få fram trafikk og nødvendig infrastruktur.

I desse tre planleggingsmodellane er det ein fellesnemnar, omsynet til byens morfologi. Gjennom ei nødvendig fornying av byen vart det framheva som viktig å ta vare på den særeigne karakteren som bystrukturen og bebyggelsesmønsteret gir byen.

Utviding av vernegrnlaget

Etter kvart som det antikvariske kulturminnevernet vart utvida til å omfatte meir enn dei storslåtte enkeltmonumenta og mellomalderens bygningskunst, vart det òg eit spørsmål om på *kva* grunnlag ein skulle velje ut dei kulturminna ein ønska å ta vare på, og *korleis* ein skulle ta vare på desse. Kulturminnevernet har tradisjonelt vore opptatt av å utvikle kriterium for å kunne velje ut dei kulturminna og kulturmiljøa som skulle sikrast for ettertida. På grunnlag av desse vart det utarbeidd lister over verneverdige bygningar og byggverk. Desse listene vart kulturminnevernet sin reisikap i vernearbeidet. Men i tillegg til at desse listene var inkluderande, vart dei også ekskluderande, ved at dei kulturminna som ikkje kom på lista, dermed vart avviste og skulle ikkje vernast. Slike lister har derfor vore eit tveigga sverd i kulturminnevernet og har skapt debatt, særleg på bakgrunn av at ein har sett at kriteria for å verne eit kulturminne har endra seg vesentleg gjennom tidene.

Alois Riegl og det moderne kulturminnevernet

Ved hundreårsskiftet utvikla austerrikaren Alois Riegl (1853-1905) kriterium for eit kultturminne sin verneverdi som han presenterte i artikkelen "*Der moderne Dankmalkultus - sein Wesen und seine Entstehung*". (Det moderne kulturminnevernet - sin karakter og sitt opphav) (Jokilehto 1999: Riegl 1929). Riegl sin verneteori er sentral for å forstå utviklinga av det teoretiske grunnlaget for kulturminnevernet, og har vore grunnleggjande for utviklinga av seinare teoriar. Gjennom ei filosofisk tilnærming sette han kulturminna inn i ei breiare ramme der ikkje berre objektets vitenskaplege verdi skulle vere utslagsgivande. Han sette opp fire grunnverdiar: aldersverdi, historisk verdi, kunstnarisk verdi og bruksverdi.

Eit viktig element i Riegl sitt bidrag til verneteorien, er skiljet hans mellom tre minne- eller erindringsverdiar, ein tilsikta verdi (*gewollte*), ein ikkje tilsikta, historisk verdi (*ungewollte*) og ein verdi der alderen gir verdi til kulturminnet (*alterswert*). Riegl meinte at eit kulturminne kan vere tilsikta ved at det er utforma ut frå ønsket om å lage kunst, slik vi finn eksempel på i slott og kyrkjebygg. I eit "*gewollte*

Denkmal" vert erindringsverdien såleis bestemt av dei som utforma verket og kan i følge Riegl restaurerast for å gjenskape den historiske verdien, som når ein restaurerer eit kunstverk. Eit kulturminne som ikkje er tilsikta, er utvikla for å tilfredsstille praktiske behov. Til dømes kan eit gammalt stavloft vere eit utilsikta kulturminne som i ettertid er blitt vurdert som historisk verdifullt og bør overleverast med alle sine historiske spor. Like eins vil den historiske trebyen vere eit utilsikta kulturminne som historia har foredla og gitt ein aldersverdi. Den historiske byen kan derfor utviklast som den dynamiske byen der ein både skal verne og utvikle byen sine historiske strukturar. Riegl utvikla teoriane sine i ei abstrakt og fortetta form som det var vanskeleg å formidle. Dei vart likevel grunnleggjande for utvikling av seinare teoriar om kulturminna sin verneverdi (Jokilehto 1999:216).

Vernegrnlaget vert "altomfattande"

I det moderne kulturminnevernet er ikkje lenger aldersverdien det dominerande vernekriterium. I NOU 2002:1, "*Fortid former framtid*" heiter det at "*Alle de spor menneskers liv og virksomhet har etterlatt seg i omgivelsene er kulturminner og kulturmiljøer, enten de tilhører en fjern eller nær fortid.*" Denne vide definisjon av kulturminne og kulturmiljø er også nedfelt i kulturminnelova og stiller kulturminneforvaltinga overfor store utfordringar.

Det er ikkje høve til å ta vare på alle våre kulturspor. Mange må naturen få erodere bort og la forvitne. Gamle bygningar og byggverk må ofte erstattast med nye. Det må gjerast val og prioriteringar. Dei kulturminna og dei kulturmiljøa som skal vernast, må gjenspegle dei verdiane som vi meiner er viktige å ta vare på. Dette er ikkje alltid berre objektive verdiar, bygde på faglege vurderingar og kunnskap, men også på subjektive vurderingar av kva som er viktig for den enkelte. Utsiktene til at verdivurderingane endrar seg, har også gjort det vanskeleg for kulturminneforvaltinga å prioritere mellom viktige og mindre viktige kulturmiljø (NOU 2002: 1:25; Lov om kulturminner 9. juni 1978,§1).

Riksantikvaren har gitt ei grunngeving for *kvifor* vi ønskjer å ta vare på kulturminne og kulturmiljø der han i tråd med Venezia-charteret peiker på at kulturminna representerer kjelder til kunnskap, grunnlag for oppleving og har verdi som bruksressursar (Riksantikvaren 2005a):

Kjelder til kunnskap. Kulturminna er uerstattelige kjelder til kunnskap om den historiske utviklinga av dei fysiske omgivnadane våre. Vi er forplikta til å forvalte desse ikkje-fornybare ressursane med respekt for menneska som har levd før oss og med tanke på vår eigen og komande generasjonar.

Grunnlag for oppleving. Kulturminna bidrar til å skape stadskarakter og tilknytning. Dette er ein kvalitativ verdi som må opplevast subjektivt.

Verdi som bruksressursar er i seg sjølv ei grunngeving for å ta vare på kulturminna, men meir ut frå eit ressursperspektiv enn frå eit kulturhistorisk perspektiv.

Eit kulturminne og eit kulturmiljø sin aldersverdi og historiske verdi er kjelder for kunnskap, medan den kunstnariske verdien gir grunnlag for oppleving. I tillegg vert det nemnt den verdien kulturminna har som bruksverdiar. Dei fleste kulturspora som vi etterlet oss, har desse eigenskapane i større eller mindre grad. Dei formidlar historie, sjølv om alderen kan vere kort. Dei kan representere eit subjektivt grunnlag for oppleving, sjølv om dei fleste kan tykkje at dei er stygge. Og dei representerer bruksverdiar sjølv om dei ikkje lenger er i bruk i sin opphavlege funksjon.

Denne nyare og vide definisjonen av kulturminne og kulturmiljø reiser spørsmålet om kva vi skal verne, kva vi skal prioritere. I følgje Kulturminnelova er det dei kulturhistoriske eller arkitektonisk *verdifulle* kulturminna og kulturmiljøa som kan vernast (Lov om kulturminner 9. juni 1978 §1). Riksantikvaren har sett opp eit sett med kriterium for kva kulturminne som er så kulturhistorisk og arkitektonisk verdifulle at dei bør vernast (Riksantikvaren 2005a).

Representativitet. Dei utvalde kulturminna skal illustrere eit tverrsnitt av historia som kan bidra til å tolke og kaste lys over historia frå ulike synsvinklar. Variasjon og mangfald er viktig for at det utvalet som vert gjort, kan gi eit representativt uttrykk for korleis samfunnet har utvikla seg. Representativitet må også sjåast i samheng med omgrep som sjeldan eller typisk. Vi ønskjer å ta vare på det som har vore vanleg, men som no er sjeldan og det som er sjeldan og som alltid har vore det.

Samanheng og miljø. Den historia som eit kulturminne fortel, er ofte avhengig av konteksten. Ofte er det nettopp samanhengen mellom objektet og konteksten som gir oss kunnskap utover det som det enkelte objekt kan fortelle.

Autentisitet er eit uttrykk for om noko er det som det gir seg ut for å vere. Ofte brukar ein omgrepa ekte eller opphavleg om det same. Autentisitet er eit sentralt omgrep i kulturminnevernet og har som regel vore knytt til omfanget av originalmateriale. Etter kvart har autentisitet fått eit mykje breiare innhald. Narakonferansen i Japan i 1994 i regi av ICOMOS vedtok ei fråsegn som mellom anna definerer autentisitet til også å omfatte faktorar som utforming, materialar, bruk, tradisjonar, teknikk, lokalisering og kontekst, atmosfære og andre indre og ytre faktorar (ICOMOS 1994; Larsen 1994). Med ein så vid definisjon, vil også kopiar og pastisjarkitektur ha element av autentisitet ved seg, i og med at forma, materialbruken, funksjonen og konteksten ville kunne vere autentisk.

Bakgrunnen for denne debatten om autentisitet var at ulike kulturar hadde svært ulike oppfatningar av autentisitet. Mange av dei gamle japanske og kinesiske

templa hadde gjennom lang tids bruk blitt vesentleg endra gjennom reparasjonar og utskiftingar av gamle bygningsdelar, samtidig som dei tok vare på autentisk form, materialbruk og bruksmåte. Innanfor det vestlege kulturminnevernet har det derimot vore vanleg å leggje ein meir avgrensa definisjon på autentisitet til grunn der ein har lagt vekt omfanget av originalmateriale. Autentisitet blir likevel sett på som viktig for kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi, og avgjerande når vi skal vurdere verdien av dei ulike kulturminna og kulturmiljøa. Kulturminneforvaltinga vil alltid prøve å ta vare på det kulturminnet eller kulturmiljøet som har høgast kunnskapsverdi. I denne samanheng er materialautentisitet eit av dei kriteria som vert tillagt størst vekt.

Etter kvart som omgrepa kulturminne og kulturmiljø vart meir og meir omfattande, vart dei også viktige element i ei samla miljø- og ressursforvaltning. Gjennom St.meld. nr. 16 (2004-2005) "*Leve med kulturminner*" gav Stortinget tilslutning til prinsippet om at *mangfaldet* av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som *bruksressursar* og *som grunnlag for opplevingar og vidareutvikling av fysiske omgavnader*, medan eit *representativt utval* skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv som *kunnskapsressursar*. Her vart det gjort eit viktig prinsippielt skilje mellom eit antikvarisk vern av representative kulturminne og kulturmiljø og ei bruksorientert forvaltning av eit mangfald av kulturminne. Vern og utvikling av den historiske byen vil som regel vere eit bruksorientert vern. Grunnlaget for forvaltinga av desse byområda vil i samsvar med desse prinsippa som hovudregel ikkje vere eit antikvarisk vern, men eit bruksorientert vern tilpassa den enkelte situasjonen.

Utover på 1990-talet vart det arbeidd med ulike planleggingsverktøy som skulle nyttast til å vidareutvikle byen og tettstaden på ein måte som tok vare på byens tradisjonar og særpreg. Utviklinga av byggjeskikkomgrepet og ulike modellar for by- og tettstadsanalysar var ein freistnad på å operasjonalisere slike eigenskapar ved byen og tettstaden for å kunne handtere desse eigenskapane i ein planleggings-samanheng.

Byggjeskikk og stadstilpassing

Mellomkrigstidas funksjonalistar var opptatt av at byen skulle kunne fylla bestemte funksjonar og at forma skulle underordnast dette omsynet. Dei strenge geometriske formene representerte ofte ein eigen estetikk. Ofte var desse formene styrte av klas-siske føredøme med fondmotiv og symmetri slik vi kjenner dei att i Sverre Pedersen og Harald Hals sine planar frå mellomkrigstida. I etterkrigstida vart desse tankane viktige delar av moderniseringsprosjektet som tok sikte på å gjenreise og modernisere landet etter krigsøydeleggingar og manglande vedlikehald og fornying. Den rasjonalistiske planleggingsretninga var koplta saman med den regularistiske som fekk

ny kraft i samband med innføring av Bygningslova i 1965. Denne introduserte ein ny planleggingsæra med stor vekt på offentlig styring og regulering.

Det ville vise seg at denne planlegginga ikkje var berre vellukka. Dette kom særleg til uttrykk i samband med omforminga av dei sentrale byområda. Her gjekk bytransformasjonen hardt utover dei gamle bygningsmiljøa, og skapte eit bylandskap utan visuell samanheng. Allereie i ei lærebok i planlegging av byar og tettstader som Kommunaldepartementet gav ut i 1968, kom det fram kritikk av utviklinga av tettstadene våre:

"Noen steder er det skapt vakre og harmoniske sentra, men dessverre har altfor mange bygdesentra grodd opp uten plan og uten tanke på det endelige resultat. Det er tilfeldighetene som har skapt sentret. Provisoriske bygg, reklamer, kiosker, utvidelser og tilbygginger setter etter hvert sitt preg på stedet. Forskjellige moteinnfall, uhemmet materialvalg og ukritisk bruk av effekter har gjort bygdas samlingsplass til et "moderne" sentrum som står i grell kontrast til de gamle harmoniske sentra som grodde fram i tider da tradisjon og sikker smak skapte våre samlingsplasser." (Johnsen 1968:17).

Ulike departement har sidan tidsskillet på midten av 1970-talet, arbeidd med kampanjar og program som har hatt som målsetting å betre kvaliteten ved dei fysiske omgivnadene vår, særleg i tilknytning til byar og tettstader. Staten sette i 1982 ned eit eige byggjeskikkutval *"for å fremme kvalitet i boligbyggingen og de allerede bygde omgivelser."* (Schmidt 1998:3). Men det var først på 1990-talet at vi fekk eit sterkt statleg engasjement i spørsmålet om estetikk, byggjeskikk og arkitektonisk kvalitet. På bakgrunn av utviklinga i mange av tettstadane våre, skjerpa Stortinget kravet til estetikk og formgiving gjennom endringar i Plan- og bygningslova i 1997. Miljøverndepartementet gav i samarbeid med Kommunal- og arbeidsdepartementet ut ein rettleiar, *"Estetikk i plan- og byggesaker"*, om utforming av bygningar og planar i forhold til estetikk- og byggjeskikkkomgrepet (deVibe 1997). I 1990 sette Kulturdepartementet i gang eit nasjonalt program for arkitektur og bygde omgivnader som presenterte rapporten *"Omgivelser som kultur. Handlingsprogram for estetisk kvalitet i offentlig miljø"* (Kulturdepartementet 1992).

I Stortingsmeldinga *"Kultur i tiden"* som kom i 1992, tok Kultur- og kyrkje-departementet opp spørsmålet om utforming av dei fysiske omgivnadene våre. Bakgrunnen var opplevinga av at det norske bylandskapet var i ferd med å bli utflytande og formlaust: *"Ved inngangen til 1990-årene formidler det norske tettstedet en mangel på bevissthet om betydningen av og muligheten for å satse på estetiske kvalitet. Historiske bygningsmiljøer som gav folk identifikasjon med stedet og med tidligere generasjoners arbeid, blir ofte revet og erstattet av en utbygging som i mindre grad forsøker å føye seg inn i en lokal sammenheng. ... Hvert enkelt hus forholder seg ofte bare til egen tomt; det ser bort fra den helhet det inngår i med annen bebyggel-*

se, og særpreget som ligger i stedets landskap og er utviklet gjennom en stedlig byggeskikk" (St. meld. nr. 61 1991-92).

Arbeidet for å ta vare på bebyggelse og busetting i dei eldre delane av byane våre førte til ønsket om å tilpasse ny arkitektur til den tradisjonelle byggeskikken i dei historiske byområda. Dette innebar ønsket om å sjå den nye bebyggelsen i ein kontekstuell samanheng. Det vart arbeidd for å etablere retningslinjer for ei meir harmoniske utforming av byane og tettstadene våre, der nye bygningar og byggverk i større grad måtte tilpasse seg det eksisterande bygningsmiljøet. På grunnlag av grundige analysar av bebyggelsen sin karakter med omsyn til skala, høgder, dimensjonar, materialbruk og detaljering, utarbeidde ein føresetnader for ein moderne, stadstilpassa arkitektur.

I eit rettleiingshefte som Statens byggeskikkutval gav ut i 1998, heiter det: *"Arkitekturen som formuttrykk og kunst har en forpliktelse til selv å tolke og utfordre samtiden. Det er imidlertid viktig med respekt for en historisk situasjon for byggetradisjon og lokalt særpreg. Nybygg må utformes med bevissthet og omtanke i forhold til eksisterende strukturer, gateløp, offentlige rom og landskap"* (Schmidt m.fl. 1998). Ny bebyggelse i dei historiske byområda skulle tilpassast den lokale og tradisjonelle byggeskikken, samtidig som bygningane skulle vere eit uttrykk for samtidsarkitekturen: *"... ny arkitektur skal bygges inn i en sammenheng og må derfor følges opp med tilstrekkelig beskyttelse mot arkitektonisk historieløshet"* (S.st.).

Omgrepet byggeskikk vart tatt i bruk som eit uttrykk for *"helhet og harmoni i utbyggingsmønsteret ..(og ved).. utforming av det enkelte bygg"* (S.st.). Ein skulle hente fram røter i den gamle bygningsarven, slik at *"den nye får tilhørighet og identitet."* God byggeskikk skulle utviklast med respekt for lokale materialar og teknologi, landskapets karakter, tomte sine eigenskapar og lokalt klima. God byggeskikk forstod ein som ein tradisjonsbunden, regional byggeskikk.

Den offentlege utgreiinga *"Fortid former framtid "* (NOU 2002:1) som vart lagt til grunn for Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) *"Leve med kulturminner"*, omhandla utfordringane for kulturminnevernet. I denne utgreiinga står omgrepet kulturmiljø sentralt. Her heiter det at eksisterande kulturmiljø i større grad må brukast som eit utgangspunkt for og ein ressurs i den vidare utviklinga av byar og tettstader. *"Kravet om utvikling og nyskaping må kombineres med en bevisst utnyttning av stedlige særpreg og historiske sammenhenger. .. Kommunal planlegging bør utvikle bedre metoder og prosesser for å bruke stedenes egenart, kulturhistorie og estetiske kvaliteter som virkemiddel for utvikling og nyskaping."* (NOU 2002:1, :42).

Det vart etter kvart etterlyst planleggingsreiskapar for å kunne utvikla den arkitektoniske kvaliteten ved omgivingane våre. Eit av verkemidla for ei god byforming var stads- og byanalysar som skulle gi ei betre forståing og målinnretning i

planlegging og byggjesakshandsaminga. "Det er økende interesse for vektlegging av estetiske kvaliteter og lokal identitet ved utforming og vedlikehold av det fysiske miljøet i våre steder", heiter det i Miljøverndepartementets si rettleiingshefte om by- og stadsanalysar som kom ut i 1993 (Miljøverndepartementet 1993:1).

Stadsidentitet og byutvikling

By- og tettstadsanalysane var opptatt av at byen eller tettstaden har ein spesiell "objektiv" stadsidentitet som det var ei oppgåve å prøve å identifisere. Ein by kunne ha ein spesiell eigenart eller karakter, eit "andlet" som var eit uttrykk for byens identitet og som gjorde at han skilde seg frå andre byar. Det var by- og tettstadsanalysane si oppgåve å prøve å finne ut kva slags eigenskapar som gav staden denne spesielle identiteten. Ein la ofte vekt på fysiske strukturar og andre materielle trekk ved staden som landskapet, bymønsteret, bygningsmiljøet og kanskje også enkeltbygningar som kunne gi byen særpreg. Formålet med å prøve å identifisere slike særtrekk, var å bli kjend med byen og gjennom det gjere det lettare å kunne vidareføre sentrale trekk eller eigenskapar ved staden slik at karakteren eller identiteten vart oppretthalden. Denne trua på den objektive identiteten er gjerne knytt til trua på at denne identiteten har vakse fram gjennom ei historiske utvikling og er berar av staden si historie.

Trua på at ein kvar stad eller by har slike ibuande eigenskapar som lett kan kjennast att og lett kan formidlast, møter derimot vitskapsteoretiske utfordringar. Kan ein by ha ein objektiv identitet som er sams for alle som har eit forhold til byen, og er denne identiteten meir korrekt enn andre mogelege identitetar? Eller er det slik at byen kan ha mange identitetar slik at det er opp til den enkelte å meine kva som er stadens identitet? Nokre meiner at byen heile tida vert konstruert, og at byidentiteten vil bli oppfatta ulikt av ulike aktørar og til ulike tider. Det kan vere like mange oppfatningar av byen sin karakter og identitet som det er folk i byen. Alle som brukar ein by, er med og konstituerer byen gjennom sine handlingar, men også gjennom sine utsegner.

Nokre er meir aktive enn andre og i ein betre posisjon til å kunne konstruere denne byidentiteten. Det kan vere aktørar som har ei eiga interesse av å konstruere ein spesiell identitet. Det kan vere politikarar som er opptatt av at byen skal framstå med ein profil som gir signal om gode levekår eller gode vilkår for næringsutvikling. Eigedomsmeklarar bruker ofte stadskonstruerande utsegner som framhevar og styrkar positive trekk ved byen eller bydelen, og som dermed kan medverke til å trekkje opp eigedomsprisane. Ein slik stadskonstruksjon har som formål å auke ein stads attraktivitet og dermed verdien av staden.

By- og tettstadsanalysane har ofte som formål å identifiserer trekk ved staden som bør forsterkast og vidareutviklast for å styrke positive sider. Ved å framheve

nokre eigenskapar eller aspekt, gjerne knytte til tradisjon og historie for å framstå som ekte og genuine, gir desse stadskonstruksjonane staden ein identitet som framstår som klar og tydeleg og dermed lettare å marknadsføre.

Det er ulike teoretiske tradisjonar innanfor samfunnsvitskapane knytte til dette emnet, ein humanistisk og ein strukturalistisk. Begge retningane utvikla seg på 1970-talet som ein reaksjon på dei positivistiske byteorianane. Den strukturalistiske tradisjonen fokuserer på korleis grunnleggjande samfunnsstrukturar gir føringane for utviklinga av staden, utan at enkeltindivid har noko sjølvstendig rolle i denne prosessen. Den humanistiske retninga er derimot opptatt av korleis menneska subjektivt eller intersubjektivt konstruerer staden. Denne retninga er opptatt av at menneska har ulike røymsler og opplevingar knytte til staden, og dermed har ulike forståingar av kva denne staden er. Dei vil derfor tillegge staden ulike meiningar og innhald. Gjennom meiningar og handlingar er menneska med på å forme stadsidentiteten og dermed også staden.

Ein nederlandsk studie har sett på "lekfolks" vurdering av staden og område med kulturhistorisk verdi. I denne studien vart det peika på at historiske bygningar har ein eksistensiell verdi for folk ved at dei gir og forsterkar ei tilknytning til staden. Dei etablerer eit slags anker og ei kjensle av identitet. Desse kulturminna er som visittkort som identifiserer ein, men som også gir ei samkjensle, ein kollektiv identitet: Det er her eg høyrer til!

- *They give or enhance place identity, personal identity and group identity...*
- *They are bearers of all kinds of reminiscences and feelings such as pride, attachment, belongig, providing a kind of environmental anchor for persons and contributing to their feeling of identity.*
- *They bear the identity of a town or village, like a visiting card, enhancing a sense of community, of collective identity, a feeling of "this is our place"* (Coeterier 2002:111-123).

Bakgrunnen for slike undersøkingar var eit ønskje om å ta meir omsyn til publikum sine haldningar i byplanlegginga, spesielt når det galdt utarbeiding av planar for utbygging av miljø med spesiell historisk interesse. Dette var ein del av ein demokratiserings- og desentraliseringsprosess innanfor samfunnsplanlegging, men også eit svar på den aukande motstanden mot det som bebuarane opplevde som vilkårlege planleggingsvedtak der interessene til bebuarane i for liten grad var blitt høyrde. Etter at også Nederland hadde opplevd husokkupasjonar og protestar mot planleggingspraksis, vart meir og meir av planlegginga basert på lekfolks oppfatningar som bebuarar og brukargrupper, og ikkje berre på eksperthaldningar. Ein ønskjer eit samspel mellom lekfolk og ekspertane sine bidrag til samfunnsplanlegginga, som eit samspel mellom fornuft og kjensler.

By- og tettstadsanalysar

Arkitekturteoretikaren Christian Norberg-Schultz gav med sitt teoretiske grunnlag eit viktig fundament for utvikling av modellar for by- og tettstadsanalysar. Norberg-Schultz var sterkt inspirert av fenomenologisk filosofi og gestalt-psykologi, særleg av Martin Heidegger sine tankar om at eit fenomen ikkje kan forståast utan fortolkaren si subjektive tilnærming. Opplevinga av byen eller staden er nødvendigvis gjenstand for di eiga tolking.

Norberg-Schulz registrerte at mange av byane og tettstadene våre var i ferd med å miste sin opphavlege karakter og identitet ved at store delar av den gamle bebyggelsen vart erstatta med ny som ikkje makta å spele på dei kvalitetane som låg i byen sin karakter. Etter Norberg-Schultz si meining skjedde det eit "stadstap" i desse byane som vart omforma etter modernismens prinsipp. Dette stadstapet i bygningskunsten og byutviklinga må på ein eller annan måte gjenopprettast, ikkje ved å gjere som postmodernistane ved å vende tilbake til tidlegare stilartar og byplanformer, men ved ei ny kunstnarisk innleving og tolking av staden.

Ein kvar stad har sin romstruktur, og ein stadsanalyse må ta sikte på å avdekke denne. Norberg-Schulz introduserte uttrykket "*Genius Loci*" (Stadens ånd) om dei verdiane som var knytte til staden utover dei fysiske strukturane som tok sikte på å oppfylle dei reint praktiske behova (Norberg-Schulz 1980; Norberg-Schulz 1995). Han la vekt på samanhengen mellom landskapet, staden og bygningane, men også på korleis staden har forma sin identitet gjennom historia: "*En stedsanalyse må både avdekke romstrukturen og beskrive hva som betinger karakteren*" (Norberg-Schultz 1978:26).

I sin modell for stadsanalyse peika Christian Norberg-Schulz på fire grunnleggjande tilnæringsmåtar; "*orienteringsrommet, identifikasjonsrommet, erindringsrommet og historierommet*". I "orienteringsrommet" la han vekt på dei fysiske elementa som grenser, kantar, tersklar, tyngdepunkt og romdannande element. "Identifikasjonsrommet" seier korleis staden framstår gjennom til dømes kontrastar som mørk-lys, høg-lav, jord-himmel. "Erindringsrommet" betyr at vi kjenner att staden ved å identifisere element som er karakteristiske og gjenkjennelege. "Historierommet" viser korleis staden har forma sin identitet gjennom tidene. (Norberg-Schulz 1995:95).

Medan Norberg-Schultz var fenomenologisk og kvalitativ i si tolking av byens kvalitetar, prøvde arkitektane Karl Otto Ellefsen og Dag Tvilde å vere meir praktiske og objektive i si utforming av planleggingsverktøyet *Realistisk byanalyse* (Ellefsen og Tvilde 1991). Realistisk byanalyse er ein metode for å analysere byens arkitektur, til å omtale og tolke arkitektoniske fenomen. Ved hjelp av denne metoden skal ein prøve å finne ein måte å framstille våre fysiske omgivnader på. Gjennom ei klassifisering av byen skulle analysen gi haldepunkt for utviklinga av byen si arki-

tektoniske form og tilpassing av ny arkitektur til den eksisterande. I tråd med Aldo Rossi sine teoriar, skulle eksisterande form og struktur vere premissgivande og klargjere arkitektoniske hovudprinsipp som nye prosjekt må ta stilling til. I den realistiske byanalysen er grunnleggjande strukturar dei ordensprinsippa som har styrt byutviklinga gjennom historia.

Metoden tar utgangspunkt i byen som historiske dokument. Byen som fysisk fenomen er uttrykk for menneskeleg kultur som har utvikla bestemte mønster. Dei ulike fysiske ordensprinsippa som byen sin arkitektur må følgje, er eksempel på dette. Metoden prøver å definere eit presist omgrepsapparat og omtalar dei fysiske uttrykksformene ut frå dette, ved å sjå innhaldet i arkitektonisk form, både som ei utvikling over tid, men også som ei samansetning av fleire element. *"På denne måten håper vi at byplandiskusjonen om byens arkitektur i større grad kan bli preget av fakta og i mindre grad av subjektive oppfatninger"* (Ellefsen og Tvilde 1991:3).

Forfattarane tok også viktige standpunkt i debatten om utviklinga av den historiske byen: *"Vi håper at dokumentasjonen av historiske transformasjonsendringer over tid i byens arkitektur - kan være et argument mot de som ønsker å bevare byen som et statisk bilde som ny arkitektur må innordne seg."* (S.st.:3).

Realistisk byanalyse byggjer på at det finst eit objektivt grunnlag som byens arkitektur kan forståast og omtalast på. Analysen forklarar byens arkitektur på ein mest mogeleg målbar og etterprøvbar måte. Realistisk byanalyse har ei uttrykt målsetting om at analysen skal vere verdinøytral, basert på ei framstilling av dei ulike elementa si historiske grunngeving. Kravet til modellen er at *"den i størst mulig grad skal gi en realistisk beskrivelse og fortolkning av byens arkitektur"*. (S.st.:3)

Thomas Thiis-Evensen sin metode for estetisk byforming gav grunnlag for utvikling av formingsrettleiarar for vedlikehald og opprusting av eksisterande bebyggelse og rettleiing ved tilpassing av ny bebyggelse i eksisterande verneområde (Thiis-Evensen 1992). Denne analysemodellen byggjer på at det finst visse visuelle prinsipp som gjeld for ei kvar formgiving og som kan leggjast til grunn for å forstå bebyggelsen sine visuelle eigenskapar.

Både Norberg-Schulz si fenomenologiske tilnærming, Ellefsen og Tvilde si positivistiske Realistisk byanalyse og Thiis-Evensen sin kvalitative metode for estetisk byforming var alle utfordrande for planleggjarar som skulle bruke desse verkøya i si planleggingsverksemd. I tillegg til at det var vanskeleg å operasjonalisere desse kvalitative sidene ved byutviklinga, opererte desse modellane med strukturar og terminologiar som gjorde desse verkøya lite tilgjengelege og vanskeleg å bruke i konkrete planleggingsoppgåver. Miljøverndepartementet sette derfor i gang arbeidet med å utvikle rettleiarar for stadsutvikling og stadsanalyse som skulle forenkle metoden og gjere han meir tilgjengeleg.

I Miljøverndepartementet sin rettleiar frå 1993 heiter det at: "*Stedsanalyse er en systematisering av kunnskap for å forstå stedet. ... En dokumentert utvelgelse, bearbeiding og presentasjon av stedskunnskap, som kan etterprøves og diskuteres. Stedsanalyse bygger på kunnskap om stedets historiske utvikling. Stedsanalyse gir grunnlag for å forstå stedets forutsetninger og muligheter, for å diskutere tiltak og framtidsbilder og for å fatte beslutninger.*" (Miljøverndepartementet 1993:3).

Stadsanalysane er eit planleggingsverktøy som skal medverke til at planar og tiltak byggjer på nødvendig kunnskap om staden og byen. Staden og byen si historiske utvikling og topografiske eigenskapar og føresetnader var viktige element i analysen. Omgrep som heilskap og variasjon, kvalitet, stadsidentitet og stads karakter var også nemnde. Kunnskapsgrunnlaget for stadsanalysane var omfattande. Rettleiaren peika på fire hovudtema:

- Historisk utvikling.
- Natur og landskap.
- Bebyggelsen si organisering.
- Bygningar og andre enkeltelement.

Stads- og byanalysane tok utgangspunkt i ei romleg fordeling av eigenskapar ved det bygde miljøet, frå forholdet mellom naturlandskapet og kulturlandskapet, bebyggelsen si plassering i landskapet og dei karaktertrekka dette gir til bebyggelsen. Analysane tok også utgangspunkt i bystrukturen og bebyggelsesmønsteret slik desse kjem til uttrykk gjennom bebyggelsen si organisering i forhold til gatenettet og topografiske element som elvar, sjøar og terrengformer. Analysen gjekk også ned på bygningsnivå og studerte typologiske kjenneteikn knytte til bygningselement og bygningsdetaljering. Det vart lagt vekt på å omtale den historiske utviklinga og dei lesbare konsekvensane som historia har hatt for den fysiske utforminga av byen eller tettstaden, eigenskapar som vi kan lese som tydelege spor i byens fysiske form:

Bystrukturen, eller bymønsteret, er det overordna ordensprinsippet som byen er organisert etter og er bestemt av topografiske forhold, gatenett og korleis bebyggelsen er organisert. Byens topologi er kjenneteikna ved byens romstruktur, byrom, gaterom, parkar og plassar.

Bebyggelsesmønsteret uttrykker prinsippa for organisering av bebyggelsen innanfor byen sin hovudstruktur der eigedomsstrukturen og tomte- og parselloppdelinga utgjer viktige føresetnader.

Bygningstypologi uttrykkjer prinsippa for korleis den enkelte bygning er samansett i plan og rom og kva som er fellesnemnaren i bebyggelsen.

Stads- og byanalysane skulle medverke til ei god byforming og byutvikling ved at planar og tiltak byggde på nødvendig kunnskap om staden og byen og gi ei

betre forståing og målinnretning i planlegginga og byggesakshandsaminga. Ved å skaffe seg betre innsikt i byen si historiske utvikling, topografiske eigenskapar og føresetnader, skulle dette medverke til å forbetre den fysiske planlegginga (S.st.).

Desse analysemodellane er eksempel på korleis ein i planleggingsdiskursen på 1990-talet prøvde å sameine den regularistiske planleggingsmodellen med tankegods frå den kulturalistiske idéretninga. At desse planleggingsmodellane ikkje fekk nokon stor oppslutnad og vart implementerte i den daglege planlegginga, heng saman med at andre diskursar etter kvart vart dominerande. Trass i dei ambisiøse målsettingane for stadsanalysane, er desse planleggingsverktøya lite brukt i praktisk planlegging i kommunane.

Etter kvart som interessa og trua på den offentlege, fysiske planlegginga var reduserte utover på 1990-talet, vart mindre heilskapelege og meir prosjektbaserte planleggingsmodellar introduserte. Desse la mindre vekt på styring og meir vekt på forhandling og samarbeid mellom offentlege og private aktørar i plan- og utbyggingssaker (Medalen 2000).

Idéretningane som kulturelle representasjonar.

Byens romlege organisering må ein sjå som kulturelle representasjonar som endrar seg i pakt med dei historisk dominerande og tilgjengelege diskursane, meinte den franske filosofen Paul Ricouer (Pløger 1997:29). Med dette la han eit diskursperspektiv til grunn for refleksjonen over byen. Representasjonane våre av byen gir seg uttrykk i vår diskursive praksis, våre uttrykte haldningar, forståingar og meiningar. Desse representasjonane får materielle konsekvensar når dei vert realiserte gjennom praktiske utbyggingstiltak. Den diskursive kampen om ulike byrepresentasjonar er viktig for utviklinga av byen, fordi det er dei diskursive representasjonane som dannar grunnlaget for korleis produksjonen av rommet, av staden og byen vert realisert.

Det er mitt utgangspunkt at dei arkitektur- og planleggingsretningane som er omtala i dette kapitlet, den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske, representerer ulike diskursar i byutviklinga og byplanlegginga gjennom tidene. Dei står for ulike representasjonar av byen og etablerer ulike grunnlag for ein diskursiv og sosial praksis. Desse diskursane eller idéretningane utgjer ein diskursorden - byutviklingsdiskursen. Gjennom intervensjonar og kontroversar har desse idéretningane kjempa om å framstå som dominerande forståingsformer innanfor planleggingsverksemda sidan den moderne byplanlegginga vart etablert på byrjinga av 1800-talet.

Desse idéretningane er ikkje berre viktige delar av den nasjonale planleggingsdiskursen, men har i stor grad sett preg på den internasjonale diskursen.

Hovudsakleg frå England, Tyskland, Frankrike og Italia har ulike planleggingsretningar kome til Noreg. Heilt sidan planleggingsfaget oppstod som eit svar på den industrielle byen sin ukontrollerte vekst, har desse ulike idéretningane kjempa om å oppnå ein førande posisjon i byplanlegginga.

Opphavleg var den europeiske byplanlegging ein militær disiplin og utviklinga av planleggingsfaget gjekk føre seg som ein aktivitet innanfor eit sjikt av høgare offiserar. Desse reiste rundt og henta førebilde frå byar som dei opplevde på felttoga rundt om i Europa. Førestilingane om byutvikling og byplanlegging var farga av ein militærstrategisk rasjonalitet. Korleis skal byen utformast for å kunne forsvarast mot fiendtlege hærstyrkar? Etter kvart endra problemstillingane seg og utfordringa var ikkje lenger angrep av fiendtlege hærstyrkar. I staden var problema knytte til dei sanitære forholda og manglande infrastruktur i industrialismen sine byar. Seinare vart invasjonen av motordrivne køyretøy ei stor utfordring. Men sjølv om svara nødvendigvis måtte bli annleis, var det framleis ei rasjonell og autoritær tenking som låg bak ei regulerande og tilretteleggande planleggingsverksemd.

Den regularistiske retninga var opptatt av å leggje til rette for ei byutvikling som tok vare på dei oppgåvene ein by skulle ha med omsyn til produksjon og handel, og konstituerte byen hovudsakleg som ein arena for næringsverksemd. I tråd med dei utfordringane planleggjarane på den tida stod overfor, med tronge og helsefearlege byområde og manglande infrastruktur, førte dei regularistiske byideala ofte til store og øydeleggjande inngrep i den eksisterande, historiske byen. Gatene vart utvida med riving av den gamle bebyggelsen som resultat. Særleg for trebyane var det viktig å utforme bygningar og byplanar slik at ikkje bybrannar kunne spreie seg og få katastrofale konsekvensar. I tillegg til å radere bort delar av den gamle, anonyme bybebyggelsen, vart også mange monumentale kulturminne borte.

I den første fasen av byplanleggingas historie, til den siste halvdel av det 19. hundreåret, vart desse regularistiske forståingsformene lite utfordra av andre planleggingsretningar. Med overgangen frå ei militær til ei sivil planleggingsverksemd, kom arkitektane i større grad inn som byplanleggjarar. Sjølv om byplanlegginga opphavleg var opptatt av utforminga av forsvarsverk og gatenett, vart byplanlegginga likevel sett på som eit arkitekturfag. Estetiske vurderingar kom inn når ein skulle gi form til ein plass eller eit gateløp (Hearn 2003).

Den rasjonalistiske retninga vart i stor grad prega av arkitektur som faggruppe. Arkitektane kom frå andre faglege tradisjonar og la i noko grad ei ny fagleg tenking til grunn der byplanens estetikk vart introdusert. Byplanleggjarane som sette sitt preg på den rasjonalistiske retninga var i følgje Choay opptatt av å skape noko nytt og ikkje byggje vidare på den eksisterande byen. Dei skulle i større grad ta utgangspunkt i "blanke ark" og trengte ikkje vere bundne av gamle mønster og strukturar, men skape noko nytt på grunnlag av visjonar om ein framtidsby. I denne

førestillingsverda var dei formmessige elementa viktige. Byplanen la vekt på formale og gjerne visjonære idéar knytte til utforminga av planen (Choay 1969). Men det var vel så viktig å skape nye rammer for eit moderne liv som etterspurte andre bukvalitetar enn det som den gamle, tette byen kunne gi, eit byliv som kunne utnytte dei teknologiske nyvinningane innan transport og byggjeteknikk. Byen skulle organiserast etter dei viktigaste funksjonane: bustad, arbeid, rekreasjon og kommunikasjon.

Dei rasjonalistiske utopistane eksperimenterte med sine bymodellar og vart møtte med nysgjerrig interesse, men fekk berre i avgrensa utstrekning høve til å sette idéane ut i livet. Sjølv om desse tankane etter kvart kom til å sette preg på diskursen, var desse idéane ikkje leiande i den praktiske planleggingsverksemda før ut på 1930-talet, og i enno sterkare grad i dei første tiåra etter den andre verdskrigen. I den omfattande drabantbyutbygginga og ofte i samband med sentrumssaneringar, vart dei rasjonalistiske tankane om ein ny bymodell realiserte. På dei ubygde landbruksområda utanfor byane og på dei nysanerte sentrumsareala kunne rasjonalistiske "tabula rasa"-modellar gjennomførast.

I dei nordiske landa skjedde gjennombrotet av rasjonalistiske idéar i samband med dei store gjenoppbyggingsoppgåvene på 1950-talet. Byplandiskursen var såleis i stor grad dominert av regularistiske tankar heilt fram til mellomkrigstida då nye teknologiske og industrielle føresetnader bana vegen for funksjonalistane med sine rasjonalistiske idéar.

Introduksjonen av den kulturalistiske retninga var prega av personar utanfor ingeniør-, arkitekt- og planleggjarfaget og representerte i større grad kulturfaga og ein humanistisk tradisjon. Dei utvikla sine kulturalistiske synspunkt gjennom forfatterskap framfor gjennom konkrete planar. Det galdt både John Ruskin, William Morris og Ebenezer Howard. Ingen av desse var planleggjarar eller arkitekter. Som arkitekturhistorikar og lærar gjorde også Camillo Sitte sine tankar kjende gjennom sitt forfatterskap og ikkje som utøvande arkitekt eller planleggjar. Mange planleggjarar innanfor denne retninga var dessutan prega av ei brei, fagleg orientering som sosiologen og biologen Patrick Geddes. Med deira forankring i kulturfag og humaniora, var det ikkje uventa at deira tilnærming til byen var å sjå på han som eit livsmiljø med vekt på sosiale og kulturelle faktorar.

Trass i at Morris ikkje ønska å vere "*a mere railer against progress*," meinte Choay at den kulturalistiske modellen hadde "bakstreverske" sider. "*In psychoanalytical terms, the culturalist modell is associated with the comforting image of the maternal breast; it is regressive.*" (Choay 1969:104; Morris 1912).

Dei kulturalistiske røystene var på midten av 1800-talet heller ikkje særleg sterke. Det vart registrert liten motstand mot dei store saneringsplanane, sjølv om Ruskin prøvde å mobilisere pariserane til gjere motstand mot rivinga av den gamle

mellomalderbebyggelsen i sentrale delar av Paris (Choay 2001). Dei autoritære regima i Europa på den tida hadde dessutan meir sans for dei regularistiske tankane som tok sikte på å omforme byen til herskaren sitt behov, enten det galdt å flytte troppar for å kontrollere opptøyer, eller styrke byen som maktsymbol gjennom monumentale byplanar.

Dei kulturalistiske tankane kom på 1800-talet hovudsakleg til uttrykk som ei utvikling av og mobilisering rundt vernetanken. Mange av kulturminna frå mellomalderen var i ruinar og sterkt trua av riving. Den kulturalistiske opposisjonen var i stor grad mobilisert for å redde mellomalderens kulturminne og organisere eit kulturminnevern. Over heile Europa vart det vedtatt lover som skulle hindre at kulturminna vart borte. Utviklinga av vernetanken og romantikkens tilbakeskodande refleksjon over den førindustrielle byen, var såleis ein viktig intervensjon i det regularistiske planleggingshegemoniet, utan at desse greidde å utfordre regularistane sin hegemoniske posisjon.

Sidan ein stor del av kulturminna finst i byane, og hovudsakleg i bykjernen, var det derfor rimeleg at byplanlegginga vart konfrontert med vernetanken, i første omgang som ein kontrovers i høve til vern eller riving av verneverdige enkeltbygningar. Etter kvart utvida denne kontroversen seg til å omfatte heile byområde og seinare byens strukturelle eigenskapar eller bykarakter. Kontroversane mellom den regularistiske/rasjonalistiske og den kulturalistiske planleggingsretninga vart sterke utover på 1970-talet. Dei same straumdraga gjorde seg faktisk gjeldande over store delar av Vest-Europa. Denne intervensjonen som utfordra dei hegemoniske, regularistiske og rasjonalistiske planleggingstankane, førte til omfattande endringar i planleggingsverksemda. Særleg galdt dette synet på den gamle bebyggelsen, men også på sjølve planleggingsprosessen, i og med at det vart opna for meir demokratiske prosessar og større brukarmedverknad i planlegginga

Gjennom denne utvidinga av diskursen vart det skapt ei ny forståing av byen og byplanlegginga. Denne nye forståingsforma kom tydeleg fram i Amsterdamfråsegna og var eit uttrykk for ei oppheving av kontroversen. Amsterdamfråsegna som følgde opp Det europeiske arkitekturvernåret i 1975, representerte ein viktig artikkelasjon i den kulturalistiske intervensjonen i byplandiskursen. Regularistiske og rasjonalistiske tankar hadde etter den andre verdskrigen fått dominere i europeiske byar og tettstader og skapt store fysiske endringar. Amsterdamfråsegna la vekt på byen som kulturmiljø og livsmiljø og folks høve til å påverke viktige vedtak som hadde konsekvenser for byutviklinga og bylivet. Utviding av vernetanken til også å omfatte dei anonyme bygningsmiljøa og poengtering av kva kulturminna og den historiske kontinuiteten til kulturmiljøa hadde å seie for livskvaliteten, var òg eit viktig bidrag.

Amsterdamfråsegna la vekt på at vernetanken vart integrert i by- og tettstadsplanlegginga, særleg fordi omsynet til vern av dei gamle bymiljøa hadde store konsekvensar for den sosiale og kulturelle utviklinga av byen. Kulturminna og kulturmiljøa vart viktige premisser for planlegginga innanfor ei integrert planleggingsverksemd, og dei kulturalistiske tankane kom etter kvart også til å gjere seg gjeldande i utviklinga av planleggingsverktøy og planleggingsmodellar i form av by- og tettstadsanalyser. Utviklinga av omgrepet *integrert planlegging* (integrated conservation) som Amsterdamfråsegna introduserte, var eit resultatet av kulturalistisk påverknad av planleggingsverksemda. Amsterdamfråsegna kom til å bli ståande som ei kulturalistisk programerklæring og representerte saman med Det europeiske arkitekturvernåret ein milepæl og inngangen til eit nytt kunnskapsregime i byplandiskursen i Europa.

Desse sterke meiningsbrytingane på slutten av 1960-talet og byrjinga av 1970-talet var uttrykk for ein kontrovers mellom ei regularistisk / rasjonalistisk og ei kulturalistisk planleggingsretning. Dei dominerande planleggingsretningane som i stor grad gav uttrykk for eit ønske om å sanere og fornye dei sentrale byområda, vart i dette tidsrommet utfordra av nye forståingsformer som arbeidde for å få gjort eit nytt syn på byutviklinga gjeldande. Byplandebatten innanfor politikken sine institusjonelle rammer, den faglege debatten ved universiteta og den offentlege debatten slik denne kom til uttrykk i avisinnlegg, gjennom kafésamtaler og på folkemøte, var alle viktige delar av byutviklingsdiskursen. I denne diskursordenen representerte desse tre diskursane, den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske ulike forståingsformer som gav grunnlag for skarpe kontroversar.

Desse tre planleggingsretningane er såleis ikkje til stades som tidskronologiske periodar i planleggingshistoria, men som tre diskursive representasjonar som sidan byplanlegginga oppstod som fag, har kjempa om eit hegemonisk meiningsunivers og kom til å dominere diskursen til ulike tider. I denne byutviklingsdiskursen har såleis ulike profesjonar utvikla sine forståingsrammer og sine forklaringsmønster. På byplanlegginga sitt breie fagfelt, med mange ulike fag og faglege perspektiv, var det rimeleg at det oppstod meiningsbrytingar. Arkitekten, ingeniøren, antikvaren, økonomen, juristen og sosiologen har rimelegvis hatt svært ulike faglege tilnærmingar. Utviklinga av idégrunnlag og tankegods har vore ulike i desse faga, noko som vart reflektert gjennom dei mange meiningsbrytingane og konfliktane.

Diskusjonane innanfor dei ulike fagmiljøa medverka til å utvikle forståingsformer og det teoretiske grunnlaget for sine fag. Men det var debattane på tvers av fagmiljøa og på tvers av diskursane som i størst grad medverka til å flytte forståingsformene og skapte brot i diskursen. Desse debattane skapte kontroversar som medverka til å endre haldningar og gjorde nye idéretningar dominerande. Dei kon-

troversane som kjenneteiknar byplandebattane om vern av dei gamle trehusmiljøa, medverka til gjennomgripande og djupe endringar i synet på sanering eller vern av dei historiske bymiljøa, og korleis dei historiske byane burde utvikle seg.

Medan den rasjonalistiske retninga tilsynelatande reflektererte eit progressivt og framtidsretta syn, kan den kulturalistiske retninga oppfattast som ein reaksjon på urbanisering, industrialisering og modernisering, ei regressiv og tilbakeskuande haldning. Den kulturalistiske retninga tok avstand frå den teknisk-økonomiske rasjonaliteten som prega den regularistiske og rasjonalistiske retninga. Desse kulturalistiske idéane er tydeleg i mellom anna i kritikken av den moderne arkitekturen som prins Charles i Storbritannia har gjort seg til talsmann for, og som også kjem til uttrykk i *"The Charter of the City of the New Renaissance"* og i den norske organisasjonen *Stiftelsen Byens Fornyelse* som har vore aktiv i ordskiftet om fornying av den historiske byen både i Oslo og i Trondheim.

Både i den nasjonale og i den internasjonale byutviklingsdiskursen, ser vi at desse tre idéretningane, den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske planleggingsretningen er uttrykk for ulike representasjonar av byen. Dei tar utgangspunkt i ulike måtar å oppfatte og konstituere byen på. Motsetningane mellom desse tre ulike forståingsformene var etter mi oppfatning grunnlaget for den skarpe debatten om trebyens utvikling i Trondheim i tidsrommet frå 1965 og fram til i dag.

DEL II: TREBYEN TRONDHEIM

"De gamle nordiske trebyene, det vi har igjen av dem, representerer her noe enestående, også i verdensmålestokk. Vi gleder oss over dem, og erkjenner at de har verdier som bør tas vare på før det er for sent - vi tør ikke bli den generasjonen som lar dem forsvinne.."

(Kommunalminister Oddvar Nordli, 1972)

4. Den norske trebyen

Den norske trebyen si historie er i hovudsak den norske byen si historie og formidlar bygningshistorie tilbake til mellomalderen. Etter hyppige bybrannar produserte trebyane i stor grad seg sjølv og bygde vidare på gamle bymønster og byggjetradisjonar. I byrjinga av det 20. hundreåret førte murtvang og at ein meir internasjonal byggjeskikk etablerte seg byane våre, til at trebyane forvitra. Likevel har Noreg i dag ei einestående samling av attraktive, historiske trebyar som representerer eit viktig bidrag til verdens arkitekturarv.

Kva meiner eg med "trebyen"?

I Antoine Furetière sitt leksikon frå 1690 (Dictionnaire Universel) er ein by definert som ein tett busetnad omgitt av ein mur. I følgje leksikonet starta og stoppa byen ved bymuren. Statistisk sentralbyrå definerer ein "tettstad" som ei hussamling med minst 200 menneske og maksimum 50 meter mellom kvart hus. Begge desse definisjonane er opptatt av dei fysiske eigenskapane ved bydanningane. Men ein by kan også vere ei administrativ og juridisk eining. Kongen delte tidlegare ut handelsprivilegium til kjøpstader eller byar uavhengig av storleik og fysisk utforming. Det var desse privilegia som avgjorde bystatusen og dermed det grunnlaget byen hadde til å utvikle seg. Ein by er såleis noko meir enn eit tettbygd område over ein viss storleik, utan at vi er i stand til å operere med ein presis definisjon av byen.

Byen er meir enn fysiske strukturar. Vi snakkar om byliv, bykultur, bymiljø. Det er ikkje nødvendigvis byens fysiske struktur som avgjer innhaldet i desse omgrepa. Mange stader går byar og byliknande strøk over i kvarandre og dannar store samanhengande bybelte der administrative grenser på fleire nivå kryssar kvarandre. I mange tilfelle kan ein bu i ein by, arbeide i ein annan, bruke kjøpesenteret i ein tredje, heie på fotballaget i den fjerde og få kvardagslivet styrt av administrative system på ulike geografiske nivå.

Tradisjonelt er det tre faktorar vi reknar med når vi diskuterer byen som fenomen, ein fysisk, ein økonomisk og ein administrativ. Den fysiske faktoren er den viktigaste i vår samanheng og dreier seg om at byen vert karakterisert ved at det er mange bygningar i ei tett busetting. Teoretisk sett er det vanskeleg å avgrense ein slik bykjerne mot den meir spreidde villabebyggelsen. Den andre faktoren er at byen skil seg frå landområdet rundt ved ei spesialisering gjennom handverk, industri, handel og anna tenesteyting. Vi ser derimot at eldre byområde som hadde sammansette funksjonar, etter kvart er blitt meir einsidige bustadområde ved at handels- og handverksverksemdar har flytta ut til meir spesialiserte område.

På same måte som det er vanskeleg å gi ein presis definisjon av omgrepet by, er det vanskeleg å definere omgrepet "treby". Omgrepa "treby" og "trehusby" er i denne avhandlinga brukte litt rundt og omtrentleg. Men sidan dette arbeidet ikkje tar sikte på ein dokumentasjon og ei kartlegging av "trebyane", har eg ikkje vore avhengig av ein presis definisjon og avgrensing av omgrepet "treby". Eg har registrert at ordet "treby" går att i litteraturen om dei historiske trehusmiljøa som vart bygde før murtvengen vart innført i ulike land, men nokon eintydig definisjon har det ikkje vore lett å finne.

Eg har leita etter oppslagsordet "treby" i fleire leksikon. Store Norske Leksikon har ikkje dette oppslagsordet. Heller ikkje i det store engelske oppslagsverket Britannica Encyclopedia fann eg noko om "wooden town", sjølv om dette omgrepet ofte er brukt i den engelske litteraturen om emnet. Heller ikkje søking i dei mange internetbaserte databasane gav meg treff då eg prøvde å finne definisjonar av "treby" og "wooden town".

I det fellesnordiske arbeidet "*Den nordiska trästaden*" vart det heller ikkje gjort nokon freistnad på å definere og avgrense kva som vart lagt i omgrepet "treby". I dette arbeidet er "trebyen" omtala som "*en samlet trehusbebyggelse*." (ICOMOS 1972). Sjølv om Danmark har mange byar med eit stort innslag av hus i utmurt bindingsverk, er ikkje nokon av desse byane tatt med i denne oversikten, medan tømmerhus, stav- og grindbygde hus på Færøyane er tatt med. I dette arbeidet er derfor hus i utmurt bindingsverk ikkje rekna som trehus, og kan såleis ikkje danne "trebyar".

Per Jonas Nordhagen omtalar i boka "*Trebyen faller, om trearkitekturen i Bergen i hundreåret 1870-1970*" Bergen som "trehusbyen" sidan "*det overveiende antall av byens hus var bygget i tre*." (Nordhagen 1975:9). I avhandlinga "*Trebyen. Bybrannar og byfornyelse*" gjer heller ikkje Knut Einar Larsen nokon freistnad på å definere "trebyen". I oversikten over kva han meiner er omfatta av omgrepet trehus, nemner han mellom andre bygningar i utmurt bindingsverk sidan dei berande konstruksjonane er utførte i tre (Larsen 1989:34). Håkon Christie definerer også trehus som eit byggverk med dei berande konstruksjonane i tre, og nemner spesielt at

hus i utmurt bindingsverk, slik ein finn dei i Sør-Skandinavia, i Mellom-Europa og på Dei britiske øyane, inngår i denne definisjonen (Christie 1974:12). Tar vi med denne type bygningar som trehus, kan vi seie at trebygningar nærmast har vore regelen i fleirtalet av byane i Nord- og Mellom-Europa, og at omgrepet "treby" dermed vil omfatte mange historiske byar både i Storbritannia og på det europeiske kontinentet, nord for Alpane.

Det er hovudsakleg fysiske faktorar eg har lagt til grunn for avgrensinga mi av "trebyen". Utnyttingsgraden i desse trehusområda er jamnt over svært høg. Bygningar på vanlegvis ein og to etasjar ligg tett. Gatene er ofte smale og areala er godt utnytt. Eit viktig trekk ved desse trebyane er mangfald og variasjon. Desse trebyane har ikkje alltid eit samansett funksjonsinnhald som ofte karakteriserer bydaningar. Trebyen treng heller ikkje ha administrative funksjonar. Trebyane har ei påfallande variasjonsbreidd, frå yrande forretningsgater som i Stavanger sentrum til stort sett reine bustadområde som på Møllenberg-Rosenborg i Trondheim og til komplette bysamfunn som Røros, Risør, Tvedestrand og Kragerø.

I dette arbeidet har eg også skilt mellom den nyare villabebyggelsen som utvikla seg utanfor sentrumsområda etter at murtvungen vart innført, og den tette trehusbebyggelsen i dei sentrale områda av byane våre. I Stavanger er ein stor del av dei områda som vert rekna med til "Trehusbyen Stavanger" eit villaområde med frittliggande trehus utanfor sentrumskjernen. Sjølv om dette området kan seiast å ha eit bypreg, vil villastrøk som er bygde etter 1904, med frittliggande bustadhus i tre, etter mine avgrensingar, ikkje vere ein del av "trebyen".

Murtvungen vart innført i Oslo med lokale byggjeføresegner så tidleg som i 1624. I sentrale delar av Trondheim vart murtvungen gjort gjeldande i samband med innføringa av bygningslova frå 1845. Desse byggjeføresegnene definerte ein del av dei sentrale byområda som forbodssone. Dei generelle murtvangføresegnene som vart vedtatt av Stortinget etter Ålesundsbrannen i 1904, førte til eit forbod mot å byggje tradisjonelle trehus i byar og tettstader, og at nye trehus berre vart bygde som frittliggande villaer i dei nye bustadområda rundt desse.

I "*Den nordiska trästaden*" vart det registrert 54 ulike "trebyar" i Noreg (ICOMOS 1972). Desse spenner over eit rikt spektrum, frå gamle bykjernar, eldre bydelar med trebebyggelse, til sjølvstendige stader med bykarakter, men som ikkje nødvendigvis har formell bystatus. Dette gjeld til dømes bergstaden Røros og fiskeværera Grip og Veidholmen på Nordmøre. Riksantikvaren meiner at det i Noreg finst minst 150 trebyar eller tettstader med større samanhengande område med tett trebebyggelse, utan at vi har nokon totaloversikt (Riksantikvaren 2004).

Det kan verke forvirrande når eg har valt å kalle større samanhengande trehusområde av bykarakter for "treby" sjølv om dei utgjer berre ein del av ein større by. Sidan "trebyen" i min samanheng er eit arkitektonisk omgrep som omfattar

fysiske og visuelle eigenskapar, og ikkje geografiske, juridiske eller økonomiske, kan eg derfor snakke om "trebyen Møllenberg" og "trebyen Bakklandet" på linje med "trebyen Røros" og "trebyen Trondheim" sjølv om desse bydelane berre utgjer enklavar av trehusbebyggelse i ein større by.

I mange tilfelle er trebyen den sjølvgrodde byen som har vakse vidare på mellomalderens vilkårlege og terrengetilpassa gatenett. Dette har gitt desse byane den variasjonen i struktur som til dømes karakteriserer Bakklandet og mange av sørlandsbyane. Fleire av trebyane har blitt bygde ut i samsvar med rigide og strenge byplanar som Cicignons regulering av Midtbyen i Trondheim eller Christian IV si regulering av Kristiansand. Dette har gitt trebyen ein heilt annan morfologisk struktur. Trebyen er såleis ut frå eit arkitektonisk perspektiv og eit byplanperspektiv eit samansett og mangfaldig omgrep.

Saman med omgrepet "trebyen" brukar eg ofte omgrepet historisk - "den historiske trebyen". Dette omgrepet er i utgangspunkt meiningslaust sidan alle byane våre er historiske i den forstand at dei er meir enn hundre år gamle. Sidan eg tidlegare har definert "trebyen" som den urbane trebebyggelsen som vart oppført før murtvangføresegnene forbaud bruk av tre som konstruksjonsmateriale i tettbygde strøk, altså før 1904, snakkar vi derfor om ein bybebyggelse som i alle fall er over hundre år gamal. Eg har likevel brukt omgrepet "den historiske trebyen" fordi dette er eit omgrep som vert brukt innanfor kulturminnevernet for å understreke at det er kulturhistoriske verdiar knytte til desse byområda. Eg har også valt å bruke dette omgrepet "den historiske trebyen" for å skilje denne trebyen frå den nyare trehusbebyggelsen og den moderne trebyen som er i ferd med å bli bygde ut, i tråd med ei ny interesse og nye mogelegheiter til å kunne byggje med tre i tettbygde område.

Trass i manglande leksikalsk forankring av omgrepet "trebyen", vil eg likevel bruke "den norske trebyen" som eit uttrykk for *dei urbane bygningsmiljøa av trehus i Noreg som vart bygde før murtvangen vart innført i ulike delar av landet, og som framleis har storparten av denne trehusbebyggelsen intakt.*


Byggjetradisjonar i tre

Opp gjennom historia har tre vore det tradisjonelle og dominerande byggjemateriale i landet både for bygningar og anlegg. Trematerialet var lett tilgjengeleg som eit lokalt produsert materiale dei fleste stader, og var enkelt og billeg å vidareforedle til bygningsformål. Dei rike trebyggjetradisjonane viser korleis byggje- og konstruksjonsteknikken har utvikla seg gjennom mange hundre år og tilpassa seg ulike bruksvilkår og klimaforhold rundt om i landet. Byggjeteknikken har tilpassa seg utviklinga i bygningsteknologien og til endringar i stilartar og moteretningar. Trehusbygginga gjenspeglar også utviklinga i levekåra opp gjennom tidene. Treustradisjonen i landet spenner såleis frå dei enkle stav- og grindbygde husa som

hovudsakleg vart nytta til uthus, via laftehuset til dei nye trehusa i massive trekonstruksjonar i moderne uttrykksformer. Trehusa er ein viktig del av norske kulturarv, gjenspeglar ein over 1000 år gamal byggjetradisjon og set eit særlege preg på vårt bygde miljø frå nord til sør i landet (Brekke, Nordhagen og Lexau 2003).

Dei eldste husa som vi kjenner til i Noreg, er frå steinalderen. Dette er hus-tufter der vi kan sjå restar etter takberande stolpar i tre med dimensjonar på opp til 50 centimeter i diameter. Husa til dei første bufaste bøndene har vore trekonstruksjonar av naturleg dimensjonerte rundstolpar og bjelkar som berre i liten grad har vore tilarbeidde. På grunnlag av desse enkle konstruksjonane, har trehuset utvikla seg mot fire hovudtypar:


Stav- og grindbygde hus er den eldste delen av trebyggjetradisjonen vår. Dei første husa hadde jordgravne stolpar. Desse rotna fort og forkorta levetida til huset. Stolpane vart etter kvart sette på steinheller på bakken, og vi fekk det stavbygde huset. Når stolpane ikkje lenger var innspenne i grunnen, førte dette med seg eit behov for å stive av konstruksjonen. Ytterveggane vart utførte som ein rammekonstruksjon med ei liggjande svill i grunnen og ei ramme med inntappa veggstolpar eller veggstavar. Mellom stavane kan det ha vore veggfyllingar av liggjande plankar, nota inn i sidene på stavane som ein sleppverkskonstruksjon (skiftesverk) eller stavverksvegg, slik som vi finn i stavkyrkjene.



Figur 4.1: Stavkonstruksjon.
Kjelde: (Christie 1974)


Den teknologiske kunnskapen om stavbygging, svillkonstruksjonar, rammeverket, avstivingsteknikkar og bygningsstatikk utvikla seg til eit relativt høgt nivå i mellomalderen, og la også grunnlaget for andre trekonstruksjonsformer. Grindbygde hus er ein enkel variant av desse stolpe- og stavbygde husa og har parvise stolpar som vert bunde saman med ein tverrbjelke og langsgåande bjelkar. Denne byggjemåten har halde seg i enklare uthus og sjøhus heilt opp til vår tid. Det var det stavbygde huset som dominerte i overgangen mellom vikingtid og mellomalderen, men

det var den lafta tømmerbygningen som etter kvart fekk innpass i byane kring år 1000.



Figur 4.2: Grindverk.
Kjelde: (Christie 1974)

Laftehus eller tømmerhus var den vanlege konstruksjonsforma gjennom mellomalderen og heilt fram til det 20. hundreåret. Lafteteknikken gav bustadrom som var betre isolerte enn det stavbygde huset og representerte eit vesentleg framsteg når det galdt bustadkomfort. I Trondheim finn ein spor etter lafta hus frå slutten av 900-talet, ofte i kombinasjon med stavkonstruksjonar. I kyststrøka tok ein til å kle desse husa med trepanel allereie i mellomalderen for å kunne verne dei betre mot klimapåkjenningane. I dei tørrare innlandsstrøka vart derimot tømmerkassen som oftast ståande utan panel.




Figur 4.3: Laftekonstruksjon
Kjelde: (Christie 1974)

Reisverk er ein berande rammekonstruksjon av stolpar og sviller og med tjukke veggplankar med not og fjør som vert sett vertikalt og danner ein massiv og be-

rande vegg. Reisverk vart vanleg på slutten av det 19. hundreåret og er alltid kledd med utvendig panel. Fordelen med denne konstruksjonen i høve til lafteveggen, er at treverket krympar langt mindre i lengderetninga, og skaper derfor mindre setningar i huset. På den andre sida vart veggen utett og huset vart meir trekkfullt etter kvart som treverket krympa. Denne trekonstruksjonen var i bruk heilt fram til 1950-talet då bindingsverket vart den vanlege konstruksjonsteknikken for bygningar i tre.

Bindingsverk er ei vidareutviklinga av stavbygde hus og vart i gamal tid også brukt som lette tilbygg til tømra hus som til dømes svalgangar. Bindingsverk vart også brukt i uthusbygningar og andre bruksbygningar. Dei vart bygde med sviller og berande stolpar på 100 x 100 mm, plasserte med avstand på rundt 100 cm. Utmuring av bindingsverket med tegl finn vi i større omfang berre i Oslo som er den einaste byen der denne byggjemåten fekk fotfeste i folkeleg byggjeskikk her i landet. I trebyane våre finn vi eksempel på alle desse byggjemåtane, sjølv om det panelkledd laftehuset er det dominerande (Brekke, Nordhagen og Lexau 2003; Drange, Aanensen og Brenne 1992; Roede 1999; Christie 1974).



Figur 4.4: Bindingsverk.
Kjelde: (Christie 1974).

Trebyen voks fram

Grunnlaget for utviklinga av byen var marknadsplassen eller kaupangen, knutepunktet for ferdsel og handel. Gode hamner var ein viktig føresetnad for dei første bydanningane sidan transport og ferdsel stort sett var knytte til sjøen. Men det var også ein viktig føresetnad at nokon kunne garantere for at handel og ferdsel kunne skje i trygge former sidan sjø- og vegrøveri var utbreidd tidleg i mellomalderen. Kongen eller den lokale høvdingen med sine hærmenn var som regel den viktigaste garantisten for at handelsverksemda kunne skje trygt, noko dei også tok seg godt betalte for. Desse vart såleis bygrunnleggjarar ved å skape ein fristad for handel (Brekke, Nordhagen og Lexau 2003)

Byen voks som regel ut frå ein liten strandstad der sjøhus langs stranda eller ved elvebreidda var den første busetnaden. Bak desse sjøhusa gjekk som regel ei

langgate, og frå denne strekte det seg allmenningar og veiter eller strete. Langs desse veitene grodde det opp bustadhus og driftsbygningar av ulike slag, naturlegvis bygde i trekonstruksjonar. Bustaddelen av hovudhuset var som regel oppført i lafta tømmer, medan lagerhus, driftsbygningar som fjøs og stallar, og gjerne delar av hovudhuset, ofte vart oppførte i ein enkel stavkonstruksjon.

Bygningar i tre var ein felles europeisk byggjemåte tidleg i mellomalderen. Hyppige bybrannar førte derimot til at i store delar av Europa vart tre forbode som byggjemateriale i tettbygde strøk. I fleire og fleire byar vart det avgjort at ytterveggar skulle oppførast i mur. I Noreg var alle bydanningane i mellomalderen oppførte i tre, og som elles i Europa vart dei på grunn av bybrannar ofte jamna med jorda. Men til skilnad frå andre land i Europa, vart det i Noreg på denne tida ikkje gjort tilsvarende forsøk frå styresmaktene si side på å sette krav om at nye bygningar skulle oppførast i mur, trulig fordi det ikkje var materielle eller økonomiske føresetnader for det (Larsen 1989).

Det var stor motstand mot å byte byggjeskikk og gjenreise byen med andre typar materialar og andre handverksteknikkar der kompetansen var vanskeleg tilgjengeleg og til prisar som var to-tre gonger så høge som tilsvarende laftehus i tre (Roede 2001). Tilsvarende var det for trebyane i Sverige og Finland. Her heldt ein også fram med å bygge i tre heilt fram til 1900-talet. I Danmark derimot vart murtvungen innført allereie på 1600-talet. Først etter den store bybrannen i Ålesund i 1904 der over 800 bygningar brann ned og vart den største brannkatastrofen i noregshistoria, vart murtvungen innført som eit offentleg påbod som vart følgt opp av samtlige norske byar.

Motstanden mot endring var stor i dei norske byane. Etter store bybrannar vart byen som regel reproduisert stort sett etter det same mønsteret som byen hadde før brannen. Som eit viktig verkemiddel for å unngå dei mange bybrannane i desse trebyane, tok kongen etter kvart i bruk reguleringsplanen. Innføring av ei overordna regulering av byen i motsetning til den frie, terrengtilpassa utbygginga vart eit viktig brot med tidlegare byutvikling. Men trass i strenge bygningsvedtekter og reguleringsføresegner, vart likevel mange historiske trekk og eigenskapar ved byen førte vidare. Dei eldste byane våre har derfor viktige røter i mellomalderens byggjeskikk og byutvikling (Brekke, Nordhagen og Lexau 2003).

Trebyane forvitrar

I Noreg representerte bygningsvedtektene som Ålesundsbrannen initierte, og som er blitt kalla murtvanglovene, eit viktig vendepunkt for trebyane. Sidan det ikkje lenger var lov å bygge nye trehus i byane og tettstadene våre, og styresmaktene gjorde det dei kunne for å få folk til å la vere å bygge med tre og heller bruke ubrennbare materialar, førte dette til at dei gamle trehusa vart dårleg vedlikehaldne.

Ofte vart dei rivne for å få plass til nye og meir tidsriktige bygningar. Bygningar oppførte i mur fekk også høve til å utnytte dei kostbare sentrumstomtene betre ved å kunne byggje i fleire etasjar.

Krigsøydeleggingar gjekk hardt ut over mange av trebyane våre. Fleire vart nærmast jamna med jorda, som til dømes Kristiansund, Molde, Steinkjer, Namsos og Bodø, medan andre som til dømes Bergen, vart sterkt skadde. Likevel hadde Norge ved inngangen til andre halvdel av det 20. hundreåret mange trebyar som representerte eit viktig bidrag til landets og jamvel verda sin arkitekturarv.

Spørsmål om sanering og fornying av gamle bystrøk vart reist allereie på 1800-talet. På 1930-talet vart dette spørsmålet reist med fornya styrke. Sanering vart grunngeve med behovet for betre bustandard, effektivisering av bytrafikken og ønsket om ei betre utnytting av dei verdfulle sentrumsområda enn det den gamle bebyggelsen gav høve til. Sanering var ein nødvendig del av byutviklinga og sentral i byplantenkinga. Ei rekke norske byar fekk i åra 1920 -1930 byplanar av relativt stort format og som nødvendigvis innebar ei omfattande sanering, men lite vart gjennomført.

Dei nyklassisistiske planleggingsideala som var rådande fram til dei funksjonalistiske idéane slo igjennom, innebar større byplangrep med aksar og symmetri som berre kunne realiserast på meir jomfrueleg terreng utanfor byen eller ved omfattande sanering av den gamle bebyggelsen. Dette førte til at den gamle bykjernen med stort sett gamal trehusbebyggelse, vart spart enno nokre år. Utbygginga vart i staden lagt til meir eller mindre jomfrueleg mark i ytterområda av byane der moderne byplanideal lettare kunne la seg gjennomføre. Særleg 1920-åra var prega av krise og økonomiske nedgangstider. Situasjonen i den private og offentlege økonomien førte til at det var liten byggjeaktivitet før krigen. På den måten kom dei ambisiøse planane til å medverke til at sentrumsområda vart "berga" enno nokre år.

Trehusområda i sentrum forfall, men vart heller ikkje sanerte i det omfanget som planleggjarane sine ambisiøse planer skulle tilseie. Derimot vart desse områda dårleg rusta til å møte etterkrigstidas moderniserings- og utbyggingstrong. Saman-smeltinga av funksjonalistisk tankegodt og sosialdemokratisk planleggingsoptimisme gjorde at saneringsspørsmålet forlét planstadiet og vart sett på det politiske sakskartet straks etter krigen (Guttu 2003:315).

Saneringspolitikken

Sanering vart i etterkrigstida eit sentralt omgrep innanfor byutviklinga. Ordet kjem opphavleg av "å gjere sunn" men har i den praktiske byforminga vore synonymt med riving og nybygging. Dei mange saneringsplanane som vart laga i perioden frå 1930 og fram til rundt 1970, vitna om ei sterk tru på at riving og nybygging skulle

skape ei etterspurt fornying av byane våre med betre bustadforhold, moderne varehus og kontorbygg og lettare tilkomst og parkering for ein sterkt veksande bilpark. Etter krigen måtte ein prøve å få dekkja behovet for bustader som var akkumulert gjennom fem krigsår. Utbygginga måtte gjennomførast raskt, og dette var enklast på nye område utanfor byen eller på branntomter (Nistov 1987).

I 1956 skreiv reguleringsjefen i Kristiansand, Erik Lorange, i Bonytt: *"Er det ikke snart på tide at vi begynner å sanere de gamle og dårlige sentrale boligstrøkene, i stedet for å bygge stadig nye boligstrøk i byens ytterkanter? Det er naturlig og det er nødvendig at byer og bydeler må fornyes, at gamle hus, gamle strøk som er gått i forfall må vike for nytt. Slik har det alltid vært, og smertefritt har det aldri gått for seg.... Ofte går planene ut på å tilrettelegge muligheter for en mer hensiktsmessig bebyggelse og en sterkere utnyttelse av de eldre, sentrale bydeler - for forretningsmessige formål. I mer beskjeden grad lages også rene saneringsplaner som går ut på å rydde opp og fjerne den gamle, mindreverdige bebyggelse i slumpregede boligstrøk, og skape nye fullverdige boligområder i stedet."* (Lorange 1956).

At dette ikkje var heilt smertefrie prosessar var han klar over. *"...men om fordelene er ganske mange, så er de problemene som må overvinnnes heller ikke få:.... Vil det ikke bli nødvendig å måtte rasere en hel del vakre, arkitektonisk verdifulle hus og gatepartier?"* (S.st.)




Figur 4.5: Trehusmiljø i Kristiansand som illustrerer artikkelen med teksten: "Et sant kaos preger de indre delene av de gamle kvartaler. Skisse fra kvartal 10 før saneringen begynte."

Kjelde: (Lorange 1956).

Også Stavanger kom i gang med bysneringa på slutten av 1950-talet. Alle-reie i 1946 hadde kommunen vedtatt ein plan for heile bykjernen som innebar ei totalsanering av den gamle trehusbebyggelsen. *"Dermed er man kommet et langt skritt på vei med å virkeliggjøre den gamle plan om å bygge om byens mest sentrale bydeler på en slik måte at de tilfredsstillter nåtidens krav til ordnede trafikkforhold og en hensiktsmessig bebyggelse"* (Vaagland 1947)

Reguleringsjef Vaagland forsvarte rivinga av den gamle trehusbebyggelsen med at: "*Storparten av bebyggelsen er gammel, slitt trebebyggelse som ikke lenger tilfredsstillt hverken moderne brukskrav eller hygieniske krav som våre lover i dag stiller til boliger og arbeidsrum. Svært lite av denne bebyggelsen er verdifull arkitektur som bør skånes av antikvariske grunner. Bebyggelsen som helhet representerer en permanent brannfare som kan bli katastrofal under ugunstige omstendigheter, med tap av menneskeliv og store materielle verdier. Reguleringsmessig er det en fordel at byen har en såvidt dårlig bebyggelse i sentrum. Derved står den ikke hindrende i veien for gjennomførelsen av mer rumslige, storlinjede planer*" (Haaland 1999:376).

I Stavanger var saneringsstrategien å samle saneringsområda og ikkje spreie dei. "*Derved vil bypartier tre frem som nye, homogene strøk med moderne bygninger i kontrast til homogene gamle strøk,*" uttala byplansjefen Per Andersson (Nistov 1987:10). Med denne saneringsstrategien greidde Stavanger å unngå at dei homogene trehusområda vart brotne opp med ein moderne bebyggelse som braut med den gamle trehusbyen sin karakter, slik det skjedde i mange trebyar på 1950-1960-talet, og i sterk grad kom til å prege utbygginga av Midtbyen i Trondheim.



Figur 4.6: Reguleringsjef Vaaglands forslag til byplan for Stavanger sentrum vedtatt i 1946. Det meste av den gamle trehusbebyggelsen i sentrum er foreslått rive til fordel for moderne bygningar. Bildet til venstre viser det gamle gatenettet. Til høgre er planen for det nye sentrum.

Kjelde: Byggekunst 1947

Medan ein på 1950-talet var opptatt av sanitærproblema i den gamle bebyggelsen, var ein på 1960-talet opptatt av at den gamle sentrumsbebyggelsen tok opp plass for nødvendige veganlegg og sentrumsfunksjonar som butikkar og kontorbygg (Reiersen og Thue 1996:258).

I dag er det vanskeleg å forstå planleggjarane og politikarane sine ønske om å rive den gamle sentrumsbebyggelsen og byggje opp nye område frå grunnen, med andre materialar, dimensjonar og med eit moderne og framandt arkitektonisk uttrykk. Gjorde dei dette fordi dei ikkje såg nokon verdi i den gamle bebyggelsen? Rett nok hadde murtvanglovene og saneringsplanane ført til at det vart "lagt ei klam hand" over sentrale delar av dei norske byane, noko som førte til manglande vedlikehald og fornying av den eksisterande bebyggelsen. Sentrumsområda var utarma både fysisk og sosialt. For dei som ville ha del i etterkrigstidas sosiale bustadpolitikk og betre bustadstandard, var det ikkje anna løysing enn å flytte til dei nyoppførte drabantbyane i utkanten av byen. Dermed kunne ein gi plass for ei nødvendig sanering av den forslumma bebyggelsen i sentrum. Familiar med ressursar flytta ut og etterlet dei gamle trehusområda til gamle og ressursvake. Resignasjonen breidde seg og framskunda forfallet.

Etter at gjenoppbygginga etter krigen hadde hatt første prioritet for å dekke behovet for bustader som hadde akkumulert seg oppover 1940- og 1950-åra, tok styresmaktene til å bli opptatt av saneringsspørsmålet. I 1961 sette Stortinget ned ein komité som skulle vurdere behovet for nye lovreglar i samband med sanering av eldre bebyggelse i byar og tettstader til fordel for ein meir føremålstenleg utnytting av byområda (Engelstad, Hjørhol og Skogseid 1977). I mandatet for denne komitéen heitte det: "*I flere byer og også i andre større tettbebyggelser er det etter hvert blitt påtrengende nødvendig å gå til omfattende saneringstiltak, ikke bare for å få fjernet eller forbedret helsefarlig bebyggelse, men også for å muliggjøre en hensiktsmessig utnytting av byområdene*" (Nistov 1987:15). Det var tydeleg at styresmaktene meinte at den gamle bebyggelsen, som hovudsakleg var gamal trehusbebyggelse, ikkje var særleg formålstenleg og skulle rivast og erstattast med moderne bygningar.

Då komitéen si innstilling kom i 1964, vart behovet for å komme i gang med saneringsarbeidet sterkt understreka. Endringar i næringsstrukturen, velstandsutviklinga blant folk, auken i bruk av bil saman med auken av detaljhandel og forretningsstandens behov for "*hensiktsmessige lokaler og større arealer*" vart framheva som viktige grunnar for ei omfattande sanering av dei sentrale byområda.

Komiteen peika på fire former for sanering:

- *Bustadsanering.* Ombygging og modernisering kunne bli eit alternativ til fornying av bysamfunnet ved riving og nybygging.

- *Punktsanering* gjekk ut på riving og nybygging utan vesentleg endring i tomteinndelinga.
- *Gards- og gardsplassanering* som tok sikte på tiltak som skulle opne areala inne i dei gamle kvartala.
- *Kvartals- eller strøksanering* som skulle gjennomføre ei fornying av strøk etter ein samla plan (Engelstad m.fl.1977:83).

Det var den siste forma for sanering som kom til å bli lagt mest vekt på i utforminga av det nye lovverket. "Saneringslova" eller "Lov om sanering av tettbygde strøk" vart vedtatt av Stortinget 28. april 1967. Med heimel i denne lova kunne kommunen sikre seg rett til ekspropriasjon av eigedomar og forkjøpsrett ved sal. Føresetnaden var at strøket skulle rivast og fornyast gjennom nybygging (Lov av 28.04.1967 om sanering av tettbygde strøk).

Men Saneringslova var berre eigna til å gjennomføre totalsaneringsprosjekt. Sjølv etter eit langt førearbeid, viste det seg at lova var ubrukeleg i område der det var ønskeleg med ei meir forsiktig form for byfornyning (Guttu 2003:329). Føresetnaden var at heile strøket skulle rivast og fornyast gjennom nybygging. Eit saneringsvedtak etter Saneringslova ville hindre eit kvart forbetringstiltak, og innebære at eigarane ikkje hadde lov til å forbetre bygningane eller ha interesse av å drive nødvendig vedlikehald. Dette ville føre til akselererande forslumming og ein årelang forfallsprosess både fysisk og sosialt.

Vern av trebyen - ein umogeleg tanke

Sjølv om den internasjonale modernismen vart introdusert i Skandinavia allereie i 1930, var det først på 1950-talet at desse tankane slo gjennom i det norske fagmiljøet. Denne nye idéretninga gav små håp om at den gamle trebebyggelsen i sentrale bystrøk skulle overleve, sjølv om det var akseptert at ein måtte ta vare på enkelthus av kulturhistorisk interesse. Dette opplevde nok mange fagfolk som eit dilemma. Korleis kunne ein ta vare på desse bygningsmiljøa eller enkeltbygningar når det ikkje lenger var høve til å bruke dei til bustader eller andre nyttige formål fordi sentrum skulle omformast til kontor- og handelsstrøk?

Samstundes var det tydeleg at mange av desse områda representerte kulturhistoriske og arkitektoniske kvalitetar som ein burde ta vare på. Arkitekt og professor Odd Brochmann gav uttrykk for dette dilemmaet: "*Det som ennå står igjen av de gamle forsteder, fortøner seg i dag som malerisk idyll - i hvertfall for dem som ikke bor der. Men for 100 år siden var de sammenpakkede reder for alskens elendighet.*" (Brochmann 1958:45).

Ein del av forfallet var nok også skapt av sjølve saneringspolitikken. Med "saneringsspøkelset" over strøket, var det ikkje urimeleg at utflytting og mangel på

vedlikehald vart resultatet. Sosial og fysisk utarming følgde ofte planane saman med resignasjon hos dei bebuarane som av ressursmessige grunnar måtte bli buande att. Riving av eksproprierte og kondemnerte bygningar forsterka inntrykket av forfall og slum, og påførte bebuarane ulemper i form av støy og støv, og ristingar som førte til sprekkar og setningar i bebyggelsen. Sosiologen Odd Ramsøy som gjorde ein studie av bebuarane sin situasjon og syn på saneringsprosessen, skreiv: "*.. fysisk og sosialt forfall går hånd i hånd, fremmes gjensidig og fremmer utflyttingsmotive-ring.*" (Ramsøy 1963:9).



Figur 4.7: Saneringspolitikken
Ill.: (Sveen 1973)

Dei eldre bygningane såg ofte dårlegare ut enn dei eigentleg var, med avflassa måling og tydeleg mangel på ytre vedlikehald. Husværa mangla også moderne sanitærutstyr og brannsikring. Lyd- og varmeisoleringa var også dårleg. På grunn av den låge bygningstekniske og sanitære standarden i desse trehusområda, var det ikkje urimeleg at fokus vart retta mot korleis ein skulle forbetre bustadtilhøva til dei som budde her. Totalsanering vart sett på som det mest realistiske. Mykje av den gamle bebyggelsen i dei større byane våre vart planlagt riven, men berre i Oslo vart planane i større grad sette ut i livet. Ein stor del av Oslo sin gamle trehusbebyggelsen, mellom anna på Enerhaugen, måtte vike plass for moderne bygningar. (Reiersen m.fl. 1996:258). I Bergen var det også planer om å rive nesten heile den gamle trehusbebyggelsen i sentrum, men omfanget av planane og rettstvistar om erstatningsbeløp, gjorde at lite vart sett ut i livet (Fossen og Grønlie 1985).

Ein byfornyingsstrategi basert på utbetring av dei eksisterande bygningane var fråverande så vel i faglege som i politiske fora (Guttu 2003:329). Dei politiske styresmaktene let vere å etablere finansieringsordningar for ei rehabilitering av den eksisterande bebyggelsen, medan det vart oppretta gunstige finansieringsordningar for nybygg gjennom Den Norske Stats Husbank som Stortinget vedtok å etablere i 1946.

I det faglege miljøet var rehabiliteringstanken fjern. Den faglege utviklinga og aktiviteten var retta mot utbygging av nye og moderne bustadområde med god biltilkomst, separerte og differensierte trafikksystem og god bustadstandard. Det vart etablert førestillingar om at det var for dyrt å rehabiliterer framfor å rive og bygge nytt. Frå fagleg hald var det tilsynelatande inga interesse for å avkrefte eller dokumentere desse "sanningane". At det kunne vere mogeleg å skape attraktive, sentrumsnære bustader ved å rehabiliterer desse gamle trehusa, var på byrjinga av 1960-talet ein umogeleg tanke for både politikarar, arkitektar og bebuarar.

"Den nordiska trästaden"

Dei gamle trebyane i Norden var i byrjinga av 1970-talet sterkt prega av forfall og trua av byfornyingsplanar som innebar at så å seie alle dei eldre trehusmiljøa skulle rivast og erstattast av store og meir "tidsmessige" bygningar. ICOMOS og riksantikvarembeta i dei nordiske landa, i samarbeid med arkitektskolar rundt om i Norden, gjennomførte i byrjinga av 1970-åra ei omfattande kartlegging av trebyane i dei nordiske landa. Prosjektet "*Den nordiska trästaden*" eller "*Trebyer i Norden*" gav ein oversikt over dei nordiske trehusmiljøa og drøfta situasjonen i desse trebyane (ICOMOS 1972). Det vart diskutert alternative utviklingsmodellar for trebyane og korleis dei gamle trehusa kunne takast vare på og tilpassast endra behov og mogelegheiter.

I Noreg vart 54 trebyar og trehusmiljø registrerte og analyserte med tanke på dei kulturhistoriske verdiane desse bygningsmiljøa representerte, og dei utfordringane dei stod overfor med tanke på framtidig utvikling. Tilsvarande tal var 60 i Sverige og 26 i Finland. Det vart registrert 18 trebyar på Færøyane og 9 på Island, medan dei mange byane i Danmark med bygningar i utmurt bindingsverk, ikkje vart omfatta av registreringa. Det sentrale spørsmålet i dette registerings- og analysearbeidet var korleis desse trehusmiljøa kunne sikrast for framtida.

Prosjektet vart avslutta i 1972 med ein konferanse i Sandefjord der fagfolk og politikarar på nasjonalt og lokalt nivå møttest for å drøfte trebyen si framtid. På denne avslutningskonferansen gav kommunalminister Odvar Nordli uttrykk for at:

"Det er en stigende forståelse for at ikke bare gamle bygninger enkeltvis er bevaringsverdige, men også grupper av bygninger, gamle miljøer. De gamle nordiske trebyene, det vi har igjen av dem, representerer her noe enestående, også i verdensmålestokk. Vi gleder oss over dem, og erkjenner at de har verdier som bør tas vare på før det er for sent - vi tør ikke bli den generasjonen som lar dem forsvinne. I årene framover vil (det) kreve en økt bevissthet og en økt aktivitet om dette også skal være slik for de kommende generasjoner" (Øverås 1972:134).¹⁵⁴



Figur: 4.8: Trebyar i Norden.
Framsidaillustrasjon.
Kjelde: (ICOMOS 1972).

Prosjektet "Den nordiska trästaden" var i stor grad retta mot faglege miljø i dei nordiske landa, men fekk vidtrekkande verdi for oppfatninga av trebyens sær-eigne kvalitetar og spesielle historiske verdi.

Bymiljøvernet vaknar

Den økonomiske veksten som nærmast hadde blitt oppfatta som ei naturlov i mange krinsar, stagnerte ved inngangen til 1970-åra. Dette førte også til ein sterkare kritikk av saneringspolitikken mellom anna fordi den eldre bygningsmassen inneheldt vesentlege materielle og kulturelle ressursar som det var viktige å ta vare på og utnytte. Ein vart også i aukande grad merksam på at desse etablerte bymiljøa representerte verdfulle sosiale nettverk som var avhengig av at ein tok vare på dei fysiske strukturane (Nistov 1987).

På slutten av 1960-talet og utover på 1970-talet, oppstod det sterke motsetningar mellom dei som ville rive og fornye bysentra for å sørge for betre tilkomst med bil og ein større grad av bygningsmessig fornying, og dei som ville ta vare på den eldre bebyggelsen og bymiljøet. Det var særleg i universitetsmiljøa og blant innbyggjarane i dei bydelane som vart ramma av saneringsplanar, at motstanden var

størst. Denne bymiljørørsla fall saman med ei sterk radikalisering av grupper av folket, karakterisert av studentopprør, EF-motstand, motstand mot ressursløsing og teknokratiske og udemokratiske planleggingsmodellar. Kulturminnevernet vart i denne perioden koplta til miljøvernomsyn der vern av bymiljøa vart ein del av ein heilskapleg miljøvernpolitikk. Ein kan også sjå dette som eit opprør mot eit kunnskapsregime der debatten i tilknytning til dei omfattande bysaneringsplanane, vegutbygginga i byane og vern av sentrale bustadområde, medverka til å endre leiande haldningar innanfor ulike fagmiljø av planleggjarar og arkitektar og i politiske kringar.

Utgangspunktet for bymiljøvernet vart noko meir enn vern av kulturminne. Det var ein reaksjon på ei meiningslaus rasering av bustadområde med viktige sosiale og miljømessige kvalitetar. Rasering av bustader for utbygging av trafikkmaskiner og kontorbygg vart også sett på som ressursløsing i ei tid med bustadnaud. Odelstingsproporsjon nr. 4 (1975-1976) i samband med innføring av Lov om fornying av tettbygde strøk, støtta opp om dette synet:

"Holdningen til bevaring av den eldre bebyggelse har endret seg vesentlig i de senere år, og det blir nå fra mange hold lagt for dagen en sterk interesse for å legge forholdene best mulig til rette for en bedre samfunnsøkonomiske utnyttelse av den bestående bebyggelse, spesielt for boligformål. Det er også kommet til uttrykk en stigende interesse for å bevare miljøet i eldre tettbebyggelse." (Odelstingsprp. nr. 4 (1974-1975)).

I St.meld nr. 92 (1974-75) *Om visse boligspørsmål* varsla staten om omfattande satsing på bustad- og byfornyning gjennom utbetring: *"Regjeringens program om en omfattende satsing på utbedring av den eldre boligmassen innvarsler en utvidelse av samfunnets boligpolitiske engasjement. Behovet for utbedring og fornyelse av eldre boliger er meget omfattende.... Den gamle boligmasse representerer en vesentlig ressurs i nasjonaløkonomien, og det bør settes inn virkemidler som gjør det mulig å ta vare på og å oppnå en bedre utnytting av en betydelig del av disse boliger. Sosiale og miljømessige hensyn er også viktig i denne sammenhengen."* (Ref. i Nistov 1987:20)

Omsyna til dei samfunnsøkonomiske interessene kom i tillegg til dei kulturverdiane ein etter kvart såg at desse byområda representerte. Riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen uttrykte i 1976: *"Vi kan kort si det slik at mens man før vernet og bevarte av historiske og estetiske grunner, har vernetanken i dag fått et helt annet sosialt menneskelig og samfunnsmessig idégrunnlag."* (Tschudi-Madsen 1976)

Det europeiske arkitekturvernåret

Det europeiske arkitekturvernåret i 1975 kom på mange måtar til å bli ein milepæl i bymiljøarbeidet, og representerte eit tidsskilje innanfor vern av kulturmiljø i Europa. Det var Europarådet som tok initiativet til Arkitekturvernåret, og som foreslo at kvart land skulle peike ut tre-fire byar eller tettstader som skulle tene som pilotprosjekt for eit effektivt bymiljøvern. Gjennom desse pilotprosjekta kunne ein sette verneteoriane ut i praksis og vise resten av verda korleis vernearbeidet verka (Kolandsrud 1977).

I Noreg vart Arkitekturvernåret markert med å plukke ut pilotprosjekta Stavanger, bergstaden Røros og fiskeværet Nusfjord. Alle pilotprosjekta var attraktive trehusmiljø. Det var viktig å nytte det utstillingsvindauget som Arkitekturvernåret representerte, til å vise det internasjonale samfunnet dei attraktive trehusmiljøa våre. Styresmaktene var derfor meir opptatt av å vise fram dei positive resultatane ein hadde oppnådd, framfor å presentere dei vanskelege oppgåvene som det stod att å løyse (S.st.).

Men med desse tre pilotprosjekta fekk ein også ei regional fordeling av prosjekta og representantar for ulike trebytradisjonar. Med Stavanger vart den karakteristiske kvitmåla, panelte kystbebyggelsen vist fram. I Stavanger var det på denne tida eit aktivt vernearbeid på gang med stor lokal entusiasme og etter nye retningslinjer som det var viktig å stimulere. Dessutan var Stavanger som nyutnemnd "oljehovudstad" ein by i sterk vekst med dei utfordringane som det innebar. Røros representerte innlandet med sin tømmerarkitektur, både panelt og upanelt, og med ei meir restriktiv vernelinje. Det tredje prosjektet, Nusfjord, vart eit lite nord-norsk fiskevær med sine rorbuer som dermed vart "oppdaga" som verneobjekt.

Det europeiske arkitekturvernåret og utvalet av pilotprosjekta med dei utfordringane dei representerte, sette verneproblematikken under debatt. Arkitekturvernåret skapte fortgang i arbeidet med miljøvernplanar og med det ein debatt om styring, restriksjonsnivå, finansiering og erstatning. Desse pilotprosjekta presenterte mange av kvardagslivet sine problem som var knytte til den tette trebebyggelsen, brannsikring, den låge bygningstekniske standarden og næringsverksemda sine krav til tidsmessige lokale. Pilotprosjekta som vart plukka ut, reiste ulike problemstillingar for det klassiske kulturminnevernet, ikkje minst fordi ein heile tida vart utfordra av dei rammene ein hadde.

Det vesle fiskeværet Nusfjord, yttarst i Lofoten med sine 75 innbyggjarar, var på mange måtar ei "attgløyme" i samfunnsutviklinga. Dei dårlege kommunikasjonane hadde ført til økonomisk stagnasjon, og ein hadde derfor unngått brå omveltningar. Bygningstiljøet bar likevel preg av den moderniseringa som eit stort innslag av typehus og ombyggingar representerte. Men samspelet mellom bebyggelse og landskap skapte eit tettstadmiljø med viktige visuelle og arkitektoniske kvalitetar, i

tillegg til at det gamle rorbummiljøet fortalde ei viktig historie om levekåra og arbeidstilhøva for den store fiskarbefolkninga under det årlege Lofotfisket.



*Figur 4.9: Fiskeværet Nusfjord i Lofoten.
Foto: To-Foto AS.*

Røros representerte eit anna verneregime. Her nærma vi oss meir det museale vernet. "Røros er ikkje eit museum, slik mange synest å tru. Bergstaden er likevel så "museal" at ein må vere uhyre varsam om ein ikkje skal skusle bort det særeigne ved han", skreiv konservator Sverre Ødegård (Kollandsrud 1977:88). Problemstillinga var i stor grad knytt til å ta vare på autentisiteten ved Bergstaden, frå landskapsbildet med slagghaugar og dei opne landbruksareala rundt den tette trebyen, ned til detaljane i gatebildet med skilt og lyssetting og til bygningsdetaljar som vindaugsutforming og listverk. Ei slik detaljstyring av vernearbeidet trong ikkje berre gode styringsreiskapar som detaljerte reguleringsplanar og fredingsvedtak, men også ei mobilisering av bebuarane.



*Figur 4.10: Bergstaden Røros.
Foto: DK.*

Stavanger hadde også vore tidleg ute med å sette vernearbeidet på sakskartet. Allereie i 1951 vart det fremma eit verneforslag for delar av "Gamle Stavanger" som med knapt fleirtal vart vedtatt i bystyret i 1956. På den tida var det i byen svært lita forståing for vernetanken. I samband med byplanen frå 1946 heitte det i forordet: "*Den dårlige bebyggelsen i sentrum står derved ikke hindrende i veien for gjennomførelse av mer romslige, storlinjede planer.*" (Kollandsrud 1977:111).

Då Stavanger bystyre hausten 1975 drøfta saneringsplanane for sentrum, kunne ordføraren uttale: "*I årene som er gått siden de første planer tok form, har det vært en markert svinging i folks oppfatning både når det gjelder trafikk og rehabilitering av eldre bebyggelse. I områder som tidligere var planlagt med delvis fornyelse og delvis rehabilitering, vil en nå ikke høre snakk om annet enn bare rehabilitering.*" (S.st.:146). Som pilotprosjekt vart Stavanger i 1975 eit interessant førebilde for vernearbeidet i andre delar av landet. Det vart arrangert utstillingar, seminar og foredrag, og det vart arbeidd aktivt for skape ei større generell forståing av verdien av den arkitekturarven som trebyane representerte.



Figur 4.11: "Gamle Stavanger".
Kjelde: (Næss 1998).

Byfornyingsprosessen

Omgrepet byfornyng er eit uttrykk for den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle omformingssprosessen i byane og tettstadane våre. Dette er ein prosess som går føre seg heile tida, og gir seg uttrykk i små og store endringar i det bygde miljøet, frå enkle vedlikehaldstiltak som utskifting av bygningskomponentar til omforming av heile bydelar. I praksis vart byfornyng mest brukt om istandsetting og forbetring av bustader og bustadområde i dei gamle byområda. Lov om fornyng av

tettbygde strøk, byfornyingslova, var med på å gi ordet dette noko snevre innhaldet (Nistov 1987).

På slutten av 1960-talet var haldninga til saneringspolitikken i ferd med å snu, i alle fall hos sentrale styresmakter. Allereie i stortingsmeldinga om verksemda til Husbanken i 1969 skreiv Kommunaldepartementet: "*De gamle boligområdene vil ofte ha kvaliteter når det gjelder beliggenhet, befolknings sammensetning og servicetilbud som mange nye områder vanskelig kan konkurrere med. Det som mangler med selve leilighetsstandarden kan ofte avhjelpest med relative beskjedne midler. Dermed kan man i mange tilfelle unngå totalsanering med de omfattende problemene som da vil reise seg.*" (St. meld. nr. 88 (1969-70)).

Husbanken innførte allereie i 1969 nye låne- og tilskottsordningar for utbetring av eldre bustadhus og tok dermed konsekvensar av kritikken mot riving av dei gamle bymiljøa. Husbanken kunne no gi lån og tilskot i samband med planmessig sanering eller anna byfornyning, samt til utbetring av eldre bustader på sosialt grunnlag. I første omgang var det liten etterspurnad etter desse låneordningane. Kommunane hadde enno ikkje kome i gang med noko planmessig fornying, og gamle og trengande som budde att i dei gamle trehusmiljøa, kvidde seg på å ta opp nye lån, i tillegg til at grunnlaget for lån på sosialt grunnlag var snevert definert (Reiersen m.fl. 1996:260).

Bygningslova av 1965 gjorde det mogeleg å regulere område med "*anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi bør søkes bevart*" (Bygningslova 1965 §28 pkt. 6). Bygningslova vart etter kvart ein viktig byplanreiskap i vern av trebyen. Bygningslova gav heimel til å sikre område mot riving og forfall og leggje til rette for ei planmessig fornying. Men det skulle enno ta nokre år før bygningslova vart ein aktiv reiskap for kommunane si byfornyning. Derimot fekk vi ein del eksempel på at enkeltpersonar og grupper sende reguleringsplanforslag til kommunens planstyresmakter og foreslo vern av antikvarisk verdfull bebyggelse. Sjølv om kommunane sjeldan følgde opp desse forslaga, vart dei viktige innlegg i debatten. I Trondheim galdt det både Bakklandet og Sanden-Hospitalsløkka.

I 1976 vart "*Lov om sanering av tettbygde strøk*", erstatta av "*Lov om fornying av tettbygde strøk*", og det vart gitt andre føringar for utviklinga av dei historiske bysentra våre. Uttrykket *sanering* vart konsekvent erstatta med *fornyning* og uttrykket *utbetring* kom i staden for *rehabilitering* (Reiersen m.fl. 1996: 284). Byfornyning skulle etter denne lova også kunne gjennomførast ved utbetring av eksisterande bebyggelse. Denne lova etablerte nye verkemiddel for byfornyninga. Kommunane kunne i samsvar med denne lova gjere fornyingsvedtak som skulle sørge for ei totalfornyning eller utbetring av dei gamle bygningane i strøket. Dersom grunneigarane ikkje var i stand til å gjennomføre programmet, kunne kommunen skaffe seg råderett over eigedomane i strøket gjennom ekspropriasjon. Dessutan

kunne kommunen skaffe seg forkjøpsrett til eigedomane i fornyingsstrøk. Kommunen kunne vedta utbetningsprogram som grunneigarane måtte gjennomføre, men som hovudregel var det grunneigarane som utarbeidde utbetningsprogram etter retningslinjer frå kommunen og Husbanken (Lov om fornying av tettbygde strøk 11.06.1976).

Saman med desse verkemidla vart det også innført økonomiske verkemiddel i samband med utbetring av bustader i byfornyingsområde gjennom Husbanken. Som hovudregel skulle utbetningsstandarden tilsvare 30-årsstandard, det vil seie at utbetringstiltaka måtte ha eit tidsperspektiv på minst 30 år. Det var Oslo kommune som gjennom Oslo-programmet introduserte desse standardkrava som kom til å danne modell for andre byar (Nistov 1987). Dette programmet vart også førande for dei standardkrava som Husbanken kom til å sette for utbetringstiltaka. Desse galdt konstruktiv tryggleik, brannsikring, sanitærstandard, varmeisolering, oppvarming, lydisolasjon, ventilasjon og lagerplass.

Byfornyingsprogramma hadde også som mål å styrke nærmiljøkvalitetane ved at det måtte sikrast gode utandørs leike- og opphaldsareal ved at gardsplassar skulle opparbeidast og gjerast tilgjengelege for opphald og leik. Offentleg og privat tenesteyting og trafikk- og parkeringstilhøva skulle også betrast. Dessutan var trafikksanering eit viktig tiltak i byfornyingsområda (Trondheim kommune 1979b). Gjennom byfornyingsstiltak som i hovudsak kom dei større byane Oslo, Bergen og Trondheim til gode, var Husbanken med og finansierte gatetun og andre miljøtiltak i desse byane.

Eit viktig prinsipp ved dei utbetringstiltaka som Husbanken finansierte, var at utbetringa skulle komme dagens bebuarar til gode. Det vart også lagt opp til medverknad frå bebuarane si side. Byfornyinga la også vekt på å verne dei dokumenterte bygningshistoriske verdiane. Innfylling av nye bygningar i verneverdige miljø skulle tilpassast til eksisterande miljø.

Innføring av byfornyingslova vart eit vendepunkt for bymiljøarbeidet. I tillegg til at det vart gitt retningslinjer for korleis dette arbeidet skulle utførast, vart det også stilt midlar til rådvelde frå Husbanken. Den nye lova gav dessutan ein politisk aksept for at byfornyingsarbeidet var eit viktig og nødvendig tiltak i by- og tettstadsområda våre. I 1985 fekk vi ny plan- og bygningslov. Lov om fornying av tettbygde strøk frå 1976 vart oppheva og føresegnene om bustad- og byfornyning vart innarbeidd i den nye plan- og bygningslova (Plan- og bygningslova §69).

Etter kvart vart byfornyinga i dei større byane organisert gjennom halvkomunale selskap som skulle vere sjølvfinansierande. Det ville seie at alle kostnadene ved byfornyinga, også infrastrukturkostnader, skulle overførast til byfornyingsprosjekta og speglast att i prisane på husværa. Om lag samstundes vart prisreguleringa av bustadmarknaden oppheva og gjorde slutt på takstregulering av husværa i bu-

rettslag (Folkvord og Mathisen1993). Prisane på rehabiliterte husvære i sentrale bystrøk skaut i været og byfornyninga vart på folkemunne døypt til "byfordyringa". (Røsjø 1997). Mange bebuarar ende opp i eit gjeldsuføre. Då bustadprisane stupte på slutten av 1980-talet, sat burettslag, byfornyingssselskap og bebuarar att med langt større gjeld enn verdiar. Dei halvkommunale byfornyingssselskapa vart avvikla eller slått konkurs i mange av byane. Ofte vart eigedomsporføljen seld med store tap til private eigedomsselskap som seinare, då prisane tok seg opp att, kunne realisere desse med god fortjeneste. Stortinget vedtok gjeldssaneringsordningar som sletta gjelda til ein del burettslag og private som kom dårlegast ut av byfornyninga.

I store delar av landet vart trebyen rusta opp i denne perioden. Låne- og tilskotsordningane som vart etablerte gjennom Husbanken, gjorde det økonomisk mogeleg å rehabilitere bygningsmassen. Det viste seg derimot at den byggjetekniske opprustinga av bygningane ofte var dårlegare enn forventa. "Klondyke-situasjonen" i byggjenæringa på 1980-talet førte til mykje dårleg utført arbeid av ufaglært arbeidskraft, og det var ofte behov for å gjere arbeidet om att. Rehabiliteringskunnskapen var dessutan dårleg i ei byggjenæring som tidlegare i all hovudsak hadde konsentrert seg om dei store nybyggingsprosjekta i drabantbyane utanfor byen (Engelstad m.fl. 1977:173).

I Trondheim vart det foreslått å utarbeide eit byfornyingsprogram i samsvar med den nye byfornyingslova. Ei prosjektgruppe vart oppnemnd av kommunalutvalet i 1978 og leverte innstillinga i mai 1979 (Trondheim kommune 1979b). Prosjektgruppa meinte at det var grunnlag for utbetring av bustadmassen i til saman 21 område i Trondheim. Sjølv om mange av desse områda hadde ein samansett bygningsmasse, var det stort sett eldre trehusområde frå Ila i vest til Lademoen i aust som vart omfatta av dette byfornyingsprogrammet. Programmet la opp til ei utbetring til 30-årsstandard av 300-500 bustader i året fram til 1985. Eit hovudmål for dette byfornyingsarbeidet var å forbetre bustad- og miljøforholda for dei som budde i områda. På lengre sikte skulle dette medverke til ein meir variert befolkningsammansetting med omsyn til alder og sosial struktur.

Både Ilsvikøra og Sanden-Hospitalsløkka var av dei områda som skulle prioriterast. Av andre prioriterte område i denne perioden fram til 1985 var Lademoen, Møllenberg, Midtbyen og Bakklandet. (Trondheim kommune 1979b:146-148).

Gentrifisering og medverknad

Ei side ved byfornyninga som skapte debatt, var bebuarutviklinga i utbetningsområda, utviklinga mot gentrifisering. Gentrifisering vert brukt som eit generelt omgrep for ein prosess der meir velstående folk flyttar inn i eit byområde og "pressar" dei opphavlege bebuarane ut, med dei følgjene dette får for den kulturelle og økonomis-

ke utviklinga av området (Hjorthol 2003). Omgrepet vert ofte brukte negativt og antyder at fattige grupper blir fortrengde av rike inntrengarar ved at prisar på kjøp og leige av husvære går i været, og fører med seg endringar i kultur og karakter av området. Eit trekk med gentrifiseringa er dei sosioøkonomiske endringane som skjer ved at store og mindre velstående familiehushaldningar vert erstatta av einslege eller parhushaldningar med god økonomi. Auken i leige- og eigekostnadene er ein viktig faktor i denne utviklinga, men også utviklinga frå ein leigemarknad til ein eigemarknad og ein markert auke i bustadstandard. Det skjer samtidig ei endring i arealbruken i slike område, ved at industri- og handverksverksemdar flyttar ut og vert erstatta av verksemdar knytte til reiselivsnæringa som restaurantar og kafear, moderne butikkar, galleri og anna tenesteyting.

Verknaden av gentrifisering var likevel ikkje berre negativ. I dei gamle, nedslitte bydelane var det ei opphoping av svakarestilte grupper. Tilflytting av folk med meir ressursar var i mange tilfelle ein føresetnad for å få snudd ei negativ utvikling. Mange sider ved ei slik gentrifisering var derfor ønskeleg som redusert kriminalitet, nye investeringar i bygningar og infrastruktur og ofte også ein styrka sosial aktivitet. Den opphavlege befolkninga fann seg derimot ofte økonomisk og sosialt marginalisert. Det oppstod derfor ulike syn på byfornyingsarbeidet ut frå kva parti fornyingsarbeidet tok i høve til denne gentrifiseringsprosessen.

Rehabilitering på bebuarane sine vilkår innebar at bebuarane forbetra bustadforholda på eigne vilkår ved at dei sjølv tok initiativet, planla og stod for finansieringa og gjennomføringa av rehabiliteringa. Med denne forma for rehabilitering kunne ein sikre at husleigene vart verande låge, og at bebuarane kunne halde fram med å bu i området.

Rehabilitering på forretningsmessige vilkår innebar ei rehabilitering som hadde som føremål å gi høgast mogeleg fortjeneste på investert kapital. Ofte innebar denne byfornyinga eit motsetningsforhold mellom gardeigar og bebuarane i leigegarden om omfanget av rehabiliteringa. Husleigene vart ofte så høge at bebuarane måtte flytte. Ei omfattande og kostbar rehabilitering viste seg derimot ofte å vere nødvendig for å sikre garden på lengre sikt.

Rehabilitering på styresmaktene sine vilkår. Gjennom innføring av låne- og tilskotsordningar for rehabilitering av eldre hus, sette Husbanken og dei kommunale styresmaktene gjennom byfornyingsprogrammet krav til standarden etter rehabilitering. Det skulle vere 30-årsstandard som innebar at byggjetekniske og sanitærtekniske tiltak skulle ha ei teknisk og funksjonell levetid på minst 30 år.

Rehabilitering på antikvariske vilkår galdt for bygningar som representerte antikvarisk og kulturhistorisk verdi. Dette vilkåret galdt også bygningar som representerte viktige bidrag til eit verneverdig bygningsmiljø, og som var regulert til verneområde i samsvar med Bygningslovas § 28.6 (Engelstad m.fl. 1977:115-133).

Nye låne- og tilskotsordningar fekk stor verknad for vernearbeidet i dei gamle trehusområda, og gjorde det mogeleg for bebuarane i desse områda å starte arbeidet med byfornyingsarbeidet. Det tok ikkje lang tid med rehabilitering og oppussing før ein såg kva kvalitetar og verdiar som låg i den gamle bygningsmassen. Dette opna opp for den meir forretningsmessig orienterte fornyinga der private eigedomsselskap kjøpte seg inn i byfornyingsområda.

Innanfor byfornyingsdebatten vart spørsmålet om "byfornyning på bebuarane sine vilkår" ei kjelde til konflikt og utfordra den planmessige byfornyninga på 1980-talet. Bebuarane skulle sjølv definere innhald og mål i byfornyingsprogramma. Rehabiliteringsstandarden skulle tilpassast bebuarane sin økonomi og ønskemål. Standardiserte løysingar og industriell produksjon som var vanleg innanfor drabantbyutbygginga, var ikkje lenger aktuelt i samband med byfornyingsprosjekta.

I trebyen var det lettare å realisere ei rehabiliteringsform med stor grad av individuell tilpassing, enn det som var tilfelle for større leigegardar i mur. Dei enkelte rehabiliteringsprosjekta var som regel enkelthus eller einfamiliehus. Ein opererte med kjende materialar og med ein byggjeteknikk som var godt kjend hos entreprenørar, byggmeisterar og byggherrar. Trekonstruksjonane var fleksible og robuste, og gjorde det lett å foreta inngrep og tilpassingar i planløysingar og konstruksjonar.

Så snart den framtidige byplansituasjonen var avklara, og trehusområda var redda mot vidare sanering, og så snart finansieringssituasjonen gjorde det mogeleg å skaffe ressursar til rehabiliteringa gjennom Husbankens nye låne- og tilskotsordningar, blomstra trebyen på nytt. Kvalitetane ved desse trehusområda vart synlege og trekte til seg meir ressurssterke grupper. Gjennom ein omfattande rehabiliteringsprosess, medverka denne innsatsen til at dei gamle og nedslitne trehusområda i dag framstår som svært attraktive bustad- og byområde.

"Blandt de forskjellige Aarsager til Skovenes Ødelæggelse her i Stiftet bør med Billighed henføres den Overdaadighed, som har befengt Menneskene her i Byen, at opføre Slotte av Træ i stedet for jevne Borgerhuse"

(Trondheims bybilde 1976)

5. "Trebyen Trondheim - eit Venezia i tre"

Ved inngangen til det 20. hundreåret kunne Trondheim vise til ein eineståande bygningsarv som innanfor den urbane trearkitekturen ikkje kjende sin make i Europa. Denne kulturarven omfatta dei staselege trepalea på Torget og i Munkegata, dei store kjøpmannsgardane og borgarhusa i sentrum, bryggene langs Nidelva og Kanalhavna, dei enklare arbeidarbustadane på Ilsvikøra og Bakklandet og dei store leigegardane i tre på Møllenberg-Rosenborg. Både ved sitt omfang og sitt mangfald gjorde denne trearkitekturen Trondheim til den mest interessante trebyen i Europa. Sjølv om det vart utarbeidd omfattande saneringsplanar for denne bebyggelsen, førte vanskelege økonomiske tider og krigsutbrotet til at vesentlege delar av denne trebebyggelsen vart tatt vare på heilt fram til byrjinga av 1960-talet.

Trondheim som studieområde

Med Oslo som eit viktig unntak, var mest alle norske byar trebyar då murtvengen vart innført for alle byar og tettstader i Noreg etter Ålesundsbrannen i 1904. I det hundreåret som har gått, har fleire av desse trebyane forvittra slik at i mange tidlegare trebyar er det i dag berre restar att av desse historiske bygningsmiljøa. For mange har også trebykarakteren gått tapt ved at dei småskalaprega, låge trebygningane konsekvent er blitt erstatta med moderne bygningar som skilde seg ut med omsyn til dimensjon, høgde og skala. I løpet av 1900-talet skifta den tradisjonsrike trebyen byggjemåte til ein moderne byggeskikk som etter kvart reflekterte ein internasjonal modernisme. Trondheim Midtby er eit eksempel på ei slik forvitring av trebyen. Denne utbyggingsforma vart lite utfordra i dei første tiåra etter krigen, men møtte etter kvart sterk motstand, ein motstand som kom til å representere dei største konfliktane byen har opplevd etter den andre verdskrigen.

Den offentlege debatten om vern eller sanering av det historiske bygningsmiljøet i Trondheim reflekterte mange haldningar, synsmåtar og planleggingsvisjonar som avløyste kvarandre i tidsrommet frå rundt 1960 og fram til i dag. På midten av 1970-talet skjedde det eit klart brot med eit moderniseringsprosjekt som målbar visjonar om ei ny tid med bruk av moderne teknologi og med nye rammer for dagleglivet, arbeidslivet og bylivet. Nye planleggingsvisjonar vart introduserte med større vekt på humanistiske og kulturelle sider ved byutviklinga, der vernetanken etter kvart fekk betre feste.

Vernetanken var i denne tida hovudsakleg knytt til vern av enkeltbygningar, til dei arkitektonisk verdfulle monumenta og til bygningar med viktig historisk dokumentasjonsverdi og stor aldersverdi. Seinare vart vernet utvida til å omfatte både anonymarkitekturen og den konteksten som denne gjekk inn i. Det vil seie at det var samanhengen i bygningsmiljøet som gjorde den enkelte bygning verneverdig. Men vernet av byen og byens kulturminne vart etter kvart også knytt til førestillingar om at byen hadde verdi som identitetsskapar. Byens karakter var viktig for at innbyggjarane skulle kunne identifisere seg med byen. Moderniseringsprosjektet førte til at gamle strukturar og eksisterande bygningar vart erstatta med nye, og mange opplevde at byen miste sin karakter.

Haldningane til kva slags eigenskapar og verdiar den gamle trebebyggelsen representerer, har endra seg dramatisk frå 1960-åra og fram til i dag, frå eit ønske om å rive den gamle bebyggelsen for å erstatte han med meir tidsmessige bygningar som betre kunne fylle det moderne bysamfunnet sine krav, til vi i dag har etablert eit etter måten strengt vern av dei gamle trehusmiljøa. Desse haldningsendingane har i stor grad blitt skapte gjennom den offentlege debatten i bystyresalen, i bygningsråd, på offentlege og private kontor, i folkemøte og i avisspaltane.

I denne byplandebatten kan ein dra kjensel på ulike planleggingsretningar, slik desse kom til uttrykk som kontroversar mellom ein regularistisk, ein rasjonalistisk og ein kulturalistisk planleggingsmodell. I denne eksempelstudien av Trondheim tar eg derfor sikte på å studere debatten om utviklinga av trebyen Trondheim i spenningsfeltet mellom desse ulike forståingsformene.

Verneperspektivet som byutviklingsstrategi

Vern og utvikling av trebyen Trondheim har vore eit motsetningsfullt tema i kommunens planlegging i heile etterkrigstida, med sterke motsetningar mellom ei verneorientert og ei fornyingsorientert planleggingsretning. Sjølv om kontroversane kan fortone seg annleis, og frontane er noko endra i dag, synest desse motsetningane framleis å vere levande i dagens byplandebatt. Desse kontroversane har utvikla seg gjennom ulike fasar der styrkeforholdet i diskursen har endra seg, samtidig som nye uttrykksformer pregar debatten.

Eg har delt denne eksempelstudien i tre delar som har ulike tematiske fokus, og introduserer nye aktørar og nye meiningar. Fellesnemnaren er konflikten mellom forsvaret av dei gamle by- og bebyggelsesstrukturane og eit ønske om å fornye den gamle byen. Desse tre kapitla har eg valt å kalle: "*Rivingsiverens tiår*", "*Byen som livsmiljø*" og "*Trondheimsandletet*".

"*Rivingsiverens tiår*" omhandlar det store moderniseringsprosjektet etter den andre verdskrigen. Dei økonomiske føresetnadene la etter kvart grunnlag for ei omfattande fornying av dei sentrale byområda med riving av den gamle trebebyggelsen og oppføring av nye bygningar som braut sterkt med den gamle bebyggelsen. Både enkelbygningar, gateparti og bystrukturar måtte i denne perioden gi tapt for eit moderniseringsprosjekt som det var brei politisk oppslutning om. Byen skulle omstille seg til nye krav frå næringslivet til ein ny fysisk struktur som kunne gi plass for store varehus og kontorbygg. Ved hjelp av gateutvidingar og riving av bygningar langs dei gamle gateløpa, skulle det dessutan bli lettare å ta seg inn til sentrum av Trondheim med privatbil.

Generalplanen for Trondheim var eit viktig planleggingsprosjekt i dette tidsrommet. I generalplandokumentet kom den gryande konflikten mellom ulike planleggingsyn til syne, og gjorde generalplanen til eit motsetningsfylt dokument. Trass i oppmodingar om å ta eit større ansvar for vern av kulturmiljøa i byen, innebar planen dramatiske forslag om vegutbyggingar og arealbruk som stod i klar motsetning til ønsket om å ta vare på byens kulturhistoriske verdier. Generalplanarbeidet var ein viktig del av byplandiskursen der kulturalistiske forståingsformer etter kvart kom til uttrykk som kontroversar, og utfordra dei dominerande, regularistiske planleggingsideala.

Striden rundt forslaget om å rive Svaneapoteket og Hornemannsgården vart den første større sigeren for bymiljøvernet i Trondheim og introduserte ei utviding av vernetanken. Det var ikkje berre verdien desse bygningane hadde som monumentale kulturminne som vart tillagt vekt, men vel så mykje den verdien dei representerte som konstituerande element i eit viktig byrom, Trondheim Torg, og konstituering av Trondheims bybilde. Sjølv om desse bygningane også representerte eineståande kulturminne som historiforteljande dokument, og i seg sjølv var praktfulle bygningar, var det den kontekstuelle verdien av bygningane som først og fremst vann fram.

"*Byen som livsmiljø*" omhandlar stridsspørsmåla på byrjinga av 1970-talet i tilknytning til dei mange bymiljøaksjonane som hadde som siktemål å verne om dei sentrale bustadområda. Desse konfliktane, som handlar om kampen om byen som livsmiljø, la vekt på buforholda og levekåra i byen og i dei sentrumsnære, eldre bustadområda. I Trondheim omfatta dette Ilsvikøra, Sanden-Hospitalsløkka, Bakklandet og området mellom Noregs tekniske høgskole og Bakklandet som idag vert kalla

Singsakersletta. I tillegg har eg tatt med striden om Svartlamoen som "den siste kampen om trebyen."

"Trondheimsandletet" handlar om bytransformasjonsprosjekta i sentrum av Trondheim. I kjølvatnet av større rivingsprosjekt og brannkatastrofar fekk vi engasjerte og polariserte debattar om lokalisering og utforming av større bygningskompleks som utfordra trebyen sin skala og karakter. Ofte innebar desse prosjekta riving av gamal trehusbebyggelse. På 1960-talet var det ingen stor debatt om utforminga av slike bygningskompleks. Men etter kvart vart augene opna for at trebyen hadde ein karakter utover den enkelte bygning som var knytt til bebyggelsens utforming, volum og skala og samanstillinga av denne bebyggelsen.

Debatten om den moderne bytransformasjonen sette fokus på at trebyen ikkje berre er ei samling av trehus, men har utvikla eit sett av felles typologiske trekk som gir trebyen ein bestemt karakter, Trondheims bybilde. I tillegg til bygningsutforminga, materialbruk og detaljering, var byggjehøgde, volum og oppdeling av fasadane langs gateløpet viktige trekk ved trebytypologien som medverka til å gi byen særpreg. For å trekke opp rammene for denne bytransformasjonen, starta kommunen arbeidet med Midtbyplanen. I denne delen av eksempelstudien, som eg har kalle *"Trondheimsandletet"*, har eg tatt med utvalde bytransformasjonsprosjekt som illustrerer debatten om trebyen sin transformasjon i relasjon til trebykarakteren.


I tillegg til at desse ulike forteljningane representerer tre ulike tema i utviklinga av trebyen Trondheim, representerer dei også interessante fasar i utviklinga av vernetanken. Vi kan følgje utviklinga av vernetanken frå vern av dei monumentale kulturminna på Torget, aukande fokus på dei anonyme bygningsmiljøa og det kontekstuelle vernet, til vern om byens karakter og særpreg. I desse forteljningane går mange av aktørane igjen, mens nokre er nye. Mange av argumenta kjenner vi att frå forteljing til forteljing, mens andre er nye. Etter over 40 år med debatt om trebyen si utvikling, er diskursen framleis prega av kontroversar og antagonismer.

Trebyen voks fram

Trondheim er blant dei eldste trebyane i landet, og utvilsamt blant dei viktigaste med sine opp til 300 år gamle trehus, og med restar av ein 1000 år gamal trebyggjetradisjon i byens arkeologiske lag. Trondheim vart i følgje historikarar og arkeologar grunnlagd i år 997. Med unntak av nokre få kyrkjer var Trondheim som alle norske byar i mellomalderen, bygd i tre. Som for dei fleste strandstadene i landet, voks byen fram ved at det først vart bygd ei rad med sjøhus og brygger som vende seg mot elva. Bakanfor sjøhusa og parallelt med elva, gjekk ei gate med smale tomter på begge sider. Etter kvart som byen voks, vart nye gater lagde til bakom den første. Mellom tomtane gjekk veiter og allmenningar. I Trondheim har delar av dette gatenettet frå mellomalderen overlevd i byens veitsystem.

Konstruksjonane var opphavleg enkle stav- og grindverkskonstruksjonar. Seinare vart det meir vanleg med laftekonstruksjonar for bustaddelen, medan det framleis var vanleg med stav- og stolpekonstruksjonar for uthusa. Mellomalderbyen Trondheim hadde si største blomstring i åra mellom 1300 og 1350, før Svartedauden førte til ein kraftig reduksjon av folketalet, og den økonomiske aktiviteten stagnerte. Eit nytt tilbakeslag var reformasjonen i 1536, som gjorde slutt på byen sin viktige religiøse posisjon og Nidaros som pilegrimsby.

Som for dei fleste andre byar bygde med trematerialar, vart også Trondheim stadig ramma av øydeleggjande brannar som jamna bygningar og byggverk med jorda. Nye bygningar vart bygde på branntomtene utan at byen endra sitt fysiske uttrykk noko vesentleg. Gatennettet vart stort sett oppretthalde gjennom skiftande tider og øydeleggjande brannar, medan bygningane gradvis vart forandra i tråd med endring i byggeskikk, teknologi og økonomisk utvikling.



Figur 5.1: Større bybrannar i Trondheim Midtby fram til 1975.
Kjelde: Trondheim bybilde (Fasting 1976).

Den første kjende bybrannen i Trondheim var i 1219 då heile byen brann opp (Larsen 1989:36). Av seinare bybrannar kjenner vi til brannane i 1282 og 1344, men ikkje omfanget av desse. I 1555 og i 1598 brann så å seie heile byen på nytt, men

vart bygd opp att, stort sett i tråd med den gamle byen sin byggjeskikk og bystruktur. Eit meir dramatisk skifte kom etter bybrannen i 1681 som førte med seg ein heilt ny byplan med breie gater og store kvartal. Kong Christian V gav generalmajor Johan Caspar von Cicignon og generalkvartermester Anthony Coucheron ordre om å lage ein ny byplan som skulle kunne hindre slike brannkatastrofar i framtida. Byen vart bygd opp att med breie gater, slik at ein brann ikkje skulle spreie seg frå kvartal til kvartal. Inne i dei store kvartala levde derimot mellomalderens gatenett vidare i form av smale, krunglete veiter og gav Trondheim eit særeige byplanmønster (Grankvist 1981; Kavli 1981).



Figur 5.2: Coucherons kart over Trondheim, udatert, men før brannen i 1681. Kjelde: (Grankvist 1981).



Figur 5.3: Cicignongs byplan frå 1681. Kjelde: (Grankvist 1981).

Men byreguleringa var likevel ikkje effektiv nok til å hindre at det allereie i 1708 kom ein ny brannkatastrofe. Etter denne brannen freista general Johan Wibe å innføre murtvang i Trondheim. Dette vart neglisjert av borgarane i byen, som bygde opp att byen med trehus, større og staselegare enn nokon gong før, til trass for at dei hevda at dei ikkje hadde råd til å byggje i mur eller stein, slik som bygningsvedtekene tilsa. Men generalen fekk likevel sett sitt preg på utforminga av byen. For å lette overgangen til å byggje i stein og mur, utarbeidde han typeteikningar som kom til å bli mykje brukte i gjenreisinga av byen (Kavli 1981:60). Det vart også sett krav om ei einsarta gesims- og takhøgde for å gjere det lettare å mobilisere passande brannstigar i tilfelle brann, og flytte desse frå bygning til bygning. Men sannsynlegvis låg det også eit estetisk motiv bak denne føresegna. I tråd med tidas stilideal medverka dette til å gi Trondheim eit einskapleg uttrykk som kom til å karakterisere Midtbyen i Trondheim fram til midten av det 20. hundreåret.

Bystrukturen i Trondheim endra seg langsamt, og gateløp og eigedomsforhold heilt frå mellomalderen kan lesast i byplanen i dag. Bak den barokke byplanen til Cicignon kan vi finne att mellomalderen sitt veitsystem. Dei gamle trebygningane i Midtbyen er hovudsakleg frå gjenreisinga etter dei store bybrannane i 1841 og 1842, men materialbruk og planløyising har spor tilbake til mellomalderen. Etter dei store bybrannane vart bygningane stort sett bygde opp att om lag slik dei stod før, ofte litt større og staselegare, dersom byggherren hadde råd til det. Men i all hovudsak var utviklinga av byen ein langsam prosess der ein bygde på gamle byggjetradisjonar og byggjeskikkar.

Europeiske stiluttrykk nådde fram til Trondheim, men vart i den norske trearkitekturen utforma i eit heilt anna materiale enn mur som bygningsformene opphavleg var tenkt oppførte i. "*Slik en møter husene preget av helhet og harmoni, slår det en hvor tilsynelatende selvfølgelig de fremmede former er blitt omsatt til treet, et helt annet materiale*", skreiv Guthorm Kavli i si avhandling om dei trønderske trepalea (Kavli 1966:2).

Bygningane som vart gjenreiste på gamle branntomter, var som regel meir eller mindre kopiar av dei bygningane som stod der før. Byen reproduserte stort sett seg sjølv innanfor eit tradisjonelt mønster heilt opp mot slutten av 1800-talet. På den tida fekk vi eit klart brot med det gamle. Innføring av murtvengen var ein vesentleg del av dette skiftet, men vi fekk også innført ein heilt ny byggjeskikk, bygd på nye materialar og nye stilideal.

Trebyens gullalder 1750 - 1820

Trearkitekturen i byen kom til å avspegle at Trondheim var ein by for handtverkarar, handelsmenn og arbeidarar, i tillegg til at byen også var eit herresete med staselege monumentalbygningar. Store inntekter frå handel med tørrfisk frå Nord-Noreg, sild frå Trøndelagskysten, trelast frå dei rike skogområda i Trøndelag og kopar frå gruveane på Røros og Løkken skapte eit velståande handelsborgarskap i Trondheim som ikkje var redd for å vise fram rikdommen sin gjennom staselege trepalé og eit storslått selskapsliv. Mange av desse borgarfamiliene var opphavleg innvandrarar frå Tyskland som tok med seg kontinentale tradisjonar, levesett og ein kontinental byggjeskikk (Kavli 1966).

Velmaksperioden frå midten av 1700-talet til midten av 1800-talet, Trondheimsarkitekturens gullalder, kom til å etterlate seg ein by med staselege trepalé, store forretningsgardar, byborgarhus og brygger, i tillegg til enklare byhus for handtverkarar og arbeidarar. Trondheim stod fram som ein velståande by med eit monumentalt preg, eit "Venezia i tre". Palé og lystgardar vart bygde i eit slikt omfang og i ein slik storleik at det fekk ein borgar til å skrive: "*Blandt de forskjellige Aarsager til Skovenes Ødelæggelse her i Stiftet bør med Billighed henføres den*

Overdaadighet, som har befengt Menneskene her i Byen, at opføre Slotte av Træ i stedet for jevne Borgerhuse" (Fasting 1976 : 52).

Det var sikkert mange samanfallande omsyn som medverka til den store byggeverksemda og dei rike bygningsformene som begynte med Sukkerhuset i 1754, nådde høgdepunkta i Harmonien og Stiftsgården i 1770-åra og kulminerte med Lade gård i 1811. Stiftsgården er eit av hovudverka i norsk trearkitektur og eit av dei anlegga frå 1700-talet som er tatt best vare på i landet. Saman med trepaléa på Torget representerte desse eit bygningsmiljø i hjartet av Midtbyen, som medverka til å gjere Trondheim til den mest staselege trebyen i landet.

Det er ofte blitt framstilt slik at dei velståande og mektige kjøpmennene og industriherrarane i Trondheim, og ikkje minst deira forfengelege hustruer og enker, konkurrerte om å bygge dei største og finaste trepaléa i Trondheim. Dei smykka seg med staselege bygningar og fine titlar som dei som regel hadde kjøpt av kongen i København. Konferanseråd Schøller hadde like etter brannen i 1708 bygd ein etasjes bygning på Torget i tråd med Cicignons reguleringsplan. Men på slutten av 1760-talet kjøpte den velståande kjøpmannen og industriherren, lagmann Hans Ulrich Møllmann, garden til Schøller, reiv bygningen og starta arbeidet med å føre opp ein bygning som skulle bli den største og staselegaste i Midtbyen på den tida. Møllmann budde tidlegare i ein romsleg gard i Krambugata, men ville bygge eit større palé, kanskje oppfordra av den forfengelege kona si, Gudlov Hveding. På Torget var det enno mogeleg å få til større tomtar. Men for å få plass til det svære paléet sitt bygde han likevel 300 m² inn på Torget og braut Cicignons regulering. I 1773 kunne prins Carl av Hessen og prinsesse Louise ta inn i Møllmannsgarden under opphaldet sitt i Trondheim (Kavli 1966:138).

Det var ein mektig bygning Møllmann hadde bygd. Fasaden mot Torget var på 42,7 m og mot Munkegata, 39,1 m. Bygningen var 13 m brei og hadde tre etasjar. Den eine etasjen utgjorde setteritaket. Fasadeutsmykkinga må ha vore den rikaste av alle 1700-tals husa i Trondheim når det galdt fantasi og variasjon i dekoren, sterkt påverka av rokokkoen. Guthorm Kavli meinte at bygningen kan ha hatt førebilde i Christiansborgs slott i København (Kavli 1966:142). I alle høve var ambisjonane til byggmeisteren høge og sterkt forankra i sentraleuropeiske stilideal.

Fasadeuttrykket var imponerande, men også interiøra var i følgje Kavli "*preget både av fornemt snekkerhåndverk, kunstferdig stukkarbeid og fin fargeharmoni.*" (Kavli 1966:144). Sjølv om dei opphavlege fasadane og takutforminga vart bygde om og finst berre på gamle teikningar og måleri, var bygningen sine interiør haldne nokså uforandra fram til den katastrofale brannen i 1942. Historia fortel om mange storslåtte festar og selskap i Møllmannsgården. I 1825 kjøpte Klubselskapet Harmonien eigedomen og dei praktfulle selskapslokala skulle framleis vere eit sentrum for byens selskapsliv i enno 115 år.



*Figur 5.4: Møllmannsgården
Foto av modell.
Kjelde: (Fasting 1997).*

Fordi det var god plass, men også fordi Torget var byens monumentale sentrum, var det populært å sikre seg romslege byggjetomter her for byens ambisiøse borgarskap. Hoffagent og apotekar Otto Sommar vart også påverka av byggjepresset og sikkert inspirert av Møllmanns prektige gard. Det varte ikkje lenge før det rommelege huset hans vis à vis Vår Frues kyrkje ikkje var bra nok. I 1774 kjøpte han fleire små hus og eigedomar på Torget, reiv husa og starta bygginga av det som seinare skulle bli Svaneapotekets gard. Bygningen vart sterkt ombygd i 1835 då det fekk den utforminga bygningen har i dag.



*Figur 5.5: Hornemannsgården.
Foto: DK.*

På den andre sida av gata hadde justisråd Henrik Hornemann kjøpt ein staseleg bygning som må ha vore bygd like etter den store brannen i 1708. Hornemann utvida bygningen med ein ny fløy mot Torget rundt 1770. Bygningen framstod som

ein av byens viktigaste bygning på den tida, men vart likevel vesentleg utvida i tidsrommet fram til midten av 1800-talet. På vestsida av Torget låg general Johan Wibe von der Osten sin store hjørnegard frå tidleg på 1700-talet. Garden vart seinare kjøpt av den innflytta flensburgaren, Mathias Hilmar Lundgreen, og fekk derfor namnet Lundgreen-gården.

Johan Wibe som var ein ivrig byggmester, hadde i tidsrommet 1684-1687 også ført opp ein staseleg bygning i hollandsk barokk på hjørnet Dronningens gate -Munkegata der Stiftsgården no ligg (Kavli 1966:70). Gjennom arv kom denne eigedomen i hendene på Cecilie Christine Schøller som etter at mannen, etatsråd og kammerherre Stie Tønsberg Schøller var gått bort i 1769, sat att med ein stor formue og eit inderleg ønskje om å byggje eit hus som var større og staselegare enn det rivalinna, enkefru Gudlov Møllmann hadde bygd på sørsida av Torget. Generalgarden vart riven, og i 1774 starta arbeidet med å byggje Stiftsgården. Brantakstar kan tyde på at bygningen stod ferdig i 1777 (S.st.:162).




Figur 5.6: Stiftsgården.
Foto; DK

Stiftsgårdens byggfrue var sterkt knytt til København, og hadde truleg på same måte som Møllmann henta inspirasjon og førebilde frå dansk og fransk byggjeskikk. Bygningen er prega av nyklassisismen, men med detaljar og interiør frå rokokkoen. Bygningen er i to fulle etasjar med ei etasjehøgde på 4,30 m. For å oppnå ein høgare fasade og dermed gi bygningen eit meir imponerande preg, er det mellom etasjane eit mellomrom på 63 cm (S.st.:168). Stiftsgården kom til å bli eineståande i byen med omsyn til storleik og utforming, og kom også til å danne førebilde for panelarkitekturen både innanfor og utanfor byen. I 1800 vart bygningen

seld til Staten og frå 1915 vart Stiftsgården offisiell kongebustad. Både Møllmannsgården og Stiftsgården gjekk tidleg ut av privat eige. Dei var nok bygde for store som vanlege bustadhus.

Utover 1800-talet stod Trondheim, og særleg Trondheim Torg og Munkegata fram som eineståande monument over ein bygningshistorisk gullalder. Men det var ikkje berre på Torget vi fann eineståande trepalé. På slutten av 1700-talet vart det reist ei rekke andre større private bustadhus i Trondheim, og mange eldre hus vart pussa opp eller bygde om som bustadhus for eit veksande og velstående handelsborgarskap. Desse store byhusa kom til å inspirere bygherrar også frå dei nærmaste trebyane både langs kysten og i innlandet, som Kristiansund, Levanger og Røros. Her finn vi mange trekk frå Trondheims-arkitekturen. Denne påverknaden finn vi også i dei statselege trepaléa i dei mange handelsstadene langs kysten (Kavli 1966:3).



Trondheim - "en af Europas betydelige arkitekturbyer"

Eg har med dette prøvd å trekke opp eit bilde av ein by som ved inngangen til 1800-talet kunne demonstrere ein eineståande bygningsarv. Sjølv om det var slutt på byg-

ginga av dei store trepaléa, var det likevel ei omfattande byggjeverksemd utover 1800-talet. Første delen av 1800-talet vart Trondheim ramma av fleire store brannar. Dei største var brannane i 1841 og 1842 då nesten 700 bygardar og brygger brann opp. Likevel vart bygningane bygde opp att i tre, jamvel staselegare enn før. Murtvungen vart ikkje innført før i 1845 og vart gjort gjeldande for Midtbyen og Bakklandet. Det sterke innslaget av låge trehus gav Trondheim eit einskaplig preg som "Trehusbyen".



Figur 5.8: Byborgarhus i Sandenområdet.
Foto: DK.

Det som først og fremst karakteriserer den tradisjonelle Trondheimsbebyggelsen, er trehusa frå 1700- og 1800-åra som omfattar to-etasjes panelte tømmerbygningar med langfasaden mot gata, bygde vegg i vegg med naboen. Saltaket er tekte med teglpanner. Grunnmuren er dekt med eit kraftig vassbord og fasaden er avslutta med ein markant gesims. Vindauge i høgdeformat er jamnt fordelte i veggflata, med ei ruteinndeling og ei omramming som bind vindauget saman med vegg. I omramminga av port, dør og vindauge har europeiske stilformer fått si lokale tolking. Målestokken er lett å oppfatte, tre-fire mannshøgder til gesimsen, 15-30 skritt frå tomtgrense til tomtgrense, relativt små variasjonar frå hus til hus (Fasting 1976:8).

Trondheim Midtby hadde ved inngangen til det 20. hundreåret eit storslått preg, karakterisert av Nidarosdomen, Cicignons byplan og ei eineståande samling av staselege trepalé både frå 1700-talet og frå midten av 1800-talet. Kanskje hadde Cicignons byplan med sine breie gater invitert til å byggje dei store paléa slik at ikkje byen skulle få eit audsleg preg slik mange av desse byane som var regulerte med passar og linjal, gjerne hadde (Kavli 1966:114).

Den danske kunsthistorikaren Harald Langberg var i 1970 på besøk i Trondheim og skreiv i Adresseavisen under overskrifta: "*De har et præg av storhed*": "*Når Trondheim hæver sig over flertallet af Nordens byer og i enhver besøgendes sind må efterlade en erindring om storhed og skønhed, så skyldes det sikkert flere*

forskjellige forhold... Domkirken, gadeplanen og de store, gamle træhuse har noget uudsigeligt til fælles som til sammen har prentet sig i bevidstheden, og gjør at man har opfattet Trondheim som en af Europas betydelige arkitekturbyer, en by som ikke har sin mage nogetsteds." (Langberg 1970).

Langberg var ingen "kven som helst". Han var sentral i det internasjonale vernearbeidet og hadde mellom anna sete i redaksjonskomiteen for Venezia-charteret for vern og restaurering av kulturminne. Han hadde avslutningsvis ein apell til politikarane i byen: *"Måtte Trondheim stedse beholde alt det, der gjør den gamle bydel så værdifull, og måtte alle fornyelser og forbedringer ske i pakt med det bedste byen har i arv fra fortiden"* (S.st).

Det var mange innan kulturminnevernet som delte dette synet. Slottsforvaltar Guthorm Kavli hadde skrive ei doktoravhandling om dei trønderske trepaléa og var elles engasjert i vernet av dei gamle trehusmiljøa (Kavli 1966):2). *"Det er to ting som er unike i norsk kulturhistorie, noe vi har som ingen andre land har, nemlig våre stavkirker og våre trepaléer. Dette moment skal vi ikke glemme når vi vurderer paléenes fremtid. Og videre at det særpreg som Trondheim ennå har, er av en så stor verdi i seg selv at bare stoltheten av å eie en slik bygningskultur burde sette alle borgere av byen i forsvarsposisjon når det kommer på tale å ødelegge og rive. La oss være realistiske romantikere, la oss vise at det lønner seg å bevare."* (Adresseavisen 1970.03.21).

Dosent Kerstin Gjesdahl Noach ved Institutt for arkitekturhistorie ved NTH var også aktiv i vernearbeidet i byen. *"Og - er man klar over at panelarkitekturen ved sin sjeldenhet har større antikvarisk verdi sett i europeisk målestokk enn eksempelvis Domkirken? Er ingen klar over at Trondhjems panelarkitektur er av en kvalitet som setter den i en særstilling i nordisk og også norsk målestokk?"* (Noach 1970.11.27).

Men forståinga for dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane som trebyen representerte, var ikkje forankra i det politiske og administrative forvaltningsapparatet i Trondheim kommune. Men trass i omfattande rivingsplanar og fleire moderne nybygg som erstatta staselege kjøpmannsgardar i tre som enten brann eller vart rivne, vart trebyen Trondheim likevel tatt betre vare på enn dei fleste andre trebyane i Noreg heilt opp til byrjinga av 1960-talet (Kavli 1966).



TRONDHEIM, EN SOMMERSDAG 1859
*Figur 5.9: Trondheim, ein sommardag i 1859 Ill.: Dag Nilsen.
Kjelde : (Fasting 1976).*

Frå rundt 1960 skjedde det ei endring i byplanpolitikken som gjorde at i løpet av dei neste tiåra endra byen dramatisk karakter. Frå å vere ein einskapleg treby med låge to-etasjes trehus, i tillegg til dei store trepaléa og bryggene, vart byen i løpet av relativt få år forvandla til eit samansett og mangfaldig bybilde med eit stort innslag av relativt uinteressante, moderne forretningsgardar som braut dramatisk med trebyens skala og karakter.

Dei sentrale delane av Midtbyen var under eit sterkt utbyggingspress som byens handelssentrum. Vi skal sjå at både handelskapitalen og finanskapitalen pressa på for å få fornye næringsbygningane sine. Dessutan hadde både stat og kommune eit stort utbyggingsbehov som resulterte i nybygg på sporadiske brann- og rivings- tomter i Midtbyen. Desse prosjekta skapte forventningar om ein auke i eigedomsverdien som forsterka rivingspresset. Det oppstod eit misforhold mellom tomteprisane i dei sentrale delane av Midtbyen og utnyttingspotensialet til den gamle trebebyggelsen, som uavhengig av dei store kulturverdiane som var knytte til den historiske bebyggelsen, framskunda rivingsprosjekta.



*Figur 5.10: Bryggerekka mot Nidelva
Foto: DK.*

"...for os som er født og har bodd her i de sidste 50 år, og som har sett gamle Trondhjem forsvinde stykke for stykke og hvor vi har våre kjære barndomsminner fra, vi beklager meget at de gamle kjære steder forsvinder, og jeg vil sende en bøn til rette vedkommende: Riv ikke mere ned, la oss beholde hvad vi har i det længste"

(Hamnelos Gaustad i Adresseavisen, 1923.01.16)

6. Rivingsiverens tiår

Ved inngangen til 1960-talet førte økonomiske oppgangstider kombinert med ein sterk moderniseringsvilje til omfattande riving og nybygging i Trondheims Midtby. På grunn av det sterke presset på sentrumsareala som følgje av veksten i dei tenesteytande næringane, vart mange av dei gamle trebygningane i sentrum rivne. Mange vart også offer for manglande brannsikring. Dette moderniseringsprosjektet møtte ikkje vesentleg motstand før det vart framlegg om å rive dei store trepalèa på Trondheim Torg, Svaneapoteket og Hornemannsgården.


Trebyen forvitrar

Frå om lag 1880 vart det bygd bygningar som braut radikalt med den gamle trebebyggelsen i Trondheim sentrum. Dårlege økonomiske tider med bustadnaud gjorde at eksisterande bygningar vart godt utnytta og nye bygningar med fleire etasjar vart reist. Det vart på nytt gjort forsøk på å innføre murtvang i 1845, og no vart han gjennomført heilt konsekvent i Midtbyen og på Bakklandet. Forventningar om at Trondheim etter kvart skulle tilpasse seg eit kontinentalt storbypreg gjorde også til at byen etter kvart bytte byggeskikk. Utskiftinga av bygningsmassen gjekk sporadisk føre seg etter kvart som byggjeareal vart gjort klare etter brann eller riving. Utbygginga skjedde etter planar som hadde som føresetnad at all typisk Trondheimsbebyggelse skulle erstattast med ein ny og meir tidsmessig bybebyggelse etter mønster frå andre og større byar.

"I planlegginga etter århundreskiftet ble en situasjon man trodde ville komme, lagt til grunn, sammen med enkelte grunneiers ønske om en høyere og mer rentabel utnyttelse av sentrumseiendommene," heiter det i Trondheims byhistorie (Fasting 1976 : 80).

Trondheim var den første byen i Noreg som fekk ein moderne byplan, godkjend i 1913. Byplanen var eit resultat av ein stor skandinavisk konkurranse i 1909. Vinnarutkastet vart aldri realisert sidan byplankonkurransane på denne tida var meir prega av visjonar enn av realisme. Utkastet vart derimot utvikla vidare ved stads-konduktørkontoret, der mellom andre den unge trondheimssarkitekten Sverre Pedersen var tilsett. Sverre Pedersen kom til å sette sitt preg på denne byplanen, slik at mange reknar denne planen som Sverre Pedersen sitt eige verk. Planen innebar ei fullstendig omforming av byen (Kirkhusmo 1997:102). Trebyen Trondheim måtte vike for meir moderne planleggingsideal.

I åra 1935-1936 arbeidde professor Sverre Pedersen vidare med planane for Midtbyen, og i 1938 vart planen vedtatt av bygningsrådet. Til erstatning for den to-etasjes låge trebebyggelsen, vart det foreslått høge blokker. Bryggerekka langs Nidelven som i dag er freda, vart foreslått erstatta med høg lamellbebyggelse parallelt med elva. Det var kanskje ikkje tanken å totalsanere denne bebyggelsen, men bryggene skulle gradvis erstattast med moderne bygningar etter riving eller brann. I tråd med denne planen vart etter kvart mange verdifulle trepalé i Midtbyen rivne og erstatta med vesentleg større, moderne kontorbygningar.



*Figur 6.1 Arkitekt Trygve Sand sin illustrasjon av Sverre Pedersens Midtbyplan.
Kjelde: (Kirkhusmo 1997).*

Sverre Pedersen var i utgangspunktet prega av den klassiske tradisjonen med sans for det storslåtte og monumentale. Byplanane hans la vekt på utforming av plassar, aksar og fondmotiv med utgangspunkt i terrengformene. Han var også påverka av nye strøymingar som Ebenezer Howard sine hagebyideal, som kom til uttrykk i bustadprosjektet Lillegården. I dei nye bustadblokkene på Voldsminde i Innherredsvegen ser vi at Sverre Pedersen også hadde henta impulsar frå funksjonalismen. Dette går også fram av dei alternative byplanane for sentrum i Trondheim.

Sverre Pedersen var også opptatt av den trønderske trearkitekturen. Han gav i 1911 ut boka "*Trøndersk Bygningskunst omkring 1800*" (Pedersen 1911). Gjennom artiklar og foredrag fortalte han om verdien ved desse bygningane, og ved hjelp av studentar stod han for oppmålingar av mange eldre trondheimshus (Kavli 1966:6). Det er underleg at han samtidig utarbeidde ein byplan for Midtbyen som innebar at dei gamle bygningsmiljøa skulle bort. Å ta vare på og utvikle det gamle trehusmiljøet var ikkje i samsvar med byplantenkinga på den tida. Slike tankar modnast ikkje i Trondheim før på midten av 1970-talet.

Sverre Pedersen sitt utkast til byplan for Midtbyen tok utgangspunkt i ei tilpassing til biltrafikken. Veitene vart gjort breiare og det vart sett av god plass til parkering. Planen vart tatt godt i mot, men dei økonomiske konjunkturane i mellomkrigstida og krigen som kom, gav ikkje høve til å realisere desse tankane. Det var likevel desse ideane som vart førande for dei endringane som skjedde i Midtbyen i åra før og etter krigen. I mellomkrigstida hadde brannar i Sandgata (1927) og i Fjordgata (1936) bana veg for dei første funksjonalistiske bygningane i Midtbyen. Seinare vart større kvartal rivne både i Dronningens gate, i Olav Trygvassongate og i Søndre gate for å gi plass for nye, store forretningsbygg, utforma i eit funksjonalistisk formspråk (Kirkhusmo 1997).

"Gamle Trondhjem forsvinner bit for bit"

Verdiauken i dei sentrale byområda som følgje av den sterke veksten i dei sentrumsorienterte, tenesteytande næringane etter krigen, skapte eit stort misforhold mellom verdien av desse sentrumstomtene og den utnyttinga som den gamle bebyggelsen gjorde av grunnarealet. Dette misforholdet kom til å skape ein viktig trussel mot den gamle bebyggelsen.

Heilt frå hundreårskiftet gjekk det føre seg riving av dei gamle trehusa. Alleireie i ein redaksjonell artikkel i Adresseavisen frå 1923 kunne vi lese: "*Et lite blikk tilbake på fortidens synder kan ofte skjærpe nutidens samvittighet. Collingården, kanskje et av de bedste vidner om gammel trøndersk træbygningsskunshts høie kultur, ble for noegen aar siden revet. Ikke fordi det var tvingende nødvendig. Tomten ligger der ubebygget den dag idag som den Tekniske Mellemskoles praktisk talt ubenyttede gaardsplads. ... Nutiden beklager disse feilgrep. Desto større varsomhet skulde man vise. Ertertiden vil sette sig til doms over hvad som nu skjer.*" (Adresseavisen 1923.01.16).

Nokre av dei mest verdfulle bygningane vart demonterte og lagra på Folkemuseet på Sverresborg. Etter kvart kom det til å hope seg opp med gamle hus, lagra i stablar, medan ein venta på at det skulle bli ressursar til å sette dei opp att. Det var stor pågang, og Folkemuseet måtte seie nei til bygningar som hadde stor antikvarisk og bygningshistorisk interesse (Adresseavisen 1965.09.01). Planar om nybygg for

Trondheim Katedralskole i Erling Skakkes gatet førte med seg riving av to freda bygningar. Dette vart tatt ned og flytta til Folkemuseet på Sverresborg tidleg på 1960-talet (Stugu 1997a). Det same skjedde med den gamle Schjølberg-gården, eit av dei eldste trehusa i Midtbyen, som måtte rivast i samband med utbygginga av Torgkvartalet.

Etter nokre år med rasjonering etter krigen var no velstanden komen til Noreg, og byggjeaktiviteten auka. På slutten på 1960-talet og i byrjinga av 1970-talet kom dette til å sette preg på Midtbyen i Trondheim. Under overskrifta "*Gamle Trondheim forsvinner bit for bit*" hadde byarkivar Johan Løkhaug ein artikkel i Adresseavisen i mars 1970 der han med vemod kommenterte at dei gamle trebygningane vart borte i sentrum:

"Den ene gården etter den andre forsvinner frå bybildet. I det forrige århundre krevde "den Trondhjemske halsesyke" mange dødsoffer. I dag herjer rivningsfebereren verre enn noen gang. Torvet - og dets nære omgivelser - har i lang tid stått i forvandlingens tegn Byens tidligere promenadegate - Nordre gate- har etter hvert fått et helt annet utseende, til glede eller ergrelse for like mange. Utover Kongens gate har bybildet fullstendig forandret karakter. Nu er det Dronningens gate som går samme vei. Det begynte med nr. 16 til denne gate, en tømmerbygning i dragstil på hjørnet av Nordre gate..... Samtidig med raseringen av denne bygning ble også veita nedenfor bygget tettet igjen, og det nye huset i betong og glass utvidet nedover Nordre gate...."

Nylig ble herskapshuset på hjørnet av Krambodgaten og Dronningens gate, eller nr. 4 i gaten, jevnet med jorden... Men før dette hadde en karakteristisk bygning i Dronningens gate blitt offer for nedrivning. Det var Mogstadgården som tidligere var tilholdsstedet for Trondhjems borgerlige realskole... Det som ikke menneskehender greier, tar den røde hane seg av. Selv med vårt dyktige brannvesen, ble gården 15-17, bedre kjent under navnet "Stavanger" forandret i den grad i løpet av noen timer at bare skjellettet stod igjen. ... Nu er dødsdommen ekskevert over nr. 35 også i denne gate.... Hver enkelt gård som forsvinner ut av bybildet, har sin egen historie, og til sammen danner de revne gårder både byens sosiale og økonomiske historie. Det er altså ikke bare det bygningsmessige og arkitektoniske som forsvinner. ..." (Løkhaug 1970).

Debatten om vern av den gamle trebebyggelsen dukka opp med jamne mellomrom i etterkrigstida. Men stort sett hadde vernetanken dårlege vilkår i dette tidsrommet fram mot midten av 1970-åra. Under overskrifta: "*Det halvgamle Trondheim faller for "Den gamle by,"*" hadde Adresseavisen ein artikkel om riving av to hus i St. Jørgensveita. Dei gamle bygningane skulle rivast for å gi plass for eldre bygningar frå andre delar av byen som det var tanken å flytte dit for å lage eit bymuseum. Bildeteksten forklarte at "*Gamle bygningar faller i Erling Skakkes gate.*

De er blitt for dyre til å reparere og for dårlig til å stå." (Adresseavisen 1967.02.07).

Ofte vart dei gamle trehusa rivne fordi ein ikkje ville ta kostnadene med å halde dei ved like. *"Trondheim kommune har i løpet av sommeren revet flere gamle gårder og andre bygninger på vestre side av Krabugaten, sønnenfor Dronningens gate, og noen hus i Schioldagerveita. Rivingen skyldes så vidt vi forstår ikke at det er umiddelbare byggeplaner på stedet, men rent vedlikeholdsmessige årsaker. De gamle husene var i så dårlig forfatning at det ikke hadde noen hensikt å la dem bli stående" (Adresseavisen 1965.06.10).*

I eit positivt vinkla oppslag fortel Adresseavisen historia om fleire gamle byggar som vart rivne for å kunne gjere arkeologiske utgravingar på tomte: *"Vår byggetomt er ryddet og arkeologene kan grave. Friskt og positivt tilbud frå A/S Forretningsbanken i Søndre gate" ... "En byggetomt på noe av den eldste og mest interessante bygrunn i Trondheim er kommet i søkelyset på en ganske ny og positiv måte. .. Det har stått en del eldre tregårder der. De har nærmest vært saneringsmodne og har liten eller ingen kulturhistorisk eller byhistorisk interesse. De er nå borte og tomten er ryddet. ... Bankens ledelse er klar over at det knytter seg spesiell interesse til akkurat dette strøket av byen, (..) Derfor har banken revet de gamle husene og tilbyr nå de interessert kretser å foreta en grundig undersøkelse av grunnen før byggearbeidene tar til" (Adresseavisen 1967.10.10).*

1800-talets trehusbebyggelse hadde generelt dårleg omdøme og var dårleg vedlikehalden mellom anna på grunn av murtvangføresegnene. Dei gamle trehusa vart ofte rivne for å sleppe vedlikehaldsutgifter, utan at ein hadde planar om nybygg. Rivingstomter og branntomter vart liggande aude i fleire tiår og kom til å prege bybildet. I staden for å la dei gamle husa bli ståande, vart det ofte vurdert som betre økonomi å rive dei gamle husa og i staden bruke tomte til parkeringsplass: *"To hus av gammel opprinnelse står for fall på Øvre Baklandet. Det er Trondheim Jernindustri som river uverdige menneskeboliger bygget for knappe 100 år tilbake. De fjernes nå til fordel for parkeringsplass til ansattes biler. De to tømmerhusene ... vil gi plass til biler i to rekker, og plassen vil dermed bli langt bedre utnyttet enn den er i dag." (Adresseavisen 1967.03.31).*

Sjølv om det ofte var verdfulle kulturminne som vart rivne for å gi plass for nye kontor- og handelsbygg, eller som i dette tilfellet, gi rom for parkeringsplassar, skapte det liten debatt og berre korte aviskommentarar i Adresseavisen, gjerne med ei positiv vinkling. Trondheim var i ferd med å bli moderne!

Den første vernedebatten

I debatten om utforminga av byens handelssentrum var den dominerande oppfatninga etter den andre verdskrigen at den gamle trehusbebyggelsen måtte vike for nybygg. Nyetablerte eigedomsselskap stod klare til å rive og byggje nytt. I 1951 søkte firmaet Brun og Boije om å få reise eit nybygg i seks etasjar på hjørnet mellom Dronningens gate og Kjøpmannsgata. Her låg derimot Gramgården, ein mura kjøpmannsgard frå "Søgadens stordomstid", bygd som representasjonslokale i 1745 (Kavli 1966:100). Gramgården som hadde unngått bybrannen i 1841, var freda etter ønske frå Trondheim bystyre i 1920 på grunn av bygningens "arkitektoniske og byhistoriske verdi" (Kirkhusmo 1997:390). Gramgården var eit framstående eksempel på ein barokk bygard med spesielle arkitektoniske kvalitetar, meinte motstandarane av rivingsforslaget. Rivingsmotstandarane omfatta ei lita gruppe arkitektar og andre antikvarisk interesserte personar.

Tilhengarane av å oppheva fredinga av Gramgården slik at ein kunne få rive bygningen, var ikkje berre dei aktuelle utbyggingsinteressene. Sverre Herstad i Adresseavisen sat også i bystyret, og engasjerte seg sterkt for å rive den freda bygningen. Hans grunngeving var at dersom det skulle la seg gjere "*å skape livsmuligheter og gode vilkår ... i Trondheim*", så kunne ikkje dette skje uten at det "*i noen grad kom til å gå ut over byens historiske karakter*". Adresseavisen meinte at dette var haldninga til "*en rekke kjente og eldre menn i byen*" (S.st.). Dette var synspunkt som på den tida hadde brei politisk støtte i Trondheim, og bystyret vedtok å sette av pengar til ei flytting av garden til Folkemuseet på Sverresborg.

Den antikvariske bygningsnemnda som i si tid hadde freda bygningen, gjekk imot å oppheve fredingsvedtaket og foreslo at staten skulle ekspropriere bygningen. Då departementet ikkje ville bruke pengar på dette, hadde ikkje Riksantikvaren anna å gjere enn å oppheve fredinga slik at bygningen kunne rivast. Allereie våren 1951 vart bygningen riven og bygningsdelar og oppmålingsteikningar lagra på Trøndelag Folkemuseum på Sverresborg. Over 40 år seinare vart bygningen rekonstruert i den nye byavdelinga som vart bygd ut framfor byens 1000-års-jubileum i 1997.

Verneinteressene stod svakt dei første tiåra etter verdskrigen. Arbeidarpartiet hadde ein sterk posisjon som byens leiande parti og hadde ordførarvervet heilt fram til 1974. Moderniseringa av byen var eit viktig prosjekt for Arbeidarpartiet som hadde brei støtte i bystyret, ikkje minst frå det største opposisjonspartiet, Høgre (Kirkhusmo 1997:330-332).

Utforminga av Torget og Munkegata

Sjølv om rivinga av Gramgården kom til å skape debatt i bystyret, var det derimot ingen vernedebatt då eit av dei eldste trehusmiljøa i byen vart rasert i samband med

utbygging av Torgkvartalet mellom Munkegata, Kongens gate, Prinsens gate og Erling Skakkes gate. Dette området omfatta stort sett eldre, to-etasjes trehus som hadde overlevd dei mange bybrannane i sentrum på 1800-talet, og var blant dei eldste trehusa i byen. Av den grunn var desse husa både små og tronge, men antikvarisk sett svært verneverdige. I dette området var det også eit intakt og svært interessant veitmiljø, Danielsveita.



*Figur 6.2: Danielsveita, sett frå Erling Skakkes gate mot Kongens gate.
Kjelde: Trondheim kommune. Byarkivet.
(Christiansen 2004).*

Utgangspunktet for dei utbyggingsplanane i dette kvartalet som byrja å ta form på slutten av 1950-åra, var Harmonitomta som etter brannen av Møllmannsgården i 1942, låg ubygd med unntak av ein låg brakkebebyggelse, og representerte eit skjemmaende sår i bybildet. Fleire av næringsinteressene båda innanfor og utanfor byen melde interesse for dette utbyggingsarealet, og vende seg til kommunen som åtte dei mest verdfulle tomteareala i området. Kommunen hadde derimot vedtatt å lyse ut ein større arkitektkonkurranse om utforminga av Torget og Munkegata.


I 1960 inviterte Trondheim kommune til ein idékonkurranse om framtidig utforming av strøket Torget-Munkegata med tilstøytande kvartal. Formålet med konkurransen var å få fram idear som kan "*bidra til en harmonisk utforming av dette sentrale strøket i Trondheim.*" (Norske arkitektkonkurranser 74/1962). Konkurransesprogrammet meinte at arbeidet burde leggje vekt på å oppnå den rette dimensjonering og proporsjonering av bygningane som med omsyn til masse og formgiving på ein naturleg måte burde samarbeide med den verdifulle arkitekturen som allereie fanst. "*Det er også viktig å søke å komme frem til en tilfredsstillende utforming av Torget. Man må anta at resten av den gamle toetasjes bebyggelse kommer til å forsvinne, og man må ta sikte på at den nye bebyggelsen kan skape et harmonisk hele som naturlig knytter seg til bebyggelsen i de tilstøtende hovedgater,*" heitte det i invitasjonen til konkurransen (S.st.:7).

Det vart levert inn 10 utkast som alle vart presenterte i Norske arkitektkonkurranser nr. 74 med juryen sine kommentarar. Mange av dei fremste byplanleggjarane

i landet var representerte og vart premierte. Juryen meinte at *"konkurransen hadde gitt idéer og løysningar av høy kvalitet, uten at noe enkelt prosjekt alene utkrystalliserer alle de kvalitetene som konkurransen har brakt frem"* (S.st.). Alle utkasta bygde på funksjonalistiske planleggingsideal og eit rasjonalistisk syn på byen og byutforminga. Konkurransforslaga presenterte ein ny kvartalstruktur i tråd med funksjonalistiske byplanideal med stor vekt på differensierte trafikk-løysingar. Byromma vart oppløyste. Dei opne plassane vart parkeringsplassar og gatene vart fylte med bilar. Førebildet var den rasjonelle byen tilpassa moderne transportteknologi.

Alle utkasta la opp til ei omfattande sanering av den gamle bebyggelsen i tråd med arkitektkonkurransen sine rammer. Arkitektane boltra seg i djerpe løysingar som innebar ei fullstendig omforming av sentrale delar av Midtbyen. Både Svaneapoteket og Hornemannsgården vart i dei premierte utkasta foreslått rivne, berre Stiftsgården stod att av dei staselege trepaléa. Torget var omkransa av høghus og punkthus i opp til 15 etasjar.

Det er interessant å lese dette materialet som eit uttrykk for dei rådande byplanidealane på 1960-talet. Desse byplanidealane reflekterte lita interesse for den eksisterande trehusbebyggelsen. Både blant konkurransedeltakarane og i det politiske og faglege miljøet hadde dei gamle trehusa låg status. Med unntak av Stiftsgården, skulle dei gamle trehusa før eller seinare rivast og erstattast med moderne bygningar. At dei stod i vegen for framtidige gateutvidingar, var ikkje så sentralt. Cicignon hadde vore raus i si gatedimensjonering.



Figur 6.3: Forslag til utbygging av Torget (Arkitekter MNAL Erik Langdalen og Nic. Stabell). Kjelde: (Norske arkitektkonkurranser 74:9)


Juryen rådde til at kommunen tok sikte på "å samle byggeinteressenter omkring torvet for å få gjort byens "storstue" harmonisk og ferdig. Av betydning for å "befolke" torvet og tilføre strøket liv, vil det være å få knyttet kommersielle virksomheter til dette parti ved nybygg." (S.st.).



Figur 6.4: Torgkvartalet. Bebyggelse 1960. Stadfesta reguleringsplan 1962. Bebyggelse 1974. Kjelde: (Nistov red 1975).

Dei ulike utbyggingsinteressene samla seg i eit konsortium, A/S Futurum, og engasjerte arkitekt Bergersen til å utarbeide ein utbyggingsplan for området som tok opp i seg nokre av idéane frå arkitektkonkurransen med mellom anna eit høghus inne i kvartalet som eit dominerande landemerke. Planen vart møtt med begeistring. Både ordføraren, byplansjefen, teknisk rådmann og handelsstandens formann roste i til dels sterke ordelag både det initiativet som var tatt og den utforminga som planen hadde fått (S.st.: 80). Kommunen vedtok derfor å overlate den verdfulle Harmonitomta og dei andre kommunale eigedomane i kvartalet til konsortiet.

Byplanrådet gav i 1962 Byplankontoret i oppdrag å lage eit forslag til reguleringsplan for heile Torgkvartalet. Planen bygde i hovudtrekka på utbyggingsforslaget til arkitekt Bergersen, men høghusblokka var tatt bort og høgdene reduserte, noko som skapte protestar. Reguleringsplanen vart vedtatt i 1963. Presset på utnytting av tomtane var sterkt, og gjennom byggesakshandsaminga vart det gitt hyppige dispensasjonar frå byggjehøgdene som stort sett vart heva frå fire til fem etasjar (S.st.).



Figur 6.5: Modell av arkitekt Bergersens plan for Torgkvartalet (15.12.1961). Kjelde: Nistov red. 1975).

I løpet av tidsrommet frå 1960 og fram til 1974 vart eit av dei eldste og mest interessante trehusområda i Trondheim rive. Nokre av bygningane vart lagra på Sverresborg. I samband med den siste utbygginga av kvartalet, vart nokre av trehusa tatt vare på og integrert i det store utbyggingsprosjektet på sju etasjar "som ornament på den store bygningskroppen bak." (Stugu 1997a:179).



Figur 6.6: Gjensidigebygget 1992. På grunn av at trehusa skulle vernast, vart den store bygningskroppen plasert på innsida av trehusrekka som dannar fasade mot Prinsens gate. Kart over bebyggelsen i Torgkvartalet 2005.

Arkitekt: Narud-Stokke-Wiig Arkitekter.

Lille Stiftsgården - kampen for gjenoppbygging

På hjørnet Dronningens gate-Prinsens gate låg ein staseleg bygning som på folkemunne vart kalla Lille Stiftsgården på grunn av den stilmessige slektskapen med Stiftsgården, eit kvartal unna. Bygningen som var freda, vart skada av brann like før jul i 1967. Mykje av interiøret gjekk tapt, men .. "Alt som unngikk brann-

skader ble imidlertid straks tatt vare på, så vi har da noe fylle opp i en eventuelt gjenreist Lille Stiftsgården," sa direksjonsformannen i Klubbsekskabet Harmonien som åtte bygningen, advokat Ole Skirstad (Adresseavisen 1970.02.10) Professor Erling Gjone meinte dessutan at "Utvendig er imidlertid skadene ikke verre enn at man nok kan rekonstruere det hele" (Adresseavisen 1967.12.04). Etter brannen vart dessutan tre verdfulle veggmåleri redda nærmast uskadde ut av bygningen (S.st.).

Eigarane la heilt sidan brannen ned eit omfattande arbeid for å gjenreise den gamle bygningen. "Det blir tatt vare på alt som trengs for å foreta en gjenoppbygging eller rekonstruksjon av bygningen. ... Det gjelder særleg vindus- og dørrammer, samt et tilstrekkelig antall av alle profiler og materialer. ... Det er ennå ikke tatt stilling til hvorvidt bygningen skal gjenoppbygges Men skal den gjenoppbygges, må det nødvendigvis bli på samme sted, og derfor bevarer vi inntil videre grunnmurene." (Adresseavisen 1970.02.10).

Allereie 14 dagar etter brannen låg det føre ei byggjemelding frå eigaren (Adresseavisen 1971.04.03). Klubbsekskabet var fullt innstilt på byggje opp att den tradisjonsrike bygningen mest mogeleg slik bygningen stod før brannen. Det ville Riksantikvaren også, og sette seg i mot at brannrestane av den freda bygningen skulle fjernast, men heller danne grunnlaget for ei restaurering av bygningen (Løkhaug 1970). Like etter brannen gjorde professor Gjone saman med byggmeister Schistad ei utrekning som tyda på at det også økonomisk var fullt forsvarleg å gjenreise bygningen (Adresseavisen 1971.04.03).



Figur 6.7: Lille Stiftsgården
Kjelde: (Nordmark 2004)



Figur 6.8 Det nye "Remabygget" på tomte til Lille Stiftsgården. (Arkitekt: Vold Arkitekter)
Foto: DK

Trondheim kommune utsette derimot saka i fleire omgangar før det endeleg vart svara at den planlagde utvidinga av Prinsens gate var til hinder for gjenreising av Lille Stiftsgården. Bygningen ville stikke tre meter utanfor den tiltenkte byggjegransa. Departementet sa derimot at fredingslova gjekk framfor bygningslova og at vedtaket i kommunen dermed ikkje var lovleg. Kommunen greidde likevel å trene-

re denne saka slik at eigaren etter kvart såg seg om etter andre klubblokale. Adresseavisen skreiv i den samanhengen at "*Klubselskabet Harmonien bør ikke si farvel til Lille Stiftsgården uten å sørge for restaurering, enten selv eller ved salg til andre.*"(Adresseavisen 1971.04.03).

Men Trondheim kommune fekk etter kvart viljen sin, og den brannskadde bygningen saman med nabobygningen vart rivne: "*To gule maskinbest gikk i går løs på ruinene av Lille Stiftsgården. De brannskadde, ærverdige vegger ble mast til pinneved og lempet i store jafs over på lastebiler som fraktet det hele bort. Dermed er saken omkring den fredede bygningen kommet et skritt videre - nærmere to og et halvt år etter brannen.*" (Adresseavisen 1970.02.10).

Etter at bygningsrestane var bort kunne ikkje Riksantikvaren lenger oppretthalde fredinga av eigedomen. Branntomta vart disponert til parkeringsplass heilt fram til 2003, då det vart reist eit moderne og lite omtykt nybygg i 6 etasjar på tomta.

Varehusa inntar Midtbyen

Utviklinga av Midtbyen på 1950-1960-talet var prega av riving av mange av dei gamle trepalèa som så sterkt karakteriserte byen. Nokre vart øydelagde i brann og erstatta av meir moderne bygningar framover mot 1970-talet. Tvers over gata for Stiftsgården låg Lars Hansen-gården som vart riven i 1969. Rivingstomta låg lenge brakk i påventa av ny regulering av Munkegatas vestsida. "*Et skjemmende sår i Trondheims bybilde har eksistert i snart tre år. Ennå er ikke et spadetak tatt på hjørnetomten Dronningens gate - Munkegaten, fortsatt ligger denne meget sentrale grunnen brakk i vår fornemste gate, vis a vis Stiftsgården. Uskjønne og ulike gamle husfasader ligger side og side, et virvar av lite pene trekk frå det gamle og noe forfalne Trondheim.*" (Adresseavisen 1972.03.06).



Figur 6.9: Lykkegården før og no.
Kjelde: (Isachsen og Normark 2005) og DK (foto).

I 1971 vart "Lykkegården" riven og i 1973 fekk kjøpmann I.K. Lykke løyve til oppføring av ein ny bygning på tomta (Isachsen og Nordmark 2005). Bygningen vart teikna av professor Hermann Kragh som på det tidspunktet var formann i Den Trønderske Avdeling av Fortidsminnesforeininga. Intensjonane var at bygningen skulle framstå i "*en mest mulig enkel, nærmest abstrakt form*" (Solberg 1999:179). Sjølv om intensjonane med det formmessige uttrykket kunne vere gode, er bygningen lite vellukka, og nok eit eksempel på den brutale bytransformasjonen som gjekk føre seg på denne tida.

Mange fine trepalé måtte i denne perioden vike plassen for moderne varehus og kontorbygg. Varehusutbygginga stod no på rekke og rad i Midtbyen. I jubileumsutgåve av Adresseavisen frå mars 1967 heitte det: "*Trondheim vil om få år bli varehusenes by. ... La det med en gang være sagt at det er på tide at Trondheim gjennomgår en slik form for "ansiktsløftning". Alt for lenge har Trondheims kjøpmenn stort sett hatt sine butikker i gamle toetasjes trebygninger - riktig nok ombygget og modernisert med jevne mellomrom. ... Men nå kommer Trondheim - og det tydeligvis for fullt.*" (Adresseavisens jubileumsavis, mars 1967).

Men sjølv om det vart sett i gang ei omfattande sanering av den gamle bebyggelsen, var det mange som var urolege for at denne utviklinga ikkje gjekk fort nok. I samband ein interpellasjon i bystyret 16. mars 1967, framsett av Magne Dønnum (Ap), vedtok bystyret å oppmode Bygningsrådet "*om at det skulle utvises varsomhet med å gi dispensasjoner for ombygging og restaurering av gamle bygninger i sentrum*".

Bystyret og kommunen sin administrasjon var på den tida urolege for at dei moderniseringane som enkelte næringsdrivande gjorde på eigedomane sine, ville komme til å utsette og gjere framtidig riving vanskeleg. Dei sette si lit til at den nye saneringslova som var på trappene, skulle gjere denne prosessen lettare. Interpellasjonen vart einstemmig oversend formannskapet.

Generalplanen for Trondheim

Generalplanen for Trondheim kom til å leggje viktige føringar for utviklinga av byen i dei viktige utbyggingsåra frå midten av 1960-talet til midten av 1970-talet. Driven fram av eit planleggingsivrig Arbeidarpartistyre, vart det lansert radikale forslag til utvikling av byen (Stugu 1997a). Bystyret vedtok i møte 5.11.1963 å engasjere konsulentfirmaet Andersson & Skjånes AS til å utarbeide eit generalplanforslag for Trondheim. Bakgrunnen var at Trondheim, Strinda, Leinstrand, Tiller og Byneset kommunar vart slått saman til ein storkommune ved årsskiftet 1963/1964, og oppdraget innebar i stor grad å analysere dei utfordringane som desse nye vilkåra representerte for byutviklinga i storkommunen. Planarbeidet hadde i første fase preg av å vere eit overordna planarbeid med vekt på analysar av folketals- og sys-

selsettingsutviklinga og dei store trekka i arealbruksutviklinga, byutviklingsmønstre og transport.

Det var arkitektane Per Andersson og Jan Christian Eckhoff som hadde det faglege ansvaret for generalplanarbeidet. Dei var godt hjelpte av sosialøkonomar og trafikkingeniørar som la viktige føresetnader for planutforminga. Planprinsippa bygde ikkje så mykje på visjonar for den gode byen, men korleis ein skulle leggje til rette for ein byvekst, som nærmast var som ei naturlov, løyst frå ønske, målsettingar og handlingsrom. På same måten som vitenskapsmennene kunne handtere naturkreftene, kunne planleggjarane handtere samfunnskraftene med den same logikk (Slagstad 1998). Ein måtte berre forstå korleis desse samfunnskraftene verka. Sosialøkonomien var ein viktig reiskap til dette (Thomassen 1997).

Planlegging var ingen open og demokratisk prosess, men gjekk føre seg innanfor ei lita gruppe av planekspertar, politikarar og nøkkelpersonar i administrasjonen. Det var hovudsakleg eit ekspertforum og skoleringsforum (Stugu 1997a:86). Dei mange radikale framlegga vart derfor ikkje tema i den offentlege debatten. Avisene si deltaking i denne viktige samfunnsdebatten var stort sett avgrensa til avskrift av plandokumenta og referat frå formannskaps- og bystyredebuttane.

Generalplankonsulentane si faglege forankring i ein regularistisk planleggingsideologi kom tydeleg til uttrykk i bruk av demografiske data som føresetnader for dimensjonering av arealbruk og infrastruktur. Dei utfordringane som framtida ville gi, kunne ein stort sett rekne seg fram til. Desse reknestykka viste at kommunen ville få omlag 200 000 innbyggjarar innan år 2000 (Adresseavisen 1965.06.14; Andersson & Skjånes AS 1965b:4). Dette ville føre til ein kraftig aktivitetsauke med negative konsekvensar for trafikkavvikling, parkering og utviklinga av det eksisterande bygningsmiljøet, og vil kunne kvele Midtbyen som handels- og service-senter. Forslaget om eit avlastingssenter på Heimdal var ikkje berre fremma for å spare den historiske trebyen, men også for å sikre eit funksjonsdyktig sentrum.

"Midtbyen i Trondheim er for liten som city i en by med 200 000 innbyggere år 2000"... "Med den vekst som regnes med i folketall og i trafikk, fremgår det at Midtbyen ikke lenger kan fylle oppgaven som det ene større sentrum i kommunen uten at det omformes og effektiviseres radikalt." (Adresseavisen 1965.06.14).

Det var derfor nødvendig med ei avlasting av Midtbyen. Planforslaget la derfor opp til å utvikle eit autonomt avlastingssenter på Heimdal (Bystyresak 1966/139). Ved å etablere dette avlastingssenteret vart mykje av utbyggingspresset på Midtbyen redusert, noko som kunne medverke til å spare noko av den eldre og lite effektive bebyggelsen.

Generalplankonsulentane argumenterte for at *"Midtbyen skal fortsatt være byens city, men med moderat vekst og utnyttelsesgrad slik at nåværende karakter i det vesentligste beholdes uten at senterets funksjoner som "city" svekkes."* (Anders-

son & Skjånes AS 1965b:9; Adresseavisen 1965.06.14). Bystyret støtta opp om dette. Midtbyen skulle framleis vere byens forretningscenter med ein moderat vekst.

Konsulentane gjekk også inn for ei funksjonsdeling og ei tydeleg sonedeling mellom ulike område av Midtbyen. *"Med dette (funksjonsdeling, mi tilføyning) menes en oppdeling av Midtbyen i områder ("soner"), som i fremtiden vil få en no-enlunde ensartet funksjon. Dette innebærer dels en vurdering av hvilke nåværende funksjoner som vil prege sonen også i fremtiden, dels en målsetting for hvilke funksjoner den nye bebyggelsen skal romme."* (S.st.:9).

Sonedelinga av Midtbyen innebar å arbeide mot å utvikle homogene område for detaljhandel og kontor, for institusjonar, i tillegg til einsarta bustadområde. Bustadene skulle helst leggast i utkanten av byen der bustadmiljøa ikkje var belasta av støv og støy frå trafikk og industriverksemder. Områda nord for Erling Skakkes gate skulle disponerast til detaljhandel og kontorverksemd, medan området sør for denne gata hovudsakleg skulle reserverast til sosiale institusjonar. Berre eit belte langs Elvegata og delar av Kalvskinnet var i det første generalplanforslaget foreslått disponert til bustadformål.




*Figur 6.10: Forslag til sonedeling i Midtbyen
 Dei gamle trehusområda i sentrum skulle
 hovudsakleg disponerast til kontor og
 varehandel.
 Kjelde: (Andersson & Skjånes 1965).*

Dette forslaget til sonedeling innebar derimot ein trussel mot trehusbebyggelsen. Dei viktige trehusområda i Midtbyen som tradisjonelt hadde vore nytta til bustadformål, skulle i følgje generalplanen omdisponerast til sentrumsfunksjonar som detaljhandel og kontorverksemd (Andersson & Skjånes AS 1965a). Utnyttingsgraden i Midtbyen skulle totalt aukast med 30% frå 950 000 m² til 1 200 000 m², medan bustaddelen skulle reduserast frå 211 000 m² til 98 000 m² (S.st.:11).

"Innslaget av boliger begrenses til det minimum et levedyktig city trenger i sin midte, bl.a. av hensyn til miljøet, som elles kan virke dødt og goldt utenfor kontor-

tid." (S.st.:10). Dette var radikale tankar med store konsekvensar for dei eksisterande trehusmiljøa i Midtbyen.




Figur 6.11: Forslag til arealbruksutvikling i Midtbyen med ein reduksjon av bustadareala og ein auke i varehandel og tenesteyting. Kjelde: (Andersson & Skjånes 1965).

Det var derimot forslaget til trafikksystem som kom til å skape mest debatt i byen. Også desse planane ville få dramatiske verknader for Midtbyen og områda rundt. Forslaget la til grunn prinsippet om "utanfråmating" med sterke trafikktangentar rundt Midtbyen. Hovudtrafikken skulle førast mot sentrum på to hovudårer med motorvegstandard frå sør og aust. Ein viktig del av dette systemet var ein nordtangent gjennom hamneområdet "der de vesentligste terminalområdene foreslås lokalisert. Dessuten forutsettes en god tangent på Bakklandssiden som forbindes med motorvei øst i Strandveien-krysset og med motorvei syd via Elgesætergate - Holtermannsvei..." (Andersson & Skjånes AS 1965b:23). I tillegg til ein austtangent over Bakklandet foreslo konsulentane ein sørtangent i Bispegata. Bispegata skulle byggjast ut til fire felt med ei ny bru over Nidelva like sør for Gamle Bybro (Sørtangenten).

Arkitekt Ola H. Øverås hos Riksantikvaren karakteriserte denne trafikkløysinga slik: "Her er det mellom anna lagt ein tangent syd mellom Domkyrkja og sentrum. Etter geometrisk terminologi er det eigentleg ein korde, og ein korde er det visseleg, for blir han gjennomført, vil han drepe det som er att av byens særeigne sentrumsmiljø." (Øverås 1972:139-152).

Eit anna alternativ var å føre trafikken i Kongens gate og byggje ut Kongens bru over Nidelva og vidare mot Møllenberg. Fjordgata og Sandgata skulle også byggjast ut til å fordele store trafikkmengder til Midtbyen. Detaljerte plankart viste at alle alternativa ville få dramatiske konsekvensar både for bygningsmiljøet i Midtbyen og ikkje minst på Bakklandet som i følgje desse planane skulle rivast. For delar av Møllenberg ville ei utviding av Kirkegata også innebære riving av eit verdfullt trehusmiljø.



Figur 6.12: Generalplanens forslag til trafikksystem med eit utanfrå-matingssystem og tunge tangentar i nord og aust.
Kjelde: (Andersson & Skjånes AS 1965)


Bystyret gav i juni 1966 prinsipiell tilslutning til hovudtrekka i generalplanforslaget med eit avlastningssenter med tilhøyrande bustadkonsentrasjon i Heimdalsområdet og til forslaget om arealdisponering for Midtbyen. Bystyret tok derimot eit atterhald med omsyn til trafikksystemet (Bystyresak 1966/139).

Då konsulentfirmaet i 1965 presenterte dei første generalplanrapportane med "prinsippforslag til byutvikling", var vern av det historiske bysenteret ikkje eit sentralt tema. I tråd med dei leiande tankane på den tida, skulle den gamle trebebyggelsen sanerast: *"Allerede nybygde deler av kvartalene har vært avgjørende for vurderingen av fremtidig bebyggelse. For den eldre bebyggelsen (mer enn ca. 35 - 40 år) er det på lang sikt tenkt en radikal fornyelse."* (Andersson & Skjånes AS 1965b :10).

Men generalplankonsulentane kunne ikkje sjå bort frå at dei sentrale delane av Trondheim inneheldt kulturhistoriske verdiar som ein måtte ta omsyn til i planleggingsarbeidet. Men planrapportane var svært lite spesifikke i omtalen av desse: *"De deler av Midtbyen som man i dag verdsetter for sine historiske / arkitektoniske kvaliteter bør konserveres i størst mulig grad ... og enkelte anlegg som Domkirken, Stiftsgården m.m. må fortsatt sikres omgivelser som lar dem komme til sin rett. Dette har bl.a. betydning for bykjernens "skyline", idet høyhus og bebyggelse over ca. 7 etasjer synes uforsvarlig."* (S.st.:9).

Planforslaget frå 1965 inneheldt eit radikalt trafikksystem, rigid sonedeling og vekstoptimistiske perspektiv som representerte ein trussel mot kulturverdiane i Midtbyen. Trafikksystemet innebar utviding av gatebreidder og riving av trehusrekker mange stader i byen. Det var forslått ei ny bru over Nidelva som ville øydelegge miljøet rundt Gamle Bybru, i tillegg til at Bakklandstangenten ville raserer ein heil

bydel. Funksjonsdelinga av byen ville innebære sanering og kontorisering av gamle, verneverdige bustadstrøk, riving av bustadhus og bygging av forretningsbygg.



Figur 6.13:
Alternative vegsystem
for Midtbyen.
Kjelde:
(Andersson & Skjånes 1965)

Generalplanarbeidet la i dei innleiande fasane lite vekt på byens kulturhistoriske verdiar. Men i hovudrapport II som vart fremma i juni 1967, var derimot haldninga til kulturverdiene i byen vesentleg endra. Etter at generalplankonsulentane hadde lagt fram den første rapporten i 1965, vart Riksantikvaren invitert til å vurde-re hovudtrekka i konsulentfirmaets forslag til utvikling av bykjernen.

Riksantikvaren vende seg til Trondhjems Arkitektforening og Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring som sette ned eit utval med arkitektane Lars Fasting, Gunnar Sandvik og Jonas Giil Haanshus. Dette utvalet utarbeidde ei fylldig registrering av kulturhistorisk verdifull bebyggelse, "*Registrering av fortidsminner*," ein rapport som Andersson & Skjånes AS innarbeidde i generalplanforslaget (Andersson & Skjånes AS 1967, juni:100-112). I tillegg til å trekkje fram dei allereie freda bygningane i Midtbyen, peika utvalet på at ein del byparti burde vernast:

- *Ilsvikøra*, som representerer eit homogent miljø av fiskar- og arbeidarhus frå siste halvdel av førre hundreåret.
- *Området Erling Skakkes gate og Kongens gate aust for Ila kyrkje*. Her finst det ein del frittliggande institusjonsbygningar frå 17. og 18. hundretallet der fleire er freda.
- *Området Hospitalskyrkja / ytre del av Dronningens gate*. Langs Hospitalsgata ligg ein del "borgarhus" frå midten av førre hundreåret med sitt

empirepreg godt bevart. Utvalet meinte at det burde leggjast vekt på utforminga av miljøet rundt Trondheim hospital og Hospitalskyrkja.

- *Området Kongens gate - Tordenskiolds gate - Dronningens gate - St. Olavs gate (Sanden - området).* Dette var praktisk talt det einaste kvartalet som viste det gamle veitmiljøet frå førre hundreåret, utan at nyare bygningar verka forstyrrende inn.
- *Området avgrensa av Nidelva - Prinsens gate / Munkegata - Kongens gate - Vår Frue gate - Erling Skakkes gate.* På grunn av den spesielle plasseringa og det verdifulle bygningsmiljøet, vart dette området foreslått verna som ein "gamleby av unik karakter."
- *Kjøpmannsgatas bryggerekke* representerte eit eineståande kulturminne om mellomalderens bygningskunst. (S.st.)

Utvalet utarbeidde ei fyldig grunngjeving for ei sterkare vektlegging av dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen som generalplankonsulentane innarbeidde i planforslaget:

"Det faktum at man i moderne byplanlegging i langt større grad enn tidligere tar hensyn til de bestående bymiljøer og kun forsiktigvis øker en bys utnyttelsesgrad ved konsentrert bebyggelse, faller naturligvis sammen med de antikvariske interesser. Grunnlaget for en slik innstilling beror på en rekke forhold bl.a. trafikkmessige, men betyr også at en voksende forståelse for våre kulturminner gjør seg gjeldende, og det er gledelig å konstatere at eldre bymiljøer regnes som et viktig aktivum ikke bare turistmessig, men også i menneskenes urbane tilværelse.

Trondheim bys karakter .. ligger i dens verdifulle bebyggelse fra det 17. og 18. århundre. Det fine miljøet bestemmes ikke bare av de enkeltstående praktbygninger, men ved siden av den gamle byplan, også av arkitektonisk gode bygningsgrupper og enhetlige bymiljøer. Dette har gjort Trondheim kjent som en hyggelig og interessant by der fortidsminner i spesiell grad er med og skaper byens særegne atmosfære. Dette er verdier man må ta vare på ved den videre utbygging av byen." (Andersson & Skjånes AS 1967, juni :100).

For å balansere dette "vernevenlege" innslaget i plandokumentet, hadde generalplankonsulentane nokre refleksjonar over kva problem og kva mogelegheiter Midtbyens kulturmiljø representerte:

"I prinsippforslaget til byutvikling (rapport 1) er det framhevet både den "negative" og den "positive" side ved Trondheims bevaringsverdige historiske bygninger og miljøer. De "negative" refererer seg til den bestemmende- og til dels restriktive- innflytelse flere av de eldre anlegg får på sanering og effektivisering, bl.a. av trafikksystemet. Vi finner likevel grunn til, nettopp i forbindelse med generalplanarbeidet der de mange vesentlige disposisjoner foreslås avgjort, å understreke de positive sider. Trondheim må tross omskiftelser og radikal nyorientering på

mange felt ta vare på sine tradisjoner og særpreg av historisk - kulturell verdi."(Andersson & Skjånes AS 1967: 129-131).

Generalplanforslaget som vart presentert for Trondheim bystyre i 1966, inviterte til ein debatt om Midtbyens framtidige funksjon. Bystyret gav i juni 1966 prinsipiell tilslutning til hovudtrekka i generalplanforslaget når det galdt hovuddisponeringa av generalplanområdet fram til år 2000, arealdisponeringa i Midtbyen, avlastingssenteret med tilhøyrande bustadkonsentrasjonar i Heimdalsområdet og opplegg av hovudtrafikksystem. Bystyret tok eit atterhald med omsyn til hovudtrafikkløypene frå sør og aust med tilhøyrande brualternativ inn mot Midtbyen, og meinte at dette måtte konsulentane arbeide vidare med i samarbeid med vegstyresmaktene (S.st.; Adresseavisen 1966.07.01).

Då generalplanen på nytt vart debattert og einstemmig vedtatt i Trondheim bystyre i desember 1967, var hovudtrafikksystemet framleis ikkje løyst (Adresseavisen 1967.12.22). Utviklinga av Midtbyen var også ein konfliktarena. I saksframlegget til bystyret foreslo finansrådmannen å flytte dei mange uavklara spørsmåla rundt utviklinga av Midtbyen til eit eige reguleringsarbeid:

"Det må bli en oppgave i samband med den endelige reguleringen av midtbyen å ta omsyn til bevaring av enkeltbygninger og miljøer. Det er ofte slik at det som gjør en by hyggelig og interessant har nettopp vært dens evne til å ta vare på bygninger og miljøer av kulturhistorisk verdi. Det er derfor viktig at en har dette som målsetting når arbeidet med detaljplanlegging av midtbyen tar til." (Bystyresak 1966/139).

Generalplanarbeidet - ein konfliktarena

Generalplandokumentet kom til å bli full av innebygde motsetningar der forslag til sonedeling, arealutnytting og trafikksystem representerte ein tydeleg trussel mot dei gamle trehusområda. På den andre sida trekte dokumentet fram dei kvalitetane som desse kulturmiljøa og kulturminna innebar og framheva den verdien dei har både for trivselen og for næringsutviklinga. I generalplanforslaget oppmoda konsulentane byens politikarar om å vere meir aktive i arbeidet med å redde den gamle bebyggelsen: *"Byen er i ferd med å tape ansikt og miste sin karakter. Dersom det skal forhindres, er et langt sterkere initiativ fra byens side enn det som hittil har vært vist, nødvendig."* (Andersson & Skjånes 1967 b:101).

Bystyret i Trondheim drøfta på nytt generalplanforslaget i februar 1972. Adresseavisen sitt referat frå denne debatten synleggjorde dei partipolitiske skillelinjene i debatten, skillelinjer som også reflekterte kontroversane mellom ulike idéretningar i byplanleggingsdiskursen (Adresseavisen 1972.07.13):

- *Det vil være opp til bystyret om Trondheim sentrum skal bli en parkeringsplass. ... Det bør legges ned byggeforbud for forretningsbygg i sentrum* (Kai Øverland, SF).
- *“Vi bør vurdere den økonomiske siden ved fornyelsen av saneringsmoden bebyggelse”* (Harald Einum, V).
- *“Vi bør legge ned byggeforbud i enkelte strøk for å hindre at verdier går tapt.”* (Martin Mikalsen, H).
- *“Kommunale forbud og påbud hjelper ikke, bilen er kommet for å bli, og det bør vi innrette oss etter”* (Oddvar Ystgaard, Sp).
- *“Det er ikke utelukkende snakk om å bevare det gamle, men like mye å føre kontroll med det nye som kommer i de strøk der bebyggelsen nødvendigvis må fornyes... Tiden er inne til å få bl.a. strøket Buran / Duedalen (Møllenberg-Bakklandet, mi tilføyning) planlagt og fornyet gjennom en storstilt reguleringskonkurranse.”* (Svein Hokstad, A).
- *“Når bystyret tydeligvis går inn for å holde utnyttelsesgraden så lavt som mulig for Midtbyen, er det å stikke hodet i sanden, og som storken tro at verden retter seg deretter.”* (Kjell E. Amdahl, H).
- *“Trondheims oppgave er sentrum for hele landsdelen” ... advarer mot å senke utnyttelsesgraden for sterkt fordi sentrum også skal funksjonere.* (Nils Lien, H).
- *“...skal vi ta vare på den gamle by, må den arbeidende by gi en avkastning som gjør oss istand til å ta vare på det gamle Trondheim.”* (Hans Gaare (KrF)).

Som sitata gir uttrykk for, var motsetningane store i bystyret om utviklinga av Midtbyen. Skillelinjene gjekk i hovudsak langs partigrensar, men vi kan også registrere “utbrytarar”. Både Høgre og Arbeidarpartiet var splitta i synet på vern eller fornying av Midtbyen.

Desse utsegnene uttrykte ulike representasjonar i diskursen der nokre la vekt på miljøomsyn og ville ha bort biltrafikken og hindre oppføring av dominerande og trafikkskapande næringsbygg, medan andre var opptatt av Midtbyens næringspolitiske rolle som landsdelssenter og dei økonomiske vilkåra som måtte vere tilstades for å kunne oppretthalde eit levedyktig bysentrum. Kontroversane kom til uttrykk i den kommunale sakshandsaminga og i dei politiske debattane i utval og i bystyresalen og førte ofte til manglande vedtak om sentrale byplanspørsmål. Dette gjorde Miljøverndepartementet utålmodig og etterlyste avklaringar i viktige generalplanspørsmål (Adresseavisen 1972.07.13).

Generalplanforslaget spegla kontroversane i byplandiskursen ved at ulike syn på byutviklinga vart sydde inn i planforslaget og gjorde planen motsetningsfull. Generalplanarbeidet introduserte kulturalistiske planleggingstankar ved å invitere

Riksantikvaren, Fortidsminneforeninga, Trondhjems Arkitektforening og Institutt for arkitekturhistorie ved NTH inn i planarbeidet, og gav plass for deira innspel i plandokumentet. Generalplanen kom dermed til å argumenterte for ei vernelinje, samtidig som generalplankonsulentane presenterte planar for arealbruksutvikling og trafikkkløysingar som representerte alvorlege truslar mot Midtbyens kulturmiljø, men som var meir i tråd med regularistiske planleggingsideal.

Desse kontroversane kom også til uttrykk i eit referat som Adresseavisen hadde frå eit folkemøte om generalplanarbeidet der arkitekt Kjell Jacobsen frå konsulentfirmaet Andersson & Skjånes AS gav uttrykk for at:

"Alt materiale som ble framskaffet til planleggerne, er tatt med i vurderingene, og kulturvernet står fremdeles sterkere enn før. Hittil har dets representanter stått som forsvarere i en slags geriljakrig. Gjennom generalplanen blottlegges utviklingen og motstanden mot kulturvernet på lang sikt." (Adresseavisen 1967.12.11).

Sjølv om Kjell Jacobsen i denne utsegna kanskje kom til å ta noko sterkt i, er det tydeleg at det allereie i tilknytning til generalplanarbeidet var sterke motsetningar mellom verneinteressene og dei som arbeidde for ei fornying av Midtbyen og ei tilpassing til nye samfunnsgitte vilkår.

I generalplandebatten i bystyret i 1967 gav representanten Einar Ianssen (H) uttrykk for at: *"Vi kan ikke av romantiske grunner la midtbyen ligge uberørt, ... vi må sanere etter en plan som viser hva som er verdt å spare for å komme fram til en fornuftig byfornyelse."* (Adresseavisen 1967.12.22). Liknande tankar såg vi framført av leiinga av kommunens tekniske administrasjon. Kulturalistiske synspunkt vart på den tida tydelegvis sett på som romantisk nostalgi og eit uttrykk for å ikkje ta tilstrekkeleg ansvar for dei utfordringane Midtbyen stod overfor som regionens økonomiske senter.

Ein kan stusse over generalplandokumentet sin doble budskap. Men utsegne i generalplandokumentet om vern av den gamle bebyggelsen vart ståande som relativt uforpliktande utsegner, som fagleg avlat til planleggingsidéar som på den tida var i ferd med å utfordre den regularistiske og rasjonalistiske planleggingsideologien. På denne måten kom planarbeidet til å bere fram motstridande planleggingssyn og synleggjorde at det gjekk føre seg ein diskursiv kamp mellom ulike planleggingsidéar. Dette vart derimot ein konflikt som generalplankonsulentane etter kvart stilte seg meir som regissør av, og i mindre grad som aktør i.

I tillegg til den politiske og faglege leiinga i kommunen, var nokre av hovudaktørane i denne kampen representantar for byens antikvariske og kulturhistoriske miljø. Desse representerte i stor grad den kulturalistiske røysta i diskursen. Dei regularistiske tankane vart borne fram av eit planleggingsivrig Arbeiderpartistyre, og med viktig tilslutning frå Høgre og representantar for byens finans- og handelska-

pital. Trafikkingeniørane og sosialøkonomane i konsultentselskapet var sjølv sagt også viktige premissleverandørar til den regularistiske planleggingsmodellen.

Kommunen si administrative leiing hadde også klare regularistiske bidrag i debatten om utviklinga av det historiske Trondheim. I eit debattmøte i desember 1967 om generalplanarbeidet og kulturvernet trekte bustadrådmann Lars Folstad fram ein del personlege synspunkt som synest å vere representative for dei haldningane til byutvikling på 1960-talet som den administrative leiinga i Trondheim kommune stod for: *“Hvis ikke den gamle bykjernen fornyes i det hele tatt, vil byen dø ut. Får ikke Midtbyen gode nok muligheter, vil det hemme hele vår landsdel.”* (Adresseavisen 1967.12.11).

Det var derimot vanskeleg å finne det folkelege engasjementet i dette planarbeidet. I eit referat frå eit debattmøte om generalplanarbeidet, kommenterte Adresseavisen det manglande engasjementet slik:

“Det var stort oppmøte av de direkte engasjerte kretser til Trondhjems Historiske Forening og Fortidsminnesmerkesforeningen store diskusjonsmøte om “Generalplan og Kulturvern” i Katedralskolens Festsal fredag kveld. Beklagelig nok møtte det bare få av dem saken angår mest - den interesserte trondheimsborger som skal bo i byen i tiden fremover, i byen som nå står foran så store forandringer og så stor en vekst.” (Adresseavisen 1967.12.11).

Generalplandebatten gjekk hovudsakleg føre seg i etter måten isolerte fagleg-politiske fora der konsulentane drøfta forslaga med kommunens politiske og administrative leiing. Det var lita folkeleg oppslutning og engasjement i samband med den overordna planlegginga, sjølv om dei forslaga som vart debatterte i ulike kommunale fora, skulle få dramatiske konsekvensar for innbyggjarane i ulike delar av byen. Debatten skulle derimot vise seg å blusse opp når dei konkrete vedtaka skulle settast ut i livet.

Generalplanen kom til å inviterte eit kulturalistisk bidrag inn i planleggingsforumet, noko som medverka til å sette vernespørsmålet i Midtbyen på dagsorden. Ved å initiere ein systematisk registrering av verneverdige område i byen, gav generalplanen viktige føringar for vernearbeidet framover og la grunnlaget for at det neste slaget om bygningsvernet i Trondheim skulle bli eit tidsskille i vernearbeidet i byen.

Striden om trepaléa - eit tidsskille i vernearbeidet

Det var striden om Hornemannsgården og Svaneapoteket som kom til å bli eit vendepunkt i byplanarbeidet i Trondheim. I siste halvdel av 1700-talet og til midten av 1800-tallet voks det fram ein trearkitektur i Trondheim som var eineståande i Europa (Kavli 1966:2). Rundt 1780 var dei største bygningane rundt Trondheim Torg

ferdigbygde. Hornemannsgården og Harmonien var dei viktige bygningane på Torgets sørsida. På nord-austsida låg Svaneapoteket og danna byrommet sin vegg mot nord-aust, medan Lundgreengården låg på tomte der hotell Phønix ligg i dag, Desse bygningane hadde viktige oppgåver i å danne det byrommet som Cicignon hadde etablert gjennom sin byplan. På begge sider av Munkegata batt mindre tregardar Torget saman med det største praktstykket i trønderisk panelarkitektur, Stiftsgården, som låg litt lenger nede i Munkegata. Reisande til Trondheim vart på denne tida imponerte over å finne ein slik monumental plass så langt mot nord. Trondheim Torg vart vidgjeten for sin vakre monumentalitet (Kavli 1966).

I 1913 vart den staselege Lundgreengården der det store vinhandlarfirmaet Helmer Lundgreens Enke heldt hus, riven for å gi plass til Hotell Phønix. I 1942 brann Harmonien. Det var eit utett røykrøyr i andre etasje som forårsaka brannen. Dermed var to veggjar i dette viktige byrommet borte. Andre viktige bygningar rundt Torget vart etter kvart rivne.

I 1968 kjøpte Trondhjem Sparebank tomte der Svaneapoteket ligg i dag for å byggje nytt hovudkontor. Banken hadde sondert med kommunen om det var høve til å få rive bygningen, og hadde tydelegvis fått positive tilbakemeldingar. På den andre sida av Kongens gate, heldt politistasjonen til. Politiet hadde planar om nybygg. Dessutan gjekk kommunen med planar om å byggje nytt rådhus eller teater i området bak Vår Frue kyrke. Den staselege Hornemannsgården skulle etter begge desse planane rivast. Bustadrådmann Lars Folstad meinte at:

"Når byen en gang i fremtiden får evner til å bygge sitt rådhus i dette såkalte rådhuskvartalet, er jeg enig med dem som i denne forbindelse mener at Rådhuset må plasseres slik at arealet mellom torvet og Vår Frue kirke må bli et sammenhengende parkanlegg." (Bystyresak 1969/298; Haanshus 1970).

Planane om å rive Svaneapoteket og Hornemannsgården skapte motstand. I juli 1969 orienterte Riksantikvaren Trondheim kommune om at Den antikvariske byggenemnd ville fremme forslag til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om freding av Hornemannsgården og Svaneapoteket. Desse bygningane var av så stor antikvarisk, arkitektonisk og byplanmessig verdi at dei i følgje Riksantikvaren måtte sikrast ved freding (Adresseavisen 1971.03.17).

Det var stor usemje i kommunen om dette. Bustadrådmann Folstad gjekk imot fredingsforslaget: *"Vi må regne med at den fornyelsen i Midtbyen som nå er i gang, vil gripe mer og mer om seg... det må planlegges for fremtiden og ... en må ikke se for smått på disse spørsmål... Den gamle bykjernen må da også ha krav på funksjonsmessig fornyelse."* (Bystyresak 1969/298; Stugu 1997a:165).

Trondhjem Sparebank gav også uttrykk for at dei ville sette seg imot eventuell freding av bygningen. Riksantikvaren sitt forslag om freding opprørte ordførar Odd Sagør (A) som i eit intervju med Arbeideravisa (19.1.1970) gav uttrykk for irrita-

sjon over Riksantikvaren si innblanding og at han ikkje kunne forstå "*hvilket grunnlag Riksantikvaren har for slike spark til kommunen.*" (Adresseavisen 1970.02.11).

Bystyret vedtok derimot å sende saka tilbake til formannskapet med oppmoding om å få kartlagt verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Midtbyen. Formannskapet oppnemnde eit "*Rådgivende utvalg for vurdering av bevaringsverdige bygningar og bygningsgrupper*" (Gaare-utvalet). Utvalet som skulle vurdere dei antikvariske og kulturhistoriske verdiane i Midtbyen, var hovudsakleg politisk samansett med lektor Hans Gaare (Kr.f.) som leiar, rektor Svend Hokstad (Ap) og siv.ing. Einar Ianssen (H). I tillegg var det oppnemnt to fagkyndige representantar etter innstilling frå Fortidsminneforeininga, Trondhjems Arkitektforening, Trondhjems Historiske Forening, Selskabet for Trondhjems Bys Vel og Arkitektavdelinga ved NTH. Dei to fagkyndige var professor i arkitekturhistorie Erling Gjone og professor i historie Edvard Bull. Desse kom i mange saker til å utgjere mindretallet i utvalet, men fekk etter kvart større gjennomslag for synspunkta sine.

Institutt for arkitekturhistorie ved NTH var ei kraft i vernearbeidet i byen, særleg gjennom professor Erling Gjone, men også dosent Kerstin Gjesdahl Noach som etterfølgde Gjone i Antikvarisk utval, og professor Ståle Sinding-Larsen var aktive i debatten. Under overskrifter som "*Trondheims ansikt som historisk by forsvinner*" (Sinding-Larsen 1970.03.30), "*Skammer Trondheim seg over seg selv?*" (Sinding-Larsen 1970.11.26) og "*Svaneapoteket - en underlig bevaringspolitikk*" (Noach 1970.11.27), gjekk dei til åtak på byens forvaltning av kulturminna generelt og dei aktuelle trepaléa spesielt.

Trondhjems Arkitektforening var også aktiv i å sette vernespørsmål under debatt. På eit godt besøkt debattmøte med tittelen "*Trondheim - gammel by mot nye tider. Skal vi rive alt det gamle - eller har vår by verdier som er verdt å verne?*", vart kommunens sentrumsplanlegging på nytt sett under debatt. Adresseavisen gav ei fyldig omtale av møtet under overskrifta: "*Palébebyggelsen i Trondheim er unik i kulturhistorien*", der avisa siterte slottsforvaltar Guthorm Kavli, og heldt fram: "*Men dårlig kommunal planlegging har gjort Trondheims bymiljø fattigere.*" (Adresseavisen 1970.05.12).

Slottsforvaltar Guthorm Kavli var ein ivrig forsvarar av verdifulle bygningsmiljø både i Oslo og Trondheim. Han hadde skrive doktoravhandling om trønderske trepalé og uttrykte seg med vesentleg autoritet da han på møtet uttrykte:

"Da er det tragisk å tenke på hvordan ekspansjonen har gått ut utover byens eldre bygningskultur. Særlig har det gått hardt utover byens torv, der det nå alene den østre vegg med dens to bygninger er tilbake av 1700-tallets panelarkitektur. ... Hvor mye av det gamle Trondheim kan bevares? Alt må bevares, intet må forsvinne. Det er viljen til å bevare som må være til stede .." (S.st.). Viljen til å rive såg Kavli

som eit uttrykk for ekspansjonen av det moderne vekstsamfunnet "*i sin overflod og med sine sider.*" (S.st.).

Medlem av Antikvarisk utval, Einar Ianssen (H), gav på den andre sida uttrykk for at dei gamle paléa burde rivast:

"Jeg synes det er en skrekkelig tanke at byens arkitekter skal være ute av stand til å reise like bra bygninger som arkitektene gjorde for femti eller hundre år siden. Det må være en fallitterklæring for nåtidens arkitekter. Seilskipene er borte, karjolene likeså, hvorfor skal vi bevare gamle og uhensiktsmessige hus? Vår by er blitt tusen år fordi innbyggerne alltid har revet og bygget på nytt, men nå er vi plutselig kommet dit hen at vi ønsker å sette en stopper for en naturlig utvikling." (Adresseavisen 1970.05.12).

Riksantikvar Roar Hauglid var naturleg nok uroleg over utviklinga i Trondheim og den manglande interesse blant styresmaktene i kommunen til å ta vare på dei gamle bygningsmiljøa. Men i eit intervju med NTB som var referert i Arbeideravisa, 15.1.1970, gav han derimot uttrykk for optimisme: "*Når man likevel håper det skal lykkes å redde disse bygningene, så er det fordi at det er en voksende interesse blant byens innbyggere for fredningstanken.*" (Haanshus 1970).

Riksantikvaren hadde tiltru til at den nyleg tilsette leiaren av "*Kontoret for registrering av eldre bebyggelse*", arkitekt Hermann Semmelmann, ville få fram dei antikvariske og miljømessige verdiane som var knytte til trepaléa på Torget. Semmelmann som nærma seg pensjonsalderen, vart løyst frå stillinga si som bygnings-sjef i kommunen for å leie dette kontoret og førebu saker for det nyoppnemnde kommunale utvalet. Men til stor undring for mange innstilte Semmelmann på at Svaneapoteket burde rivast. Bygningen ville bli ein disharmonisk reminisens når resten av kvartalet vart modernisert:

"Det kan ikke være tvil om at den rivende utvikling og strukturendring som byen står overfor i dag, medfører at den står i fare for å miste sitt karakteristiske særpreg - for ikke å si at den til en viss grad allerede har gjort det. Man må derfor så langt råd er søke å bevare de bygninger og gatepartier (miljøer) hvor dette er forsvarlig både ut fra et antikvarisk, arkitektonisk, økonomisk og reguleringsmessig syn. ..."

Når det gjelder Hornemannsgården og Svaneapoteket skulle det reguleringsmessig ikke være noe til hinder for å søke å bevare disse bygningene for ettertiden - ikke minst fordi de ved siden av Stiftsgården er de eneste gjenstående trepaléer i sentrum fra byens blomstringstid i siste halvdel av 1700-tallet. ... Forutsetningen må dog være at man ved restaurering og ombygging kan finne fram til planløsninger som gjør bygningene anvendbare til spesielle formål og innenfor en forsvarlig økonomisk ramme."

Men trass i denne utgreiinga, avslutta Semmelmann innstillinga med at:

"Etter min mening har Svaneapoteket ikke samme antikvariske verdi som Hornemannsgården. Riktignok er den med på en tilforlatelig måte å danne østveggen mot torvet, men er for øvrig ikke med på å skape det miljø som Hornemannsgården med de omkringliggende bygninger gjør. Når den bestående trebebyggelsen øst for Svaneapoteket rives og erstattes med en moderne bebyggelse, vil apoteket bli liggende som en enkelt bygning uten tilknytning til den øvrige bebyggelse i den nordøstre torv-kvadrant. Jeg vil se det som en fordel at det oppføres nybygg som i målestokk harmonerer med Hornemannsgården - for eksempel valmet tak og enkeltstående vinduer. (...) Hva Svaneapoteket angår bør denne bygning kunne fjernes og erstattes med nybygg i en størrelsesorden og arkitektur som ark. Bergersen antyder." (Adresseavisen 1970.11.24). Ein viktig grunn til å rive Svaneapoteket var at dette rivingsprosjektet gjekk inn i ein plan for sanering av heile kvartalet mellom Torget og Nordre gate.

Vedtaket kom til å løyse ut ein hissig debatt: *"... og opinionen har i tiden etter vokst seg stadig sterkere. Det er vel ingen grunn til å tvile på at nettopp denne har snudd stemninga og samtidig lagt grunnlaget for et folkekrav: Svaneapoteket bør bevares."* (Adresseavisen 1970.12.22).

Dei fagkyndige i Antikvarisk utval kom i mindretal i striden om Svaneapoteket. Professor Edvard Bull som saman med Erling Gjone representerte mindretalet, presenterte mindretalets argumentasjon i ein kronikk i Adresseavisen (Bull 1970). I denne kronikken trekte han fram det som han meinte burde vere hovudprinsippa for avgjerder om ein bygning eller ei bygningsgruppe er verneverdig, og som bør leggast til grunn for ei prioritering. Desse vernekriteria vart eit viktig grunnlag i Antikvarisk utval sitt arbeid med å registrere og prioritere kulturhistoriske bygningar og bygningsmiljø i Midtbyen. Bull refererte til fire moment som han meinte var viktig for vurderinga av verneverdien (S.st.) :

1. Bygningens miljøskapande og variasjonsbringande verdi.
2. Bygningens historiske verdi.
3. Bygningenes estetiske kvalitet.
4. Bruksmessige vurderingar

Bull bygde denne lista for ein stor del på vernekriteria i Venezia - charteret frå 1964. I dette charteret er vernekriteria knytte til dokumentasjons- og kunnskapsverdien, den estetiske verdien og til bruks- og nytteverdien. Bull argumenterte sterkt for å ta vare på desse bygningane som konstituerande element for byens viktigaste byrom, Trondheim Torg. Bull meinte at Svaneapoteket utvilsamt hadde historisk verdi *"for så vidt som den er ett av Trondheims karakteristiske rikmanns-paleer fra slutten av 1700-tallet... Særlig er det grunn til å peke på at panelarkitekturen i de*

store paleene representerer et selvstendig trøndersk bidrag til byggekunstens utvikling." (S.st.).

Bull la derimot størst vekt på at bygningen var ein viktig del av bymiljøet. Svaneapoteket utgjør Torgets austvegg "*..og så lenge denne veggen står, er det lett å danne seg en forestilling om hvordan Torvet så ut i tidligere tider*". Han la også vekt på å sjå Svaneapoteket og Hornemannsgården som innleiinga til den austlege delen av Kongens gate, "*et av landets fineste gatepartier.*" Eit viktig punkt som Bull var innom i denne kronikken, og som har vore ein viktig faktor i utviklinga av trebyen heilt opp til våre dagar, gjeld den dominoeffekten som tapet av karakteristiske enkeltbygningar har hatt for utviklinga av miljøet rundt.

"Det synes klart at husene mellom Svaneapoteket og "Brun-hjørnet" må vike for nybygg. Men byens myndigheter må her legge stor vekt på at det nye får dimensjoner og et arkitektonisk uttrykk som passer inn i miljøet. Det vil utvilsomt være lettere å håndheve dette krav så lenge Svaneapoteket står som det faste endepunkt for gatepartiets nordside. Hvis dette gatepartiet faller fra hverandre i småbiter - som det har skjedd med andre gatepartier i Trondheim - kan det meget lett føre til at også Vår Frues kirkes fine innpassing i bybildet brister." (S.st.).

Ei utviding av vernegrnlaget til også å omfatte dei kontekstuelle miljøverdiane, fekk avgjerande verdi for moglegeheitene til å verne trepaléa på Torget frå riving. Dette nye perspektivet skapte grunnlag for å kunne mobilisere breiare og fekk oppslutning utover dei antikvariske fagmiljøa. Sjølv om Svaneapoteket og Hornemannsgården representerer monumentale kulturminne som i seg sjølv forsvarte sin verneverdi, var det likevel avgjerande at dei kontekstuelle miljøverdiane fekk gjennomslag i debatten. Ei utviding av den kulturminnefaglege diskursen innebar at viktige bygningar og bygningsmiljø vart oppfatta som konstituerande for byens visuelle miljø. Det var ikkje lenger berre det enkelte byggverk som det var viktig å ta vare på, men bygningens kontekstuelle samanheng.

Mange organisasjonar kom med resolusjonar og fråsegner til fordel for vern av Svaneapoteket. Det gjaldt hovudsakleg antikvariske og historiske foreiningar, arkitektorganisasjonar "*og en rekke fremstående kapasiteter inne arkitekturhistorie.*" (Adresseavisen 1970.12.22). Men fleire politiske organisasjonar deltok også i debatten. Det er vanskeleg å sjå at striden om vern av Svaneapoteket hadde tydelege partipolitiske skilje. Unge Høgre arrangerte eit fakkeltog for vern av Svaneapoteket med stor oppslutning der den kjende kroverten og trondheimsprofilen Martin Michaelsen som også representerte Høgre i bystyret, deltok saman med fleire hundre menneske og "*holdt en manende appell om å slutte opp om de krefter som går inn for å bevare de miljøverdier som Trondheim har.*" (Adresseavisen 1970.12.22).

"Men hva gjør vi så for å bevare disse goder? Vi lar et karakteristisk, lite byfiskermiljø på Ilsvikøra forfalle, i 1969 rev vi byens eldste palébygg i Kongens

gate ... og vi rev en perle som Gramgården i Kjøpmannsgaten. Innimellom har vi branner som fratar oss for eksempel Harmonibygget på Torvet, brygger ved Nidelven og LilleStiftsgården. Ja., det tynnes ut blant de karakteristiske, verdifulle miljøer i vår by.

Men så ansetter vi en mann som skal ivareta våre kulturskatter, vårt bymiljø - og det første han gjør er å foreslå å rive Svaneapotekets bygg på Torvet! Ja, kjære medborgere, da er det at det stopper for meg, det er da jeg ikke skjønner noen ting." (S.st.)



Figur: 6.14 Demonstrasjon for vern av Svaneapoteket (tv). (Foto: Adresseavisen).
Th: Det freda Svaneapoteket, 2005. Foto: DK.

Ved å frede Svaneapoteket og Hornemannsgården, var det var ikkje berre to enkeltstående bygningar som kunne bli tatt vare på, men like mykje bybildet, byrommet Trondheim Torg og dermed også eit sentralt element i Cicignons byplan. Den nære samanhengen mellom bygningskarakteren, høgdene, volumet og skalaen langs gateløpet som dei enkelte bygningane representerte, gjekk inn i ein heilskap som gav byen karakter.

Motstanden mot riving av Svaneapoteket og Hornemannsgården greip om seg og fekk også gjenklang hos politikarane i kommunen. Byplanrådet stilte seg etter kvart positivt til fredningsforslaget. Fleirtalet gjekk inn for å tilrå freding, medan to av medlemmene i byplanrådet meinte at Svaneapoteket burde flyttast til eit spesialområde for vern "innenfor et tilpasset miljø." (Adresseavisen 1971.03.17).

Etter eit møte mellom Trondheim kommune, Trondhjems Sparebank og Riksantikvaren vart partane einige om det som Adresseavisen kalla "Sjakktrekket" i Søndre gate. Ved å ofre den freda Adresseavisgården, rive og flytte denne bygningen til ei ny tomt i Erling Skakkes gate, ville Sparebanken få plass til å ekspandere

i Søndre gate, det som skulle komme til å bli bankgata i Trondheim (Adresseavisen 1971.02.25).

Med økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd vart den freda bygningen tatt ned, alle materialane omhyggeleg merka og lagra i påventa av flytting til ny tomt. Bygningen skulle få ny bruk som eldrebustader. Trondheim kommune valde derimot å sette opp ein fasadekopi i bindingsverk av den freda gården. Planløysinga passa ikkje til ein moderne bruk som eldrebustad. Dessutan ville det bli dyrt! Berre fasadetekoren frå den freda bygningen vart brukt opp att.



Figur 6.15: Kopi av Adresseavisens gård etter flytting til Erling Skakkes gt. Foto: DK.

Adresseavisen gav god dekning av dei mange møta og demonstrasjonane som vart arrangerte i samband med vern av Svaneapoteket og Hornemannsgården. Avisa gav også spalteplass til dei mange lesarinnlegga som engasjerte byborgarar skreiv til forsvar for vernetanken. Kampen om vern av Svaneapoteket og Hornemannsgården representerte eit omslag i arbeidet med bymiljøvernet. Begge bygningane vart freda i 1983 (Solberg 1999:73-74).

"Forstår ikke byen sitt eget beste?"

På slutten av 1960-talet var det lita forståing blant styresmaktene og planleggjarane i byen for den antikvariske og arkitektoniske verdien som trehusbebyggelsen i Trondheim representerte. Det er vanskeleg å forstå kvifor verdien av den historiske byen stod så lågt i Trondheim. Både Bergen og Stavanger var i gang med å sikre store område av gamal trebebyggelse. Bystyret i Stavanger hadde vedtatt reguleringsplanen for "Gamle Stavanger" så tidleg som i 1956. Omlag samstundes vart det gamle trehusmiljøet i Rossmuggrenda i Bergen verna. På Røros var også vernearbeidet kome godt i gang, hovdsakleg som freding av enkelthus. I Trondheim, kanskje den viktigaste trebyen i landet ut frå eit antikvarisk og arkitektonisk synspunkt, og med stor internasjonal verneverdi, var rivingsiveren framleis sterk.

På heile 1960-talet var det eit internasjonalt ordsifte om bymiljøvern. Riksantikvar Roar Hauglid vona at desse nye tankane om byutvikling etter kvart skulle nå leinga i Trondheim kommune. I eit intervju med Adresseavisa i 1967 gav han uttrykk for dette:

"Planer for bevaring av gamle bystrøk utarbeides nå i en rekke norske byer, og jeg har inntrykk av at også Trondheims kommunale myndigheter stiller seg meget positivt til et slikt tiltak. Miljøbevaring er som nevnt i skuddet her hjemme og det samme er tilfelle i mange andre land. Hvert år arrangeres internasjonale konferanser, hvor dette temaet behandles, og jeg tror det er allminnelig interesse for å ofre litt, hvis man kan beholde områder med bebyggelse i en form som knytter forbindelsen til tidligere tider." (Adresseavisen 1967.04.13).

Men i 1975 raser framleis rivingsiveren i Trondheim. Stephan Tschudi Madsen var leiar for den norske aktiviteten i samband med det europeiske arkitekturvernåret og overtok som riksantikvar i 1978. På eit av sine mange turar til Trondheim uttrykte han i eit intervju med Adresseavisen i oktober 1975:

"Jeg var i Trondheim i to dager, og begge disse dagene begynte de å rive en 1700-talls trebygning. Slikt ville neppe ha skjedd andre steder. .. Forstår ikke byen sitt eget beste? Fatter man ikke at det er uerstattelige verdier man ødelegger og lar ødelegge... Det er så meget som forsvinner av enestående trearkitektur og fine bypartier i Trondheim. Byen forandrer ansikt og taper meget på det. Ennå er riktig nok en god del bevart av de fornemme, gamle trebygninger som har preget byen opp gjennom århundrene. Men de er ikke samlet mer. Trondheim har lenge hatt sitt fornemme helhetspreg. Men man har hatt en egen evne til å lage hakkemat av alle de bybilder som var attraksjoner. Og det gjøres helt uten fornemmelse for hva som passer sammen. Man bygger store nybygg ved siden av de gamle tregårder som ofte har god panelarkitektur. .. Og man bør være forsiktige. For det skal ikke mye til før Trondheim - byen som helt til for noen år siden hadde karakter og personlighet - kan bli en triviell standardby." (Adresseavisen 1975.10.23b).

I ettertankens lys er det vanskeleg å forstå kvifor vernetanken stod så svakt i Trondheim på det tidspunktet, og kvifor det gjekk så lang tid før politikarane i kanskje den viktigaste trebyen i landet, innsåg dei verdiane dei var sette til å forvalte, verdiar som ikkje berre var eineståande i nasjonal samanheng. Trebyarkitekturen i Trondheim hadde også stor internasjonal interesse, ikkje minst fordi så mykje av den urbane trearkitekturen var gått tapt i andre delar av Europa.

Sjølv om mange tilreisande, i tillegg til historikarar, antikvarar og andre med interesse for den gamle bybebyggelsen, peika på det eineståande ved den gamle bystrukturen og samspelet mellom den gamle trehusbebyggelsen og byplanen, var ikkje dette eit syn som byens politiske og administrative styresmakter delte på den tida. Dei såg på byen med den regularistiske planleggjaren sine auge. Byen skulle

moderniserast og det skulle leggjast til rette for god biltilkomst, betre parkeringsdekning og ei betre utnytting av grunnareala. Dette gjorde det nødvendig med ei omfattande riving. Dessutan hadde murtvanglova, krigsåra og etterfølgjande rasjoningering gjort at dei gamle trebygningane framstod som forfalne med manglande ytre og indre vedlikehald. Det var vanskeleg for innbyggjarane og politikarane i byen å sjå kvalitetane i det gamle og forfalne. Dei fleste meinte det var best å erstatte det med noko nytt og moderne.

Utgangspunktet for all nybygging i Midtbyen var at den gamle trebebyggelsen skulle bort. Før eller seinare ville den eksisterande bebyggelsen likevel bli borte gjennom riving eller brann. Enkelte stader låg det nye prosjekt og venta på at dei gamle trehusa skulle brenne. Dette galdt også for den verdifulle bryggerekka langs Nidelva. Like etter at den freda bryggerekka nord for Bakke bru vart øydelagt i ein brann i oktober 1967, vart det lansert mange forslag til gjenoppbygging. Nokre av forslaga hadde lenge lege i teiknebordskuffa og venta på ein storbrann. Under overskrifta: *"Arkitekter som for 4 år siden syslet med løsninger, forutsatte bryggebrann"*, skreiv Adresseavisen: *"For enkelte av løsningene har det vært en framtidig forutsetning at bryggene vil være brannherjet og revet."* (Adresseavisen 1967.10.27).

Med denne haldninga til den gamle bygningsmassen var det også vanskeleg å planleggje med tanke på at dei gamle trehusmiljøa skulle bli ståande og gi premissar for utforminga av den nye bebyggelsen: *"Ettersom arkitektene arbeidet med saken, kom de til at dette vil være en uheldig løsning, for hvis bryggene kom bort - en gang i fremtiden måtte man gjøre regning med at også disse gamle husene ville forsvinne gjennom brann og tidens tann - ville det være meget uheldig å ha en "falsk" betongbrygge stående igjen med lengdeaksen mot elven."* (S.st).

Utforminga av nybygg braut stort sett med den eksisterande bebyggelsen både med omsyn til volum og utforming, talet på etasjar, fasadebreidd langs gata, materialbruk og detaljering. Det var ingen grunn til å tilpasse den nye bebyggelsen til den gamle som likevel skulle bort. Byplanlegginga bygde på førestilingane om at den gamle byen stod i vegen for den moderne byen, og at den gamle bebyggelsen måtte bort for å gi plass for ein ny by som var i stand til å dekke det moderne samfunnet sitt behov for ny infrastruktur og nye bygningsstrukturar.

I ein interpellasjonen i bystyret om sanering av den gamle trehusbebyggelsen som bystyret gav si tilslutning til, uttrykte bystyrerepresentant Magne Dønnum (Ap) i 1967: *"...at det beste ville være om den gamle bebyggelsen falt bort etter hvert som den foreldes og blir ulønnsom. En utbredt praksis med å gi dispensasjon (til restaurering og ombygging, mi tilføyning) fører ofte til en utvikling som stanser nybygging, og den hindrer også reguleringene."* (Adresseavisen 1967.03.17).

Å forstå dei gamle trehusmiljøa som bebyggelse som hindra ei fornuftig byutvikling og byfornyning, var den dominerande haldninga blant dei fleste planleggjarane og politikarane i byen.

Sentrale aktørar i byplandiskursen

Det er vanskeleg å forstå kva som kan vere grunnen til den svake stillinga som kulturminnevernet hadde i Trondheim i 1960-1970-åra. Ein kan finne haldepunkt for rivingsiveren i det forholdet at byen vart forvalta av mellomkrigstidas planleggjarar og politikarar. Dette var aktørar som var prega av ein annan diskurs enn den som på slutten av 1960-talet kom til å dominere forståingsformene på universiteta og høgskolane, og etter kvart også kom til å sette preg på haldningane i departementa. Den politiske og faglege administrasjonen i Trondheim kom derimot enno i mange år til å vere dominert av folk som hadde meir sans for moderniseringsprosjektet enn vernetanken.

Gjennom heile 1960-talet og den første halvdel av 1970-talet var haldningane i den kommunale plan- og bygningsadministrasjonen tydeleg regulærisk. Hovudmålet var ei modernisering av byen gjennom infrastrukturbygging og fornying av den gamle bygningsmassen. Desse tankane vart lite utfordra av nye tankar internt i den faglege administrasjonen. Samanslåinga av kommunane Trondheim, Strinda, Tiller, Leinstrand og Byneset til storkommunen Trondheim i 1963, skapte eit overskot av fagfolk av "den gamle skolen" i kommuneadministrasjonen og hindra nyrekruttering av unge planleggjarar med nye idéar. Etter samanslåinga vart den nye plan- og bygningsadministrasjonen sett saman av fagpersonar henta frå dei tekniske administrasjonskontora i desse kommunane. Leiinga i storkommunen Trondheim sin nye tekniske administrasjonen kom til å bli prega av ei ingeniørtung faggruppe med personar med omlag same alder og fagleg bakgrunn, prega av moderniserings- og gjenreisingsprosjektet sitt faglege tankegodt.

Lars Folstad var utdanna bygningsingeniør frå NTH. Etter arbeid i kommunane Bergen og Stavanger kom han i 1957 tilbake til Trondheim og starta ein kommunal karriere som oppmålingssjef og vart seinare teknisk rådmann. Etter kommunesamanslutninga vart denne stillinga delt mellom ein bustadrådmann som fekk ansvaret for utbygging, og ein teknisk rådmann som hadde ansvaret for drift. (Stuggu 1997a). Folstad vart tilsett som bustadrådmann og seinare direktør ved byggje- og eigedomskontoret i kommunen. Han gjekk av for aldersgrensa i 1984 (Adresseavisen 1984.01.13).

Johan Eggen var også utdanna bygningsingeniør ved NTH omlag samtidig med Folstad og var teknisk rådmann i Strinda kommune ved kommunesamanslutninga. Eggen fekk stillinga som teknisk rådmann i storkommunen Trondheim og ansvaret for den tekniske drifta av kommunen. Eggen vart seinare kommunaldirek-

tør for teknisk avdeling som samla dei tekniske tenestene i kommunen. Eggen gjekk av for aldersgrensa i 1983 (Adresseavisen 1983.06.14).

Saman representerte desse ei sterk ingeniørfagleg tilnærming til dei problemstillingane som var knytte til utviklinga av storkommunen Trondheim. Det vart lagt hovudvekt på å skaffe nye utbyggingsareal, utbygging av infrastruktur og trafikkspørsmåla. I avisintervju gav dei uttrykk for at det var den tekniske infrastrukturbygginga av Trondheim som stod sentralt i byutviklinga på denne tida (Adresseavisen 1983.06.14; 1984.01.13).

Oddmund Suul vart tilsett som byens første reguleringsarkitekt og vart seinare byplansjef for ei raskt veksande byplanavdeling. Adresseavisen omtala han som ein fredens og godviljens mann som aldri tok ein strid når det kunne unngåast. *"Den kulturbevisste byplansjefen kunne vel ofte komme i knipe mellom hva han anså som ønskelig å bevare - og presset fra kommunen, næringslivet og de boligløse."* (Adresseavisen 1977.01.20). Suul hadde leiande verv i Trondhjems Historiske Forening og var opptatt av å verne den gamle trebyen. Innanfor ein byplandiskurs som var dominert av eit regularistisk tankegodts både i den politiske og faglege leiinga, vart det derimot vanskeleg for ein forsiktig mann som Oddmund Suul å vinne fram med nye, kulturalistiske idear.

I perioden etter krigen og fram til 1975, stod Arbeiderpartiet sterkt i Trondheims politiske liv. Det er kjent at Arbeidarpartiet hadde større sans for moderniseringsprosjektet enn for vernetanken (Stugu 1997a). På den andre sida var det ei tverrpolitisk semje om behovet for modernisering og at det var nødvendig å rive. I Trondheim var det stort sett Venstre og Sosialistisk Folkeparti som representerte opposisjonen mot dei mange rivingsprosjekta på slutten av 1960-talet. Desse partia stod derimot svakt i Trondheim bystyre på den tida.

Som bystyrerepresentant sidan 1946 og ordførar frå 1963 til 1970, var Odd Sagør (Ap) ein markert politikarar. Avbroten av ein periode som statsråd i Trygve Bratteli si regjering i tidsrommet frå 1973 til 1976, var han dessutan finansrådmann under skiftande ordførarar frå Arbeidarpartiet og Høgre frå 1970 til han gjekk av for aldersgrensa i 1985. Sagør kom derfor til å prege det politiske arbeidet i kommunen i ein stor del av den tida eg har studert byplandiskursen i Trondheim. Då Sagør i eit intervju med Adresseavisen vart spurt om kva han hugsa tilbake på med størst glede svara han: *"- ordførertiden i 60-årene da vi bygget oss gjennom bolignøden, gjennomførte kommunesammenslåingen og følte at det var vekst og velstand . Da gikk arbeidet lett."* (Adresseavisen 1985.07.17).

"La den ikke bli en gold og karakterløs by!"

Kampen om Svaneapoteket og Hornemannsgården representerte eit vendepunkt i byutviklinga i Trondheim og markerte at kulturalistiske idear i byplanlegginga var i ferd med å etablere seg. I første rekkje kom dette til uttrykk ved at vern av dei gamle trepalèa på Torget ikkje berre vart eit spørsmål om å ta vare på to viktige historiske bygningar som representerte gullalderen i panelarkitekturen i Trondheim, men også at desse bygningane representerte kvalitetetar som var viktig å ta vare på av omsyn til bykarakteren og byen som livsmiljø. Dei konstituerte trebyen Trondheim.

I sin "manande" appell på Torget sa Martin Michaelsen;

"Nåtidsmennesket har oppdagat at jaget etter statussymboler ikke er nok. Det folk forlanger er noe annet, noe mer - dette undefinerbare "trivsel og miljø". Her i Trondheim er vi så heldige ennå å ha noe igjen av disse faktorer. Vi som går her i hverdagen tar det som en selvfølge. Men vi blir naturlig nok stolte når tilreisende berømmer vår by og skriker over seg om byens beliggenhet, byens monumentale byggverk, byens brede gater, dens særpreg og dens åpenhet mot fjorden? Men hva gjør vi så for å bevare disse goder?" (Adresseavisen 1970.11.30).

Medan den rådande planleggingsretninga var opptatt av at byen heile tida skulle tilpasse seg næringslivets behov, var dei nye alliansane opptatte av heilt andre kvalitetar ved byen. Byen skulle skape trivsel, representere eit godt livsmiljø og gode stader å opphalde seg på.

"...som vanlig borger av byen ser jeg hvordan den (Svaneapoteket, mi tilføyning) er med og skaper miljø rundt Torvet, er med og skaper miljø rundt Vår Frues Kirke - er med og binder sammen miljøet fra Torvet til elven og er med og skaper en helhet i den interessante og vekslende arkitektur på denne strekningen. Både som selvstendig byggverk og som miljøskapende faktor i strøket er Svaneapoteket umislig for oss.... Trondheim er en by i vekst. Trondheim er en framtidsrettet by, og skal være det. Men la den ikke bli en gold og karakterløs by for Trondheim er en by med tradisjoner og miljø - og det plikter vi å ta vare på." (S.st.).

Martin Michaelsen sette i denne appellen ord på det som fleire og fleire av borgarane i Trondheim meinte om utviklinga av trehusmiljøa i Trondheim. Han framheva dei miljøverdiane som desse trehusmiljøa representerte, og korleis desse bygningsmiljøa konstituerte byen, gav han eigenart og særpreg. Sjølv om dei antikvariske miljøa også argumenterte med verdiar som estetikk, arkitektonisk kvalitet, karakter og miljø, var det likevel dei antikvariske vernekriteria som aldersverdi og autentisitet som vog tyngst i deira argumentasjon. Ved å trekke inn den verdien bygningane representerte for bymiljøet i brei forstand, vart større delar av innbyggjarane i byen mobiliserte for vernetanken.

I dag undrar vi oss over at det i det heile kunne oppstå strid om verdien av trepalèa på Torget. Det var eit sterkt utbyggingspress i Midtbyen. Dessutan var det stor usemje om bruken av dei nedslitne og upraktiske trebygningane. Konflikten om vern eller riving av desse bygningane medverka etter kvart til ei utviding av vernetanken til også å omfatte bygningane sin verdi som konstituerande element i det karakteristiske byrommet som Torget representerte. Med dette vart perspektivet flytta frå den enkelte bygningen til bygningen sin plass i bygningsmiljøet og til den enkelte bygning sitt forhold til byen. Sjølv om desse problemstillingane kan verke akademiske, fekk debatten oppslutning både blant innbyggjarane i byen og blant politikarane. Striden om Svaneapotektet og Hornemannsgården opna opp for ei breiare forståing av vernetanken; at vern av gamle bygningar og bygningsmiljø har verdi for det moderne livet og for byen som livsmiljø.

"Mitt inntrykk er at man på grunn av boligidealer som faktisk er noe avleggs i dag, vil ha fjernet all gammel bebyggelse. Man vil reise moderne og litt kald, ny bebyggelse, slik som man har gjort det i lang tid. Og så er man ikke klar over at det har vokst opp en ny generasjon mennesker som gjerne, meget gjerne, vil leve i de gamle husene og trives der."

(Stephan Tschudi Madsen, 1975)

7. Byen som livsmiljø

Den regularistiske planleggingsmodellen tok sikte på ei omvandling av byen. Byen skulle tilpassast nye transportvilkår, og gjennom ei utskifting av gammel bebyggelse og fornying av infrastrukturen, skulle byen tilpasse seg nye produksjons- og forbrukstilhøve. Bustadene skulle flyttast ut frå sentrale strøk til dei moderne drabantbyane i utkantane av sentrum. Ein ny og meir rasjonell by med moderne betonghus skulle utviklast på rivingstomter i sentrum. Bymiljøaksjonane på 1970-talet handla om opprøret mot denne tenkinga. Byen skulle oppretthaldast som eit livsmiljø. Knappt andre stader i Noreg var striden om vern av eldre bymiljø hardare enn i Trondheim.

Sanering av Korsgata - Vollabakkenområdet

Planane for ei utviding av Noregs tekniske høgskole (NTH) sitt interesseområde starta ein debatt om vern av det gamle trehusmiljøet i Korsgata-Vollabakkenområdet. NTH planla å rive dei gamle bygningane for å byggje ny arkitektskole. I NTH si årsmelding 1967-1968 heitte det at området Korsgata-Singsakerbakken omfattar *"vesentlig eldre trebebyggelse som ansees for å være saneringsmoden"* (Stugu 1997:167). Kommunen var einig i dette, og i kommunen sitt saksframlegg kommenterte bustadrådmann Lars Folstad saka slik: *"Fornyelse av gammel bebyggelse i sentrale bydeler er en vanskelig sak. ... med den betydning som høgskolen har for byen, bør de kommunale myndigheter etter min mening ta de byplanmessige konsekvenser som forslaget fører med seg."* (Bystyresak 1963/3:95).

Det var få som hadde motførestillingar til desse planane. Bebyggelsen vart vurdert som saneringsmoden og ny bebyggelse ville i følgje Adresseavisen tilføre området nye kvalitetar: *"I løpet av ganske få år vil området ... totalt endre karakter, og den gamle, saneringsmodne bebyggelsen man her har må vike plassen for nybyg-*

gene til arkitektavdelingen ved Norges Tekniske Høyskole. ... Ellers sier det seg selv at byen ser med stor glede på den fornyelse som her kommer til å skje. Strøket kommer uten tvil til å tilføres nye og store miljømessige verdier. ... Og alle vil vel hilse med glede at den lite flatterende bebyggelse vi i dag har i Høyskolens nærhet forsvinner og erstattes med parkanlegg og moderne undervisningsbygg." (Adresseavisen 1967).



*Figur:7.1: Oversikt over dei omtala bustadområde.
Kartgrunnlag: Trondheim kommune.*

Det vart halden arkitektkonkurransen, og Trondheim kommune og Statens bygge- og eigedomdirektorat (SBE) starta arbeidet med ekspropriasjon av eigedommar i området. Bustadbyggjelaget TOBB fekk i oppdrag å flytte ut bebuarane og elles forvalte området med tanke på ei snarleg sanering. Studentar fekk flytte inn i ledige husvære på korttidskontraktar. På grunn av manglande løyvingar frå Stortinget vart utbygginga utsett, og etter kvart vart det tydeleg at nokon arkitektskole i området vart det ikkje noko av. Men då var mange av husværa fråflytta og mange bygningar allereie rivne (Adresseavisen 1970.10.20).



Figur 7.2: Bilde frå aksjonar i Høgskoleområdet.
Kjelde: (Byggekunst 1972).

Innbyggjarane i området sende derfor eit brev til NTH-administrasjonen om at saneringa måtte stoppast "på grunn av boligmangelen i byen." (Bjørkø 1972). Det vart danna ein aksjonskomité som arrangerte dugnader med oppussing og opprydding og organiserte innflytting i tomme husvære av "folk i bolignød", ofte utan løyve frå TOBB. I oktober 1971 vart "Velforeningen Uredd" stifta med formål "å bevare strøket som boligområde".

I velforeninga si kvitbok heitte det vidare i ein slags krigsretorikk: "En knapp uke etter at Velforeningen var stiftet, startet angrepet på Singsakerbakken 12."

"Huset stod tomt da riving av huset ble satt i gang lørdag 30. oktober. Folk fra Velforeningen kom straks til stede, og etter diskusjoner gikk riveren med på å stanse til en ansvarlig hadde uttalt seg om saken. ... Det ble organisert grupper til å ta seg av reparasjon av vann- og elektrisitetsopplegget, til å ta seg av maling og vakthold av huset. Tre husløse flyttet inn. Onsdag 2. november fikk Velforeningen brev fra NTH-administrasjonen om at rivingsordre var utsatt til departementet hadde tatt endelig avgjørelse om sanering av Korsgata, Vollabakken, Singsakerbakken og Grensen" (Bjørkø 1972).

Så bra gjekk det ikkje i Høgskolevegen 8 der Velforeninga hadde flytta inn tre familiar og ei einsleg mor. Rivarar kom med politieskorte og gjekk i gang med rivingsarbeidet, men vart stoppa av folk som strøymde til. Neste morgon kom derimot rivarane tilbake med ein større politistyrke med hundar.

"Velforeningens medlemmer har de siste dagene pusset opp Høgskoleveien 8, men i går rykket rivingsmannskaper inn med politiets hjelp. Fingrene ble ikke lagt imellom og politihundene var ved enkelte anledninger temmelig nærgående mot demonstrantene", stod det i Adresseavisen dagen etter (Adresseavisen 1971.11.28). Huset vart rydda, vaktstyrken arrestert, og i løpet av eit par dagar var huset rive. Rivingstomta ligg idag ubyggd som ein del av Høgskoleparken.

"Velforeningen Uredd protesterer på nytt. Denne gangen gjelder det Singsakerbakken 8," var oppslaget i Adresseavisen i mars 1972 (Adresseavisen 1972.03.13). Bygningsrådet hadde gitt rivingsløyve "...under tvil. Det blir også poengtert at man vil forsøke å bevare slike gamle gateparti lengst mulig og at riving ikke bør finne sted før det foreligger reelle planer for nybygging." (S.st.). Statens Bygge- og egedomsdirektorat hevdet derimot at huset var så forfalle "at man ikke med rimelige omkostninger kan sette det i stand." (S.st.).

I eit brev til Trondheim kommune orienterte Kyrkje- og undervisningsdepartementet kommunen om at Staten ønska å rive bygningane i området etter kvart som dei vart fråflytta, sjølv om Staten ikkje hadde kortsiktige byggjeplanar i området. I brevet kommenterte departementet motstanden mot å rive desse bygningane på grunn av "bolignøden i Trondheim" slik: "- Staten ser det imidlertid ikke som sin primære oppgave å dekke boligbehovet i Trondheim. ... Ved å stoppe de videre saneringer innen området på det nåværende tidspunkt, vil en påføre Staten store utgifter. ... Hvis imidlertid Trondheim kommune vil påta seg de merutgifter som en hel eller delvis utsettelse av saneringen vil innebære, vil departementet kunne gå inn for at den mest brukbare bebyggelsen i området blir stående." (Adresseavisen 1972.04.22).

I innstillinga til formannskapet hevdet rådmannen, ikkje uventa, at det ville vere uforsvarleg av Trondheim kommune å bruke skattepengar til eit slikt formål (S.st.). På bakgrunn av motstanden mot rivingsplanane vedtok derimot Universitetet i Trondheim i 1973 at bygningane måtte stå og brukast som husvære til det vart lagt fram konkrete byggjeplanar for området. Dermed vart området liggjande med alle sine rivingstomter og opne sår i bygningsmiljøet etter alle bygningane som vart eksproprierte, fråflytta og rivne i denne perioden. Universitetet som eigar av bygningsmassen, var heller ikkje interessert i å koste på vedlikehald av bygningane sjølv om leigebruarane tilbød seg å utføre arbeidet gratis (Adresseavisen 1975.10.07).

I 1982 vedtok Universitetet i Trondheim ein disposisjonsplan for universitetet sitt interesseområde der Korsgata-Vollabakkenområdet vart foreslått tilbakeført til bustadføremaal (Adresseavisen 1982.08.25). Etter 15 år med unødvendig forfall, riving av bygningar, utkastning og fråflytting av bebruarar, vart restane av eit historisk trehusmiljø sikra for ettertida (Adresseavisen 1982.08.24). For få år sidan selde Universitetet området vidare, og området er no rehabilitert og bygd ut til eit attraktivt bustadområde.

Kvifor fekk vi slike umotiverte og meningslause rivingsaksjonar lenge etter at det var avgjort at NTH ikkje lenger hadde bruk for desse områda? Var styresmakterne provoserte av at ungdom på denne måten tok seg til rette gjennom okkupasjonar av kondemnerte og rivingsklare bygningar? Var det meir prestisje enn

realpolitikk som låg til grunn for kommunen og staten si handtering av denne konflikten? Adresseavisen hadde i alle fall lite til overs for husokkupantane i Høgskolebakken: "*Store politistyrker var beordret ut da de hissige og nærmest ubeherskede demonstranter tok et saneringsmodent hus i Høgskoleveien i besittelse.*" (Adresseavisen 1971.11.25).

Denne aksjonen i november 1971 kom til å gå inn i historia som ein av dei hardaste samanstyrtane mellom demonstrantar og politi i Trondheim etter den andre verdskrigen (Adresseavisen 1982.08.24).

Ilsvikøra - "Sørlandsidyll må vike for industriutbygging"


"*Sørlands-idyll*" på Ilsvikøra må om ikke lenge vike til fordel for industriutbygging", heitte det i eit avisoppslag i mars 1966. "*Slik er det så mange steder, idyllen må vike for den moderne industri.*" (Adresseavisen 1966.03.12). Kommunen hadde i 1966 vedtatt ein reguleringsplan som innebar at det idylliske trehusmiljøet skulle sanerast for å kunne disponere området til industri- og hamneutbygging. Protestar frå Fortidsminneforeininga vart ikkje tatt til følge fordi det ville medføre at "*gode bedrifter hindres i sin tiltrengte utvidelse*" (S.st.). Dei antikvariske styresmaktene hadde rett nok sikra seg ein slags vetorett, i og med at dei hadde fått kommunen til å gå med på at alle byggeplanane i området skulle leggjast fram for Riksantikvaren.

Dette kunne ikkje hindre det forfallet som måtte komme (Stugu 1997:170). Kommunen som eigde grunnen og hadde bygsla bort tomtene til bebuarane i området, sa opp bygslingsavtalene med huseigarane. "*Huseierne kan selge for pristakst eller flytte husene til et annet sted,*" var meldinga frå Trondheim kommune (Adresseavisen 1966.03.12). At ikkje alt var berre idyll i dette gamle bustadstrøket vitna ein reportasje frå komdemnerte kommunale bygningar i området om. Reportasjen hadde overskrifta "*Ny vinter i helsefarlige leiligheter på Ilsvikøra. At det bor folk i slike rønner i velferdsstaten Norge er mer enn ufattelig.*" (Adresseavisen 1967.11.22).

Det vesle trehusområdet omfatta 27 bygningar som hadde vakse fram i 1860-åra, bygd av byfiskarar og arbeidarar på industriverksemdene i området. Det eldste huset var bygd i 1780. Dei privateigde bygningane var stort sett i god stand, sjølv om det ikkje var gjort vesentlege endringar på dei opp gjennom åra. Området framstod med høg antikvarisk verneverdi samtidig som det hadde store miljømessige kvalitetar (Adresseavisen 1975.02.15). Riksantikvar Roar Hauglid engasjert seg og ville saman med Trondheim kommune undersøke mogelegheitene for å kunne verne og utvikle "*dette eiendommelige miljøet med sin sjarmerende småhusbebyggelse*" (Adresseavisen 1966.06.28).

Arkitektstudentar frå NTH utarbeidde oppmålingsteikningar og tekniske tilstandsrapportar av bygningane, og arkitekt Lars Fasting ved kommunens Kontor for registrering av eldre bebyggelse utarbeidde ein verne- og rehabiliteringsplan som fekk tilslutning frå Byplanrådet i februar 1975 (Adresseavisen 1975.02.15; Adresseavisen 1975.11.13). I august 1975 innstilte det kommunale rehabiliteringsutvalet på at området burde vernast.

Trondheim havnevesen gjekk sterkt imot dette og meinte at dette området som låg midt inne i hamneområdet, ikkje burde nyttast til bustadføre mål. Husa måtte rivast og området leggjast ut til parkerings- og lagerplass for hamna. "*Ilsvikøra er uegnet for boligformål. .. Området bør saneres og stilles til disposisjon for Ila Pir som parkeringsplass og lagerområder.*" (Adresseavisen 1975.11.13).



Figur 7.3: Perspektiv over Ilsvikøra (t.v) og forslag til ombygging av Ilsvikøra 10. Kontoret for registrering av eldre bebyggelse utarbeidde slike skisser for samtlege hus i området. Kjelde: (Fasting 1976).

På linje med aksjonsformene i andre trua bustadområde, vart det også i Ilsvikøra etablert ei velforeining som samla inn underskrifter for vern av området og skapte blest om vernearbeidet, mellom anna ved å arrangere bebuarfestar som demonstrerte det sterke samholdet i området. "*Samholdet blant øringene er helt fantastisk, og selv om Ilsvikøras skjebne fortsatt er usikker, kommer vi sammen for å minnes gamle dager og for å ha det hyggelig*", fortalde formannen for Ilsviksøra

velforening, Ove Jensen, til Adresseavisen (Adresseavisen 1976.03.24). Det sterke samholdet blant bebuarane og den sterke identifiseringa med området var påfallande ved mange av omtalene av vernearbeidet i Ilsvikøra: "*For sosialt er det å bo på Ilsvikøra. De er som en stor familie hele gjengen. Naboen er aldri langt unna...vi ser nå at de yngre som bor her, vet å holde på noe av innstillingen til sosialt samvær som vi hadde. Det er vel fordi det ligger i blodet til oss øringer det...*" (Adresseavisen 1986.08.11).

Motstanden mot vernearbeidet på Ilsvikøra og i Sanden / Hospitalsløkka kom ikkje til å representere slike konflikter som vi var vitne til i Høgskolebakken og som seinare skulle komme på Bakklandet. I september 1977 var det klart at bebuarane hadde vunne kampen om Ilsvikøra då verneplanen for området vart vedtatt som det første trehusområdet i Trondheim som vart underlagt verneføresegner. Dette skjeddde 20 år etter at Stavanger hadde vedtatt verneplanen for "Gamle Stavanger". Folk fekk kjøpe tilbake dei husa som kommunen hadde kjøpt opp på byrjinga av 1960-tallet. Det vart utarbeidd rehabiliteringsplanar og ei omfattande oppussing og fornying kom i gang.

"Nå står Ilsvikøra og skinner, med nymalte, velholdte hus med krinkler og kroker og vakre detaljer.... Ilsvikøra vitner om hvordan verdier i samfunnet får ny vekt. Gamle bolighus og gamle, stabile bomiljøer verdsettes, ikke minst i sentrums-nære områder. Et av Trondheims tradisjonsrike kulturlandskaper er reddet for fremtiden." (Adresseavisen 1988.05.28).

Sandenområdet - "Idyll i gammel veit"

Allereie i samband med generalplanarbeidet vart området mellom Hospitalsgata - Dronningens gate - Prinsens gate og Kongens gate, peika ut som eit aktuelt verneområde. Her låg ein del "borgarhus" frå midten av førre hundreåret der empirepreget framleis var tatt godt vare på. Dette var praktisk tala det einaste kvartalet som viste det gamle veitmiljøet frå førre hundreåret, utan at nyare bygningar verka forstyrrende inn (Andersson & Skjånes AS 1967b:110-112).

Bygningane i området var stort sett reiste etter den store bybrannen i januar 1842 som la rundt 300 bygningar i oske og gjorde 3000 menneske huslause (Larsen 1972a). Bydelen vart bygd raskt opp att før murtvungen vart innført i byen. Det var stort sett enkle hus med lafta tømmer, med utvendig paneling og teglstein på taka. Dei ulike bygherrane var hovudsakleg arbeidarar og handverkarar. Bygningane som vart bygde opp att, var i stor grad i tråd med ein fleire hundreår gamal byggjetradisjon. Sjølv om det vart gjort reguleringsmessige endringar ved å innføre breie branngater i området etter brannen i 1842, utgjorde mellomalderens veitsystem framleis delar av gatenettet i området (Noach 1975).

Folketalet i Midtbyen hadde hatt ein dramatisk nedgang sidan krigen, samtidig som aldersfordelinga viste eit stadig høgare tal på eldre menneske, særleg kvinner. Frå 1950 til 1975 gjekk talet på busette i Midtbyen ned frå 10 000 til knapt 3200 (Stugu 1997a:148). Berit Brandhts hovudoppgåve i sosiologi viste at innbyggjarane i Sandenområdet var godt nøgde med å bu i Midtbyen, trass i at den sanitærtekniske standarden var låg i store delar av strøket, dei utandørs leike- og opphaldsareala var dårlege og trafikktilhøva utilfredsstillande med støy og ulukkesrisiko (Brandht 1977). På spørsmål om kva som kunne gjerast for å betre på butilhøva, svarta dei fleste at dei usikre framtidsutsiktene for bydelen måtte fjernast ved å etablere garantiar for at bumiljøet vart verna. Den største trusselen for området var biltrafikken og den aukande kontoriseringa:


"Stadig flere eiendommer i området er i de senere år blitt overtatt av private selskaper, hovedsakelig med tanke på en endring fra bolig til forretningsbruk. Antall leieboere synker i samme takt, i dag bor der vesentlig eldre mennesker i de gamle husene." (Adresseavisen 1972.01.02)

Arkitekt Lars Roede, ved Institutt for arkitekturhistorie, NTH, sende i desember 1971 eit privat forslag til reguleringsplan for Sandenområdet til bygningsrådet i Trondheim kommune. Grunnlaget for reguleringsplanforslaget var eit registreringsmateriale som Knut Einar Larsen hadde gjort i eit studentarbeid og som seinare vart publisert i serien "Den nordiska trästaden" (Larsen 1972a; ICOMOS 1972). Reguleringsplanforslaget tok sikte på å sikre dette området mot vidare kontorisering og sanering. Med grunnlag i planforslaget kalla Fortidsminnesmerkeforeningen inn til eit folkemøte om planen. Dette møtet la grunnlaget for ei mobilisering og organisering av bebuarane i området: *"Fra salen kom et spontant forslag om at beboerne bør komme sammen og en komité ble nedsatt for å forberede dannelsen av en beboerforening.... Det ble også foreslått å samle underskrifter til støtte for reguleringsplanen."* (Adresseavisen 1972.04.24).

"Roedeplanen" for Sandenområdet vart handsama i bygningsrådet første gongen i 1972, men sakshandsaminga vart ikkje følgt opp. Planen vart lagt til side i påvente av at Midtbyplanen skulle vidareføre planarbeidet. I Midtbyplanen, som vart vedtatt i 1981, vart heile området regulert til spesialområde *"som på grunn av historiske, antikvariske eller annen kulturell verdi søkes bevart."* (Trondheim kommune 1981:5).

Det vart vedtatt restriktive reguleringsføresegner som gjekk inn for vern av dei eksisterande bygningane si ytre ramme og til ei viss grad tilbakeføring til eit meir opphavleg stiluttrykk. Dersom eksisterande murhus som var høgare enn to etasjar, skulle brenne eller vart rivne, skulle det erstattast med bygningar i to etasjar og med utforming som harmonerte med dei historiske trebygningane med omsyn til materialval, takteking, fargar, utforming, samt detaljering. Planen gjekk såleis inn

for eit tilbakeføringsprinsipp. Ein tok sikte på å gjenskape dei visuelle kvalitetane som karakteriserte dette historiske trehusmiljøet i Midtbyen.



*Figur 7.4: Ombyggingsforslag
Holstveita 9.
Kjelde: (Fasting 1976).*

I arbeidet med vern av Ilsvikøra utarbeidde Kontoret for registrering av eldre bebyggelse forslag til ombygging og modernisering av eigedomar på Ilsvikøra og i Sanden med kostnadsoverslag som dokumenterte at kostnadene samanlikna med buutgiftene i eit nytt bustadområde, var låge.

I samband med "Bymiljøkampanjen 80/81", som var initiert av fleire departement, vart det i samarbeid med Trondheim kommune sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som skulle foreslå korleis Sandenområdet kunne vidareutviklast. Arbeidet med denne kampanjen var hovudsakleg retta mot ei utbetring av trafikktilhøva i bysentra. Samansettinga av arbeidsgruppa var eit tydeleg signal på at kulturalistiske planleggingshaldningar etter kvart hadde fått eit godt fotfeste i planleggingsarbeidet i kommunen. Mange ulike profesjonar var representerte i arbeidet: Sosiolog, landskapsarkitekt, designar, byplanforskar, arkitekt og sivilingeniør i tillegg til representantar for Sanden og Løkken velforening (Adresseavisen 1981.10.23).

Arbeidsgruppa skulle vere eit korrektiv til den kommunale planlegginga, og målsettinga var å gjere området best mogeleg å bu i for bebruarane. Arbeidet enda opp med forslag til trafikksanering og utforming av gategaten. Dette innebar derimot konflikter med dei næringsdrivande i området i spørsmålet om biltilkomst, parkeringsdekning og gjennomgangstrafikk. Bebruarane såg på bilen som eit framandelement i bustadområdet, medan dei næringsdrivande såg på god biltilkomst og god parkeringsdekning som ein føresetnad for å kunne oppretthalde næringsverksemda i bydelen. "*Ellers anså arbeidsgruppen sin oppgave mye som en rehabiliteringsoppgave, der det kanskje i like stor grad var et kultursyn som oppfinnsomhet man skulle gi uttrykk for.*" (S.st.).

Både i tilknytning til Ilsvikøra og Sandenområdet kom det etter kvart fleire og fleire avisreportasjar som presenterte positive og idylliserte reportasjar frå desse bustadområda under overskrifter som "*Idyll i gammel veit*" (Adresseavisen 1975.02

.18), "*Sanden kan bli en oase.*" (Adresseavisen 1975,05.15), "*Ilsvikøra i finstasen.*" (Adresseavisen 1986.08.11).

Både Sandenområdet og Ilsvikøra var etter måten homogene bustadområde som var trua av kontorisering, stor biltrafikk med støy og luftforureining. Dette samsvara derimot dårleg med dei førestillingane ein tidleg på 1970-talet hadde om gode bustadområde. Men etter kvart vart andre kvalitetar ved området tydelege. Dette galdt ikkje berre dei antikvariske verdiane, men også dei kvalitetane området hadde som bustadområde. Levekårsundersøkingar fekk synleggjort kvalitetar som sosialt nettverk, bydelens identitetsskapande verdi og funksjonelt og fysisk mangfald. Etter kvart som ressusterke bebuarar flytta inn og tok til å pusse opp eigedomane, vart dei positive eigenskapane ved bumiljøet meir synlege. Både Sanden og Ilsvikøra stod etter kvart fram som attraktive byområde, både funksjonelt og visuelt. Nærleiken til sentrum var ein verdi som ofte vart framheva i intervju med bebuarane i desse områda, i tillegg til at dei gamle bustadområda representerte etablerte og gode sosiale nettverk, eigenskapar som dei nye drabantbyområda utanfor byen mangla.

Bakklandet lever!

På eit tidspunkt då det såg ut til at striden om Bakklandet likevel skulle gå i verneinteressene sin favør, gav Ida Bull og Inga Næss ut boka "*Bakklandet lever!*" (Bull og Næss 1985). Mange hadde lenge stilt spørsmål om det var liv laga i bydelen. Kommunen hadde kjøpt opp ein stor del av husa i området med tanke på riving. Mange bygningar var allereie rivne og mange var sette i brann. Det var ein nedsliten og utarma bydel som etter kvart skulle reise seg som ein "Fugl Fønix" av oska og bli eit symbol på bymiljøarbeidet i Trondheim der mange ulike interesser foreina seg i arbeidet med å verne dette gamle trehusmiljøet ved Nidelva. I dag er Bakklandet eit av dei mest populære bustadstrøka i Trondheim. Mange spør med ei stor grad av undring kva slags forståing politikarar og planleggjarar hadde av dei mange miljøkvalitetane ved denne bydelen, og kva det var som påverka endringa i synet på Bakklandet?

Det området som vi reknar som Bakklandet, omfattar den smale landstripa langs elva frå Vollabakken til Bakke bru. På slutten av 1600-talet begynte det å gro fram busetting langs elva. Utover 1700-talet skulle dette området få ein byprega bebyggelse. Grunnlaget for denne busettinga var bynæringar som handverk og handel. Om sommaren kom det dessutan mange tilreisande frå omlandet for å drive teglbrenning, ei verksemd som hadde vore i drift sidan Magnus Lagabøter si tid. Nærleiken til festningsanlegget Kristiansten gjorde også til at det budde mange soldatar på Bakklandet. Dei første bygningane på Bakklandet vart brende av svenske solda-

tar i 1658. I 1718 kom svenskane tilbake. Denne gongen vart dei nyoppsette husa rivne for at materialane skulle brukast som festningsverk (Bull m.fl. 1985).

Dei mange reguleringane som vart gjort gjeldande i byen etter den store brannen i 1681 (Hornemannsbrannen), galdt ikkje på Bakklandet. Dette gjorde det lettare å etablere verksemdar her. Utover på 1800-talet blomstra dessutan nordlandshandelen der bakklandskjøpmennene var særleg aktive. Denne verksemda la også grunnlaget for etablering av reparasjonsverkstad og båtbyggeri, i tillegg til anna verksemd som var knytt til skipsfart og verftsindustri. Det utvikla seg etter kvart eit allsidig industri- og skipsfartsmiljø på Bakklandet som på 1700-1800-talet var ein rik industri- og handelsstad og det første typiske arbeidarstrøket i byen.

Avviklinga av handelsprivilegia og omlegging av samferdselsårer, var viktige grunnar til at den store handelsverksemda på Bakklandet forsvann på slutten av det 19. hundreåret. Fleire av skipsverfta greidde heller ikkje overgangen frå å bygge seglskuter til å bygge dampskip, og vart lagde ned. Etableringa av Bakke bru og ei ny Elgeseter bru førte også trafikken bort frå Bakklandet og reduserte næringsgrunnlaget for butikkar og losjiverksemdar. Verksemdar flytta etter kvart bort frå Bakklandet og den blomstrande handels- og industriverksemda vart etter kvart bygd ned. I samband med byutvidinga i 1846, vart Bakklandet innlemma i byen og reglar og restriksjonar som galdt Midtbyen, vart også gjort gjeldande på Bakklandet.

Sjølv om vi ikkje kjenner til noka busetnad på Bakklandet før på midten av 1600-talet, hadde likevel Bakklandet vakse fram slik mellomalderbyane utvikla seg, utan noka form for regulering. Elvas krumming og elvebrinken sin topografi avgjorde utforminga av gatenett og bebyggelsesmønster. Dette gav ein variasjon i bygningstypar og storleik, i motsetning til den stramme reguleringa av Midtbyen.

Det sosiale miljøet på Bakklandet var mangfaldig, noko som medverka til ein variert bebyggelse med store variasjonar frå hus til hus, med ulike etasjehøgder, fasadeutforming og detaljering. Totalt sett hadde likevel bebyggelsen eit einskapleg preg, karakteristisk for trebyen. Bygningstypane på Bakklandet kan ha røter tilbake til 1100-talet med samanbygde brygge- og våningshus som vi også kjenner frå Tyskerbryggen i Bergen. Storparten av bygningane omfatta ein- og to-etasjes, panelkledde tømmerhus. Husa ligg med langsida mot gata, slik det er vanleg i Trondheim. Gjennom ein køyreport kjem vi inn til eit romsleg gardsrom med bakgardar og uthus.

Murtvangen som vart innført på Bakklandet i 1845, samstundes med Midtbyen, sette ein stopp for bygging av trehus på Bakklandet. Den nordre delen av Bakklandet vart bygd ut etter 1845 og inneheld mange murbygningar. I september 1847 skjedde det ein ny brannkatastrofe då rundt 30 gardar i Nygata / Nedre Bakklandet brann ned eller vart sterkt brannskadde. Nye bygningar vart oppførte i mur, utan at

desse avveik frå trehusa i form, dimensjonar og proporsjonering. Trass i dette innslaget av murbebyggelse tok Bakklandet vare på trebykarakteren.

Den faktiske alderen til mange av bygningane på Bakklandet, utbyggingsmønsteret, byggjeskikken og dei visuelle kvalitetane som er knytte til det varierte bygningsmønsteret, gjer at Bakklandet vert rekna som eit stykke verneverdig bygningshistorie. Det visuelle og funksjonelle mangfaldet gjer også at bydelen har rike kvalitetar som by- og bustadmiljø. (Næss 1985:81-93; Larsen 1972b:113-131).



Figur 7.5: Sverre Pedersens forslag til reguleringsplan for Bakklandet ca. 1920 (t.v.) og kommunens plan frå 1949.

Kjelde: (Stuggu 1997a).

Tanken om å sanere Bakklandet går tilbake til byrjinga av 1900-talet. Med utgangspunkt i eit byplanforslag frå 1912, utarbeidde stadskonduktørkontoret ved Sverre Pedersen i 1920 ein plan for Bakklandet som innebar ei omfattande sanering av den gamle trebebyggelsen og utbygging av eit moderne bustadområde (Stugu 1997a :162).

Planane om å byggje hovudveg over Bakklandet kom først seinare. Etter den andre verdskrigen var Bakklandet framleis ein bydel med eit heilskapleg, men likevel variert bygningsmiljø. I 1949 vedtok bystyret ein reguleringsplan for Øvre Bakklandet for å sikre ei gateutviding gjennom området. Denne planen innebar at alle eksisterande trehusbebyggelse langs gata skulle rivast. Kommunen sine planar for bydelen gjorde innbyggjarane utrygge om framtida og førte til at bydelen tok til å forfalle.

Forslaget til Generalplan for Trondheim, som vart presentert i 1965, introduserte Bakklandstangenten, ein motorveg over Bakklandet med fire køyrefelt, planfrie kryss og ei byggjelinje på 75 meter, i tråd med gjeldande vegnormal (Anderson & Skjånes 1965). Bystyret vedtok dessutan å greie ut eit forslag om å leggje ein trafikkterminal i tilknytning til motorvegen, sjølv om dette innebar riving av dei verne-

verdige bryggene nord for Bakke bru. (Adresseavisen 1966.10.27; Bystyresak 1967/304; Stugu 1997:164). Dette var også i tråd med Vegdirektoratets ønske. "Planen forutsetter også at det bygges en ny Bybro med minimum 5 spor, hvorav 2 føres ... opp i Nedre Møllenberggate... Videre legges forbindelsen mellom motorveg øst og syd gjennom et strøk av byen som har svært liten bymiljømessig verdi og hvor storparten av bebyggelsen er saneringsmoden." (Adresseavisen 1966.10.27)



Figur 7.6: Alternative brualternativ og vegføringer over Bakklandet
Kjelde: Generalplanen for Trondheim 1965 (Andersson & Skjånes 1965)

Allereie under arbeidet med generalplanen tok Riksantikvaren til orde for å ta vare på denne bydelen, og meinte at Trondheim kommune måtte vurdere andre løysingar for det planlagde trafikksystemet i byen: "... vi vil ikke unnlate å be om at alternativet med veg på Nidelvens søndre bredd underkastes en grundig analyse før et endelig standpunkt blir tatt," uttala Riksantikvaren til kommunen (Andersson & Skjånes AS 1967 b:112).

Sjølv om bystyret ikkje tok standpunkt til hovudvegnettet i dei sentrale byområda då dei vedtok Generalplanen for Trondheim, var det stor semje om behovet for å leggje ein hovudveg over Bakklandet. Spørsmålet om utforminga av hovudvegnettet vart følgt opp med nye utgreiingar. Transportanalysen for Trondheim som vart vedtatt av bystyret i juni 1974, uttrykte eit klart behov for ein hovudveg over Bakklandet. Dette vedtaket vart følgt opp i samband med arbeidet med Norsk Veg-

plan II for perioden 1978 - 1985. Vegplanutvalet la fram forslaget sitt på slutten av 1974 (Adresseavisen 1974.12.12).

I dette forslaget som vart vedtatt av bystyret i juni 1975, var hovudvegen over Bakklandet prioritert som eit riksvegprosjekt. Vegprosjektet innebar ein fire-felts motorveg med parallelle mategater og separat gang- og sykkelveg frå Elgeseter gate til Bakke bru. Vegen skulle følgje Vollabakken og Øvre Bakklandet til Lillegårdsbakken. Frå Lillegårdsbakken skulle vegen gå i ein trase gjennom bebyggelsen på austsida av Øvre og Nedre Bakklandet fram til Asylbakken og vidare langs Nedre Bakklandet fram til Bakke bru. Forslaget innebar riving av 49 hus, om lag halvparten av alle bygningane innanfor den verneverdige Bakklandsbebyggelsen, og total forvandling av dette verneverdige bygningsmiljøet (Trondheim kommune 1979a:174).

Kommunale oppkjøp starta rasinga

På grunnlag av desse vegplanane sørgja kommunen for å sikre seg forkjøpsrett til eigedomane på Bakklandet og gjekk til planmessig oppkjøp. Allereie i 1963 var kommunen blitt byens største huseigar, men ein stor del av desse bygningane vart rekna som saneringsmodne og kjøpte opp for å skulle rivast (Stugu 1997:163). Etter kvart som kommunen fekk hand om eigedomane, vart dei fråflytta og i mange tilfelle rivne. Kommunane brukte også nokre av desse eigedomane som mellombels bustad for svakarestilte bustadsøkarar.

Forslumminga av Bakklandet begynte for alvor med det kommunale oppkjøpet av hus i området (Bull m.fl. 1985:97-107). Kommunen hadde inga interesse av å vedlikehalde husa fordi dei likevel skulle rivast (Nistov 1982). Den usikre framtida, kommunen sine oppkjøp av eigedomar, forfall og riving av bygningsmassen, førte til fråflytting. Dei som vart buande att, var eldre og ofte ressursvake personar. Men det var også stor innflytting av yngre og einslege, gjerne studentar og andre som hadde behov for rimelege og mellombelse husvære, men som representerte ei ustabil bebuargruppe.

Rundt 1980 hadde Trondheim kommune kjøpt opp rundt 100 eigedomar på Bakklandet (Adresseavisen 1980.10.16a). Ei optelling i 1977 viste at heile 35 av kommunen sine husvære på Bakklandet stod tomme og var utsette for forfall, hærverk og brannfare (Bull m.fl. 1985:104). Ein liten notis i Adresseavisen fortel mykje om situasjonen på Bakklandet på den tida:

"Nok en bygning på Bakklandet ble revet i går kveld. I løpet av et par kveldstimer hadde en bulldoser og en gravemaskin jevnet Nedre Bakklandet 43 med jorden, og to lastebiler fjernet hurtig restene. Alt i januar vedtok bygningsrådet rivingstillatelsen for dette bygget. Både Samarbeidsgruppa for Natur og Miljøvern

og Velforeningen for Bakklandet protesterte den gang mot vedtaket. De mente huset var fullt brukbart og at kommunen ville rive det bare for å gi plass til motorveien. Protesten ble ikke tatt til følge med den begrunnelsen at disse foreningene ikke hadde rettslig klageinteresse i denne saken..... Det siste året har huset stått tomt, og naboene kunne fortelle at det har vært tilholdssted for tilfeldig besøkende. For ikke lenge siden brant huset ved siden av og i nabolaget var det frykt for at også dette ville begynne å brenne,....Huset var bygget i hel tømmer og rivingsarbeiderne kunne fortelle at det ikke var særlig råttent." (Adresseavisen 1975.06.19).

Stort sett var det kommunen som stod for rivinga av gamle trehus på Bakklandet. Hus som ikkje vart rivne, vart ofte ståande tomme, utan straum eller vatn, men opne for kven som helst som ville ta husa i bruk som nattlosji. Fleire av desse husa vart brannherja og seinare rivne. Det vart derfor spekulert i om ein pyroman var på ferde. Ei populær revyvisje frå UKA-69, "Pyromanen", harselerte med at kommunen hadde tilsett ein pyroman som skulle gjere kommunens saneringsplan lettare å realisere (Studentenes Interne Teater 1969). Dei ansvarlege i kommunen såg neppe dei hyppige brannane på Bakklandet som noko stort tap. Skadene trengte ikkje vere særleg omfattande før rivingsmannskapet var på pletten (Stugu 1997a:163).

Husokkupasjonar hindra riving

Utarminga av Bakklandet hadde pågått i lengre tid før vernearbeidet kom i gang i samband med stiftinga av Miljøaksjonen. Det første organiserte initiativet til å ta vare på Bakklandet var tatt av "Miljøgruppa på Bakklandet" i 1971. I Bakklands-Avisa tok dei opp miljøforholda i området og kommunens rivingspolitikk. Miljøgruppa danna grunnlaget for stiftinga av "*Bakklandet og Lillegårdsbakken Velforening*" same året. Målsettinga var å arbeide for at bydelen vart tatt vare på som bustadområde. Som vanleg i slike eldre bydelar, var ein stor del av innbyggjarane eldre menneske som ikkje hadde ressursar til å organisere ein motstand mot kommunens saneringspolitikk. Men det var mange ungdommar og studentar som rett nok hadde eit tidsavgrensa perspektiv på å bu på Bakklandet, men som likevel engasjerte seg i vernearbeidet, ofte med nye og kontroversielle metodar.

Husokkupasjon vart eit viktig middel i kampen mot kommunens rivingspolitikk. For å redde hus frå sanering, tok styret i velforeninga initiativ til å flytte inn folk i dei tomme husværa. Dermed hindra ein også at bustadlause tok husa i bruk som nattlosji, med dei tragiske konsekvensane dette ofte fekk. Hus vart sette i stand gjennom dugnadsarbeid. Under overskrifta "*Dugnad på Bakklandet*" fortel velforeninga gjennom Adresseavisen grunnlaget for denne oppussingsaksjonen:

"Trondheim kommunes politikk for bydelen Bakklandet har vært å gjøre bydelen ubeboelig. Midlene har vært forslumming og sniksanering, bl.a. ved at kommunens leiligheter blir stående tomme eller ikke er blitt vedlikeholdt. Boligsøkende

blir avvist med uholdbare påskudd og på tross av forbitrede protester fra en samlet befolkning, turer kommunen frem med arrogant maktmisbruk. ... Men dette vil nå beboerne ha slutt på. Derfor vil Bakklandet og Lillegårdsbakken Velforening i ukene fremover organisere og lede dugnader under faglig bistand og på særlig utsatte hus. Folk på Bakklandet vil fortsatt bo på Bakklandet og vil ta opp den kampen som kommunen tvinger på dem for å nå dette målet." (Adresseavisen 1976.09.20).

Ulovlege husokkupasjonar redda truleg fleire hus frå riving eller brannøyleggingar. Men slike tiltak skapte dramatiske situasjonar og splitta bebuarane på Bakklandet. Styret i velforeninga la i ein periode ned vervet sitt for ikkje å bli ansvarleg for desse ulydnadsaksjonane. Eit aksjonsutval vart i staden oppretta for å leie okkupasjonane og dugnadsarbeidet i dei tomme husa. Den nye aksjonslinja vart presentert i ei pressemelding:

"Bakklandet og Lillegårdsbakken Velforening har tatt i bruk nye virkemidler i sin kamp for bevaringen av Bakklandet som boligområde. En innflyttingskampanje er i gang. Det vil si at Velforeningen ikke nøyer seg med såkalt forhandlingslinje overfor Trondheim kommune. Tre leiligheter i Øvre Bakklandet 21 og to leiligheter i Nedre Bakklandet 29, begge kommunale eiendommer, er pusset opp og tatt i bruk av 10 husløse personer i velforeningens navn.... Trondheim kommune har med sin boligpolitikk og sine overgrep på Bakklandet tvunget Bakklands-befolkningen til aksjoner ingen kan ønske, men som vi anser som eneste utvei for å bevare vår bydel som boligområde. Vi er innforstått med at bevaringsarbeidet hermed går inn i sin mest alvorlige fase. Det er mot denne bakgrunn vi igjen henvender oss til Trondheims befolkning og ber om fornyet støtte til våre krav om full bosetting og bevaring av Bakklandet som boligområde." (Adresseavisen 1977.09.19).

Bakklandet og Lillegårdsbakken Velforening sørgja for at fleire fråflytta bustadar vart tatt i bruk som husvære etter ei enkel oppussing (Adresseavisen 1977.09.19). Etter press hadde kommunen gått med på dette. No ønska velforeninga at den verneverdige, kommunale eigedomen frå 1700-talet, Øvre Bakklandet 1B, skulle takast i bruk som bustad. Eigedomen var avstengd og fråflytta. Bygningsrådet hadde gitt rivingsløyve allereie i februar 1975, men måtte trekke rivingsløyvet tilbake på grunn av feil i sakshandsaminga. Same haust vart det på nytt fremma ein søknad om riving.

Velforeninga bad Trondheim kommune sikre eigedomen og sørgje for at bygningen vart busett. Dersom dette ikkje skjedde, ville velforeninga pusse opp huset og flytte inn folk som trengte husvære. Kommunen svara med at eit kvart forsøk på å ta i bruk huset ville bli meld til påtalemaktene (Adresseavisen 1976.02.28). Bustaden vart likevel pussa opp på dugnad og to familiar flytta inn. Men no meinte kommunen at nok var nok, braut seg inn i bygningen og kasta ut "leigebruarane" (Adresseavisen 1976.09.01).



*Figur 7.7: Frå Øvre Bakklandet 1952 med Øvre Bakklandet 1 B og bebyggelsen i Lillegårdsbk. som vart riven.
Foto: Fjellanger Widerøe.*

Sommaren 1976 vedtok formannskapet å rive bygningen med den grunnjvinga at det ville koste for mykje å setje bygningen i stand. Riksantikvaren sende brev til kommunen og peika på at Øvre Bakklandet 1 B var svært verneverdig og burde rehabiliterast. Lars Fasting ved Kontoret for registrering av eldre bebyggelse hadde rekna ut at det ville koste 70 000 kr å setje bygningen i stand, medan Bygging- og eigedomskontoret hadde vurdert kostnadene til 542 000 kr (Adresseavisen 1981.11.14). Bygningen hadde lenge stått tom då Trondheim kommune i november 1981 uventa tilbød han til ein ungdomsgjeng som hadde gått til okkupasjon av Kjøpmannsgata 28 for å skaffe seg eit fritidslokale. Desse takka derimot nei og eigedomen vart seld til private som pussa han opp til ein attraktiv bustadeigedom (Adresseavisen 1985.07.26).

Like bra gjekk det ikkje med andre bygningar som vart okkuperte og pussa opp. Det galdt til dømes Lillegårdsbakken 21 som Velforeininga prøvde å redde, men som likevel vart riven saman med storparten av husa langs Lillegårdsbakken. Fleire kommunale bygningar på Nedre Bakklandet vart i mai 1974 offer for ein storbrann. Vindstille og innsatsen frå brannvesenet hindra ein enno større katastrofe (Adresseavisen 1974.05.11). Den karakteristiske og verneverdige hjørnegården Nedre Bakklandet 24 var fråflytta og kommunen hadde søkt om rivingsløyve. Kommunen hadde latt bygningen stå tom og ulåst då brannen braut ut. Rivingstomtene vart ståande som gapande sår i husrekka i mange år. Manglande sikring og vedlikehald av kommunale eigedomar på Bakklandet var ein stadig trussel mot miljøet og tryggleiken til bebuarane i området.

"Det er ingen kunst å finne skrekkens eksempel på mangelfullt vedlikehold på Bakklandet. Jevnt over er forfallet mest fremtredende der Trondheim kommune selv er gårdeier. Eller hva skal man si om Øvre Bakklandet 17? Nabogården ble revet

for 8 år siden, men fortsatt griner den tragiske tverrveggen mot omverdenen. Intet er gjort for å skjule elendigheten. Tømmer og reisverk i et eneste virvar, nedfalls og så stygt det lar seg gjøre å få det. Øvre Bakklandet 17 er i dag siste gård i trehusrekka mot Lillegårdsbakken. En tristere avslutning kan man knapt tenke seg." (Adresseavisen 1977.07.03).

Det kan verke som om rivingsiveren var større i den kommunale administrasjonen enn blant kommunens politikarar. Skal ein leggje innlegga i Adresseavisen til grunn for ei vurdering av korleis innbyggjarane i kommunen såg på Bakklandet si framtid, var det stor oppslutning om vernetanken. Velforeininga var aktiv og arrangerte støttekonserter for vern av Bakklandet (Adresseavisen 1977.05.13b). Inntektene gjekk til oppussing av okkuperte hus. Det vart arrangert underskriftskampanjar og velforeininga arrangerte også gatefestar og "Bakklandskveld" som medverka til å styrke det sosiale miljøet og samholdet på Bakklandet.

Trondheim kommune verka i mange av desse rivingssakene arrogant og ignorant overfor verneinteressene og innbyggjarane i bydelen. Den 10. mai 1972 vedtok bygningsrådet riving av Nedre Bakklandet 16, men velforeininga klaga til Fylkesmannen på vedtaket. I møte 5. juli vedtok bygningsrådet å sjå bort frå anken då "*en del av bebyggelsen er alt revet*". Den 6. oktober skreiv Fylkesmannen at han ikkje fann nokon grunn til å ta standpunkt til klagen "*siden en har fått opplyst at bebyggelsen på Nedre Bakklandet 16 ble revet i løpet av juli måned i år.*" (Sinding-Larsen 1974.05.24).

Kritikken mot kommunen si forvaltning av tomme husvære på Bakklandet auka. Då det etter kvart viste seg at vegplanane neppe kunne la seg gjennomføre innan rimeleg tid, måtte kommunen sitt eigedomsutval og bustadformidlingsnemnda gi etter og flytte folk inn i dei tomme husværa.

Trondheim kommune hadde vedtatt at Bakklandstangenten skulle byggjast som eit riksveganlegg og finansierast av staten. "*Hvis en ny hovedveg over Bakklandet skal bygges som et riksveganlegg slik forutsetningen har vært, må prosjektet skyves langt ut i tid,*" sa Vegsjefen i Sør-Trøndelag i ei fråsegn om Bakklandsutgreininga (Adresseavisen 1991.03.21).

"Trondheim har ikke råd til å la Bakklandet ødelegges"

Stephan Tschudi-Madsen som var leiar for dei norske aktivitetane i Arkitekturvernåret og vart seinare Riksantikvar, vitja Trondheim hausten 1975. I eit intervju med Adresseavisen, verka han forferda og oppgitt over den negative og forelda haldninga han møtte i Trondheim kommune når det galdt vern av dei gamle trehusmiljøa:

"Og så er det en sak i Trondheim som ligger alle i Arkitekturvernåret tungt på hjertet. Det er bevaring av Bakklandet - en bydel som har stor bygningshistorisk in-

teresse. Hvordan er det egentlig med Bakklandet, skal bydelen bevares eller ikke? Det nytter ikke å få klar beskjed om noen ting. Heller ikke har jeg funnet ut hvem som egentlig har ansvaret for å svare på spørsmålet. Jeg er klar over at en del hus er borte. Men det kan lett gjenreises tilsvarende bygninger for å fylle hullene.

Mitt inntrykk er at man på grunn av boligidealer som faktisk er noe avleggs i dag, vil ha fjernet all gammel bebyggelse. Man vil reise moderne og litt kald, ny bebyggelse, slik som man har gjort det i lang tid. Og så er man ikke klar over at det har vokst opp en ny generasjon mennesker som gjerne, meget gjerne, vil leve i de gamle husene og trives der. .. Bakklandet i Trondheim kunne bli et nytt pilotprosjekt for bevaring av gammel arkitektur, med de fordeler dette kan medføre." (Adresseavisen 1975.10.23b).

Riksantikvaren tilrådte at politikerane i Trondheim tok seg ein tur til Stavanger for å sjå korleis dei rehabiliterte ein gamal bydel med tilsvarande bygningar:

"Bare det å se hvordan det er skapt en ny trivsel og nytt liv i de gamle gatene og de gamle bygårdene. Oppleve hvordan folk flytter tilbake dit med glede, og hvordan handel og annen virksomhet tar seg opp igjen. Det burde være nok til å redde en slik attraksjon som Bakklandet fremdeles kan bli. Og man bør være forsiktige. For det skal ikke mye til før Trondheim - byen som helt til for noen få år siden hadde karakter og personlighet - kan bli en triviell standardby. Trondheim har, etter min mening, ikke råd til å la Bakklandet ødelegges." (S.st.).

Trondheim kommunen heldt fram med å sjokkere og provosere Riksantikvaren. I juni 1981 måtte Riksantikvaren gripe inn og stanse rivinga av Kortmanns fabrikkar på Bakklandet, og gjekk til mellombels freding av den delen som stod att. Storparten av bygningsmassen var allereie riven då Riksantikvaren tilfeldig fekk greie på det som var i ferd med å skje. Kommunen forsvarte seg som vanleg med at bygningen var i for dårleg stand til å kunne vernast for ettertida. Det ville bli altfor dyrt å sette bygningen i stand (Adresseavisen 1981.06.13).

Privat reguleringsplanforslag for Bakklandet

Eit viktig bidrag i debatten om vern av Bakklandet kom på nytt frå Institutt for arkitekturhistorie ved NTH der arkitektane Knut Einar Larsen, Nils Marstein og Paul Andreas Paulsen i mars 1975 fremma eit privat forslag til reguleringsplan for den delen av Bakklandet som Antikvarisk utval hadde peika ut som antikvarisk og historisk verneverdig. Forslaget tok sikte på å stenge Bakklandet for gjennomgangstrafikk og "...bevare Bakklandet som boligområde og at de bestående industri- og ervervsområder også blir beholdt i sitt nåværende omfang." (Bystyresak 1977/83:157-166). Forsvaret av dei antikvariske interessene i området var bæresøyla i argumentasjonen frå forslagsstillarane: "Bakklandet er et svært karakteristisk

eksempel på den førindustrielle bytype. Funksjonelt sett inneholder bydelen en blanding av bolig- og erverv, og bebyggelsen ble derfor preget av dette. Som man kanskje kjenner til, finner man fortsatt denne sammenhengen mellom bolig- og ervervsfunksjoner på Bakklandet, og det mener vi ut frå kulturhistoriske vurderinger er et meget sterkt argument for en bevaring av bydelen." (S.st.).

I 1976 la Antikvarisk utval fram innstillinga "Trondheims bybilde". Denne rapporten gav støtte til det private reguleringsforslaget: Kommunen "gis også i oppdrag å påse at de foreliggende bevaringsplaner for Ilsvikøra, Østre Sanden og Bakklandet viderebehandles." (Fasting 1976:3). Innstillinga foreslo Øvre og Nedre Bakklandet, samt Nygata som vernområde, medan bryggene på Bakklandssida vart foreslått freda (sjå fig. 8.2).

Det private reguleringsforslaget hadde ein viktig mobiliserande verknad og vart støtta av 36 organisasjonar, institusjonar og politiske parti. Det vart samla inn 3700 underskrifter til støtte for verneplanen (Adresseavisen 1977.05.13a). Underskriftsaksjonen som følgde opp denne planen, mobiliserte langt utover det historie- og byplaninteresserte fagmiljøet i byen. Men trass i at reguleringsplanforslaget om vern av Bakklandet låg til uttale i ulike offentlege organ, og mange organisasjonar og privatpersonar gav uttrykk for støtte til forslaget, heldt bygningsrådet fram med å godkjenne rivingssøknader i området (Eide 1982).

Bygningsrådet avviste det private forslaget til verneplan for Bakklandet og viste til bystyret sitt vedtak om vegplanarbeidet og argumenterte med at trafikkavlastning var viktig for å verne dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen (Bystyresak 1977/83:157).

Bystyret var splitta i synet på Bakklandet. Sosialistisk Venstreparti og Venstre var klart imot vegprosjektet og den planlagde rivinga av Bakklandet og gjekk inn for å verne området som bustadområde. Kristeleg folkeparti og Senterpartiet var usikre, medan Høgre og Arbeidarpartiet var tilhengar av hovudvegutbygginga (Adresseavisen 1977.05.13a). Handelsstanden støtta også vegplanane over Bakklandet. "Trafikkreguleringen en trussel mot handelen. Stengningen av Bakklandet ny spiker i Midtbyens likkiste", var overskrifta på eit intervju med formannen i Trondhjems Handelsstand, Jens Otto Hoff, etter at formannskapet hadde vedtatt midlertid stenging av Bakklandet i samband med reperasjonsarbeid på Gamle Bybro (Adresseavisen 1980.05.22).

Bakklandsutgreiinga

I september 1977 vedtok Bystyret å utarbeide eit forslag til reguleringsplan for ein hovudveg over Bakklandet. Det var føresetnaden at planarbeidet skulle byggje på Vegplan II som innebar at ein hovudveg over Bakklandet skulle avlaste Midtbyen

for gjennomgangstrafikk. Men bystyret presiserte i mandatet til dette arbeidet at *"Det er en forutsetning at alle sider ved Bakklandsforbindelsen blir vurdert."* (Trondheim kommune 1979a:1). I planprogrammet vart det lagt vekt på å analysere dei miljømessige konsekvensane ved ulike alternativ. Plankontoret med byplansjef Børre Skaslien hadde det faglege ansvaret for utgreiingsarbeidet som vart presentert i oktober 1980.

I november 1977 gjekk styret for teknisk avdeling med 6 mot 5 stemmer imot å vurdere ein fire-felts motorveg over Bakklandet i samband med fastsetting av planprogrammet for utgreiingsarbeidet. Planprogrammet innebar at ein skulle vurdere ein to-felts veg og tunnelloysingar. I eit intervju med Adresseavisen sa den nye plansjefen Børre Skaslien: *"Jeg er som planlegger interessert i å bevare Bakklandet, både fordi det representerer et verdifullt bymiljø, og fordi det kan utnyttes som et sentralt beliggende boområde."* (Adresseavisen 1978.09.02). Børre Skaslien var tydelegvis interessert i å finne løysingar som kunne medverke til at Bakklandet vart verna. Hans entré i byplansjefstillinga gjorda òg at dialogen med bebuarane i området kom inn i meir konstruktive former:


"Krigstilstanden mellom beboere på Bakklandet og Trondheim kommune synes å være over. På et informasjonsmøte om Bakklandsutredningen i Folkets Hus mandag kveld mellom kommunens plankontor, de aktuelle konsulentfirmaene og beboerne og huseierne på Bakklandet, ble det fra flere uttrykt glede over at planleggerne er på gli og at det nå legges opp til større åpenhet i planleggingen. ... Plansjef Børre Skaslien sa i sin innledning at han var glad over å være såpass fersk i stillingen at han ikke var belastet med å ha "ment så mye tidligere"." (Adresseavisen 1978.06.07)

"Bakklandets fremtid sikret - Vekst og velstand tonen i Bakklandsutredningen", var overskrifta for reportasjen då Adresseavisen presenterte dette utgreiingsarbeidet (Adresseavisen 1980.10.16b). Bakklandsutgreiinga inneheldt 6 ulike prinsippforslag til reguleringsplan som på ulike måtar tok omsyn til aktuelle interesser i området. Eit av desse alternativa var at Bakklandet vart stengt for gjennomgangstrafikk ved Gamle Bybro. Denne omfattande utgreiinga gav derimot inga tydeleg tilråding til dei kommunale styresmaktene, men foreslo eit nytt alternativ for vegføringa langs Nidelva og i tunnel frå Øvre Bakklandet til Asylbakken, som vil spare den verneverdige bebyggelsen på Bakklandet, men som innebar riving av mange bygningar i Klostergata. Innbyggjarane på Bakklandet var skeptiske til alle alternativa og dei premissane, særleg når det galdt det trafikkgrunnlaget, som låg til grunn for planen (Adresseavisen 1978.06.07).

Bakklandsutgreiinga var ikkje berre ei trafikkteknisk utgreiing, men la stor vekt på å kaste lys over dei miljømessige sidene ved dei ulike trafikkloysingane. Utgreiinga peika på at Bakklandet utgjer ein viktig del av Trondheims særpreget og

at området har store og verdifulle mogelegheiter som eit framtidig bustadområde gjennom utvikling av den eksisterande bygningsmassen og utnytting av arealressursane til ny bustadutvikling (Trondheim kommune 1979a).

I oktober 1981 gjekk Trondheim bygningsråd inn for at det ikkje skulle byggjast nokon hovudveg over Bakklandet. I staden skulle bydelen utviklast som eit bustadområde gjennom vern, rehabilitering og nybygging. (Adresseavisen 1981.10.2 1b). Det vart rett nok foreslått ein trasé for ein framtidig hovudveg, men denne skulle gå utanom Bakklandet, under Kristiansten festning og bygde på føresetnaden om eit vegsamband over Lerkendal til Singsaker. Arbeidarpartiet hadde tilsynelatande snudd i spørsmålet om ein hovudveg over Bakklandet. Det var berre Høgre sine to representantar i bygningsrådet som framleis stemte for ein hovudveg over Bakklandet etter Bakklandsutgreiingas Ytre linje (3).



Figur 7.8: Forslag til vegtrasear.
Kjelde: Bakklandsutredningen.

Etter ein lang og opprivande strid i Arbeidarpartiet, programfesta partiet i samband med kommunevalet i 1983 at det ikkje skulle byggjast ein hovudveg over Bakklandet, men foreslo i staden traséen under Kristiansten festning. Denne traséen kunne skape ro i partiet og byggje bru over konflikten mellom dei som ville ha ein hovudveg over Bakklandet og dei som ville verne Bakklandet som eit bustadområde (Adresseavisen 1983.02.09). I ein ironisk kommentar kalla kommunalråd Johan

Stav (H) dette forslag for "Minste Motstands Vei" og meinte at Arbeidarpartiet hadde vist "*svakhet overfor aksjonister og pressgrupper i denne saken.*" (Adresseavisen 1983.09.04).

Plankontoret si innstilling om ein vegtrasé over Bakklandet som skulle følgje eksisterande vegtraséar frå Elgeseter gate, ned Vollabakken og inn i ein tunnel i samsvar med Ytre linje, fekk ingen stemmer i bygningsrådet (Adresseavisen 1981.10.14). Rådmann Odd Sagør var lite glad for vedtaket. Trass i at han på nytt fremma plankontorets forslag om å reservere ein vegtrase over Bakklandet, vedtok formannskapet å sende saka tilbake til teknisk avdeling og bad om at traséen under Kristiansten vart vurdert (Adresseavisen 1981.12.30).

Sommaren 1983 kom saka på nytt opp i bystyret. Rådmannen si innstilling om å reservere ein hovudvegtrasé over Bakklandet i samsvar med plankontoret og Bakklandsutgreiingas Ytre linje, vart berre støtta av Høgre. Formannskapet sitt fleirtal hadde gått inn for Arbeidarpartiet sitt forslag om ein tunnel under Kristiansten festning, medan Venstre, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Raud Valallianse foreslo at det ikkje skulle reserverast ein trasé for ein hovudveg over Bakklandet. Ei prøveavstemming viste at det ikkje var fleirtal for nokre av desse alternativa, men under avstemminga delte Ap-gruppa seg, og ein stor del av representantane frå Arbeidarpartiet støtta administrasjonen sitt forslag om å reservere ein trasé gjennom Bakklandet. Sjølv om dette utfallet også vart bestemt av voterings-tekniske forhold, synleggjorde vedtaket at Arbeidarpartiet framleis var splitta i synet på vegspørsmålet. "*Argumentasjonen til de ulike representanter i selve debatten var de gamle gode, godt kjent gjennom de årelange diskusjoner om veispørsmålet på Bakklandet.*" (Adresseavisen 1983.06.23).

Resultatet av denne debatten vart ei konsolidering av gamle stridslinjer, sjølv om det var få som lenger hadde tru på at Bakklandstangenten nokon gong kunne realiserast. Til det var motstanden for stor, prosjektet for dyrt og vegmidlane for små. Vegkontoret i Sør-Trøndelag hadde ved fleire høve gitt uttrykk for at det ikkje var statlege vegmidlar til å gjennomføre dei planane kommunen lanserte (Adresseavisen 1983.05.13). Men vedtaket ville likevel få reguleringsmessige konsekvensar og bandlegge areal og utviklingsmogelegheiter i tida framover.

Til mange si forundring dukka Bakklandstangenten på nytt opp i kommunale planar då "Trondheimsapakken" vart lansert hausten 1987. "Trondheimsapakken" var ei finansieringsordning basert på bompengar for utbygging av vegnett og trafikksystem i Trondheim. Eit av dei prosjekta som skulle finansierast gjennom denne ordninga, var Bakklandstangenten. Men verken politikarar eller planleggjarar hadde lenger tru på at dette vegprosjektet nokon gong skulle kunne realiserast (Adresseavisen 1987.10.13).

Flytte? Aldri i livet!

Etter kvart hadde politikarar og andre fått auga opp for dei miljøkvalitetane som trass i trafikkforureiningar og forfalne fasadar faktisk fanst på Bakklandet. Reportasjar i Adresseavisen om bakgardsidyll og bumiljøkvalitetar medverka til at mange fekk eit nytt syn på dei kvalitetane som denne bydelen hadde. I eit intervju i Bygg og Bo-magasinet i Adresseavisen, var Olga og Harald Iversen letta over at dei ikkje hadde blitt med på flyttelasset då så mange valde å flytte frå Bakklandet:

"De som har flyttet herfra de siste årene, angrer som oftest sørgelig på det. Nå betaler de fire ganger så høg husleie og ønsker seg tilbake. De savner miljøet. Her omgås vi hverandre, og dørene er alltid åpne for besøk. ... Tross problemene eller kanskje nettopp på grunn av dem, er det et sjeldent godt samhold blant beboerne på Bakklandet, hvor man finner et bomiljø som lever, hvor folk ikke stenger seg inne i selskap med TV-skjermen, men besøker hverandre og bryr seg om hverandre." (Adresseavisens Bygg og bo 1981/10). Olga og Harald Iversen var begge oppvaksne på Bakklandet og hadde budd her heile livet. Dei var bitre på kommunen og kjende tvil om framtida. *"I hverdagen skyver man likevel slike bekymringer i bakgrunnen. For på Bakklandet trives man. Tross alt."* (S.st.).



Figur 7.9: Trafikksituasjonen på Bakklandet rundt 1970.

Foto: Ketil Arntzen.
(UKEadressa 1996.05.04).

For mange av dei trua sentrumsområda i Trondheim vart det gjort sosiologiske undersøkingar for å kartlegge sosioøkonomiske trekk ved innbyggjarane og kva slags haldningar dei hadde til utviklinga av bydelen. Såleis vart det også på Bakklandet gjennomført ei intervjuundersøking sommaren 1978. Denne undersøkinga viste at trass i at over 15 000 bilar køyrde forbi husveggen kvar dag, og trass i saneringsplanane til kommunen, var det berre 18% av innbyggjarane som hadde flytteplanar. 42 % sa at dei ikkje ønska å flytte frå Bakklandet. Nærleiken til

sentrum vart vektlagt som ein kvalitet ved området. Støy og forureining frå ein alt-for stor trafikk vart derimot sett på som ei vesentleg ulempe ved å bu i strøket (Trondheim kommune 1979a:16).

Dette gjekk også fram av ei undersøking av dei sosiale konsekvensane av utviklinga på Bakklandet som Miljøverndepartementet og Vegdirektoratet fekk gjort i 1987 (Solvi og Meland 1988). Denne rapporten framheva at innbyggjarane i større grad enn tidlegare la vekt på trivselsaspektet:

"Trivselen blant Bakklands-beboerne er høy, over 70 % (140 husstander) sier de trives godt, mens kun 2 % trives dårlig. ¾ av husstandene har positive holdninger til Bakklandet, mens ca halvparten nevner en del negative forhold. De vanligste positive forhold som nevnes er godt miljø, rolig og trygt småbymiljø, trivelig, gammel småhusbebyggelse, ny giv i restaurering og nybygging, historisk og kulturelt interessant område og elva som en trivselsfaktor med muligheter for rekreasjon. Av negative forhold nevnes støy, forurensninger og støv fra trafikken, dårlig med lekemuligheter for barn, nedlegging av nærbutikker / dagligvare, usikkerhet omkring framtidig vegplan, bråk fra ungdommer og andre som bor i vernehjem og hybelhus, og noen nevner dårlige, "stygge" hus med lav standard." (S.st.:Vedlegg 1.9).

Om kommunen sine planleggjarar la særleg vekt på desse undersøkingane, er uklart. I alle fall fekk intervjuua fram ein taus kunnskap om korleis innbyggjarane i desse bydelane såg på kvalitetane ved å bu på Bakklandet. Argumenta som tidlegare hadde vore brukt om at husa var for dårlege til å kunne brukast og at strøket var så forslumma at det ikkje lenger var råd å bu der, var ikkje lenger like truverdige.



Figur 7.10: Bakklandet er blitt eit populært kafé- og restaurantstrøk.
Foto: DK

Gentrifisering på Bakklandet

Undersøkinga trakk fram eit anna trekk ved utviklinga av Bakklandet. I denne nedslitte bydelen var det ei opphoping av svakarestilte grupper. Tilflytting av ressurs-

rike hushaldningar var i mange område ein føresetnad for å få snudd ei negativ utvikling. Mange sider ved ei slik gentrifisering var derfor ønskeleg som nye investeringar i bygningar og infrastruktur og ein styrka sosial aktivitet.

Gentrifiseringsprosessen vart etter kvart tydeleg på Bakklandet. Dette har også samband med at kommunen sin saneringspolitikk hadde medverka til å flytte ut mange av dei ressurssterke hushaldningane som åtte eigne hus. I staden flytta svakarestilte grupper inn på kortidskontraktar i påventa av sanering av området. Nokre av desse tomme husværa vart overtatt av ungdom og studentar som etter kvart fekk ressursar til å pusse opp. Desse ungdommane var ei viktig kraft i vernearbeidet (Hjorthol 2003).

"I den 5-årsperioden vi har studert har det ikke vært store sosiale endringer på Bakklandet, men vi har observert en "gryende" endring i befolkningsstrukturen, med flere unge, ressurssterke mennesker som vil satse sin framtid på Bakklandet. Det er også grunn til å anta at de "nye" beboere på Bakklandet vil tilhøre andre alders- og yrkesgrupper enn de som har dominert de senere år. Det vil være mennesker som har andre behov og annen livsstil enn eldre folk og studenter som har preget området de siste årene. Innflytterne vil utgjøre 60-70% av befolkningen i studieområdet og utviklinga må bli preget av dette...Et uheldig trekk ved utviklinga på Bakklandet kan være at det ikke lenger er plass for dem som har behov for rimelige, sentrale boliger. ... Bakklandet blir ikke lenger noe alternativ fordi husprisene blir for høye." (Solvi og Meland 1988:32-33).

Levekårsrapportane studerte gentrifiseringsprosessen som nødvendigvis måtte prege bydelen. Så utarma som Bakklandet var både sosialt og fysisk, var det nødvendig å få tilført nye ressursar dersom bydelen skulle stå imot det kommunale saneringspresset.


Vernetanken sigrar på Bakklandet

Sjølv om bystyret hadde vedtatt at det skulle reserverast ein vegtrase over Bakklandet, gjekk kommunen i gang med å førebu utviklinga av Bakklandet som eit bustadområde gjennom vern, rehabilitering og nybygging. Områda på begge sider av Øvre og Nedre Bakklandet skulle i følgje bystyret regulerast til eit historisk/antikvarisk spesialområde med tanke på å ta vare på området sin opphavlege karakter (Bystyresak 1983/85:249).

Ei prosjektgruppe fremma i 1984 ein oversiktsplan for Bakklandet som la føringar for det reguleringsplanarbeidet som etter kvart kom i gang (Bystyresak 1987/24:72). I 1987 vedtok bystyret Reguleringsplan for Bakklandet nord for Gamle Bybru (Bystyresak 1987/102). Grunngevinga for å regulere heile dette området til eit verneområde var *"Den selvgrodde bebyggelsen langs naturgitte gateløp gjør*

Bakklandet til en sterk kontrast til general Cicignons strengt regulerede midtby. Selve gateløpet, med trange gater og små plasser, er en vesentlig faktor ved verneverdien." (S.st.:449-450).

Grunngjevinga for vern var på mange område tilsvarande dei som antikvariske interesser hadde fremma gjennom "Trondheims bybilde" og Institutt for arkitekturhistorie ved NTH sitt private forslag til reguleringsplan for Bakklandet i 1977 (Bystyresak 1977/83:161). Trondheim kommune selde unna eigedommane sine til "folk med røtter på Bakklandet" og til det kommunale byfornyingselskapet, Trondheim Byfornyelse (S.st). Etter mange tiår med uvisse og kamp mot dramatiske vegplanar, kunne Adresseavisen endeleg under overskrifta: "Nedre Bakklandet. Fra nedslitt slum til nytt boligområde." uttrykke eit positivt håp for bydelen:




Figur: 7.11: Folkeleg motstand mot motorvegplanar
Ill.: Arvid Sveen i Kontrast 1973.

"Ingen annen bydel i Trondheim har vært nærmere døden enn Nedre Bakklandet. I stor grad kommunalt eiet, innkjøpt bit for bit med tanke på riving for å gi plass for den nye hovedveien over Bakklandet. Gjennom mange år forsømt, overlatt til seg selv, tilfeldigheten og forfallet. Svært mange betraktet slitasjen så omfattende at det knapt fantes redning for den vindskeive, kommunalt eide trehusbebyggelsen. Men fortsatt skjer det undre. I dag blåser det igjen en optimismens vind gjennom bydelen. Byggeaktiviteten er påfallende. Målet er å gjøre den tiltagende slum til et av Trondheims mest attraktive boområder!" (Adresseavisen 1988.04.18).

I 1994 vedtok Trondheim bystyre reguleringsplanen for Øvre Bakklandet (Bystyresak 1994/101; Trondheim kommune 1994.10.05). Ein stor del av reguleringsområdet var foreslått som spesialområde for verneverdig bebyggelse, medan ein i andre område tok sikte på å reetablere tidlegare bebyggelse som kommunen hadde rive for å kunne realisere vegplanane. For å illustrere det stemningsskiftet som hadde skjedd dei siste åra, kan ein lese føremåls- og reguleringsføresegnene i dette plandokumentet. Reguleringsplanen skulle ta sikte på: *"Å legge forutsetninger for en rehabilitering og komplettering av eksisterende bygningsmiljø som ikke svekker bebyggelsens antikvariske og kulturhistoriske kvaliteter."* (S.st.).

Gjennom etter måten restriktive reguleringsføresegnene vart det lagt eit grunnlag for utvikling av bydelen. Den eksisterande bebyggelsen skulle forvaltast i tråd med antikvariske verneprinsipp: *"Bestående aldersverdier i eksisterende, eldre bebyggelse, også inne i bygningene, må så langt som mulig beholdes. Vedlikehold og istandsetting forutsetter at husenes detaljering, dør og vindusutforming, materialbruk og bygningsstrukturelle oppbygging opprettholdes. Dette gjelder i størst mulig utstrekning også fasader mot gårsdrom og uthus"* (S.st.).



*Figur 7.12: Reguleringsplanane for Nedre og Øvre Bakklandet tok sikte på å gjenreise bebyggelsen i tradisjonell "Bakklandsstil".
Foto: H.O.Christiansen og DK.*

Primært skulle heile bygningen med portrom, gardsrommets veggavgrensingar, bryggebygningar vernast. Sekundært skulle tømmerkassen og den planløysinga denne gav grunnlag for, samt eventuelle gruer og interiør takast vare på. Det vart innført eit generelt forbod mot riving, og alle utbetningsarbeid skulle godkjennast av Byantikvaren. Reguleringsplanen innførte strenge verneføresegner for den eksisterande, verneverdige bebyggelsen, men gav også klare og konkrete retningslinjer for korleis ny bebyggelse innanfor verneområdet skulle tilpassast og innordnast i høve til den eksisterande, verneverdige trehusbebyggelsen. Dei overordna føringane bygde på korleis den eldre bebyggelsen skulle gi premissar for den nye. Det vart gitt føresegner med omsyn til bebyggelsesstruktur, høgder, takform, takvinkel og takteking, fasadeutforming og materialbruk. (S.st.)

Arkitektkonkurransen på Bakklandet

Kommunen hadde i samband med vegplanane ekspropriert og rive ein stor del av dei gamle bygningane på Bakklandet. I tillegg hadde manglande tilsyn og vedlikehald ført til mange brannkatastrofar. På midten av 1990-talet låg framleis mange av desse brann- og rivingstomtene brakk. Kommunen ønska å reetablere det gamle utbyggingsmønsteret på Bakklandet, og lyste ut ein open arkitektkonkurrans, "*Arkitektkonkurransen om ny bebyggelse i gammelt miljø på Øvre Bakklandet i Trondheim*". I denne arkitektkonkurransen vart arkitektane inviterte til å utfordre den nylig vedtatte verneplanen for området og den utbyggingsforma som denne la opp til, der ny bebyggelse som hovudregel skulle slutte opp om den byggjeskikken som prega den gamle bydelen. Arkitektane skulle gjennom prosjektkonkurransen vise "*...hvordan ny arkitektur kan berike det lokale bygningsmiljøet ved at moderne byggekunst kan få gjenspeile sin samtid og likevel uttrykke og forsterke den tradisjonelle byggeskikken i Bakklandets lave trehusmiljø.*" (Trondheim kommune 1998).

"Bakklandsarkitekturen er blitt debatttema. Skal "hullene" gjenfylles med stilkopier av gamle Bakklandshus, eller er det både mulig og riktigere at vår tids og en fremtidsrettet arkitektur får innpass som berikende innslag i den gamle bydelen. Mye er vellykket, men det er også stilt kritiske spørsmål ved enkelte utbygginger og løsninger i skjæringspunktet antikvarisk tilpasning / dagens moderne krav. ... Det er stilt spørsmål ved om restriksjoner og ønsker om tilpasning til den tradisjonelle byggeskikken har gitt dårlige og halvgode etterligninger i retning av uheldige pastisjløsninger. Har utviklingen gått for mye i retning av en "Kardemomme-by?" (S.st.)¹.

1. Kommunaldirektør Magnus Heide Westerberg, Avdeling Byutvikling i invitasjonen til arkitektkonkurransen

Arkitektkonkurransen skulle vere eit oppgjer med det planleggingssynet som var nedfelt i reguleringsplanen og som i stor grad la vekt på historiserande element i byutviklinga av Bakklandet. Det vart derfor understreka at *“Gjeldende reguleringsplan for Øvre Bakklandet ligger til grunn for konkurransen, men må IKKE oppfattes som en absolutt begrensning. Gode løsninger som forsetter endring av reguleringsplanen vil bli sett på med positiv interesse. Konkurransedeltakerne har følgelig frihet til å foreslå arkitektoniske alternativer til den gamle byggeskikken.”* (S.st.:11).

Konkurransen fekk inn 14 forslag. Dei fleste forslaga tok konkurranseinvitasjonen svært bokstavig og stilte seg fritt i høve til den vedtatte reguleringsplanen med dei føringane denne planen gav for utbyggingsmønsteret og bygningsmiljøet. Dette var i tråd med juryens ønske. Juryen hadde sett opp nokre kriterium for vurderinga i form av eit "idealprosjekt" *"-et prosjekt som tar opp i seg Bakklandets stemning gjennom:*

- *Mangfold, variasjon, målestokk og volum.*
- *Ulike farger og materialitet både i enkelthus og grupper av hus.*
- *Fritt og selvstendig i forhold til det visuelle bildet av Bakklandet.*
- *Baserer seg på addisjon, variasjon og kontrast som gir melodi, rytme og harmoni.*
- *Bygger opp om gateløpets lange linjer, samtidig som det horisontale drag stoppes ved oppstyking og betoning av det vertikale.*
- *Likhet til eksisterende bebyggelse må skje gjennom likhet i volum, geometri og frihet. Ikke gjennom stilkopi og pastisj.*
- *Dyrker sammenhengen og "det gode brudd."*

Om vinnarutkastet sa juryen:

"Hovedmassen består av saltakshus ... og en moderne og djerv fasadeutforming ... alt innenfor en kjent typologi ... En meget moderne og frisk tolkning av en sammensatt bakklands karakter... i markant kontrast til den gamle bebyggelsen. ... vil bidra til å framheve og forsterke den tradisjonelle bakklandsbebyggelsen med sin detaljering og ornamentikk ... tilføre Bakklandet et djervt formspråk som gjen-speiler sin samtid og som vil berike området med skala, volumer, formelementer og materialbruk..." (Grytli, Kittang og Nilsen 2001).

Vinnarutkastet skapte debatt der motsetningane gjekk mellom eit ønske om å ta meir omsyn til Bakklandets tradisjonelle byggeskikk og eit ønske om større fri-dom i utforminga av ny bebyggelse i eit verneverdig område. Kommunen sin administrasjon og dei fleste av byens arkitektur meinte at nye bygningar i strøket måtte i større grad enn det som reguleringsplanen gav høve til, kunne uttrykke ein byggeskikk meir i tråd med samtidas arkitekturuttrykk. Dette var også i tråd med synet til

Adresseavisa sin kulturredaktør som skreiv: "*Vinnerforslaget til ny bebyggelse på Bakklandet tyder på at vi er på vei bort fra nostalgityranniet*" (Westerberg 1999).

Bebuarar på Bakklandet saman med mange av politikarane i kommunen var derimot kritiske til prosjektet. Bystyrerepresentant Jan Bojer Vindheim frå Byutviklingskomiteen skreiv eit innlegg i Adresseavisen som kan vere representativt for kva desse gruppene meinte:

"Man må gjerne reise en bebyggelse som forteller at den er født i år 2000, men den må ha respekt for det bestående, for harmonien på Bakklandet. Dette krysset (Brubakken - Øvre Bakklandet, mi tilføyning) har fire hjørner, det står hus på tre av dem, alle har saltak med avkortede hjørner. Harmonien er lagt. Det bør være utgangspunktet.... denne saken roper nå på .. nye krefter og en bebyggelse som viser respekt for omgivelsene på Bakklandet." (Adresseavisen 2000.03.24).

Debatten gjekk ikkje berre i dei lokale media, men også i fagtidsskriftet Arkitektnytt og i Osloaviser. Det antikvariske fagmiljøet var lite representert i denne debatten som hovudsakleg gjekk føre seg på ein arkitekturfagleg arena og med eit språk som karakteriserte ein arkitekturdebatt i større grad enn ein vernedebatt. Dette gjekk også fram av juryen si vurdering. Lite av argumentasjon og vurderingane var knytte til dei antikvariske eigenskapane ved området. Ord som "*stemning, mangfald og variasjon*" var uttrykk som juryen likte å bruke, i tillegg til omgrep som "*fritt og sjølvstendig i forholdet til det visuelle bildet av Bakklandet*", og "*basert på addisjon og kontrast som gir melodi, rytme og harmoni*". Uttrykka omtala med eit vagt og lite stringent språk eigenskapar ved prosjekta som hadde lite med antikvariske eigenskapar ved bygningsmiljøet å gjere. Dei gav i større grad uttrykk for rasjonalistiske representasjonar enn kulturalistiske.

Eit sentralt spørsmål i denne debatten var om ein tilpassingsarkitektur i eit verneområde skulle fri seg frå dei antikvariske føresetnadene og vere ein fri, arkitektonisk tolking av situasjonen. Sjølv om Bakklandet er eit viktig verneområde i Trondheim, var det uklare og motstridande oppfatningar om kva slags føringar dette burde gi for den vidare utviklinga av dette området, og for utforminga av nye bygningar i tilknytning til den tradisjonelle Bakklandsarkitekturen. Etter at turistsjefen og andre forsvararar av byggjeskikken på Bakklandet hadde gått hardt ut mot utbyggingsplanen, fann politikarane det rett å leggje utbyggingsprosjektet til side.

Arkitektkonkurransen si sterke vektlegging av dei formmessige sidene ved gjenreisinga av Bakklandsbebyggelsen, kan tyde på ein kontrovers mellom rasjonalistiske og kulturalistiske idéar. Medan bebuarane på Bakklandet gjekk inn for ei utbyggingsform som tok vare på kontinuiteten i det bygningsmessige uttrykket, gjerne i form av rekonstruksjon og historiserande stiluttrykk, gjekk det arkitektfaglege miljøet stort sett inn for ei utbyggingsform som markerte eit brot med det

gamle. Etter kvart kom striden til å gjelde spørsmålet om eit signalbygg på Bakklandet, og om kor sterkt ein skulle utnytte dei verdfulle utbyggingsareala i bydelen..

Striden om Møllenberg og Rosenborg

Etter at festningsverket Møllenberg Skanse vart nedlagt i 1816, vart det gitt løyve til bustadbygging på platået nedanfor Kristiansten Festning, ei utbygging av tilsvarende bebyggelse som på Bakklandet. Dette skjedde samstundes med ei auka industrialisering av Trondheim med fleire nye industriverksemdar som etablerte seg ved utløpet av Nidelva. I tilknytning til denne industrialiseringa vart det ei auka tilflytting frå landsbygda og inn til byen og eit behov for nærliggande bustader for arbeidarar og funksjonærar.



*Figur 7.13: Møllenberg-Rosenborg-bebyggelse. Bildet til høgre viser ein blokkbebyggelse som kunne ha blitt ein realitet for større delar av Møllenberg-Rosenborgområdet dersom saneringsprosjektet hadde blitt gjennomført.
Foto: DK.*

Det karakteristiske trehusmiljøet på Rosenborg vart skapt i løpet av ein hektisk byggjeperiode på 1880- og 1890-talet. Bygningslova frå 1845 sette krav om ein rutenettsplan ved ny utbygging av byen, og det nye området vart bygd ut med breie, parallelle gater som danna einsarta, store kvartal. Fleire byggmeistrar kjøpte opp store tomteområde på Rosenborg som vart bygde ut parallelt. I løpet av fire - fem år vart det bygd over 100 store leigegardar i tre med for- og bakgard.

Byggmeistrane som bygde ut området, bygde det stort sett etter eit felles mønster, basert på typeteikningar. Bygningane var i to eller tre etasjar med kjellar og loft. Utbygginga gjekk fort med masseproduserte bygningsmaterialar, nærmast som eit prefabrikkert byggjesystem, noko som gav området eit heilskapleg arkitektonisk uttrykk. Dette store trehusområdet har framleis eit arkitektonisk og byplanmes-

sig uttrykk som i hovudtrekka er tilsvarande slik området vart sjåande ut då det vart bygd ut for over 100 år sidan (Håpnes 2003; Myrseth 1985a).

I april 1970 la Trondheim kommune sitt saneringsutval fram for formannskapet ei innstilling der det m.a. heitte: *"Utvalget har sett det som sin oppgave å vurdere hvilke strøk det vil være naturlig å sanere ved hjelp av Loven om sanering av tettbygde strøk av 28. april 1967... Komiteen er enstemmig kommet til at den vil foreslå at kommunen konsentrerer sine anstrengelser etter Saneringsloven om ett stort område, nemlig Rosenborg - Møllenberg - området. ... Dette området utpeker seg etter utvalgets oppfatning, fordi størsteparten av området er tett utbygget med trebebyggelse som stort sett er dårlig vedlikeholdt ... En fornyelse av denne bydelen kan vanskelig tenkes uten etter en omfattende sanering."* (Fiskaa 1972:6).

På slutten av 1973 sette kommunen ned eit utval som skulle *"utrede de forskjellige sider ved spørsmålet om fornyelse og rehabilitering av boligstrøkene i de gamle byområder."* I tillegg til representantar frå kommunen var Ungdommens Egen Heim (UEH) og Trondheim og Omegns Boligbyggelag (TOBB) representerte i utvalet. Leiaren for det kommunale saneringsutvalet, Ragnar Forbregd frå byplan-kontoret, vart også leiar for rehabiliteringsutvalet.

Leiinga i kommunen visste kva dei gjorde då dei utnemnde Forbregd til leiar for både det kommunale saneringsutvalet og det kommunale rehabiliteringsutvalet. I alle høve gjennomsyra dei same tankane arbeidet i desse to ulike utvala; ein sterk skepsis til rehabilitering av dei gamle trehusa. Utvalet var opptatt av dei økonomiske aspekta ved rehabiliteringsarbeid og konkluderte med at *"kostnadene ved å bo i rehabiliterte leiligheter neppe blir lavere enn i de nyere boligstrøkene."* (Adresseavisen 1973.12.04)

"Rehabilitering av gammel bebyggelse koster enormt. Forventningene bør skrus betraktelig ned," sa Ragnar Forbregd i eit intervju med Adresseavisen. *"Det er viktig å gjøre det klart at det ikke må stilles for store forventninger til en eventuell rehabilitering av eldre bebyggelse i Trondheim. Omfanget av et slikt arbeide kan aldri nå en slik størrelse at det blir et alternativ til nybygging."* (Adresseavisen 1974.03.02).

Forbregd gav i dette intervjuet uttrykk for at rehabilitering ikkje var det rette verkemiddelet for eldre bebyggelse. Det var særleg kostnadene kommunens representant var opptatt av, og han meinte det vart altfor dyrt å bringe dei gamle trehusa opp til ein tilfredsstillande standard:

"Det er ikke nok å spørre folk om de trives i den eldre bebyggelsen og om de fortsatt kan tenke seg å bo der. Det må bringes litt mer realisme inn i skjemaene som enkelte grupper har stått bak. ... Det vil være å kaste folk blå i øynene å si at rehabiliteringen skal skje ut fra at husleien fortsatt skal være 150 kroner når arbeidet er avsluttet. Umiddelbart virker det som om dette blir så dyrt at man får lite igjen for

investeringen. ... Jeg tror at debatten om rehabilitering i Trondheim de siste par årene har skapt forventninger blant folk som bor i de eldre byområdene som det vil være umulig å etterleve i praksis." (S.st).

Utseger som dette skapte naturligvis debatt i dei eldre bustadstrøka i Trondheim. Det vart vist til røynsler frå andre byar som til dømes Stavanger, som viste at det ville vere mykje rimelegare å rehabiliterer dei eldre husa enn sanering og nybygging. Trondheim Arkitektforening inviterte byantikvaren i Stavanger, Einar Hedén, for å snakke om røynslene frå Stavanger. Han peika på at Trondheim faktisk hadde ein rikare arkitektur å ta vare på enn Stavanger, og at husa i Trondheim gjennomgåande var i betre stand enn dei som vart rehabilitererte i Gamle Stavanger. *"Hedén kunne dokumentere at det er billigere å restaurere disse gamle husene enn å bygge nytt utenfor bykjernen."* (Adresseavisen 1974.12.11).



Figur 7.14: Typisk Møllenbergsbebyggelse. Kjelde: Trondheims bybilde (Fasting 1976).

Men leiaren av kommunens sanerings- og rehabiliteringsutval, Ragnar Forbregd, var slett ikkje overtydd om dette: *"Da dette vedtaket ble fattet (om sanering av Møllenbergsbebyggelse, mi tilføyning) hadde ikke denne "rehabiliteringsbølgen" nådd slike høyder som i dag, men en må være klar over at det allerede i 50-årene var enighet om å sanere dette området, og jeg kan ikke se at det eksisterer arkitektoniske kvaliteter ved denne bebyggelsen som skulle tilsi bevaring. ... En må også huske at mange av disse tregårdene er livsfarlige brannfeller."* (Adresseavisen 1975.09.13).

Også på Møllenbergsbebyggelse medverka arkitektstudentar gjennom studieoppgåver og ei utstilling "Møllenbergsbebyggelse -72" til å gi eit meir nyansert bilde av kvalitetane ved dette gamle trehusområdet. (Grunnkurs i By- og regionplanlegging 1971). Møllenbergsbebyggelse-området vart studert med omsyn til bygnings- og sanitærteknisk standard, og det vart på grunnlag av prisar frå entreprenørar, utarbeidd kostnadsoverslag som viste at kostnader for rehabiliteringa var langt lågare enn kommunen hadde gått ut frå og rimelegare enn ved nybygging. Denne undersøkinga konkluderte med at ca. 80 % av husværa kunne rehabiliterast for under 850 kr./m² (1970-prisar). Til sa-

manlikning kosta husvære i dei nye blokkområda 1350 kr/m² (Adresseavisen 1974.12.10).

Trondheim kommune la i 1973 fram eit forslag til disposisjonsplan for Møllenberg, Bakklandet og Rosenborg. Dette planarbeidet hadde også samanheng med behovet for gate- og vegutvidingar i samsvar med den omfattande vegutbygginga som kommunen la opp til i kjølvatnet av generalplanens trafikkplan. Planforslaget innebar ei omfattande sanering av eksisterande bebyggelse (Trondheim byplankontor 1973). Byplanrådet sende derimot disposisjonsplanen tilbake til byplankontoret med ønske om fleire alternative utviklingsløyisingar og at saneringspolitikken måtte komme tydelegare fram (Adresseavisen 1974.12.10).

Året etter vart det lagt fram ein ny plan med fire alternative utviklingsløyisingar. Det eine alternativet tok sikte på ei fullstendig rehabilitering av området, medan to andre alternativ omfatta ei totalsanering av området (Adresseavisen 1974.12.10). Utgreiinga som låg til grunn for byplanrådets handsaming, omfatta også kostnadsoverslag som viste at ei rehabilitering av området ville bli vesentleg billegare enn saneringsalternativa. Byplanrådet tok heller ikkje no stilling til planforslaga, men vedtok å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn for å få synspunkt på planen. Stemninga mot ei sanering av Møllenberg var etter kvart blitt så tydeleg at Trondheim kommune ikkje lenger våga å ta ein konfrontasjon med verne- og bebruarinteressene, men sende planane på ei "ørkenvandring" i den offentlege saksandsamingsprosessen.

Velforeininga for Rosenborg-Møllenberg vart etablert og arbeidde for å hindre sanering av området. Det vart samla underskrifter på ein protest mot kommunen sine saneringsplanar (Adresseavisen 1975.03.17). Bydelsutvalet for Møllenberg-Rosenborg gjekk mot planane om sanering og kom med ein "*nådeløs kritikk av byplankontoret*" (Adresseavisen 1975.10.28a). Like etter kom Møllenbergrapporten som dokumenterte at 90% av bebruarane i Møllenberg-Rosenborgområdet gjekk inn for rehabilitering av trehusbebyggelsen.

Møllenbergrapporten

Som for fleire av dei saneringstrua bustadområda i Trondheim, vart det gjort sosio-logiske undersøkingar blant innbyggjarane om haldningane til saneringsplanane. Prosjektet "*Møllenberg. Bevaring og rehabilitering eller totalsanering?*" var ei intervjuundersøking av bebruarane på Møllenberg, "*en utsatt gammel bydel i Trondheim.*" (Hovden 1976). Prosjektet var ein del av eit større forskingsprosjekt om fornying av byar og andre tettstader i landet. I denne forskingsrapporten kom det fram at nærmare 90% av innbyggjarane på Møllenberg ville at den garden dei budde i skulle takast vare på. I alle grupper av innbyggjarar var det eit klart fleirtal for å verne og rehabiliterer bygningane i strøket. Rapporten vart presentert i Adres-

seavisen under overskrifta: "*Overveldende "ja" for Møllenberg*" (Adresseavisen 1975.05.03).

Rapporten fortalde om skeiv aldersfordeling i strøket med ei dominerande gruppe av ungdom på flyttefot og eldre menneske "*som har resignert når det gjelder krav til standardforbedringer. Mer enn 10 års spekulasjoner, rykter og kommunalpolitiske utspill om totalsanering av området har satt sine spor. Både ved manglende vedlikehold og forfall av en del bygninger. Denne usikkerheten har også bidratt til en følelse av maktesløshet og frykt, særlig blant eldre beboere.*" (Hovden 1976:113).

Undersøkinga peika på trekk ved strøket som var svært karakteristisk for eldre byområde:

- Gjennomsnittleg lågt inntektsnivå samanlikna med resten av byen.
- Ein fjerdedel av innbyggjarane var pensjonistar eller trygda.
- Sterk kjensle av å høyre til i området.
- Misnøye med bustadstandard og trafikkfaren.

Rapporten peika på at Møllenberg hadde ei alders-, yrkes- og inntektsfordeling som indikerte små ressursar. Innbyggjarane stilte derfor svakt overfor ytre krefter og indre forfall i arbeidet for vern, vedlikehald og fornying av bustadområdet sitt. (S.st.)

Straksløysinga vakte strid og mobilisering

Men det var vegplanane for området og planar om ei "straksløysing" som i første omgang mobiliserte bebuarane på Møllenberg og som gav grunnlag for dei konkrete aksjonane til forsvar for bydelen. Generalplanens forslag om bygging av ein hovudveg over Bakklandet og Møllenberg innebar ei utbygging av Innherredsvegen til ein fire-felts veg. Under byggjeperioden skulle det etablerast ei straksløysing der store delar av trafikken skulle gå gjennom Kirkegata. Å føre trafikken inn i bustadområdet skapte reaksjonar. Det vart danna ein aksjonskomite, Møllenbergkomitéen, som arrangerte folkemøte mot trafikkkløysinga og som trua med aksjonar om å blokke gatene dersom kommunen prøvde å gjennomføre trafikktiltaket (Adresseavisen 1971.10.14; Rypdal 1972).

"*Støy, forurensinger og trafikkulykker er problemmer som den økende gjennomgangstrafikken på Rosenborg-Møllenberg har ført med seg. Gatene i området har opprinnelig vært utearealer og en vesentlig del av bomiljøet. Etter at utbedringsarbeidene startet, har bilene imidlertid overtatt. Problemene er i dag så stort at beboerne ikke vil finne seg i det lenger.*" (Adresseavisen 1975.10.23a)

I ein aksjon blokkerte 200 bebuarar vegen i verste rushtrafikken. Politiet kom til, men greip ikkje inn. Dei neste dagane utvikla derimot aksjonen seg til kamp mellom demonstrantar og politi (Adresseavisen 1975.10.25). Aksjonsformene splitta bebuarane på Møllenberg. Rosenberg og Møllenberg Velforening arrangerte i kjølvatnet av desse aksjonane eit folkemøte som stilte krav om at gjennomgangstrafikken skulle stansast, at det vart slutt på framandparkeringa i strøket og at fartsgrensa skulle settast ned til 30 km/t (Adresseavisen 1975.10.28b). Kommunen var i første omgang negativ, men etter kvart vart desse tiltaka gjennomførte i samband med ei omfattande trafikksanering i området.



Figur 7.14: Demonstrasjon mot saneringspolitikken.
Foto: Roar Øhlander (UKEadressa 1996.05.04).

I samband med vedtaket om eit byfornyingsprogram for Trondheim kommune, vart det også vedtatt å utarbeide eit prøveprosjekt for Møllenberg-Småberganområdet for å skaffe seg røymsler frå byfornyingsarbeidet (Trondheim kommune 1979b).

I 1983 fremja Bispehaugen og Rosenberg Beboerforening ein verneplan for Møllenberg-Rosenborgområdet gjennom mellombelse reguleringsføresegner. Forslaget var utarbeidd av ei arbeidsgruppe av bebuarar, men representantar for Plankontoret i kommunen og Avdeling for kyrkje, kultur og fritid hadde også deltatt i arbeidet. Formålet med denne reguleringsplanen var å sikre at utbetring og vidare utvikling av bygningane i området skulle ta best mogeleg omsyn til den opphavlege bygningsskarakteren som framleis var tatt vare på i store delar av området, men som stadig var trua av lite omsynsfulle utbetringstiltak. Føresetnadene var at denne mellombelse reguleringsplanen skulle avløyast av komplette reguleringsplanar når kommunen fekk kapasitet til det (Bystyresak 1984/75:258-269).

Reguleringsplanen vart følgd opp med ein formingsrettleiar som var ein praktisk utdjuping av reguleringsføresegnene. Denne vart også utarbeidd som eit samar-

beid mellom bebuarforeininga og Trondheim kommune. Det vart gitt rettleiing med omsyn til farge- og målingsval, branntekniske krav og byggjetekniske og arkitektoniske råd for rehabilitering (Myrseth 1985b).

Svartlamoen - "Trondheims siste slum"

Ut på 1990-talet dukka det opp ein ny utbyggingskonflikt som hadde klare parallelar til vernekonfliktane på 1970-talet. Svartlamoen, eit lite trehusområde, klemte mellom jernbaneline, industriområde og hamneområde nedanfor Lademoen, var regulert til industriformål og skulle rivast. Området som også vart kalla Nerlamoen, var før krigen ein del av eit større samanhengande trehusområde som omfatta omlag 150 bustader med tilhøyrande bakgardar og uthus. Dei første husa vart reiste av "*Selskabet til Arbeiderboligers Anskaffelse*" som vart etablert i 1873 med det gode formålet å skaffe rimelige husvære for arbeidsfolk (Sivertsen 1997:17).

For å gjere husa så rimelege som mogeleg, var det først oppført sju identiske hus i to etasjar i lafta tømmer med utvendig panel. og "*net indrettede efter Tidens og Forholdenes Krav.*" (S.st). Kvar etasje inneheldt eit husvære med to rom og kjøkken på rundt 30 m². Folketellinga i 1875 viste at dette var ein typisk arbeidarbydel der mange og barnerike familiar trengde seg saman i dei små husværa. Dei fleste husa hadde rett nok ein liten åkerlapp og høve til å halde eit par husdyr, gris og høner.

I 1893 vart Lademoen innlemma i byen. Mange hadde sett fram til at bydelen vart lagt under byens strenge regime, fordi Lademoen var eit fattig og belasta strøk som kunne trenge litt omsorg frå det rikare bysamfunnet. Men trass i fattigdom og forfall var Nerlamoen eit hyggeleg bustadområde med Lamofjæra, idrettsplass og løkker for leik, før okkupasjonsmaktene under krigen starta ei storstilt hamneutbygging med ubåtbunkarar i området.

I 1947 vedtok bystyret å regulere heile bydelen til industriområde (Stugu 1997b:145). Forventningar om at det var industriutbygging som skulle skape velstand i byen, låg bak vedtaket om å leggje til rette store industriområde i denne delen av byen. Nærleiken til jernbane og hamn gjorde det naturleg å disponere desse areala til industri, sjølv om det innebar at eit gammalt bustadområde måtte rivast. Dei knappe bygrensene på denne tida gjorde også at arealressursane til byen var små. På 1960-talet var rivingsiveren framleis stor, sjølv om kommunen gjennom kommunesamanslåinga hadde fått tilgang til store arealressursar (S.st.:151). Store vegplanar melde seg med full tyngde og vart eit nytt argument for å rive denne bydelen. Eit alternativ for forlenginga av hovudvegen over Brattøra (Nordtangenten) vart førd over området, som no såg ut til å vere fortapt.

I 1982 var det lite att av dette bustadområdet der det tidlegare hadde budd meir enn 1500 innbyggjarar. Då stod det att berre 47 gamle trehus med om lag 200 innbyggjarar, klemt mellom industri, jernbane og hamneanlegg (Nistov 1982). Kommunen hadde planmessig gått inn og kjøpt hus i området og reiv dei etter kvart som industrien melde interesse for areala. Folk i området fekk tilbod om å flytte til andre kommunale husvære eller til dei nye drabantstrøka rundt byen. I løpet av kort tid var dei fleste husa på Svartlamoen fråflytta (Adresseavisen 1997.06.12).

Adresseavisen brakte sommaren 1990 ein reportasje om "*.....steder som er en skam for Trondheim by. Som riksantikvaren ... absolutt må ledes utenom.*" (Adresseavisen 1990.08.08). Ein av dei stadene som avisa vitja, var Svartlamoen. Det var tydeleg at på den tida stod ikkje dette området fram som nokon idyll:

"Når du kommer til Trondheim med toget nordfra ligger det et stykke Trondheimsslum som det ikke er grunn til å være stolt av. Husene som er gamle arbeiderboliger og nå fraflyttet, står der og taler for seg selv: Falleferdige, umalte og med vinduene gjenspikret eller knust. Beboere i området sier de er flau over å invitere gjester hjem og kan ikke skjønne at kommunen som eier husene lar dem stå slik." (S.st.).

Etter kvart som dei opphavlege innbyggjarane flytta ut, flytta andre inn. Dei nye innbyggjarane spurde vanlegvis ingen om lov til å få flytte inn. Husokkupasjonane hadde også samanheng med at bustadmangel for ungdom hadde blitt eit problem. Ungdommen ville bu sentralt, men i sentrale strøk var derimot husleigene så høge at det ikkje var råd for ungdom å etablere seg der. Eit okkupert hus på Svartlamoen var derimot rimeleg, og ungdom frå ulike ungdomsmiljø søkte seg dit, "*et sammenrenn av frikere, kjernekraftmotstandere, militærnekttere, punkere, vegetarianere, unge som var lei av fritidsklubber eller unge som var ute etter et kick.*" (Nissen 2000).

Svartlamoen fekk fort eit dårleg rykte som ein belasta bydel, og verken dei opphavlege innbyggjarane eller Trondheim kommune sette særleg pris på dette. Men kommunen som åtte husa, gjorde aldri noko av dei mange truslane om å kaste ut okkupantane, og ungdomane vart derfor buande. Etter kvart såg kommunen området som eit mellombels bualternativ for ungdom. Fleire av ungdomen rundt miljøet "UFFA" (Ungdom for fri aktivitet) søkte mot Svartlamoen, og bustadkontoret i kommunen såg at ressursterk ungdom frå "UFFA-miljøet" kunne medverke til å styrke det sosiale miljøet i området. I 1987 fekk ungdom frå dette miljøet den første leigekontrakten med kommunen, og utover 1990-talet endra det røffe miljøet seg. Det vart stadig meir populært blant unge å bu på Svartlamoen. Studentar og kunstnarar flytta hit, og etter kvart fekk også folk i byen auga opp for det særprega og kreative miljøet som hadde vakse fram.

"Svart-La`mon er Trondheims siste slum. En ekte ungdomsgetto og en fargeklatt i bybildet. I Østbyen, klemt inne mellom industri, Dora og jernbane, ligger klyngen av råtne og vindfulle gamle rønner. .. Det finnes ikke håp for Svartlamoen, men det finnes dem som nekter å gi opp." (Ukeadressa 1991.11.9).

Antikvariske styresmakter hadde etter kvart fått interesse for området og Riksantikvaren vende seg til kommunen og peika på dei historiske interessene ved området og bad kommunen vurdere vern (Stugu 1997b). Kommunen svara med at området var kjøpt inn med tanke på industriutbygging og burde brukast til det. Det kunne verke som om den politiske og administrative leiinga i kommunen ville markere seg i denne saka etter å ha lide nederlag i verne- og miljøspørsmål mange andre stader i byer, som på Ilsvikøra, Bakklandet og Møllenberg-Rosenborg. Det var no på tide å vise konsekvens og styrke. Sidan Svartlamoen ikkje hadde greidd å mobilisere dei same alliansane av verdikonservative verneinteresser og liberale akademikarar som vi hadde sett ved tidlegare bymiljøaksjonar i byen, såg nok kommunen dette som ei vunnen sak (Stugu 1997b). Etableringa av Svartlamoen Beboerforening i 1990 styrka derimot motstanden mot riving av Svartlamoen.

"Billig, fritt og anarkistisk"

Det vart ikkje først og fremst dei antikvariske argumenta som kom til å dominere diskusjonen om Svartlamoen skulle vernast eller rivast, men heller spørsmål om ein skulle ta vare på bydelen som eit subkulturelt bidrag til mangfaldet i Trondheims kulturliv, som eit lite Kreuzberg i Berlin eller Christiania i København. Mot slutten av 1980-åra hadde ein del ungdom flytta til Svartlamoen på grunn nærleiken til sentrum og låge husleiger, men også fordi området etter kvart kom til å representere ein alternativ ungdomskultur. Dei tok i bruk namnet Svartlamoen, eit gammalt uttrykk som tidlegare hadde blitt brukt som skjellsord om området. Ein svart katt vart symbolet for området, kanskje for å markere avstanden til meir tradisjonelle førestillingar om "det gode liv i byen". Dei gav ut avisa "Giljotin" og dreiv ein eigen kafé med namnet "Ramp". Kulturlivet på Svartlamoen kom til å sette spor etter seg, ikkje berre i Trondheim, men i landet elles, som ein kreativ ungdomskultur.

Å ta vare på denne ungdomskulturen vart eit viktig argument i arbeidet med å verne bydelen. I tillegg til å mobilisere antikvarar og historikarar, mobiliserte bebuarane på Svartlamoen forfattarar, musikarar, kunstmålarar m.m. Med hjelp frå innbyggjarane på Svartlamoen måla dei kjende Trondheimsmålarane Håkon Bleken og Håkon Gullvåg eit stort veggmaleri på eit rivingstrua hus på Svartlamoen. Dette vart eit viktig bidrag til vern av både huset og bydelen.

Svartlamoen kom til å representere ei utviding av diskursen om bymiljøvernet som tydeleggjorde at vern av dei gamle trehusområda ikkje berre var eit spørsmål

om vern av gamle, fysiske strukturar og historiske dokument, men vart eit spørsmål om vern av eit kulturuttrykk i vid forstand.

I samband med feiringa av Trondheims 1000-årsjubileum, gav verneinteressene på Svartlamoen ut ei bok med tittelen "*Svartlamoen lever!*" Gjennom denne tittelen understreka forfatarane parallellen til kampen om vern av Bakklandet. Begge områda var etter måten nedslitne og prega av mange års forsømt vedlikehald. Begge var ramma av riving og brannar som hadde skapt stygge sår i gatebildet. Forfallet hadde kome langt i begge bydelane slik at det ikkje var så lett å sjå dei kvalitetane som desse bydelane representerte og potensialet til å skape gode, sentrumsnære bustadområde.

Det er likevel underleg at då striden om Svartlamoen var på det hardaste, hadde Bakklandet stått fram som ein av dei mest attraktive bydelane i Trondheim. Folk frå andre delar av byen la gjerne søndagsturen om Bakklandet for å oppleve den spesielle atmosfæren i denne bydelen. Bakklandet med den gamle trehusbebyggelsen vart etter kvart eit ikon for Trondheim. Sjølv om Bakklandet, Sanden og Iisvikøra på denne tida stod fram som synlege vitnesbyrd om at desse gamle trehusområda hadde kvalitetar som ikkje hadde vore synlege bak nedslitne og dårleg vedlikehaldne husfasadaer, var fleirtalshaldninga i Trondheim bystyre likevel at planane om industriutbygging på Svartlamoen skulle gjennomførast. Kommunen hadde seld ein stor del av området til ein bilverkstad og bilforhandlar som ville rive trehusa og utvide bilforretninga. Mykje prestisje var investert i denne saka frå kommunen si side, og situasjonen verka temmeleg fastlåst.



Figur 7.15: Veggmåleri av Håkon Bleken og Håkon Gullvåg på Svartlamoen. Foto: Eli Støa.

Kommunen snur

Den lange kampen mot dei opprørske bebuarane på Svartlamoen var ikkje noko god sak for Trondheim kommune, og administrasjonen leitte etter kvart etter ein måte å komme seg ut av denne knipa på. Irritasjonen i den politiske leinga i Trondheim kommune var likevel stor då rådmann Knut Sæther på eige initiativ og utan å informere formannskapet, starta forhandlingar med bilforretninga i området og kom fram til ei avtale om å kjøpe tilbake bustadområdet på Svartlamoen. Ordføraren var rasande, men rådmannen sitt tilbod stod etter kvart fram som den einaste farbare vegen ut av den fastlåste konflikten (Adresseavisen 2004.11.27). Bystyret vedtok avtala i september 1998, og arbeidet med å legge grunnlaget for eit byøkologisk prosjekt kom etter kvart i gang på Svartlamoen.

Utbygginga av Svartlamoen skulle etter desse planane representere ei alternativ byutvikling, bygd på berekraft og økologiske prinsipp. Dei gamle trehusa skulle vernast og fornyast på ein skånsam måte slik at dei noverande bebuarane framleis kunne bu der. Området vart regulert til eit "byøkologisk forsøksområde". Reguleringsplanen vart vedtatt i Bystyret 22.11.2001, og det overordna målet skulle vere at Svartlamoen "*..skal bli en alternativ bydel med stort rom for eksperimentering, forsøk og utprøving. Det gjelder både boliger, boformer, sosialt samspill, medvirkning, økologi og energi, kommunale tjenester, kunst, kultur og næringsutvikling.*" (Trondheim kommune 2001). Reguleringsplanen formulerte følgjande hovudmål som presenterte breidden i dette kulturalistiske byutviklingsprosjektet:

- *“Å sikre området som byøkologisk forsøksområde som i lokal, nasjonal og internasjonal sammenheng kan gi grunnlag for nye ideer innen bærekraftig bolig- og næringsutvikling.*
- *Å bevare og bygge vidare på det eksisterende kulturmiljøet med særlig vekt på bevaring av områdets egenart som trehusbydel og mangfoldig bymiljø.*
- *Å legge til rette for et lavt kostnadsnivå med et rimelig boligtilbud og gunstige rammervilkår for nyetablering av virksomheter.*
- *Å basere utviklingen på LA21-prinsipper med stor grad av medvirkning der kompetanse og ressurser i området kan utnyttes og tilhørigheten til området styrkes¹.”* (S.st.)


Reguleringsplanen vart vedtatt nesten utan debatt. Husa som kommunen åtte, vart overførte til ei stifting og i stor grad forvalta av bebuarane i området. Situasjonen var endra og det vart innleia eit tett samarbeid mellom Trondheim kommune og

1. Lokal Agenda 21 er en prosess som har som mål å integrere økologiske, sosiale og økonomiske utviklingsspørsmål for å kunne sikre at all fremtidig utvikling blir "bærekraftig". Trondheim kommunes nettside: /trondheim.kommune.no/content.ap

bebruarane i området om å utvikle bydelen. Saman drog dei på studietur til fristaden Christiania i København! (Adresseavisen 2000.12.01).

"Folk smilte om kapp med sola på Svartlamoen i går kveld. Den nye planen for å utvikle området blir tatt i mot med tilfredshet." (Adresseavisen 2001.05.03).
"En stille revolusjon pågår på Svartlamoen. Drømmen om en ung, beboerstyrt, kunstnerisk og økologisk bydel kan endelig bli virkelighet." (Adresseavisen 2000.12.01)

Universitetet og forskingsmiljøa i Trondheim vart også engasjerte i prosjektet og ville bruke Svartlamoen som eit laboratorium for utvikling av ny miljøteknologi, samarbeidsprosessar og nye bygnings- og bustadformer. Svartlamoen skulle bli ein forskings- og utstillingspark for innovative og gode løysingar for urbant tre (forskning.no 2002.12.06). Det vart arrangert ein arkitektkonkurranse om "*Bruk av tre på Svartlamoen*" (Norske arkitektkonkurranser 373/2002). Vinnarutkastet til dei unge arkitektane Olav Kristoffersen og Geir Brendeland utmerka seg i følge juryen "*når det gjelder å tolke, argumentere, formgi og presentere fremtidsrettede løsnin-ger i Svartlamoens ånd*" (S.st.:3). Vinnarutkastet vart oppført i fem etasjar i mas-sivtre og representerte ei arkitektonisk nyskaping som vart lagt merke til i arkitektkrinsar. Bygningen gav arkitektane fleire arkitekturprisar, og bygget vart også omtala i prestisjefyllte arkitekturtidsskrift. Etter kvart er det dette spektakulære og utfordrande signalbygget som vart Svartlamoens logo, og ikkje lenger den svarte katten.



Figur 7.16: Vinnarutkastet frå arkitektkonkurransen på Svartlamoen.
 Kjelde: (Norske arkitektkonkurranser 373/2002) og faksimile frå Wallpaper.

"Åpen, lav bebyggelse, dominert av Nidarosdomens mektige silhuett, omgitt av vann på tre sider, Cicignons gatenett med de store perspektiver, de smale veitene i kontrast, elvehavna med brygger på begge sider, Kristiansten kronende over Bakklandsbebyggelsen: Dette er "Trondheimsandletet"

(Kristofer Uppdal 1917)

8. "Trondheimsandletet"

Midtbyen vart også i nyare tid stadig ramma av katastrofale brannar med påfølgande gjenreisingsprosjekt. Desse prosjekta vart livleg debatterte både i faglege krinsar, i politiske fora og blant "folk i gata". Denne debatten handla om korleis ein skulle bygge nytt i den historiske byen slik at det medverka til å verne om bykarakteren eller "Trondheimsandletet". Dette vart ein viktig del av diskursen om trebyen. Kan vi i denne debatten finne liknande motsetningar i forståingsformene som karakteriserte vernedebatten om trepaléa på Torget og trehus-miljøet på Bakklandet? Har også desse forståingsformene endra seg over tid og korleis har denne prosessen vore?

Kristofer Uppdal (1878-1961) skreiv i essayet "Trondheimsandletet" (Uppdal 1917) om Trondheim sin bykarakter. Han la vekt på byens monumentalitet, men også samspelet mellom dei breie gatene som Cicignons byplan la grunnlaget for og mellomalderen sitt gatesystem, veitene, som overlevde inne i dei store kvartala, forholdet til fjorden og til Nidelva, dei store bryggene som omkransar elva som gir andletet eit gammalt alvor. Ved hjelp av denne teksten frå Kristoffer Uppdal introduserte Antikvarisk utval "Trondheimsandletet" som ein metafor for byens særegne bykarakter og bygningsmiljø. På liknande måte som eit andlet utviklar trekk som gjer at det eine andletet er ulikt alle andre andlet og gjer det gjenkjenneleg, vil også ein by gjennom tidene utvikle eigenskapar som karakteriserer byen og skaper særpreg (Fasting 1976).

Det som gjer Trondheim til ein stad med identitet og personlegdom, er kombinasjonen landskap - byplan - bygningsstruktur - enkeltbygningar. Denne bykarakteren har kome fram som resultat av ein lang historisk prosess som er spesiell for Trondheim. Trondheim har særtrekk som gjer den "til et sted med egenartet karakter, et sted som kan styrke beboernes identitetsfølelse." (Fasting 1976:2) "Om monumentalbyggene er munn og nese, øyne og ører, så er de gamle trehusmiljøene

rynkene og dragene som forteller om menneskets slit og sorg og glede gjennom et langt liv." (S.st. :18).



*Figur 8.1: "Trondheimsandletet". Cicignons storslåtte byplan og den låge trehusbebyggelsen gav Midtbyen i Trondheim ein spesiell bykarakter, "Trondheimsandletet". Bildet er frå 1878
Foto: Postkort Schrøder.
Kjelde: (Nordmark 2004).*

"Trondheims bybilde"

I samband med debatten om vern av trepaléa på Torget, sette formannskapet i 1970 ned eit utval som skulle foreta ei registrering av verneverdige bygningar og bygningsgrupper, kalla "Antikvarisk utvalg". Etter at utvalet hadde vedtatt den kontroversielle innstillinga om Svaneapoteket, og møtt mykje motbør både frå verneinteressene og frå innbyggjarar i kommunen, var det lite framdrift i dette arbeidet. Trondhjems Arkitektforening retta i eit brev til formannskapet sterk kritikk til kommunen som heldt fram med ei tilsynelatande planlaus riving av verdifulle bygningar og bygningsmiljø samstundes som Antikvarisk utval ikkje var i stand til å fullføre det viktige registreringsarbeidet som det var pålagt. Heller ikkje vart utvalet spurt til råds i dei mange rivings sakene som plan- og bygningsstyresmaktene i kommunen handsama.

I generalplandebatten i bystyret i 1972 vart dette registreringsmaterialet etterlyst (Adresseavisen 1972.02.11). Utvalet sine fagkyndige medlemmer, Erling Gjone og Edvard Bull, hadde gitt uttrykk for at dei var skuffa over at utvalet hadde fått så lite å gjere med dei oppgåvene dei var pålagde gjennom instruksjonen (Adresseavisen 1972.03.09). Historisk foreining slutta seg til kritikken frå arkitektforeininga og meinte at kommunen måtte gjere utvalet til eit aktivt og effektivt organ for det antikvariske vernearbeidet (Adresseavisen 1972.04.20).

Leiaren for "Kontoret for registrering av eldre bebyggelse", Hermann Semmelmann, gjekk i juni 1972 av for aldersgrensa og arkitekt Lars Fasting vart tilsett i stillinga i oktober 1972, etter at Lars Roede hadde fungert i ein kort periode. I følgje instruksjonen som vart vedtatt av Formannskapet i 1973, skulle registreringsarki-

tekten i tillegg til å stå for det omfattande registreringsarbeidet også foreslå prioriteringar etter bebyggelsen sin verneverdi (Fasting 1976: Bilag1). Registreringsarkitekten skulle også "*....arbeide for å verne om bevaringsverdige hus og andre minnesmerker*" *"Registreringsarkitekten skal være konsulent for de tekniske etater i antikvariske spørsmål"* (S.st.: pkt c). Dette gjaldt også i spørsmål om riving. (S.st. :pkt d). Reguleringsarkitekten var i praksis ein byantikvar, sjølv om det enno skulle gå meir enn 10 år før byen fekk ei stilling med denne tittelen.


Med nye kostar på registreringskontoret vart det meir framdrift i arbeidet. I 1976 la utvalet fram innstillinga *"Trondheims bybilde - Innstilling om verneverdige bygninger og bygningsmiljøer i Trondheims sentrale områder"*. Med dette arbeidet skulle dei verneverdige bygningane sikrast i ein verneplan på grunnlag av *"en helhetsvurdering av de kvalitetene man forbinder med Trondheims bybilde"* (Fasting 1976:1). Materialet skulle også vere retningsgivande for utforminga av Midtbyplanen (Trondheim kommune 1979c:7). I motsetning til den kompromissvillege innstillinga om Svaneapoteket og Hornemannsgården, presenterte Antikvarisk utval denne gongen eit arbeid med ein klar verneprofil. Haldningane til politikarane i utvalet hadde endra seg i takt med opinionsendingane i den offentlege debatten i desse åra (Stugu 1997:166).

"Trondheims bybilde" var eit omfattande arbeid som kom til å få stor verdi for arbeidet med å sikre kulturverdiene i Midtbyen, både som grunnlag for arbeidet med ein reguleringsplan for Midtbyen, Midtbyplanen, og i handsaminga av enkelt saker. Rapporten skisserte eit generelt grunnlag for arkitekturvern, mellom anna basert på Amsterdamfråsegna (European Council 1975).

Det var viktig for utvalet å forankre dette arbeidet i dei generelle og internasjonale retningslinjene for arkitekturvern som var gitt i Amsterdamfråsegna og som Noreg hadde ratifisert. I følgje Amsterdamfråsegna hadde lokalforvaltninga eit særleg ansvar på vegne av det internasjonale samfunnet for å ta vare på dei verdiane som denne kulturarven representerer, eit ansvar som politikarane i byen måtte vere medvitne om. Dette ansvaret hadde ikkje administrasjonen og politikarane i Trondheim kommune tatt inn over seg. Det var derfor viktig for utvalet å sette Trondheimsarkitekturen i ein europeisk samanheng, som skulle medverke til å skape oppslutning om vernetanken:

"I europeisk arkitektursammenheng er Trondheim i første rekke TREBYEN, en av Europas største, med sammenhengende trehusbebyggelse fra Steinberget til Lademoen. Den urbane trehusbebyggelsen i Trondheim spenner over et tidsrom på 300 år, men med tradisjoner tilbake til de nederste lagene i de arkeologiske gravfeltene." (Fasting 1976:2).266

TREBYEN TRONDHEIM



Figur 8.2: Registrering av verneverdige bygninger (øverst) og område (nederst) i sentrale delar av Trondheim, 1976.
Kjelde: Trondheims bybilde (Fasting 1976)

Ved å gi planarbeidet ei forankring både i dei internasjonale straumdraga innanfor byplanlegging og i den internasjonale kulturvernpolitikken, ville utvalet skape ei sterkare legitimering av dei forslaga som innstillinga innebar, og styrke innstillinga sin posisjon i høve til den motstanden utvalet visste ville komme frå delar av det politiske miljøet og administrasjonen i kommunen. Forståinga for kva slags verdiar trebyen Trondheim representerte i ein kulturhistorisk samanheng, var ikkje like godt forankra i alle delar av det politiske og administrative forvaltningsapparatet i Trondheim kommune på den tida. Antikvarisk utval måtte derfor konstatere at: "*Siden slutten av 50-årene er ca. 1/3 av det som da var verneverdig bebyggelse i Trondheim forsvunnet. Flere gateløp er blitt utvisket. Samtidig har ny bebyggelse ikke bidratt til å styrke Trondheims stedegne karakter, og i svært liten grad formådd å tilpasse seg det eksisterende bybildet*" (Fasting 1976:22).

Utvalet som hadde vore splitta i spørsmålet om vern av Hornemannsgården og Svaneapoteket, kunne i 1976 leggje fram ei samla, men likevel kontroversiell innstilling som dei visste ville komme til å skape debatt. Utvalet la derfor stor vekt på å formulere det verneteoretiske grunnlaget for arbeidet. I tråd med Venezia-charteret vart det slått fast at det historisk framvaksne bybildet har ein historieforteljande, estetisk og sosial funksjon (Fasting 1976:9-11).

Utvalet viste også til Amsterdamfråsegna som slo fast at arkitekturvern ikkje berre dreiar seg om enkelte monumentale byggverk og deira omgivnader, men også alle område av byar og landsbyar som har historisk og kulturell interesse. (Trondheim kommune 1976a:1). På dette grunnlaget samla utvalet inn data frå om lag 800 bygningar i Trondheims sentrale bystrøk som utvalet meinte var verneverdige. Utvalet delte registreringsmaterialet inn i tre klassar:

A: *Fredingsverdi*. Bygningar som er freda eller som utvalet meinte bør fredast i samsvar med Lov om bygningsfredning av 3.12.1920.

B: *Verneverdi*. Bygningar som er verneverdige som historiske dokument eller estetiske kvalitetar.

C: *Gruppeverdi*. Bygningar som er verneverdige fordi dei fyller kriteriet som miljøskapande eller er oppsluttande delar av eit miljø.

I tillegg til dei 31 bygningane i Midtbyen som allereie var freda eller verna på tilsvarande måte (mellom anna kyrkjer og statlege bygningar som var registrerte som verneverdige), vurderte utvalet 19 bygningar/byggverk (inkludert 6 brygger i Kjøpmannsgata) som fredingsverdige i klasse A. Utvalet vurderte dessutan 110 bygningar/anlegg som verneverdige i klasse B. Dette var bygningar som utvalet meinte hadde stor verneverdig "*men hvor de fleste ikke kan falle innenfor fredningslovens nokså strenge ramme.*"(S.st. :154).

Antikvarisk utval registrerte og vurderte om lag 750 bygningar som verneverdige i klasse C. Som enkeltbygningar var desse ikkje så framstående som bygningar i A- og B-klassen. Dei var først og fremst miljøskapande element i bybildet. Dei utgjorde den meir anonyme delen av Trondheim si bygningshistorie. Utvalet såg det som like viktig å ta vare på einskaplege grupper av vanlege hus, som å verne om framstående enkeltbygningar og foreslo å sikre desse bygningsmiljøa ved å regulere dei til spesialområde for antikvarisk verdfull bebyggelse, i samsvar med bygningslovas § 25, nr. 6 (S.st.:155).

I tråd med nye tankar innanfor kulturvern- og byplanlegging, vart det lagt vekt på å verne og utvikle heilskaplege miljø. Utvalet var opptatt av at Trondheims særegne profil skulle vernast ved at det i samband med Midtbyplanen skulle settast generelle føresegner om maksimal byggjehøgde: *"Trondheims særegne profil vernes om ved at det i forbindelse med reguleringsplanene som er under utarbeidelse settes generelle bestemmelse om maksimal byggehøyde for de sentrale bystrøk."* (Fasting 1976:3).

Utvalet gav likevel ingen retningslinjer for kva som burde vere maksimal byggjehøgde i dei ulike områda, med unntak av dei nemnde verneområda der bustadbebyggelsen på to etasjar skulle vidareførast. Derimot skulle det utarbeidast generelle retningslinjer for bevaring som skulle inngå som reguleringsføresegner knytte til Midtbyplanen.

Dei einskaplege trehusområda kunne vernast på to måtar: Ved at nye bygningar som vart sette inn i desse områda, innordna seg heilskapen med omsyn til høgde og utstrekning, og ved at detaljane i heilskapsbildet ikkje vart brote i stykke. Bygningslovas føresegner om vedlikehald og fasadeendringar av eksisterande bygningar måtte innskjerpast. Det same galdt plikta til å melde frå til bygningsrådet før tiltak vart sette i gang.

Antikvarisk utval gjekk inn for at det vart oppretta eit byfornyingsutval som skulle ta vare på dei pliktene som kommunen vart pålagt i samband med den nye byfornyingslova som kom i 1976. Dette utvalet burde også verke som konsultativt fasaderåd og føre Antikvarisk utval sitt arbeid vidare. Som sakshandsamar for dette utvalet og som konsulent for bygningskontrollen, plankontoret og byggje- og eigdomskontoret i saker som galdt verneverdige område og bygningar, meinte utvalet at det burde opprettast ei stilling som byantikvar knytt til kulturkontoret. Gjennom byfornyingsutvalet burde kommunen snarast utarbeide eit handlingsprogram for utbetring av sine eigne eigedomar som m.a. omfatta over 100 av dei verneverdige bygningane i byen (S.st.:1-4).

Utvalet utarbeidde eit omfattande registreringsmateriale der dei ulike bygningane og anlegg som sorterte under vernekategoriane A, B og C vart kartfesta. Dette

kartet illustrerte at det verneverdige trehusmiljøet i Trondheim utgjorde eit samanhengande verneområde frå Ila til Lademoen (fig.8.2).

Utvalet foreslo at Ilsvikøra, Sanden, Bakklandet, området bak Vår Frue kyrkje og bryggerekka langs Fjordgata skulle regulerast som spesialområde. Bryggerekka langs Nidelva foreslo utvalet freda saman med ei rekke enkeltbygningar. Kva status Møllenberg-Rosenborgområdet skulle ha i vernesamanheng, tok Antikvarisk utval derimot ikkje stilling til

Medan striden tidlegare hadde stått om vern hovudsakleg på eit kulturhistorisk grunnlag, vart vernegrunnlaget vesentleg utvida gjennom dette arbeidet. Det opphavlege mandatet var å registrere og verne dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen (Trondheim kommune 1975:7). Frå å vere konsentrert om vern av dei verneverdige enkeltbygningane, la ein no større vekt på å ta vare på byens karakter, på bybildet.

“Det som gjør Trondheim til et sted med identitet, er kombinasjonen landskap - byplan - bygningsstruktur - enkeltbygningar, og for at denne spesielle kombinasjonen er framkommet som et resultat av en lang historisk prosess som er spesiell for Trondheim. Når vi skal trekke opp retningslinjene for vern av disse kvalitetene, er det like viktig å finne ut hvordan man kan ta vare på helheten som å knytte “antikvarisk ekspertise” til enkelte klenodier.” Fasting 1976:2).

Å sjå Trondheims bybilde som eit verneobjekt var ein ny tanke som ikkje heilt greidde å gjennomsyre planleggjarane sitt arbeid. Tiltrådinga frå Antikvarisk utval, "Trondheims bybilde", skulle vere ein del av grunnlagsmateriale for arbeidet med ein ny reguleringsplan for Midtbyen. Materialet skulle komme til å påverke utforminga av Midtbyplanen i stort monn. Men spenninga mellom vern og fornying var stor, og det nye vernegrunnlaget som la vekt på vern av den heilskaplege bykarakteren, vart oppfatta som kontroversiell. I byens handelssentrum, området mellom Prinsens gate - Kongens gate, Nidelva og Kanalhavna, der utbyggingspresset naturleg nok var størst, var det stor motstand mot å gjennomføre desse tankane.

Midtbyplanen

Arbeidet med generalplanen og striden om trepaléa på Torget avdekkja eit behov for å ta opp att planlegginga av Midtbyen. På mange område vart dette planarbeidet eit motsvar til generalplanen og kom til å bryte med fleire av føresetnadene i denne planen (Stugu 1997a). Sjølv om generalplanarbeidet initierte ein eigen plan for Midtbyen, hadde det likevel gått over 10 år sidan kommunen starta med generalplanarbeidet, og mange viktige spørsmål rundt vern av den historiske trebyen hadde modnast, og nye tankar og haldningar hadde etablert seg både i det politiske miljøet og i administrasjonen.

Arbeidet med Midtbyplanen starta opp i 1975 ved at formannskapet oppnemnde ei tverrfagleg arbeidsgruppe til å stå for dette arbeidet. I 1981 vart planen stadfesta av Miljøverndepartementet som ein rettskraftig reguleringsplan som skulle leggjast til grunn for den vidare utviklinga av Midtbyen. Då planarbeidet starta opp, var plansituasjonen slik at for Midtbyen galdt 50-60 ulike reguleringsplanar. Nokre av desse planane skreiv seg tilbake til det 19. hundreåret. Dette lappeteppet av stadfesta reguleringsplanar innebar dessutan føresetnader om framtidige gateutvidingar, byggjelinjer og byggjehøgder som medførte at ein stor del av den eksisterande bebyggelsen ikkje var i samsvar med gjeldande reguleringsplanar og skulle rivast (Trondheim kommune 1979c). Mange av reguleringsplanane frå 1950- og 1960-åra var prega av ein utviklingsoptimisme som fekk utslag i breiare gater, høgare bygningar og ei fullstendig sanering av den historiske trehusbebyggelsen (Adresseavisen 1977.12.01a). Skulle desse reguleringsplanane bli gjennomførte, ville det innebere ei total omforming av Midtbyen og ei kraftig auke i arealutnyttinga i Midtbyen, med dei konsekvensane dette ville få for trafikkavviklinga. Dette skapte dessutan førestillingar om eigedomsv verdier og utbyggingspotensiale som ikkje var til fordel for dei gamle trehusmiljøa og foredlinga av Midtbyens karakteristiske bybilde og miljø.

Ved å gi ein reguleringsmessig legalisering av den eksisterande bygningsmassen, meinte ein at dette ville stimulere til vedlikehald og utvikling av den eksisterande bystruktur og bygningsmasse (Trondheim kommune 1976b:11). Følgjande føresetnader og målsettingar skulle leggjast til grunn for planarbeidet (Trondheim kommune 1975):

- Avlastning av Midtbyen ved å byggje eit avlastingssenter på Heimdal
- Vern av dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen
- Utnyttingsgraden for Midtbyen skulle haldast på noverande nivå.
- Golvareal til bustadføremål skulle aukast.

Ein viktig føresetnad for dette planarbeidet hadde grunnlag i bystyrets vedtak frå 1972 om å halde utnyttingsgraden for Midtbyen på noverande nivå (Trondheim kommune 1975:7). Dette kunne gjerast ved å fastsette at utnyttingsgraden for den enkelte tomte ikkje måtte aukast ved nybygging. Eit anna punkt var forslaget om å leggje tilhøva til rette for ein auke av bustadarealet i Midtbyen, og dessutan leggje restriksjonar på tilkomsten med privatbil ved å fryse talet på parkeringsplassar, og ikkje utvide trafikkapasiteten i gatenettet (Trondheim kommune 1979c:10). Både føresetnaden om å halde utnyttingsgraden på eksisterande nivå og at golvarealet til bustadføremål skulle aukast, braut med generalplanens opphavlege føresetnader. Norsk Vegplan II skulle vere retningsgivande for det vidare arbeidet med ein trafikkplan for Midtbyen (Trondheim kommune 1979c).

På grunn av presset på Midtbyen, var det ei omfattande bruksendring frå bustadføremål til kontor- og handelsføremål som gjekk føre seg på den tida. Restriksjonar mot bruksendringar og tilbakeføring til bustadformål var derfor eit mål med planen. Å auke busettinga i Midtbyen ville vere positivt både for det sosiale miljøet i sentrum og for vern av det gamle trehusmiljøet.

"Om man skal handle etter den av bystyrets vedtatte målsetting når det gjelder fordeling av gulvareal på de ulike funksjonene i Midtbyen, må det i større grad stimuleres til boligbygging i Midtbyen. Samtidig må man opptre betydelig mer restriktivt overfor andre funksjoner enn boliger. Flere boliger i Midtbyen ... vil kunne bedre det sosiale miljø, som er en av hovedforutsetningene for vern av bybildet. Dersom man ikke ønsker en vesentlig økning av utnyttelsesgraden, vil en stor del av den eldre bebyggelsen kunne være sikret den bruk den opprinnelig ble bygget for. Under samme forutsetning vil en ved utnyttelse av den gamle bygningsmassen være sikret et mer variert boligmiljø enn man vanligvis oppnår i nye boligområder. Man har også muligheten for å bygge videre på eksisterende "sosiale mønster", som det tar lang tid å opprette i et nybyggerområde." (Trondheim kommune 1976a:13).

I dette plandokumentet som bygde på Antikvarisk utval sin rapport "Trondheims bybilde", sette kommunen fingeren på kanskje den viktigaste føresetnaden for vern av dei gamle trehusmiljøa, at ein aksepterte den utnyttinga og den arealbruken i Midtbyen som galdt på dette tidspunktet. Det var dette som kom til å bli eit av dei mest konfliktfylte punkta i arbeidet med Midtbyplanen og ikkje minst i praktiseringa av planen i ettertid.

"Å sikre Midtbyens særpreg og helhetsmiljø"

I oktober 1979 la prosjektgruppa fram forslag til reguleringsplan for Midtbyen for Trondheim bygningsråd. Føremålet med reguleringsplanen og dei tilhøyrande reguleringsføresegnene var *"å sikre en gradvis fornyelse av bebyggelsen, som bevarer og videreutvikler Midtbyens særpreg og helhetsmiljø."* (Trondheim kommune 1979c:44). Gjennom denne føremålsparagrafen introduserte prosjektgruppa ei ny og heilskapleg tenking rundt bygningsmiljøet i Midtbyen. Det var ikkje lenger enkeltbygningar med stor kulturhistorisk interesse som skulle takast vare på, men Midtbyens særpreg, slik dette kom til uttrykk gjennom samspelet mellom landskapet, byplanen og den historiske bebyggelsen. Dette måtte innebære at vernetanken skulle gjennomsyre all utvikling av Midtbyen, noko som det neppe var vilje til verken i dei politiske eller administrative krinsane i kommunen.

I motsetning til Generalplanen som foreslo sonedeling og omfordeling av funksjonsmønsteret i Midtbyen, innebar forslaget til Midtbyplan at arealbruken skulle vere samanfallande med dagens bruk av areala. Eit par unntak var forslaget om etablering av parkeringshus i Sandgata og i Kjøpmannsgata.

Prosjektgruppa bak Midtbyplanen peika på motsetningane mellom dei føresetnadene som trafikkplanen (Norsk Vegplan II) la til grunn og målsettinga om å verne dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen. Gruppa var einig om at Midtbyplanen måtte baserast på ei meir restriktiv haldning til privatbilen, fordi Midtbyens "*miljøkapasitet ikke kunne tåle økt trafikkbelastning.*" (S.st.:10) "*En prinsipielt annen måte å lette presset på Midtbyen på, er gjennom endring av transport- og parkeringspolitikken. En mer restriktiv holdning til privatbilbruk innenfor det sentrale byområdet kombinert med økt satsing på kollektivtrafikken, vil etter hvert kunne få virkninger for miljøet i Midtbyen.*" (S.st.:28).

Å dimensjonere gatenettet for ein auke i trafikken, ville innebere dramatiske inngrep i bystrukturen. Prosjektgruppa for Midtbyplanen peika på motsetningane mellom dei føresetnadene som trafikkplanen (Norsk Vegplan II) la til grunn, og målsettinga om å verne dei kulturhistoriske verdiane i Midtbyen. Gruppa var einig om at Midtbyplanen måtte baserast på ei meir restriktiv haldning til privatbilen fordi Midtbyen ikkje kunne tåle auka trafikk (Trondheim kommune 1976b:10). Plankontoret la denne føresetnaden til grunn, og foreslo "*å prioritere bybildet og de historiske verdier framfor et antatt behov for større gatetverrsnitt*".

Sjølv om byplankontoret langt på veg var einig med Antikvarisk utval om at eksisterande gater og veiter skulle oppretthalde sine eksisterande breidder, innebar planen likevel ei utviding av Prinsens gate med riving av husrekka på austsida av gata mellom Bispegata og Kongens gate, ei bruløysing over Ravnkloa som batt Fjordgata saman med Sandgata og ei utviding av Erling Skakkes gate og Kjøpmannsgata som ville rasere trerekka og grøntområdet i gata. Forslaget vart støtta av Vegdirektoratet, mens Miljøverndepartementet gjekk imot desse forslaga i si slutthandsaming av reguleringsplanen (Trondheim kommune 1981).

Midtbyplanen foreslo fire område som skulle regulerast til spesialområde "*av særlig historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi*": Sanden-området, området sør for Vår Frue kyrkje, bryggerekka i Kjøpmannsgata og bryggerekka i Fjordgata. For desse områda vart det foreslått restriktive føresegner som skulle sikre at kulturverdiane vart tatt vare på. I Sanden-området og området ved Vår Frue kyrkje vart det sett krav til byggjehøgde på maksimalt to etasjar. Bruk av materialar og fargar skulle harmonere med den gamle trebebyggelsen sitt særpreg. Det same galdt utforming av dører, vindauge, portar og trapper.

Ved gjenreising av bygningar etter brann eller riving, heitte det at ein må innrette seg "*etter bestemmelsene om et enhetlig og harmonisk preg.*" Dersom den nyare murbebyggelsen skulle fornyast, skulle det skje med bebyggelse i to etasjar og i samsvar med dei utformingskrav som vart sett elles i området. Området skulle nyttast til bustadføremål.


Midtbyplanen introduserte verneføresegner berre i desse fire områda, og ikkje i byens handelsområde der debatten om vern av Trondheims-karakteren hadde vore mest aktiv. Det var i dette området at bybildet uttrykte samspelet mellom Cicignons byplans breie gatenett, dei smale veitene, den låge trehusbebyggelsen og dei mange arkitektoniske verdifulle enkeltbygningane som trepaléa og dei store kjøpmannsgardane. Utvalet si utsegn om å ta vare på "Trondheimsandletet" hadde større relevans i dette området enn i dei foreslåtte verneområda som stort sett låg utanfor byplanen til Cicignon. I følgje Riksantikvaren utgjorde dette sentrale området i Midtbyen eit bygningsmiljø av internasjonal interesse: *"Til tross for mange harde inngrep utgjør området med sine mange fredede og bevaringsverdige enkeltbygninger og anlegg fremdeles et helhetlig bygningsmiljø som også har internasjonal interesse."* (Trondheim kommune 1980:28).

Riksantikvaren og Miljøverndepartementet gjekk inn for at større delar av Trondheim sentrum burde vore underlagt verneføresegner. Dei foreslo at området nord for Olav Trygvasons gate og aust for Munkegata, "Nerbyen", også skulle få status som verneområde. Plankontoret svara at *"Med hensyn til spesialområdene kunne det selvsagt fra antikvarisk synspunkt være ønskelig med en utvidelse av disse, men mange hensyn gjør det påkrevet å begrense seg til de aller viktigste områder som trenger spesielt vern"* (S.st.:28). Plankontoret meinte at dei generelle reguleringsføresegnene for Midtbyen, i seg sjølv ville verke hindrande på ei rasering av verdifulle bygningar og gatebilde.

I handelsområdet var det blitt eit stort innslag av nyare bygningar som braut dramatisk med trebyens dimensjon og skala, men ikkje meir dramatisk enn at det framleis var den to-etasjes trehusbebyggelsen som sette preget på også denne delen av byen: *"Den murbebyggelse som senere er kommet opp, har i noen grad endret bildet med toetasjers rekkebebyggelse i tre med noen få paléer og kirkene som rager opp, men har bortsett fra enkelte uheldige tilfeller, ikke spolert helhetsbildet, mener byplansjef Børre Skaslien."* (Adresseavisen 1977.10.06)

Likevel gjekk prosjektgruppa inn for reguleringsføresegner som skulle tillate at nye bygningar som braut med trebyens skala og dimensjonar, kunne byggjast i Midtbyen, sjølv om intensjonen var at *"Ny bebyggelse gis en form og dimensjon som passer inn i det eksisterende miljø"* (Trondheim kommune 1981). Maksimal byggjehøgde vart sett til fire etasjar med ei maksimal gesimshøgde på 14 meter. I tillegg kunne Bygningsrådet dispensere fra denne føresegna i kvartal der det frå før var høgare bygningar, og der bygningsrådet etter skjønn såg det som ein fordel for heilskapsbildet at det vart ein mjukare overgang til lågare bebyggelse innanfor same kvartal (S.st.). Denne føresegna vart i praktiseringa av Midtbyplanen gjennom byggjesakshandsaminga tolka som eit generelt høve til å bygge meir enn fire etasjar etter bygningsrådet sitt romslege skjønn. Med desse byggjehøgdeføresegnene og

med den byggesakshandsaming som vart praktisert, gav Trondheim kommune tydelegvis opp å vidareutvikle trebykarakteren i dei sentrale delane av Midtbyen.



Figur 8.3: Midtbyplanen slik han vart vedtatt i 1981.
Kjelde: (Trondheim kommune 1981).

"Lar seg ikke gjennomføre!"

"En rekke punkter i den foreslåtte reguleringsplanen for Midtbyen inneholder lokalpolitisk sprengstoff, og jeg tror også at en del av de målsetninger det er lagt opp til ikke vil kunne la seg gjennomføre", sa ordførar Axel Buch (H) då planen vart presentert. "Økonomiske og praktiske grenser for en kommunes drift vil etter min mening umuliggjøre en full gjennomføring av forslaget." (Adresseavisen 1976.11.17).

Eit av dei punkta som ordføraren trekte fram, og som han meinte var urealistisk med tanke på gjennomføring av planen, var føresetnaden om at 50 % av golvarealet skulle nyttast til bustadføre mål. Dette var eit viktig punkt for å kunne oppretthalde sentrum som ein levande bydel, meinte planleggjarane. Andre forhold ordføraren meinte ville skape debatt, var trafikkreguleringa med tak på parkeringstalet og føresetnaden om å leggje dagens gatenett i Midtbyen til grunn for trafikkapasiteten. Forslaget om å verne områda Sanden-Hospitalsløkka, bryggene i Kjøpmannsgata, bryggene i Fjordgata og området sør for Vår Frue kyrkje, var han også skeptisk til (S.st). Ordføraren sine kommentarar var eit varsel om den debatten som skulle komme.

Handelsstanden i Midtbyen gjekk også ut mot planen og meinte at "*Dersom de mest ytterliggående forslag vedrørende trafikkregulering, fredning av bygninger, nybygg osv, blir iverksatt, vil det i sin ytterste konsekvens ... medføre ... en død bykjerne med nedleggelse av en rekke butikker*" (Adresseavisen 1977.06.14). Å låse arealutnyttinga til 1972-nivået, og dessutan krevje at halvparten av gulvarealet i alle nybygg skal nyttast til bustadføremål, hadde handelsstanden i Midtbyen sterke innvendingar mot. Handelsstanden fann heller ingen grunn til å ta vare på den låge trehusbebyggelsen der denne var omkransa av nyare bygningar på fire og fem etasjar, og meinte at i bykjernen burde det vere lov til å føre opp ein meir tidsmessig bebyggelse. "*Det er rimelig at også vår generasjon får anledning til å sette sitt preg på Trondheims bybilde.*" (Næringsorganisasjonenes Felleskontor 1977).

Men det var ikkje berre blant byen sine næringsdrivande at planen møtte motstand. Også frå kommunen sin administrasjon kom det sterke innvendingar. Kommunaldirektøren for teknisk avdeling, Johan Eggen, meinte at dei kapasitetsføresetnadene som var nedlagde i Norsk Vegplan når det galdt gate- og vegbreidder, måtte oppretthaldast. Eggen understreka verdien av å sørge for plass til ei anna utvikling enn det ein har oversikt over i dag. "*Nybygg må ligge tilbaketrukket slik at man med tiden kan få bredere gater ... Det blir for trangt, Trondheims midtby vil trenge mer albuerom for å leve videre*" (Adresseavisen 1979.11.06; Trondheim kommune 1977:21-25). Kommunaldirektøren var også skeptisk til planens verneprofil: "*Når det gjelder spørsmålet om å bevare flest mulig eiendommer, må det være riktig å begrense antallet, samtidig som man er meget omhyggelig med å bevare disse*" (Adresseavisen 1977.07.01).

Delar av miljøørsla var kritisk til Midtbyplanen og meinte at planen bygde på uholdbare motsetningar mellom trafikkføresetnadene og omsynet til Midtbyen sine kulturhistoriske verdiar. (Adresseavisen 1977.02.23; Carlsen 1977.07.15). Eit folkemøte arrangert av Fortidsminneforeninga hadde den kritiske tittelen: "*Midtbyplanen - i konflikt med Trondheims bybilde*" (Adresseavisen 1977.12.01b). Det borgarlege fleirtalet i bystyret med Høgre, Kristeleg folkeparti og Senterpartiet utarbeidde ei fellesfråsegn som sa nei til bustaddelen ved nybygg og tilrådde ei sterkare sonedeling mellom bustadområda i Midtbyen og forretningsområda. Arealutnyttinga måtte aukast: "*Midtbyen må følge med i den utvikling og tilpasning som er nødvendig for de næringsdrivende i området. Trondheim må fortsatt være i stand til å fylle sin plass som landsdelssenter.*" (Adresseavisen 1978.09.22). Desse tre partia kom til å støtte opp om Handelsstanden si linje i debatten om Midtbyen. Ikkje minst galdt det i spørsmålet om talet på parkeringsplassar og tilkomsttilhøva med privatbil.

Også etter at Midtbyplanen var godkjend i Miljøverndepartementet, held debatten fram. Tidlegare representant for Høgre i bystyret, Finn Kleven, hadde i ei

årrekke vore ein aktivt deltakar i debatten om utviklinga av Midtbyen med sterke argument for sanering og fornying. Dei argumenta som han presenterte i ein kronikk i Adresseavisen, var eit åtak på planens verneprofil. Kronikken illustrerer godt den kontroversen som planen introduserte, konflikten mellom nærings- og grunneigarinteressene i Midtbyen og verneinteressene som ville ha ei utvikling av Midtbyen som bygde vidare på trebyens bygnings- og byplanhistoriske tradisjonar.

"Midtbyplanen dreper sentrum! .. Våre politikere og byråkratiet har med Midtbyplanen i hånd skaffet seg et uhyggelig verktøy. Med Midtbyplanen kan de for første gang i byens historie hindre en naturlig fornyelse... Midtbyplanen har skapt en ond tid for menneskelig utfoldelse til utvikling av næringsliv i sentrum." (Kleven 1985.04.16)

Kleven sette fingeren på ei av kulturminnevernets problematiske sider, balansen mellom ei naturleg fornying av byen og vern. I artikkelen gjekk han til åtak på planens føresegner om vern av enkeltbygningar og bygningsmiljø, vern av målestokk og bustaddelen i nye bygningar.

"Stikk i strid med reguleringsbestemmelsene prøver disse kretser (byplankontoret og bygningsrådet, mi tilføyning.) å hindre utbygging av rasjonelle arbeidsplasser i sentrum, også der hvor Midtbyplanen forutsetter at det skal reises ordentlige forretningsbygg. Deres mål er at merkantilt initiativ i Midtbyen skal tørres ut i en livsfjern narsissisme, Midtbyen skal mumifiseres og byfornyelse erstattes av musealt, kosmetisk vedlikehold og fornyelse av mumien under antikvarisk tilsyn." (S.st.).

"Det er spesielt viktig å beholde Trondheims karakter som treby"

Bystyret vedtok Midtbyplanen i januar 1981. Etter eit benkeforslag frå Høgre vart det vedtatt eit tillegg til reguleringsføresegnene om at det var spesielt viktig å ta vare på Trondheim sin karakter som treby (Adresseavisen 1981.01.31). I jubileumsboka "300 år med Cicignon" som vart gitt ut i samband med 300-års jubileet for Cicignons byplan i 1981, oppsummerte byplansjef Børre Skaslien intensjonane med Midtbyplanen:

"Mens vi slår fast at ettertiden skal bevare det særpregede aktivum som Cicignons plan har gitt oss i Midtbyens stringente storkvartaler, trebyens dimensjoner og arkitektoniske rytmer, gateløpenes åpne karakter med veitene som historisk kontrast - denne mangfoldige sum av verdier som gjør Midtbyen til et av Nordens fineste bysentra. De historiske og antikvariske særtrekk som for alle er så verdifulle at de må bevares med pietet. Men Midtbyen skal ikke være noe museum. Innenfor Midtbyplanens ramme ligger en inspirerende utfordring i å gjøre vår by til et aktivt,

levende arnested for trondhjemmere og mange andre - og for et mangfold av virksomheter som hører landsdelsenteret til." (Skaslien 1981:227).

Midtbyplanen vart eit kompromiss mellom ulike planleggingsretningar, mellom eit kulturalistisk syn på byutviklinga som ville prøve å oppretthalde Midtbyen som ein levande bydel med sitt karakteristiske trehusmiljø, eit stort innslag av bustader og med variasjonsrikdom i funksjonar og form, og eit regularistisk syn på byen som tok sikte på å tilpasse byen til moderne produksjons- og forbruksforhold gjennom endringar i dei bygningsmessige strukturane og ei tilpassing av byen til ein ny transportteknologi, basert på auka bruk av privatbil.


Det kulturalistiske synet på byen var i stor grad i tråd med Aldo Rossi sine tanker om at dei fysiske strukturane til ein by stort sett var etablert ein gong for alle. På same måte som ein bygning skal vere i stand til å ta opp i seg nye funksjonar, skal også byen kunne tilpasse seg nye samfunnskrav innanfor den strukturen som byen har. Den regularistiske og rasjonalistiske linja gjekk derimot inn for å endre desse strukturane fordi dei hindra byen i å utvikle seg funksjonelt og i tråd med nye teknisk-økonomiske krav.

Ser ein Midtbyplanen som ein diskursiv praksis, er det interessant å registrere dei tydelege kulturalistiske artikulasjonane. Den sterke vektlegginga av Midtbyen som eit viktig bumiljø med aktivitet utover kontor- og varehandelsbyens opningstider, var eit viktig element i planen. At planen også la stor vekt på å ta vare på bykarakteren, dei historiske bygningsmiljøa og bystrukturen sine føresetnader for eit variert bybilde, var også viktig i denne samanhengen. Planen sin intensjon om å vidareutvikle Midtbyens særpreg og trebyens karakter, synleggjorde planens kulturalistiske representasjonar.

At desse verdiane likevel ikkje vart dominerande i byplandiskursen, viste den sosiale praksisen med omsyn til gjennomføringa av dei mange utbyggingsprosjekta i Midtbyen. Desse kom etter kvart til å bryte kraftig med trebykarakteren.

Bibliotekkonkurransen-"en milepæl i utviklingen av Trondheim"

Parallelt med arbeidet med Midtbyplanen gjekk det føre seg ein debatt om utforminga av eit nytt bibliotek for byen og eit nytt hotell i bryggerekka i Kjøpmannsgata. Seinare fekk vi ein debatt om lokalisering og utforming av eit nytt konserthus som også utfordra trebyens karakter. Desse debattane kom til å sette rammer for prosjektgruppa sitt arbeid med Midtbyplanen. Kva vil det vere mogeleg å få til, og kva vil det ikkje vere politisk vilje til å gjennomføre?



Trondheim folkebibliotek hadde i mange år halde til i utilfredsstillande lokale i det gamle rådhuset. I 1976 vart det avgjort at utforminga av det nye biblioteket skulle avgjerast gjennom ein open arkitektkonkurranse som skulle omfatte utforminga av heile kvartalet nord for det gamle rådhuset. I tillegg til å løyse biblioteket sitt behov, var konkurransen også ein byplankonkurranse der utforminga av eit sentralt kvartal i Midtbyen var ein del av oppgåva.

"Det er blitt mange imponerende enkeltbygg, men vi må innrømme at det er blitt lite helhet over byen", sa direktøren for kommunens bygge- og eidedomskontor, Lars Folstad, då konkurransen vart presentert i Adresseavisen *"En viktig del av arkitektenes oppgave ... blir dermed å tilpasse fasaden på det nye bygget til de bygningene som allerede finnes."* (Adresseavisen 1976.06.06). Dette galdt i første rekke bryggene i Kjøpmannsgata og det gamle rådhuset i Kongens gate fra 1500-talet, ombygd i 1870, men også dei nye bygningane som den funksjonalistiske brannstasjonen (1953) og den empireprega bygningen til Noregs Bank (1833), like eins det gamle kunstindustrimuseet (1861). (Adresseavisen 1977.04.23; Solberg 1999).

Det gamle trehusmiljøet mot Kjøpmannsgata som var oppført like etter bybrannen i 1813, var det derimot lita interesse for å verne, sjølv om desse gamle trehusa var blant dei eldste i Trondheim (Noach 1975). Desse bygningane stod dessutan på gamle, verneverdige kvelvkjellarar frå 1600-1700 talet og som dermed var vesentleg eldre enn bygningane (Kregnes 1975). Vegg i vegg med rådhuset låg også den omstridde Lorck-gården som var oppført like etter den store bybrannen i 1708, og i følgje Riksantikvaren svært verneverdig (Adresseavisen 1983.11.12).

Formannskapet hadde vedtatt at biblioteket skulle plasserast på tomtene til Kjøpmannsgata 16 og 28, og at desse bygningane skulle rivast. Med 20 mot 1 stemme vedtok formannskapet at også kvelvkjellarane skulle rivast (Adresseavisen 1978.03.22). Juryen som var oppnemnd for konkurransen, var også tydeleg når det galdt vern av dei gamle trehusa mot Søndre gate: *"Verdien av å bevare trehusrekken mot Søndre gate synes ikke å stå forhold til hva som kan vinnes med nybygg. ... En avgjørelse av bevaringsspørsmålet vil dels måtte avhenge av hvor store bygningsmessige komplikasjoner en bevaring og tilpassing vil medføre, og i hvilken grad bevaring vil hindre at nye kvaliteter kan etableres."* (Norske arkitektkonkurranser 208 /1977).

Ein viktig føresetnad for konkurransen var å tilpasse den nye bebyggelsen til eksisterande bygningsmiljø. Men denne føresetnaden galdt tydelegvis ikkje ei tilpassing til trebyens tradisjonelle stramme, horisontale linjeføring: *"Den nye bebyggelsen bør imidlertid ikke få en for lineær gesimslinje, men en vil vinne på en mer levende og plastisk utforming."* (S.st.).

Juryen gjekk inn for at bebyggelsen mot Søndre gate skulle ha ei gesimshøgde som svarte til dei nye bankbygningane vis à vis, det vil seie fire høge etasjar. Juryen hadde såleis liten sans for å tilpasse den nye bebyggelsen til trehusmiljøets skala og dimensjonar, heller ikkje å utnytte dei gamle fasadane som kulisser, som nokre av konkurranseforslaga var inne på. Andre hadde prøvd å tilpasse biblioteksutbygginga til eit stiluttrykk som var tilpassa det gamle trehusmiljøet, noko juryen tilsynelatande ikkje hadde særleg sans for:

"Enkelte utkast har innpasset de nye funksjoner i tradisjonelle bygningsformer og i småkvartaler som slavisk følger de historiske forbilder. Dette synes i denne forbindelse ikke å være noen farbar vei. Det fører til pastisjpregede og ufunksjonelle løsninger." (S.st.).

Det var stor interesse for konkurransen og det vart levert inn heile 81 utkast med stor spreing i løysingsprinsippa. Enkelte framheva konkurransen som introduksjonen til eit nytt syn på byplanlegging (Adresseavisen 1977.04.23): *"Arkitektkonkurransen om det nye biblioteket og kvartalet Dronningens gate-Kjøpmannsgaten - Kongens gate - Søndre gate er en milepæl i utviklingen av Trondheims sentrale bydeler og vil sannsynligvis få normgivende effekt. Så vel de*

premierte utkastene som konkurransen sett under ett er entydig. Den er en stadfestelse av den utvikling i synet på byfornyelse man har kunnet være vitne til de siste 10-15 årene." (Adresseavisen 1977.05.04).

Det var leiaren for prosjektgruppa for Midtbyplanen, Sigmund Asmervik, som på denne måten kommenterte vinnarutkasta i konkurransen. "... konkurransen om biblioteket har fått tak i hva jeg vil kalle denne spesielle "Trondheimsskalaen" med bykjernens særpregede stil og struktur. Det gjelder spesielt vinnerutkastet. Løsningen faller så absolutt innenfor rammen av den framlagte reguleringsplanen for Midtbyen. ... Det er to veier å gå i utviklingen av bykjernen. Den ene er å innpasse ny bebyggelse i den eksisterende bygningsmasse, noe som konkurransen om biblioteket er et utmerket eksempel på. Den andre måten er å bygge en helt ny by i en slags internasjonal stil." (S.st).

Men ikkje alle slutta seg til denne begeistringa. Det var heller ikkje alle som var einige i at vinnarutkastet representerte noko nyorientering i synet på vern av Trondheims gamle trehusmiljø. I eit brev til Trondheim kommune peika Riksantikvar Stephan Tschudi Madsen på manglande vilje til å verne dei gamle trebygningane og det viktige gaterommet mellom bryggerekka og bibliotekområdet. Den karakter som Kjøpmannsgata har hatt i snart 300 år, burde vernast i større grad. Riksantikvaren lanserte forsiktig idéen om å verne dei noverande fasadane mot Kjøpmannsgata. "*River man de siste gjenværende kjøpmannsgårdene gjør man ubotelig skade på det karakteristiske miljøet som gjennom årene har preget Kjøpmannsgaten.*" (Adresseavisen 1977.10.28). Riksantikvaren foreslo også at den gamle trebygningen nærmast det gamle rådhuset, Lorckgården, vart ståande (Adresseavisen 1977.12.15).

"Det lar seg ikke gjøre å bevare alt i denne by"

Vinnaren av arkitektkonkurransen, arkitektfirmaet Arnstein Arneberg, kommenterte Riksantikvaren sine innvendingar, og meinte at å ta vare på fasadane var ein lite tiltalende måte å verne den gamle arkitekturen på. Heller ikkje var det noko mening i å verne den gamle Lorkgården sidan dette ikkje var i samsvar med eit av hovudtrekka i vinnarutkastet. Trondheim kommunen delte heller ikkje Riksantikvaren sitt syn på vernespørsmålet i Kjøpmannsgata. I eit svar til Riksantikvaren sa ordførar Axel Buch (H):

"Dette er nok bare en av de mange saker som etter hvert vil komme opp, der byggherren ønsker framdrift og institusjoner bevaring. ... Vi må imidlertid være klar over at det lar seg ikke gjøre å bevare alt i denne by. .. Bevaring er egentlig få mennesker imot, men man skal være klar over at utviklingen av vårt bysentrum vil bli satt kraftig tilbake i tempo dersom vi ikke er villig til å ta alle hensyn med i betraktning. Det koster store penger å drive bevaringsarbeid. Til syvende og sist er

det borgerne som betaler regningen. Det må man også være klar over." (Adresseavisen 1977.11.01).

Det skulle gå mange år før biblioteket vart realisert. Nokre av dei omstridde husa, Kjøpmannsgata 26 og 28, vart ståande tomme utan tilfredsstillande sikring og vart okkupert av ungdomar på jakt etter eit ungdomshus. I juli 1982 vart desse bygningane og resten av trehusrekka mot Kjøpmannsgata sett i brann, ein brann som også kravde liv (Adresseavisen 1982.07.12; 1982.07.13).

Etter kvart flytta striden seg til Lorckgården som kommunen ville rive, men som Riksantikvaren foreslo å frede: *"Nå må Riksantikvaren komme ned på jorden og se hva vi virkelig har muligheter for å bevare i Trondheim. Realisme må inn i bildet. ... Blir vi hindret i å rive Lorckgården, så utelukker det gjennomføring av de foreliggende biblioteksplaner. Vår tålmodighet er nå på bristepunktet,"* sa ordførar Anne-Kathrine Parow (Ap) til Adresseavisen (Adresseavisen 1983.11.12).

Adresseavisen meinte at det var ei samstemt administrativ og politisk kommuneleing som delte desse synspunkta, og som gjekk inn for å realisere bibliotekprosjektet etter planar som føresette å rive den delen av Lorck-gården som framleis stod att *"- riktig nok sterkt forfallen og vaklevoren.. Når det gjelder Lorck-gården skulle man tro at det var en fullstendig bygård det gjelder. I virkeligheten er det bare noen ynkelige rester igjen, et falleferdig skall."* (S.st).

Lorckgården vart likevel freda saman med det gamle rådhuset, og ein ny runde i bibliotekstriden tok til, knytt til bygningshøgder og utforming. Forslaget om ei blokk på høgde med brannstasjonen vekte motstand, ikkje minst frå byens arkitekter. Men i 1988 stod biblioteket ferdig, bygd saman med dei freda bygningane som gav føringar for byggjehøgder og volumfordeling. Dessutan vart den delen av Lorckgården som var øydelagd i brann, rekonstruert. *".. ved en vellykket sammenbygning har de gamle, restaurerte bygningene blitt et viktig aktivum i bibliotekskomplekset"*, heiter det i Arkitekturguiden for Trondheim (Solberg 1999:217).

Royal Garden hotell - ei fornying av bryggemiljøet?

1967 var eit trist år for trebyen Trondheim. Fire storbrannar la uerstattelege, kulturhistorisk verdifulle bygningar i oske i løpet av eit par månader. Tapet av Lille Stiftsgården og Reginagården i Dronningens gate var ille, men langt verre var storbrannen 18. oktober 1967 då seks brygger i Kjøpmannsgata, nord for Bakke bru, gjekk opp i flammer. Berre Hegstadbrygga nærmast Bakke bru stod att då elden var sløkt.

"Ingen brann i dette århundre har grepet så sterkt inn i bybildet i Trondheim hvor nå den kjente og karakteristiske bryggerekke blir sørgelig redusert. En perle i

det gamle bybildet forsvinner, et kulturminnesmerke er borte og en tradisjon frå byens eldste tid er brutt," heitte det i Adresseavisens reportasje (Adresseavisen 1967.10.19).

Brannen gav naturlegvis grunnlag for ein kritikk av brannsikringa av desse kulturhistorisk verdifulle bygningane. Riksantikvar Roar Hauglid meinte at katastrofen kunne ha vore unngått dersom brannsikringa hadde vore i orden (Adresseavisen 1967.10. ..). Brannsikringa vart ofte kritisert etter slike brannkatastrofar, utan at Trondheim kommune eller eigarane gjorde noko spesielle tiltak for å rette på dette.

Brannen vart starten på ein lang politisk strid om kva området skulle brukast til og korleis bygningane skulle utformast. I tråd med generalplanen vart det foreslått å byggje eit parkeringshus på tomta. Bygningsrådet gjekk sterkt inn for parkeringshus og hadde jamvel vedtatt i møte 13.6.1978 og 20.11.1979 eit reguleringsplanforslag som gjekk ut på at eit parkeringshus skulle byggjast på tomta. Eit konkurrerande forslag om å byggje hotell på tomta vart avvist. Andre forslag til utnytting av tomta var konserthus og transformatorstasjon (Adresseavisen 1979.11.15).

På eit ekstraordinært møte i romjula 1979, gav derimot bystyret signal til bygningsrådet om at tomta ikkje skulle regulerast til parkeringsføremål og "*at man skal tilpasse framtidige bygg til bestående bryggemiljø, både når det gjelder utforming og byggehøyder*". Tomta skulle regulerast slik at det var mogeleg å byggje eit større hotell på området (Adresseavisen 1979.12.28). I juli 1981 gav bygningsrådet grønt lys for hotellplanane til Det Nordenfjeldske Dampskibsselskab (NFDS), utforma av arkitektkontoret Arnstein Arneberg. Bygningen var utforma i bryggestil med sju etasjar og ei mønehøgde på 28 meter. I omtalen av prosjektet peika Plankontoret på at denne tomta "*med dens fremtredende beliggenhet... (var) et viktig hjørne av Midtbyen, og at bebyggelsen her vil bli av stor betydning for oppfatningen av bybildet. .. En bebyggelse som foreslått vil på en rimelig måte slutte seg til bryggenes rytme og hele Kjøpmannsgatas komposisjon. Sett sammen med bryggene i Fjordgata, vil man få et sammenhengende gatebilde av den aller største interesse, noe man ikke vil finne maken til i hele landet.*" (Bystyresak 1980/202).

Prosjektet bygde på føresetnaden om at Heggstadbrygga som stod att etter katastrofebrannen, ei av dei eldste bryggene langs Nidelva, skulle rivast. Dette sette Riksantikvaren seg imot. Trass i Plankontorets lovtale av prosjektets tilpassing til bybildet, hadde Riksantikvaren sterke innvendingar mot prosjektet. I tillegg til å gå imot riving av Heggstadbrygga, hadde han også innvendingar mot byggjehøgda. Han meinte at fire etasjar som Midtbyplanen sette som grense, burde vere nok.

"Vi finner Riksantikvarens anførsler betydningsløse (da) de spørsmål som han nevner allerede er grundig vurdert av de bestemmende lokale myndigheter i samråd

med byggherren og arkitekten," var kommentaren frå utbyggjar (Adresseavisen 1981.10.21a). Men det var ikkje berre Riksantikvaren som skulle gå inn for å redusere byggjehøgder og sikre ei betre tilpassing til bryggemiljøet. Trondhjems Historiske forening og Trøndelagsavdelinga av Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring skreiv til kommunen:

"Hotellet ... framstår som en mastodont helt ute av målestokk med nesten all bebyggelse i området. Med dobbel gesimshøyde i forhold til bryggene, vil det bryte radikalt med dimensjonen i det aller meste av bebyggelsen langs Kjøpmannsgata. .. Hegstad-brygga er en av de ytterst få gjenstående brygger fra tiden før 1740 og store deler av det gamle interiøret er i behold. Det er et betydelig kulturhistorisk tap dersom brygga forsvinner... Hotellprosjektet framstår som et uengasjert og lite gjennomtenkt forsøk på å tilføre nye verdier i et av Skandinavias mest særpregede bygningsmiljø." (Adresseavisen 1981.11.4).

Trondhjems Arkitektforening (TAF) slutta seg også til denne kritikken og sende eit ope brev til bygningsrådet. *"Slik hotellprosjektet ... nå framstår, hører det ikke hjemme i Midtbyen. En så svær bygningsmasse og med de proporsjoner hotellet har fått, sprenger rammene for bebyggelsen i området,"* (Adresseavisen 1981.11.10).

Byplansjef Børre Skaslien, som hadde investert mykje prestisje i arbeidet med å få etablert eit hotellprosjekt på branntomta i staden for det foreslåtte parkeringshuset, følte behov for å forsvare arkitektane og kommunens handtering av denne saka. Byplansjefens kamp mot parkeringshuset på tomta, hadde truleg ført til ein for stor velvilje overfor det foreslåtte hotellprosjektet:

"Det er positivt med offentlig interesse om Midtbyens utforming. Men jeg må som en personlig ytring få understreke faren for lammelse av byens utvikling dersom heroisk engasjement skal kunne torpedere viktige politiske beslutninger i siste øyeblikk etter flere års behandling. I hvert fall lokale foreninger bør kunne følge med og gjøre sine synspunkter gjeldende i tide," skreiv Skaslien i ein kommentar i Adresseavisen (Skaslien 1981.11.10).

I eit "usedvanlig skarpt formulert" brev til Trondheim kommune skreiv Riksantikvaren: *"Prosjektet er klart i strid med alle antikvariske prinsipper for utforming av bebyggelse i eksisterende verdifullt bygningsmiljø. Diskusjonen om fasademateriale, taktekking og andre detaljer endrer ikke det faktum at hotellprosjektet slik det nå foreligger er ødeleggende for et sentralt og viktig område i Trondheims verdifulle Midtby... En byggehøyde som er mer enn dobbelt så høy som den tradisjonelle for Nidelvas brygger, strider radikalt mot de enkeltes krav til tilpassing til Midtbyens byggeskikk."* (Adresseavisen 1981.11.11). Riksantikvaren gjekk også sterkt imot riving av Hegstadbrygga som med sin store aldersverdi og som eit viktig historieforteljande element, burde ha vore innpassa i hotellprosjektet.

Ein sterk skepsis breidde seg i bygningsrådet som etter kvart delte seg i synet på hotellprosjektet. I følgje Adresseavisen sin reportasje var bygningsrådet sin skepsis fordelt over heile det partipolitiske spekteret. Både innan Høgre og Arbeidarpartiet var det delte meiningar. Medlemmene i bygningsrådet vart sette under sterkt press i denne saka både frå byggherren som trua med å skrinleggje byggjeprojektet og frå den politiske og administrative leiinga i kommunen som signaliserte sterkt at hotellprosjektet måtte få dei godkjenningane det trengde.

"Den ene gruppen motsetter seg dagens hotellplaner fordi de strider mot miljømessige, antikvariske og estetiske verdier, mens den andre gruppen mener at disse argumentene ikke er så tungtveiende at de kan gå imot et hotell som vil sikre en omfattende næringsvirksomhets dynamikk i midtbyen." (Adresseavisen 1981.11.18).

I eit intervju med Adresseavisen er byggherren, direktør Nils Heilemann i NFDS, tydeleg i sine meldingar til bygningsrådet: *"Vi synes at diskusjonen om hottellets høyde ikke er aktuell i dag. ... Høyden må vi ha, og det er ikke aktuelt å gjøre grunnflaten større. ... Det vi ønsker nå er å få revet Hegstadbrygga og så starte med grunnarbeidene. ... Hvis hans personlige syn skulle blitt fulgt, ville han ha bygd et hotell med en høyde på 100 meter i tipp topp moderne arkitektur. Han mener at hver tidsepoke må stå på egne ben og at man må komme bort fra ideen om at Trondheim skal være en landsby i tre." (Adresseavisen 1981.11.12.).*

Men trass i selskapets tilsynelatande steile haldning, valde dei likevel å endre prosjektet. Ei ny arkitektgruppe vart engasjert, faktisk nokre av kritikarane til prosjektet. Arkitektane Per Knudsen, Lars Fasting, Sverre Clausen og Per Kalmar Lund danna ei gruppe og fekk i oppdrag å lage utkast til alternative løysingar. Den løysinga som denne gruppa lanserte var derimot ikkje så ulik det sterkt kritiserte prosjektet. Bryggestilen var oppretthalden. Høgda var tatt litt ned, men framleis var hotellet vesentleg høgre enn retningslinjene i Midtbyplanen. Hegstadbrygga var heller ikkje integrert i prosjektet, men foreslått riven (Adresseavisen 1982.01.28).

Riksantikvaren var heller ikkje fornøgd med dette forslaget. Han meinte at hotellet med sine sju etasjar framleis var for høgt, og at det ikkje tilfredsstilte dei krava han sette til ein bebyggelse som skulle verne og vidareutvikle Midtbyens særpreg og miljø. Riksantikvaren sette derimot pris på at *"prosjektet viser en utforming hvor tradisjonelle elementer fra bryggearkitekturen i Trondheim er satt inn i en ny sammenheng. Uten å kopiere har man fått hottellets bryggeseksjoner inn i en sammenheng som er umiskjennelig trøndersk. Denne bevisste bruken av et lokalt formspråk hører etter vår mening til prosjektets sterkeste sider." (Adresseavisen 1982.02.25).*

Det nye prosjektet vart godkjent i bygningsrådet og mange pusta letta ut. Ikkje minst var byplansjefen letta over at byggherren etter hans påtrykk ville omarbeide prosjektet (Ukeadressa 1983.05.24). Han hadde forsvara det opphavlege prosjektet

sjølv om det var tydeleg for fleire og fleire at prosjektet var uakseptabelt og representerte eit klart brot med Midtbyplanen sine intensjonar. I løpet av den lange debatten om hotellutforminga, var dessutan Midtbyplanen blitt stadfesta i departementet og var blitt eit rettskraftig dokument med føresegner som også galdt for hotelltomta.

Nostalgi eller modernisme?

I debatten før, under og etter at prosjektet Royal Garden Hotell var realisert, var det mange som stilte spørsmål om det ikkje ville vere like fornuftig å reise det nye kongresshotellet i ein arkitektur som betre harmonerte med vår tids byggjekunst, og la arkitektane få friare tøyalar til å skape ein bygning som avspegla ein meir moderne arkitektur med ei meir framtidretta uttrykksform. Kort sagt, eit hotellbygg som kunne stå som eit sjølvstendig verk etablert på dagens og morgondagens krav til oppleving og kvalitet, framfor å etterlikne den 300-årige byggjetradisjonen langs elva. Like etter brannen stilte Adresseavisen spørsmålet *"Når hele dette strøket nå er lagt i aske, kan det jo godt tenkes at det vil være riktig å gi det eller de bygg som måtte reises preg av tidens arkitektur og dermed tydelig markere det skille som bryggebrannen 1967 setter i dette strøk av byen."* (Adresseavisen. 1967.10.24).

Ein av arkitektane bak det nye hotellprosjektet, Per Knudsen, svara på denne problemstillinga: *"Vi synes ikke vi har vært opptatt av nostalgi. Det ligger en opplagt fare i blindt å føre motiver videre dersom de utelukkende tar hensyn til utvendige forhold. Utgangspunkt for all arkitektur må være en funksjonell analyse basert på det bygget skal brukes til."* (Ukeadressa 1983.05.24). Arbeidet med dette prosjektet hadde derimot gjort arkitektgruppa skeptisk til Midtbyplanen med sine *"firkantede regler om byggehøyder. Den bør i større grad være veiledende for å ikke være preserverende og dermed legge vanskeligheter i veien for nytenkning."* (Adresseavisen 1984.02.14).

I 1988 fekk arkitektgruppa bak Royal Garden Hotell A. C. Houens fonds diplom for *"fremragende, selvstendig og arkitektonisk gjennomført arbeid"*. Denne prisen vert rekna som den mest framståande prisen ein kan gi eit byggverk i Noreg. Prisen har ingen statuttar som gir ein definisjon på kva som er framståande arkitektur. Det har vore opp til skiftande juryar eller innstillingsutval å avgjerde kva slags kriterium som skal leggjast til grunn for tildelinga. Prisutdelinga har derfor reflektert dei skiftande ideala som har prega arkitekturutviklinga i landet sidan diplommet første gangen vart delt ut i 1904 (Grønvold 2000).

I fråsegna frå juryen heiter det mellom anna: *"Royal Garden framstår som et fortjenestefullt eksempel på at storprosjekt kan berike og forsterke en bydels karakter med bruk av følsomt avstemte volum- og flatevirkninger, spunnet over 80-tallets struktur- og teknologipremisser. Samtidig er den arkitektoniske løsningen et bevis*

på at grundig analyse av stedets egenart kan inspirere til nytolkninger av storhotellets funksjonsskjema og fysiske konsekvens i bybildet, et innspill i en stadig aktuell problemstilling i turist-Norges byer og tettsteder." (Adresseavisen 1988.04.14).

Det var eit samstemt arkitektkollegium som meinte at dette var eit framstående byggverk. I tillegg til A. C. Houens diplom fekk Royal Garden Hotell også Glassprisen (1984), Eurostructpress Award for Architecture (1985), Betongtavlen (1985) og Trondhjems Bys Vel Arkitekturpris (1988) (S.st.).



*Figur 8.5: Royal Garden Hotell.
Arkitekt: Arkitektgruppa Knudsen
Fasting, Kalmar-Lund og Clausen
Foto: DK.*

Men dette byggjeprojektet er likevel eit kontroversielt prosjekt sett i forhold til dei rammene som dette bygningskomplekset i følge Midtbyplanen skulle innordne seg. Det kan diskuteras om Midtbyplanens intensjonar om å ta vare på Midtbyens særpreg og heilskapsmiljø, er følgd opp i dette prosjektet. Både når det gjeld proporsjonar, form, storleik og skala, bryt prosjektet med bryggekarakteren. Med ein materialbruk i glas og betong er det lite å finne av bryggenes tradisjonelle materialbruk i prosjektet. Hadde den verneverdige Heggstadbrygga blitt ståande att, kunne denne ha formidla ein overgang mellom dei gamle bryggene sør for Bakke bru og det moderne hotellkomplekset, slik Lorckgården gjer det på ein god måte i samband med utbygginga av biblioteket, og slik det også er blitt gjort i samband med utbygginga av det nye hotellet på Bryggen i Bergen etter storbrannen der i 1955.

Det er dette arkitekt Are Øyasæter var inne på då han i eit intervju med Adresseavise framheva at: *"Selv om Royal Garden formessig er beslektet med bryggene, bryter den med bryggerekka. Ved å rive Heggstadbrygga som før sto tett inn mot Bakke bro, ødela man virkningen av å komme til byen gjennom en "bymur av brygger". I tillegg ble Royal Garden liggende som et frittstående bygg, ikke skulder ved skulder med resten av bryggene."* (KulturAdressa 2005.05.18).

Dersom dette prosjektet medverkar til å ta vare på og vidareutvikle Midtbyens særpreg og heilskapsmiljø og Trondheims karakter som treby, så hadde ein med utbygginga av Royal Garden Hotell innført ei nye forståing av kva dette vil innebere.

Men dette prosjektet var ikkje det einaste som etter kvart kom til å utfordre Midtbyplanens rammer for byutvikling. Allereie før Midtbyplanen var blitt vedtatt av Trondheim bystyre og stadfesta i departementet, var han blitt utfordra på viktige punkt.

"Brøddeigen" - Trondheims nye konserthus

Trondheim Symfoniorkester hadde lenge halde til i utilfredsstillande, leigde lokale i Frimurerlogen, og var på leiting etter nye lokale som kunne tilby mellom anna betre garderobeforhold og ein større og meir funksjonell konsertsal. Kommunen hadde sett ned eit utval for å greie ut alternative lokaliseringar og ulike arkitektfirma presenterte utkast på ulike tomtealternativ. Fem ulike forslag vart lanserte på ein pressekonferanse i februar 1984: Søndre gate (ved bibliotektomta), området bak Vår Frue kyrkje, E. C. Dahls stiftelse, Dalsenget og Nidarø. (Adresseavisen 1984.2.15.)

Diskusjonen kom i første omgang til å stå mellom tomta i Søndre gate og området bak Vår Frue kyrkje. Det kommunale utvalet argumenterte for alternativet i Søndre gate fordi dette området kunne tåle høg bebyggelse i motsetning til området bak Vår Frue kyrkje. At tomta hadde verdifulle kjøpmannshus som var oppførte etter den store bybrannen i 1813, var inga hindring for å kunne bruke dette området. Eit større problem var at på begge desse tomtene ville arkeologiske utgravningar krevje tid og ressursar. Riksantikvaren hadde nemnt fire-fem år (S.st.).

Politikarane i byen ville ha konserthuset lagt til Torget, til området bak Vår Frue kyrkje (Adresseavisen 1984.05.04). Ein brann i 1846 hadde laga eit stort hol i bybildet som mange meinte det var på tide å få tetta. Forslaget til utbygging av konserthus i dette området, innebar at mange av bygningane langs Munkegata måtte rivast. Eit alternativ var å ta vare på hovudbygningane, men rive gardsromsbebyggelsen. I juni 1984 fatta bystyret eit prinsippvedtak om at konserthuset skulle byggjast bak Hornemannsgården, i kvartalet mellom Munkegata, Erling Skakkes gate og Schultz gate.

Sjølv om dei fleste, inkludert politikarar, arkitektar, jamvel byantikvaren gjekk inn for Torget-alternativet, var Riksantikvaren skeptisk til dei projektskissene som vart lagt fram (Adresseavisen 1985.02.12). Han meinte at både gardsroms- og bakgardsbygningane langs Munkegata og Erling Skakkes gate burde vernast, og at byggjehøgda i dette sårbare området ikkje burde vere større enn for dei eksisterande bygningane. *"De to kvartalene som blir berørt mest, ligger sentralt i et av Trondheims mest karakteristiske og tradisjonsrike bygningsmiljøer."* (Adresseavisen 1985.02.09b). Den negative haldninga til Riksantikvaren gjorde tonen temmelig amper blant leiinga i Trondheim kommune:

"Jeg vet ikke om vi kan akseptere Riksantikvarens beskjed om at han foreløpig ikke kan gå med på at kulturhuset bygges i Søndre gate og hans nesten like negative holdning til planene om å benytte tomten ved Vår Frue kirke," sa formannen i bygningrådet, Rolv Sverre Fostervold (Adresseavisen 1984.03.17).

"Jeg føler at vi er ført bak lyset av Riksantikvaren i kulturhussaken," sa kultursjef og tidlegare ordfører Anne-Kathrine Parow.

"Jeg forstår ikke reaksjonene i Trondheim. Brevet til kommunen er en utstrakt hånd," sa riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen.

"Hvis Riksantikvaren mener dette utspillet er en utstrakt hånd, oppfatter jeg det som et kvelertak," sa ordfører Per Berge (Adresseavisen 1985.02.09a).

Medan debatten raste for og imot Riksantikvaren sitt utspel, riving eller vern av bebyggelsen langs Munkegata, sat ei gruppe av næringslivsfolk og arkitektur og planla eit nytt alternativ på Mellagertomta like overfor det nye Royal Garden Hotell. Utsiktene til å få realisert eit kombinert forretnings- og kulturhus, delvis med pengar frå næringslivet og utan å måtte vente på tidkrevjande utgravingar, gjorde at mange fann dette alternativet interessant. Sjølv om prosjektet innebar at hus måtte rivast og at bygningsvolumet braut radikalt med Midtbyplanens intensjonar om å utvikle Midtbyens låge trebykarakter, gjekk fleire og fleire inn for dette alternativet.

Med stort fleirtal gjekk formannskapet likevel inn for at byens kulturhus skulle ligge i Schultz gate, sør for Vår Frue kyrkje (Adresseavisen 1986.01.17). Men 14 dagar seinare vedtok likevel Trondheim bystyre at kulturhuset skulle byggjast på Mellagertomta. Mange gav Riksantikvaren skulda for dette stemningsskiftet blant byens politikarar. Særleg var byens ordfører, Per Berge, krass i sin kritikk av riksantikvaren:

"Bystyrets valg er blitt svært vanskelig og årsaken til dette er de mange innspill fra antikvarisk hold de aller siste dagene. ... Dette har komplisert bystyrets behandling av denne saken betydelig. Situasjonen er nå slik at det er vanskelig å si at de folkevalgte i Trondheim står fritt i valg av sted til byens storstue. ... Vi må en gang for alle få avklart byens fremtidige forhold til riksantikvaren. Slik situasjonen er i dag skapes unødig usikkerhet og store ekstra kostnader." (Adresseavisen 1986.01.31).

Det var i stor grad problema i tilknytning til utgraving av mellomaldergrunnen sør for Vår Frue kyrkje og i Søndre gate som gjorde Riksantikvaren til skyteskive i denne saka. Men også endringane i kulturhuskonseptet med samlokalisering av konserthuset, musikkskolen og musikkonservatoriet gjorde at bygningen etter kvart kom til å sprengje rammene for ei utbygging i det låge trehusområdet i Schultz gate. Det skulle vise seg at kulturhuset også kom til å sprengje dei byplanmessige rammene for ei utbygging i det langt meir robuste Mellagerkvartalet. Her skulle ein i til-

legg til å skaffe rom for dei mange kulturinstitusjonane, også gi plass for eit butikksenter og eit hotell.

Ein ny antikvarisk debatt var i emning. Debatten starta med spørsmålet om riving av det verneverdige "Mellageret", "*et av de meget få industriminnene fra siste halvdel av 1800-tallet i Trondheim,*" hevda byantikvaren (Adresseavisen 1986.07.12). Men det var storleiken på det nye kulturhuset som i første rekke skapte debatt.

"Nei, dette vil vi ikke ha! Et enstemmig bygningsråd sa tirsdag klart nei til de framlagte kulturhusplanen. For stort, for høyt, bryter med intensjonene i Midtbyplanen." (Adresseavisen 1986.11.19). Bygningsrådet som i utgangspunktet var negativ til valet av Mellageralternativet, var ikkje nådig i sin kritikk av forslaget til kulturhus. Bygningsrådet avviste forslaget til reguleringsplan som det meinte braut med intensjonane i Midtbyplanen med omsyn til byggjevolum og byggjehøgde. Heller ikkje publikum fann kulturhusprosjektet særleg tiltalende, og uttrykk som "brøddeigen" kom på folkemunne (Adresseavisen 1986.11.21).

Trondhjems Arkitektforening inviterte til eit ope møte om kulturhusprosjektet. Oppslutninga om møtet viste eit sterkt engasjement om utbyggingsprosjektet. Nok ein gong vart motsetninga mellom trebyens skala og dimensjonane ved dei moderne nærings- og institusjonsbygga som etter kvart kom til å dominere Midtbyen, tydelege. Ein av arkitektane bak kulturhusprosjektet meinte at "*Midtbyplanen er en rammeplan som trekker opp premissene for den fine trebyen som Trondheim er, men at de ikke gjelder som en absolutt forutsetning for bygg av nasjonal interesse som for eksempel et kulturhus er.*" (Adresseavisen 1986.11.18).

Utsegna er eit godt eksempel på kor uforpliktande Midtbyplanen vart oppfatta som styringsramme for dei prosjekta som pressa seg fram mellom Midtbyens gamle trebygningar. Med ei byggjehøgde på 28,9 m overskreid Olavshallen, som vart namnet på kulturhuset, Midtbyplanens byggjehøgdegrensing med det doble. Midtbyplanen hadde sett gesimshøgda til maksimalt 14 meter i dette området.

På same vis som ved bibliotekbygget, vart to gamle trehus som låg ut mot Kjøpmannsgata, forsøkt integrert i bygningen. Byantikvaren hadde sagt nei til riving, og dei to trehusa dannar i dag delar av fasaden mot Kjøpmannsgata. Denne løysinga er derimot blitt kritisert fordi trehusa kom til å leggje sterke band på bygningsutforminga, og at integrasjonen var ei lite heldig løysing. I staden for at den eldre bebyggelsen skulle gi føringar for volumoppbygging og utforming av ny bebyggelse, vart desse gamle trebygningane mistilpassa staffasje på dei moderne byggjeprojekta som pressa seg opp i mange etasjar inne i kvartalane. Slike løysingar vart likevel nytta ved fleire høve, mellom anna i samband med utbygginga av Gjensidigebygget i Prinsens gate.



*Figur 8.6: Olavskvartalet.
Arkitekt: PerKnudsen Arkitektkontor
Foto: DK*

Prosjekta sprenger trebyen

Midtbyplanen hadde i løpet av ein konfliktfylt planleggingsprosess inngått vesentlege kompromissar med omsyn til byggjehøgde og bygningsvolum. Ei viktig målsetting for Midtbyplanen var å ta vare på og vidareutvikle Midtbyens særpreg og miljø med vekt på å verne om Trondheims karakter som treby. I følgje reguleringsføresegnene til Midtbyplanen skulle nye bygningar få ei form og ein dimensjon som etter bygningsrådets skjønn passa inn i det eksisterande miljøet (Trondheim kommune 1981). Bystyret hadde likevel vedtatt å sette byggjehøgda til fire etasjar i det sentrale handelsområdet med ei gesimshøgde på 14 meter.

Dei tre prosjekta som er nemnde i denne gjennomgangen, viser at Midtbyplanens intensjonar om å vidareutvikle trebyens karakter, vart sprengde allereie i tilknytning til dei første prosjekta som skulle handsamast innanfor ramma av Midtbyplanen. Eksisterande trehus vart rivne, trebyens utnyttingsgrad, byggjehøgde og skala vart overskriden, og det vart introdusert bygningsvolum og bygningsutforming som braut med trebyens karakter. Dette vart i stor grad gjort mot sterke protestar frå antikvarisk hald og med ujamn støtte frå arkitektmiljøet i byen.

I samband med ein presentasjon av Olavskvartalet i Byggekunst, innrømma arkitekten at det bygningsmessige produktet ikkje var tilfredsstillande. Oppgåva med å plassere det store bygningsvolumet inn i eksisterande bystruktur og bebyggelsesmønster vart ei umogeleg oppgåve. I tillegg kom presset om tilpassing til den eksisterande bebyggelsen som heller ikkje vart løyst på ein tilfredsstillande måte (Arkitektgruppa for Mellagerkvartalet 1990). I Arkitekturguiden for Trondheim heiter det at "*Det omfattende byggeprogrammet har resultert i et byggevolum som dominerer sterkt i bybildet og som sprenger den tradisjonelle kvartalsstrukturen.*" (Solberg 1999:210).

Midtbyplanens krav om å ta vare på bygningsstrukturen og i størst mulig grad å fryse bebyggelsesmønsteret i kvartalet, ta vare på flest moglege av dei gamle trehusa og underordne nye bygningar trebyens grammatikk, harmonerte ikkje med dei

etter kvart så omfattande byggjeprogramma for dei nye bytransformasjonsprosjekta. Arkitektane prøvde å takle dette misforholdet mellom Midtbyplanen og byggjeprogramma sine krav ved hjelp av ulike kamuflasjeteknikkar. Ekstra etasjar vart forsøkt skjult ved å trekke dei inn i kvartalet eller leggje dei under store takkonstruksjonar . "...konseptet om et kulturhus i bakgården, omgitt av eldre kvartalsbebyggelse, har fulgt prosjektet og vært grunnlag for å legitimere arkitektoniske beslutninger på alle nivåer. Dette er prosjektets overordnede og nærmest uløselige arkitektoniske problem." (Ellefsen 1990).

Karl Otto Ellefsen tok opp den grunnleggjande byplanteoretiske problemstillinga om kva som skal vere ramma for transformasjonar av den gamle byen. Han framheva at byen ikkje er noko konstant bilde, men ei kompleks fysisk form som alltid har endra seg i forhold til byens produksjonsvilkår og kulturelle liv. Ein må endre byen i tråd med nye behov, men byen sitt ansikt vil ein gjerne ta vare på fordi desse fysiske strukturane er berar av kollektivitetens identitet. Prosjektet Olavskvartalet viser at dette er ei umogleg oppgåve, meinte Ellefsen. (S.st.).

Dei store byggjeprogramma i samband med utbygging av moderne hotell, varehus og kulturhus, var ikkje lette å innpasse i den eksisterande trebyen sin grammatikk. Resultata vart ofte at store bygningsvolum fylte den plassen som hadde vore store og opne gardsrom, medan dei småskalaprega trehusa vart ståande som mistilpassa kulissar ut mot gaterommet. Byplandiskursens kontroversar mellom ulike arkitektur- og planleggingsretningar, vart i Midtbyplanen gjort til vanskelege kompromissar, ein freistnad på å gjere ulike interesser til lags. Som styringsreiskap for ei harmonisk utvikling av trebyen, vart Midtbyplanen lite tenleg.

Brannkvartalet - ein ny debatt om trebyen

På føremiddagen laurdag 7. september 2002 vart ein viktig del av Midtbyens gamle trehusmiljø borte i ein katastrofebrann som skulle bringe minna tilbake til storbrannane i 1841 og 1842. To store byggar som var bygde like etter dei nemnde bybrannane, vart flammene sitt rov, og med det vart nesten eit helt bykvartal ei rykande branntomt i løpet av denne vinterdagen. Brannen vekte sterke kjensler og utløyste eit engasjert ordskifte om korleis dette bykvartalet skulle gjenreisast. Nokre meinte at kvartalet burde byggjast opp att med bygningar som reflekterte dei gamle, nedbrende bygningane i karakter og særpreg. Andre meinte at å drive noko form for kopiering av det tapte bygningsmiljøet, ville vere "historieforfalsking" og at nye bygningar måtte gjenspegle samtidsarkitekturen med omsyn til stiluttrykk, materialbruk og byggjeteknikk.

Alle var einige om at det måtte arrangerast ein brei arkitektkonkurranse som kunne bringe fram ulike løysingsforslag til vurdering og debatt. Gjennom ein prekvalifiseringsrunde der 21 arkitektkontor frå heile landet hadde meldt si interes-

se, vart fire kontorgrupperingar plukka ut til å delta i ein lukka konkurranse. Ved utløpet av innleveringsfristen vart dei fire konkurranseforslaga presenterte for publikum som kunne konstatere at alle forslaga var relativt like og at alle hadde lagt eit moderne stiluttrykk til grunn for bygningsutforminga i dette historiske bysentrumet.

Kommunen utarbeider planprogram

Rådmannen i Trondheim kommune utarbeidde eit planprogram som skulle leggjast til grunn for arkitektkonkurransen og det vidare reguleringsplanarbeidet. Planprogrammet skulle kartleggje og drøfte aktuelle problemstillingar og gi rammer for vidare planlegging. Det vart lagt til grunn at Midtbyplanen skulle gjelde for den vidare planlegginga og at "*bebyggelsen skal tilpasse seg eksisterende miljø.*" (Trondheim kommune 2003). Sjølv om det var gått over 20 år sidan Midtbyplanen vart stadfesta, meinte kommunen at planen framleis var eit godt rammeverk for vidare utvikling av bygningsmiljøet i Midtbyen.

Ved utarbeiding av dette planprogrammet oppstod det tydelegvis ein konflikt mellom Midtbyplanens kulturalistiske representasjonar og den sosiale praksisen som etter kvart var etablert gjennom utbyggingsaker i området. Midtbyplanen si vektlegging av trebykarakteren og ønsket om å vidareutvikle Midtbyens særpreg og heilskapsmiljø, kom i motsetning til den utbyggingspraksis som var etablert og dei forventningane som grunneigarane dermed hadde til utviklinga av tomta. Rett nok peika planprogrammet på at føremålsformuleringane i Midtbyplanen var generelle og trengde utdjuing og ny fortolking ut frå dagens behov og prioriteringar, men kommunens planprogram gjorde likevel ingen god freistnad på å tolke Midtbyplanen, og overlèt det til arkitektane å tolke desse planføresetnadene gjennom arkitektkonkurransen.

Programmet viste til Midtbyplanen si omtale av trebykarakteren som ein sær eigen bystruktur med kvartalsinndeling, gateløp, dimensjonar og skala: "*Særpreget for Midtbyen som helhet er fortsatt de stringente storkvartalene, byggelinjene, trebyens dimensjoner og arkitektoniske rytmer, gateløpenes åpne karakter med veitene som historisk kontrast.*" (Trondheim kommune 2003). Kommunen trekte fram den offentlege debatten omkring gjenoppbygginga, der mange var opptatt av å ta vare på dimensjonar og skala ved dei nedbrende bygningane. Ein kunne dermed gå ut frå at det var trebyens gramatikk som skulle leggjast til grunn, og at konkurransen si viktigaste utfordring var å gi gode svar på kva ei tilpassing til trebyens karakter måtte innebære for bygningsutforminga.

Men programmet la i staden vekt at det var Midtbyens arkitektoniske mangfald som skulle leggje føringar for utforminga: "*Det enhetlige bygningsmiljøet fra midten av 1800-tallet er imidlertid med unntak av visse strøk ... for store deler av*

sentrum erstattet av et bygningsmessig mangfold, både med hensyn til stilretninger, byggemåter og byggehøyder. Brannkvartalet ligger i dette mangfoldet og må forholde seg til den spesielle situasjonen." (S.st.).

Planprogrammet slo likevel fast at Midtbyen sitt særpreg med storkvartala, dei rette byggjelinjene og småskalaen i bebyggelsen måtte oppretthaldast og at Trondheim sin karakter som treby skulle takast vare på. Dette innebar at dei trehusa som stod att i kvartalet etter brannen, skulle vernast. Det vart argumentert med at høgder, dimensjonar og skala var ein viktig del av trebyens karakter, men i planprogrammet vart det likevel slått fast at ein skulle tilpasse seg dei gjenståande store bygningsvoluma og ikkje trebyens låge høgder og småskalapreg: *"Ut fra en isolert volumbetraktning kan det være naturlig å ta utgangspunkt i høyden på Handelsstandens hus (fire etasjer) ved planlegging av ny bebyggelse i Dronningens gate. Dette stiller krav om at overgangen til lavere bebyggelse ellers i kvartalet ivaretas på en god måte. Andre forhold som hensyn til lys, luft og sol- og skyggeforhold kan tilsi at den nye bebyggelsen bør være lavere mot gater." (S.st.).*

Sjølv om planprogrammet hevda at rammer for høgder og volum måtte bli viktige tema i den nye reguleringsplanen for brannkvartalet, overlèt programmet til konkurransedeltakarane på eit relativt ope grunnlag å ta stilling til viktige føringar for trebyens framtidige utvikling. På denne måten vart eit av de viktigaste elementa i spørsmålet om å ta vare på ein trebykarakter overlate til arkitektane og grunneigarane si tolking.

Planprogrammet argumenterte for at formuleringa i Midtbyplanen: *Det er spesielt viktig å beholde Trondheims karakter som treby* måtte få eit vidare innhald enn det som vart lagt til grunn i 1981, og at det ville vere vesentleg å styrke trebykarakteren ved m.a. å velje tre som byggjemateriale, men konkluderte med at *".. det ikke er grunnlag for å kreve at det skal bygges i tre..."* samtidig som *"det er derfor spesielt viktig å forholde seg til trehuskarakteren i dette strøket ved utformingen av kvartalet." (S.st.).*

Like etter brannen var det mange som meinte at ein burde byggje opp att kopiar av dei nedbrende bygningane. Dette ville i alle høve sikre ei tilpassing til Midtbyens trebykarakter. Kommunens byantikvar, som tydelegvis hadde endra oppfatning i dette spørsmålet sidan dei dramatiske timane etter at brannen hadde overtent kvartalet, meinte derimot at:

"Rekonstruksjon er i antikvarisk sammenheng problematisk fordi det inneholder en ambisjon om å viske ut spor av faktisk historisk utvikling, fordi det vanskelig lar seg gjøre på tilstrekkelig nøyaktig nivå innenfor økonomiske akseptable rammer og fordi rekonstruksjon i praksis nok vanskelig kan tenkes å kunne omfatte stort mer enn enkelte av fasadene, og dermed ha ytterst begrenset interesse i bygningshistorisk sammenheng." (S.st.).

Planprogrammet vart vedtatt i Bygningsrådet og lagt til grunn for arbeidet med arkitektkonkurransen for branntomta. Det vart oppnemnd ein jury som skulle representere ulike interesser og faglege vinklingar av prosjektet. Sjølv om planprogrammet la stor vekt på at konkurranseforslaga burde innehalde ei tolking av trebyens karakter og eigenskapar, og ta vare på dei kulturhistoriske spora som trebyen representerer, var det ingen i juryen som kunne bidra med spesiell kunnskap om kulturminnefaglege spørsmål. Juryen var samansett av representantar for grunneigarane og Trondheim kommune, i tillegg til at Norske Arkitekters Landsforening oppnemnde leiaren for juryen, arkitekt Are Telje.

Juryen tolkar trebykarakteren

Juryen meinte at det bygningsmessige mangfaldet som prega denne delen av Midtbyen burde oppretthaldast og vidareutviklast, og at utbygginga av branntomta måtte underordne seg dei byformmessige særtrekka som er karakteristisk for Midtbyen, dei stringente storkvartala, dei rette byggjelinjene, dei breie gatene sin opne karakter, med veitene som kontrast og trebyen si arkitektoniske rytme og horisontale karakter i gatebildet (Juryens betenkning 2003).

Juryen understreka at Midtbyen som ein levande by, måtte kunne utviklast og fornyast for å oppretthalde og styrke sin posisjon som eit opplevingsmessig, handels- og næringsmessig tyngdepunkt, og at konkurransen si hovudutfordring vart derfor å forme bygningar som tilhøyrer vår eiga tid, men som samtidig tar vare på særpreget til Midtbyen og forsterkar bystrukturen. Juryen var tydeleg på at dei nye bygningane måtte tilpasse seg volummessig og arkitektonisk til dei bygningane som stod att i kvartalet og det bygningsmiljøet som omkransar kvartalet og ikkje til den bygningsmassen som gjekk tapt i brannen. Juryen meinte at det må *"Konkurransens utfordring ligger derfor i å forme en bebyggelse som tilhører vår tid, men som samtidig tar vare på Midtbyens særpreg og forsterker bystrukturen."* (S.st.:3).

Utsegna *"å beholde Trondheims karakter som treby"*, meinte juryen handla om å bruke tre som byggjemateriale, men på ein annan måte enn slik tre vart brukt i dei eldre bygningane. *"En tilpassningsarkitektur etter slike retningslinjer vil kunne stå fram uten kraft og selvstendighet hvor en er avhengig av en ny og kreativ anvendelse av materialet."* (S.st.:4). Juryen var derfor skeptisk til ein tilpassingsarkitektur og meinte at *"Målet om attraktivitet kan også oppnås gjennom at arkitekturen har så høy kvalitet at bebyggelsen i seg selv blir en attraksjon for byen... Målet må være å skape en kvalitet og detaljrikdom som er verdig branntomtas framtreddende plass i Trondheims bybilde."* (S.st.:5).

Med ønske om å få fram ein arkitektur som står fram med *"kraft og selvstendighet ... med en kreativ anvendelse av materialet"* og vere ein *"attraksjon for byen"*, gav juryen signal om at dei ønska ein bygning som ikkje representerte ein

forsiktig tilpassingsarkitektur, men heller eit signalbygg som representerte eit sjølvstendig arkitektonisk uttrykk i hjartet av trebyen.

Høgda på bygningane hadde vore eit sentralt debatttema. Juryen meinte at *"en høydemessig tilpassing til nabobebyggelsen gir en god nok utnyttelse av kvartalet og er det bymessige beste grepet. Maksimalhøyden bør ikke overstige fem etasjer og bebyggelsen må avtrappes mot Thomas Angells gate. Byggene langs Nordre gate kan med fordel ha varierende høyde for å myke opp fasaden mot promenadegaten."* (S.st.: 6).

Trass i juryens utsegn om å ta vare på trebyens arkitektoniske rytme og horisontale karakter i gatebildet, var juryen tydelegvis meir opptatt av at trebyens horisontale preg burde mjukast opp med varierende høgder. Også i dei vurderingskriteria som juryen gjorde greie for, var det tydelegvis motsetningar mellom å ta vare på trebyens karakter og å gi bebyggelsen eit moderne uttrykk og utnytte tomte sitt bygningsmessige potensial.

Konkurransforslaga og trebykarakteren

Gjennom konkurranseprogrammet vart dei fire utvalde arkitektkontora i denne avgrensa arkitektkonkurransen inviterte til å tolke "trebyen sin karakter" innanfor etter måten generelle og opne rammer. I nokre av konkurranseforslaga vart dette gjort grundig og seriøst, medan andre forslag la lita vekt på å analysere denne føresetnaden og leggje denne til grunn for konkurranseforslaget. Felles for prosjekta var at analysen av utbyggingsføresetnadene i stor grad vart frie, verbale øvingar som ikkje vart reflekterte i dei konkrete prosjektforslaga.



Figur 8.7:
Konkurransforslaga:
1. "Tjære Trondheim"
2. "Velvet underground"
3. "Innersvingen"
4. "Borkeplassen"

Vinnarforslaget *"Tjære Trondheim"*, var opptatt av at dei nye bygningane skulle vere identitetsskapande med ei utforming som gav bygningane ein arkitek-

tonisk eigenkarakter. Bygningane skulle bidra til mangfaldet i Midtbyen, vere noko for seg sjølv med ein omfattande og moderne bruk av tre som byggjemateriale, men ikkje nødvendigvis forsterke trebykarakteren (Arne Henriksen Arkitekter AS m.fl. 2003:1). Forslaget ville vidareutvikle og redefinere ein av dei vanlegaste bygnings-typane i Trondheim, kjøpmannsgardane. Dei ville også bygge vidare på noko av karakteren til dei nedbrende bygningane, dei langstrakte og einsarta trefasadane. Bygningshøgda var foreslått til fem etasjar, men med ei lågare tilpassing til Thomas Angells gate. Arkitektane argumenterte med at det var den gjenstående bygningsmassen i fire-fem etasjar som burde leggje føringar for høgda mot Nordre gate og Dronningens gate. Bygningsutforminga hadde eit klart moderne uttrykk som tok sikte på å tilpasse seg til nokre av dei omkringliggende 1950- og 1960-talsfunksjonalistiske bygningane.

Juryen meinte at dette utkastet viste ei klar tolking av Midtbyen sitt særpreg og bygde vidare på Midtbyens byformprinsipp ved å forsterke storkvartalet. *"Vinnerutkastet viser et sterkt hovedgrep som bygger videre på og styrker viktige særtrekk ved Midtbyens karakter Bebyggelsen har en klar form og konseptet med en ytre trekonstruksjon kan gi kvartalet en spesiell egenkarakter."* (Juryens betenkning 2003: 8-9). Juryen meinte prosjektet medverka til ei tolking av Midtbyens særpreg ved å vidareføre prinsippet med bygningar som var underordna eit langstrakt og horisontalt gatebilde på ein måte som gav eit rasjonelt og tydeleg hovudgrep for kvartalet. At ein i dette prosjektet valde *"å vidareutvikle den moderne mur- og betongbyens særtrekk med trebyens materialer,"* såg juryen som positivt. (S.st.).

Forslaget *"Innersvingen"* innleia med ei grundig drøfting av byen som kulturminne og ei tolking av byformingspremissane i oppgåva som teoretisk sett er interessant: *"Det siste kvarte århundret har det vokst fram en vilje til å kombinere nytolkning av byggeoppgaver i Midtbyen med en ambisjon om fornyelse og samtidsorientering i bygningenes uttrykk og tekniske løsninger. Kontrasten fra eldre naboer er en av den levende byens viktigste kvaliteter, bare slik kan byen fortsette å formidle den uendelige historien om utvikling og omskiftelighet.... Grunnleggende kvaliteter ved det historiske forløpet oppfattes tradisjonelt som kontinuitet og tradisjon. ... Men man kan også lese historien som diskontinuitet og tradisjonsnedbrytende ... Begge disse egenskapene kommer til uttrykk i våre kulturskapte omgivelser."* (Per Knudsen Arkitektkontor AS m.fl. 2003).

Sidan byen si utvikling representerer like mykje brot som kontinuitet, vil det vere rett å sjå på ein bybrann som eit høve til heilt nye tilnærmingar til den romlege organiseringa av bystrukturen. *"Etter bybrannen i 2002 er det pånytt behov for å vidareføre og videretolke kvartalet."* (S.st.). Prosjektet gjekk derfor ut på å synleggjere dei ulike historiske strukturane. Men samtidig peika forfatarane på at det er viktig at dette arbeidet vert godt forankra i Trondheims særpreg: *"Kvartalet bør vi-*

dereutvikles på en måte som følger Trondheims særpreg og som inneholder variert bebyggelse og lite formal stivhet. ... Den trondheimske egenart ... kan karakteriseres gjennom lav bebyggelse, småskalaaktivitet, historiske lag, mystisk-pittoreske gårdsrom og de trange passasjene, veitene....." (S.st.).

Forfatterane av prosjektet brukte mykje plass til å argumentere for ei tilpassing til "den trondheimske egenart", medan prosjektet stilte seg temmeleg fritt og uavhengig av dei føringane som den historiske byen måtte leggje. Juryen peika også på dette misforholdet mellom argumentasjonen om å vidareutvikle ein trondheimsk typologi og prosjektet sitt fysiske svar. Juryen var derfor i tvil om kva som var prosjektets "sanne ansikt".

I prosjektet "Velvet underground" (Bergersen Arkitekter AS 2003) gav forfatterane uttrykk for at dei ville halde seg til mangfaldet i Midtbyen framfor å kopiere den tapte bebyggelsen: *"I dag har vi samlet opp mer kunnskap og erfaring; vi kan teknisk sett bygge mer avansert; vi har andre funksjonell krav til bygninger og andre idealer. Dette er noe vi mener naturlig kommer fram i måten vi bygger på... Vi ønsker ikke å la de historiske bygningsrestene definere premissene for ny bebyggelse. .. Fragmentene representerer elementer av noe som en gang inngikk i et samlet hele, som nå i hovedsak er borte. Den nye bebyggelse må respektere det miljøet den ligger i, slik at den sammen med det eksisterende kompletterer kvartalet på en god måte."* (Bergersen Arkitekter AS 2003).

Forslaget Borkeplassen la spesielt vekt på at ein kunne lese målestokken til dei nedbrende bygga i prosjektet, og at den gamle bystrukturen inne i kvartalet var gjeninnført med bakgardar og veiter som offentlege soner. Prosjektet la også vekt på bruk av massivtre som skulle gjenspegle noko av det gamle trehusmiljøet. (Askim/Lantto Arkitekter AS og Lund Hagem Arkitekter AS 2003).

Alle fire arkitektkontora leverte løysingar som representerte moderne arkitekturuttrykk som hadde lite med trebykarakteren å gjere. Dei tok i staden sikte på å tilpasse seg uttrykket til den nyare mur- og betongbebyggelsen i gatemiljøet. Forslaga argumenterte mot kulturalistiske representasjonar og ønskte ikkje å vidareføre trebyens karakter og uttrykk, men heller etablere eit arkitektoniske uttrykk med *"kraft og selvstendighet"*.

Rekonstruksjon, tilpassing eller brot?

Sjølv om planprogrammet tilsynelatande la stor vekt på utbyggingsprosjektets kontekstuelle samanheng, kan det likevel synest som om det rådde stor uvisse og forvirring om kva slags rammer det nye byggjeprojektet i Midtbyen skulle utvikle seg innanfor. I tillegg til Trondheim kommune sitt uklare planprogram, kan også juryen sine generelle vurderingar og konkurranseprosjekta sine tolkingar av oppgåva, tyde på det. Det var i alle fall lite samsvar mellom dei konkrete utbyggingsløysingane og

analysane av byplansituasjonen i fleire av utkasta. Men i hovudsak argumenterte dei for og presenterte utbyggingsforslag innanfor rasjonalistiske rammes.

Likevel vart noko av Midtbyplanens kulturalistiske tankegods vidareført i konkurranseprosjekta. Grunngevinga for bruk av tre var delvis knytt til Midtbyplanen si formulering om å ta vare på og vidareutvikle trebyen sin karakter og særpreg, men også til det omfattande ordskiftet etter brannen om kva slags karakter nybyggingsprosjektet skulle ha.

Det oppstod klare skillelinjer mellom ei oppfatning om at den nye bebyggelsen i størst mogeleg grad burde spegle den tapte bebyggelsen og Midtbyens trebykarakter i form og materialbruk på den eine sida, og dei som meinte at den nye bebyggelsen burde få eit moderne uttrykk som gjenspeglar samtidsarkitekturen, dei nye tekniske mogelegheitene og nye funksjonskrav. Med omsyn til form skulle ein i større grad ta omsyn til mangfaldet i bybildet enn i den einsarta og stramme trebykarakteren. Arkitektkonkurransen lanserte fire, relativt like løysingar, alle med eit svært moderne arkitekturuttrykk og med massivtre som viktig materialbruk. I ein kommentar skreiv Adresseavisen: "*... for å sette det på spissen, kan man si at den bærende ideen bak de fire forslagene på branntomta er å gi eierne det de vil ha.*" (Adresseavisen 2003.06.05).

Ordsiftet om brannkvartalet reiste spørsmålet om korleis ein skulle utvikle og fornye den historiske trebyen. Eit av byens mest verdfulle kulturmiljø hadde gått tapt i brannen og spørsmålet var korleis ein skulle erstatte denne bebyggelsen samtidig som ikkje trebykarakteren forvittra. Trondheim kommune, media og grunneigarane oppfordra til ein debatt om gjenreisinga av Brannkvartalet. Trondheim kommune skreiv på heimesida: "*Mange ønsker en oppbygging som i større grad ivaretar "sjelen" fra den gamle bebyggelsen - småhusbebyggelse i tre som er et kjennetegn ved byen.*" (Trondheim kommune 2004.02.06).

Mange meinte at det tryggaste ville vere å byggje opp att bygningane slik dei var før brannen. På denne måten kunne ein sikre seg mot at nye bygningar i avvikande dimensjon og karakter ville øydeleggje bybildet. Det var hovudsakleg folk utanom dei arkitekt- og planfaglege miljøa som tok til orde for ein rekonstruksjon av den nedbrende bebyggelsen.

Riksantikvaren, som har hatt eit sterkt engasjement for at Trondheim tok meir ansvar for den kulturarven kommunen var sett til å forvalte, uttala til Aftenposten at han i motsetnad til mange arkitektkollegaer ikkje var allergisk mot kopiar. I denne saka konsentrerte Riksantikvaren seg derimot meir om kulturlaga i mellomaldergrunnen enn om byggverket som skulle reisast over og rundt desse. Arkitektar, antikvarar og andre som var knytte til universitets- og høgskolemiljøet i byen, hadde på 1960- og 1970-talet eit sterkt engasjement for å redde byen frå sanering og sterk modernisering. I denne debatten representerte dei derimot ei svak og utydeleg stem-

me. Det var derimot "vanlege" folk som var mest aktive i denne debatten og markerte vernestandpunktet sterkare enn både antikvarar og politikarar (Håpnes 2003b).

Stiftinga "Byens Fornyelse" tala engasjert for ein rekonstruksjon og fekk litt støtte frå presidenten i Norske Arkitekters Landsforbund, Gudmund Stokke, som meinte at gode eksempel frå utlandet viste at det var eit reellt alternativ å byggje opp gardane heilt eller delvis slik som dei framstod før brannen (Håpnes 2003b). "Byens Fornyelse" gjekk inn for ei sterkare kommunal styring av byggjeprojektet mellom anna ved å utarbeide ein bindande formingsrettleiar som skulle sikre at utbygginga vidareførte trebyens tradisjonelle særpreg og ei tilpassing til Midtbyens historiske karakter (Stiftelsen Byens Fornyelse 2004). "Byens Fornyelse" gjekk inn for ei kopiering av den gamle og tapte bebyggelsen sitt stiluttrykk og såg gjerne at bygningen fekk saltak, ei oppdeling av fasadane som reflekterte dei gamle tomtegrensene og dermed den historiske trebyen sin skala. Utforming av vindauge og detaljeringar burde gjerast i tråd med byggjeskikken i trebyen.

Desse synspunkta tok nærmast eit samla fagkorps avstand frå. Stilkopiering og pastisjarkitektur har inga forankring, korkje i den antikvariske eller arkitektfaglege fagtradisjonen. Heilt sidan John Ruskin hadde kome med si bastante utsegn om at all restaurering var eit brotsverk, har dei fleste antikvarar og arkitekturar sett på stilkopiering og rekonstruksjon av tapt bebyggelse som å "klusse med historia". Dei fleste hevda at all ny bebyggelse må gi uttrykk for samtida si med omsyn til stiluttrykk, byggjemåte og materialbruk. Det vart hevda at ein rekonstruksjon ville møte mange faglege utfordringar: Var det bebyggelsen like før brannen som skulle kopierast med alle sine ombyggingar og tilpassingar opp gjennom tidene, eller var det den opphavlege bebyggelsen slik han vart oppført etter brannen i 1841? Ved å rekonstruere denne bebyggelsen ville ein dermed viske ut spor av faktisk historisk utvikling.

Fortidsminnesforeininga og Byantikvaren gjekk etter kvart inn for at gjenreisinga burde skje som tilpassing, sjølv om dei like etter brannen tala varmt for rekonstruksjon (Håpnes 2003). Kva dei meinte med tilpassing, var derimot uklart. Meinte dei ei tilpassing til den bygningsutforminga som gjekk tapt under brannen, og som innebar ei tilpassing til trebyens topologi med trebyens høgder og skala? Eller meinte dei ei tilpassing til den murbebyggelsen som stod att i det brannherja kvartalet? I kommentaren til byggjesaka var derfor Fortidsminnesforeininga lite konkret med omsyn til kva ei tilpassing burde innebere: *"Man bør på et bedre vis finne en balansegang mellom god moderne arkitektur og eksisterende bygningsmiljø,"* heitte det i høringskommentaren til byggjeprojektet (Fortidsminneforeininga 2004).

Mange gav uttrykk for at brannen kunne gi byen eit godt høve til å utvikle eit arkitektonisk praktbygg, eit signalbygg som kunne profilere byen. Grunneigarane var naturleg nok opptatt av utnyttingsgraden, framdrifta og økonomien i prosjektet. Det var viktig å få reist den nye bebyggelsen innanfor rammene av dei næringsdrivande si avbrottsforsikring og dessutan rekke julehandelen i 2004. Men grunneigarane var også opptatt av å byggje ein attraksjon for Trondheim. Grunneigarane sin representant, Per Kristian Nakstad, trekte på eit folkemøte fram følgjande mål for bebyggelsen: fleksibilitet, lønsemd, teknologi, god arkitektur, høg utnytting, god tilkomst, gode planløysingar, mogelegheit for parkeringskjellar og fornuftig tidsbruk i plan- og byggjeprosessen (Nakstad 2003).

"Et signalbygg, rikt artikulert og en stolthet for byen!"

Tre år etter brannen er det nye bygningskomplekset i ferd med å bli bygd ferdig. Under overskrifta "*Bli det virkelig så høyt?*" kommenterte Adresseavisen dei trekonstruksjonane som var i ferd med å reise seg på branntomta. "*Reaksjonene til folk som betrakter trekonstruksjonene i går, lot til å være overraskelse. De hadde ikke ventet så høye hus.*" (Adresseavisen 2005.03.03). Etter kvart som bygget tok form, vart reaksjonane meir positive: "*Midtbyen har fått en ny attraksjon. Folk stanser for å studere fasaden til bygningen ved Borkeplassen. De aller fleste liker det de ser, selv om utseende skiller seg kraftig fra omgivelsene.*" (Adresseavisen 2005.10.13).



Figur 8.7:
Bebyggelsen på Branntomta
Foto: DK

Adresseavisen laga ei reportasje over den haldningsendringa som hadde skjedd. "*Trondheim var i sorg da det brant i Nordre gate for tre år siden. Mange fryktet at bybildet ville ødelegges av nybygget som skulle komme. Men i dag er de fleste fornøyd. ... Etter hvert som nybygget har reist seg på Nordre, har kritikken av-*

tatt kraftig." (Ukeadressa 2005.12.10). Dei som vart intervjua, stilte seg også stort sett positive til nybygget:

"Jeg var skeptisk i starten, men nå er jeg ikke i tvil lenger: dette blir et veldig fint bygg." (Willy Mørch, bypatriot).

"Dette er blitt et helstøpt og gjennomdetaljert bygg, og helt klart en berikelse i bybildet." (Fredrik Shetelig, arkitekt). *"Han synes bygningene uttrykker en vellykket nytolkning av Trondheim som treby, og er glad branntomten slapp å bli belemret med dårlige kopier av gammel stil."*

"Bygget er storartet. Jeg er meget positivt overrasket over hvor fint det er blitt, luftig og med fin rytme i fasaden ut mot Dronningens gate. En morsom fasade." (Håkon Bleken, kunstnar).

Også byantikvar Gunnar Houen vart intervjua og sa seg fornøgd med det nye, moderne bygget som hadde reist seg med moterette fasadar i glas og massivtre:

"Bedre enn ventet. Byen har fått et moderne og interessant nybygg som føyer seg fint inn i det eksisterende byggmessige mangfold i Nordre gate og Dronningens gate. Arkitektene ...har tatt hensyn til det som er, ikke det som var. Materialene er også fine. Bra å se at det fremdeles er mulig å bygge i tre... Selv har han aldri hatt noe ønske om at byggherren skulle kopiere gårdene som brant ned." (Ukeadressa 2005.12.10).

Den tidlegare ordføraren som gråt då ho såg at ei av byens eldste og finaste trehusrekke brann ned, kunne tre år seinare uttrykke at ho var kjempestolt på Trondheims vegne. *"Byen har fått et signalbygg. Fasaden er spenstig og lekker, interiørene lyse og luftige. ... Ved å bruke treverk i alle konstruksjoner viser arkitektene respekt for historien og den gamle trehusarkitekturen i Trondheim - selv om uttrykket er moderne."* (S.st.).

Arkitektane bak bygget var også glade for at det har reist seg eit stort, nytt trehus på branntomta som er *"rikt artikulert...at det er iøynefallende og tydelig, at det skiller seg ut og har særpreg."* (S.st.) Leiaren for Trondhjems arkitektforening meinte også at nybygget er eit fint tilskot til byen. Det medverkar til større mangfald og vidarefører byens historie. *"Nå har vi fått et nybygg som forteller en historie fra vår egen tid."* Ho sette pris på at Trondheim har fått ein bygning som får lov til å stå fram, og meinte at byen treng fleire slike (S.st.).

Slik som avisa framstilte haldningane til bygningane på branntomta, verkar det som om alle var positive til nybygget. Dei uttrykte støtte til ei bygningsutforming som ein skulle tru i store trekk er i samsvar med dei negative førestillingane dei tidlegare hadde hatt om gjenreisingsbebyggelsen med omsyn til høgder, skala og arkitektonisk uttrykk. Den nye bebyggelsen reiser seg i eit utprega moderne uttrykk i fem etasjar, og framstår som ein dominerande bygning i gatebildet. Arkitek-

tonisk reflekterer bygningen den internasjonale modernismen som karakteriserer nokre av dei nyare bygningane i strøket. Bygningen framstår i ei tidsriktig bygningssutforming med moderne bruk av massivtre som byggjemateriale. Det er i det arkitektoniske uttrykket lite som minner om den bygningstypologien som pregar den karakteristiske trebyen eller "Trondheimsandletet", trass i at den uttrykte målsettinga for gjenreisingsbebyggelsen, var å ta vare på nettopp denne.

Fornyng av Midtbyplanen

Etter ein ny trehusbrann i Midtbyen, i Søndre gate i juli 2004, presenterte ein leiarartikkel i Adresseavisen synspunkt som kan få ein til å reflektere over kva haldningar som pregar dagens byplandebatt i Trondheim:

"Med fire store branner på under tre år, er ødeleggelsene i ferd med å bli et traume for hele byen. For det første fordi det er viktige deler av byens identitet som er rammet..... Og ikke minst, fordi gjenoppbyggingen har utløst både stridigheter og fortvilelse over hvordan byen har utviklet seg De siste årene har vi imidlertid sett en voksende interesse for hvordan byen utformes. Delvis fordi vi er blitt mer bevisst på byggeskikk og hva arkitektur gjør med byen. Men det må også ses som en reaksjon på at så mye av det historiske Trondheim er forsvunnet, bit for bit." (Adresseavisen 2004.07.31).

Leiarartikkelen refererte også ordførar Rita Ottervik som gjekk inn for at dei brannskadde husa skulle byggjast opp att i same stil. *"Det er en oppfatning vi deler, og den deles temmelig sikkert av de fleste av byens borgere også.... De sterke folkelige reaksjonene på den siste brannen,, viser hvor viktig de gamle trehusene er for alle som bruker byen." (S.st.).* Brannen vart sløkt før bygningane vart totalskadde og grunneigaren gjekk i dette tilfelle inn for å restaurere dei brannskadde trehusa.

Leiarartikkelen kan tyde på at det no var blitt ei nærmast hegemonisk oppfatning at dei gamle trehusmiljøa og Midtbyens trebykarakter skulle vernast. Likevel kan vi registrere at innanfor arkitektmiljøet er rasjonalistiske idéretningar dominerande. Den svakare offentlege styringa av byplanlegginga har opna for at arkitektar, grunneigarar og eigedomsutviklarar lettare kan realisere eigne visjonar. Byens arkitektar utgjer i dag ei sterk talsgruppe for å innføre meir liberale føresegner for den fysiske utviklinga av byen enn det Midtbyplanens kulturalistiske tankegods innebar. Arkitekt Per Knudsen gav uttrykk for dette i eit intervju med Adresseavisen om eit nytt konferansesenter i tilknytning til Royal Garden Hotell: *"I arkitekturdebatten i Trondheim de siste par årene har enkelte også etterlyst slike signalbygg i Trondheim. Knudsen mener at det i dag er mindre motstand mot bygningar som bryter med omgivelsene enn tidligere." (Adresseavisen 2004.12.16).*

Kulturalistiske planleggingsidéar har tydelegvis ein svakare posisjon blant arkitektur og planleggarar enn for nokre tiår tilbake. I dag ser vi at rasjonalistiske idéar med visjonar om artikulerde og spektakulære bygningsformer er i ferd med å få tilbake posisjonen i arkitektur- og byutviklingsdiskursen som vi må tilbake til 1960-talet for å finne.

Debatten om gjenoppbygginga av branntomta i Nordre gate reiste naturlegvis spørsmål om Midtbyplanen var eit tenleg instrument til å vidareutvikle Midtbyens bykvalitetar. På same måten som generalplanen var gjennomsyra av kontroversar mellom regularistiske, rasjonalistiske og kulturalistiske idéretningar, var dette også tilfelle for Midtbyplanen. Dette medverka til å gjere Midtbyplanen til eit motsetningsfylt plandokument. Desse motsetningane kom også fram i kommunens planprogram for Brannkvartalet, og har elles blitt eksponert i dei mange byggjesakene som etter Midtbyplanens intensjonar skulle medverke til å verne og vidareutvikle Midtbyens særpreg og heilskaplege miljø. I staden har mange av desse prosjekta medverka til mange ulike bygningsmessige uttrykksformer som har gitt lite harmoni i byens visuelle uttrykk.

Den stadige utholinga av planens føresegner gjennom ei byggjesakshandsaming med stadige dispensasjonar, var ein av grunnane til å stille spørsmål om Midtbyplanens rammer var feilaktige eller for stramme. Mange av byens arkitektur, planleggjarar og politikarar gav etter kvart uttrykk for at byggjehøgderestriksjonane måtte mjukast opp, slik at ein kunne utnytte grunnareala betre i den stadig meir attraktive Midtbyen. Etter kvart vart det vanleg å byggje både fem, seks og sju etasjar inne i kvartala. Å ta vare på trebyen og trebykarakteren var eit prosjekt som var i ferd med å miste oppslutning.

I ein kronikk i Adresseavisen tar professor Tor Medalen og arkitekt Tore Wiger til orde for ein revisjon av Midtbyplanen der dei reiser spørsmålet om nye strategival for utviklinga av denne sentrale delen av Trondheim. Det er kanskje ikkje trehuskarakteren som skal vidareførast i utviklinga av Midtbyen, men det arkitektoniske mangfaldet, der "*hver generasjon vil skape sin egen arkitektur?*" (Medalen og Wiger 2005). I tråd med denne strategien vil ein få spørsmål om ikkje fleire innklemte trehus bør rivast for å gi plass til nye prosjekt og ei høgare utnytting av tomtgrunnen. "*Ingen kvartaler vil noen gang bli homogene. Det spennende ved sentrum er dets disharmoni.*" (S.st.).

I alle høve har diskursen om trebyen si framtid opna opp for nye løysingar som vi kjenner frå den pragmatiske, regularistiske retninga, men også for den meir visjonære, rasjonalistiske. Mange utsegner i byplandebatten kan tyde på at kulturalistiske tankar har dårlegare vilkår i dag enn for nokre tiår sidan.

DEL III: DRØFTING OG REFLEKSJONAR

"Midtbyen har fått en ny attraksjon. Folk stanser for å studere fasaden til bygningen ved Borkeplassen. De aller fleste liker det de ser, selv om utseende skiller seg kraftig fra omgivelsene."
(Adresseavisen, 2005.10.13)

9. Byplandiskursen om trebyen Trondheim

I etterkrigstidas Trondheim oppstod det skarpe motsetningar mellom eit ønske om å verne byen i størst mogeleg grad slik byen var, og ulike ønske om å fornye og tilpasse byen til nye samfunnsskaptede vilkår. I dette spenningsfeltet kjenner vi att dei tre idéretningane innanfor arkitektur- og byplanteorien, den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske retninga. Disse utgjorde ulike forståingsformer som posisjonerte seg i byplandiskursen. I denne avhandlinga stiller eg spørsmåla: Korleis konstituerte dei ulike diskursane trebyen og kva representasjonar kom til uttrykk? Korleis endra haldningar og forståingsformer seg gjennom intervensjonar og kontroversar i diskursen, og korleis vart motsetningane oppheva slik at bestemte meiningar på nytt vart dominerande?

Byplandiskursen sine ulike representasjonar

Innleiingsvis formulerte eg eit mål for forskingsarbeidet om å undersøke kva slags syn på byen generelt og trebyen spesielt som kom til uttrykk i byplandebatten i Trondheim frå midten av 1960-åra og fram til idag. Korleis har dette synet endra seg i dette tidsrommet, og kva konsekvensar har dette fått for utviklinga av trebyen?

I avsnittet om teoriar og metode formulerte eg ei vitenskapsteoretisk tilnærming som innebar at desse ulike haldningane og forståingsformene er uttrykk for diskursar som konstituerer byen på ulike måtar. Eg presenterte ei metodisk tilnærming som inneber å studere ulike artikkelasjonar, tekstar, utsegner og arkitekturuttrykk som kom fram i denne byplandiskursen, som uttrykk for diskursive representasjonar. I desse representasjonane identifiserte eg tre ulike arkitektur- og planleggingsretningar som Choay og Linn har påvist har vore tilstades i byplandebatten sidan den moderne byplanlegginga tok til på midten av 1800-talet.

Endringar i det som kan seiast å vere dominerande forståingsformer innanfor planleggingsverksemda, vil skje gjennom kontroversar mellom ulike diskursar som arbeider for å oppretthalde dei dominerande eller hegemoniske diskursane og dis-

kursar som utfordrar desse. Gjennom konfliktar mellom ulike forståingsformer endrar byplandiskursen seg, både som ein langvarig prosess og som meir tydelege og dramatiske brot.

Nokre sentrale omgrep

Aktørane i diskursen gjer gjennom tekstar og andre utsegner uttrykk for kva dei meiner er rett eller gale, eller kva dei meiner er gode og positive sider ved byutviklinga. Ved å studere kva slags forståingsformer som vert motarbeidde i teksten og kva slags synspunkt teksten gir støtte til, kan vi plassere desse utsegnene i høve til dei ulike diskursane. Desse utsegnene gir uttrykk for diskursen sine *representasjonar* og kan oppfattast som kjenneteikn eller "merkelappar" ved diskursen.

Gjennom dei byplankonfliktane eller *kontroversane* som eg har studert, har det tidvis vore skarpe motsetningar mellom ulike forståingsformer. Desse konfliktane har ofte endra seg etter kvart som nye argument har vunne fram i debatten. Aktørar har endra posisjon, jamvel også standpunkt. Ofte har dette ført til at synspunkt som tidlegare utfordra dei dominerande forståingsformene, etter kvart er blitt synspunkt som kjenneteiknar dei dominerande forståingsformene i debatten. Slike *dekonstruksjonar* av motsetningane har eg tatt sikte på å studere for å forstå dynamikken i diskursen.

I ordsiftet om riving eller vern av Svaneapoteket og Hornemannsgården og opp til dagens debatt om gjenoppbyggingsprosjektet på branntomta i Nordre gate, har eg observert motsetningar som etter kvart er blitt oppheva. Ved å studere denne byplandiskursen, har eg sett korleis tyngdepunkta og dei dominerande forståingsformene har endra seg gjennom debatten, og korleis nye forståingsformer er blitt skapte, enten ved at etablerte forståingsformer har tileigna seg element frå andre, eller ved at nye forståingsformer har utfordra dei gamle og blitt dominerande.

I dette kapitlet vil eg drøfte dei utsegnene eller artikulasjonane som kom til uttrykk i kjeldematerialet i lys av dei tre idéretningane innan byplanlegginga, den regularistiske, den rasjonalistiske og den kulturalistiske. I presentasjonen av teoriar og metode som ligg til grunn for denne undersøkinga, framheva eg at grunnleggjande ulikskapar mellom desse ulike planleggingsretningane, og dei forståingsformene som desse gir uttrykk for, ligg i dei ulike måtane desse idéretningane konstituerer byen. Ei idéretning ser på byen som ein næringsarena, ei anna vil utvikle ein ny bymodell på ein visjon basert på moderne teknologi og nye samfunnsbehov, og den tredje legg vekt på byen som eit sosialt og kulturelt livsmiljø. I drøftinga av trebydebatten har eg vore opptatt av å finne korleis dei ulike diskursane konstituerer byen og kva slags representasjonar av byen som kom til uttrykk. Eg vil også få fram korleis forståingsformene har endra seg gjennom kontroversar i diskursen og kva konsekvensar dette har fått og får for utviklinga av trebyen.

Mange ulike forståingsformer har prega debatten om trebyens utvikling

For å sette eit tematisk fokus for arbeidet mitt, har eg valt å starte og avslutte avhandlinga med debatten om Brannkvartalet i Midtbyen. Debatten den første tida etter at det verdifulle bykvartalet var brunne og gjenreisingsprosjektet starta opp, presenterer oss for mange ulike forståingsformer for trebyens utvikling. Desse forståingsformene har eg sett som uttrykk for ulike ideéretningar som ikkje berre var til stades i den faglege, men også i den offentlege byplandebatten, slik denne kom til uttrykk i avisspaltene, i folkemøte og på den politiske arenaen gjennom dei formelle, offentlege vedtaksprosessane.

Desse forståingsformene som kom til uttrykk i denne debatten, har etter mi meining prega debatten om trebyens utvikling i heile etterkrigstida. I denne studien av trebyen Trondheim har eg derfor trekt linjer frå arbeidet med Generalplanen for Trondheim som starta i 1963, til striden rundt forslaga om å rive trepaléa Svaneapoteket og Hornemannsgården på Trondheim Torg, via bymiljøaksjonane på Bakklandet, Møllenberg og Svartlamoen, til debattane om utforminga av Bibliotektomta, Royal Garden Hotell, Olavskvartalet og fram til dagens ordskifte om utbygginga av eit moderne forretningsbygg på branntomta i Nordre gate. Desse ulike ordskifta spenner over ein 40-årsperiode, eit tidsrom der synet på trebyens eigenskapar og kvalitetar har endra seg vesentleg.

Desse tema kunne kvar for seg fortene ei eiga tilnærming og eit sjølvstendig, vitskapeleg arbeid. Eg har likevel valt å sjå desse ulike byutviklingsspørsmåla i samanheng, sidan dei etter mi oppfatning representerer både ulike, men også parallelle sider ved utviklinga av trebyen Trondheim med viktige fellesnemnarar. Dei kan oppfattast som ein del av den same byplandiskursen med sine intervensjonar, kontroversar og dekonstruksjonar. Mange av aktørane går igjen i desse byutviklingskontroversane. Ein del av utsegnene kjenner vi igjen frå sak til sak. Det er derfor grunn til å spørje kva slags samanheng det er i desse debattane? Representerer konfliktane i tilknytning til freding eller riving av Svaneapoteket, motorveg over Bakklandet eller utforminga av Royal Garden Hotell motsetningar mellom diskursive representasjonar av byen som vi kan kjenne att i dei fleste av desse byplankontroversane?

Kan vi med grunnlag i desse tekstane seie at dei som gjekk inn for riving av Svaneapoteket, la eit anna syn på byen og byplanlegginga til grunn, enn dei som gjerne ville ta vare på trepaléet? Låg grunnlaget for desse motsetningane i fundamentalt ulike syn på byen og kva føremål byen skal tene? Er det dei same grunnleggjande motsetningane mellom desse ulike representasjonane av byen som kjem til uttrykk også i dei andre konfliktane eg har studert?

I dette arbeidet ser eg ikkje desse idéretningane eller forståingsformene som isolerte fagideologiske straumdrag som utviklar seg uavhengig av kvarandre, men

heller som uttrykk for ulike diskursar som ikkje berre vert påverka av den interne, faglege debatten, men i stor grad av ein brei samfunnsdebatt der ulike faginteresser, politiske føringar og "vanlege folk" sine oppfatningar og interesser er med og påverkar haldningar og forståingsformer. Den offentlege debatten om utbygging og byutvikling der desse ulike diskursive forståingsformene har kome til uttrykk, har etter mi meining i stor grad påverka utviklinga av arkitektur- og planleggingsideala.

Moderniseringsprosjektet var ei viktig politisk oppgåve i etterkrigstida. I den politiske retorikken vart det lagt stor vekt på fornying og modernisering. Dette fornyingsbehovet hadde ikkje berre samanheng med krigsøydeleggingar og forsømt vedlikehald i krigsperioden, men var i like stor grad ein konsekvens av dei sterke samfunnsendingane som gjekk føre seg på den tida. Ei omfattande strukturrasjonalisering i næringslivet og ein kraftig vekst i tettstadnæringsane; handel og tenesteyting, skapte eit sterkt utbyggingspress i byane.

Medan 1960-talet var prega av vekstoptimisme, store utbyggingsprosjekt og tilsvarande rivingsiver, var 1970-talet prega av nye haldningar til vekst og utvikling, vern og miljø som utfordra både dei rasjonalistiske og regularistiske idéane og la vekt på byen som eit livsmiljø. Trua på ekspertar, vekstprognosar og det dei oppfatta som nødvendige moderniseringsprosjekt, vart etter kvart utfordra av nye tankar som la vekt på bebuarmedverknad i vedtaksprosessane, vernetanken i byutviklingsprosjekta og sosiale og kulturelle rammer rundt bylivet. Konflikhtar mellom desse planleggingsretningane kom til å prege byplandebatten utover 1970-talet. Desse konfliktane arta seg som kontroversar mellom ei regularistisk, ei rasjonalistisk og ei kulturalistisk planleggingsretning, der ulike ideal for byliv og byutvikling kom til å stå mot kvarandre.

Eg vil i dei neste kapitla sjå nærmare på kva slags representasjonar av byen som kom til uttrykk i kjeldematerialet mitt, og korleis vi kan knyte desse til dei ulike dominerande planleggingsretningane i tidsrommet frå rundt 1960 og fram til i dag.

Byen som visjon

Ein ny by tar form - på teiknebrettet

Arkitektkonkurransen om utforminga av Torget og Munkegata i 1960 der landets fremste planleggjarar tok del, synleggjorde dei haldningane som var dominerande på dette tidspunktet. Konkurransen gav uttrykk for eit syn på byen som var sterkt farga av den rasjonalistiske idéretninga. Dette synet på byen braut dramatisk med eigenskapane til den byen som hadde vakse fram gjennom nesten 1000 år. Konkurransprosjekta viste ein heilt ny bymodell som innebar ei omvandling av Midtbyen etter heilt nye idéar om korleis det gamle bysenteret skulle fungere. Det vart lagt vekt på å utvikle ein ny by med nye funksjonelle eigenskapar og ei heilt ny byform.

Byen skulle omdannast og tilpassast nye tekniske og økonomiske vilkår ved å leggje til rette for ein ny transportteknologi med romslege gater og parkeringsplassar og eit differensiert gatenett som skulle sørge for god trafikkavvikling. Byen skulle organiserast på ein ny måte med utgangspunkt i nye funksjonelle krav. Gaterommet vart omdefinert og gatene fekk ein ny funksjon, innretta etter moderne transportteknologi og ein kraftig auke i bruken av privatbil.

Trafikksystemet bygde på nye prinsipp med ei streng differensiering av ulike typar trafikk. Byromma vart oppløyste og gatene vart fylte med bilar. Ikkje minst innebar desse planane ei omforming av dei bygningsmessige strukturane med ei omfattande riving av dei gamle trehusmiljøa og nybygging av høge vare- og kontorhus (Norske arkitektkonkurranser 1962/74). Den moderne, funksjonelle byen skulle først og fremst ta vare på dei krava som næringsverksemda og transportteknologien stilte til byen. Dette var byens grunnleggjande oppgåve. Bustadene skulle erstattast med kontor og varehus. Byen skulle rett nok også tilfredsstillast kravet til rekreasjon og busetting, men dette måtte skje i eigne område utanfor sentrum, der det i følgje funksjonalistane kunne etablerast betre vilkår for dette enn i det dei oppfatta som byen sitt kaotiske sentrum.

Den gamle trehusbebyggelsen skulle etter desse planane erstattast med ein heilt ny bebyggelsesstruktur. Bustadhusa skulle bytast ut med næringsbygg for kontor og handel. Byen skulle tilpassast nye produksjons- og forbruksforhold. Den gamle trebyen representerte ei anna tid og andre vilkår, og skulle etter kvart bli erstatta av den moderne byen. Byen skulle fornyast og tilpassast nye produksjons- og forbruksforhold, og byen skulle styrkast som økonomisk senter.

Men dei rasjonalistiske visjonane om den moderne, funksjonelle byen var ofte for radikale og omfattande til at dei kunne la seg gjennomføre i den eksisterande byen. Det politiske systemet og dei økonomiske rammevilkåra gav ikkje høve til dette. Neste gong vi såg slike planleggingsidear, var i drabantbyutbygginga og i forslaget til utbygginga av avlastingssenteret på Heimdalsmyra. I samband med utbygging av dei nye drabantbyområda på "jomfrueleg mark" kunne dei rasjonalistiske byplanideala lettare realiserast enn i den historiske byen der oppgåvene var meir konfliktfylte.

Arkitektplanleggjaren sine rasjonalistiske planleggingsideal på 1960-talet kom tydeleg til uttrykk i denne arkitektkonkurransen om utforminga av sentrale delar av Midtbyen. Arkitektens tilnærming til dei estetiske krava i byutviklinga, vart i denne perioden ofte omforma til ein grafisk estetikk som innebar at plan- og prosjektteikningar signaliserte ein orden og struktur som tok seg pent ut på papiret.

Ei meir pragmatisk tilnærming til byomvandlinga

Ingeniørar og økonomar dominerer

Den rasjonalistiske modellen vart i samband med omvandlinga av bysentra overtatt av ein meir regularistiske modell. Framleis skulle byen moderniserast og tilpassast nye produksjons- og forbruksforhold, og byen skulle styrkast som eit økonomisk senter. I Torgkvartalet innebar dette ei gradvis utbygging av området etter kvart som prosjekta vart klargjorte og bebyggelsen riven, ei utbygging som strekte seg over ein 30-års periode. Det vart innført eit nytt lovverk med ei ny bygningslov i 1965 og saneringslov i 1967, og det vart etter kvart bygd opp eit administrativt apparat i kommunens tekniske etat. Den tekniske administrasjonen som skulle stå for den nødvendige bytransformasjonen, var hovudsakeleg rekruttert frå tekniske fag. Den regularistiske planleggingsretninga kom i Trondheim til å bli svært ingeniørdominert.

Den politiske og administrative leiinga i kommunen var i tidsrommet fram til midten av 1970-talet samd i at byvekst og modernisering både var nødvendig og ønskeleg. Dei såg vekst og modernisering som ein del av ei utvikling som det ikkje var noko alternativ til. Eit godt samfunn var prisgitt økonomisk effektivisering og teknologisk rasjonalitet. Det var eit spørsmål om å prøve å skaffe seg god kunnskap om føresetnadene for samfunnsutviklinga og på det grunnlaget finne fram til objektive og vitskapelege utbyggingskriterium (Stugu 1997a:159). Med dette synet på samfunns- og byutviklinga, kunne ein la viktige vedtak skje i ekspertfora som hos spesialiserte konsulentfirma og i lukka, faglege fora, slik som arbeidet med Generalplanen for Trondheim i stor grad kom til å bere preg av.

Dei regularistiske planleggingsideala var godt forankra i det ingeniørdominerte planleggingsmiljøet i kommunen med sterke alliansar til byens næringsliv. Trafikkingeniørane hadde ei dominerande rolle i planleggingsgruppene, saman med økonomar og geografar som arbeidde med dei etter kvart så utskjelte vekstprognosane. Arkitektane var i større grad påverka av den rasjonalistiske planleggingsfilosofien som kjenneteikna funksjonalismen med vekt på visuelle og funksjonelle visjonar for byutviklinga, men vart etter kvart påverka av den regularistiske planleggingsfilosofien og seinare også av den kulturalistiske. Gjennom den rolla arkitektane etter kvart fekk i oversiktsplanlegginga med utarbeiding av regionplanar og generalplanar, måtte planleggingsvisjonane etter kvart vike for ei meir tilretteleggande rolle og eit syn på planleggjarrolla som i større grad var prega av ein pragmatisk, teknisk-økonomiske rasjonalitet. Arkitektplanleggjaren vart i aukande grad påverka av den regularistiske diskursen.

Byen som næringsarena

Å konstituere byen som ei næringsarena var sentralt i generalplanarbeidet som starta opp i 1963. Den sterke vekstoptimismen som karakteriserte dette planarbeidet, sette den gamle bykjernen under press. Vedtaket om eit avlastingssenter på Heimdal vart ikkje berre gjort for å spare den historiske byen, men også for å sikre eit funksjonsdyktig sentrum. Ved å sørge for tilstrekkeleg med areal for næringsutvikling, ville planleggjarane leggje tilhøva til rette for at bysenteret skulle fungere betre som eit økonomisk senter i kommunen og regionen. Gjennom ei rigid sonering av arealbruken og sanering av den gamle bebyggelsen, skulle ein sikre areal for ei kraftig vekst av bynæringane. Ei av dei viktigaste oppgåvene var å sørge for betre tilkomst til byen. Ved å legge til rette for ei omfattande vegutbygging, skulle ein sikre at bilen skulle bli det viktigaste transportmiddelet inn til Midtbyen (Thomassen 1991).

Leiinga i Trondheim kommune gav i byplandebatten ofte uttrykk for kor viktig det var å gjennomføre moderniseringsprosjektet og tilpasse byen til ein ny økonomisk og teknisk kvardag, der også den gamle bykjernen hadde krav på funksjonsmessig fornying. Det vart vist lita forståing for dei antikvariske og arkitektoniske verdiane som trearkitekturen i Midtbyen og i andre sentrale område i byen representerte. Den låge statusen til 1800-talets trehusbebyggelse kom tydeleg fram i mange av utsegnene på 1960- og 1970-talet. Heilt opp til midten av 1970-talet var haldninga i kommunen at den gamle trehusbebyggelsen ikkje var i stand til å fylle den moderne byen sine krav, og måtte etter kvart skiftast ut med ein ny og meir tidsriktig bebyggelse. Den regularistiske diskursen konstituerte den gamle trebebyggelsen som lite føremålstenleg for den moderne byen. Den gamle bebyggelsen utnytta grunnareala for dårleg og eigna seg dårleg til moderne bruk. *"Alt for lenge har Trondheims kjøpmenn stort sett hatt sine butikker i gamle toetasjes trebygninger."* (Adresseavisen 1967.3)

Før Riksantikvaren hadde intervenert i generalplanarbeidet og fått oppnemnt det lokale registreringsutvalet, var det få i den tekniske administrasjonen i kommunen som hadde trekt fram verdien av dei gamle trehusmiljøa i samband med planlegginga i dei sentrale byområda. Dei rasjonalistiske og regularistiske tankane vart ikkje utfordra før i byrjinga av 1970-talet då dei verneverdige trepaléa på Torget stod for fall. Då var viktige delar av Trebyen Trondheim allereie rivne og skjemde av ny bebyggelse som braut med trebyens karakter og byggjeskikk.

Kjeldematerialet i dette arbeidet får fram ulike representasjonar av byen, korleis ulike aktørar gav uttrykk for ulike syn på eigenskapar og verdiar ved desse sentrumsnære, men nedslitne, gamle trehusområda. Kommunen sine representantar hevda at dei gamle trehusområda var for dårlege til å bli tatt vare på. Korkje på Bakklandet, Møllenberg eller på Svartlamoen vart den kulturhistoriske verdien vurdert særleg høgt i kommunens administrasjon. Avisomtalen av dei mange rivings-

prosjekta gav uttrykk for at dei gamle trehusa hadde liten verdi, nedslitne og umoderne som dei var.

I den internasjonale byplandebatten hadde ein derimot lenge framheva verdien av dei historiske, anonyme bygningsmiljø (Blomé m.fl. 1972). Det skulle enno ta mange år før slike haldningar fekk fotfeste i Trondheim kommune si administrative og politiske leiing.

Byen som sosialt og kulturelt miljø

Tilhengarane av å ta vare på dei gamle trehusområda representerte andre haldningar. Dei forsvarte dei gamle trehusområda som attraktive, sentrumsnære bustadområde og verneverdige kulturmiljø med store antikvariske interesser. Men det vart også lagt vekt på at dei gamle trehusområda ofte kunne tilby så låge husleiger at det var mogeleg å ta vare på mangfaldet i det funksjonelle og sosiale miljøet i byen. Dei gav rom for ei større breidd i bytilbodet med handverkarar og små reparasjonsforretningar, eit allsidig varehandelstilbod og husvære for både fattige og rike.

Utvikling av vernetanken

Dei kulturalistiske tankane kom etter kvart til uttrykk som motstand mot dei regularistiske og rasjonalistiske forslaga til omforming av byen. Den kulturalistiske argumentasjonen var innleiingsvis knytt til dei antikvariske og kulturhistoriske interessene. Bygningsmiljøa formidla byhistorie om borgarskapet, arbeidarklassen og handverkarklassen sine levekår i byen, og bygningshistorie med røter tilbake til mellomalderen. I den første tida konsentrerte det kulturalistiske prosjektet seg om å ta vare på verneverdige enkeltbygningar. Seinare såg ein enkeltbygningar i ein kontekstuell samanheng og la vekt på den verdien den enkelte bygning hadde for heilskapen i bygningsmiljøet. Men fokuset var i denne samanhengen også vernefagleg.

I ordskiftet om trebyen kunne vi etter kvart registrere ei utvikling av vernetanken. Vernet av trepaléa på Torget var tilsynelatande i tråd med det klassiske kulturminnevernet som la vekt på vern av monumentale kulturminne som grunnlag for estetisk oppleving og for å sikre seg historisk dokumentasjon. Argumenta for vern av Svaneapoteket var derimot ikkje berre knytte til kulturminnet som historisk dokument, men la i stor grad vekt på at Svaneapoteket medverka til å konstituere det viktige byrommet Trondheim Torg og Trondheim som treby. Dette var i tråd med kulturminnevernets Athen-charter som allereie i 1931 hadde peika på den verdien kulturminna hadde i høve til omgivnadene sine.

Kulturalistiske tankar fekk etter kvart gjennomslag og greidde å utfordre den regularistiske dominansen i byplanspørsmål i kommunen og ideane om det funksjonelle bysentrum med hovudsakleg næringsøkonomiske oppgåver. Denne striden kom til å utvikle ein brei allianse mellom ulike grupper som var opptatt av at byen

også skulle vere eit kulturelt og sosialt miljø. Felles for desse var at dei konstituerte byen på ein annan måte enn den regularistiske og rasjonalistiske diskursen. I motsetning til den sterkt ingeniørdominerte tekniske administrasjonen i Trondheim kommune, var desse opptatt av byen som eit livsmiljø. Dette kom tydeleg til uttrykk i Martin Michaelsen sin apell på Torget i 1970.

I denne apellen la Michaelsen vekt på at trepaléa på Torget og den gamle trebebyggelsen konstituerte byen på ein måte som gav byen identitet og medverka til å skape "*trivsel og miljø*" (Adresseavisen 1970.11.30). Landskapet, byplanen og den historiske bebyggelsen gav byen særpreg. Dersom byen ikkje skal bli "*en gold og karakterløs by*", var det nødvendig å sørge for at større delar av dei gamle, verdfulle bygningsmiljøa vart tatt vare på. Svaneapoteket som konstituerande for byens torg, representerte ein viktig verdi for byen, ikkje berre som eit historisk dokument. Som oppsluttande om byrommet Torget, var Svaneapoteket og Hornemannsgården viktige for å oppretthalde bykarakteren. Dette var også i samsvar med meiningane til mindretalet i Antikvarisk utval som la vekt på at den gamle trehusbebyggelsen konstituerte ein spesiell bykarakter, "Trondheimsandletet", som var særlege for Trondheim, eit andlet ein dreg kjensel på.

Men Trondheim skulle også vere ein by i vekst, "*en framtidsrettet by*". Samtidig som byen tar vare på sine kulturelle tradisjonar, sine historiske spor, skal byen også vere i stand til å fungere som ein moderne by etter den moderne byen sine krav. Den historiske byen må utviklast, men ein må byggje vidare på strukturane til den historiske byen, på den gamle byen sin gramatikk med sine byggjehøgder, volum og skala. Problemet var at den bygningsmassen som konstituerte bybildet, var ein låg, dårleg vedlikehalden trehusbebyggelse som utnytta dei verdfulle sentrumsareala dårleg. Dette kom til å gjere konflikten mellom desse planleggingssyna, det regularistiske, rasjonalistiske og det kulturalistiske, særleg skarp.

Dette kom særleg til uttrykk i dei mest sentrale delane av Midtbyen, i byens handelssentrum. Som vi har sett, uttrykte utbyggingsinteressene i denne delen av byen eit ønske om å vidareutvikle Midtbyens næringsøkonomiske rolle. Dette var viktigare enn å ta vare på dei sosiale og kulturelle sidene ved byutviklinga. Sjølv om Svaneapoteket og Hornemannsgården vart berga, gav Trondheim kommune likevel løyve til ei omfattande riving av dei gamle trehusmiljøa i sentrum utover på 1970-talet.

Det bustadsosiale prosjektet

Etter kvart flytte fokus og striden seg til trehusområda utanfor sentrum, til Iilsvikøra, Sanden, Bakklandet og Møllenberg. Dei kulturminnefaglege argumenta for å ta vare på desse bustadområda var her knytte til vern av den anonyme arbeidararkitekturen. Vernet av dei gamle, anonyme bygningsmiljøa som i følge Ruskin, Giovan-

noni og Rossi konstituerer den historiske byen, vart også understreka i det arbeidet som Antikvarisk utval gjorde. Etter kvart vart også arkitektoniske argument fremma i debatten. Dei visuelle kvalitetane med trehusmiljøa sin variasjonsrikdom og harmonien som det tilfeldig utvikla bebyggelsesmønsteret på Bakklandet og Ilsvikøra representerte, vart trekte fram som viktige kvalitetar. Dette var kvalitetar som ein etter kvart såg at ein ikkje greidde å skape i dei gjennomregulerte drabantbyane utanfor bysentra.

Men det var ikkje kulturminnevernet som kom til å stå sentralt i desse bymiljøaksjonane. Ved å utvide det kulturalistiske perspektivet til å sjå på byen som eit attraktivt bustadmiljø med sosialt og funksjonelt mangfald og visuell variasjon, vart vernegrunnlaget vesentleg utvida. Dermed vart det lagt grunnlag for breiare alliansar. Det var levekåra i desse områda og vilkåra dei hadde som bumiljø som mobiliserte opinionen. Det vart rett nok skapt ein allianse mellom verneargument og bustadsosiale argument, med det var dei bustadsosiale argumenta som etter kvart kom til å stå sterkast.

Ei utviding av verneomgrepet til å omfatte breie miljøverdiar, skapte grunnlag for nye alliansar i arbeidet med bymiljøvernet. Etter kvart skulle verdikonservative grupper og antikvariske interesser alliere seg med radikale miljøverninteresser i motstanden mot sanering og det dei såg som brutal modernisering av historiske byområde. Desse gruppene var i utgangspunktet ulike både i interesser, sosial rekruttering og ikkje minst i strategi (Stugu 1997a).

Ola Svein Stugu skreiv i "Trondheims historie, 997 - 1997": "*Det er neppe heller noen tvil om at den antikvarisk begrunnede motstanden lenge hadde betydelig sterkere legitimitet enn den som ble begrunnet ut frå bomiljøet.*" (Stugu 1997a:167). Jon Guttu hevdar derimot i si doktoravhandling at det ikkje var vernetanken som var dominerande i dei første bymiljøaksjonane, men sikring av bustadmiljøa og betring av levekåra i dei sentrale byområda i konflikt med utbyggingsinteressene (Guttu 2003:18). Fagtidsskriftet til Norske Arkitekters Landsforening, Byggekunst, hadde i 1972 eit temanummer om "Byfornyelse." Leiarartikkelen inneheldt lite om den eksisterande byens antikvariske og kulturhistoriske verdiar. Her vart det i staden lagt vekt på bustadsosiale forhold: "*Forverringa av boligmiljøet i de sentrale bystrøk kommer sterkest til uttrykk i de største byene. Forslumminga av byboligen og forverringa av nærmiljøet i de sentrale bydelene er et alvorlig problem.*" (Thorenfeldt 1972 :1).

I alle fall kom tyngdepunktet i dette ordsiftet til å flytte seg frå ei antikvarisk grunngeving for vern til ei bustadpolitisk. Men sidan det var eit godt samsvar mellom omsynet til å ta vare på dei gamle trehusområda som bustadområde og vilkåra for å kunne verne desse, vart det ingen målkonflikt i dette arbeidet. Tvert om fann ulike grupper saman i ein brei allianse som ut frå ulike motiv arbeidde for å verne

dei gamle, sentrale bustadområda. Ved å verne om dei gamle bustadområda, ville ein også kunne ta vare på dei sosiale nettverka som hadde utvikla seg. Her hadde familiar budd i generasjonar og bebruarane hadde ofte ei slektsmessig tilknytning til området. Her budde slektningar, nære vener og arbeidskollegaer. Dei sosiale nettverka var ofte langt sterkare enn i dei nyinnflytta bustadområda utanfor byen.

Vektlegginga av byen som sosialt miljø kom særleg til uttrykk i samband med bymiljøaksjonane frå første delen av 1970-talet. Det kulturminnefaglege perspektivet kom i denne samanhengen meir i bakgrunnen. Samtidig vart bruksaspektet framheva. Vern av sentrumsnære og rimelege bustader var ei viktig målsetting for desse aksjonane. Dei gamle trehusområda representerte eit rimeleg butilbod for mellom anna ungdom og svakarestilte grupper, og verneaksjonane var i mange av dei gamle trehusområda bustadsosiale prosjekt. Mangel på bustader i den raskt veksende byen, gav desse aksjonane ein viktig legitimitet.

Eit viktig trekk ved den kulturalistiske diskursen var såleis at vern av dei gamle trehusområda omfatta mange sider ved byen som livsmiljø. I dei gamle bustadområda som Ilsvikøra og Sanden, vart argument knytte til vern av det gode sosiale miljøet og gamle, etablerte sosiale nettverk viktige. Desse argumenta var sterkt framme i samband med vern av Ilsvikøra, der bebruarane representerte slektsledd som hadde budd på Ilsvikøra i mange generasjonar.

Etter kvart kom dei kulturalistiske artikuleringane til å omfatte fleire sider ved byen som livsmiljø, ikkje berre dei sosiale og kulturelle, men også psykologiske sider. Det vart i aukande grad lagt vekt på den verdien byen har som identitetsskapar. Bybildet var ikkje lenger berre eit antikvarisk og visuelt fenomen, men hadde også verdi for den enkelte ved å skape oppleving av tilknytning. Det var gjerne lettare å identifisere seg med ein by med særpreg og kvalitetar, framfor ein "triviell standard-by". Dei gamle trehusområda hadde ein spesiell karakter som var ulik andre bydelar og byar og gav ei spesiell tilknytning og grunnlag for å identifisere seg med bydelen. Det var her ein hørde til. Bydelen som identifikasjonsobjekt og identitetsskaper, var ein viktig kulturalistisk representasjon i byplandiskursen utover på 1970-talet.

På Bakklandet og på Møllenberg var bustadsosiale argument også av avgjerande verdi. Vern av bydelens trehusmiljø ut frå bebyggelsen sin kulturhistoriske verdi, var heller ikkje sentralt i striden om Svartlamoen, sjølv om Riksantikvaren, som kanskje den einaste, framheva også denne sida ved Svartlamoen. Vern av bydelens gamle bygningsmiljø vart derimot sett på som eit vilkår for å kunne ta vare den særprega ungdomskulturen i bydelen, med mellom anna ein kreativ og produktiv musikkultur. Dei gamle trehusa med dei låge husleigene var ein garantist for å kunne oppretthalde det allsidige kunstnarmiljøet. Sjølv om nokre hevda at dette bygningsmiljøet også hadde antikvarisk interesse, var det neppe dette argumentet som fekk kommuneleiinga til å snu i denne saka og kjøpe tilbake arealet som tid-

legare var blitt seld for å utvide næringsverksemda i området. Den gamle bygningsmassen garanterte for det kulturelle mangfaldet i bydelen.

Eit anna viktig argument som fekk gjennomslag, var at desse gamle trehusområda representerte viktige bruksressursar som var viktige å ta vare på, også i eit økologisk perspektiv. Rehabilitering av desse trehusområda kunne faktisk bli billigare enn å rive og bygge nytt. Dessutan kunne ein mobilisere bebuarane i desse områda til å stå for oppussing og rehabilitering, noko som var uråd i dei nye dra-bantstrøka. I tillegg til at eigeninnsatsen gjorde bustadprosjekta rimelege, vart det framheva at bebuarinnsatsen kunne medverke til å forsterke samhaldet og det sosiale miljøet i strøket. Desse artikulasjonane vart supplerte med økologiske argument om ei bærekraftig byutvikling, der gjenbruk av materialar og bygningar og bruk av tre som byggjemateriale var viktige.

Eksempelet frå Svartlamoen viser at den kulturalistiske diskursen hadde utvida seg vesentleg sidan dei første bymiljøaksjonane i Trondheim. Byen si utvikling måtte ein også sjå i eit bærekraftsperspektiv. Det kulturalistiske prosjektet var etter kvart blitt eit mangfaldig prosjekt som la vekt på mange sider ved byen og bylivet.

Ein mangfaldig diskurs i ein humanistisk tradisjon

Byplandebatten kom etter kvart til å ta opp i seg ein diskurs som tradisjonelt hadde lege utanfor byplan- og arkitekturdebattens diskursorden, og kom til å engasjere nye fagmiljø som sosialantropologar, etnografar og sosiologar. Bymiljøaksjonane vart følgde opp med intervju- og levekårsundersøkingar som styrka argumenta om at det var viktig å verne desse bustadområda, ikkje berre av kulturelle grunnar, men også av sosialpolitiske. Levekårsundersøkingane fekk fram kvalitetar, men også dårlege eigenskapar ved dei gamle bustadmiljøa, og understreka behovet for å ta vare på sosiale nettverk, behovet for å kjenne tilknytning til og å identifisere seg med det området ein bur i, i tillegg til behovet for å kjenne tryggleik for framtida.

Både på Bakklandet, i Midtbyen og på Møllenberg-Rosenborg vart sosiologiske undersøkingar viktige bidrag i debatten om vern eller sanering av bustadområda. Dei fekk fram ein taus kunnskap om dei bustadsosiale kvalitetane ved dei gamle trehusområda. I tråd med nye tankar i tida, som ikkje minst kom til uttrykk i Amsterdamfråsegna, understreka den kulturalistiske argumentasjonen vilkåra for å kunne leve det gode livet i byen.

Den kulturalistiske diskursen gav plass for mange ulike artikulasjonar, men grunnlaget var byen som eit sosialt og kulturelt miljø. For representantane for den kulturalistiske diskursen, var byen noko vesentleg meir enn ein næringsarena. Dei konstituerte byen som eit livsmiljø i brei forstand. Medan den regularistiske diskursen var opptatt av byens økonomiske og tekniske vilkår, og hadde stor oppslutning i dei ingeniør- og økonomiorienterte planleggingsmiljøa, var den kulturalistiske dis-

kursen i Trondheim på 1970-talet prega av ei stor fagleg breidd med ulike kulturarbeidarar, samfunnsvitarar i tillegg til arkitektar, historikarar og antikvarer på barrikadane, og var i hovudsak forankra i ein brei humanistisk tradisjon.

Motsetningar og konflikhtar i byutviklinga

Eg har også sett som eit mål med dette arbeidet å studere korleis synet på trebyens eigenskapar og kvalitetar endra seg i denne perioden. I følge diskursteorien skjer slike endringar i forståingsformer gjennom intervensjonar og kontroversar der nye forståingsformer eller diskursar utfordrar dei gamle og dominerande førestillingane. I dette kapitlet studerer eg desse konfliktane med tanke på å synleggjere denne dynamikken i diskursen.

1970-talet kom til å bli prega av skarpe motsetningar mellom ulike planleggingsretningar, i hovudsak mellom den regularistiske, representert med ein sterk allianse mellom kommunens ingeniørdominerte fagadministrasjon og byens næringsliv, og den kulturalistisk som var representert av kulturarbeidarar, arkitektar og antikvarar og med ei aukande oppslutning frå ulike bebuargrupper, intellektuelle og miljøaktivistar. Byplandebatten utover 1970-talet kom til å bli prega av nye haldningar til byen og den historiske trehusbebyggelsen.

"Geriljakrigen" i generalplanarbeidet

Allereie i arbeidet med Generalplanen for Trondheim kom det til uttrykk konflikhtar mellom ulike planleggingsretningar. Samtidig som generalplanarbeidet var solid forankra i den regularistiske planleggingstradisjonen, introduserte generalplanen kulturalistiske idéar. I regi av generalplanarbeidet vart det sett i gang ei omfattande registrering og kartlegging av kulturminne og kulturmiljø i byen. Det kom til å føre til at generalplanen etter kvart skulle framstå som eit motsetningsfylt plandokument som også fremma kulturalistiske representasjonar. Plandokumentet la viktige føringar for ei byutvikling i tråd med rasjonalistiske og regularistiske idéar, men argumenterte samstundes for å ta vare på kulturhistorisk verdifulle bygningar og bygningsmiljø. Sjølve plandokumentet vart dermed ein arena for ein diskursiv kamp mellom ulike forståingsformer, sjølv om det regularistiske og rasjonalistiske tankegodset kom til å stå sterkt i mange år enno.

I løpet av få år skjedde det markerte endringar i haldninga til trebyens eigenskapar og verdiar. Medan det på slutten av 1960-talet var få som stilte spørsmål ved den omfattande rivinga av dei gamle og verdifulle trehusmiljøa, skulle haldningane endre seg i løpet av 1970-åra til eit ønske om å verne dei gamle trehusa, ikkje minst på grunn av den miljømessige verdien dei representerte, og den måten dei konstituerte bybildet.

Utanom generalplanarbeidet sin "geriljakrig" mellom ulike planleggingsidéar, var den første viktige intervensjonen i det regularistiske og rasjonalistiske planleggingshegemoniet, striden i tilknytning til vern eller riving av trepaléa på Torget. Denne konflikten introduserte nye perspektiv på bygningsvernet ved å legge stor vekt på kontekstuelle sider. Nye tankar om bygningsvern vart introduserte og fekk gjennomslag. Sjølv om vern av Svaneapoteket og Hornemannsgården kan seiast å tilhøyre det "klassiske kulturminnevernet", med vern av monumentale kulturminne som den viktigaste oppgåva, representerte vektlegginga av den måten desse bygningane konstituerer byrommet og bykarakteren ein ny og slagkraftig tanke i kulturminnevernet.

Striden om Svaneapoteket - ein milepæl i byplandebatten

Striden om Svaneapoteket er blitt framstilt som ein milepæl i arbeidet med å verne dei kulturhistoriske bygningane og bygningsmiljøa i Trondheim. Dei kulturalistiske tankane om å ta vare på den gamle byen, slo for alvor igjennom i denne konflikten og skapte ein opinion som gjorde at bygningane vart berga. Men denne konflikten førte også til ei ny forståing av kulturminnevernet og den verdien dei kulturhistoriske bygningane og bygningsmiljøa representerte for byen. Denne intervensjonen i den dominerande regularistiske diskursen introduserte nye forståingsformer om byens oppgåver og byens eigenskapar.

Det er kanskje å ta sterkt i å påstå at dette førte til ein dekonstruksjon av diskursen og innføring av eit nytt kunnskapsregime i byens planleggingsverksemd. Bygningsrådet i kommunen heldt fram med å gi løyve til riving av verdfulle trehus og trehusmiljø i byen i mange år enno. Men i alle høve vart det dominerande moderniseringsprosjektet som var i ferd med å omdanne Trondheim Midtby frå ein ein-skapleg treby til eit samansett bybilde, utfordra på viktige område, og førte til at viktig tankegods frå den kulturalistiske diskursen vart tatt opp i byplanlegginga i kommunen.

Konfliktane fører til ei fragmentering av planprosessen

På slutten av 1960-talet var det enno ikkje blitt nokon folkeleg motstand mot eit planleggingssyn, fremma av kommunens planleggjarar og generalplankonsulentar, som innebar ei total omvandling av byens sentrum og riving av dei gamle trehusmiljøa. I løpet av 1970-talet skjedde det derimot ei skjerping av kontroversane innanfor plan- og utbyggingsverksemda i Trondheim. Dette kom til uttrykk både i den diskursive og sosiale praksisen. Ut frå dei utsegnene som etter kvart kom på trykk i avisdebattar og i avisreportasjar, kan vi registrere ei tydeleg skjerping av konflikten. Måten styresmaktene takla desse motsetningane på, med rivingsvedtak og raske rivingsaksjonar og politistøtta utkastingsaksjonar ved husokkupasjonar, tydde også på at den sosiale praksisen reflekterte skarpe konfliktar.

Dei plandokumenta som skulle vere styrande for byutviklinga i Trondheim, Generalplanen for Trondheim, og spesielt Midtbyplanen kom til å innehalde mange kontroversar som skapte debatt, hovudsakleg i dei politiske fora som bygningsråd, byplanråd og i formannskap og bystyre. Generalplanen og Midtbyplanen sine motsetningsfylte utsegner medverka til ei vedtaksvegving og ei oppsplitting av planprosessen der viktige planutgreiingar og planprosessar vart overlatne til ekspertfora.

Den overordna og samordnande planlegginga vart ofte erstatta med sektorplanlegging der fagekspertar vart mindre utfordra av politikarane. Trafikkplanlegginga vart prega av ekspertproduserte veg- og trafikkanalysar som gav sterke føringar for anna planlegging i byen. Problemstillingane i tilknytning til arealbruken og den fysiske utviklinga av Midtbyen vart overførte til ein eigen reguleringsplanprosess, Midtbyplanen, som kom til å underordna seg dei føringane som andre sektorplanar og sektorutgreiingar gav. Transportanalysen for Trondheim og Vegplan II gav planføresetnader for trafikkutviklinga og tilrettelegging av vegnett og transportiltak. Trondheims bybilde var også ei slik ekspertutgreiing som fekk stor innverknad på Midtbyplanen. Kontroversane vart ofte eksponerte som kontroversar mellom ulike planleggingsprofesjonar der trafikkingeniøren, arkitekten, samfunnsvitaren og antikvaren i stor grad kom til å representere ulike diskursive tilnærmingar til byutviklinga, utan tanke for heilskapen i byen.

Skiljelinjene i bystyret

Motsetningane mellom dei ulike planleggingssyna, kom også til uttrykk som politiske konfliktar i bystyret i Trondheim. Venstresida med Sosialistisk Folkeparti (seinare Sosialistisk Venstreparti,) og Venstre representerte opposisjonen mot administrasjonen sine forslag, medan Arbeidarpartiet og Høgre stort sett gav tilslutning til moderniserings- og utbyggingsforslaga i allianse med byens næringsliv. Etter kommunevalet i 1975 då Høgre overtok ordførarklubba i bystyret, og ein ny generasjon politikarar kom til å representere Arbeidarpartiet, endra etter kvart Arbeidarpartiet standpunkt i fleire utbyggingssaker (Stugu 1997a).

Den politiske venstresida var aktiv i bymiljøaksjonane, og gjennom husokkupasjonar og demonstrasjonar representerte dei ein sterk opposisjon til det etablerte politiske apparatet. Bymiljøaksjonane på Bakklandet, på Møllenberg og på Svartlamoen kom i større grad enn til dømes verneaksjonen for trepaléa på Torget, til å reflektere dei politiske motsetningane i bystyret mellom Arbeidarpartiet og Høgre på den eine sida og Venstre og SV på den andre. Dei andre sentrumspartia var ofte meir splitta i debatten om vern av dei gamle trehusområda.

Medan konfliktane var på det hardaste, såg vi ein tydeleg allianse mellom fagadministrasjonen i kommunen med sitt ingeniørorienterte, regularistiske planleggingssyn og ønske om modernisering og fornying, og handelsstanden i byen som

la vekt på kor viktig det var å modernisere og fornye byens sentrum. Ein tilsvarande allianse var det i bystyresalen mellom Arbeidarpartiet som la vekt på utbygging og modernisering av byens infrastruktur, og Høgre sitt ønske om å ta vare på næringsinteressene og deira behov for å fornye det gamle bysenteret. I større grad enn Høgre og Arbeidarpartiet, representerte sentrum-venstrepartia den kulturalistiske planleggingstradisjonen som la vekt på byens mangfald. Desse partia si forankring i akademiske og intellektuelle miljø, gjorde tilslutninga til dei kulturalistiske tankane naturleg.

Desse kontroversielle byplanspørsmåla kom til å splitte dei fleste partia i bystyret. Høgre som representerte både handelsstanden og kulturkonservative grupper, var ofte delt i synet på vern av den historiske byen, men kom likevel til å bli ein markert tilhengar av moderniseringslinja. I Arbeidarpartiet kom venstresida i partiet til å støtte bymiljøaksjonane, men partiet kom til å bli eit tydeleg støtteparti for moderniseringslinja til langt ut på 1980-talet (Stugu 1997a).

Debatten kjem ut i det offentlege rommet

Dei radikale miljøaktivistane som i stor grad omfatta studentgrupperingar langt til venstre i det politiske landskapet, argumenterte hovudsakleg bustadpolitisk i vernedebatten, og meinte det var viktig å ta vare på bustadressursane i sentrumsnære område. Dei tok etter kvart i bruk metodar som husokkupasjonar, vegsperringar og andre kontroversielle ulydnadstiltak som gjorde at sakene vart svært synlege og gjenstand for stor medieomtale og debatt. Den sterke polariseringa som karakteriserte den politiske debatten på 1970-talet, kunne medverke til å stenge ute verdikonservative grupper som i andre samanhengar var svært aktive i vernearbeidet.

I samband med rivinga av trehusbebyggelsen i Høgskoleområdet for å byggje ny arkitektskole, og rivinga av trehusa på Bakklandet for å føre fram ein fire felts motorveg, fekk vi dei første skarpe konfliktane med demonstrasjonar, husokkupasjonar og politiaksjonar. Den tekniske administrasjonen i kommunen, saman med ei svært moderniseringsorientert politisk leiing, skapte skarpe kontroversar mellom ein regularistisk og ein kulturalistisk planleggingsdiskurs.

I Høgskoleområdet gav ekspansjonsplanane til ein av byens viktigaste institusjonar legitimitet til å sanere den gamle trehusbebyggelsen. Men sjølv etter at utbyggingsplanane var lagde på is, held Statens byggje- og eigedomsdirektorat (SBE), som hadde ansvaret for forvaltninga av NTH si eigedomsmasse, fram med riving av trehusa i området. Alliansen mellom dei bebuarane som budde att, og studentgrupper på kortsiktige leigekontrakter, hadde som sitt viktigaste mål å sikre ein bustadressurs i ei tid med bustadnaud. Dette arbeidet gav i første omgang lita uttelling. I motsetning til aksjonen om vern av Ilsvikøra og Sanden-Hospitalsløkka, greidde ikkje velforeininga Uredd å utvide ordskiftet til å omfatte vern av trehus-

miljøets kulturverdiar, miljøets særpreg og identitetsverdi, eller vern av viktige sosiale nettverk.

Innflytta studentar og akademikarar som etter kvart kom til å sette eit sterkt preg på desse bymiljøaksjonane, presenterte eit nytt syn på byutviklinga i byen, men også nye og radikale førestillingar om kva slags politiske verkemiddel ein kunne ta i bruk for å fremme synspunkta og interessene sine. Dei arbeidde både som "aksjonistar" og som "motekspertar". Ved å stå for eigne utgreiingar, fremme private reguleringsplanar og elles argumentere godt og overtydande på den faglege arenaen, representerte dei tydelege artikulasjonar i diskursen. Kombinert med demonstrasjonar, husokkupasjonar og underskriftslistar skaffa dei seg viktig medieomtale, vart svært synlege, og vann etter kvart kampen om opinionen.

Aksjonen i Høgskoleområdet kom til å representere viktige impulsar for vernearbeidet i byen. Organisering av bebuarinteressene gjennom velforeiningar som argumenterte for interessene sine gjennom avisinnlegg, men også i eigne trykksaker, mobilisering av byens innbyggjarar gjennom underskriftslistar og støttearrangement, utvikling av fagleg motekspertise som vart presentert gjennom "kvitbøker", skapte eit viktig førebilde for andre bymiljøaksjonar i byen.

Det er vanskeleg å slå fast om dei militante aksjonsformene som husokkupasjonar og framprovoserte politiaksjonar fungerte som positive artikulasjonar i diskursen, eller om desse strategiane verka negativt. Gav dei kontroversielle aksjonsformene grunnlag til å etablere breie alliansar innanfor den kulturalistiske diskursen?

I alle høve skulle det på det tidspunktet sterke verkemiddel til for å utfordre dei dominerande, regularistiske haldningane i kommunens tekniske planleggingsmiljø. Aksjonane skapte ein viktig debatt og fekk synleggjort nye og alternative synsmåtar enn dei som var dominerande i byplandebatten. Desse aksjonsformene medverka også til å flytte ordskiftet ut av lukka, faglege diskusjonsfora og vedtaksorgan, og ut i det offentlege rommet der andre enn byråkratar og politikarar tok del. Slik sett var desse omstridde aksjonsformene viktige. På denne måten vart den kulturalistiske argumentasjonen om at byen ikkje berre er ein næringsarena, men også eit kulturelt og sosialt miljø, kjend i breiare lag av folket og skapte grunnlag for breie alliansar.

Mobiliseringa av aktørar utanom bydelen, blant byens og landets kulturliv, var også eit viktig trekk ved desse intervensjonane. Støttekonsertar som fylte Frimurerlogen, Arbeiderforeninga og Olavshallen, underskriftskampanjar, veggmåleriet til Gullvåg og Bleken, produksjon av bøker og motmeldingar, var alle viktige artikulasjonar som etter kvart endra opinionens syn på vernesaka, og dermed etter kvart også synet til politikarane i byen.

Motekspertise

Eit trekk ved den politiske kampen var bruk av motekspertise. Her spela universitetsmiljøet ei viktig rolle. Motstandarane av kommunen sin saneringspolitikk meinte at dei hadde liten grunn til å stole på dei planane og dei utgreiingane som kom frå kommunen si tekniske avdeling. Dei gjorde seg ofte nytte av motekspertise som utarbeidde alternative planar eller svara på utgreiingar der kulturalistiske synsmåtar og føresetnader vart lagde til grunn. Utarbeiding av kvitbøker som skulle gi "objektiv" informasjon om saksforholdet, vart eit slikt trekk som vi kjenner frå Velforeninga Uredd og Samarbeidsgruppa for miljø- og naturvern (SMN). Gjennomføring av eigne trafikkteilingar og trafikkanalysar var eit anna.

Tilsette ved Institutt for arkitekturhistorie ved NTH fremma alternative planar for Sandenområdet i 1971 og for Bakklandet i 1976. Sjølv om desse planane i stor grad hadde ei kulturhistorisk grunngeving, tok dei også vare på andre interesser i området. Ved å gå inn for å verne dei gamle trehusområda ut frå antikvariske omsyn, tok dei også vare på dei som sentrale bustadområde. På liknande måte som "Roedeplanen" for Sandenområdet markerte eit konkret og samlande alternativ som viste korleis bydelen kunne utviklast, vart den private reguleringsplanen for Bakklandet frå Institutt for arkitekturhistorie eit viktig grunnlag for mobilisering av motstand mot kommunens saneringspolitikk. Sjølv om ingen av planane vart vedtatt av Bystyret, kom dei likevel til å spele ei viktig rolle i motstandsarbeidet. Seinare når stemninga hadde snudd og vernetanken vart meir etablert i desse områda, vart desse planforslaga eit viktig grunnlag for den vidare planlegginga av Bakklandet og Midtbyen. Dei antikvariske føresetnadene som desse planforslaga bygde på, vart etter kvart innarbeidde i kommunens sine planar og lagt til grunn for planutforming og byggjesakshandsaming.

Dei nye kulturalistiske tankane om byutvikling som etter kvart fekk gjennomslag i mange europeiske land, fekk etter måten tidleg fotfeste ved Arkitektavdelinga på NTH. Ved Institutt for by- og regionplanlegging og ved Institutt for arkitekturhistorie vart det sett i gang studentarbeid som tok utgangspunkt i kulturalistiske planleggingsidear om byen som sosialt og kulturelt miljø, og der vern av dei historiske byområda stod sentralt. Arkitektstudentar var aktive i utarbeiding av grunnlagsmateriale for verneplanane gjennom oppmålings- og dokumentasjonsmateriale både på Ilsvikøra og i Sanden-Hospitalsløkkaområdet og ved intervjuundersøkingar og registreringar på Møllenberg.

Dessutan var tilsette ved Arkitektavdelinga ved NTH aktive i den offentlege debatten om byutviklinga i Trondheim i perioden frå slutten av 1960-talet og utover på 1970-talet, hovudsakleg med argument som fremma kulturalistiske planleggingsideal. Institutt for arkitekturhistorie forsvarte konsekvent vernetanken i byutviklingsdebatten i Trondheim. Tilsette ved Institutt for by- og regionplanlegging var

også aktive i forsvaret av bymiljøaksjonane, både som fagpersonar og som folkevalde i bygningsrådet og i byplanrådet.

Ved andre institutt ved Arkitektavdelinga var haldningane meir delte, noko som illustrerte arkitektane si forankring i ulike idéretningar. Professor Robert Esdaile ved Institutt for byggekunst II lanserte eit dramatisk saneringsforslag for Baklandet som illustrerte hans sterke tilknytning til dei funksjonalistiske planleggingsideala (Adresseavisen 1981.02.17).

Professor Hermann Krag ved Institutt for byggekunst III var aktiv medlem i Fortidsminnesmerkeforeininga og prøvde å foreine sine rasjonalistiske arkitekturideal med kulturalistiske idéar med vekslande hell. Fleire av prosjekta hans i Midtbyen viser god forståing for den historiske byens krav til nye byggjeprojekt, medan andre vert vurdert som mindre vellukka.

Riksantikvaren, ein trufast forsvarar av trebyen

Blant dei mest konsekvente forsvarane av trebyen og i langvarig opposisjon til det regularistiske regimet i Trondheim var Riksantikvaren. Etter at kunsthistorikaren Stephan Tschudi-Madsen vart riksantikvar i 1978, fekk vi ein riksantikvar som hadde vern av dei historiske trehusmiljøa som eit viktig arbeidsfelt. Det antikvariske vernet vart vesentleg utvida og bymiljøvernet vart ei viktig oppgåve for embetet.

Som ein trufast forsvarar av verdiane ved den historiske trebyen, frå bystrukturen i Midtbyen, til dei store kjøpmannsgardane i Kjøpmannsgata og til arbeidarbustadsmiljøa på Baklandet og på Svartlamoen, kom Riksantikvaren til å irritere den politiske og faglege leiinga i byen. Hans direkte tale fall trondheimspolitkarane ofte tungt for brystet. Tschudi-Madsen framheva ofte dei mange sidene ved vernetanken, ikkje berre dei antikvariske, og var ein glødande forsvarar av dei gamle trehusmiljøa i Trondheim: *"Trondheim? - DET er by det! En by med europeisk sus: mønsteret, størrelsen, .. Den har store anslag, tradisjonene med kirken, byggene..."* (Adresseavisen 1981.02.21). Dei mange kontroversane mellom vernetanken og moderniseringsprosjekt i byen, viste kor viktig Riksantikvaren var for vernet av trebyen Trondheim.

Men Riksantikvaren kom ofte til kort, og måtte skuffa sjå at utviklinga i Trondheim ikkje gjekk kulturminnevernet sin veg. Overfor ein stor by med ein sterk politisk og fagleg administrasjon vart det vanskeleg for Riksantikvaren å oppnå tilstrekkeleg autoritet i byutviklingssaker. Dette var gjerne lettare i mindre kommunar som til dømes Røros.

Kommunens lojale tenarar

Korleis dei tilsette i kommunens plan- og byggjesaksforvaltning såg på eigenskapar og kvalitetar ved dei gamle trehusmiljøa, kjem ikkje fram i avismaterialet. Synsmå-

tane fra kommunen var stort sett presenterte av etatsjefane i kommunen. Desse representerte ein planleggjargenerasjon som i stor grad henta sine planleggingsidéar frå mellomkrigstida og frå 1950- og 1960-åra sine planleggingsideal, og stod i all hovudsak for ein regularistisk planleggingsfilosofi. Dei var opptatt av å legge forholda til rette for eit velfungerande bysentrum, der riving av bygningar og framføring av veganlegg var nødvendig. Dei hadde vanskar med å sjå dei kvalitetane og kulturhistoriske verdiane som dei forfalne trehusområda representerte.

Trafikkingeniørane i kommunen sin tekniske administrasjon følgte opp, og forsvarte konsekvent generalplanens trafikkplan med trafikkprognoser og vegplanar. Bustadkontoret og kommunens eigedomskontor forvalta den kommunale eigedomsmassen som eigar og utleigar med ansvar for drift og vedlikehald og fronta dei mange rivings sakene. Dei stod som regel for ei uforsonleg linje overfor bebuarar og aksjonistar. Dei markerte ei sterk tilslutning til dei meir eller mindre vedtatte trafikkplanane og til andre planar som innebar riving av verneverdige delar av dei gamle trehusmiljøa.

Den sterke lojaliteten til kommunen sine vedtak knytt til trafikk- og arealplanlegginga, gjorde at dei kommunale aktørane ofte gjekk lengre enn det lover og regelverk tilsa for å få gjennomført kommunale planar og vedtak. Ofte vart det gitt rivingsløyve før alternative planar var vedtatt i kommunen. Det rådde eit slags "maktas spel" i desse konfliktane. Ulydnadsaksjonar, innflyttings- og oppussingsaksjonar provoserte fram dramatiske trekk av kommunen, trekk som vi i ettertid ser på som unødvendige politiaksjonar og umotiverte rivingsprosjekt. Mønsteret var nokså likt i dei fleste bymiljøaksjonane. Kommunikasjonen mellom partane var dårleg og ofte fråverande. Kommunen opptrådte arrogant og ignorant og viste lita interesse for å komme motstandarane av trafikkplanane og rivingsprosjekta i møte.

Vern av bybildet skaper nye konfliktar

Også i tilknytning til dei omtala bytransformasjonsprosjekta i Midtbyen var det kontroversar, men ikkje med eit tilsvarende konfliktnivå. I desse konfliktane kunne vi registrere dei same motsetningane mellom eit sterkt ønske om å modernisere byen og tilpasse han til nye produksjonsforhold, og ønsket om å ta vare på byens historiske bymønster og trebykarakter. Denne debatten skulle også komme til å engasjere folk langt utanfor verne- og byplanfaglege krinsar.

Etter kvart kunne ein registrere ei allmenn oppslutning om vern av trehusbebyggelsen i byen. Men desse nyvunne forståingsformene som etter kvart vart nedfelte i kommunen si planlegging og i byutviklingsstrategiar, var ikkje like godt forankra i tilknytning til alle verneverdige trehusmiljø i byen. Det er vanskeleg å sjå at det var noko stor oppslutning om vernetanken i samband med utviklinga av det viktige trehusmiljøet i byens handelssentrum mellom Kongens gate, Prinsens gate, Nidelva og Kanalhavna. Handelsstanden var stort sett av den oppfatninga at i dette

området var trebyen så fragmentert at ein burde ta sikte på å sanere dei små og gamle trehusa, og sørgje for ei betre utnytting av eigedomane til moderne bygningar i fire - fem etasjar. (Næringsorganisasjonene Fellesorganisasjon 1977).

I debatten om ulike byggjesaker og bytransformasjonsprosjekt i Midtbyen, kom det til uttrykk mange kontroversar om korleis trebykarakteren og bybildet burde utviklast i denne delen av byen. Det var i denne samanhengen ikkje berre eit spørsmål om å verne det eineståande kulturminnet eller eit eksisterande bygningsmiljø mot sanering og fornying. I dette tilfelle var det i større grad eit spørsmål om korleis ein skulle verne bybildet og bykarakteren.

Utbyggingsprosjekta i denne delen av byen representerte som regel konfliktar i høve til målsettinga i Midtbyplanen om å "*sikre en gradvis fornyelse av bebyggelsen som bevarer og videreutvikler Midtbyens særpreg og helhetsmiljø.*" (Trondheim kommune 1981). I tillegg til at mange trebygningar vart rivne i dette området, sørgja hyppige brannar for at bebyggelsen gradvis vart skifta ut. Trehusa som vart offer for desse brannane, vart nesten konsekvent erstatta med store bygningsvolum i stål og betong, i moderne stiluttrykk og med Midtbyplanens maksimalhøgde på fire etasjar, i tillegg til eit par ekstra etasjar under ei stor takflate eller som tilbaketrekte toppetasjar.

Motsetningen mellom ein diskursiv og sosial praksis

I tilknytning til dei mange plan- og byggjesakene i dette området, vart det lagt føringer for at utviklinga skal vere i tråd med trebyens karakter, og at Midtbyens særpreg skulle oppretthaldast. Men dette vart kulturalistiske artikulasjonar i ein diskurs som tydelegvis hadde ein heilt annan sosial praksis. Den sosiale praksisen slik han kom til uttrykk i samband med gjennomføringa av nye byggjeprojekt, gav eit eintydig inntrykk av at det var den regularistiske diskursen som var dominerande.

Gjennom ei gradvis utskifting av den gamle bygningsmassen skulle ein styrke byens posisjon som regionens næringsentrum. Ved å endre funksjonsinnhaldet i denne delen av Midtbyen og styrke innslaget av kontorfunksjonar og varehus, ville ein også medverke til å skape betre balanse mellom den eigedomsverdien som den gamle trehusbebyggelsen gav grunnlag for, og den potensielle verdien ein kunne oppnå ved ei langt sterkare utnytting av tomtearealet i denne delen av byen.

Bystyrets innsiktsfulle vedtak i 1972 om å oppretthalde arealutnyttinga i Midtbyen for å ikkje auke utbyggingspresset, var ein viktig føresetnad for å kunne ta vare på Midtbyen sin trebykarakter. Så lenge denne føresetnaden ikkje vart tatt vare på i den praktiske forvaltinga av Midtbyplanen, auka presset på trebyen Trondheim saman med forvitringa av bykarakteren.

Rammeverket for kommunens utbyggingspolitikk i Midtbyen var Midtbyplanen som gav viktige kulturalistiske føringar for vern og utvikling av Midtbyen. Delar av Midtbyen var peika ut som verneområde med restriktive verneføresegner. Bustadmassen skulle aukast. Midtbyen skulle ikkje lenger berre vere eit regionalt, økonomisk senter, men gjenreisast som eit sosialt og kulturelt miljø. Ordsiftet i tilknytning til dei mange utbyggingsprosjekta kunne skape inntrykk av at trebyens karakter og særpreg skulle gi føringar for utbyggingsprosjekt også i byens sentrale handelsområde, men dette var sjeldan i tråd med den praksisen som kom til uttrykk i dei mange byggjesakene som avveik frå Midtbyplanen. Med omsyn til bygningsutformingar og byggjehøgde gav desse prosjekta uttrykk for at andre forståingsformer var meir dominerande.

Arkitektkonkurransen i samband med utbygginga av “Bibliotekkvartalet” vart nemnd som ein milepæl i utviklinga av Trondheims sentrale bydelar, ved at mange av konkurranseforslaga introduserte ei tilpassing til “Trondheimsskalaen”. Sjølv om gamle kvelvkjellarar vart rivne, og mange verdifulle trebygningar overlatt til tilfeldig bruk som enda i ein tragisk brannkatastrofe, vart utforminga av dette kvartalet gjort med større sans for trebyens dimensjonar enn ved seinare byutviklingsprosjekt i Midtbyen. Ved å ta vare på Lorckgården kunne denne bygningen formidle overgangen mellom den gamle trebyens dimensjonar og det nye bygningskomplekset, og gi føringar for volumoppbygging og bygningsutforming.

Tilsvarande situasjon oppstod i samband med utbygginga av Royal Garden Hotell, men i dette prosjektet vart den freda Heggstadbrygga rive. Den gamle brygga kunne ha formidla overgangen mellom den gamle bryggerekka og det moderne hotellkomplekset. Men ved å rive brygga stod ein friare i utforminga av eit moderne bygningskompleks som markerte seg fritt og sjølvstendig i høve til Midtbyens karakter. Det kontroversielle konseptet vart realisert og i ettertida tiljubla med heidrande omtale og arkitekturprisar. Utforminga fekk stor tilslutning og medverka truleg til å etablere ei ny haldning til utbygginga i Midtbyen enn dei føringane som låg i Midtbyplanen. Kanskje kom dette prosjektet til å etablere grunnlaget for ein dispensasjonspraksis frå Midtbyplanens føresegner om byggjehøgder og volumoppbygging som etter kvart skapte sterke brot med trebykarakteren.

Spørsmål om trebyens karakter og dimensjonar var mindre framme i dei seinare byggjeprosjekta som Olavskvartalet og Gjensidigebygget ved Torget, men vart på nytt sentrale i debatten om utbygginga av Brannkvartalet i Nordre gate. Då to av Midtbyens største og mest verdifulle kjøpmanngardar gjekk tapt, og byen miste eit viktig kulturmiljø, vart desse problemstillingane på nytt ein del av byutviklingsdebatten. Denne debatten demonstrerte at den posisjonen som kulturalistiske tankar om utviklinga av Midtbyen har hatt sidan midten av 1970-talet, ikkje berre i den so-

siale praksisen, men også i den faglege debatten blant planleggjarar, arkitektar og antikvarar og i det offentlege ordskiftet, var blitt vesentleg svekka.

Utbygginga av Brannkvartalet representerte ein kontrovers mellom Midtbyplanens kulturalistiske målsetting om å vidareutvikle Brannkvartalet i ein småskalaprega arkitektur, tilpassa trebyens låge bebyggelse, og eit ønske om å realisere ein moderne bygning i vår tids arkitektoniske uttrykk, tilpassa dimensjonane og uttrykksformene til dei nyare bygningane i kvartalet. Sjølv om ein ved å studere debattens uttrykksmåtar kan få inntrykk av at dei kulturalistiske synspunkta var godt forankra i breiare krinsar, viste utviklinga av sjølvbyggjeprojektet at den dominerande forståinga i kommuneadministrasjonen og blant arkitektar av kva som skulle vere ei utbyggingsform som tok vare på Midtbyens særpreg, heller gjekk i retning av ein friare bruk av arkitektoniske stiluttrykk, volumoppbygging og materialbruk. Projektet representerte ein konflikt mellom dei kulturalistiske føresetnadene som låg til grunn i Midtbyplanen og den sosiale praksisen som kom til uttrykk i det realiserte byggjeprojektet.

Medan dei kulturalistiske idéane på 1970-talet representerte ein intervensjon i dei modernistiske planleggingshaldningane i Trondheim, så vart dei kulturalistiske idéane sjeldan etablerte i konkrete utbyggingsprosjekt i dei sentrale forretningsområda i Midtbyen.

Brot og endringar i forståingsformene

Endringar i synsmåtar og forståingsformer skjer gjennom intervensjonar og kontroversar i diskursen. Motsetningar og konflikhtar mellom forståingsformene kan bli oppheva ved at nye forståingsformer etablerer seg som dominerande gjennom ein dekonstruksjon. Slike endringar i synet på trebyens eigenskapar og verdiar, skjedde både over eit lengre tidsrom og som dramatiske brot der haldningar og meiningar som tidlegare hadde dominert debatten, vart utfordra og sette til side av nye forståingsformer. I dette kapitlet vil eg sjå nærmare på kva som kjenneteikna desse endringane i byplandiskursen i Trondheim.

Modning av synspunkt

Striden om Svaneapoteket og Hornemannsgården rundt 1970, representerte eit vendepunkt i vernedebatten og byplandebatten i Trondheim. Ved å få gjennomslag for at gamle bygningar og bygningsmiljø har ein verdi utover det antikvariske vernet, fekk kulturalistiske idéar og forståingsformer ein større plass i planleggingsverksenda, og vart ikkje lenger ei sektorinteresse, forvalta av historikarar og antikvarar.

Trondheims bybilde vart med dette introdusert som eit verneobjekt, som mobiliserte folk langt utover dei kulturinteresserte i byen, men med antikvarar og historikarar som viktige aktørar i debatten. Martin Michaelsen sin apell på Torget

presenterte ei breiare forståingsform enn det som var kulturminnevernets klassiske vernegrunnlag, noko som etter kvart skapte ein breiare opposisjon mot rivingsprosjektet og mot kommunens rasing av dei gamle bygningsmiljøa i byen. Kulturalistiske tankar fekk gjennom denne intervensjonen likevel ingen dominerande posisjon i byplandiskursen i Trondheim. Det vitna dei mange konfliktane vi i ettertid fekk i tilknytning til vern av dei gamle trehusmiljøa i Høgskolebakken og Singakerbakken, Bakklandet, Møllenberg-Rosenborg og Svartlamoen.

Dei vanskelege økonomiske tidene på midten av 1970-talet, dempa utbyggingspresset på Midtbyen og gjorde det lettare å argumentere for å oppretthalde dei sentrale trehusområda som bustadområde. Det vart mindre pengar å byggje vegar og nye næringsbygg for. I tillegg gjekk det etter kvart gjekk opp for politikarane i byen at 1960-talet sine prognosar var bygde på optimistiske føresetnader som neppe let seg oppfylle. Slike forhold som låg utanfor den lokale byplandiskursen, kom likevel til å gi viktige føringar for haldningar og forståingsformer også lokalt. Det var nødvendig å tenke nye tankar med omsyn til byutvikling og byplanlegging.

Ilsvikøra og Sanden-Hospitalsløkka-området vart på slutten av 1970-talet verna som spesialområde for bebyggelse av antikvariske og kulturhistoriske interesser. Dette skjedde derimot 20 år etter at både Bergen og Stavanger hadde fått sine første verneplanar. Ein ekspansjon av hamneverksemda syntest ikkje lenger truverdig i ein periode då meir av meir av godstransporten gjekk frå skip og over på lastebilar. Lågare økonomisk vekst førte også til redusert utbyggingspress i dei sentrale byområda og mindre behov for å erstatte dei gamle trehusa med nye og moderne kontorbygg og varehus.

Det er vanskeleg å identifisere markante brot i diskursen. Den økonomiske utviklinga som reduserte utbyggingspresset i mange område, nye aktørar som kom på banen og tok meir verneorienterte standpunkt, kom til å prege utviklinga av byplandebatten. Utviklinga i den nasjonale og internasjonale diskursen som førte til at det frå sentralt hald vart lagt nye politiske føringar med større vekt på å rehabilitere den gamle bebyggelsen, vart også viktig. Det vart dessutan stilt ressursar til disposisjon. Dette medverka til å endre uttrykks- og forståingsformene, den diskursive praksisen, i retning av vern av trebyen. Etter kvart vart også utbyggingspolitikken endra gjennom vedtak av verneplanar og gjennomføring av rehabiliteringsprosjekta.

Endringane kom i hovudsak som ein langsam prosess der ulike diskursive artikulasjonar over tid medverka til å endre haldningar og forståingsformer. Bakklandsutgreiinga er eit eksempel på at Trondheim kommune gjennom si planlegging, gradvis tok opp i seg kulturalistiske representasjonar og på den måten medverka til å oppheve motsetninga i diskursen. I dette utgreiingsarbeidet kom den

kommunale planlegginga etter kvart til å leggje meir vekt på kulturalistiske representasjonar.

Sjølv om Bakklandsutgreiinga i utgangspunktet var ei trafikk- og vegteknisk utgreiing med trafikkplanleggjarar i førarsetet, og med det rådgivande ingeniørskapat Siv.ing. Arne R. Reinertsen som prosjektleiar, kom planlegginga etter kvart til å leggje meir vekt på dei kulturhistoriske verdiane i området og på Bakklandet som eit attraktivt bumiljø. Posisjonane i debatten var i ferd med å endre seg. Om det var mangel på statlege løyvingar eller om det var bebuarmotstanden som til slutt førte til at Bakklandet vart spart, er uråd å vite. I alle fall førte mangel på statlege vegløyvingar til manglande evne til å gjennomføre dette omfattande vegprosjektet. Utbygginga vart dermed utsett til motstanden mot vegprosjektet vart tilstrekkeleg mobilisert og gjorde det politisk umogeleg å gjennomføre prosjektet.

Nye aktørar - nye meiningar

Skifte av byplansjef i 1977 ved at arkitekt Børre Skaslien overtok etter Oddmund Suul, førte også til ei viktig endring i kontroversen. Skaslien hadde "lang fartstid" i Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet, og hadde elles i stipendiatstillingar hatt gode høve til å orientere seg om nye planleggingsretningar. Men det viktigaste var truleg at han kom utanfrå og var derfor ikkje identifisert med dei ulike frontane i konfliktane i Trondheim. Ved å få inn ein byplansjef som var "*såpass fersk i stillingen at han ikke var belastet med å ha ment så mye tidligere,*" gjorde det lettare for kommunen å ta ein ny posisjon i fastlåste konflikhtar (Adresseavisen 1978.06.07).

Den folkelege motstanden gjennom husokkupasjonar, oppussingsprosjekt, politisk deltaking og argumentasjon i det offentlege ordskiftet gjennom lesarinnlegg og intervju, motekspertise på den faglege arenaen gjennom private forslag til reguleringsplan, levekårs- og intervjuundersøkingar, representerte kulturalistiske artikulasjonar som gjennom lang tid påverka haldningar og medverka til å endre posisjonane i diskursen. Dette kom tydeleg til uttrykk i reportasjane i Adresseavisen som etter kvart kom til få ei meir positiv vinkling i høve til vernetanken.

Mange slike artikulasjonar av ein kulturalistisk diskurs, fekk etter kvart Trondheim kommune til å snu i desse konfliktane - sjølv om det i mange tilfelle var ein tung og lang veg å gå for nokre av byens leiande politikarar og byråkratar. Kommunens aldrande talsmenn for sanering av dei gamle trehusområda, radikale vegutbyggingar og brutale moderniseringsprosjekt i dei sentrale byområda, kom etter kvart til å representere eit planleggingssyn med sviaktande ideologisk oppslutning. På grunn av oppnådd pensjonsalder, men også på grunn av minkande politisk støtte, måtte mange av desse sentrale politikarane og tenestemennene forlate kommunens politiske og administrative leiarskap på midten av 1980-talet (Stugu 1997a).

Tankekrossar og paradoksar om trebyens framtid

Ei målsetting for dette avhandlingsarbeidet har vore å finne eventuelle samanhengar mellom dei konfliktane vi kunne registrere i tilknytning til vern av trepaléa på Torget, bymiljøaksjonane på mellom anna Bakklandet og dagens debatt om utviklinga av trebykarakteren i Midtbyen. Finn vi att tilsvarande diskursive representasjonar i debatten om gjenreisinga av bebyggelsen på branntomta i Nordre gate, som vi har registrert i dei andre konfliktane? Er tyngdepunkta i diksursen på nytt i ferd med å endre seg og kan vi sjå tendensar til eit nytt kunnskapsregime innanfor byplandiskursen? Kva vil i så fall nye forståingsformer ha å seie for den framtidige forvaltninga av trebyen?

I dette kapitlet vil eg derfor reflektere over kva slags forståingsformer som kan seiast å karakterisere dagens debatt om utviklinga av trebyen, og kva konsekvensar desse kan få for den framtidige forvaltninga av den historiske trebyen.

Ein ny debatt om trebyen

Byantikvaren i Trondheim, Gunnar Houen, og fleire andre meinte på branndagen i desember 2002 at brannen i Nordre gate og gjenoppbyggingsprosjektet i kjølvatnet av denne, ville skape ein ny debatt om Trondheim Midtby. Han vona truleg at debatten ville styrke forståinga av dei kulturverdiane som Midtbyen representerer som treby, og at dette vil føre til eit sterkare vern om trebykarakteren og det enkelte trehus i denne mangfaldige trebyarkitekturen.

Ordsiftet om utforminga av ny bebyggelse på branntomta i Nordre gate synleggjorde på nytt dei sterke kontroversane i byutviklings- og planleggingsdiskursen i Trondheim. Byantikvaren, fleire politikarar og "vanlege folk" tok like etter brannen til orde for ulike former for rekonstruksjon av bebyggelsen. Mange meinte at Brannkvartalet måtte gjenreisast med ein småskalaprega bebyggelse med ei utforming som tok vare på trebykarakteren og Midtbyens særpreg. Artikulasjonane i denne byplandebatten var i stor grad prega av kulturalistiske representasjonar.

Slike haldningar kom derimot i mindre grad til uttrykk i arkitektkonkurransen, i planprogrammet og i juryens føresetnader og omtale av konkurranseprosjekta. Vi kunne likevel registrere kulturalistiske representasjonar også i dette materialet, med vektlegging av bykarakteren og materialbruken. Men desse vart ståande som uforpliktande, ofte sjølvmotseiande og gjerne utdelege utsegner.

Utbygginga av Brannkvartalet kom til å representere ein kontrovers mellom Midtbyplanens kulturalistiske målsettingar om å vidareutvikle Brannkvartalet i ein småskalaprega arkitektur, tilpassa trebyens låge bebyggelse, og eit ønske om å realisere ein moderne bygning i vår tids arkitektoniske uttrykk, tilpassa dimensjonane og uttrykksformene til dei nyare bygningane i kvartalet. Ved å studere utsegner og

uttryksmåtar i debatten, kan ein få inntrykk av at dei kulturalistiske synspunkta var godt forankra i breie krinsar av debatt deltakarene.

Utviklinga av sjølvbyggjeprojektet viste likevel at den dominerande forståinga hos planstyresmaktene, hos dei prosjekterande arkitektane og byggherren av kva som ville vere ei "riktig" utbyggingsform, gjekk i retning av ein friare bruk av arkitektoniske stiluttrykk, volumoppbygging og materialbruk. Dette var artikuleringar som ikkje var i tråd med dei kulturalistiske arkitekturideala. Det var tydeleg at gjenreisingsprosjektet kom til å representere ein konflikt med dei kulturalistiske føresetnadene i Midtbyplanen om å utvikle Midtbyens særegne trebykarakter.

I dag kan det sjå ut som at samtidig som brannen førte til ein vesentleg reduksjon av Midtbyen sin materielle trebystruktur, har gjenreisingsprosjektet også medverka til å utvikle ei ny forståing av trebyens eigenskapar og utviklingsmogelegheiter. Uttryksmåtar som i liten grad kjenneteikner kulturalistiske forståingsformer, kom til å prege debatten og det endelege resultatet. Tiljublinga av dette prosjektet sitt artikulerte og sjølvstendige arkitekturuttrykk, representerer ei tilslutning til rasjonalistiske arkitektur- og planleggingsideal med vekt på kontrast framfor tilpassing og brot framfor kontinuitet.

Forståinga av byggjeprojektet som eit næringsbygg som skulle realisere grunneigarane sine økonomiske interesser på tomte, vart etter kvart lite utfordra i diskursen, og vart etablert som ei dominerande forståingsform. Dei fleste er i dag einige om at Midtbyen må tilpasse seg dei økonomiske rammevilkåra som ein næringsarena i konkurranse med kjøpesenter i andre delar av byen. Tidlegare tok ein mellom anna gjennom offentlege planvedtekter sikte på å regulere dette konkurransforholdet for at ikkje dei sentrale byområda med dårlegare biltilkomst og ein anna bygningsmessig struktur, skulle tape i konkurransen. Spørsmål knytte til eigdomsutvikling og sentrumsareala sitt verdiskapingspotensiale, har etter kvart fått stor plass i den offentlege byplandebatten, i samsvar med dei nye politiske strategiane om å fortette byen sine allereie utbygde areal og den private eigedomsmarknaden sin posisjon i byplandiskursen.

Journalist Johan O. Jensen skreiv like etter brannen at *"man skal ikke være nevneverdig sannspådd for å se at det vil bli et veldig press nå - fra gårdeiere, utbygger, handelsstand... kort sagt de fleste kommersielle interesser - for å øke byggehøyden, ta de snarveier som av og til heter tilbaketrasket toppetasje."* (Adresseavisen 2002.12.09).

Grunneigarane styrte utbyggingsprosessen frå første stund og fekk prosjektet inn i si eiga gate. Tilsynelatande vann dei også debatten om korleis Midtbyen skal utviklast. I ettertid kan vi berre konstatere at grunneigarane stort sett fekk det som dei ønskte, utan å ta snarvegar eller øve noko særleg press på politiske og faglege styresmakter. Mange eksempel tyder på at dei private eigedomsselskapa er i ferd

med å få ein dominerande plass i dagens byplandiskurs i Trondheim. Dette kjem ikkje berre til uttrykk i den sosiale praksisen der nye utbyggingsprosjekt i Midtbyen bryt sterkt med bykarakteren. I aukande grad kjem denne posisjonen til uttrykk også i den diskursive praksisen

Den dekonstruerte diskursen om trebyen Trondheim

Det nye Brannkvartalet står idag fram som eit prosjekt som bryt sterkt med trebykarakteren i Midtbyen med omsyn til storleik og bygningsutforming. Med sine fem etasjar, med si artikulerte utforming med eksponerte limtrekonstruksjonar og glatte massivtre- og glasflater, er kontrasten til den tradisjonelle panelarkitekturen i Midtbyen slåande.

Gjennom artikulasjonen av ei rasjonell byfornyng med ein kraftig auke av eigedomsverdien gjennom høg arealutnytting og rasjonelle byggjetekniske løysingar, representerer nybygget ei viktig tilslutning til rasjonalistiske forståingsformer. Med sitt artikulerte og sjølvstendige arkitektoniske uttrykk, er også bygningskomplekset ein tydeleg rasjonalistisk artikulasjon. Tilslutninga til denne utbyggingsløysinga frå byantikvaren, kulturarbeidarar og "vanlege folk" tyder på at konflikten mellom ulike forståingsformer når det gjeld utviklinga av Midtbyen er i ferd med å bli oppløyst. Etter kvart som bygningskomplekset i Brannkvartalet vart bygd ferdig, registrerte vi utsegner der antikvarar, arkitektar og profilerte kulturarbeidarar slutta opp om "Det nye Brannkvartalet". Dette kan vi tolke som ei tilslutning til den kursen for byutvikling som denne bygningen representerer, og ei ny oppslutning om rasjonalistiske forståingsformer.

Bygningskomplekset vil kunne stå fram som viktig for vår forståing av kva som er ei naturleg og fornuftig utvikling av byen, og dermed leggje viktige føringar for den framtidige utviklinga av trebyen. Som ein sterk artikulasjon i diskursen, vil denne bygningen kunne flytte fokuset bort frå dei kulturalistiske representasjonane som har vore sterke i debatten om trebyens framtid, og over på regularistiske og rasjonalistiske representasjonar som høg verdiskaping, rasjonell bygningsform, effektiv arealutnytting, publikumsvenleg utforming og ein artikulert arkitektur.

Sidan nybygget på Branntomta tydelegvis også representerer ei akseptabel løysing ut frå arkitektoniske og antikvariske omsyn, vil denne artikulasjonen som dette bygningskomplekset representerer, medverke til ein dekonstruksjon av kontroversen mellom desse ulike forståingsformene om utviklinga av trebyen Trondheim. Grunneigarane og dei prosjekterande arkitektane har gjennom dette prosjektet greidd å skape oppslutning om si forståing av korleis trebyen bør utvikle seg. Med unntak av parkeringskjellaren, som det var uråd å realisere i Midtbyens mellomaldergrunn, og dei par ekstra etasjane som var foreslått, er prosjektet stort

sett i tråd med dei intensjonane som grunneigarane opphavleg hadde med dette prosjektet.

Vi kan såleis registrere eit skifte i byplandiskursen med aukande tilslutning til artikulererte og kontekstuavhengige arkitekturuttrykk. Denne dekonstruksjonen vil kunne leggje grunnlaget for ein ny diskursiv og sosial praksis i utviklinga av trebyen. Den nye diskursen som legg større vekt på byens bytteverdi, vil svekke arbeidet for eit bymiljø som tar vare på historisk kontinuitet og sosiale og kulturelle verdiar i utviklinga av Midtbyen.

I dag inviterer byplandiskursen til mange ulike svar på trebyens framtid. Rehabiliteringa av dei brannskadde trebygningane i Søndre gate, rekonstruksjonen av den nedbrende "Vekteren" i Prinsens gate, bygginga av det nye Rema-bygget på tomta til "Lille Stiftsgården" og det nye, moderne bygningskomplekset i massivtre i Brannkvartalet, representerer ulike svar på utviklinga av trebyen. Eksempla viser at det i stor grad er opp til dei ulike grunneigarane å tolke og svare på dei utfordringane som utviklinga av Midtbyen inneber. Midtbyplanen sine uthola føresegner og svekka legitimitet, saman med uklare, politiske og faglege retningslinjer, karakteriserer ein svekka regularistisk diskurs. Dette er også ein viktig del av bildet av den dekonstruerte diskursen om trebyen.



*Figur 8.1: Nedbrende "Vekteren" vert rekonstruert med sin opphavlege fasadedekor.
Foto: DK*

Mot ei prosjektbasert byutvikling

Endringane i dei fysiske strukturane i mange byar skjer i dag hovudsakleg med bakgrunn i ei prosjektbasert byutvikling, driven fram av marknadsstyrte, økonomiske drivkrefter (Børrud 2005). Desse prosjekta vert utvikla i møte mellom den private eigedomsutviklaren og den kommunale byplanlegginga og representerer ofte eit møte mellom rasjonalistiske og regularistiske byutviklingsidéar. Den privat initierte byutviklinga er styrt av eigedomsbransjens logikk og skjer som regel som punktvisse utbyggingar der den private eigedomsutviklaren i hovudsak er opptatt av sitt eige

prosjekt på si eiga tomt, utan særleg omtanke for heilskapen i byutviklinga. Dei enkelte utbyggingsprosjekta skal dessutan konkurrere med andre utbyggingsprosjekt og framstå som mest mogeleg attraktive. Arkitekturen vert ofte ein del av marknadsføringa av desse prosjekta som derfor vil framstå som sjølvstendige og artikulerte, gjerne originale og spektakulære. Den forsiktige, kontekstuelle arkitekturen som ikkje legg vekt på å vise seg fram, men heller lèt seg underordne heilskapen i det eksisterande bygningsmiljøet, er det ikkje plass til i denne byplantenkinga. Innanfor denne byplandiskursen blir det lagt vekt på nye og visjonære bykonsept tilpassa ein ny produksjons- og forbruksmåte og eit nytt byliv basert på nye verdier.

"Det Trondheim treng er fleire signalbygg!"

I dagens byutviklingsdiskurs kjem det til uttrykk eit aukande ønske om å bygge artikulerte bygg som skal profilere byen og næringslivet, jamvel i den historiske bykjernen. I debatten om Brannkvartalet kunne vi registrere utsegner som *"kraft og selvstendighet"*, *"ny og kreativ bruk av tre"*, *"bebyggelsen som en attraksjon for byen"*, *"...som er verdig branttomtas framtreddende plass i Trondheims bybilde"* og *"Det Trondheim trenger er flere signalbygg!"*. Dette ønsket om bygningar som bryt med den kulturalistiske omsorga for den anonyme og kontekstuelle arkitekturen, er kome sterkare og sterkare fram i byplandebatten.

Riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen var ein sterk og profilert forsvarar av Midtbyens kulturhistoriske verdier og Midtbyens trebykarakter, og vart med det svært upopulær blant mange av byens politikarar. Riksantikvaren sitt syn på bytransformasjonen var at ein i størst mogeleg grad burde ta vare på dei gamle bysentra som dei er: *"Brutalismen er fortsatt over oss, og den står klar til å forrykke den harmoni og balanse som opp gjennom tidene er fremelsket i vår gamle arkitektur. Arkitektene kan trekke ut i utkantene av disse gamle bysentra og stemple seg inn der. En hver tid må få utfolde seg, også i arkitekturen, men ikke i gamlebyene våre!"* (Adresseavisen 1987.02.21).

Dette synspunktet vart også støtta i ein leiarartikkel i Adresseavisen i samband med ein ny bybrann i Midtbyen i 2003. Artikkelen tok eit oppgjær med både utbyggjarar, arkitektur og Trondheim kommune for å ha svikta forvaltinga av den historiske byen:

"...og vi har registrert at tunge krefter i det kommunale byråkratiet, sammen med utbyggere og arkitekter primært har oppfattet branttomtene som investeringsobjekter og spennende eksperimentelle utfordringer der hensynet til de historiske linjer har hatt liten egenvekt. Ja, verre enn som så: Det har tidvis vært harselert med krefter som har gått inn for noe så "fjøllet" som å "kopiere" det som var. Enhver tid har sin stil, har vært omkvedet, og de underligste forslag har kommet for dagen." (Adresseavisen 2004.09.09)

Arkitektane sine sterke ønske om å få byggje originalt og spektakulært, medverkar ofte til å konstruere motsetningar mellom artikulerde byggverk og pastisjarkitektur. Ved å nytte alle ledige byggjetomter til å skape noko nytt og originalt, vert det skapt ein motsetning mellom ein forsiktig, kontekstuell arkitektur som først og fremst har omsorg for sine omgivnader, og ein arkitektur som står fram som "kraftig og sjølvstendig". Stiltilpassing vert i enkelte krinsar sett på som manglande evne og vilje til nytenking.

Både innan arkitektur- og kulturminnevernfaget har det vore ein viktig prinsipp at ei kvar tid skal uttrykke sin eigen arkitektur. Å byggje stilkopiar vert sett på som historieforfalsking som inneber å nekte for ein historisk realitet, det same som å vise forakt for den historiske dynamikken og den nyskapingstrang som ligg i historias gang (Christophersen 2004). Rekonstruksjon, stilkopiering, pastisjarkitektur og tilpassingsarkitektur er dermed blitt sett på som noko uekte, noko som gav seg ut for å vere noko anna enn det er. Tilpassingsarkitekturen kom dermed i konflikt med autentisitetetskravet både innan arkitekturfaget og kulturminnevernet.

I Noreg har vi ei snever og konservativ tolking av autentisitet, og knyter autentisitet i stor grad til materialbruk. Det vil seie at dei materialane som inngår i ein historisk bygning, skal vere mest mogeleg opphavlege dersom ein kan seie at ein bygning er autentisk. ICOMOS sin Narakonferanse i 1994 utvida derimot omgrepet autentisitet vesentleg, og meinte at omgrepet autentisitet også kunne omfatte utforming, bruk, tradisjonar, lokalisering og kontekst (ICOMOS 1994; Larsen 1994). Med ein så vid definisjon vil rekonstruksjonar og stilkopiar ikkje nødvendigvis bryte med autentisitetsomgrepet, sidan stilkopiane tar vare på det arkitektoniske uttrykket med omsyn til volum, høgde og skala, og vil som regel vere autentisk med omsyn til stiluttrykk og materialbruk.

På same måten som ein verneverdig bygning kan vedlikehaldast ved å skifte ut øydelagde bygningsdelar med kopiar, vil også den historiske bystrukturen kunne vedlikehaldast og utviklast ved å erstatte skadde eller bortkomne element med rekonstruksjonar og tilpassingsløyser som tar vare på byens karakter og struktur. Dette er også i tråd med *Amsterdamfråsegna* som la vekt på at den moderne arkitekturen skal ha plass i den historiske byen, dersom han tok omsyn til byen sin typologi og morfologi (European Council 1975).

"Ein må sikre ei naturleg fornying av byen"

"Med Midtbyplanen kan de for første gang i historien hindre en naturlig fornyelse", meinte Høgre-politikaren Finn Kleven og argumenterte mot Midtbyplanen sitt ønske om å ta vare den gamle bystrukturen med sine former og volum (Kleven 1985.04.16). Dette synspunktet var også framme i samband med arkitektkonkurransen på branntomta i Nordre gate. I omtalen av eit av konkurranseforslaga vart dette

dynamiske elementet i byutviklinga understreka (Per Knudsen Arkitektkontor AS 2003). Forfattern la vekt på ei fornying og samtidsorientering av byen. Kontrasten til den gamle byen kan opplevast som ein kvalitet ved at moderne arkitekturuttrykk formidlar byens utvikling og synleggjer ulike tidsepokars særpreg. Samstundes som ein vil halde på den gamle byen sin eigenart, vil ein også prøve å utvikle det moderne stiluttrykket. Dette fører til eit nytt paradoks i utviklinga av den historiske byen.

Sidan ei kvar utbygging i den historiske byen kjem i staden for den gamle bebyggelsen, vil dette synspunktet nødvendigvis føre til at den gamle byen etter kvart vil forvitne og forsvinne. For kvar øydeleggjande brann i den gamle trehusbebyggelsen, vil den materielle trebystrukturen bli redusert. Ved å erstatte denne bebyggelsen med eit nytt, sjølvstendig arkitekturuttrykk, vil også den visuelle trebystrukturen etter kvart bli borte.

Utfordringa vil i framtida ligge i å sameine omsynet til eit tidstypisk arkitektonisk stiluttrykk og vern av trebyens karakter med sine volum, høgder og linjer. Dei nye byutviklingsprosjekta må finne si utforming innanfor ramma av trebyens karakter slik at ei kvar utvikling av det gamle bysenteret må ta utgangspunkt i trebyens gramatikk. Ved å føre opp nybygg i tråd med desse prinsippa, ved å ta utgangspunkt i eksisterande byggjehøgder, volum, skala og utforming, vil ein redusere det sterke presset på grunnareala med forventningar om ei langt sterkare arealutnytting, og dermed skape vilkår for at den historiske trebyen skal kunne overleve.

Til slutt.....

Frå midten av 1800-talet og framover mot den andre verdskrigen framstod Trondheim som ein einskapleg treby med arkitektoniske kjenneteikn som gjorde byen eineståande i Europa. Svære trepalé, store kjøpmannsgardar og bryggerekker på begge sider av Nidelva og mot fjorden som omkransa den låge trebebyggelsen i Midtbyen. Trebyen strekte seg frå Ilevollen i vest til Lademoen i aust, med små og store bygardar, med ein storleik og eit arkitektonisk mangfald som ikkje kjende sin make blant dei mange trebyane i Noreg. I midten kneisa den mektige Nidarosdomen over den låge trebyen og gav byen ein markert landskapsilue.

Då riksantikvar Harry Fett heldt si legendariske tale, "Gluck Auf! En bergstadpreken om Røros" i 1939, og etablerte det nasjonale vernet av bergstaden Røros, eit vern som etter kvart skulle føre den gamle gruvebyen på Rørosvidda inn på lista over verdas viktigaste kulturminne, var det få som ville nekte for at Trondheim på det tidspunktet var ein vel så viktig treby ut frå antikvariske og arkitektoniske kjenneteikn. Medan Røros vart vakta på med strenge regulerings- og byggjeføresegner, og med oppmuntrande tilrop frå heile landet, stod Trondheim på det tidspunktet i fare for å forvitne til "*en triviell standardby*", som riksantikvar Tschudi-Madsen uttrykte det. Praktfulle kjøpmannsgardar og trepalé vart rivne eller vart brannoffer på

grunn av manglande brannsikring. I staden vart det bygd store varehus og kontorbygg i ein internasjonal modernisme, stilartar som braut sterkt med trebyens karakter. Korleis kunne ein la dette, i verdsmålestokk, framstående arkitektoniske bymonumentet forvitte slik det gjorde?

Dei store strukturuveltningane etter krigen førte til eit stort utbyggingspress på dei sentrale byområda. Sosialdemokratiets moderniseringsprosjekt gjorde at Trondheim som ein sterk Arbeidarpartibastion, la stor vekt på å gjennomføre moderniseringa av bysenteret. Arbeidarpartiet hadde meir sans for moderniseringsprosjektet enn for vernetanken, som vart oppfatta som eksklusiv i ei tid med stor bustadnaud. Etter kvart som økonomien vart betre, følte også handelsstanden i byen behov for å fornye byen og tilpasse bygningsmønsteret til nye varehandelskonsept med store varehus. Auken i privat og offentleg tenesteyting i byen skapte også behov for store kontorbygg.

Drivkreftene i byutviklinga nedfelte seg i ulike diskursar eller forståingsformer. Bytransformasjonane kom derfor i stor grad til å handle om diskursiv makt, om kven som var i stand til å dominere diskursen og dermed kunne avgjere utviklinga av trebyen Trondheim. Moderniseringskreftene kom til å representere sterke motsetningar i byutviklinga, særleg frå slutten av 1960-åra og utover, i høve til dei som ville ta vare på byen som eit kulturelt og sosialt miljø.

Sjølv om det etter kvart oppstod motkrefter mot denne bytransformasjonen, var det lenge lita forståing for dei verdiane denne eineståande trebyen representerte i den nasjonale og internasjonale arkitekturarven. Endåtil freda bygningar som Gramgården og Adresseavisens gård vart rivne. I tillegg vart brannskadde Lille Stiftsgården riven trass i freding og eigaren sitt ønske om å reparere bygningen. Store og verneverdige kjøpmannsgardar vart rivne for å gi plass for større varehus og kontorbygg. I tillegg førte tragiske brannar til at mange brygger og verdifulle kjøpmannsgardar forsvann, og vart etter kvart erstatta av bygningar som ikkje tok andre omsyn enn ei best mogeleg utnytting av tomtegrunnen.

Som vi har sett av denne gjennomgangen av byplandiskursen i Trondheim i denne 40-årsperioden, har dei dominerande diskursane veksla. Tidleg på 1960-talet hadde diskursen ei sterk rasjonalistisk forankring. Etter kvart som økonomien i landet betra seg og presset på bykjernen auka, vart denne byplantenkinga erstatta av ei meir pragmatisk, regularistisk tenking om korleis byen skulle utvikle seg. På midten av 1970-talet vart desse tankane utfordra av den kulturalistiske linja som i stor grad kom til å sørgje for vern av dei gamle trehusområda i byen. Med omsyn til utviklinga av byens handelssentrum, kom desse idéane også til å dominere den diskursive praksisen, men i mindre grad den sosiale praksisen. I denne delen av byen har den regularistiske diskursen vore dominerande, og ført til at den historiske trebyen i dette området i stor grad er gått tapt.

Men trass i den omfattande forvitringa, er Trondheim framleis i stand til å forsvare posisjonen sin som ein av landets viktigaste trebyar. Sjølv om juvelen, den einskaplege, men likevel mangfaldige trebyarkitekturen innanfor Cicgnons storslåtte byplan, stort sett er gått tapt, kan likevel byen vise til ein trearkitektur med eit omfang og ein variasjonsrikdom som er eineståande i landet.

Trebyens framtid vedkjem oss og engasjerer oss. Den norske trebyen si historie er i hovudsak den norske byen si historie, og trebyen Trondheim formidlar ei byhistorie som går tilbake til mellomalderen. Den historiske trebyen representerer kontinuitet, særpreg og identitet. Det økonomiske landsdelssenteret som Trondheim Midtby har vore sidan mellomalderen, har opp gjennom tidene tilpassa seg endringar i dei samfunnsgitte rammevilkåra, og vart etter dei mange brannane bygd større og staselegare enn før. Byen kom i stor grad til å reprodusere seg sjølv innanfor gamle strukturar, bygde vidare på gamle bymønster og gamle byggjetradisjonar, og tok vare på strukturar med røter i mellomalderen. Sjølv om vi har hatt tydelege brot i denne utviklingskjeden, som Cicgnons byplan i 1681 og innføring av murtvangføresegnene i 1845, er det først under påverknaden av den internasjonale modernismen, hovudsakleg etter den andre verdskrigen, at byen for alvor bytte byggjeskikk og forvittringsprosessen i trebyen fekk fart.

Dynamikken i byutviklinga inneber ei kontinuerleg tilpassing av byen til ein ny teknologisk og økonomisk røyndom som stiller nye krav til byen. Teknologien utviklar seg, produksjonsforholda endrar seg saman med omfanget og karakteren av forbruket. Byen vil endre seg i takt med desse endringsmekanismene. Men korleis byen skal endre seg, er ikkje gitt av noka naturlov. Det er framleis opp til byen politikarar, næringsliv og innbyggjarar å avgjere trebyens framtid.

Vi må derfor til ei kvar tid stille spørsmål om korleis vil vi at byens skal endre seg? Skal byen i framtida bli som den "dekonstruktivistiske byen", like flyktig og skiftande som teaterscenografien? Skal byen endre utforminga i takt med skiftande funksjonelle krav, slik som teateret endrar scenebildet etter kvart som nye akter utspelar seg på scena, eller nye teaterstykke vert sette opp? Skal byen endre seg i samsvar med sterke endringskrefter i byutviklinga, eller vil motkrefter kreve at byens eigenskapar også i framtida skal tilfredsstille viktige krav til byen som eit livsmiljø? Vil strukturane til den eksisterande byen bli tatt vare på og representere den historiske konituiteten i byutviklinga og forme byens særpreg og identitet? Skal byen framleis gi rom for eit variert sosialt og kulturelt liv der det sosiale og kulturelle mønsteret ikkje berre reflekterer eigeomsprisane og byens økonomiske bytteverdi? Framleis forvittrar trebyen Trondheim, og han forvittrar raskast der vi har det største økonomiske presset.

I dag står trebyen overfor nye utfordringar. Medan den ingeniørdominerte, regularistiske planleggingsmodellen med sine store vegprosjekt og dramatiske tilrettelegging for store kontor- og varehus, raserte den historiske trebyen på 1960-talet, står vi idag overfor ein ny situasjon. Med ei svakare offentleg styring av byutviklinga, står den rasjonalistiske planleggingsretninga tydelegare fram. Vi har fått ein ny allianse av arkitektur som drøyer om å få byggje sine artikulererte signalbygg, gjerne midt i det historiske sentrum, og den mektige eigedomsbransjen som gjennom spektakulære byggjeprojekt vil eksponere og profilere prosjektet og byggherren. I denne modellen er det ikkje plass for den kontekstuelle arkitekturen som går forsiktig fram for ikkje å skade den historiske byens sårbare karakter.

I denne byplandiskursen er vi i ferd med å få ei ny dominerande retning. Dagens byplandiskurs synleggjer nye forståingsformer bygde på nye førestillingar om byen og kva oppgåver byen skal tene. Dette er førestillingar som bryt med dominerande forståingsformer i planleggingsdiskursen frå midten av 1970-talet og framover. Dei kulturalistiske idéane som karakteriserte bymiljøaksjonane og vernet av trebyane, er i ferd med å måtte vike for meir rasjonalistiske oppfatningar av byen og bylivet. Dette er arkitektur- og planleggingsideal som legg vekt på brot framfor kontinuitet og kontrast framfor tilpassing.

Framtida til den historiske trebyen Trondheim vil alltid vere sterkt knytt til posisjonen den kulturalistiske diskursen og den vekta kulturalistiske representasjonar får i byplandebatten, i avisene, i radio og TV, i dei offentlege vedtaksorgana og i ikkje minst i det breie, folkelege ordsiftet. Den som får makt over byplandiskursen, vil avgjere trebyens framtid.

P.S:

Medan eg skriv dette sluttordet har ein ny, stor tregard brunne opp i Midtbyen. Dette er den fjerde, store bybrannen sidan eg starta dette arbeidet for omlag tre år sidan. Avisene kan dessutan melde at bygningen mangla tilfredsstillande brannvarsling og sløkkjeutstyr, og at eigaren ønsker å komme fort igang med å gjenreise ein bygning i sju etasjar på tomte.

ENGLISH SUMMARY

The Wooden Town of Trondheim

An Urban Heritage in Decay?

Introduction

Due to economic circumstances and the easy availability of building materials, Norway has a unique collection of beautiful towns and cities that consist in part of buildings made from wood. These wooden districts constitute one of the country's most important contributions to the world's architectural heritage. Emerging from a period during which they were characterised by comprehensive decay and threatened by radical plans for urban renewal, these wooden districts are now perceived as attractive residential and urban areas which are worth preserving as part of our cultural heritage – but also as “living” parts of town which must adapt to changes in socially determined parameters of development. This contradiction between the wish to preserve and the need for change has resulted in a sharp exchange of opinions in many of our historical wooden towns.

In this thesis I have examined the conflict between preservation and renewal as an extension of conflicts between different disciplines and their priorities. The planning sector is made up of various academic and professional traditions within which different attitudes to and opinions about urban development have emerged over time. Development and changes within these approaches take place within and across a variety of discourses where the practices of different stakeholders in different positions influence opinion-making.

By examining public debate on the development of “the wooden town of Trondheim” during the 40-year period from the mid-1960s to the present, I have tried to shed light on why the attitudes to renewal or preservation of the wooden district were subject to such dramatic changes during the first part of this time span. I also examine current attitudes to these questions, and the ways in which these atti-

tudes are expressed in today's debate on urban planning and in actual urban development.

The development of wooden towns in Norway

Throughout history, wood has been the traditional and dominant construction material for buildings and other structures. Wood was readily available, and it was easy to process for building purposes. The rich wood-building traditions in Norway demonstrate how building and construction techniques have developed over centuries, adapting to variations in climate and conditions of use in different parts of the country. Wooden architecture also reflected developments in living conditions across the ages, as well as changes of style and fashion. The country's tradition for building in wood spans the simple stave- and "grind"-built houses where the latter are "characterised by a number of transversal trusses connected by a pair of longitudinal beams which carry the rafters", via the log-timbered and half-timbered houses, to the new wooden houses with their massive wood constructions and modern forms of expression (Gjærder 1982). Wooden houses constitute an important part of the Norwegian cultural heritage, reflect a building tradition which is more than a thousand years old, and lend a distinctive character to built-up environments along the entire length of our country.

Frequent fires in towns and cities, resulting in the destruction of entire neighbourhoods or worse, led to the banning of wood as a construction material in large parts of Europe where there were densely built urban areas. More and more towns and cities introduced and enforced an ordinance stating that the outer walls had to be built in brick or stone. In medieval Norway, all towns were built from wood, and as in the rest of Europe, many of them burned to the ground. But in contrast to the reaction in many other countries, Norwegian authorities did not attempt to enforce the exclusive use of brick or stone in new buildings – probably because the economic conditions and the availability of building materials were not conducive to such a move. There was great resistance to the idea of changing existing building techniques in order to rebuild towns using other materials and craft skills, when the expertise was less readily available, and when prices were many times higher than the cost of building a corresponding log-timbered house.

After major fires, the wooden town was more often than not reproduced more or less according to the old design it had before the fire. Despite strict building rules and regulations, many historical traits and qualities were therefore reproduced in the rebuilt town. Our oldest wooden towns and cities thus have roots in the building traditions and urban development of the Middle Ages. In the Nordic countries, and especially in Norway, wood was used as the predominant building material in towns and built-up areas until the early 20th century. Norway therefore has a unique col-

lection of wooden towns and cities, constituting an important contribution to the world's architectural heritage.

From the 1900s, municipal ordinances to build in brick or stone and the introduction of different architectural traditions led to a gradual decline in the wooden districts of Norwegian towns and cities. In many places, comprehensive and nationwide plans for the demolition of the historical wooden neighbourhoods were introduced as early as the interwar period. The old buildings and districts in the centre of most Norwegian towns and cities were built from wood. Luckily, the demolition plans were too comprehensive and the economic conditions too difficult for their full realisation. Hence, the old wooden neighbourhoods survived into the 1960s, at which time the economic boom in combination with a strong desire for modernisation heavily increased political pressure to have the plans implemented.

The consequence of this modernisation project was a comprehensive demolition of old wooden neighbourhoods in central parts of our towns and cities, where a large proportion of the valuable wooden buildings were torn down. However, little by little this demolition policy started to meet with resistance, first from the cultural heritage protection authorities, and later also from broad groups of people who defended the old wooden neighbourhoods – on the grounds that they represented important building- and housing resources in the town and city centres, guaranteed the maintenance of social networks as well as the distinctive character and identity of the town or city, and represented a functional and visual diversity which newer residential areas were incapable of reproducing. The spread of the preservation viewpoint created new and broadly based alliances in defence of the wooden town as an important social and cultural environment. Over time, these views gained ground, and a body for preserving these wooden towns and cities was established. Today, the wooden districts of towns and cities are among our most attractive urban and residential environments, and enjoy the status of being considered an important part of our cultural heritage.

What was it that brought about this dramatic shift in opinions about the old wooden districts, and what kind of shape do these opinions have today?

Studying the formation of attitudes

I have chosen to apply a social constructivist approach to the investigation of the formation of these attitudes and this shift in the appreciation of the the wooden towns' characteristics and qualities. The different views expressed in the urban planning debate in the 1970s reflected different attitudes to and expectations about the town – attitudes which were conditioned by different social and cultural circumstances, and by how the town was perceived and used by the different stakeholders. According to social constructivism, our attitudes are conditioned by our social con-

text, and what we call reality or truth is formed and mediated by people in different social and cultural situations. Perceptions of reality are formed through dialogue and social intercourse with other people in a specific cultural context. Our only option for understanding how and why individuals think and act the way they do, is therefore to study them in the social and cultural context in which they live and participate. The different structures of meaning we are surrounded by determine our understanding of how the world makes sense, and how we should behave. They will therefore be woven into social constructs of reality, and are conveyed and interpreted through the tools we have developed for this use. These different structures of meaning – called “discourses” in social constructivist theory – shape our conceptions of the town or city. The different discourses construe the town/city in different ways, thus establishing different bases for evaluation and prioritisation.

When different academic, professional and social groups present different opinions about urban planning and the development of towns and cities, they express the different discourses which influence us. Some of these discourses are more dominant in specific circles than in others, and through studying them, we can learn more about why different attitudes are expressed in different social contexts, and what factors contribute towards changes to points of view and ways of understanding the issues involved. These discourses contain structured convictions, rationalisations, and forms of logic and knowledge which everyone in society relates to when making decisions, putting forward arguments, and making priorities. The opinions and understandings held by the different actors are to a great extent determined by the discourse in which they take part. Discourses provide the framework for actions and behaviour, so that our actions, our social practices, are provided by the discourses we operate within or relate to. The given discourse supplies the participant with a repertoire to draw on in opinion-making and communicating. When we wonder why different people in different positions have such different perceptions of the town/city, it is important to see their views and the practices these views entail in the light of the discourse people operate within. By studying patterns in what has actually been said and written, we can see how various statements form a system of connected attitudes and understandings, and what social consequences follow from these discursive presentations; from this, we can obtain valuable information about why and how perceptions of the wooden town’s characteristics, qualities and intrinsic value have changed throughout the discourse.

The wooden town discourse was an arena where several other discourses tried to establish themselves, came into conflict and created considerable amounts of controversy. Some of these discourses were more dominant than others, and at certain times they seemed unquestionable, as hegemonic positions. The texts under study portray connections as if they were given, actual conditions, and beyond any kind of discussion. New arguments and new forms of knowledge were produced in

order to support this understanding of reality, in an attempt to maintain its hegemony. Hence, knowledge was produced continuously through research, the drafting of policies and the forwarding of arguments whose primary purpose was upholding the hegemonic position of this discourse.

The necessity of modernising our old, run-down towns and cities by replacing the old buildings was a view which for several post-war decades remained virtually unchallenged in the public debate. The hegemonic perception was that the inappropriate and badly maintained wooden houses needed to be replaced by modern and more functional edifices which could meet the modern city's demands in terms of infrastructure and building structures.

The debate about preserving the old, historical neighbourhoods came to represent a hegemonic intervention, with the result that commonly accepted connections and "truths" about urban development and the need to modernise the city were challenged by new views which emphasised the need to preserve the city's historical lines and its cultural heritage, since these represent important values as both cultural and living environments. The current propensity to see the many advantages, in terms of both the economy and environment, of preserving and rehabilitating old houses, has come about because the hegemonic articulation of the old houses as unattractive, uneconomic and impractical had to give way to articulations of these buildings as conveyors of identity, and as inexpensive and useful. The hegemonic intervention was a process where the conflicts were played out in a discursive struggle through which new hegemonic frameworks of understanding were established. The dissolution of the hegemonic discourse took place through a deconstruction of the conceptions that the historical wooden buildings and neighbourhoods stood in the way of a necessary renewal of the city, and that the wooden city suffered from a lack of functional and environmental qualities. This deconstruction is central in the analysis of the wooden districts, and was the consequence of a broad public debate where different discourses tried to influence contemporary understandings and social practices.

Central politicians were forced to see what these old urban neighbourhoods represented in new ways, as both material resources and parts of the cultural heritage. New politicians entered the stage, took up central positions and implemented fresh and more preservation-oriented measures. The changes were radical and took place over a short period of time. The discourse surrounding the modernisation project in post-war urban development was challenged by new understandings of urban development developed within an alternative discourse which offered different conceptions of the city's social and cultural qualities, and of the town as a living environment.

The extent and ways in which individual participants were able to dominate the discourse reflects the positions of power that they occupied. The discourse thus provides a basis for the execution of power. French philosopher and sociologist Michel Foucault emphasised that this execution of power was not only a question of institutional power, but that, just as importantly, it was a matter of being able to influence language, concepts and symbols, and not least the ability to create a political agenda. In Foucault's theories, power is closely linked to the concept of discourse, through his emphasis on how power is established through discourses, and on how discourses contribute towards maintaining or changing the distribution of power. By studying the discursive processes – how discourses are constructed, and how they produce images of reality – we can also gain insight into the constellations of power which produce social reality.

Theories of urban planning

French sociologist Henri Lefebvre considered urban development a basic part of the fundamental processes of capitalist economy. Urban development sought to adapt the urban environment to developments within the relationships of production and consumption in society. This often conflicted with the town or city as a cultural and social environment. In Lefebvre's view, the modern, capitalist town is dominated by market forces, and its orientation is towards money, trade and exchange value, irrespective of the needs of social groups. Lefebvre believed that this development could also be read in modern urban architecture.

The same conflict is evident in the theories of French historian Françoise Choay (who specialises in urban planning), which identify three different theoretical approaches in 19th century town planning. The first of these approaches, the *regularist approach*, sought to transform the existing town/city in order to make it better adapted to society's needs and demands. This approach was concerned with creating order, tidying up the narrow network of streets, and renewing houses. Within the *regularist approach* laws were created and a planning administration was developed in order to enable this urban transformation to be carried out.

The *progressist approach* built on visions of social improvement and a wish to exploit the innovations offered by science and technology, based among other factors on new systems of communication and an alternative structuring of space. Utopian models were drawn up, with an emphasis on creating good residential areas which had an abundance of light, air and green areas; and with a standardisation based on the principle of equality and on new industrial and technological preconditions.

The *culturalist approach* saw the town/city first and foremost as a cultural and social environment. Solutions were often to be found in the pre-industrial town, in

the small-scale, and in widespread variation. Unlike the progressist approach, the culturalist one was not based on visionary conceptions; it developed as a critique of the situation in existing towns/cities at the onset of industrialisation. Behind its nostalgic notions lay the Romantic Period's fondness for historical study and its conceptions of the idyllic, pre-industrial town. Emergent ideas about preservation also formed an important basis for this approach and its need to idealise life in the pre-industrial towns.

It is difficult to regard these three approaches as separate and competing ones; rather, it seems that professional planners absorbed all of these approaches in their work, but in different ways at different times. Choay viewed the development of the urban planning discipline as a process which was influenced by a range of societal conditions, as well as by contemporary philosophy and science.

Swedish architectural historian Björn Linn identified the same three general approaches in 20th century planning activities (Linn 1974). Based on Françoise Choay's categories, he applies the following concepts and categorisations in his work: The *regularist* approach contributed towards the creation of the public planning system, in the shape of the development of laws and regulations and of a bureaucracy related to planning at the beginning of the 20th century. The wish to provide infrastructure and space for new developments, and generally to enable the town/city to meet the new demands of society, were enacted in line with this type of thinking. The *Rationalists* had their break-through in the 1930s under the name of "functionalism", winning over the planning profession with their visions and their optimistic belief in progress. The *humanist* approach was evident in the strongly radical movements of the late 1960s and 1970s, which included the urban environment group, among others. This approach found its spokesmen mainly among the generation of young radicals, but it was also represented in circles with more conservative cultural values.

I have based my analysis of the development of the wooden district of Trondheim on the three approaches described above, which I have chosen to call the *regularist*, the *rationalist* and the *culturalist* approach, respectively. The regularist approach seeks to regulate and further develop the already existing urban environment. This is the approach taken by the public administration. The rationalist approach aims for a new and more efficient and functional urban fabric built on the problem-solving approaches found in industry and modern production technology. The culturalist approach sees the city first and foremost as a living environment, and takes an interest in how the urban environment is perceived in psychological and social terms by its inhabitants. This approach has its basis in the humanities, as well as in the debate surrounding art and culture, but it should also be perceived as a re-

action to the attempts of industrial and post-industrial society to adapt urban development to modern conditions of production and consumption.

The urban planning discourse around the wooden town of Trondheim

In this thesis I apply a discourse perspective in studying the development of “The Wooden Town of Trondheim”. Several different discourses comprise the discourse order which constitutes the urban planning discourse as a whole. The different discourses are characterised by the fact that they construe the city in different ways, thus creating a basis whereby different representations of the city emerge over time. In these different representations it is possible to recognise the approaches to urban planning described above: the regularist, the rationalist, and the culturalist directions. The struggle between these different understandings has caused a great deal of controversy during the time-period covered in my study of the urban planning debate in Trondheim.

The relative strength of the different approaches has changed over time. The regularist approach to urban planning has been dominant within the planning profession and in the public debate during certain periods. At other times, rationalist approaches have been more prominent, only to be challenged in their turn by culturalist approaches. The dominant approach in the public debate at any given time has depended on the dynamics of the urban planning discourse. This phenomenon also corresponds to French philosopher Paul Ricouer’s views, according to which the spatial organisation of the urban fabric is a cultural representation which changes in line with the historically dominant discourses.

The primary source materials for this study are newspaper reports as well as documents relating to urban planning from a forty-year period between 1965 and 2005. The most important of these materials are reports, feature articles, and letters to the editor from the *Adresseavisen* newspaper. In addition, information contained in city council documents from this period have been useful, as have monographs and articles on the topic. Taken together, the materials contain texts which reflect different discourses – discourses which have been analysed with the purpose of finding answers to the following questions:

- Which representations of the city occur in the discourse?
- What are the discourse’s dominant understandings, and in what ways have these changed?
- What have been the discursive and social consequences of the different understandings?

I have divided the source material and the analysis into three chapters, each representing a different phase in the development of conceptions about the wooden district's qualities and its inherent value.

A decade dedicated to demolition

This part of the history of the wooden district in Trondheim is set mainly in the 1960s. There was widespread consensus during this period that the old wooden quarters of the city needed to be renewed – and that the old wooden houses should be replaced by modern buildings that both economically and in terms of functionality were better suited to the demands made by modern society of a city's material structures. This modernisation project reflected a hegemonic understanding of the city as an economic arena adapted to a modern, capitalist economy. As an important measure, Trondheim drew up a municipal masterplan for the city's development and management of land use, presented as a first draft in 1965, which prepared the ground for the demolition of the historical city centre of Trondheim.

After over a century of negligent maintenance in combination with widespread renewal brought about by the requirement to build in brick or stone, the old wooden houses were in poor condition, and came under threat from radical urban renewal plans. A large proportion of the old wooden buildings in the city centre was lost during the 1960s. Many impressive wooden mansions (with and without ground-floor shops) from the 1800s were demolished to make room for new office buildings and department stores. In addition, many were destroyed by fire, due to a lack of preventative measures. The dominant attitude towards the old wooden architecture was clearly expressed in the invitations to take part in an architectural competition arranged in 1960 to redesign Munkegata Street and the City Square – a competition which mobilised the nation's most prominent urban planners. According to the invitations, "*One must assume that the rest of the old two-storey buildings will disappear...*".

The visions of the modern city were based on the conception that the old city would be replaced by a new and modern one which was built according to a new urban structure, where the traditional blocks would be erased and modern transport technology would be introduced. The architectural expression was strict and rational, articulating the city's adaptation to a new economic and technological reality. In the course of the 1960s, the elegant wooden quarters in the commercial city centre were transformed into a fragmented and incoherent urban environment, and the stately wooden mansions with their ground-floor shops were surrounded by modern business premises which stood in stark contrast to the wooden buildings' dimensions, scale and use of building materials.

These attitudes were not challenged until 1970 when the wooden mansions along two sides of the central square (*Torget*) – the *Svaneapoteket* (Swan Pharmacy) and Hornemann mansions – were due up for demolition. The struggle to save the *Svaneapoteket* mansion represented a turning point for this brand of urban planning. The proposal to tear down the two wooden mansions by the central square was accompanied by arguments which emphasised the need for renewing the city centre: “*We must expect the renewal of the city centre (Midtbyen) which has now started, to gain ground to an increasing extent ... plans must be made for the future ... and one must not take too limited a stance on these matters ... The old city centre must also have the right to a functional renewal.*” This statement from the technical department of the municipal administration was strongly influenced by the regularist approach to urban planning, according to which old building structures have to give way to the modern city’s need for new urban- and building structures.

This mindset met with resistance from several directions. Many people thought it important that the city should not only be a well-functioning centre for trade, but that it should also cater to cultural and social values. The argument was raised that the city ought to preserve its historical sources, not only because they represented important values in terms of our cultural heritage, but also because they gave the city its distinct identity: “*Contemporary man has discovered that chasing status symbols is not sufficient. He demands more – an environment conducive to his well-being... don’t allow (Trondheim) to turn into a city devoid of character, because Trondheim is a city with traditions and a good environment*”.

These two statements expressed very different conceptions of the city. While the first articulated a wish for an adaptation and reorientation of the city in the light of modern conditions of production, the second represents a wish to conserve the city’s traditional values. Even though the debate surrounding Trondheim’s municipal masterplan of a few years previous had heralded the controversies which were to arise between regularist, rationalist and culturalist planning ideals, this was the first major confrontation. In the years to follow, the urban planning debate in Trondheim was to be a heated one, with considerable differences of opinion with regards to the development of the city.

The struggle over the city as a living environment

The 1970s were characterised by confrontations between urban environment activists and the political and administrative management of the municipality. Many of the campaigns took place simultaneously during the period from the early 1970s through to the late 1990s, and were to influence each other in terms of choices of strategy and campaign methods. Many of the residential areas near the city centre were both physically and socially run-down. Poorly maintained houses in combina-

tion with increasing traffic-related environmental problems meant that the most resourceful residents moved out, leaving the central residential areas to less resourceful groups who had little influence in the struggle against municipal demolition plans. Help often came from external sources. The Director General for Cultural Heritage waged a long-lasting battle to open the eyes of the municipal decision-makers to the value of the cultural heritage they presided over. But various motives for preserving these old residential areas in the central parts of the city also contributed towards a broadly based mobilisation of very different groups in favour of defending the old wooden quarters.

In addition to the antiquarian discipline's obvious interests, many students had moved into these residential areas on a temporary basis. They offered active resistance to municipal demolition plans, often resorting to measures which did not always mobilise those who otherwise shared their views on preservation to quite the same extent. The use of civil disobedience often made it difficult for many to lend their support to these campaigns. This lack of active support from the more cautious group made it easier for the municipality to meet the campaigners with ignorance and arrogance. On the other hand, these "rogue" campaigns brought the debate about the future of these wooden quarters out of the closed academic and political for a, and into a public sphere where people other than planners and politicians could take part, thus adding views which were influenced by other discourses to the discussions.

According to these views, the dense residential areas close to the city centre were attractive and versatile residential environments and represented important housing resources at a time of housing shortage. Surveys carried out into living conditions uncovered valuable information about the areas' residential qualities and rendered the social and material resources represented by these old housing environments more clearly visible. The residents often emphasised the advantages associated with living close to the city centre, the versatile functions of the environment, and not least the quality of the social network – which appeared to be a lot stronger in these old areas than in the modern and alienating suburbs. The surveys revealed previously unknown information about how residents in these areas conceived of the quality of life there, and managed to shift the focus to the city as a living environment. Thus, important social and cultural qualities associated with the wooden town were brought to light.

Even though the struggle over the *Bakklandet*, *Ilsvikøra* and *Svartlamoen* areas differed in many respects from the struggle over the *Svaneapoteket* and Hornemann mansions, there were still many similarities. The old wooden milieus stood in the way of a necessary renewal of the urban fabric. The municipal authorities therefore needed to create an image of the old buildings as impractical, expen-

sive to maintain, and – not least – a fire hazard: “*The rehabilitation of old houses is enormously costly... The immediate point seems to be that this will be so expensive that there will be little return on the investment... One needs to keep in mind that many of these wooden buildings are extremely dangerous fire traps*”.

The analyses conducted by the residents and by academics from the university in the shape of cost estimates for rehabilitation, living-condition surveys, and the preparation of alternative development plans, were important articulations which as counter-expertise also served to create different understandings. The urban environment campaigns contributed towards an expansion of the culturalist discourse, by making it understood that the wooden quarters not only represented valuable housing resources and a cultural heritage, but also that they reflected the importance of the city as both a social and a cultural environment to live in.

Urban transformations and preservation of the urban landscape

The work on the municipal masterplan and the struggle over the wooden mansions by the central square (*Torget*) uncovered a need for a new and comprehensive regulatory plan for *Midtbyen*, the city centre. At the start of this planning work, between fifty and sixty different regulation plans for this area were in existence. What they all had in common was that they contained building lines and building heights which meant that most of the existing wooden buildings did not comply with the existing regulatory plans, and according to the plans, they were to be replaced. Many of these older regulatory plans were characterised by an optimistic belief in development expressed as broad streets, tall buildings, and a complete demolition of historical neighbourhoods where the houses were made from wood. They also created notions of potential development and property value which were not conducive to the preservation of the old wooden milieus. The common belief was that providing regulatory legalisation for the existing buildings would stimulate the maintenance and development of the existing urban structure and its buildings. However, the intentions and the actual realities resulting from this planning work would turn out to be poles apart.

Important premises for the planning work were agreed upon; however, following up these premises was to prove difficult. The degree of utilisation of the city centre (*Midtbyen*), was to be kept on the same level, and the area used for residential purposes was to be increased. In addition, both restrictions imposed on changing the purpose for which building were used and the return of buildings to residential purposes were important aims of the plan. *Midtbyen*, the heart of the city, was to be restored as a living environment.

The planning work also aimed to preserve the cityscape. The focus moved away from the isolated items of cultural heritage towards the historical wooden neighbourhoods constituting the cityscape. Over a short space of time, culturalist approaches to planning had experienced a breakthrough among both the political and the administrative management of the municipality. The plan for the city centre (*Midtbyen*) appeared in many ways as a culturalist programme by emphasising the city as a social and cultural environment where the historical buildings contributed towards the city's distinctive character.

However, these ideas on planning did not enjoy a hegemonic position among the municipal administrators, and even less so among the city's business community. This was expressed in the social practice of the discourse through the initiation of actual development projects. Even though the intentions of the plan for the city centre (the *Midtby* plan) was articulated as "*Securing a gradual renewal of the buildings, preserving and building on the distinctive character of the Midtbyen city centre as an environment in its own right. It is particularly important to preserve Trondheim's character as consisting of wooden buildings*", these aims were to be challenged in a range of cases in *Midtbyen's* commercial centre. A string of development projects uncovered strong tensions between the wish to preserve the city's distinctive character and the need to renew the city along rationalist approaches to urban development. The municipal management experienced frequent conflicts with the Director General for Cultural Heritage, as exemplified by the following statement: "*The Director General for Cultural Heritage must now come down to earth and see what we have the actual possibility of preserving in Trondheim. Realism needs to be brought into the picture.*"

Even before the plan for the *Midtbyen* city centre was approved, several of its central points were challenged. Despite the culturalist formulations of the plan, the buildings made from wood were still to disappear gradually from the commercial city centre in the years to come. A lack of fire safety precautions led to many fires, and the many reconstruction projects were to represent breaks with the city's structure and building pattern. New building projects were based on an international style which was far removed from the wooden city of Trondheim's panelled architecture, and whose volume and scale went beyond the framework of the existing wooden city.

Puzzles and paradoxes with regards to the future of Trondheim's wood town

After the great fire that took place in Trondheim city centre (*Midtbyen*) on 7th December 2002, consuming some of the largest and most important wooden mansions, the future of the city's wooden buildings was back on the agenda. The new debate

seemed to be characterised by controversy between culturalist and rationalist approaches, with the culturalist pronouncements favouring low-rise and small-scale buildings, which by and large would preserve the city's architectural traditions and thus strengthen the association between the city centre's character and its wooden structures: *"Many people want to rebuild in a way which takes better care of the old buildings' 'soul' – small-scale buildings made from wood, which constitute the city's distinctive character."* This wish to preserve the character of the wooden city by integrating the new project into the wooden city's grammar naturally clashed with what can be described as rationalist articulations that this attractive city centre site had to be utilised in the best possible way in order to satisfy the property owners' economic expectations about the building project. An architectural competition for the site resulted in four relatively similar modernist solutions for how the block could be developed, and *"... the overall idea behind the four suggestions for the site of the fire was to give the owners what they wanted"*.

Despite resistance from both politicians and the general public the winning project was implemented. When the construction work was completed, the newspapers depicted people as largely satisfied with the result: *"Trondheim was in mourning when fire struck in Nordre street three years ago. Many people feared that the cityscape would be ruined by the new building which was to replace the one lost. However, today most people are content. As the building has taken shape along Nordre street, the criticism has decreased dramatically"*.

Throughout this project, an important clash between rationalist and culturalist representations appears to have been deconstructed. The desire to maintain to character of the wooden district in terms of building volume, height and scale had to give way to the property owners' wish to construct a large-volume building in ways that combined rational and cost efficient construction technology with building design. Through the dissolution of this controversy, a new dominant understanding of the premises for developing the wooden city was established. The new building complex on the site of the fire opened up the possibility of building in a freer design without concern for the context: *"Trondheim has been given a building which is allowed to stand out ... the city needs more of those."* Furthermore, the building is *"richly articulated, ... it is striking and pronounced, ... it stands out and has its own distinctive character."*

Today it appears as if the focus of the urban planning debate has moved away from the culturalist representations which have traditionally had a strong standing in the debate about the wooden district's future, towards regularist and rationalist representations which emphasize substantial economic growth achieved through an articulated architecture together with efficient use of space and rational building design. A shift in the urban planning discourse can be registered, with increasing support for context-independent architectural expressions. Such articulations will have

the capacity to intensify a development of the *Midtbyen* city centre which departs from an urban environment where historical continuity and social and cultural values are prioritised.

Any system of knowledge will have to produce new forms of knowledge and new arguments in order to maintain its position in a dynamic discourse. Today's debate on the future of the wooden town is again challenging the relations of strength in the discourse. The changes being made to the physical structures of many towns and cities today are primarily happening as part of a project-based urban development driven by market-based economic forces. These projects are developed in the encounter between the private property developer and municipal urban planning, between rationalist and regularist ideas of urban development. The emphasis is on each individual building in each individual plot, without regard for the totality of the urban development. The role of architecture is to profile the project and the owner, by way of making the building conspicuous and attractive. The emphasis is on new and visionary building concepts, on an urban development adapted to new patterns of production and consumption, and on a concept of city life that is based on new values. There is no room in this type of urban planning for the discreet, contextual architecture which was capable of being subordinated to the totality of the urban environment – an architecture which does not emphasise self-display, and which treads carefully in case it might damage the vulnerable historical character of the city.

Contextual architectural expressions are categorised as geared towards reconstruction, copying previous styles and even as pastiche architecture, and are currently regarded as artificial and un-authentic. It is accused of amounting to historical falsification, of denying historical reality, and showing contempt for the urge to innovate which is inherent in the idea of historical progress. Within the fields of both architecture and cultural heritage an important premise has been that each age should have its own architecture. Modern architectural expressions are given responsibility for conveying the city's development and at the same time making visible the distinctive features of different eras. While retaining the old city's character, the expression of the modern style also needs to be developed.

This leads to a paradox in the urban environment preservation movement. Since any new development in the historical city will replace old buildings, this understanding will lead to the gradual disappearance of the historical wooden district. By replacing the old wooden buildings with new ones displaying an independent architectural expression, the wooden environment in the city will disappear, in terms of both the choice of materials and the visual structure.

Today's tendency towards a strengthening of the rationalist and regularist representations in the discourse on urban planning leads to a corresponding weakening of culturalist understandings. Greater emphasis is put on contrast rather than adaptation, on breaking with the past rather than pursuing continuity, on what is modern rather than traditional, on simplicity rather than diversity. The attitudes and understandings which gain prominence in the urban planning discourse in the time to come will be decisive for the development of the wooden district of the city of Trondheim.

LITTERATUR OG KJELDER

Litteraturliste

- Ahmer, Carolyn (2004) "*Bergensskolen som et nasjonalt fenomen - og et bidrag til den internasjonale Arts and Crafts-bevegelsen.*" Institutt for byggekunst, historie og teknologi. Trondheim: Norges tekniske- naturvitenskapelige universitet.
- Alexander, Christopher and Serge Chermayeff (1965) *Community and privacy: toward a new architecture of humanism.* New York: Doubleday & Co.
- Andersson & Skjånes AS (1965) "*Generalplanen for Trondheim. (1) Prinsippforslag til byutvikling / trafikkplan Midtbyen.*" Trondheim.
- Andersson & Skjånes AS (1967, juni) "*Generalplanen for Trondheim. Forslag juni 1967. Bilagshefte 2.*" Trondheim.
- Andersson & Skjånes AS (1967, juni) "*Generalplanen for Trondheim - Forslag juni 1967. (2) hovedrapport.*" Trondheim.
- Arkitektgruppa for Mellagerkvartalet (1990) "*Olavskvartalet, Trondheim.*" Byggekunst 3:178. Oslo
- Arne Henriksen Arkitekter AS, Jensen & Skodvin Arkitektkontor AS, C-V. Hølmebakk Arkitektkontor AS 2003. "*Tjære Trondheim.*" Trondheim.
- Askim/Lantto Arkitekter AS og Lund Hagem Arkitekter AS 2003 "*Borkeplassen.*" Trondheim.
- Aspen, Jonny. 2003. "*Byplanlegging som representasjon - en analyse av Harald Hals' generalplan for Oslo av 1929.*" Oslo: Arkitektthøgskolen i Oslo.
- Aspen, Jonny og John Pløger (red.) (1997) *På sporet av byen. Lesninger av senmoderne byliv.* Oslo: Spartacus Forlag A/S.
- Baumeister, Reinhard (1876) *Stadterweiterungen in technischer, baupolizeilicher und wirtschaftlicher Beziehung.* Berlin: Ernst & Korn.
- Berger, Petter L. og Thomas Luckmann (1992) *Den samfundsskabte virkelighed: en videnssociologisk afhandling.* København: Lindhardt og Ringhof.
- Bergersen Arkitekter AS (2003) "*Velvet underground*" Trondheim.
- Bjørkø, Helge (1972) "Historien om saneringsprosessen i området Korsgata - Vol-labakken - Singsakerbakken - Grensen." i *Byggekunst nr. 1/1972.* Oslo.
- Blomé, Børje, Anna Holst, Arthur Löwe og Bengt Åkerlund (1972) *Lat stå! Om bevarande av stads miljön.* Lund: Skyddslagstiftningsgruppen.
- Boesiger, Willy (red.) (1972) "Le Corbusier" i *Studiopaperback.* Verlag für Architektur Artemis, Zürich.

- Brandht, Berit (1977) *"Byutvikling og sosial endring. Om endrede forutsetninger for nabokontakt i Østre Sanden, et gammelt boligområde i Trondheim sentrum."* Institutt for sosiologi og samfunnskunnskap. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Brantenberg, Tore (1972) "Trondheim - Bymiljø 1970" i *Byggekunst* nr. 1, 1972, Oslo.
- Brekke, Nils Georg, Per Jonas Nordhagen, Siri Skjold Lexau (2003) *Norsk arkitekturhistorie. Frå steinalder og bronsealder til det 21. hundreåret.* Oslo: Det Norske Samlaget.
- Brochmann, Odd (1958) *By og bolig, en beretning om boligkulturens utvikling i Oslo.* Oslo: J.W. Cappelens forlag.
- Buckingham, James Silk (1849) *"National Evils and Practical Remedies, with The Plan of a Model Town."* red.: John W. Repts. London: Peter Jackson, Late Fisher, Son, & Co.
- Bull, Ida og Inga E. Næss (red.) (1985) *Bakklandet lever!* Oslo: Universitetsforlaget.
- Burr, Vivien (1995) *An Introduction to Social Constructionism.* London: Sage.
- Butenschøn, Petter (1978) "Byplanlegging." Pp. 505-511 i *Pax Leksikon.* Oslo: Pax forlag.
- Bystyresak (1963/3) "Bystyremøte 3/1963." , Trondheim kommune.
- Bystyresak (1966/139).
- Bystyresak. (1967/11) "sak nr. 304/1967." . Trondheim kommune.
- Bystyresak (1967/304) *"Generalplanen."* Trondheim kommune
- Bystyresak (1969/298) Trondheim kommune
- Bystyresak (1977/83) *"Privat forslag til reguleringsplan for en del av bydelen Bakklandet."* Trondheim kommune
- Bystyresak (1980/202) *Reguleringsplan med reguleringsbestemmelser for området Kjøpmannsgaten - Østre Kanalhavn - Nidelven - Bakke bro,* Trondheim kommune
- Bystyresak (1983/85). *"Bakklandsutredningen."* Trondheim kommune.
- Bystyresak (1984/75) *"Midlertidige reguleringsbestemmelser for området Møllenberg / Kirkesletten / Rosenborg."*
- Bystyresak (1987/24) *"Oversiktsplan for Bakklandet - november 1984."* Trondheim kommune.

- Bystyresak (1987/52) "*Reguleringsplan med reguleringsbestemmelser for kulturhus og forretningscenter i Mellagerkvartalet.*" Trondheim kommune.
- Bystyresak (1987/102) "*Reguleringsplan for Bakklandet nord for Gamle Bybru.*" Trondheim kommune.
- Bystyresak (1994/101) "*Reguleringsplan for Øvre Bakklandet.*" Trondheim kommune.
- Bystyresak (1998/29) "*Strategier for kommuneplanarbeidet.*" Trondheim kommune.
- Børrud, Elin (2005) "*Bitvis byutvikling - møte mellom privat eiendomsutvikling og offentlig byplanlegging.*" Doktoravhandling, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Oslo.
- Choay, Françoise (1969) *The modern city: Planning in the 19th century.* New York: George Braziller.
- Choay, Françoise (2001) *The Invention of the Historic Monument.* Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Christiansen, Per (2004) *I veita.* Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Christie, Håkon (1974) *Middelalderen bygger i tre.* Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Coeterier, J.F. (2002) "Lay people`s evaluation of historic sites." i *Landscape and Urban Planning* 59.
- Collins, Peter (1965) *Changing ideals in modern architecture: 1750-1950.* London: Faber and Faber.
- Cornell, Elias (1984) *Rivingsraseriets rötter.* Stockholm: Norstedts.
- Cullen, Gordon (1961) *Townscape.* London: Architectural Press.
- deVibe, Ellen (1997) *Estetikk i plan- og byggesaker.* Oslo: Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.
- Danbolt, Gunnar (1997) *Nidarosdomen - fra Kristkirke til nasjonalmonument.* Andresen & Butenschøn. Oslo
- Drange, Tore, Hans Olaf Aanensen, Jon Brønne (1992) *Gamle trehus. Historikk. Reparasjon. Vedlikehold.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Dybvig, Dagfinn Døhl og Magne Dybvig (2003) *Det tenkende mennesket.* Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Eide, Trond (1982) "*Bakklandets bevaringshistorie.*" Oslo: Arkitektshøgskolen i Oslo.

- Ellefsen, Karl Otto (1990) "Olavskvartalet i Trondheim." *Byggekunst* 1990/3.
- Ellefsen, Karl Otto (1999) "Arkitekt og planlegger. Arkitekturidealer i norsk byplanlegging 1950-2000." i *Plan. Tidsskrift for samfunnsplanlegging, Byplan og regional utvikling* 5-6:76-86.
- Ellefsen, Karl Otto (2005) "Studier av byens fysiske transformasjon." i *By og byliv i endring. Studier av byrom og handlingsrom i Oslo*, red.: Jonny Aspen. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Ellefsen, Karl Otto og Dag Tvilde (1991) *Realistisk byanalyse*. Trondheim: Arkitektavdelingen, NTH.
- Engelstad, Harald, Randi Hjorthol, Inger Margrete Skogseid (1977) *Byfornyelse. Hvem bestemmer over byen?* Oslo: Pax forlag AS.
- European Council (1975) "*European Charter of the Architectural Heritage, adopted by the Committee of Ministers of the Council of Europe, on 26. September. Amsterdamdeklarasjonen.*" Amsterdam.
- Fairclough, Norman (1992) *Discourse and Social Change*. Cambridge: Polity Press.
- Fairclough, Norman (1995) *Critical Discourse Analysis*. London: Longman.
- Fasting, Lars (1976) "*Trondheims bybilde.*" Antikvarisk utvalg. Trondheim.
- Fasting, Lars og Jiri Havran (1997) *Trondheim-Gullader 1760-1860*. Oslo: ARFO.
- Ferron, Jacques (1975) *The saint Elias*. Montreal: Harvest House.
- Fiskaa, Helge (1972) "Trondheim. Sanering i Rosenborg-Møllenbergområdet." *Byggekunst* 1.
- Folkvord, Erling og Espen Mathisen (1993) *Jorda rundt på 1. klasse. Reise i norsk byfornyning 1976 - 1993*. Oslo: J.W.Cappelens forlag AS.
- forskning.no (2002.12.06) "*Svartlamoen utstillingsvindu for treforskere.*"
- Fortidsminneforeningen (2004) *Høringsuttalelse om Brannkvartalet i Nordre gate*, Notat dat. 23.04.2004.
- Fossen, Anders Bjarne og Tore Grønlie (1985) *Byen sprenger grensene. 1920 - 1972*. Bergen.
- Foucault, Michel (1972) *The Archaeology of Knowledge*. London: Tavistock.
- Foucault, Michel (1980) *The History of Sexuality*. New York: Vintage.
- Foucault, Michel (1991) *Nietzsche, Genealogy, History*. London: Penguin Books.
- Furre, Berge (1972) *Norsk historie 1905-1940*. Oslo: Det norske samlaget.

- Garnier, Tony og Riccardo Mariani (1990) *Tony Garnier: ine cité industrielle*. New York: Rizzoli.
- Geddes, Patrick (1915) *Cities in evolution: an introduction to the town planning movement and to the study of cities*. London: Williams.
- Gehl, Jan (1971) *Livet mellem husene*. København: Arkitektens forlag.
- Gjærder, Per (1982) "Om stavverk og lafteverk." i *Vestnordisk byggeskikk gjennom tusen år*, red.: Bjørn Myhre, Bjarne Stoklund og Per Gjærder. Stavanger: Arkeologisk museum i Stavanger.
- Grankvist, Rolf (formann) og Harald Hals (redaktør) (1981) *300 år med Cicignon : 1681-1981*. Trondheim: Trondheim kommune.
- Grønvold, Ulf (2000) *Priset arkitektur 1904 - 2000, Bygninger belønnet med A.C.Houens fonds diplom*. Oslo: Arkitekturforlaget.
- Grønvold, Ulf (1989) *Frederik Konow Lund - arkitekten som moret seg*. Oslo: Norsk arkitekturforlag.
- Grunnkurs i By- og regionplanlegging (1971) *"Møllenberg-kurset"*. Institutt for by- og regionplanlegging.
- Grytli, Eir, Dag Kittang og Dag Nilsen (2001) *"Eldre byområder mellom vern og utvikling. En studie av nye utbyggingsprosjekter i eldre byområder"*. Trondheim: Institutt for arkitekturhistorie, NTNU og SINTEF Arkitektur og byggeteknikk. Upublisert arbeidsnotat.
- Gullestad, Marianne (1979) *Livet i en gammel bydel: livsmiljø og bykultur på Verftet og en del av Nøstet*. Oslo: Aschehoug.
- Gullestad, Marianne (1985) *Livsstil og likhet : om nærmiljø i byer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gunnarsjaa, Arne (2001) *Arkitekturhistorie. En kort innføring i byggekunst*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Guttu, Jon (2003) *Den gode boligen. Fagfolks oppfatning av boligkvaliet gjennom 50 år*. Doktoravhandling. Oslo: Arkitekthøgskolen i Oslo.
- Hals, Harald (1929) *Fra Christiania til Stor-Oslo*. Oslo: H. Aschehoug & C.
- Hals, Harald (1933) *Byen lever. Drømmen om en storstad*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Hals, Harald (1946) *Plan og planlegging*. Oslo: Tanum.
- Hansen, Thorbjørn og Anne Sæterdal (1970) *Ammerud*. Oslo: Pax forlag A/S.

- Hearn, Fil (2003) *Ideas That Shaped Buildings*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press.
- Hjorthol, Randi (2003) *"Byidealer, bostedspreferanser og aktivitetsmønstre i Oslo, Bergen og Trondheim."* Oslo: Transportøkonomisk institutt.
- Hovden, Jan (1976) *"Møllenberg. Bevaring og rehabilitering eller totalsanering? En intervjuundersøkelse av beboerne i en utsatt gammel bydel i Trondheim."* Trondheim: Institutt for psykologi og sosialforskning, Institutt for by- og regionplanlegging. Universitetet i Trondheim - Norges tekniske høgskole.
- Howard, Ebenezer (1902) *Garden cities of tomorrow*. London: Faber and Faber.
- Haaland, Anders (1999) *En by tar form- Stavangers bebyggelse 1815 - 1940*. Stavanger: Stavanger arkitektforening.
- Håpnes, Roy Åge (2003a) *Trondheim tar form. Bygningshistorisk blick på bydelene*. Trondheim: EiendomsMegler1.
- Håpnes, Roy Åge. (2003b) "En branntomt til besvær - Søkelys på brannen i desember 2002." i *Årbok 2003 for Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring*. Oslo.
- ICOMOS (1931) *"The Athens Charter for the Restoration of Historic Monuments. adopted at the First International Congress of Architects and Technicians of Historic Monuments."* Athen: ICOMOS.
- ICOMOS (1964) *"The Venice Charter, International Charter for the Conservation and Restoration of Monuments and Sites."* Venice: ICOMOS.
- ICOMOS (1972) *"Trebyer i Norden."* Stockholm: Konsthøgskolans arkitektskole.
- ICOMOS (1994) *"Resolutions and Declarations of ICOMOS Symposia. The Nara Document on Authenticity."*
- Isachsen, Haldis og Esther Nordmark (2005) *Trondheim før og nå*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Jacobs, Jane (1961) *The death and life of great American cities*. New York: Random House.
- Jencks, Charles (1978) *The language of post-modern architecture*. London: Academy editions.
- Jensen, Rolf H. (1980) *"Moderne norsk byplanlegging blir til. Tanker og ideer som preget fremveksten av moderne norsk byplanlegging slik det særlig fremkommer i de tekniske tidsskriftene 1854 - 1919 med forenklet videreføring av vesentlige tendenser i 1920 -30-årene."* Doktoravhandling. Stockholm: Nordiska Institutet för Samhällsplanering.

- Johnsen, Yngvar (1968) *Planlegging. Hvordan planlegger vi arealbruk og utbygging?* Oslo: Kommunal - og arbeidsdepartementet,.
- Jokilehto, Jukka (1986a) "Conservation Principles and Their Theoretical Background." i *Air Pollution and Conservation - Safeguarding our Architectural Heritage*". Roma: Swedish Institute of Classical Studies.
- Jokilehto, Jukka (1999) *A History of Architectural Conservation*: Butterwoth and Heinemann.
- Juryens betenkning (2003) *"Gjenoppbygging av branntomta i Trondheim. Begrenset arkitektkonkurranse."* Trondheim.
- Jørgensen, Marianne Winther og Louise Phillips (1999) *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag / Samfunslitteratur.
- Kant, Immanuel (2005) *Kritikk av den rene fornuft*. Oslo: PAX forlag.
- Kavli, Guthorm (1966) *Trønderske trepaleer. Borgerlig panelarkitektur nordenfjells*. Oslo: J.W.Cappelens forlag.
- Kavli, Guthorm. (1981) "Cicignon og Coucheron. Mennene som skapte planen av 1681." i *300 år med Cicignon*, Rolf Grankvist og Harald Hals: red. Trondheim: Trondhjems historiske forening.
- Kirkhusmo, Anders (1997) "Vekst gjennom krise og krig. 1920 - 1964." i *Trondheims historie 997 - 1997*. Trondheim: Universitetsforlaget.
- Kittang, Dag og Eir Grytli (2004) *"Developing a tool for assessing value, vulnerability and limits of change."* Vilnius: National Board of Antiquities, Finland, http://www.nba.fi/en/vilnius_kittang.
- Kjeldstadli, Knut (1999) *Fortida er ikke hva den en gang var*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Kollandsrud, Gullik (1978) *Trehusbyen, kan den gjenskapes?* Oslo: Treopplysningsrådet.
- Kollandsrud, Gullik, Ola Øverås, Einar Hedén (1977) *Framtid for fortiden. Pilotprosjektene Nusfjord. Røros. Stavanger*. Oslo: Dreyers Forlag / Arkitekturvernåret.
- Kommunal- og arbeidsdepartementet (1975) *Om lov om endringer i lov 28. april 1967 nr. 1 om sanering av tettbygde strøk*. Tiltråding fra Kommunal- og arbeidsdepartementet av 11. juli 1975,
- Kregnes, Jonny (1975) *"Profane hvelvkjellere i Trondhjem fra før 1807."* Diplomoppgave ved Institutt for arkitekturhistorie. Trondheim: Norges tekniske høgskole.

- Krier, Robert (1979) *Urban Space*. London: Academy Editions.
- Kuhn, Thomas S. (1962) *The structure of scientific revolutions*. Chicago: University of Chicago Press.
- Kulturdepartementet. (1992). "Omgivelser som kultur. Handlingsprogram for estetisk kvalitet i offentlig miljø." Oslo.
- Langberg, Harald (1975) *Venezia charteret - om bevaringsarbejde*. København: Fonden for Dansk Bygningskultur.
- Larsen, Knut Einar (1972a) "Borgerhus på 1800-tallet." i *Den nordiska trästaden*, ICOMOS, Stockholm: Kunsthögskolans arkitektskole.
- Larsen, Knut Einar (1972b) "Bydelen Bakklandet i Trondheim." i *Årbok for Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring 1972*.
- Larsen, Knut Einar (1989) *Trebyen. Bybranner og byfornyelse: en undersøkelse av byggevirkosomheten i Trondheim og utviklingen av norsk bygningsrett 1814-1845*. Doktoravhandling. Trondheim: Tapir.
- Larsen, Knut Einar og Nils Marstein (1994) *Conference on authenticity in relation to the world Heritage Convention*. Preparatory workshop, Bergen, 31. January - 2. February 1994: Riksantikvaren / Tapir forlag.
- Lefebvre, Henri (1982). *Staden som rättighet*. Stockholm: Bokomotiv.
- Lefebvre, Henri (1997) "Det bymessige rommets produksjonsprosess." i *På sporet av byen*, John Pløger (red.) og Jonny Aspen. Oslo: Spartacus Forlag AS.
- Lefebvre, Henri (1974 /1991) *The Production of Space*. Oxford: Blackwell.
- Libeskind, Daniel (2001) *The space of encounter*. London: Thames & Hudson.
- Lidèn, Hans-Emil (1991) *Fra antikviteten til kulturminne. Trekk fra kulturminnevernets historie i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Linn, Bjørn (1974). *Storgårdskvarteret. Et bebyggelsesmønsters bakgrunn og karakter*. Stockholm: Statens institutt for bygningsforskning.
- Longva, Ragnfrid (red.) (2005a) "Alle tiders kulturminne - Riksantikvarens vernestrategi." Oslo: Riksantikvaren.
- Lorange, Erik (1956) "Sanering og fornyelse av gamle bydeler" i *Bonytt 1956* s. 108-112.
- Lov av 18. juni 1965 "Bygningslova".
- Lov av 28. april 1967. "Lov om sanering av tettbygde strøk."
- Lov av 11. juni 1976 "Lov om fornying av tettbygde strøk."

- Lov av 9. juni 1978 "Lov om kulturminner."
- Lov av 14. juni 1985 "Plan- og bygningslova."
- Lund, Nils-Ole (2001) *Arkitekturteorier siden 1945*. København: Arkitektens forlag.
- Lynch, Kevin (1960) *The Image of the City*. The MIT Press.
- Martens, Johan-Ditlef og Ketil Moe (1983). *PLAN 1933-36. Tidsskrift for bolig- og byplanspørsmål*. Oslo, Bergen, Stavanger, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Martinussen, Willy (2004) *Kultursosiologi*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Medalen, Tor (red.) (2000) *Forhandlinger i fysisk planlegging*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Miljøverndepartementet (1993) *Stedanalyse - innhold og gjennomføring. Veileder og eksempelsamlinger*. Oslo.
- Morris, William (1912) *How I became a Socialist* i. London.
- Mumford, Eric (2000) *The CIAM Discourse on Urbanism, 1928 - 1960*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press.
- Mumford, Lewis (1938) *The culture of cities*. London: Secker & Warburg.
- Mumford, Lewis (1961) *The City in History. Its origins, its transformations, and its prospects*. Penguin Books.
- Mykland, Knut (1997) "Fra Søgaden til Strandgaden 1800 - 1880", i *Trondheims historie 997 - 1997*, vol. 3. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myrseth, Snorre (1985). *Formingsrettleder for Møllenberg - Kirkeseletten - Rosenborg i Trondheim*. Trondheim: Trondheim kommune og Rosenborg og Møllenberg beboerforening.
- Neumann, Ivar B. (2001) *Mening, materialitet, makt. En innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nakstad, Per Kristian (2003). Innlegg på folkemøte i Folkets Hus 11.02.2003 "Fra aske til bysmykke"
- Nissen, Harald (red.) (2000) *Svartlamoen, boligkamp og inspirasjonen utenfra*. Trondheim: Adresseavisen forlag.
- Nistov, Sverre (red.) (1975) "Byfornyning - Midler og metoder for fornying i byer og tettsteder." Trondheim: Institutt for by- og regionplanlegging, Universitetet i Trondheim.
- Nistov, Sverre (1981) "Kommunale boliger i eldre bydeler i Trondheim, 1981." Institutt for by- og regionplanlegging, NTH, Trondheim.

- Nistov, Sverre (1987) *Byfornyning - om sanering og fornying av eldre bystrøk i etterkrigstida (utdrag)* Notat. Trondheim: Institutt for by- og regionplanlegging, NTH, Trondheim.
- Noach, Kerstin Gjesdahl (1975) *Et byggemiljø. Trondheim 1800 - 1850*. Licentiatavhandling. Oslo: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring.
- Norberg-Schultz, Christian (1978) *Mellom jord og himmel. En bok om steder og hus*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Norberg-Schulz, Christian (1980) *Genius Loci. Towards a Phenomenology of Architecture*. New York: Rizzoli International Publications Inc.
- Norberg-Schulz, Christian (1995) *Stedskunst*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Nordhagen, Per Jonas (1975) *Trebyen faller*. Oslo: Dreyers forlag.
- Norske arkitektkonkurranser (1962/74) "Strøket Torvet - Munkegata, Trondheim."
- Norske arkitektkonkurranser (1977/208) "Nytt bibliotek i Trondheim."
- Norske arkitektkonkurranser (2002/373) "Svartlamoen Trondheim. Åpen arkitektkonkurranse over temaet nyskapende bebyggelse med tre som materiale."
- NOU. 2002:1 *Fortid former framtid*. Oslo: Miljøverndepartementet.
- NTH (1969) *Årsmelding 1967-1968*. Trondheim.
- NTNU (2001) "Wood as a building material." i *Strategic University Research Programme (SUP)* Fakultet for ingeniørvitenskap og Fakultet for arkitektur og billedkunst. Trondheim: NTNU.
- Næringsorganisasjonenes Fellesorganisasjon (1977) "Uttalelse til reguleringsplan for Midtbyen" i Trondheim kommune: *Midtbyen 7*.
- Næss, Hans Eyvind (1998) *Gamle Stavanger*. Stavanger: Foreningen Gamle Stavanger.
- Næss, Inga E. (1985) "Bakklandet - et stykke bygningshistorie." i *Bakklandet lever!*, red.: Ida Bull og Inga E. Næss, Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Odelstingsprp. nr. 4. (1974-1975),. "Lov om fornyelse i tettbygde strøk."
- Omland, Atle (1998) "UNESCOs Verdensarv-konvensjon og forståelse av en felles verdensarv." Institutt for arkeologi, kunsthistorie og numismatikk. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Pedersen, Sverre (1911) "Trøndersk Bygningskunst omkring 1800." Foreningen "Det gamle og det nye Trondhjem" Publ. Nr. 1.

- Per Knudsen Arkitektkontor AS, Narud-Stokke-Wiig AS, HUS Arkitekter AS (2003) *Innersvingen*. Trondheim.
- Phillips, Nelson, Cynthia Hardy (2002). *Discourse analysis. Investigating Processes of Social Construction.*: Sage Publications.
- Pløger, John (1997) "På sporet av byteorien" i Aspen, Jonny og Jøhn Pløger (red.) *På sporet av byen*. Oslo: Spartacus forlag A/S.
- PTL. (2003) "Årsrapport." Trondheim.
- Ramsøy, Odd (1963) *Trekk fra en saneringsprosess. En intervjuundersøkelse fra Vestre Vika i Oslo*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Reiersen, Elsa og Elisabeth Thue (1996) *De tusen hjem. Den Norske Stats Husbank 1946 - 96*. Oslo: Ad Notam Gyldendal / Den Norske Stats Husbank.
- Richardson, Benjamin Ward (1876) "*Hygeia - A city of Health.*"
- Riegl, Alois (1929) "Der Moderne Dankmalkultus, sein Wesen und seine Entstehung" Presentert i *Gesammelte Aufsätze, 1903*. Wien: Augsburg.
- Riksantikvaren (2004) "Brannsikring trebyer. Brannsikring historiske trebyer." i *Kulturminnets behov frem til 2020*.
- Riksantikvaren (2005b) "Analyseretninger og metoder." i *Nettsted for tettsted*, Riksantikvaren (red.).
- Roede, Lars (1999) "Grindbygg og bindingsverk i Grindbygde hus i Vest-Norge." i *NIKU Temahefte 30*.
- Roede, Lars (2001) *Byen bytter byggeskikk. Christiania 1624 - 1814*. Doktoravhandling, Oslo: Arkitektthøgskolen i Oslo.
- Rossi, Aldo (1982) *The Architecture of the City*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Ruskin, John. (1989) *The Seven Lamps of Architecture*. Toronto: Dover Publications.
- Rypdal, Kåre (1972) "Bomiljøaksjonar i Trondheim. Eit oversyn." i *Byggekunst 5/1972*.
- Røsjø, Ellen (1997) "*Byfonyelse på 1980-talet: Fra leiegårdsforslumming til fornyta borettslag.*" Oslo: Oslo kommune. Byarkivet.
- Schmidt, Lene og Hanne Wilhjelm (1998) *Mitt hus er din utsikt. God byggeskikk for hus og land - Hva, Hvorfor og Hvordan*. Oslo: Statens byggeskikkutvalg.
- Selberg, Knut og Arne Sødal (1983) *Byforming*. Trondheim: Institutt for by- og regionplanlegging.

- Short, John R (1996) *The Urban Order. An Introduction to Cities, Culture and Power*. Oxford: Blackwell.
- Simonsen, Kirsten (1993) "Byteori og hverdagspraksis." København. Akademisk Forlag: Roskilde Universitetscenter.
- Sitte, Camillo (1982) *Der Städtebau nach seinen künstlerischen Grundsätzen / Stadsbyggnad och dess konstnärliga grundersatse*. Stockholm.
- Sivertsen, Birger (1997) "Lademoens historie. Resyme fram til 1945". i Småge, Kim (red.) *Svartlamoen lever!* Trondheim: Adresseavisen forlag.
- Skaslien, Børre (1981) "Midtbyplanen 1981." i *300 år med Cicignon : 1681-1981*, Grankvist, Rolf (formann) og Harald Hals (redaktør): Trondheim kommune.
- Slagstad, Rune (1998) *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag.
- Smith, Michael (1979). *The City and the Social Theory*. New York: St. Martin's Press.
- Solberg, Helge (red.) (1999). *Arkitektur i 1000 år. Arkitekturguide for Trondheim*. Trondheim: Trondhjems Arkitektforening.
- Solvi, Eva og Solveig Meland (1988). *Bakklandet i Trondheim - en bydel i forandring*. Trondheim: SINTEF.
- Stiftelsen Byens Fornyelse (2004) *Gjenoppbygging av branntomten: Hva gikk galt, hva kan ennå gjøres og hva kan vi lære?* Notat utdelt på folkemøte i Britannia Hall 19.04.2004.
- St. meld.nr. 8 (1999-2000) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand."
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand."
- St. meld. nr. 61 (1991-1992) "Kultur i tiden."
- St. meld. nr. 88. (1969-1970)
- Studentenes Interne Teater (1969) "Pyromanvise" i *Prinkipo* Trondheim: Studentersamfundet i Trondhjem.
- Stugu, Ola Svein (1997a) "Kunnskapsbyen 1964 - 1997." *Trondheims historie 997-1997*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stugu, Ola Svein (1997b) "Når vedtak får sitt eige liv" i Småge, Kim (red.) : *Svartlamoen lever*. Trondheim: Adresseavisen forlag.
- Stübgen, Joseph (1980) *Der Städtebau*. Braunschweig: Vieweg.
- Sveen, Arvid (1973) Illustrasjon i temanummeret "Bo og leve" i *Kontrast* 40.

- Thiis-Evensen, Thomas (1992) *Byens uttrykksformer. En metode for estetisk byforming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thomassen, Øyvind (1997) "*Herlege tider. Norsk fysisk planlegging ca. 1930 - 1965.*" Doktoravhandling. Senter for teknologi og samfunn. Trondheim: Noregs tekniske- naturvitskaplege universitet.
- Thomassen, Øyvind (1991) "*Bil i by. trafikkplanlegging Trondheim i 1960-åra.*" Hovudoppgåve, Historisk institutt, Noregs tekniske- naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Thorenfeldt, Truls. (1972) "Byfornyelse" i *Byggekunst* nr. 1, 1972
- Trondheim byplankontor (1973) *Møllenberg - Bakklandet og Rosenborg. Disposisjonsplan*. Trondheim: Trondheim kommune.
- Trondheim kommune (1975) "Målsettinger og framdrift. Arbeidsnotat for møte med styringsgruppen." i *Midtbyen 1*.
- Trondheim kommune (1976a) "Plan for Midtbyen. Trondheims Bybilde. Arbeidsnotat for møte med styringsgruppa 26.02.1976." i *Midtbyen 3*.
- Trondheim kommune (1976b) "Plan for Midtbyen. Forslag til reguleringsplan.27.september 1976." i *Midtbyen 6*.
- Trondheim kommune (1977) " Plan for Midtbyen. Uttalelser til forslag til reguleringsplan." i *Midtbyen 7*. Trondheim kommune, Rådmannskontoret.
- Trondheim kommune (1979a) *Bakklandsutredningen*.
- Trondheim kommune (1979b) *Byfornyelse i Trondheim. Forslag til byfornyelsesprogram*. Trondheim: Bolig- og byfornyelseskontoret.
- Trondheim kommune (1979c.) "Forslag til reguleringsplan oktober 1979." i *Midtbyen 8*.
- Trondheim kommune (1980). "En oppsummering. Resyme over tidligere utførte arbeidsrapporter for Midtbyen samt bygningsrådsbehandling av reguleringsplan for Midtbyen i møter juli og oktober 1980." i *Midtbyen 9*.
- Trondheim kommune (1981) *Reguleringsplan for Midtbyen - reguleringsbestemmelser og stadfestingsbrev*.
- Trondheim kommune (1994.10.05) *Reguleringsplan for Øvre Bakklandet - Området begrenses av Øvre Bakklandet 14 (Jernindustrien), elva, Brubakken, Skansegata og Lillegårdsbakken*.
- Trondheim kommune (1998) *Arkitektkonklurransé om ny bebyggelse i gammelt miljø på Øvre Bakklandet i Trondheim. Program*. Trondheim: Avdeling Byutvikling.

- Trondheim kommune (2001) *Reguleringsplan for Svartlamoen*.
- Trondheim kommune (2003) *Bebyggelsen mellom Thomas Angells gate, Nordre gate, Dronningens gate og Apotekerveita. Planprogram. Arkivnr. 02/33768.*"
- Trondheim kommune. (2003.09.25) *Retningslinjer knyttet til kommuneplanens arealdel 2001 - 2012.*
- Trondheim kommune (2004.02.06) *Branntomta: Byggehøyden må ned!*
- Tschudi-Madsen, Stephan (1974) "Restaurering og antirestaurering." i *Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring. Årbok 1974.*
- Tschudi-Madsen, Stephan (1976) "Hva er verneverdig?" i *Arkitekturvernåret 1975. Innhugg og rapport.*
- Tung, Anthony M. (2001) *Preserving the world's great cities. The destruction and renewal of the historic metropolis.* New York: Clarkson Potter / Publishers.
- Tvinnereim, Helga Stave (1990) *Norsk byplanlegging 1920 - 1965. Nasjonal tradisjon - internasjonal påverknad.* Volda: Senter for kommunalforskning.
- UNESCO (1972) *"Convention concerning the protection of the world cultural and natural heritage."* Paris: UNESCO.
- UNESCO (1976) *"Operational guidelines: Establishment of the World Heritage List."* Paris: UNESCO.
- Uppdal, Kristoffer (1917) "Trondheimsandletet" i *Uverskyer*. Risør: Erik Gunleikson.
- Vaagland, Torleiv (1947) "Ny regulering av Stavanger centrum" i *Byggekunst* 1947: 10-13
- Werner Pedersen, Erik. (1987) *Nyrasjonalismen - en grundbog.* København: Byggeriets studiearkiv.
- Westerberg, Magnus Heide (1999) "Trondheim kommune, Bakklandet og all verdens elendighet" i *Arkiteknytt* nr.6,1999 s. 6.
- Wright, Frank Lloyd og Patrick J. Meehan (1984) *The master architect: conversation with Frank Lloyd Wright.* New York: Wiley.
- Østerberg, Dag (1999) *Det moderne. Et essay om Vestens kultur 1740-2000.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Øverås, Ola Hektoren (1971) "Byfornyning" i serien *Trebyer i Norden*, Anker, Limseth, Lund.
- Øverås, Ola Hektoren (1972) "Den nordiska trästaden." Oslo: *Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring. Årbok 1972.*

Avisartiklar og muntlege kjelder

Adressa.no. (2003.01.22) Intervju med sivilarkitekt Odd E. Svingen.

Adresseavisen (1923. 01.16)

- . (1965.06.10) "Middelaldersk bygrunn blottlagt i Trondheim."
- . (1965.06.14) "Midtbyen i Trondheim for liten som city i en by med 200 000 innbyggere år 2000. Blir Heimdal stedet for det nye avlastningssentrum?"
- . (1965.09.01) "Folkemuseet må si nei takk til bygninger som burde ha vært bevart! Må først gjenreise hus som har vært lagret på museet i mange år." .
- . (1966.03.12) "Sørlands-idyllen" på Ilsvikøra må om ikke lenge vike til fordel for industriutbygging. Kommunen eier grunnen og leieforholdet er oppsagt. Huseierne kan selge for pristakst eller flytte husene et annet sted."
- . (1966.06.28) "Riksantikvaren håper å oppnå fredning av Ilsvika og Ilsvikøra."
- . (1966.07.01) "Trondheims bystyre sluttet seg til prinsipielle hovedtrekk i generalplanforslaget. Skal ta stilling til viktige trafikkspørsmål ut på høsten."
- . (1966.10.27) "Hovedtrafikkåre og trafikkterminal på Bakklandet? Interessant plan i forbindelse med prinsippforslaget til byutvikling. Finn Kleven foreslår ny forbindelse motorvei øst / motorvei syd og tunneltulknytning av Bynesveien til det nye ringssystemet av hovedveier."
- . (1967.) "Foran en rask totalsanering av Korsgata - Vollabakken-området. Statens bygge- og eiendomsdirektorat regner med å ha området for NTH's arkitektavdeliing byggeklar i løpet av neste år."
- . (1967.02.07) "Det halvgamle Trondheim faller for "Den gamle by."
- . (1967.03.17) "Restaurering av gamle bygninger i Trondheim sentrum under debatt."
- . (1967.03.31) "Hus for fall"
- . (1967.04.05) "Bryggene ved Nidelven er til dels finere enn selve Bryggen i Bergen. Langt billigere og lettere å bevare dem for fremtiden."
- . (1967.04.13)
- . (1967.10.10) "Vår byggetomt er ryddet og arkeologene kan grave. Friskt og positivt tilbud fra AS Foretningsbanken i Søndre gate."
- . (1967.10.19) "Katastrofebrann i bryggene nord for Bakke bro."
- . (1967.10.) " Riksantikvaren sterkt interessert i hvordan bryggeteomten bebygges. Katastrofen kunne vært unngått hvis brannsikringen hadde vært ordnet"

- . (1967.10.27) "Planene for Sjøfartens Hus bør sees i sammenheng med utbyggingen av branntomtene ved Bakke bro."
- . (1967.11.22) "Ny vinter i helsefarlige leiligheter på Ilsvikøra?"
- . (1967.12.04) "Mulig å restaurere veggmaleriene fra Lille Stiftsgården."
- . (1967.12.11) "Trondheim må ikke bytte bort ekte gull med glassperler! Stort diskusjonsmøte om generalplan og kulturvern. Generalplanen gir kulturvernet bedre muligheter, men noe må ofres for å berge resten."
- . (1967.12.22) "Trondheim bystyre vedtok enstemmig generalplanen for kommunen. Hovedplan for trafikksystemet etterlyst av flere debattanter."
- . (1970.02.10) "Lille Stiftsgårdens brannruiner vil nå bli fjernet. Uvisst om bygningen vil bli gjenoppført." .
- . (1970.02.11) "Intet spark til ordfører Sagør fra riksantikvaren. Bare alvorlig bekymring for et usedvanlig fint byparti."
- . (1970.03.21) "Kamphane i Slottskjelleren."
- . (1970.05.12) "Palébebyggelsen i Trondheim er unik i kulturhistorien. Men dårlig kommunal planlegging har gjort Trondheims bymiljø fattigere."
- . (1970.10.20) "Arkitektavdelingens nybygg er utsatt på ubestemt tid. Husene i Vollabakken er delvis fraflyttet og revet allerede."
- . (1970.11.24) "Svaneapoteket må rives, sier kommunalt utvalg."
- . (1970.11.30) "Vi må ikke gjøre Trondheim til en gold og karakterløs by."
- . (1970.12.22) "Byplanrådet ønsker Svaneapoteket fredet."
- . (1971.02.25) "'Sjakk-trekk" i Søndre. Svaneapotekets redning. Planer om å flytte den gamle Adresseavisgården for å gi plass for nytt bankbygg i Søndre gate."
- . (1971.03.17) "Fredning av Svaneapoteket anbefales i innstilling til formannskapet." Trondheim."
- . (1971.04.03) "Lille Stiftsgården" blir neppe gjenoppbygget."
- . (1971.10.14) "Møllenberg-folket vil blokkere gater."
- . (1971.11.25) "Voldsom SUF-ungdom angrep tjenestemann. Pressefolk beskyldt for å være SIPO-agenter."
- . (1971.11.28) "Demonstranter truet politiet med mer vold. Politimann og skiskytter stygt sparket."
- . (1972.01.02) "Deler av Sanden kan bli godt boligområde. Interessant reguleringsforslag oversendt Trondheim kommune."
- . (1972.03.06) "Sentral sentrumstomt ligger fortsatt brakk."

- . (1972.03.09) "Trondheim driver planløs sanering. Arkitektforeningen vil ha av-satt bevaringsutvalget."
- . (1972.03.13) "Velforeningen Uredd protesterer på nytt."
- . (1972.04.20) "Trondheim bør få ansatt byantikvar. Antikvarisk vernearbeid må komme i faste former, sier Historisk forening."
- . (1972.04.22) "Fortsatt sanering i Singsakerbakken. Uforsvarlig å bruke skatte-penger til utsettelse."
- . (1972.04.24) "Beboere i Sanden vil gjerne bevare området. Stor interesse for ar-kitekt Roedes bevaringsplaner."
- . (1972.07.13) "Generalplan for Trondheim må nå bli sluttbehandlet. Uforsvarlig med lenger utsettelse." .
- . (1973.12.04)
- . (1974.03.02) "Rehabilitering av gammel bebyggelse koster enormt."Trondheim
- . (1974.05.11) "Nær katastrofe for Nedre Bakklandet. Vindstille og kjemeinnsats av brannvesenet hindret brannen i å spre seg." Trondheim
- . (1974.12.10) "Møllenberg frykter sanering. Men håper på rehabilitering"
- . (1974.12.11) "Det nytter med rehabilitering."
- . (1974.12.12) "Bakklandsforbindelsen vil bli ferdig til 1981."
- . (1975.05.15) "Sanden kan bli en oase."
- . (1975.02.15) "Ilsvikøra kjemper for sin eksistens."
- . (1975.02.18) "Idyll i gammel veit."
- . (1975.03.17) "Intens aksjon på Møllenberg. Velforeningen samler underskrifter."
- . (1975.05.03) "Overveldende "ja" for Møllenberg. Beboerundersøkelse presen-teres i bok på over 100 sider."
- . (1975.06.19) " Nok et hus revet på Bakklandet."
- . (1975.09.13)
- . (1975.10.07) "Singsakerbakkens skjebne er uviss. Bare det aller nødvendige vedlikehold."
- . (1975.10.23.a) "Møllenberg-aksjon mot biltrafikken."
- . (1975.10.23.b) "Trondheim lager hakkemat av de fornemme bypartier|. Bakklan-det bør bli pilotprosjekt, sier Arkitekturvernårets leder."
- . (1975.10.25) "Møllenberg-beboere i kamp med politiet."

- . (1975.10.28.a) "Blankt nei til sanering. Bydelsutvalg med nådeløs kritikk av byplankontoret."
- . (1975.10.28.b) "Møllenberg-demonstranter akter å anmelde politiet."
- . (1975.11.13) "Et verdifullt boligområde er truet. Skal bilene overta?"
- . (1976.02.28) "Kommunen brøt seg inn i eget hus. Velforeningen stenger døren på kommunehus."
- . (1976.03.24) "Nå må vi snart få klar beskjed! Beboerne er i ferd med å mistre tålmodligheten - hva skal skje med området?"
- . (1976.06.06) "Sentrumskvartal i Trondheim vil endre utseende. Arkitektkonkurranse om bibliotek-kvartalet."
- . (1976.09.01) "Kommunen kaster ut "leieboerne". Øvre Bakklandet tømt for inventar og avlåst."
- . (1976.09.20) "Dugnad på Bakklandet."
- . (1976.11.17) "Ordfører Buch om reguleringsplan for Trondheim sentrum : - Inneholder lokalpolitisk sprengstoff."
- . (1977.01.20) "Byplansjef Oddmund Suul død"
- . (1977.02.23) "Kontorisingen brer seg stadig. Referat fra debattmøte. Arr. SNM."
- . (1977.04.23) "Kan representere en ny æra for arkitektkonkurranser. Vinnerutkastene står i høy grad for positiv nytenkning."
- . (1977.05.04) " Bibliotekkonkurransen vil danne mønster for fornyelsen av Trondheim: Det nye skal stå)til det gamle."
- . (1977.05.13.a) "Avgjørelse om Bakklandstangenten faller neppe i år."
- . (1977.05.13.b) "Bred støtte til Bakklandet."
- . (1977.06.14.) "Handelsstanden i sentrum frykter Midtbyreguleringen."
- . (1977.07.01) "Cicignons prinsipper må holdes i hevd. God plass mellom husene viktig i byplanleggingen."
- . (1977.07.03) "Kommunalt fasadesår på Øvre Bakklandet."
- . (1977.07.09) "Trondheims nye plansjef, Børre Skaslien: - Vi må tenke på barna for å planlegge riktig"
- . (1977.09.19) "Innflyttingsaksjon på Bakklandet."
- . (1977.10.06) "Byens silhuett må tas vare på."
- . (1977.10.28) "Kjøpmannsgaten dør med det nye bibliotekbygget. Riksantikvaren med brev fullt av betenkeligheter til Trondheim kommune."

- . (1977.11.01) "Vi kan ikke bevare alt i denne byen. Sier ordfører Axel Buch og er redd riksantikvarens syn på Kjøpmannsgaten blir kostbar."
- . (1977.12.01.a) "Kaotiske forhold i Midtbyen. Midtbyplanen debattert på møte i Trondheim i går kveld."
- . (1977.12.15) " Riksantikvaren med innvendinger mot vinnerutkastet for biblioteket. Men plankontoret i Trondheim kommune anbefaler forslaget i store trekk."
- . (1978.03.22) "For kostbart å bevare hvelvene i Kjøpmannsgata."
- . (1978.06.07) "Beboerne skeptisk til alle alternativene."
- . (1978.09.02) " Kommunal sydebukk."
- . (1978.09.22) " Vil ha politiske signaler om planen for Midtbyen, sier byplansjef Børre Skaslien."
- . (1979.11.06) "Pikant kommunal uenighet om den nye midtbyplanen. Bygnings-sjefen uenig med plansjefen på en rekke punkter."
- . (1979.11.15) " Bygningsrådet avgjør "branntomt-saken" tirsdag: Hotell eller P-hus?"
- . (1979.12.28) "Klar stemning i bystyret for hotell på branntomten"
- . (1980.05.22) "Trafikkreguleringen en trussel mot handelen."
- . (1980.10.16.a) " Bakklandet framtid er sikret."
- . (1980.10.16.b) "Bakklandets fremtid sikret. Vekst og velstand tonen i Bakklands-utredningen."
- . (1981.01.31) "Langvarig plandebatt i bystyret, men bred enighet: Midtbyplanen danner et godt grunnlag for et livskraftig bysentrum."
- . (1981.02.17) "Visjoner om Bakklandet. Arkitektprofessor foreslår helt ny og moderne bydel."
- . (1981.02.21) "Kong Stephan"
- . (1981.06.13) "Riksantikvaren beklager kommunal avgjørelse. Stanset rivingen av Kortmanns fabrikker."
- . (1981.10.14) "Bakklandstrasé etter "ny" linje."
- . (1981.10.21.a) "Fredning av Hegstadbrygga vurderes - kan velte hotellprosjektet: - Et oppsiktsvekkende utspill fra Riksantikvaren."
- . (1981.10.21.b) "Seier for tanken om fullverdig boligområde."
- . (1981.10.23) "Rapport fra arbeidsgruppen bak Sanden-prosjektet: - Kommunale overgrep."

- . (1981.11.04) " Hotellplaner møter motstand: "Skremmende mastodont""
- . (1981.11.10) " Åpent møte om det omstridte NFDS hotellet i Kjøpmannsgata: - Sprenger rammene for bebyggelsen i Midtbyen"
- . (1981.11.11) "Riksantikvaren med skarpt brev om NFDS-hotellet - Ikkje interessert i flere samtaler med byggherren"
- . (1981.11.12) " NFDS setter hardt mot hardt i hotelldiskusjonen: - Senker ikke høyden"
- . (1981.11.14) "Historien om Øvre Bakklandet 1 B"
- . (1981.11.18) " NFDS kan bli nødt til å skrinlegge hotellplanene. Sterk skepsis i bygningsrådet."
- . (1981.12.30) "Bakklandstangenten kreves om problemene skal løses."
- . (1982.01.28) ""Nye" Jarlen i glass og betong."
- . (1982.02.25) "Riksantikvaren i hovedtrekk positiv til hotellplanen, men: Byggehøyden må senkes"
- . (1982.07.12) "Påsatt brann kan ha krevd liv"
- . (1982.07.13) "24-åring tilstår å ha tent på"
- . (1982.08.24) "Etter NTHs kuvending ved Vollabakken: 15 års unødvendig forfall"
- . (1982.08.25) "Frigivelse er ikke skandale. Ingen nye bolighus vil bli revet før nødvendig."
- . (1983.02.09) "Ny hovedvei på Bakklandet? Tommelen ned for tunnel under Kristiansten festning."
- . (1983.05.13) "Brutal Ellevset avsluttet debatt. Ikke midler til å gjennomføre Bakklands-tangent."
- . (1983.06.14.a) "Kommunaldirektør Johan Eggen trer tilbake: - Rart å bryte opp"
- . (1983.06.14.b) "Den siste byingeniør takker av: 35 års tjeneste"
- . (1983.06.23) "Vei over Bakklandet."
- . (1983.09.04) "Arbeiderpartiets veitunnel har fått sitt navn: "Minste Motstands Vei"."
- . (1983.11.12) "Parow vil rive ... men Riksantikvaren inn for fredning."
- . (1984.01.13) "Direktør Lars Folstad faller for aldersgrensen"
- . (1984.03.17) "Aksepterer neppe Riksantikvarens nei"

- . (1984.02.14) "Trondheim har fått et nytt hjørne. Vår idé realisert, sier arkitektene."
- . (1984.2.15) "Kulturhuset bør ligge i Søndre."
- . (1984.05.04) "Konsert huset bygges på Torvet. Kommunalutvalget peker ut kvartalene bak Hornemannsgården."
- . (1985.02.09.a) "Kvelertak fra Riksantikvaren."
- . (1985.02.09.b) "-Umulig å realisere. Riksantikvaren bremskloss for kulturhusplanen."
- . (1985.02.12) "Byantikvaren om Riksantikvarens utspill. - Ingen stopper for kulturhuset."
- . (1985.07.17) "Rådmann Odd Sagør trer tilbake: "En følsom natur"
- . (1985.07.26) "'Arbeidshjemmet" gjenopstår. arkitektektepar går på tilsynelatende håpløse jobb."
- . (1986.01.17) "Kulturhus-saken debattert i Trondheim formannskap: Schultz' gate i føringen."
- . (1986.01.31) "Samling om Mellageret." in Adresseavisen.
- . (1986.07.12) "Byantikvaren: - Bygningen må bevares."
- . (1986.08.11) "Ilsvikøra i finstasen."
- . (1986.11.18) "Harde ord om kulturhuset: Arkitektene slår alarm."
- . (1986.11.19) "Sterke ord mot kulturhusplanen."
- . (1986.11.21) "Folkets røst: "NEI!"
- . (1987.02.21) "Kong Stephan" .
- . (1987.10.13) "Vei over Bakklandet - aktuelt på nytt."
- . (1988.04.14) "Fornem pris til arkitekter."
- . (1988.04.18) "Nedre Bakklandet. Fra nedslitt slum til nytt boligområde."
- . (1988.05.28) "Fra sanering til fornyelse."
- . (1990.08.08) "Trondheimsslum skjemmer." .
- . (1991.03.21) "Vegsjefen i Sør-Trøndelag om Bakklandet: Ingen hovedvei før år 2000".
- . (2000.12.01) "Svartlamoen - en fristad for alle. En stille revolusjon pågår på Svartlamoen. Drømmen om en ung beboerstyrt, kunstnerisk og økologisk bydel kan endelig bli virkelighet."
- . (2001.05.03) "Sol over Svartlamoen."

- . (2002.12.08a) "En helt uvanlig lørdagskveld"
- . (2002.12.08b) "Ordførerens triste dag"
- . (2002.12.08c) "Venter ny debatt om sentrum"
- . (2002.12.09.a) "Frykter betong og høyhus." .
- . (2002.12.09.b) "Galt å kopiere det gamle."
- . (2002.12.09.c) "Lave trehus del av byens sjel."
- . (2002.12.11.a) "P-hus og flere etasjer."
- . (2002.12.11.b) "Umulig å bygge som i 1840."
- . (2004.09.09) "Forvaltning av en kulturarv"
- . (2004.07.31) "Bybildet brenner bit for bit."
- . (2004.11.27) "Årelang strid snart slutt."
- . (2005.03.03) "Blir det virkelig så høyt?"
- . (2005.10.13) "Midtbyens nyeste attraksjon."

Adresseavisen jubileumsavis (1967/10) "Generalplanen er en referanseramme. Byplanleggerne hengir seg ikke til statiske fremtidsberegninger." i *Adresseavisen*. Trondheim

Adresseavisen Bygg og bo (1981/10) "-Flytte? Aldri i livet!" i *Adresseavisen*. Trondheim

Adresseavisens jubileumsavis (1967/3) "Trondheim blir varehusenes by." i *Adresseavisen*. Trondheim.

Bull, Edvard (1970.11.25) "Svaneapoteket på Trondheims torv." i *Adresseavisen*. Trondheim.

Carlsen, Torfinn m.fl. (1977) "Midtbyplanen." i *Adresseavisen* (1977.07.15) Trondheim.

Christoffersen, Axel (2002) "Hva gjør vi nå, Gunnar Houen?" i *Adresseavisen* 2002.12.10). Trondheim

Gaustad, Petter (1923.01.16) i *Adresseavisen*. Trondheim.

Gjertsen, Magnar og Harald Karlsen (2006) Telefonsamtale 30.03.2006

Haanshus, Jonas Gill (1970.01.28) "Bevaring av Svaneapoteket og Hornemannsgården". i *Adresseavisen*. Trondheim.

Kleven, Finn (1985.04.16) "Midtbyplanen dreper sentrum." i *Adresseavisen*.

Langberg, Harald (1970) "De har et præg af storkhæd." i *Adresseavisen*. Trondheim.

- Løkhaug (1970) "Trondheim forsvinner bit for bit." i *Adresseavisen*. Trondheim.
- Medalen, Tor og Tore Wiger (2005.10.03) "Midtbyplanen må revideres." i *Adresseavisen*. Trondheim.
- Noach, Kerstin Gjesdahl. (1970.11.27) "Svaneapoteket - en underlig bevaringspolitikk." i *Adresseavisen*. Trondheim
- Sinding-Larsen, Ståle (1970.03.30) "Trondheims ansikt som historisk by forsvinner." i *Adresseavisen*. Trondheim.
- Sinding-Larsen, Ståle (1970.11.26) "Skammer Trondheim seg over seg selv?" i *Adresseavisen*. Trondheim.
- Sinding-Larsen, Ståle (1974.05.24) "Miljøbevaring i Trondheim og kommunalpolitikken." i *Adresseavisen*.
- Skaslien, Børre (1981.11.10) "Hotellbygget i Kjøpmannsgata. .," i *Adresseavisen*.
- Ukeadressa. (1983.05.24) "Hotellet ved Nidelva. Midt Noregs nye storstue."
- . (1991.11.9) "Den siste slum. Svart-La`mon i Trondheim nekter å dø." i *Adresseavisen*. Trondheim.
- . (2005.12.10) "Tre år etter er de fleste fornøyd." i *Adresseavisen*